

Band 4

SYKKYLVEN GARDSSOGA IV

Innhald

Sykylven Gardssoga IV

Av Martin Gjævenes



Martin Gjævenes

Utgjeven av
Sykkylven Sogenemnd
1983

Innhold

Sats, trykk og innbinding: Nordbok a/s
Oslo/Gjøvik
ISBN 82-990986-1-0

INNHOLD

Forord av Sykkylven Sogenemnd	7
<u>Forord</u>	9
<u>Forkortigar</u>	13
Mynt, mål og vekt	14
Fisket (sjå Hundeidvik band III)	485
<u>Almeskar gnr 68</u>	296
<u>Bjørnevik gnr 75</u>	382
<u>Furnes gnr 70</u>	321
<u>Furstrand gnr 74</u>	373
<u>Furstranda</u>	363
<u>Klokke gnr 65</u>	200
<u>Kråka gnr 60</u>	96
<u>Kyrkjestenen gnr 78</u>	414
<u>Lukkedal gnr 63</u>	147
<u>Løset R gnr 62</u>	125
<u>Løset S gnr 69</u>	306
<u>Løvoll gnr 71</u>	328
<u>Melset gnr 64</u>	156
<u>Nysæter gnr 61</u>	108
<u>Oppsal gnr 76</u>	390
<u>Ramstad gnr 58</u>	20
<u>Ramstaddalen</u>	17
<u>Rønes gnr 73</u>	364
<u>Sandvik gnr 77</u>	400
<u>Svinnset gnr 59</u>	75
<u>Søvikdalen</u>	257
<u>Søvik Nedre gnr 66</u>	257
<u>Søvik Øvre gnr 67</u>	268
<u>Vinsnes gnr 72</u>	354
<u>Bumerke</u>	422
<u>Kjelder</u>	423

FORORD AV SOGENEMNDA

Dei to første banda av Gardssoga for Sykkylven kom ut i 1972 og 1975. Då forfattaren, Gustav Weiberg Aurdal døydde før band 2 var klart til trykking, tok lektor Martin Gjævenes på seg fullføringa og han har sidan arbeidd vidare med gardssoga for resten av bygda (Gnr. 34 - gnr. 78). Omfanget av alt dette gjorde det nødvendig å dele stoffet på to bøker: Band 3 som omfattar Sørestranda til Gjævenes og band 4 med dei tidlegare ørskog-gardane, (Ramstaddal, Søvikdal og Furstranda). Sogenemnda vil takke alle som har hjelpt til med opplysningar og med foto - ein stor del av bileta i desse to banda er ved Jon Hole. Likeeins vil vi takke bankane i Sykkylven for kjærkomen stønad, det meste av kostnaden ved skriving og utgjeving av gardssoga er elles dekt av Sykkylven kommune. Ved sida av forfattarane er det formannen i nemnda gjennom ei årrekke, Leif O. Ramstad, som har stått for den største innsatsen og det var eit hardt slag for oss då han fall i frå i 1981.

Sykkylven, november 1982.

SYKKYLVEN SOGENEMND

Agnes Eidem, Per Arne Aursnes, Norvald Fet, Trygve Straume,

Hans Tu, Hans Petter Tynes, Sverre Andestad, formann.

FORORD

Som nemnt i fororda til band I og II av gardssoga for Sykkylven hjelpte eg til litt med bd I, og noko meir med bd II, sidan eg då var pensjonist og budde nær Riksarkivet.

Då Gustav Weiberg-Aurdal på grunn av sjukdom ikkje kunne fullføre gardssoga, ville han at eg skulle ta på meg det, og det var vel han som fekk Sykkylven Sogelag til å vende seg til meg. Rett nok skreiv eg den første boka Sogelaget gav ut, «Utvandrarane frå Sykkylven» (1957), men det var «i ei anna gate» og eg var yngre.

Det var under stor tvil eg tok på meg dette arbeidet. Eg var over 70 år og sjuk (emfysem og kronisk bronkitt). Eg kan nemne at eg måtte søkje om dispensasjon frå parkeringsforbodet ved hovudinngangen til Riksarkivet fordi det var ei for stor påkjenning å gå opp bakken frå Sognsvann. Lokalkjende vil då forstå at det stod heller därleg til, og at sjukdom og høg alder har seinka arbeidet.

Eg fann fort ut at eg måtte følgje same opplegget som Gustav Weiberg-Aurdal hadde brukt. Dette ikkje berre for einskapen si skuld, men fordi ei gjennomarbeiding av stoffet slik eg hadde gjort det i utvandrarboka ville ha mindre interesse når ikkje heile bygda var med. Gardane er ordna etter gardsnummer, bruka etter bruksnummer. Men alle bruk som er utskilde frå eit hovudbruk vert tekne med før neste hovudbruk. Dei utskilde bruka kjem då først og fremst i kronologisk orden. Men dersom eit utskilt bruk, t.d. bnr 5, sjølv har eitt eller fleire utskilde bruk, kjem desse like etter bnr 5, før ein går vidare med dei utskilde bruka frå hovudbruket. Avvik frå kronologisk orden kan det verte når ein brukar har jordstykke frå meir enn eitt bruk. Då vert alle stykke nemnde under denne brukaren, og dessuten under dei bruk stykka er utskilde frå. Omtalen av Kraftverket står sist under Riksheim, utan omsyn til bruksnummer. Plassar utan bruksnummer vert tekne med der det høver best kronologisk.

Som døme på ordninga kan eg nemne Erstad. Der er 4 hovudbruk, 1, 3, 4 og 5 (bnr 2 er ein plass utskild frå bnr 1). Ein skulle då få rekkja 1, 2, 3, 4, 5. Men bnr 3 og 5 kjem frå same eldre bruk A og må kome etter

kvarandre. Då har ein valet mellom 1, 2, 3, 5, 4 og 1, 2, 4, 3, 5. Eg har valt det siste. - Melset er døme på at bruk av bokstavar A, B osv. er nyttelege som nemningar på eldre bruk som utviklar seg til to eller fleire nyare bruk. *Sjå elles rekkjefølgja av bnr etter kvar gard.*

Dei tala eg oftest har teke med frå arkivkjelder er slike som gir ein peikepinn på storleiken av eit bruk, ved bygsling oftest mællag. Frå 1600-talet nemner eg for visse år også tienda, men den må ikkje brukast til å rekne ut storleiken av avlingane.

Dei store fabrikkane har ført til at svært mange fabrikkarbeidarar har kjøpt seg tomt og bygt seg hus. Slike vert stundom for spørk kalla «husmenn». Mange fagfolk, som gjerne vil ha mest mogleg om «skikkelege» husmenn, synest det fører for langt å ta med slike nye «husmenn». Eg synest dei bør vere med. På Sætre er eit stort bruk delt opp i hustomter. Det fortel sitt i gardssoga, på same måten som gamle gardsbruk kan høyre heime i ei bysoge. Dessutan høyrer svært mange av desse huseigarane til dei gamle slektene i bygda.

Her må nemnast at dei husmennene frå først på 1600-talet som er nemnde til slutt under mange gardar, ikkje alltid var det vi til vanleg meiner med husmenn. Både på 1600-talet og før vart «husmenn» brukt om fleire kategoriar: mindre gardbrukarar, handverkarar og andre jordlause. Omgrepet «husmann» var altså på den tida nokså utflytande. (Sjå Andreas Holmsen: Gård, skatt og matrikkel).

I band I og II er brukt dialektordet «truske» i staden for «treskje». Eg har valt å gjøre det same.

Fleire stader vil lesaren treffe på ordet «ihlje» = litle. Utan spesielle fonetiske teikn veit eg ingen betre måte å gi att dialekt-uttalen på. Etter *i* kjem ein kort *h*, så det som vi filologar kallar kviskrande *l*, så ein svak *j*-lyd før *e*. Den kviskrande *l* vert laga ved at luftstraumen går ut på eine sida av tunga, (hjå forfattaren på venstre sida). Når folk som ikkje kjenner denne dialekt-uttalen prøver å seie «ihlje», vert det gjerne «ilkje», som er feil. Her er ingen -kj-lyd. Sjå elles omtalen av gardsnamnet Hatlemark (gnr 49) i bd III.

Mange ser ut til å tru at berre dei brukar mange nok a'ar vert det god nynorsk. Eksempel frå TV-tekst: Han lukka døra = han lét att døra. Mange verb som før har hatt -e i fortid, ser ein meir og meir med -a. Døme: Han flytte til byen. Dei gifte seg. Eg meiner eg har ein god dialekt å byggje på når eg brukar -e i slike verb.

Det ville føre for langt å nemne alle som fortener takk for å ha hjelpt til på ein eller annan måte. Eitt namn skil seg så tydeleg ut at eg får takke dei andre samla og unemnde.

Den eine er Lars O. Utgård frå Ytstemyr. Nærare om den innsatsen han har gjort finn ein under bnr 10 Utgård. Eg takkar han hjarteleg for den eineståande hjelpa med innsamling av stoff frå Hundeidvik.

Noko av stoffet kritikarar vil sakne er å finne i «Sykkylven i eldre tid I» av Ola Tandstad. I ein samtale på Norsk Lokalhistorisk Institutt nemnde eg at tydinga av gardsnamn var å finne i Tandstad si bok. Då sa fagmannen: Ta det med likevel i gardssoga, det er der det høyrer heime. Namnetydingane i Tandstad si bok er det lektor Thomas Vinje som har skrive. Han er fagmann på området, og i fleire høve har eg vist til sidetalet der særleg gode tydingar finst. Sjølv har eg kunna rette på Rygh sin omtale av den lokale uttalen, der han ofte tek feil når det gjeld tonelaget. *Kart over bygda* finn ein i boka «Utvandrarane frå Sykkylven» av Martin Gjævenes.

Eg seier som Hans Strøm til «strenge Dommere»: Eg ber dei «sætte sig i mine omstendigheder, og selv lægge Haand paa saadant Værk».

Martin Gjævenes

Innhald

12

FORKORTINGAR

alb. - albus (liten mynt)
bd - band (t.d. av garelssoga)
Bhl - Bergenhus lensrekneskap
blk - blandkorn, halvbygg
bnr - bruksnummer
br - brukar, bruk
Bst - Bergens Stiftamtsstuerekneskap
d - død
dg - dag(ar), døgn
dlr - dalar, i samansetjingar: skylddlr, slettdlr
dp - døypt
ek. - enkje
em. - enkjemann
f - fødd
fj - fjerding, fjerdingskar
fm - formyndar
g - gift med, gift: garden, i slutten av bruksnamn: Peg.
Gn. - gammalnorsk
g p br, g p pl - gift på bruket (plassen)
grf - gravferd
k. - kone
kf - konfirmert, konfirmasjon
l m - leiermål, samlege
lnr - løpenummer
lv - lagverje
M skyldmark
mnd - månad(er)
mk – mark, merker
MFR - Møre Fylkes Ruteselskap
Mpls - Minneapolis
MRF - Møre og Romsdals Fylkesbåtar
NRF- (ein kurase)
NSSTb - Nordre Sunnmøre Sorenskriveris Tingbok
pd - pund
pk - pakke
R - i Løset R - Løset i Ramstaddalen
RA - Riksarkivet
rbd - riksbankdalar
rd - riksdalar
rev. - revidert
S - i Løset S = Løset i Søvikdalen
SB - Statsarkivet i Bergen
SLT - Sykkylven i eldre tid I, av Ola Tandstad.
SHLT - Sunnmøre historiske lags tidsskrift
sk. - skifte
skill. - skilling
Sm. Fb - Søndmøre Folkeblad
Smp - Sunnmørsposten
spd - spesidalar
SS Billag - Stranda og Sykkylven Billag

SSTb - Sunnmøre Sorenskriveris Tingbok
ST - Statsarkivet i Trondheim
Stranda III - bygdebok for Stranda bd 3 (do.v/ andre bygder)
t - tønne
uavh. dok. - uavhentede tinglyste dokument frå sorenskriveren
på Sunnmøre (fleire pk i ST).
u f r - utan frådrag (i skylda)
ug - ugift
utvs nr - utvandrarsoge-nummer: personnummer i Utvandrarane
frå Sykkylven av Martin Gjævenes.
v - våg
Å.H.& Sj. - Ålesunds Handels- og Sjøfartstidende

1 riksdalar = 4 ort eller 6 mark = 96 skill
1 riksbankdalar = 6 riksbankmark - 96 riksbankskilling
(særleg 1813-1816).
1 spesidalae = 5 ort = 120 skilling
1 slettdalar — 4 slettmark å 16 skill. Dansk.
1 bytønne = 4 mæler — 16 fjerdingar = 162 1

1 mæle - 40,51 l, 1 fjerding = 10,3 l
(Både på 1600-talet og seinare finn ein døme på at korntønna vart delt i 3 mæler).

1 tønne = 8 skjepper

1 våg = 3 pund = 72 mark

1 våg = 4 mællag = 72 mark

1 alen = 62,8 cm til 1824, sidan 62,75 cm

1 rode = 5 alen

1 stang = 3,796 m

16

RAMSTADDALEN

Som i band III høyrer gardane i band IV til tre ulike grender. Det er Ramstaddalen, Søvikdalen og Furstranda. Dei kjem i den rekkjefølgja, etter dei nye gardsnummer dei fekk då dei vart førde over til Sykkylven.

Som Søvikdalen og Furstranda høyrde Ramstaddalen til Ørskog heilt til 1955. Overgangen til Sykkylven har vist seg å vere ein føremun både for Sykkylven og for desse glandene sjølve. At denne endringa ikkje kom før kan vel ha ulike årsaker. Korkje desse, eller grunnen til at endringa kom nett då, skal drøftast her. I staden går vi langt attende, og nemner først eit par segner.

Den eine er ein velkjend versjon av ei segn i samband med Svartedauen. Etter den segna var her att berre ei kvinne på Melset og ein mann på Ramstad, og segna har ingen uventa slutt: Dei gifte seg.

Ein annan versjon av segna er slik: Der levde att ein mann på Skotet, på andre sida av fjellet. Ein dag han var oppe på fjellet, såg han røyk frå eit hus på Melset, og då han gjekk dit fann han ei Melset-jente som var den einaste att-levande i Ramstaddalen.

Den andre segna går ut på at der i gammal tid var eit vatn i den sentrale delen av Ramstaddalen. Segna seier at vatnet rausa ut under ein stor-flaum, samtidig med at storfonna på Ramstad gjekk og reiv vekk grunnen under landet nedanfor vatnet, som dermed for til sjøen. Ramstaddalingar har grave flittig i jorda, og fleire har funne teikn på at segna er sann. Den som har gjort mest utførleg greie for dette er Oskar Melset. Han meiner at han fleire stader har funne opp til 3 m djup dyebotn. Og hadde ikkje her vore vatn, skulle dalen ein gong ha vore ei grein av fjorden. Men aldri er der funne skjel eller anna som kunne tyde på at fjorden nokon gong har gått hit opp. Peder Fylling skriv i sine Folkesagn og historiske Optegnelser at vatnet braut ut kring 1590.

Lars O. Klokk, som er f 1886, fortel at han ved jordbryting på garden sin fann ei slags båstø lagd med lunnar, og det nett på ein stad som før dette funnet lenge hadde vore kalla Timbrestøa.

Også i samband med den gamle Ramstad-saga seier segna at tømmeret

vart fløta ned etter vatnet til Timbrestøa, derifrå køyrt heim på Klokksbakkane, og så løypt til sjøen ned gjennom bakkane. Alfred Klokk fortel at han har funne lunnar i bakken ovanfor huset sitt. Han har og funne restar etter tufta til den gamle Ramstadsaga, som stod lenger nede enn ei sag som kom til i langt seinare tid.


Etter alt å døme har der altså vore eit vatn i Ramstaddalen for lang tid sidan. Dette gjer det og meir enn tvilsamt, meiner Oskar Melset, om det som i SET er kalla gravhaug på Svinset, i det heile har vore ein gravhaug. Mykje meir truleg er det at denne haugen er leivning etter ras som har gått og som brukarane enno ikkje hadde jamna ut. No er det gjort og ingen ting er funne. Staden er også myrlendt og høver därleg til gravplass.

Alfred Klokk har fortalt ei segn om at hollendarar som kom til Ramstaddalen for å kjøpe tømmer, ikkje fekk kjøpt noko (det var vel slutt på skogen), og då vart dei så sinte at dei for litt frå land, stansa og skaut saga i brann. Om dette verkeleg har hendt, må det ha vore ein gong på 1600-talet. Fylling har ein annan og meir utførleg versjon av denne segna.

I eit dokument frå 1688 finn vi dette: «Ramstad sag er av vanrøgt avbrudt, så den i lang tid ei haver været brukt til tømmerskjærsel, da den omliggende skov er udhuggen.» Om drifta av saga vert fortalt meir under Brukarar.

I tida fram til ca. 1640 skatta snart den eine, snart den andre av brukarane på Ramstad av noko som vert kalla Fausebø (Fausenbø, Fossenbø). Ingen veit lenger kva det var. Men det må vel ha vore eit stykke i Fasteindalen. Skatten av det var liten, ofte 0. Fram til 1614 var det for det meste Halstein på bnr 1 som vart førd med Fausenbø, som han leverte eit kalveskinn av i 1607. Etter Halstein skatta sonen Ingebrigts av Fausenbø eit år, men elles var det Erik Guttormsen (bnr 4) som vart førd som skattepliktig av Fausenbø, først i 1606, så i fleire år mellom 1616 og 1624. Laurits Mogensen (bnr 2) la 1 fj av Fausenbø i 1617, og i tida 1624-1634 vart han fleire gonger førd med Fausenbø. Men innimellom var det andre. I 1628 vart brukaren av bnr 3 kalla Jørgen Fausebø (Bhl pk 47), likeeins i mange år seinare. I 1636-37 vart brukaren på bnr 2 kalla Hans Fossenbø. Den siste som skatta av Fossenbø var Jon Guttormsen på bnr 9 1638-39 (Bhl pk 81).

I 1711 var der ein tvist mellom gardane Ramstad, Svinset, Melset, Kråka og Løset R. For å løyse tvisten kom sorenskrivaren til grenda med 6 «edsvorne mænd» (Iver Håhjem, Bottolf Tysse, Arne Giskemo, Lars Lande, Peder Gjerde og Rasmus Sjøholt). Det vart synfaring «inden- og udengjerds», i setremarka, på beita og i utslætta. «1) Løsesetts opiddere, hvis setter-hauge gemeenlig lenge på året ligger



Flyfoto av Ramstaddal (Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)

med snee belagt, nyder fremdelis om våren årlig en måneds beite og ei meere i den fellits udmarch, som ligger til gårder Ramstad, Svinset, og Krogen alt op til Biørne-Uren,

2) Den steen-hagard som står for Krågens eign, skal hereeffter forsvarlig vedligeholdes af samtlige opsiddere på Ramstad, Svinset og Krågen.

3) Og som opsidderen på Krågen befantes formeget misholden udi ud-marchslætte, så blef hannem nu tillagt 7 fafne på hver side af hans forrige teig.» (På sørsida vart dei 7 famnane tekne frå Jon Ramstad og på nordsida frå Erik Svinset).

4) Den engteigen Elling Paulsen Svinset har i Fasteinen og som han har kjøpt av Lars Jonsen Ramstad, skal gå tilbake til Ramstad.

5) Den såkalla Husmannsteigen i Fasteinen, som ein husmann skal ha kjøpt av ein leiglending på Ramstad for 1 rd, og som Løset-oppsitjarane har kjøpt av husmannen til same pris, skal heretter høyre til Ramstad.

6) Melset-brukarane skal som før få ha ein teig i Fasteinmarka «til tjære-brug og Brendefang», men ikkje til slætte.

7) Engteigen som Elling Paulsen Svinset har i bømarka i Fasteinen, og dei to teigane som brukarane på Løset R enno har i utmarka i Fasteinen, skal med ombodsmennene sitt «gifne Samtøche» kunne brukast som før. (SSTb nr 10, 1709-1712, ST).

I 1818 vart folket i grenda spurde om dei var interesserte i ein veg frå Ramstad til Stranda. Ålmugen meinte dei ikkje ville ha særleg nytte av ein slik veg. Men den ville vere sikrare for post- og embetsmenn. Vegen burde gå gjennom Velledalen, meinte dei.

Vegen opp Fasteindalen var setreveg og gardsveg til skogteigane i Nysæter-traktene. Men den fekk og greie seg som turistveg i siste del av 1800-talet.

I ordninga av «Budstikkens gang» i 1821 vart vegen frå Ørsnes til Ramstad 6. rode (vegen Straumsheim-Gjævenes 5. rode). I 1890-åra fekk Dalen både skulehus og bedehus. Nytt skolehus vel 50 år seinare, om lag på same tid som grenda fekk elektrisk straum og vart førde over frå Ørskog til Sykkylven.

I 1918 vart det starta eit ungdomslag, og i 1930 fekk laget eige hus.


Industri var det lite av i Ramstaddalen. Ein mindre lenestolfabrikk heldt det gåande nokre år i 2. etasje hjå handelsmannen på Klokk. Etter samanslåinga med Sykkylven har fabrikkane der fått ein god del arbeidskraft frå Ramstaddalen. Men gardsbruken vert drivne bra, også dei som no må reknast som attåtnæring.

Gnr 58 RAMSTAD

Alt i 1524 er namnet skrive akkurat som i dag. Men i mellomtida finn ein fleire andre former, t.d. 1606 Ramstadt, 1622 Rammestaad, 1667 Rambstad. Namnet er ei samansetjing av personnamnet Ramm, gn Rafn, og stad, gn, stadir: Rafnstadir. Dei eldste namna på -stad går truleg tilbake til ca. 600 år e.Kr. Ramstad har gitt namn til heile dalen og er utan tvil ein gammal gard. Den kan vere eldste garden i grenda, og var så langt attende som kjeldene rekk, største garden i dalen, både med omsyn til brukartal og matrikkskyld.

Garden ligg lengst nede i dalen, og likevel høgt, med bratt lende ned mot Storfjorden, og med vid utsyn over fjorden og mykje av Ørskogbygda på andre sida. Tuna til alle dei 4 brukena der det enno vert drive gardsbruk, ligg nokolunde samla på ei flate. Tuna på dei andre brukena ligg i meir hallande terreng. Etter gammalt mønster kunne ein tru at dei 9 brukena i eldre tid låg samla på den fornemnde flata. Men det er uvisst. Flata er vel helst for lita til så mange tun.

Vegen frå Ramstad går sørover dalsida ned til Svinset, og derifrå går det veg både oppover Fasteindalen til Nysæter, og på andre kanten over



*Foto av Ramstad-garden. Teke ca. 1910,
(Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)*

Klokk, Søvikdalen og Grebstad-dalen til Aure. Og sidan Nysæter fekk veg til Sykkylven, kan ein «køyre rundt», som dei kalla det.

I 1825 var der minneleg utskifting av innmarka på Ramstad. Både i 1886 og i 1895 var der forlik om hamnegangen. I 1906 var der forlik mellom Ramstad og Nysæter om eit skogbyte. I 1912 utskifting av torvlandet i Fasteindalen. I 1929 vart det semje om å slutte med sambeite på innmarka til Ramstad og nokre andre bruk frå 1. april 1930.

I åra frå 1959 og utover var der eit langvarig jordskifte av utmarka til Ramstad og nokre grannegardar.

EIGARAR

Tiendpenninglista frå 1520 tyder på at der var ein eller to sjølveigarar på Ramstad då. På 1500-talet var der ei rik ætt på Nordmøre som åtte jord på Ramstad. Eit diplom datert 4/7 1577 og som RA har ein kopi av, fortel at ei kvinne har gitt barnebarnet sitt Torkjell Sjursen i Hemne det ho åtte i Ramstad. Det ser ut til at vilkåret var at han skulle studere til prest. Peder Olsen Riksheim var mellom dei som var villige til å stadfeste med eid at Torkjell hadde fått denne gåva av bestemor si Guri Jonsdotter.

I 1603 skatta to Ramstad-bønder av 4 mællag jord kvar, og eit dokument frå 1615 viser at noko av dette var jord dei brukte. (Knekteskatten, Danske Kanselli, skap 9. RA). I 1624 åtte Klaus Brockenhus 2 pd i

Ramstad. Mindre jordpartar var det fleire Ramstad-brukarar som åtte på 1600-talet. Men alt i 1641 var presten i Ørskog, Christen Hegelund, eigar av 6 mællag, og i 1661 av $1\frac{1}{2}$ mællag eller ca. $\frac{3}{4}$ av heile Ramstad. Av resten åtte Christopher Nielssen 2 pd 3 mk i 1664 og Ørskog-kyrkja 1 mællag. I 1670-åra løyste presten ut parten til Chrf. Nielssen.

I 1689 kjøpte Ole Larsen Abelset 3 mællag 3 mk av døtrene til presten og like mykje av det Christen Sørensen Borchmann og brørne hans hadde ervt etter mormor si.

I 1699 åtte Ole Larsen Abelset 3 v 15 mk, hjørundfjordpresten Jens Pedersen $1\frac{1}{2}$ v 3 mk, medan ørskogkyrkja framleis hadde sitt eine mællag. I 1705 kjøpte Ole Larsen Abelset hjørundfjord-parten.

I sk. etter enkja til Ole Larsen Abelset i 1714 fekk sonen Paul Abelset 4 v 3 mk med bygsel i Ramstad, medan broren Christopher fekk det mællaget kyrkja åtte då han kjøpte kyrkja med jordegods på auksjon i 1724.

Paul Abelset døydde i 1742, og enkja Elisabeth Marie Brandal gifte seg med Knut Høeg, som slik vart jordeigar på Ramstad. I 1787 kjøpte futen Nordløv alt Høeg-jordegodset på Ramstad på auksjon. Året etter selde han eitt av Ramstad-bruka til Lars Knutsen Hove, og i 1789 selde futen 3 v 2 pd 15 mk til sorenskrivar Bull, som kort etter selde det same til Nils Wind for 1660 rd. Ved sk. etter Nils Wind i 1799 fekk svogerden prokurator Andreas Landmark 3 v 1 pd 21 mk i Ramstad og overbygsel til kyrkje-parten. I 1830 selde Landmark jordegodset sitt på Ramstad til Henrik Halvorsen Havog. Men alt i 1834 var 6 av brukarane på Ramstad sjølv-eigarar. Då hadde Havog berre att bnr 8, og dei andre eigarane det året var Ole Larssen Amdam og Lars Larssen Amdam.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr (frå eldre til yngre): 82, 85, 81, 84, 41. Ramstad var i skatteklassa heil gard. På 1600-talet var skylda 4 v fiskeleige til 1661 då ho vart sett til $4\frac{1}{2}$ v $\frac{1}{2}$ mk, og i 1667 til 5 v, som heldt seg til den nye skylda vart innførd i 1830-åra og vart sett til 13 skylddr. 13 skill., og no fekk brukar løpenr. frå og med 111 til og med 119. Revidert skyld 1890 24 skyldmark 12 øre.

Nemnda som arbeidde med framlegget til ny skyldsetjing vart ferdig med Ramstad 9. sept. 1865. Ramstad-brukarane var mellom dei som klaga over framlegget.

Tienda var i 1667 6 t havre og 1 v ost, i 1717 $1\frac{1}{2}$ t bygg, 5 t 6 skjepper havre og 1 v ost. Matrikkelutkastet av 1723-24 hadde dette framlegget:

Bygg 5 skjepper eller 95 skill., havre 6 t eller 5 rd, og 1 v ost eller 1 rd
4 skill.

Leidangen var i 1667 2 geiteskinn 1 kalveskinn, lengste tida
siden 2 geiteskinn 3 kalveskinn, i 1717 1-1-8 i pengar.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1603 Brukartalet usikkert, då ein og same mannen snart vert
 kalla husmann, snart brukar
- 1626: 8 mann. Berre 7 er nemnde med namn. Bondegods. Sår 10 t havre.
 Skattar av ei sag
- 1651: 9 mann. Odelsgods
- 1657: 8 mann. 8 hestar, 2 oksar, 38 kyr, 30 sauer, 20 geiter
- 1666: 10 mann. Sår 20 t havre, avlar 60 t, kan fø 10 hestar og 60 kyr. Har
 brenneved
- 1694: 9 mann
- 1717: 10 mann. Sår 18 t havre 2 t bygg, avlar 56 t havre og 9 t bygg. Fôrar
 10 hestar 56 kyr. 3 små bekkekvernar
- 1724: 11 mann. Nok brenneved. Seter $\frac{1}{4}$ mil frå garden. 2 små kvernar.
 Garden ligg ved sjøen, er tungyunnen til høy og nokså viss til
 korn. Ligg noko farleg til for snøfond. Sår $1\frac{1}{2}$ t bygg, avlar
 6 t, sår 19 t havre, avlar 60 t. Fôrar 10 hestar, 31 kyr, 29
 ungdyr, 47 sauer, 43 geiter
- 1774: 9 mann, 2 kvernar
- 1796: 9 mann. Ny kvern, no i alt 3 kvernar
- 1802: 9 mann. Sommarbeite for krøtera i «gårdens utilstrækkelige ud-
 mark og sæterhauge». Årviss kornavling. Skog til bren-
 neved, men ikkje til bygningstømmer
- 1835: 9 mann. + 1 jordlaus husmann. 14 hushald, 61 personar. Sår 2 t
 bygg, 12 t blk, 22 t havre, 9 t poteter. Fôrar 9 hestar, 66
 kyr, 108 sauer, 36 geiter og 2 griser
- 1845: 9 mann. 60 personar. Sår 2 t bygg 15 t blk, 27 t havre og 11 t
 poteter. Fôrar 10 hestar, 73 kyr, 131 sauer, 38 geiter og 3
 griser
- 1865: 9 mann. Sår $2\frac{3}{4}$ t blk, $31\frac{1}{2}$ t havre, 23 t poteter. Fôrar 8 hestar,
 68 kyr, 135 sauer, 75 geiter, og 7 griser
 Matr. førebuingsarb: 63 kyr, 169 småfe. Sår $22\frac{1}{2}$ t blk, $28\frac{1}{2}$ t
 havre, 18 t poteter. Avlar 107 t blk, 111 t havre, 134 t
 poteter. God hamnegang, men til dels «mindre bekvem».

Nok brenneved og noko bjørk til sal. Tungbrukt. Viktige utslætte.
Bra natureng. Meir Dyrkbar jord.

1875: 9 mann. Sår 3t bygg $18\frac{1}{4}$ t poteter. Forar 7 hestar, 5 føl, 14 kalvar, 140 sauher, 106 geiter, 7 griser.

BRUKARAR Bnr 1 BØEN

Bård

Br ca. 1510-ca. 1540

I tiendpenninglista frå 1520-21 er namnet skrive Bord, og han er største skattytaren i heile bygda, med $8\frac{1}{2}$ lodd sølv og 82 lodd sølv for jordegods.

At han høyrde heime på dette bruket er det nok ikkje tvil om. Det har lenge vore kjent at brukarar på dette bruket åtte jordegods i Vartdal, og der var Bård-namnet svært vanleg i eldre tid. Om nokon av Ramstad-brukarane flytte frå Vartdal til Ramstad må det helst ha vore Bård. Han kan vere svigerfar til ettermannen sin på bruket.

Ingebrigt Halsteinsen

Br ca. 1540-ca. 1570

Barn: Halstein, f ca. 1540 p br

Ingebrikt gav 1 mællag jord til Ørskog kyrkje i 1547. Denne gåva var helst gløymd vel 100 år seinare, då presten i lang tid krangla med etterkomarar etter Ingebrigt om små jordpartar i Ramstad: ein ser ingen ting til takksemd for gåva.

Fleire tidlegare granskurar har meint at sonen, den kjende Halstein Ingebrigtsen Ramstad, var innflyttar frå Barstad og at han var son til Ingebrigt Toresen av Follestad-ætta. Såleis skriv Hjørdis Nørve (1978) i «Ætta frå jernalder til atomalder» s. 41 beint fram at Halstein Ingebrigtsen flytte til Ramstad. Men han var altså fødd på Ramstad, og eventuelt ættesamband med Follestadætta eller Barstadætta må vere av eldre dato.

Halstein Ingebrigtsen Ramstad f ca. 1540 d 1614

g Sigrid Gutormsd.

Br ca. 1570-1614

Born: 1. Laurits, p br

2. N. N. g Amund Sjursen Ringstad, Stranda

3. Ingebrigt g p br

Halstein må ha vore ein av dei fremste mennene i bygda i si tid. Han var ein av utsendingane til kongehyllinga av Christian IV i 1591 (Aktstykker til norske stændermøders historie bd 1 s. 52). Han representerte Ramstad på ei markegangsforretning på Stranda mellom gardane Slyngstad, Langlo og Ringstad i 1595. Var lagrettemann. La odelsskatt av 4 mællag i 1603, 8 mællag i 1610. Brukte saga og skar 25 tylfter i 1603 og 50 tylfter i 1611. I 1606 var tienda hans 2½ mæler, som var ein god del meir enn det nest største skattytaren på Ramstad betalte då.

I 1610 vart han saman med Erik Ramstad stemnd fordi han i fleire år ikkje hadde betalt leidang for ein liten øyde plass Fadstien. Dei måtte «for slig deris forseelse» bøte med 7½ rd.

Halstein tok sitt eige liv. Då var han ein gammal mann. Av tingsvitne frå Spjelkavik 29/4 1614 ser vi at han var ein velhalden mann. Grinnen Erik var mellom dei lagrettemennene som gjorde greie for buet hans saman med sorenskrivaren Anders Mortensen: Oluf Jonsen Abelset, Erik Guttormsen Ramstad, Oluf Endresen Tøsse, Christen Frantzen Langskibsholm og Størker Amundsen Lid.

I tingsvitnet står det at Halstein «sig selff haffuer med en kniff mørdet og tagitt aff dage».

Etter at all gjeld var betalt vart dette ført opp: 4 kyr 10 rd, 1 kvige 2 rd, 10 sauер med 3 lam 4 rd, 3 geiter, 1 halvvaksen bukk (1 riisbid buch), ei halvvaksa geit, sengklede, 1 jarnhelle, 1 tinnfat.

Jordegods: 1 Ringstad 2 mællag, i Furset 2 mællag, i Vartdal 2 mællag og i Sundalsfolden 4 mællag. Det sistnemnde lét arvingane kongen få for at dei skulle få lov å gravleggje Halstein utanfor kyrkjegården.

Lauritz Halsteinsen Ramstad

Br 1612-1615, i lag med faren til 1614.

Ingebrigts Halsteinsen Ramstad

g Gjørild

Br 1615-1629

Born: 1. Jon f c a. 1600, p br

2. Lars f ca. 1606, p br

3. Oluf, p br

4. Gutterm, g Anne Audensd. Ho var i slekt med strandalensmannen og selde sin part i Nysæter 1658 til han.

Dei tre førstnemnde sönene vart alle brukarar av ein del av farsgarden ei tid.

Jon Ingebrigtsen Ramstad f ca. 1600

Br 1629 ca. 1667

Born: 1. Erik f ca. 1635

2. Lars f ca. 1640 p br

3. Knut, til bnr 8?

Jon Ingebrigtsen kom til å leve eit liv i stadig kamp for det som var att av jordegdomen til familien etter at det meste av det bestefaren lét etter seg vart gjort til krongods. Verson til bestefaren, Amund Sjursen Ringstad hadde sønene Guttorm Ringstad og Sæbjørn Helstad, og desse to gav ørskogpresten 1 mællag jord i Ramstad og selde han eit mællag til. Dette var jord som det hadde vore tvist om mellom dei og Jon Ingebrigtsen. Dei sa at grunnen til at dei kvitta seg med dette jordegodset var «dels den store kjærighet de nærer til sin sjælesørger, dels den overlast der er dem tilføiet af Jon Ramstad og hans fader». (Utrykt diplom 13/12 1646, RA). Jon påstod at dette jordegodset ikkje var skift mellom han og Guttorm, som på tinget på Valte 30/3 1652 sa at «godset var forbrukt under kongen» og at foreldra hans hadde kjøpt att dei to mællaga. Dom: «Jon og broren Laurits (Lars) har forbrukt sin jord.»

Den 6. nov. same året sa presten Christen Hegelund seg villig til å la tiltalen falle dersom Jon Ingebrigtsen ville gjere rett for seg. Jon svarte at han og Guttorm hadde delt dei to mællaga mellom seg, og om Guttorm ville svare landskyld til presten, ville han og gjere det, men ikkje før.

I eit anna utrykt diplom (RA) dat. 8/5 1657 skreiv presten til lagmann Hans Hansen i Bergen og gjorde greie for handelen med strandabrarne, og fortalte at Halstein Ramstad kort tid før han tok sitt eige liv, hadde makeskift 3 mællag odelsgods i Volle mot 3 mællag i Ramstad. Desse 3 mællaga meinte enkja etter Halstein at ho skulle få ha. Men då desse mællaga vart førde som krongods kom Volle-mannen og ville ha dei 3 mællaga i Ramstad att. Då vart enkja og sonen Ingebrigt nøydde til å låne 16 rd av slektingen Amund Sjursen Ringstad og 8 rd av Ole Abelset. Men då Ingebrigt ikkje greidde å løyse inn jordegodset, måtte han ta det på bygsel.

Etter at Ingebrigt døydde, hadde sønene snart betalt landskyld, snart ikkje, og to gonger sett det i pant. Når så strandakarane gjorde krav på landskyld av dei to mællaga, hadde Jon «etter sin gamle Vis gjort sig afsindig og bl.a. sagt at uden hans Bøn kunde hverken Kongen eller Riget stå, hvilket er indført i Tingbøgerne». Derfor måtte strandakarane kvitte seg med dette jordegodset. Og då presten var bygselrådig i Ramstad hadde dei late han få kjøpe det.

No fortalte presten at han i 11 år ikkje hadde fått landskyld eller 3. års bygsel, endå Laurits Ingebrigtsen i 1646 tok ½ av dette jordegodset i 1. bygsel av presten. Av eit utrykt diplom (RA) dat. 27/5 1657 ser vi at Ove Bjelke «til Østeråd», befalingsmann over Bergenhus len, stemnde brørne Jon og Lars Ingebrigtsen Ramstad til å møte på Bergens Rådstue den 26. sept. for lagmannen Hans Hansen.

Den 14/4 1659 stemnde ørskogpresten Jon og Laurits for ikkje å ha retta seg etter lagmannsdomen. Dei brukte framleis 1 v jord utan å svare landskyld til presten. Dom: «Avlingen forbrudt.» Og futen lovde å hjelpe presten med «at føre samme thrasige leilendinger aff hans jord».

Men det var visst lettare sagt enn gjort. Enno på eit ting 16/9 1667 hevda Jon Ingebrigtsen at dei to mællaga, som presten i mellomtida hadde bygsla bort til Paul Olsen i Vågen, var deira odelsgods, som dei hadde teke tilbake. Presten gjekk til slutt med på å la dei få sitje med jordparten, men kravde resterande landskyld for 17 år.

Jon var mellom dei som presten stemnde for ulovleg skoghogst i Fausaskogen i 1653. Jon tilstod, og saman med andre vart han dømd til å betale «skade og landnam».

Lars Ingebrigtsen Ramstad f ca. 1606

Br 1646-ca. 1667 av 1 mællag

Born: 1. Oluf f ca. 1658

2. Guttorm f ca. 1663

Både han og broren Jon selde partane sine i Nysæter til Knut Pedersen Langlo i 1658. Lars var ikkje så stridbar som broren Jon.

Ole Ingebrigtsen Ramstad

Br 1644-ca. 1667

Han brukte ein del av farsgarden og vart ein gong stemnd for skuldig landskyld til presten. Og saman med Jon vart han i 1667 stemnd for å ha teke dei to mællaga som presten hadde bygsla bort til Paul Olsen i Vågen. Ved det høvet vart broren Lars ikkje nemnd.

No var nok presten lei av striden. «Formedelst godtfolks forbøn såvel som deres fattigdoms skyld og egen ydmyge begjering» tilgav han Jon og Ole dersom dei betalte den landskylda dei stod til rest med og tok jordegodset på bygsel av presten som deira rette jorddrott.

Paul Olsen i Vågen

Br 1661-ca. 1666

Han var etter alt å døme bror til den Anders Olsen i Vågen (Emlems-

vågen) som er nemnd i Borgund II s. 84. Han var truleg i slekt med Ramstad-folk, sidan han åtte jordpart i Nysæter (som han selde i 1658). Og han er førd som brukar av 5 mællag i Ramstad bnr 1 i lag med Jon Ingebrigtsen og brørne hans. I prestane sitt manntal 1666 finn vi Paul under «strandsittere og husmænd».

Laurits Jonsen Ramstad f ca. 1640

(son til Jon Ingebrigtsen)

Br 1666-1680 av 2 mællag

Broren Erik brukte resten av bruket. Laurits vart alt i 1667 stemnd av presten for skuldig landskyld, og fekk same året ei bot på $\frac{1}{2}$ rd for stemnefall. Han var og med i den store skoghogstsaka i 1680 og fekk ei bot på $1\frac{1}{2}$ mk sølv då.

Erik Jonsen Ramstad f ca. 1635

Br ca. 1667-1680 (halve), 1680-1696 (heile)

Barn: Jon

I skoghogstsaka i 1680 vart han saman med mange andre dømd for «ulauglig tåg» og fekk 2 mk sølv i bot.

I 1682: «Erik haver anstukket sin tjærehjell sent en fredags kveld og ikke slukket den før søndag henimod middag, hvorfor han blev tilkjendt at bøde, for hans fattigdoms skyld, 2 mk sølv.»

Jon Eriksen Ramstad

g Anna Arnesd. f ca. 1661

Br 1696-1698

Barn: Synneve, g Knut Pedersen Ramstad, bnr 3.

Enkja Anna Arnesd. g 2 med

Knut Størkersen Ramstad f 1672 d 1755

g 1. ek. Anna Arnesd. f ca. 1661 d 1734

g 2. ek. Marte Rasmusd. Helsem (Sersjantg.) f ca. 1661 d 1749

Br 1698-1707 (heile), del av bruket til ca. 1733

Born: 1. Erik f ca. 1699, p br

2. Jon f ca. 1701, p br

3. Inger g 1748 Ole Jonsen Giskemo el. Ytre Skodje.

Knut var «slegfredson» til Størker Syversen Ramstad bnr 5. Bygsla

2 pd 15 mk av Ole Larsen Abelset 17/12 1698. I 1705 brukte han 3

mællag 17 mk, altså 8 mk meir. - I skoskattlista 1711 er ingen

born eller tenrar nemnde.

Sk. 3/11 1734 etter Anna: $\frac{1}{3}$ i ei kvern, $\frac{1}{2}$ i hellebard og tasak, 1 kjempefæring, $\frac{1}{4}$ i ein åttring med segl og mast, $\frac{1}{2}$ i ein færing, 1 sildegarn, 6 torskegarn, 8 t havre 8 rd, 11 bygg 1 rd 3 ort, 1 hest 6 rd 3 ort, 3 kyr, 2 kviger, 1 kalv, 6 sauier, 3 lam, 8 geiter, 1 bukk.

Brutto 55 rd, netto 26 rd.

Lars Knutsen Aure f ca. 1669 d 1720

g ek. Magnhild Jetmundsd. Grebstad f ca. 1675 d 1747 (dotter til Jetmund Tollefse Grebstad)

Br 1707-1720, enkja til 1722

Born: 1. Knut f. ca. 1710, til Valderhaug

2. Ole f ca. 1713, til Lyshol (Peg.), g 1. Kari Salmundsd. Valbø, g 2.

1757 Siri Sjursd. Nakkegjerde (1728-1793)

3. Jetmund f 1719 d før 1767, til Øye i Hjørundfjord, g 1745 Hilde Pedersd. Valset (d før 1772). Dei budde ei tid på Løvoll br B.

Bygsla $\frac{1}{2}$ v i Ramstad av Ole Larsen Abelset 20/4 1707. I 1711 hadde han ei tenestjente med 2 rd i årsløn. Same året vart han og Jon Larssen Ramstad (bnr 6) stemnde for klammeri, «hvortil ingen prov findes». Venner og vel forlikte.

Sk. 1720: Brutto ca. 33 rd, gjeld 29 rd. Då hadde dei 1 hest, 3 kyr, 2 kviger, 1 kalv, 2 sauier og 2 geiter.

Erik Knutsen Ramstad f ca. 1699 d 23/7 1760 (drukna)

g 1. ek. Magnhild Jetmundsd. Ramstad f ca. 1675 d 1747

g 2. 1748 Maren Andersd. Fremmer-Fausa (dotter til Anders Jonsen Fremmer-Fausa)

Br 1722-1760, enkja til 1766

Born: 1. Anna f 1723 d 1791, g 1. 1754 Lars Anderssen Lukkedal, g 2.

1756 Ole Bottolfsen Drabløs f 1729 d 1793

2. Eli f 1724 g Størker Nilssen Ramstad bnr 4.

Bygselsetel frå Abelset-familien 11/11 1721 på 1 mællag $17\frac{1}{2}$ mk. I 1742 brukte han 2 mællag. Sjå Løset R bnr 1 om familien til 2. kona.

Då Erik drukna vart det teke opp på tinget i Borgund 30/7 1760. Vitne fortalte at Erik var tungsinlig, hadde hatt «anfekteler». Bendik Klokk hadde sett korleis det gjekk til: «Erik løp frem og tilbake opp på en stor sten og ned igjen, som en gal mand, og så hoppet han i sjøen.» Bendik sprang for å redde han, men kom for seint. Størker Nilssen Ramstad, svoger til Erik, leverte attest frå presten Astrup. Det vart bestemt at Erik skulle gravleggjast på kyrkjegarden, men utan seremoniar.

Bror til Erik hadde ein del av bruken ei tid. Det var

Jon Knutsen Ramstad f ca. 1701 d 1774

Br ca. 1735-1762 (del av bruket)

Born: 1. Peder f 1736, kf 1753

2. Anna f 1739

3. Knut f 1742, kf 1758

4. Ingeborg f 1745, g 1766 em. Ole Larssen Klokkerhaug (son til Lars Paulsen Kl.h.). Dei flytte til Eidem (Jenshaug,). Sk. etter Ingeborg 14/3 1826.

Anders Jørgensen Skodje f 1735 d 1805

g 1. 1766 Randi Jonsd. Barlindhaug f 1727

g 2. 1774 ek. Maren Andersd. Ramstad f Fremmer-Fausa (enkja etter Erik Knutsen. Ho d før 1801).

Br 1766-1798

Barn: Berte f 1767 d 1771

Bygsla 3 mællag i Ramstad av Knut Høeg 25/9 1766.

Sk. 1805: Brutto 50 rd, netto 29 rd. Offentleg auksjon same året: Svo-geren Ole Pedersen Ryddingsnes kjøpte kua Soløye. I alt selt for 23 rd.

Peder Olsen Ytterdal f 1766 d 1822

g 1. 1799 Anne Olsd. Barlindbrekke f 1766 d 1811

g 2. 1812 Janike Knutsd. Langlo f 1775

Br 1798-1822, enkja til 1823

Born: 1. Anders Olaus f 1807, flytte til Bådalen på Nordmøre

2. Randi Andreeanne f 1809, g p br

Bygsla 2 pd 6 mk av Holtermann 17/4 1798. Han brukte like mykje som Anders Jørgensen og hadde største bruket på Ramstad, i 1802 verdsett til 108 rd.

Sk. 1811: Brutto 457 rd, netto 381 rd.

Sk. 1822: Brutto 202 spd, netto 134 spd.

Janike gifte seg att i 1823 med em. Anders Knutsen Sjøholt f 1772. Dei flytte til Bådalen og fekk kår av Ramstad-bruket i 1825 av neste brukar.

Ole Severin Rasmussen Sollid f 1799 d 1883

g 1824 Randi Andreeanne Pedersd. Ramstad f 1800 d 1884

Br 1824-1854

Born: 1. Petrine Sofie f 1825, g til Rønes

2. Rasmus Andreas f 1827, kom vekk på sjøen

3. Jørgen Andreas f 1830, g p br

4. Severine Marta f 1835, g 1861 Karl Johan Olsen Løset R (bnr 1)

5. Ole Andreas f 1842 d 1914, g 1869 Ingeborg Karlsd. Drotninghaug f 1847 d 1930. Budde på Drotninghaug.

Skøyte frå futen Andreas Landmark 21/10 1825 for 350 spd. Sådde i 1845 ¼ t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 1 t poteter. Fôra 1 hest, 11 kyr, 22 sauер, 5 geiter.

I 1846 stemnde Ole grannen Erik Eliassen for forlikskommisjonen. Erik skulle ha kome med «fornærmelige ord». Erik tok tilbake det han hadde sagt. Vidare skulle eit stykke mark på setra delast likt mellom dei to, og i ein skogteig i Bugen skulle bytet rettast etter dei eldste og best kjende menn sitt skjøn. Det same galdt eit byte i Fausateigen.

Ole var ivrig etter å få skikkeleg veg opp Fasteindalen. Han fekk med seg drenger, hogg strengar som dei la ned der det var myr. Han var og med på Trondheims-turar med Ramstadjekta. Dottera Severine var og med som kokke. I Trondheim kjøpte dei korn, klede og andre varer.

Ole fanga to bjørnar i snare og viste fram skinna i 1834. Ole var med i kommunestyret 1838-1844. Den 22. nov. 1855 truga elva med å ta med seg hus og gjere skade på jord. Då tok Ole på seg å reinske opp og avleie elva. For det arbeidet fekk han 4 spd.

Jørgen Andreas Olsen Ramstad f 1830 d 1916
g *Anne Marie Bergitte Jørgensd.* Løvoll (br 3) f 1840 d 1908
Br 1854-1907

Barn: Anne Oline f 1866, g p br

Oppfostringsbarn: Ole Johan Olsen f 1869.

Dei to rekna seg som sysken. Han var son til Bøda-Ole (Ole Andreas Olsen Drotninghaug) og Berte Karoline Amundsd. Melset (Åmundg.) f 1845. Ole Johan g 1896 Hanna Jensd. Vik. Sjå bd 2 s. 111.

Jørgen fekk skøyte på bruket frå faren 14/10 1854 for 200 spd. Bruket hadde i 1860-åra 34 dekar god åker og dyrka eng og 56 dekar bra natureng, store utslætte og meir dyrkbar jord. I 1865 fødde dei 1 hest, 9 kyr, 16 sauер, 9 geiter og gris. Sådde 2½ t blk, 4 t havre og 2 t poteter.

1875: 1 hest, 1 føl, 8 kyr, 1 kalv, 14 sauер, 14 geiter, 1 gris. Sådde 3 t blk, 4½ t havre, 5 t poteter. Då hadde kårmannen 2 kyr, 3 sauер og 2 geiter.

Jørgen var med i kommunestyret.

Lars Elias Johan Olsen Svinnset (bnr 1) f 1865 d 1947
g 1. 1885 Anne Oline Jørgensd. Ramstad f 1866 d 1924
g 2. 1928 Josefine Karoline Johansd. Lindset f 1872 d 1959
Br 1907-1914

Born: 1. Ole Andreas f 1885, g 1909 Anne Sofie Kristensd. Viset f Sjøholt
1886. Han var lærar på Sortland og Åndalsnes.
2. Jørgen f 1891, til Amerika, d ca. 1970
3. Olav Julius f 1896, g p br

Lars Elias bygde stovehus i 1894 som er i bruk enno. Han la inn springvatn i kjøkken og kjellar, og mura bakaravn ved sida av grua i kjellaren. Mange bryllaup og gravøl fekk brød frå den bakarovnen. Lars bygde òg ny løe, og var vel den første i bygda som støypte silo, dit han køyrdet alt hågraset. I Lars si brukstid hadde dei oftast 2 hestar, for garden var bratt og tungbrukt. Kjøpte slåmaskin. Hadde 7-8 mjølkekyr, nokre ungdyr og 10-15 sauher. Lars handla med krøter og skinn. Saman med sonen Olav reiste han rundt i bygdene og kjøpte skinn, og vintrane reiste dei like til Nordfjord og kjøpte skinn av småvilt (røyskatt, mår og ikorn).

Lars var med i kommunestyre, skulestyre o.a.

Olav Julius Larssen Ramstad f 1896 d 1967
g 1915 Berte Oline Berntsd. Blindheim frå Løvoll f 1894
Br 1914-1957 (heile), halve til 1962
Born: 1. Agnes Lilly f 1916, g 1940 Karl Johan Severinsen Eidem f 1912.
Sjå bd I s 44-45
2. Leif f 1919, g p br
3. Borgny f 1920, g 1946 Ole A. Løset R, Blindheim
4. Dagny Asbjørg f 1928, g 1951 Anders Hauge frå Sunnylven, f 1921.

Fekk skøyte på bruket frå faren 20/11914, bortsett frå eit inngjerdt stykke på Fure.

Då Erikgarden, bnr 2, vart delt, og Olav kjøpte $\frac{1}{3}$ av den, auka buskapen til 10-11 mjølkekyr og mange ungdyr. For å nytte ut dei gode beita i Fasteindalen slo Olav seg saman med brukarane på bnr 3, 4, og 9 og danna eit geitelag. I mange år reiste dei om våren til Sunnylven og Stryn og kjøpte kje i hundretal, førde dei med motorbåt til Ramstad-kaia, køyrdet dei derifrå med hest og vogn og sleppte dei i Fasteindalen. Sankinga tok til i august, og dei selde kjea til revemat i sølvrevfarmane. I 1934 sette dei opp ein geitefjøs ved Espeberget i Fasteindalen, og i ca. 20 år kjøpte og leigde dei 80-90 mjølke-geiter for sommaren. Det var stovehuset til Brua-Knut på Melset dei kjøpte og sette opp til ysteri og geitefjøs. No er fjøsen og selet nedrivne, berre noko av murane er att. Medan faren bygde husa, var det Olav som gjorde det meste av utbetringa av jord-

vegen, og høyavlingane auka. Han arbeidde òg mykje for å få elektrisk kraft til grenda, og fekk oppleve at det vart realisert då Dalane vart overførde til Sykkylven i 1955.

Tidleg i brukstida si hadde Olav skaffa seg hesterive og høyvendar. Då dei fekk elektrisk kraft i 1952 kjøpte han straks mjølkemaskin og eit par år seinare traktor.

Leif Olavsen Ramstad f 1919 d 1981
g 1957 Liv Martinusd. Ånning frå Fausadalen, f 1930
Br 1957-1962 (halve), 1962-1981 (heile)
Born: 1. Anne Bergit f 1958 d 1961
2. Ola Arne f 1962
3. Astrid Kristin f 1965

Leif fekk skøyte på bruket alt 14/2 1921, med etterhald om bruksrett og seinare kår.

Dei første åra heldt Leif fram med mjølkeproduksjon. Seinare vart det etter kvart mest kjøtproduksjon. Kona streva mykje åleine med gardsdrifta, etter som Leif vart meir og meir oppteken av anna arbeid. Han var redaktør av Sykkylvsbladet i 25 år. Var formann i Bondelaget og formann i Sykkylven Sogenemnd, etc. Men ein god del arbeid med garden kom sjølvsagt i tillegg.

Plassemenn under bnr 1,

Halvor Olsen Linge f ca. 1825 d 1862
g 1849 Eli Knutsd. Ramstad (bnr 3) f 1818 d 1918, 99 år
Br 1860-1862, sidan enkja, kalla Sjø-Æli
Born: 1. Karen Olave f 1846
2. Petrine Karoline f 1846 (trill.), g p pl
3. Peter f 1846 (trill.), kf i Borgund
4. Ingeborg Marie, d 1873, 14½ år
Halvor Linge er kalla musikant. Han fekk festesetel på nokre markstykke frå bnr 1 og bnr 3. Nede ved sjøen bygde han seg hus, som er vekk no.

Andreas Larssen Tanemsflaten f 1839 i Klæbu, plm og murar
g 1875 Karoline Halvorsd. Ramstad f 1846
Born: 1. Halvor Laurits f 1875. Fiskar, d 1928 på Sjøholt
2. Edvard Gunerius f 1879, kf 1893. Budde på Sjøholtstrand då.

Bnr 2 ERIKGARDEN

Mogens

Br 15. .-1607 av bnr 2 og bnr 3

Born: 1. Laurits, g p bnr 2

2. Guttorm

3. Jon, g p bnr 3

Laurits Mogensen

Ramstad

Br 1607-1634

Barn: Hans, g p br

Hans Lauritsen Ramstad

g Else

Br 1634-1638, enkja til 1640

Hans åtte 2 mællag odelsgods i 1638. I 1635/36 la han 1 mæle 1½ fj i tiend.
I 1636/37 vart han kalla Hans Fossenbø (sjå innleiinga til Ramstad).

Lars Guttormsen f ca. 1606

Br 1640-1668

Born: 1. Lars f ca. 1659

2. Nils f ca. 1663

1 mæle i tiend i 1666. Krøterskatt ½ rd av 1 hest, 4 kyr, 4 sauер, 2 geiter
(1657).

Otte f ca. 1640

Br 1668-1711

Otte hadde ein skade på eine auget. Han var legdsmann.

Erik Jetmundsen f ca. 1673 d 1736

g Karen Larsd. Ramstad, d etter 1742 Br 1711-1736, enkja til 1742

Born: 1. Anne

2. Gunhild, g Sjur Jonsen Vigen

3. Ole f ca. 1718, p br

I 1711 la han skoskatt for seg og kona og 1 barn. Same året bygsla han 1¼
mællag i Ramstad av enkja etter Ole Larsen Abelset (26/2 1711).

Ole Eriksen Ramstad f ca. 1718 d 1794
g 1741 Marte Bottelsd. Tøsse f, ca. 1700 d 1794
Br 1742-1762

- Born: 1. Kari f 1743
2. Kari f 1744, d 1745, 10 veker
3. Kari f 1745, kf 1764
4. Erik, f 1750, g p br

I 1739 vart han saman med Peder Halsteinsen Ramstad stemnd for å ha brøte eit forlik med Svinnset og Kråka. I uåret 1742 var kornet «utjenlig til mat og såkorn, frosset i august». Marte gifte seg alt i 1763 med

Lars Olsen Melset (br 1) f 1738 d 1775
Br 1762-1775
Bygsla 2 mællag 9/4 1762 av Knut Høeg.
Sk. 1775: Brutto ca. 76 rd, netto 24 rd. Lars var bror til Ole Olsen Løvoll og ½-bror til Ole Helgesen Melset.

Erik Olsen Ramstad f 1750 d 1819
g 1776 Berte Helgesd. Melset br 1A f 1742 d 1817
Br 1775-1807
Born: 1. Ole f 1776 d 1784
2. Berte Marie f 1779, d ½ år
3. Elias f 1780, g p br
4. Karl f 1783, sjå Straumsheirn bnr 1
Bygsla 2½ mællag av Jørgen Abelset på vegne av mora 22/11 1774. I 1802 vart bruket verdsett til 90 rd.

Elias Eriksen Ramstad f 1780 d 1834
g 1808 Anne Pedersd. Langlo f 1783 d 1839 eller seinare.
Br 1807-1833
Born: 1. Erik f 1808, g p br
2. Anne *Oline* f 1812, g 1843 em. Lars Larssen Hatlen f Dalebø i Norddal. Bustad Hatlen.
3. Berte Karoline f 1815 d 1902, g 1840 em. Jon Isaksen Skottet f Flo i Stryn 1810 d 1876. Budde i Skottet.
4. Petrine f 1819 d 1904, g 1845 Lars Andreas Larssen Kilsti, f 1816.
Sjå bnr 6 Hoggen.

Fekk skøyte frå futen Landmark 22/7 1807 for 165 rd. Kår. Skaut bjørn i 1833.

Sk. 1834: Brutto 150 spd, netto 134 spd. Kona til Elias var syster til Helga, g Lars Hanssen Ramstad bnr 4.

Erik Eliassen Ramstad f 1808 d 1877

g 1833 Anne Jakobsd. Holt f 1807 i Stordalen, d 1882

Br 1833-1864

Born: 1. Elias f 1833 d ug 1862, 29½ år

2. Jakob Olaus f 1835, d ug 1857

3. Johan Andreas f 1837, g p br

4. Hans Peter f 1840, g 1868 Lovise Birgitte Knutsd. Nes f ca. 1824.

Bustad Ellingsøya. Før ekteskap hadde Hans barnet Johanne Marie f 1860 (mor: Anne Pedersd. Vindsnes)

5. Anne Eline f 1844, g til Svinnset bnr 1.

Erik Eliassen fekk skøyte frå faren 21/11 1833 for 100 spd. I 1845 sådde han ¼ t bygg, 2½ t blk. 5 t havre og 2 t poteter. Fôra 2 hestar, 12 kyr, 24 sau, 6 geiter og 1 gris.

Frå 1838 var Erik eigar av både lnr 112 og 115a. Han kjøpte bnr 5 Jogarden på auksjon 1/11 1837, men selde ½ til Lars Petersen 28/10 1838. Den andre ½ var lnr 115a, låg nord for Jog.-tunet og vart kalla «Røbbane».

Kona til Erik hadde ein bror i Jørng. på Klokk.

Johan Andreas Eriksen Ramstad f 1837 d 1916 g Karen Larsd.

Lindsetvik f 1839 d 1914

Br 1864-1899 (heile), 1899-1911 (halve)

Born: 1. Anne Eline f 1863, g 1898 plm Ole Andreas Nilssen Solnørdal f 1856

2. Elias Joakim f 1866, til USA, bustad Everett, Wash. Kom heimatt, budde i Ålesund i 1909. Fekk skøyte på ½ br frå broren Ole 9/11 1911

3. Lars Andreas Ivar f 1868, g p br, lnr 115 a

4. Ole Johan Laurits, f 1873, g p br. bnr 2

5. Oluffa Anna f 1875, d 1957, g 1900 Ole Andreas Knutsen Støle: f 1875 i Stordalen, d 1942

6. Peter Elias f 1878, d 6/9 1884, gjekk seg ut for eit fjell og slo seg i hel.

7. Peder f 1880, til Dakota 1899

8. Peter Andreas f 1883, g 1905 Josefa Larsd. Berg f 1881 i Bolsøy.
Handelsmann på Åndalsnes

9. Karl Andreas f 1886, d før kyrkjedåp.

Før ekteskap hadde Andreas sonen Elias f 1863 (mor: Marte Magnusd. Løset R (br 1)). Sjå s 134

Skøyte frå faren 1/10 1864 på lnr 112 og ½ av lnr 115 med unntak av sjøbua, for 100 spd. Kår til foreldra og til Marte Johannesd. (ek. etter Gunder Rasmussen, bnr 5).

1865: 1 hest, 10 kyr, 20 sauher, 10 geiter, 1 gris. Sådde 4 t blk, 61 havre, 3 t poteter.

Bruket hadde 36 dekar god åker og dyrka eng, og 72 dekar bra natur-eng. Store utslåttar, meir dyrkbar jord.

1875: 1 hest, 1 føl, 7 kyr, 2 kalvar, 16 sauher, 12 geiter, 1 gris. Sådde 4 t blk, 6 t havre, 4 t poteter. Kårmannen hadde 3 kyr, 4 sauher og 2 geiter.

Lnr 115 a «RØBBANE» («Røbbben»)

*Lars Andreassen Ramstad f 1868 d 1935
g 1899 Olave Larsd. Strømme f 1868 d 1928
Br 1899-1932*

Før ekteskap hadde han dottera Tea Sofie f 1899 (mor: Lovise Severinsd. Lande f 1880.

Born i ekteskap:

1. Anne Lise Marie f 1899, g 1922 Petter Bendiksen Sylte f 1895 i Tresfjord. Bøkker i Tresfjord
2. Andreas Karolus f 1900, til USA
3. Laura Amalie f 1901, g 1920 Peder Olsen Halvorsæter f 1900 på Dyrkorn
4. Petrine f 1903, g 1926 Nils Klokk (Sjå s 236) f 1903
5. Marta Lovise f 1905, d ug 1930
6. Peder Henrik f 1907, til USA

Lars fekk skøyte på denne gardparten i 1899 for 1300 kr. Røbbetunet låg nord for Jog. Lars bygde stovhus i 1904 og løe i 1905. Før broren Ole reiste til USA, selde han bruket til broren Elias, som hadde vore i USA og sidan var forretningsmann i Ålesund. Lars tok då denne gardparten på bygsel, og då kona døydde, fekk han sitje i uskift bu.

Bnr 2

*Ole Johan Andreassen Ramstad f 1873
g 1905 Jensine Karoline Knutsd. Klokk Nordre (bnr 2) f 1883
Br 1906-1911 (halve)*

Før ekteskap hadde han sonen Martinus f 1897 (mor: Inga Rasmusd. Skarbø f 1865).

Barn i ekteskap: Karen Marie Olivia f 1906.

Skøyte på $\frac{1}{2}$ garden mot kår til foreldra, for 1400 kr (1906). Bygde løe i 1905, 2 tømmerfjøsar og gjødselkum under kufjøsen. Ole Johan utvandra til Everett, Wash. 11/11 1911 med kone og dotter.

I 1932 vart Erikgarden delt i 3, og bnr 1, 3 og 4 tok over br. som sameige. Røbben høyrde til Erikbruket. Husa der vart flytte til bnr 6 på Klokk. Husa i Erikgarden vart rivne i 1934.

Sameiga av bnr 2 heldt fram til 1950. Då gav brukarane på bnr 1, 3 og 4 kvarandre skøyte slik: Bnr 1 fekk sin $\frac{1}{3}$ som bnr 2, bnr 3 sin $\frac{1}{3}$ som bnr 15 og bnr 4 sin $\frac{1}{3}$ som bnr 16.

Bnr 10 SJØBAKKEN

Alfred Olsen Klokk f 1902

Dette stykket hadde vore sameige, så seljarar var alle brukarane på Ramstad. Men i grunnboka er det ført under bnr 2. Det ligg på Ramstad-sida av elva, som det grensar til på eine sida, til Løteigen under bnr 2 på andre sida. Det var ikkje hus på stykket. Sjå under Klokk bnr 8.

Bnr 12 SELSTYKKET

Skøyte til

Knut Kjersem

i 1932, skyld 20 øre. Hamnerett for kjøparen i sameigd hamn i Ramstad, Svinnset og Kråka, for ei ku eller så mange småfe som svarar til ei ku.
Sjå gnr 60 Kråka.

Bnr 15 EIRIKSBU

Utskilt frå bnr 2 i 1950, skyld 1,14

Olav H. Ramstad bnr 3

Ny 1977

Bnr 16 RABBEN

Utskilt frå bnr 2 i 1950, skyld 1,14

Alf O. Klokk bnr 4 Ramstad
Resten av bnr 2 i 1950 vart kjøpt av bnr 1.
(Sjå s 381 11 ovanfrå)

Olav Julius Larssen Ramstad bnr 2

Husmann under bnr 2.
Em. Johannes Rasmussen (Ramstad) f 1785 d 1867
g 1851 ek. Karen Jakobsd. Fausa f ca. 1787 d 1871
I 1865 vart Johannes kalla husmann utan jord.

Sjå bnr 6 HOGGEN.

Bnr 3 SKREDDARGARDEN

Det ser ut til at bnr 2 og bnr 3 var eitt bruk som vart delt først på 1600-talet. Og den Mogens som hadde desse to brukta samla, er nemndt under bnr 2. Ein son fekk bnr 2, ein annan bnr 3.

Jon Mogensen Ramstad
Br 1608-1615

Jon var med i Kalmarkrigen, utreidd av Knut og Laurits Ramstad. Han kom heim att, men vart ikkje brukar lenge. La 1 fj i tiend i 1609, 1 fj i 1610, men 0 i 1612.

Jørgen Jetmundsen
Br 1515-1639

Vart også kalla Jørgen Fausebø (sjå innleiinga til Ramstad). Bruket auka i hans tid. Han la for det meste $\frac{1}{2}$ mæle i tiend og i 1636 6 mk i fisketienda.

Iver
Br 1640-1664

Han var gift og hadde tenestjente i 1645 og la $\frac{1}{2}$ mæle i korntiend det året. I 1657 betalte han $2\frac{1}{2}$ slettmark 6 skill. i krøterskatt av 1 hest, 4 kyr og 6 sauvar.

Peder Pedersen f ca. 1631
g Siri Nilsd. f 1629 d 1723
Br 1664-ca. 1696

Brukte 3 mællag i 1666. I 1668 stod han til rest med betaling av $1\frac{1}{2}$ rd for såkorn som Iver Jensen Bandzbil hadde skaffa.

Lars Pedersen

Br ca. 1696-1706

Brukte 2 mællag, som òg føremannen hadde brukt lengste tida. I 1705 brukte Lars 2 mællag 12 mk. Det var truleg dotter hans som vart gift på bruket med

Peder Knutsen f. ca 1675

g N. N. Larsd.

Br 1706-1741

Born: 1. Mari, g Lars Jakobsen Melset. (Sjå s 62). Sk. etter henne 2/6 1753. Brutto 32 rd, gjeld 4 rd. Lars var f ca. 1700, gifte seg med Mari i 1733 og bygsla same året 1 pd i Ramstad br 7 av Paul Abelset. Lars var bror til Sjur Jakobsen Klokk f Melset.

2. Siri, g 1737 Bendix Eriksen Liset f ca. 1709 d 1755, 46 år

3. Knut f 1716, g p br

Far til Peder heitte Knut Larssen og var 64 år i 1701. Peder la i 1714 eid på at han ikkje hadde fått $\frac{1}{2}$ t bygg av «kongens korn». Peder brukte i 1741 1 pd 21 mk.

Knut Pedersen Ramstad f 1716 d 1797

g 1. Synneve Jonsd. Ramstad (bnr 1) d 1758, 61 år

g 2. 1758 Anna Olsd. Braute f 1724 d 1798

Br 1741-1788

Born: 1. Peder f 1760, d 1765, 4½ år

2. Synneve f 1763, g p br

3. Ellen f 1765, g 1795 Halstein Pedersen Tu.

Bygsla 1 pd 21 mk i 1741 (madam Høeg). Brukte 2 mællag i 1742.

Erik Knutsen Ramstad (frå bnr 7) f 1757

g 1789 Synneve Knutsd. Ramstad f 1763

Br 1788-1816

Born: 1. Knut f 1789, d 3 veker

2. Knut f 1790, g p br

3. Lars Petter f 1793, gift til Nysæter (bnr 1)

4. Karen f 1796, d 11 veker

5. Anne *Katrine* f 1798, g 1822 Petter Martinus Jetmundsen Amdam

6. Anne f 1801

7. Eli f 1804, g 1827 Knut Knutsen Sæter frå Olasæter i Vaksvik-bygda.

Erik fekk skøyte på bruket av futen Nordløv 9/2 1788 for 65 rd. Kår til foreldra. Erik var skreddar. I SSTb nr 26 for 1787 står det: «Erik Ramstad har endnu ikke lært så meget av skrædderhåndverket at han dermed kan ernære sig.» Men han kan ikkje ha vore så därleg sidan han året etter kjøpte bnr 3 på Ramstad, som fekk namn etter han. Sonekona hans på Nysæter tok livet av seg. Erik fortel at ho klaga over sjukdom, men at det var berre godt å seie om henne.

Knut Eriksen Ramstad f 1790 d 1879

g 1824 Guri Oline Ellingsd. Svinset (br 1) f 1799 d 1892

Br 1816-1855

Før ekteskap hadde Knut og Guri dottera Eli f 1818, g Halvor Olsen Linge. Sjå plassar under bnr 1.

Born i ekteskap:

2. Synneve *Karoline* f 1825, g til Giskemo
3. Elling f 1828, g p br
4. Eline f 1831 d 1925, g 1861 Andreas Knuts. Valbø, bustad Sjøholt
5. Johanne Olave f 1835
6. Ole Andreas f 1838. d i Ålesund 1861, ug fiskar.

Skøyta han fekk frå faren, dat. 21. juni 1816, finst på bruket enno, i uvanleg god stand etter alderen. Den vert referert som døme på dei formlar som vart brukte i skøyter og fordi den fortel noko om pengestellet i dei åra:

Skjøde. Jeg underskrevne Erik Knudsen Ramstad har solgt og afhændet som jeg og hermed sælger, skjøder og afhænder til min kjære sön Knut Eriksen minn (i) Følge lovlige skjøde af 9. februar 1788 ejende og hidtil brugte 1 bp 21 mk fiskerleie med bøxel og landskyldsret påstående huse og alle andre frå Alders Tid til og underliggende herligheder og rettighe-der i gården Ramstad matr.nr 84 i Valde skibrede for kjøbesum 66 rbd reede sølv, og da 66 rbd reede sølv som efter den for denne måned satte Bankkurs udgiør i rigsbank Namne værdi 396 N.V. skriver tre hundrede nittie og sex Rigsbankdaler namne værdi er til mig betalt, så skal bemeldte 1 bp 21 mk fiskerleie med alle til og underliggende herligheder i attermeldte gard Ramstad herefter følge og tilhøre til bestandig odel og Eie, ujenkaldet af mig og øvrige arvinger og for hvilket kjøb jeg forbliver kjøberens rette hjemmelsmand efter loven. Dette til bekræftelse under min hand i 2de vidners overværelse.

Thingstedet Blindem 21. juni 1816.

Erik Knudsen Ramstad
med ført pen.

I 1845 hadde bruket 1 hest, 9 kyr, 13 sauер og 3 geiter, og såнаден var $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

Den 16. okt. 1849 selde Knut bruket til Lars Pettersen Ramstad for 145 spd.

Elling Knutsen Ramstad f 1828 d 1903
g 1852 Henninge Jakobsd. Vestre f 1831 d 1913

Br 1855-1886

Før ekteskap hadde Elling borna: Martinus Johan f 1849 (mor: Siri Jonsd. Amdam), og Peter Elias Severin f 1849 (mor: Berte Paulsd. Lindset).

Born i ekteskap:

1. Johanne Eline f 1854, til Amerika 1882. Gift. Omkom ved bilulukke
2. Karl Johan f 1857, til USA, g ei frå Løvoll (br 1 el. 5?)
3. Johanne Oline f 1859 d 1863
4. Jakob Andreas, d som spebarn
5. Hanna *Oline* f 1863, g p br
6. Ole Andreas f 1866, g Regine Eidem (Tormodg.)
7. Oluf Karolus f 1871, til USA, g Inga Helene Martinusd. Lied frå Liabygda. Sjå Stranda III s. 229 nr 220b
8. Lars Peter f 1874, sjå Melset bnr 9.

Bygselsetel frå Lars Petersen Ramstad 23/10 1855. Kår. I 1860-åra hadde bruket 22 dekar god åker og dyrka eng, 48 dekar bra natureng, store utslåttar og meir dyrkbar jord. Sådde 3 t blk, 4 t havre og 2 t poteter, avla 13 t blk, 13 t havre og 12 t poteter. Fôra 1 hest, 7 storfe og 18 småfe. Folketeljinga 1865 har: 1 hest, 8 kyr, 16 sauер, 8 geiter og 1 gris. Sånad: $2\frac{1}{2}$ t blk, 4 t havre, 2 t poteter. 1875: 1 hest, 1 fôl, 6 kyr, 3 kalvar, 12 sauер, 11 geiter, 1 gris. Sånad 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter.

Det ser ut til at Elling sat hardt i det med den store barneflokken. I 1860-70-åra vart han rett som det var stemnd for forliks-kommisjonen for smågeld.

Sk. 1903: «Aldeles fallitt.»

Hans Jakob Olsen Blindheim (Haug-Olag.) f 1855 d 1935

g 1886 Hanna *Oline* Ellingsd. Ramstad f 1863 d 1939

Br 1886-1935

Born: 1. Karl Olaus f 1887, g Josefine Almås frå Ålesund. Han utvandra til USA. Bustad San Pedro. D $69\frac{1}{2}$ år
2. Edvard f 1889, til USA 1907, d ug snikkar 1937
3. Anton Martinus f 1892, d 1914
4. Ole Johan f 1895 d 1 mnd

5. Ole Johan f 1897, kjøpte br i 1916. D 1929
6. Hanna f 1900, g Knut Mikalsen Kjærstad fra Lepsøy, f 1884, fiskar
7. Karoline f 1902, til USA 1923, g Joe F. Kelly. Bur i Calif.
8. Emma f 1902 (tvill.), g fiskar Johan Rønstad fra Lepsøy f 1903
9. Olav, f 1904, g p br

Hans Blindheim fekk bygselsetel frå Jens Toresen Vaksvik. Kår til Elling Knutsen og kone. Jens Toresen fekk bruket ved gåvebrev frå Peter Larsen Ramstad 12/7 1897. Ved verja for Peter Larsen fekk Ole Hansen Ramstad kjøpe bruket for 2400 kr 7/10 1916. Bruksrett for Hans og fam.

Olav Hanssen Ramstad f 1904

g 1931 Olga Birgitte Karlsd. Løset R. (bnr 3) f 1910

Br 1935-1978

Born: 1. Olfrid Ada f 1931, g 1953 Per-Arne Olsen Aursnes f 1928.

- Sjå bd 1 s 27
- 2. Hans f 1933, g p br
- 3. Magnhild Kaspara f 1935, g 1955 Paul Pettersen Hole (Øyane) f 1929
- 4. Edny Oline f 1937, g 1960 Johan Johansen f 1928. Sjå bd 2 s 128.
Bur på Vik
- 5. Olbjørg Henny f 1939, g 1965 Svein Martin Riksheim f 1936.
Bustad Riksheim
- 6. Karl f 1943, g 1962 Marvel Røsand frå Averøy, f 1941. Bustad
Vik. Sjå bd 2 s 131
- 7. Ove f 1945, g 1967 Liv Martinsd. Aursnes f 1948
- 8. Eli Karin f 1948, g 1966 Svein Haraldsen Bjørkavåg. Bur i Bor-
gund.

Skøyte på bruket 1. april 1935 for 3000 kr. Kår. Olga og Olav Ramstad har vist stor interesse for gardssogearbeidet og har vore til god hjelp for bokskrivaren.

Hans Olavsen Ramstad f 1933

g 1959 Edit Annbjørg Ånning frå Fausa f 1942

Br 1978-

Born: 1. Otto Magne f 1960

- 2. Frode f 1962
- 3. Robert f 1964
- 4. Tor Helge f 1968

Driv fabrikkarbeid (møbeltapserar) ved sida av gardsbruket.

Bnr 4 HANSGARDEN

Gutterm

Han la $2\frac{1}{2}$ lodd sølv i skatt i 1520 (Tiendpenninglista). Han må ha vore frå dette bruket, sidan der både i 1520 og først på 1600-talet var berre to store bruk, bnr 1 og bnr 4. Namnet peikar i same lei. Gutterm kan vere anten far eller bestefar til den neste brukaren vi veit om på dette bruket,

Erik Guttermen Ramstad

Br 15. -1628

I 1606 la han 2 mæler i korntiend, då ingen av dei andre brukarane bortsett frå Halstein la meir enn $\frac{1}{2}$ mæle. I 1608 var tienda hans 1 mæle 1 fj, det året den største på Ramstad. Han betalte odelsskatt, i 1610 av 4 mællag, i 1612 av 2 mællag. I 1615 åtte han noko av den jorda han brukte, og i 1617 åtte han 7 mællag. Betalte sagskatt av 20 tylfter bord same året.

I 1626 betalte han odelsskatt av 1 v fiskeleige (Statthaldararkivet D IX 12. RA).

Var medeigar i ein plass Fadstien (sjå under Halstein, bnr 1). I 1611 reidde han og Halstein ut Jetmund Klokk til Kalmarkrigen, men Jon Larssen Løvoll gjekk ut i staden. I 1615 vart Erik «deputerit til at holde knegt, som skal være hans egen fostersøn, 19 år».

Det var nok denne fostersonen som tok over bruket.

Størker Fredriksen Ramstad f ca. 1596

Br 1628-ca. 1667

Born: 1. Fredrik, p br

2. Magnilde, g p br

3. Gjertrud, g p bnr 8

Krøterskatt 1657: $\frac{1}{2}$ rd 6 skill. av 1 hest, 4 kyr, 6 sauер, og 4 geiter. I 1662 brukte Størker $4\frac{1}{2}$ mællag $1\frac{1}{2}$ mk.

Fredrik Størkersen Ramstad

Br ca. 1667-1668

Det kan ha vore enkja etter Fredrik som dreiv bruket fram til 1675.

Lars Gulliksen f ca. 1655 d 1727

g Magnilde Størkersd. Ramstad

Br ca. 1675-1716

Barn: Nils f ca. 1695 (manntalet 1701 har alder 2 år på Nils).

1685: «Lars har besovet en tøs som han lover egteskap, Magnilde Størkersd. Han vedstår sin militæriske Straf.»

Lars brukte 4 mællag i 1683, 3 mællag i 1694 og 2 mællag 14 mk i 1700.
I 1705 berre 1 mællag 5 mk. Bruket høyrde til Abelset-parten.

Nils Larssen Ramstad f ca. 1695 d 1781 g
Marte Andersd. Korsedal d 1770, 83 år
Br 1716-1754
Born: 1. Lars f 1719
2. Anders f 1723, til Svinset (bnr 2)
3. Gjertrud f 1724, kf 1739
4. Marte f 1726 d 1794, g 1757 em. Ole Nakkegjerde. Sjå bd 2 s 56
5. Elling f 1728, til Svinset bnr 2
6. Størker 1731, g p br.

Nils bygsla 3 mællag av Paul Abelset 27/7 1716. I 1742 brukte han 2 mællag
9 mk. Syster til Marte Andersd., Brit, var g Anders Andersen Sætre.

Størker Nilssen Ramstad f 1731 d 1786
g 1754 Eli Eriksd. Ramstad (bnr 1) f 1724 d 1784, sk. 1785
Br 1754-1786
Born: 1. Størker f ca. 1755
2. Magnil f 1756, d 1 time
3. Nils f 1757, d 8½ veker
4. Hans f 1758, g p br
5. Nils f 1760, g 4 dg
6. Magnilde f 1762, g 1. em. Mons Serkvesen Klokk (br D) f
Myklebust (Stranda) 1747 d 1808, g 2. Knut Monssen Stavdal f
1774. Han flytte til Klokk (br 7)
7. Erik f 1764, g 1796 Gunhild Olsd. Windsnes. Vart forpaktar på
Ørskog og skreiv seg for Amdamsvik
8. Marte f 1766 g 1801 em. Lars Jonsen Ringstad f 1751
9. Nils f 1768, g Anne Toresd. Gjære.

Størker var medhjelpar. Sk. 1785: Brutto 103 rd, netto 89 rd.
Sk. 1786: Brutto 43 rd, netto vel 13 rd.

Hans Størkersen Ramstad f 1758 d 1832
g 1788 Ellen Lassesd. Fjørstad f 1761 d 1829
Br 1787-1812
Born: 1. Lars f 1788, g p br
2. Eli f 1790 d 1836, g 1810 Ole Larssen Amdam
3. Størker f 1792, d 1849, g 1814 ek. Gunhild Larsd. Grebstad f
Blindheim (1773-1858. Sjå bd 1 s 156)

Hans fekk skøyte 3/1 1808 frå futen Andreas Landmark. Hadde før bygsselsetel frå 16/1 1787 på 2½ mællag frå Ragnhild Jørgensd. Høeg.

I 1802 vart Hans stemnd av Nils Astrup på mora sine vegne for å ha hogd ein del av skog som Ørskog prestegard åtte. Hans vedgjekk at han hadde høgt meir enn han hadde lov til i Gausnes-skogen. Det tømmeret som låg i Gausnes-marka var madam Astrup sin eigedom, likeeins det han hadde ført til Honningsdals sag. Hans måtte betale sakskostnader. Skreiv under med eiga hand.

Lars Hanssen Ramstad f 1788 d 1866

g 1812 Helge Pedersd. Langlo f 1792 d 1870

Br 1812-1839

Born: 1. Hans Petter f 1814, g p br

2. Eli f 1817, g 1838 Lasse Trondsen Nysæter f 1816
3. Karl Martinus f 1820 d 1885, g 1844 Johanne Marie Sivertsd.
Lade (Olag.). Sjå bd 2 s. 578
4. Petrine Gurine f 1822 d 1892, g 1844 Elling Karolussen Lande f
1819
5. Lovise f 1825 d 1888, g 1849 Lars Peter Olsen Valbø f 1828
6. Eline f 1828 d 1918, g 1848 Ole Severin Pedersen Nedrevoll f
1824
7. Anne Eline f 1832, d 1895, g 1859 Ole Severin Størkersen
Lande
f 1833.

Fekk skøyte frå faren 16/7 1812 for 265 rbd. Kår. - Syster til Helge, Anne, g Elias Eriksen Ramstad bnr 2. (Stranda III har 1789 som fødselsår for Helge.) Lars var med i heradstyret.

Hans Petter Larssen Ramstad f 1814 d 1894

g 1841 Katrine Laurentse Pettersd. Melset (bnr 1) f 1820 d 1888

Br 1839-1873

Born: 1. Lars Petter Karolus f 1841 d ug 1861. Han fall ut for eit høgt fjell og ned i sjøen. Vart funnen 14 dg seinare

2. Hans Edvard f 1843, g p br
3. Henning f 1846, til København 1867. «Middels vekst og bygning, brunt hår, brune øine. Skreddersvend»
4. Ole Petter f 1849, kf 1863
5. Anne Helene Tomassine f 1852, d 14 dg
6. Peter Elias f 1853 d 1854
7. Petter Elias Severin f 1855, steinarbeidar
8. Jakob Olaus f 1857, til Drotninghaug

9. Hans Karl f 1860. Skreddar

10. Lars Bernt f 1863, til Chicago 1883

11. Petrine Severine f 1868 d 1923, g i USA med Joakim Knutsen
Klokkerhaug (1867-1929). Utvs nr 674. Sjå bd 2 s 35.

Fekk skøyte frå faren 19/10 1839. Kår til Anne Olsd. Sådde i 1845 $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre og $1\frac{1}{2}$ t poteter. Buskap: 1 hest, 9 kyr, 18 sauер, 5 geiter, 1 gris.

I 1865 var der eiga kårstove. Då var sånaden $2\frac{1}{2}$ t blk, 4 t havre og 3 t poteter. Fôra 1 hest, 9 kyr, 18 sauер, 8 geiter og 1 gris.

Bruket hadde i 1860-åra 24 dekar god åker og dyrka eng, 41 dekar bra natureng, store utslåttar, meir dyrkbar jord.

Hans Edvard Hanssen Ramstad f 1843 d 1889

g 1873 Berte *Jensine* Severinsd. Grebstad f 1847 d 1892

Br 1873-1889, enkja til 1892

Born: 1. Hanna Petrine Karoline f 1874 d 1875, 10 mnd

2. Hanna Petrine Karoline f 1878, til USA, d 1951

3. Petter Severin f 1881, til Minnesota 1899

4. Karl Johan f 1885, utvs nr 1013. Sjå bd 1 s 443.

Fekk skøyte på bruket frå faren i 1873. I 1883 fekk han skøyte på dei 18 mk som Ørskog kyrkje hadde ått.

1875: 1 føl, 6 kyr, 2 kalvar, 20 sauер, 11 geiter, 2 griser. Sånad 1 t bygg, 2 t blk, 4 t havre og 4 t poteter. Kårmannen hadde 2 kyr.

Enkja selde bruket på auksjon, til

Sølfest Martinusen Bjørnevik f 1853 d 1923

g 1894 Karoline Marte Lassesd. Oppsal f 1853 d 1939

Br 1893-1914

Born: 1. Martinus f 1894 d 1905. Han var ute og leitte etter geiter då han fall ut for ein skrent og slo i hel.

2. Marte Jensine f 1896, g p br

Sølfest kjøpte bruket på auksjon 9/10 1893. Han betalte årleg landskyld til Ørskog kyrkje, såleis 12 kr i laus landskyld i 1904. (Ø. kirkes regnskapsbok.)

I 1904 utvida han løa.

Sølfest var både gbr og smed. Var med i heradstyret.

Oluf Bastian Larssen Klokk (Olag.) f 1882

g 1914 Marte Jensine Sølfestsd. Ramstad f 1896

Br 1914-1946

Born: 1. Margrete f 1915, g Oskar Melset (Myrane)
2. Alf f 1917, g p br
3. Sigurd f 1918, g 1951 Klara Sunde frå Borgund f 1923.
 Dei bur på Stranda
4. Øystein f 1924, g Margit Sylte frå Tresfjorden. Bustad Klæbu.

Alf Olufsen Klokk f 1917
g 1945 Amalie Kasbara Johansd. Brunstad f 1922 på Melset
Br 1946-1982

Born: 1. Sigmund Ottar f 1946, g 1969 Liv Berit Johansd. Dale frå Aure,
 f 1948, lærar. Dei bur på Aursnes, og han er ingeniør ved Møre
 Transformatorfabrikk
2. Jostein Birger f 1947, g p br
3. Marit f 1951, kontordame i Ålesund
4. Oddgeir f 1954, g Greta Remø frå Ulsteinvik i 1955. Ho er tilsett
 ved SSB Feriereiser og han i Sunnmørsbanken
5. Kari Lise f 1961, kontordame i Ålesund.

Alf Klokk fekk skøyte frå mora 28/3 1946 for 4000 kr. Kår. Han har
landbruksskule, er snikkar og mekanikar. Arbeider ved mekanisk verkstad.

Jostein Birger Alfsen Klokk f 1947
g 1975 Kari Johansd. Melset (bnr 6) f 1949
Br 1982-

Born: 1. Kjetil f 1977
2. Atle f 1979
3. Jonny f 1979 (tvill).

Jostein var adjunkt i Brattvåg til han i 1982 flytte til Ramstad og tok over
garden. Bygg seg hus der no (1982).

Bnr 5 JOGARDEN

Torstein Ødegård
Nemnd som brukar i 1603. Truleg på dette bruket.

Knut Andersen
Br 1612-1623
Var med i Kalmarkrigen i 1611, utreidd av Knut Svarteløk og ei enkje på
Abelset. Han gjekk ut i staden for ein Ingebrigt Abbelvold. Korntiend frå 1
fj til 2½ fj. Skar 40 tylfter bord i 1614.

Arne Larssen f ca. 1595 d ca. 1665

Br 1623-1664

I midten av 1620-åra var korntienda hans 1 mæle. I dei siste 1620-åra dreiv han saga saman med andre. I 1644 skatta han av $\frac{1}{2}$ v 18 mk jord som han åtte. Koppskatt 1645 for seg og kona og ein dreng. Krøterskatt 1657: $\frac{1}{2}$ rd for 1 hest, 4 kyr, 2 sauher og 3 geiter. Brukte $1\frac{1}{2}$ mællag i 1660, 2 mællag i 1662. Det er same jorda som før, men skylda vart sett opp i 1661.

Ole Ellingsen f ca. 1635 d ca. 1698

Br 1664-1698

Brukte 2 mællag i 1666, tiend det året $1\frac{1}{2}$ f j.

Størker Sjursen f ca. 1650 d 1720

g 1. ek. Eli Klemetsd. sk. 5/4 1707

g 2. Marta Olsd. Fjørstad Fr. f ca. 1666. Sk. etter håde henne og mannen i 1720.

Br 1698-1720

Ingen born saman. Eli hadde dottera Brit Larsd. i 1. ekteskap. Før ekteskap hadde Størker sonen Knut, som vart brukar på Ramstad bnr 1. Halvsyster til Størker, Gjertrud Størkersd. var g Nils Olsen Ramstad bnr 8. Drengen til Størker i 1701 var reservesoldat Iver Samundsen Gudmundset, 26 år. Han vart brukar av Rønes sidan. Han var av slekta: Far hans. Samund Størkersen Nesveien, var halvbror til Størker. I 1711 hadde han ei jente med $1\frac{1}{2}$ rd i årsløn.

Sk. 1707: 2 sølvskieier, 1 koparkjel, 8 kyr 24 rd, 12 geiter 6 rd, 12 sauher $4\frac{1}{2}$ rd, 6 lam 1 rd, 1 gammal hest 4 rd, 1 kvern 2 rd, $\frac{1}{3}$ i eit naust 1 rd, part i 2 båtar $1\frac{1}{2}$ rd, kontantar 3 rd 4 ort. Brutto vel 62 rd. Drengen Iver Samundsen kravde 6 rd og jenta Kari Nilsd. 3 rd i tenarløn. Gjeld i alt 13 rd 4 ort. (Sjå s 367 170)

Sk.. 30/4 1720: 1 gammal brun hest 2 rd 2 ort, 6 storfe, 2 ungdyr, 7 sauher, 3 lam, 6 geiter, 4 kje, 1 drøfting, 1 kvern, sjøreiskap, tjøreveid 3 rd. Meir enn vanleg av gangklede, både etter mann og kone. Brutto eige 94 rd. Åbot på garden 7 rd. Sum gjeld 37 rd.

Jon Arnesen Klokk f ca. 1692 d 1762

g 1. 1722 Synneve Persd. f ca. 1700 d 1746

g 2. 1749 ek. Marte (Mali) Paulsd. Reiakovam f ca. 1698 d 1767 (ek. etter Ole Zakariassen Tøssebro)

Br 1721-1748

Born i 1. ekteskap:

1. Marte f 1722 g p br
2. Peder f 1725 d 1734, 9 $\frac{3}{4}$ år
3. Arne f 1728, kf 1748, 19 år
4. Ole f 1732
5. Anders f 1733. I 1763 «hjemkommen soldat, er svak og nyder underholdning av soldaterlægden Melset og Klokk»
6. Jon f 1736 d 1738
7. Jon f 1738, g 1780 ek. Marte Knutsd. Hesseberg f 1744
8. Berte f 1742, kf 1756
9. Knut f 1742 (tvill.), d 1813, g 1769 ek. Karen Andersd. Valle f 1740 d 1777. Knut g 2. 1779 Berte Olsd. f ca. 1743 d 1827.

Før ekteskap hadde Jon lm med Berte Bottelsd. Tøsse, son Ole f 1720.

Jon fekk bygselsetel 28/10 1721 fra Paul Abelset på 2 mællag.

Første-kona Synneve tretta med Anne Pedersd., kona til Peder Halvorsen Ramstad. Saka kom fram på tinget på Valle i 1744. Mennene deira møtte ikkje på tinget. Vitne var Jesper Klokk og Erik Knutsen Ramstadbøen.

Sk. 1746: Brutto 55 rd, netto 42 rd.

Då Jon gifte seg oppatt, heiter det at dei skal vere husmannsfolk på Tøssebruene i Skodje. Og det vart dei.

Knut Johansen Skotte sk. 5/10 1785

g 1747 Marte Jonsd. Ramstad f 1722 d 1803

Br 1748-1803

Born: 1. Synneve f 1747, unemnd seinare

2. Gulov f 1749, g 1788 Ole Hanssen Skotte
3. Synneve f 1752 d 1758
4. Johanne f 1755, g p br
5. Inger f 1758, g 1790 Einar Pedersen Strandabø
6. Synneve f 1761, til Nordfjord 1806, d 1825 (sjå s 74)
7. Mons f 1765 g 1. 1802 Randi Olsd. Gjævenes, g 2. Synneve Knutsd. Ramstad br 5 f 1761 sk. 1825. Sjå husmenn. Knut

bygsla 2 mællag av Knut Høeg 2/4 1748. I 1774 brukte han 1 pd 21 mk.
Sk. 1785: Brutto 7 rd, netto 4 rd.

Rasmus Knutsen Fr. Fjørstad f 1752 d 1831

g 1783 Johanne Knutsd. Ramstad (br 5) f 1755 d 1837

Br 1783-1813

- Born: 1. Synneve f 1783 d 1877. Ho hadde barnet Marte Eline f 1814 (far: Jakob Eriksen Aure) og Anne Regine f 1820 (far: Ole Anderssen Sjøholt). Marte Eline g 1848 Andreas Pedersen Aure. Dei flytte til Fiksdal
2. Kanutte f 1786, til Borgund 1833, til Skodje 1835 d 1855, legdslem
 3. Gunder Andreas f 1789, g p br
 4. Marte f 1793 (kalla Mali i 1801)
 5. Martin Severin f 1799, skomakar på Molde.

Bygsla 2 mællag av Jørgen Abelset 14/10 1783. Sk. 1831: «Intet». Prokurator Landmark åtte bruket.

Gunder Andreas Rasmussen Ramstad f 1789 d 1836
g 1814 Marte Johannesd. Fjørstad H. f 1785, levde i 1864
Br 1813-1836

- Born: 1. Johanne Olave f 1818 d 1855, g 1852 Peter *Nikolai Petersen* Aursnes (1829-1908)
2. Rasmus Andreas f 1820, «Iva-Rasmus», g 1848 Berte Gurine Iversd. Hjellegjerde. Han bleiv på Flisfjorden 1849. Sjå bd 1 s. 120
 3. Marte Severine f 1823
 4. Johannes f 1827.

I 1814 vart Gunder stemnd av Ole Nilssen Lisetgjerde for å ha levert for liten avdrått «av tvende i hans sæter græssende køer» som Ole åtte. Det vart forlik med godtgjersle til klagaren. I 1833 stod Gunder til rest med landskyld (24 spd) til futen Landmark, som han hadde bygsla bruket av 9/11 1813. Gunder ville betale i to terminar og skreiv under med eiga hand.

Etter at Gunder var død, vart bruket selt på auksjon til Erik Eliassen Ramstad på bnr 2, som året etter (1838) selde $\frac{1}{2}$ av det til Lars Petersen for 100 spd. (Inr 115b).

Sk. 1836: Brutto 79 spd, netto 33 spd.
Enkja Marte Johannesd. gifte seg att i 1838 med em. Rasmus Halkjeldsen Nedrelid (han 52 år).

Tidlegare same året stemde ho Erik Eliassen Ramstad og Otte Olsen Ramstad. Saka galldt kåret hennar. Forlik: Enkja skal vere hjå kårytarane 1 år i gongen i deira hus. Dei skal fø 2 saufer for henne. Og om ho flytter frå garden skal ho ha 4 v blk, 4 v havre til saman frå dei to.

Lars Petter Pettersen Melset (bnr 1) f 1815 d 1898
g 1839 Marte Oline Ottesd. Ramstad frå Capralgarden bnr 6 f 1815 d 1895
Br 1838-1871

- Born:
1. Ole Andreas f 1839, g p br
 2. Petrine Jørgine f 1841
 3. Anne Pernille f 1844, g Jens Petter Toresen Vaksvik, landhandlar frå 1873
 4. Petter Marius Karolus f 1848, budde ei tid i Vaksvik. Ug i 1891
 5. Lovise Marte f 1860, g 1877 Tore Toresen Valgermo f ca. 1850.
Bustad Valgermo.

Lars Petter fekk skøyte på bruket frå Otte Olsen og Erik Eliassen Ramstad 20/10 1838, 1 mællag av kvar. I 1845 sådde han 1A t bygg, 2 t blk, $\frac{1}{4}$ t havre og 2 t poteter. Fôra 1 hest, 10 kyr, 20 sauher, 6 geiter og 1 gris.

I 1865: Sånad 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Buskap: 1 hest, 10 kyr, 20 sauher, 10 geiter, 1 gris. Bruket, som hadde lnr 115b og 116, hadde i 1860-åra 31 dekar god åker og dyrka eng, 62 dekar bra natureng, store utslåttar.

Lars Petter var jakteskipper og dreiv handel med varer som han førde med jakta. Medlem av kommunestyret 1838-1853.

Ole Andreas Larssen Ramstad f 1839 d 1925
g Karen Birgitte Pettersd. Melset (Monshaug) (1845-1917)
Br 1871-1921

- Born:
1. Lars Petter f 1870 d $\frac{3}{4}$ år
 2. Lars Petter Andreas f 1872, g p br
 3. Oluffa Johanne f 1875 d $\frac{1}{4}$ år
 4. Ole Johan f 1876, til USA 1899. Kona Berta var frå Hedmark.
Han d ca. 1957. Sjå Klokk bnr 12
 5. Petter Severin Olaus f 1880, g 1902 Berte M. Severinsd. Svinnset. Bustad bnr 2 Svinnset
 6. Anne Marie Oline f 1883, syerske, invalid
 7. Olivie Karoline f 1886 Ho hadde to born: Karen Olga f 1917 (far: Daniel Knuts. Kile) Oskar f 1927 (far: Anders A. Hauge, Sande)
 8. Hanna Petrine Karoline f 1889, g Olaf Synnes, fiskar. Bustad Synnes.

Ole fekk skøyte frå faren på lnr 116 og 115b, skyld 1—4—20, med hus bortsett frå ei sjøbu, for 200 spd, 17/12 1870. Kår.

1875: 1 hest, 8 kyr, 3 kalvar, 20 sauher, 10 geiter, gris. Sådde 2 t blk, 4 t havre, 5 t poteter. Kårmannen hadde 2 kyr, 9 sauher og 6 geiter.

Ole var skipper på Ramstad-jakta, «Trondhjemssfarer». Dreiv handel og tente pengar. Kjøpte fleire gardar. Jaktenaustet står den dag i dag.
I 1877 bygde han nye stovehus. Kjøpte slåmaskin under 1. verdskrig.

Lars Petter Andreas Olsen Ramstad f 1872 d 1948 g 1901 Olivia Iversd.
Hjorthol f 1876 d 1957 Br 1921-1947

Born: 1. Lisa Maria f 1901 d 1952 g Jon Artur Karlsen Ramstad f 1895
(br 7). Til USA (sjå s 62)
2. Klara f 1904, g 1927 Knut Pedersen Bjerknes frå Vigra, f 1913
3. Tea Marie f 1906 d 1908
4. Ole Ingvald f 1910, g p br
5. Ivar Torvald f 1912 d 1982, bygningsmann, g Marie Fiskergård
frå Fiskerstrand. Budde der
6. Jørgen Olaf f 1915, g 1946 Hjørdis Olsd. Løseth f 1912 på Klokk.
Bustad bnr 14 Klokk.

Vanleg buskap var 7 kyr, 7 sauер og hest. Dei flytte på Årsetsetra ca. 20 mai, derifrå til Fure-setra. Heim frå setra langt ute i september. Brukarane slo i kvar sitt gjerde på begge setrane. Kvart år hogg dei lauv: rispa lauv, mest av rogn. Ved vinterforinga heime la dei halm rundt høyvondlane, som skikken var. Dreiv med tilverking av famneved, som kjøparar ute frå øyane henta med motorbåt. Laga og trebytter.

På det meste hadde dei 5 dekar med korn, bygg og havre, mest havre, og alt vart skore med sigd. Bygg truska dei to gonger: trusking nr. 2 kalla dei «å tīne bygg».

Ole Ingvald Larssen Ramstad f 1910 g 1942 Hjørdis Hansd. Synnes f
1918 Br 1947-1981

Born: 1. Lidvar Olav f 1943, g 1969 Marion Eriksen f 1943 i Berlevåg.
Han er teleingeniør i Kirkenes
2. Oddbjørg Johanne f 1946, g 1973 Charles McConnico f 1944 i
Florida. Bur i New York
3. Hallfrid Jorun f 1949, g 1970 Eivind Tandstad
4. Leikny f 1955, gp br.

Skøyte frå faren i 1947 for 4000 kr. Kår. Har kjøpt traktor og bygt silo.
Lite høytørking i hesjar mot før.

Leikny Ramstad Schjønhaug f 1955 g 1980 Knut Øystein Schjønhaug f
1953 Oslo

Br 1981-
Born: 1. Andreas f 1981
2. Hege Iren f 1983

Har bygt hus på garden.

Bnr 6 CAPRALGARDEN

Det er berre få, sjølv på Ramstad, som i dag veit at der har vore eit bruk med dette namnet. Det er av nyare dato enn dei andre brukna. Den første brukaren her var

Jon Larssen (Ramstad) f ca. 1673 d 1733

g 1. Magnild Olsd. f ca. 1661 d 1728 sk. 24/4 1728

g 2. 1728 Gjertrud Olsd. d 1734, 50 år

Br 1698-1731

Ingen born i live. 3-4 dødfødde.

Førstekona hadde mange slektingar på Stranda og var truleg derifrå.

Andre kona var først tenestjenta hans og fekk klede etter 1. kona for 8 rd i tenarløn. Bryllaupet vart halde i Stordalen, og Gjertrud var vel derifrå.

Det er ukjent kvar Jon Larssen sjølv kom ifrå. Nils Larssen Ramstad var lagverje for Gjertrud.

I 1711 hadde Jon Larssen dreng med 2 rd i årsløn og jente med 1½ rd.

Bruket til Jon var av varierande storleik, og det er ikkje klart kvar han fekk jorda frå. Det som er sikkert er at jorda hans var av Abelsetparten. Ein gong stemnde jorddrotten hans, Christopher Abelset, Tore og Jetmund Rogne, «formedelst de skal have solgt dem (Jon Larssen og Lars Torsteinsen Ramstad) en båd for 8 rd og samme ej døgtig befunden, som dend dennem var solgt for at være, hvor ofuer de båden de selgende igjen haver ladet tilbringe, men ej nogen betaling tilbage bekommit». Forlik: Rogne-karane betalte 7 rd.

Brukte lengste tida vel 4 mællag.

Sk. 1728: 3 koparkjelar ca. 16 rd, 1 ambolt, tasak, børse, 1 kvern med reie og kvernhus, fleire øltønner og 3 kaggar, 1/6 i ein fjørendfar med framtau, segl og mast, 1 «tremenningsbåd» (!), fiskevegn, 1 dalefjøs, 1 hellehus, 1 båtnaust, 1/6 i eit større naust, 1 hest 8½ rd, 5 kyr, 3 kviger, 4 sauher, 3 lam, 3 geiter, 7 kje, 2 geiteskinn, 3 kalveskinn, 6 t bygg 10 rd, 5 t havre 5—3—12, tjøreveid for 7—5—4. Brutto eige 91 rd, gjeld 39 rd.

Sk. 16/9 1733: 1 bomme med lås, 1 lyregarn, gangklede m.a. 1 reve-skinnshue, 1 brøstduk, 1 strieskjorte, 1 striebukse, 1 «rødblæset grå hest» 4 rd, Stor buskap elles. Brutto 63 rd, liten gjeld.

Peder Halvorsen Klokk (br Cb) f ca. 1689 d 1766

g 1. 1730 Anna Pedersd. f ca. 1690 d 1757 g 2. 1758 Kari Andersd.

Br 1731-1751

Var brukar på Løvoll (br 3?) frå 1713.

Peder bygsla 2 mællag av Paul Abelset 28/7 1731, og brukte 2 mællag heile si brukstid.

Sjå Jon Arnesen på bnr 5 om klammeri mellom konene deira. I 1739 vart Peder stemnd saman med Ole Eriksen Ramstad for ikkje å ha halde eit forlik med oppsitjarane på Svinnset og Kråka om skoghogst.

Lars Nilssen Ramstad f 1719 d 1772

g 1749 Anna Persd. f 1721 d 1796

Br 1751-1771

Barn: Peder f 1751, d 11 dg

Bygsla 2 mællag av Knut Høeg 4/5 1751.

Ole Olsen Ytterdal f ca. 1740 d 1817

g Gjøe Pedersd. Fremste Årset f 1740 i Norddalen, d 1827

Br 1771-1808

Born: 1. Elling f 1772, soldat frå 1798 til 1810

2. Peder f 1773

3. Otte f 1775, g p br

4. Simen f 1777

5. Anne Helene f 1780 d 1834, g Anders Olsen Vinje.

Bygsla 1 pd 12 mk i Ramstad av Knut Høeg 3/10 1771. Då var han korporal, og garden fekk namn etter han. Vart sidan sersjant. Gjøe var syster til Sjur Pedersen på Ramstad bnr 7.

Ole Olsen vart kalla «den yngre», sidan der var ein eldre Ole Olsen på eit anna bruk. Ole vart ofte stemnd for gjeld. Vart i 1798 kalla «en yderlig fattig mand». I 1814 fekk han kår frå sonen: 24 v korn (1 v bygg, 11 v blk, 12 v havre), 1 v malt, 2 v humle, fôr til 2 kyr, 4 sauер og 2 geiter, «en lille have til poteter», brenneved. Måtte arbeide 6 veker i slåtten, 1 veke i plogtida og 1 veke for brenneveden.

Sk. 1817: Brutto 43 spd, netto 29 spd. Sk. 1827: Eige 7—4—6, gjeld 9—1—6 (fallitt).

Otte Olsen Ramstad f 1775 d 1839

g 1. 1810 Malene Olsd. Lyshol (Fjordg.) f 1774 d 1813

g 2. 1815 .Anne Olsd. Krogen f 1782, d 1871 (sjå s 101)

Br 1808-1838

Born: 1. Anne Oline f 1813, d 20 veker

2. Marie Oline f 1815, g p br (sjå s. 52).

3. Berte Gurine f 1820, g 1. 1839 Hans Severin Ols. Løvoll (br 3)

g 2. 1850 Ole Kristian Ols. Klokk (br C). Bustad Svinset (bnr2)
(sjå s 234)

4. Peter Karolus f 1817 d 8 dg.

Fekk skøyte frå futen Landmark 26/1 1808 for 145 rd på 1 pd 12 mk i Ramstad. Den nye skylda vart 1 skylddlr 1 ort 13 skill.

Som før nemnt vart bnr 5 Jogarden kjøpt av brukarane på bnr 2 og bnr 6 (Otte Olsen). Dotter til sistnemnde gifte seg med Lars Petersen Melset (bnr 1), som så fekk overta Capralgarden + ½ av Jogarden (lnr 115b), medan resten av Jogarden gjekk inn i bnr 2 Erikg. som lnr 115a. I 1838 heiter det at Lars Petersen Melset fekk skøyte på 2 bruk i Ramstad (lnr 116 og 115b).

Men då det var slutt på Capralgarden, vart bnr 6 ledig, og dette vart teke i bruk av ein plass under bnr 2, og fekk jord frå lnr 115a. Det var

Bnr 6 HOGGAPLASSEN (HOGGEN)

Lars Andreas Larssen Kilsti f 1816 i Norddalens, d 18/3 1872

g 1845 Petrine Eliasd. Ramstad (bnr 2) f 1819 d 1904

Br 1845-1872

Born: 1. Lars f 1844, var i 1875 ug skreddarlærling i Norddalens

2. Anne Jakobine f 1845, g p br

3. Elen Marte Petrine f 1848 d 1916, g Knut Andreas Sølfestsen Klokk (1850-1936) bnr 4

4. Lovise Henninge f 1850 d 1904, g Oluf Severinsen, hamnebetjent i Ålesund. (Ho hadde før ekteskap son Nils Ludvik f 1876 (far: Knut Nilssen Storheim). Etter Ålesundsbrannen budde Oluf m/fam. ei tid på Ramstad

5. Lars Petter Tomas f 1861, g 1884 Marit Toresd. Vigstadviken f 1856 i Skjåk. Lars var skipper på Oxøy, fyrstellet sin båt. Bustad Kristiansand.

Lars og Petrine var dei første på plassen og bygde husa der. Noko frå festesetelen frå Erik Eliassen Ramstad, dat. 1 juli 1845: «Stykket strekker sig under en Ager kaldet Lilleflaaten og ned på bakken, ligeledes en anden teig kaldet Fonnateigen, samt ½ i Søteigen og min andel i et udslætte kaldet Bugnæs. Desuden 3 st. udslætte i Fasteindalen, nemlig: En øst for Nysætervandet, en kaldet Snehytmyren og en teig hjemmenfor Sjursgaarden, som bliver enten Furreteigen eller Quittleigen. En skogteig ovenfor Søteigen, ved indre Hammeren og opp til bnr 1, og et stykke i frå Enerhaugen og så langt mot nordost som der i denne strekning findes nogen skov, for den os imellem omforenede leiesum 25 spd. . . . 4 ort i årlig

landskyld . . . Pliktarbeid: 1. og 3. uke i slåtonnen, samt hans kone den 2. uke når hennes krefter tillater det, 3 dg om våren og 3 dg om høsten, enten han eller hans kone. Da ingen huse er på plassen, er det en selvfølge at de hus leilendingen opfører, er hans eiendom.»

Hans Rasmussen Ytste Åkerne f 1834 d 1916

g Anne Jakobine Larsd. Ramstad f 1845 d 1917

Br 1873-1916

Barn: Nils f 1876 i Stordalen.

Det var først no plassen vart fråskyld delt og fekk lnr 115c og bnr 6 med skyld 16 skill. Plassen hadde eit tunstykke på 5½ dekar og nord for det var Fannestykket på ca. 4 dekar. Utanom desse høyde ½ av Lille Rabben til Hoggen, likeeins Høggelanda i Fasteindalen og ½ av Bugenesslættet i Storfjellet.

Hans Rasmussen fekk skøyte på plassen i 1873 for 210 spd. Han var båtbyggjar. Broen Ole og kona budde og på plassen. Kona heitte Brit og dei hadde døtrene Anna, g Istad, Gina (Regine) g med ein nordlending Daniel, og Karen. Ole hadde stiv fot.

I 1875 sådde Hans ¼ t blk, 1 t havre og 1 t poteter. Fôra 2 kyr, 4 sauvar og 9 geiter.

Då Hans var død kjøpte Johan P. Ramstad frå bnr 9 plassen med hus (stovehus, løe og kvernhus) for 1500 kr. Kjøpekontrakt dat. 17/11 1916.

Johan Pettersen Ramstad f 1879 d 1958

sjå bnr 9

Frå 1916 har bnr 6 hatt same eigalar som bnr 9.

Bnr 7 STORTUENE

Det ser ut til at bnr 7 og bnr 8 var eitt bruk fram til 1645, med brukaren *Lars Larssen* (sjå bnr 8)

Knut Eriksen Langlo f ca. 1610 d ca. 1680

g 1644 Ales Nilsd.

Br 1645-1680

Barn: Knut f ca. 1655, g p br

I 1643 vart han dømd for lm med «sin festekvinde». Bot: «Af hans yderste formue 2 rd.»

Far til Knut Eriksen er ikkje nemnd i Stranda III, men han høyrer heime under Langlo 104 d: Erik Pedersen. Knut Eriksen er altså brorson

til lensmannen Knut Pedersen Langlo. Knut hadde ein part i Nysæter, som han selde då lensmannen kjøpte heile den garden.

Knut Knutsen Ramstad f ca. 1655 d ca.
1690 g Gjertrud Gulliksd. f ca. 1645 d 1729
Br 1680-ca. 1690, enkja til 1698
Barn: Jens f ca. 1688, g p br
I 1675 brukte Knut Knutsen 1 mællag 5 mk. Enkja g 2. med

Peder Amundsen f, ca. 1658 d 1728

Br 1698-1710

Peder Amundsen er ikkje nemnd i matr. 1700, men må vere utegløymd, for den samanlagde skylda til dei som er nemnde er 36 mk under 5 v, og 2 mællag er nett det som Peder Amundsen brukte. I manntalet 1701 er Peder med.

Jens Knutsen Ramstad f ca. 1688 d 1732
g Kari Pedersd. Klokk f ca. 1687 d 1752
(Truleg dtr. til husmann Peder Knutsen Kloksfjæren)
Br 1710-1732, enkja til 1735

Born: 1. Knut f 1714 d 1765, g 1739 Siri Pedersd. Sunde. Knut hadde før ekteskap dtr. Magnil f 1732 (mor: Kari Andersd. Aure). Han var visst noko vill av seg i unge år. I 1736 var han tenar hjå Hans Møller. Då kom han i slagsmål med Hans Knutsen Dimmen som vart «lederet i andsiehtet og til dend høire armb saaledis slagit at han icke til sit arbeide har været bequemlig». Knut måtte ut med 6 lodd sølv til hospitalet og 6 rd til Hans Dimmen. - Året etter var Knut med på å dra ein kjempefæring opp på eit nausttak i Skodje.
- Han og kona bygsla gard i Myklebust, Borgund
2. Ole f ca. 1717, g 1755 ek. Kirsten Timandsd. Klokkersund, g 2.
1768 ek. Berte Ingebrigtsd. Åse f Langøy 1727
3. Kari f 1718
4. Kari f 1721, g p br
5. Gjertrud f 1723, g 1750 Anders Knuts. Langlo
6. Gyri f 1726, g 1767 Peder Larss. Stennes, Hjørundfjord.
7. Peder f 1729. Kf i Borgund 1747. Hadde barnet Arne f 1752
(mor: Anne Steffensd. Lied, Stranda (1717-1762).

Jens Knutsen var medhjelpar.

Sk. 7/10 1732: 2 tasakar, 1 ambolt, 1 naust, 5 kyr, 1 raud merr, 5 sauvar, 10 geiter, 1 bibel, Verdens beskrivelse, Johan Arndts Sande Christendom,

Den fattige Mands Hushog, Norges Beskrivelse, Christi Efterfølgelse, Den bestjernede himmel, Taarepersen, Den himmelske hverdag, Kingos 1. og 2. part, Luthers beskrivelse, Den moralske bibel, 1 visebog, 1 gammel haandelig (!) haandbog, 1 gl. evangelisk bog, 1 cathechismus forklaring, Livsens sande vei.

Brutto eige 67 rd, gjeld 86 rd.

Enkja gifte seg att med

Lars Eriksen Svinset (bnr 2) f ca. 1692 d 1754
g 1734 ek. Kari Pedersd. Ramstad f ca. 1687 d 1752

Br 1735-1747

Lars bygsla 2 mællag 9½ mk i 1735 av Paul Abelset. I 1742 brukte han 2 mællag 12 mk.

Sk. etter Kari 1752: 21 rd, gjeld vel 3 rd. Då var Lars «gammel og svak» (59 år) og hadde svogeran Elling Iversen Ytreberg som formyndar.

Knut Knutsen Habostad f 1718 d 1798
g 1747 Kari Jensd. Ramstad f 1721 d 1781
Br 1747-1772

Born: 1. Marte f 1748, g Knut Olsen Vestre

2. Berte f 1750 d 1824, g 1799 em. Peder Petersen Jordskar, d 1830,
77 år
3. Kari f 1752, d 1762, 9½ år
4. Lars f 1755
5. Erik f 1757, g til bnr 3 Ramstad.

På sommartinget i Honningdal hadde Knut Knutsen og Peder Petersen Ramstad begge vitne på at dei var så fattige at dei med kone og born hadde krept om dei ikkje no og då fekk hjelp. Dei hadde fått sitje med jorda, men hadde ikkje kunna betale. Knut hadde bygsla 2 mællag 12/9 1747 av Knut Høeg.

Syver Pedersen Fremste Årset f 1746 d 1786
g Ingeborg Hoversd. Eide d 1794

Br 1772-1786, enkja til 1789

Born: 1. Martinus f 1773 d 8 dg

2. Peder f 1774 d 1812, ug 38 år
3. Sakarias f 1776, levde i 1794
4. Gulov Petrine f 1779, d 23 veker
5. Håvert (Halvor) f 1780 d 1809. Var soldat frå 1801, såra ved

Trangen 2/10 1808, d på Kongsvinger 17/3 1809

6. Eli f 1783. unemnd 1786.

Sjur (Syver) var bror til kona i Capralgarden. Han bygsla 2 mællag i Ramstad 18/9 1772 av Knut Høeggs dødsbu.

Sk. 1786: Eige 19 rd, gjeld 25 rd. Sk. 1794: Brutto eige 7—5—12, gjeld 6—3—3.

Benedikt (Bendik) Knutsen Fausa f 1758 d etter 1820

g 1787 Astri Jonsd. Ramstad (bnr 9) f 1749 d 1807

g 2. Agnete Rasmusd. Solem, Nordfjord sk. 1832

(syster til Ole Rasmus Rasmussen Øvre Søvik, bnr 3)

Br 1789-1812

Born: 1. Knut Andreas f 1787, g p br

2. Ingeborg Gurine f 1790 d 1881, g 1821 em. Lars Peter Eriksen
Nysæter f Ramstad (br 3).

Bygsla 1 pd 12 mk i Ramstad 23/5 1789 av Lars Knutsen Hove. Kår til
Ingeborg Hoversd.

Sk. i 1807: 68 rd, gjeld 37 rd.

Sk. etter Agnete 2/8 1832: Brutto eige 21 spd, netto 9 spd. Auksjon 29/9
1832: 1 svart einskjeftes stakk, 1 løden saueskinns trøye, 1 kalveskinns
fell, 1 kvit ersau, 1 ku Skautrei 7 spd, 1 ku Lykkenborg 8—2—12, i alt for
26 spd.

Knut Andreas Bendiksen Ramstad f 1787 d 1871

g 1812 Olave Andersd. Melset (bnr 6) f 1781 d 1855

Br 1812-1839 (heile), til 1841 (halve)

Born: 1. Bern Andreas f 1814, d 14 dg

2. Anne Marie f 1816, g p br

3. Bastiane Marta f 1819, g 1849 Erik Olsen Almeskar.

Som soldat var Knut 1,74 m høg (66½ tommar, som var høgt for den tida).

I 1825 vart Knut stemnd for ein gjeld på 6—3—2. Kunne ikkje provast og
han vart frikjend.

Sivert Petter Olsen Brune f 1810 d 1898

g Anne Marie Knutsd. Ramstad f 1816 d 1894

Br 1839-1841 (halve), 1841-1873 (heile)

Born: 1. Peter *Bastian* f 1838 d 1932, g 1. Oline Lande, g. 2. Severine

Jensd. Vestre. Bustad Egge

2. Knut Olaus f 1840, g Anne Pedersd. Sjøholt. Plassefolk på
Skodje.

3. Karen Olave f 1842, d 6 veker
4. Ole Kristian f 1843, g Oline Løset R. Bustad Stenødegård, Vestnes
5. Peter *Johan* f 1846, g p br
6. Karl Andreas f 1848 d 1871, ug
7. Sivert Andreas f 1851 d i Vefsn 1877
8. Rasmus Karolus f 1853. Tok namnet Stenødegård.

Bygsla bruket 22/11 1840 av Ole Larsen Amdam.

1845: 2 hestar, 7 storfe, 8 sauher, 4 geiter. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, $2\frac{1}{2}$ t havre og $1\frac{1}{2}$ t poteter.

1865: 1 hest, 8 kyr, 18 sauher, 10 geiter, 1 gris. Sådde 3 t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre, 3 t poteter.

Bruket hadde i 1860-åra 24 dekar god åker og dyrka eng, 31 dekar bra natureng, store utslåttar, meir dyrkbar jord. Litt bjørkeved til sal. Tungbrukt.

Sivert var ofte stemnd for forlikskommisjonen for smågjeld.

Peter Johan Sivertsen Ramstad f 1846 d 1942

g Olave Olsd. Svinnset (br 2) f 1852 d 1942

Br 1873-1895 (heile) 1895-1904 (halve)

Born: 1. Karl Andreas f 1871, g p br

2. Anne Birgitte f 1876, g 1899 Ole Andreas Johansen Løseth f
1873. Bustad Klokk. Landhandlar.

Bygselsetel frå Eli Størkersd., enkja etter Jørgen Olsen Amdam, på $\frac{1}{2}$ bruket 21/1 1873. Skøyte på den andre $\frac{1}{2}$ av bruket 21/1 1873 frå Anne Larsd. Amdam.

Ein gong var Johan uti Bugane for å få ned strengar, og ein floke sette seg fast under ein foss. Då visste han ikkje anna råd enn å kle seg naken og gå bort under fossen. Han fekk løyst floken, men då meinte han sjølv at han vart så nedkjøld at det stod om livet.

Ein gong han var plaga av tannverk, var han på veg til ei plassekone på Kråka for å få sett på iglar: det skulle hjelpe. Han gjekk over elveisen og datt i gjennom, og då fekk han slik ein støkk at tannverken var vekk og han slapp iglekuren.

Johan var med på Ramstad-jakta på Trondheimsturar. Dei reiste masta inne på Murteberget, for der var det høveleg bratt. Så var det å laste inn smør, ost, kjøt, skinn og anna. -Johan dreiv òg fiske. Han var den einaste som vart berga av båtlaget då desse omkom: Magnus Melset (Olmang.), Lars Petter Kroken, Tu-Jakob (Ramstad) og ein dreng frå Ramstadbøen i 1882.

Buskap og sånad 1875: 1 hest, 6 kyr, 1 kalv, 12 sauher, 10 geiter. (Kårmannen hadde 2 kyr og 5 sauher.) 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter.

Karl Andreas Johansen Ramstad f 1871 d 1904

g 1894 Kristofa Halvorsd. Tennfjord f 1872 i Vatne d 1960

Br 1895-1904 (halve), enkja 1904-1953 (heile)

Born: 1. Jon Artur f 1895 i Vatne, til USA 1923, g 1926 Lisa Maria Larsd.

Ramstad f 1901 d 1952 (frå bnr 5)

2. Halvdan f 1898, utv til USA 1923. Bur i Seattle

3. Sigvard Kristian f 1900 d 1952, g Haldis Olsen f 1916 i Lenvik

4. Ole Gustav f 1903

Kristofa fekk skøyte på svigerfaren sin part i br. 19/1 1905. Skøyte på $\frac{1}{2}$ av bruket 26/8 1895 frå Ole J. Amdam.

Ole Gustav Karlsen Ramstad f 1903 g 1951 Sofie Tandstad Flaate f 1913.

Gustav reiste til Amerika i 1926, og bur i Seattle. Etter at faren døydde, dreiv mora garden saman med svigerforeldra og sønene etter kvart som dei voks opp. Då mora døydde kjøpte Gustav bruket, og han og kona er på Ramstad kvar sommar. Husa er gamle. Den eine enden av stovehuset vart nya oppatt i 1881. Det var vanleg å nye opp att berre ein ende av huset, og så ein gong seinare fornye den andre enden.

Husmenn under brn 7.

Torstein Hoversen

Han brukte 16 mk ei tid fram til 1706,

Lars Jakobsen Melset f ca. 1699 d 1766

g 1. 1733 Brit Larsd. Ramstad (ca. 1702-1749)

g 2. 1750 Mari Pedersd. Ramstad (ca. 1704-1753)

Plm 1733-1741, sidan husmann.

Born: 1. Madli f 1733 g em. Ole Bodvarsen Ålesund

2. Anne f 1734 g 1 Ole Olsen Svindset, g2 Elling Nilsen Svinset

3. Brit f 1736 g Åmund Størkersen Måseide. Sk etter begge 1799

4. Marte f 1734 g 1788 Ole Bernts. Ålesund

5. Lars f 1745. Til Aure (Knutg.), så til Andestad (Peg.)

Sjå s 40 under Peder Knutsen.

Lars Rasmussen Vestre f 1725 d 1761

g 1752 Siri Olsd. Løset S (bnr 1) f 1727

Br 1752-ca. 1754

Born: 1. Guri f 1753

2. Marte f 1755

3. Lars f 1758 Brukte 1 mællag 6 mk. Dei budde sidan på Liset og på Løset S.

Halkjell Gammelsen Døving f 1700 d 1775

g 1727 Anna Larsd. Dyrkorn

Born: 1. Arne f ca. 1729

2. Berte f ca. 1734 d 1751, 17½ år

3. Nils f 1738, d 5 dg

4. Ingeleiv f 1740, g 1767 Arne Nilssen Dyrkorn Øvre f 1735.
Denne familien budde i Norddalen før dei kom til Ørskog.

Arne Halkjellsen Ramstad f ca. 1729
g 1. 1756 ek. Marte Larsd. Ramstad f. Lade (sjå s 74)
(enkje etter husmann Mogens Pedersen Ramstad)
g 2. Berte Amundsd. Giskemo f 1742
Sjå Klokk. Arne budde på Klokk då systera Ingelev gifte seg.

Bnr 8 SMÅTUENE

Som nemnt under bnr 7 hadde bruka 7 og 8 truleg same brukar fram til 1645. Det var

Lars Larssen

Br ca. 1606-1645 (br 7 og 8)
Br 1645-ca. 1656 (br 8)

I 1609 la han 1 mæle i korntiend, det same i 1636, elles oftast mindre. I 1646 var skylda hans 3 mællag 7 mk, lengste tida 3 mællag. I 1645 la han koppskatt for seg og kona, og hadde då både dreng og taus.

Nils Olsen f ca. 1630 d ca. 1717

g 1. Berette Olsd.
(Han låg for tidleg med «sin festemø» i 1654)
g 2. Gjertrud Størkersd. Ramstad frå bnr 4, d før 30/11 1720
(½-syster til Størker Syversen Ramstad, bnr 5)
Br ca. 1656-1658, 1664-ca. 1690
Born: 1. Marte f ca. 1661 d 1752, g Ole Ols. Ytre Ekornes bnr 1
2. Lars f ca. 1665, unemnd i sk.
3. Johannes f ca. 1669, g til Tu bnr 1
4. Anne, tenar på Ramstad
5. Nils f ca. 1680, g p br.

Nils brukte 4 mællag i 1657, men hadde mindre buskap enn mange med langt lågare skyld. Han la krøterskatt av 1 hest, 3 kyr, 2 sauер og 2 geiter - 2 slettmak 6 skill.

Brukstida hans er nokså uviss. Han er ikkje nemnd som brukar mellom 1658 og 1663. I 1664 la han kyrkjetiend, men er unemnd i 1665. I 1666 er han nemnd på nokre lister, unemnd på andre. For alt ein veit kan han ha vore brukar samanhangande ca. 1656-ca. 1690. Han brukte 3 mællag i 1666, 3 mællag 10 mk i 1682. Same året vart han klaga for å ha brent tjøre om sundagen, men det kunne ikkje provast og han vart frikjend.

Steffen

Br 1664-1666

i lag med Nils Olsen. Sidan unemnd.

Knut Jonsen Ramstad (frå bnr 1?)

Br ca. 1690-1700

Han brukte 3½ mællag i 1694.

I manntalet for 1701 er ingen brukar nemnd på dette bruket. I tida 1700 til 1706 er det uvisst om bruket i det heile vart drive, og ukjent kven som var brukar om der var nokon. Den neste som ser ut til å høyre heime her er

Lars Torsteinsen Kyrkjesteinen f ca. 1674 d 1744

g Brit Larsd. f ca. 1642 d 1741, 99 år

Br 1706-1721 (heile), 1721-1744 (halve)

Han er ein stad kalla husmann, men brukte så pass mykje jord at han må kallast brukar. I 1725 vart han kalla «en af Christopher Abelsets landbønder», og i 1742 brukte han 1 mællag 6 mk. (Sjå Jon Larsen Ramstad bnr 6.)

Nils Nilssen Ramstad f ca. 1680 d 1735

g Kari Larsd. Dyrkorn f ca. 1683

Br 1721-1735, enkja til 1736

Born: 1. Gjertrud f 1724, g p br

2. Marte f 1726, g 1757 Ole Sjursen Gjære.

Sk. 16/6 1735: 1 raud merr, 2 kyr, 1 kalv, 2 fjorsverar, 2 sauер med lam, 4 geiter, 1 fjors haine, 1 t bygg, 4 t havre. Johan Arndt Sande Christendom, Verdens Contrafey, Davids Psalter sangvis, 1 kirkesalmebog. En rigtig vei til livet, Bedendes kjede, 1 liden borgestue som den sal. mand på en øde tuft har opbygt, vurdert til 5 rd. Eige 27 rd, gjeld 5 rd. Enkja gifte seg att med

Paul Tormosen f ca. 1672 d 1738

g 1736 ek. Kari Larsd. Ramstad f ca. 1683 d 1745

Br 1736-1738, enkja til 1741

Ole Monsen f 1716 d 1746 sk. 1747

g 1744 Gjertrud Nilsd. Ramstad f 1724 d 1804

Br 1741-1746

Born: 1. Kari f 1744

2. Kari f 1745

(berre 1 Kari er nemnd i sk. 1747)

Sk. 6/5 1747: Brutto ca. 29 rd, gjeld ca. 17 rd.

Gjertrud gifte seg ein gong til (1747), med

Peder Pedersen Kjølås (Larsgarden) f 1713

Br 1747-1777

Born: 1. Pernille f 1748, g p br

2. Massi f 1751, g Arne Pedersen Hæsten. Borgund

3. Gjertrud Gurine f 1754 d 1770

4. Olave f 1758, g 1794 Rasmus Pedersen Sjøholt f 1759

5. Ole f 1761

6. Oline f 1768.

Peder bygsla 2 mællag av Knut Høeg 15/8 1747. Om Peder og andre i SSTb 22b s. 383b: (Dei er) «i så fattige og usle omstendigheder at de for at ernære eget liv og skaffe lidt til sine koner og mange børn hvoraf en del forefandtes vanvittige og med faldesyge, til deris livs ophold, har måttet fra et sted til andre betle sit brød og har ei det ringeste uden at samme forhen er pantsat for skattens betaling . . . Hvis folk ikke av barmhjertighed havde givet dem noget at leve av havde de gandske creperet af hunger og du har ei en skilling til de påbudte skatter» (1768).

Hans Nilssen Velle f 1749 d ca. 1830

g 1778 Pernille Pedersd. Ramstad f 1748 d 1806

g 2. 1807 Marte Olsd. Nedre Søvik f ca. 1770 d 1837

Br 1777-1825

Born i 1. ekteskap:

1. Gjertrud Gurine f 1778

2. Peter Magnus f 1782

3. Anders i 1784, g p br

4. Eli Petrine f 1787, g 1810 Ole Larssen Amdam.

Bygsla 2 mællag 20/12 1777 av Jørgen Abelset.

Sk. 1806: 83 rd, netto 74 rd.

I 1813 ervaðe Hans Nilssen ei stovebygning etter broren Nils Nilssen Fauskehagen. Den var av tømmer med blyvindauge og grue. Dette og andrehus var verdsette til 80 rd, men der var andre arvingar enn Hans til dette.

Anders Hansen Ramstad f 1784 d 1856

g 1825 Elisabet Petrine Olsd. Ekornes Indre (br 2) f 1796 d 1850

Br 1825-1847

Born: 1. Nils Andreas f 1825 d 1833 på Ikornnes

2. Olave Gurine f 1827, g p br.

Fekk bygselbrev frå Henrik Halvorsen Havog 31/5 1836. Anders Hanssen prøvde i 1831 å få dei andre brukarane på Ramstad med på eit forlik om utskifting av åker og bømark, og i 1833 av både innmark og utmark.

I 1835 vart Anders stemnd for ikkje å ha gitt enkja Marte Olsd. Ramstad det kåret ho skulle ha. Ole Olsen Søvik hadde skaffa Marte Olsd. husvære og kosten mot å få godtgjersle av Anders, og det vart forlik i begge desse sakene. Derimot ikkje i ein tvist mellom Anders og Peter Petersen Jordskar om ein hestehandel. Det var Anders som var stemnd for forlikskommisjonen. «Anders forlod værelset straks.»

Ei flå opp i fjellet er oppkalla etter Anders: Tu-Andersflåna, der krøtera sette seg fast. Samanhengen er truleg at Anders var flink til å gå i fjellet og tok seg fram der andre gav opp.

1845: 1 hest, 6 kyr, 12 sauvar, 5 geiter. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, 2 t havre, 1 t poteter.

John Pedersen Hauge eller Åkernes f 1823 d 1902

g 1847 Olave Gurine Andersd. Ramstad f 1827 d 1886

Br 1847-1872

Barn: Lovise Marta, f 1848, g p br.

John (Jo i daglegtalen) bygsla bruket 13/12 1847 av Henrik Halvorsen Havog. Kår.

Bruket hadde i 1860-åra 24 dekar god åker og dyrka eng og 31 dekar bra natureng. Store utslætte. Meir dyrkbar jord. Litt bjørkeved til sal. Tung brukt.

1865: 1 hest, 7 kyr, 12 sauvar, 10 geiter, 1 gris. Sådde 2 t blk, 3 t havre, 3 t poteter.

Jens Jakob Ingebrigtsen Nikolaisen Erstad br 9 f 1844, d 4/3 1882

g 1872 Lovise Marta Johnsd. Ramstad f 1848 d 1918

Br 1872-1882, enkja til 1884

Born: 1. Johanne Olave Petrine f 1874, g Edvard Toresen Løvoll (bnr 1)

2. Nikoline Petrine Lovise f 1878, g Iver Larssen Klokk (Olag.)

3. Johan Laurits f 1881, g 1906 Berte Olsd. Løset S. (sjå s 315)

Bygselsetel 14/9 1872 frå Ole Karolussen Brøvoll. Kår.

1875: 1 hest, 1 føl, 6 kyr, 11 sauvar, 7 geiter. Sådde 2 t blk, 3 t havre, 5 t poteter. Kårmannen hadde 2 kyr.

Jakob omkom under fiske saman med fleire andre frå Dalen. Enkja gifte seg att med

Ole Andreas Olsen Jarnes br 8 f 1857 d 1848

Br 1884-1913

Born: 1. Jakobie Eline Kanutte f 1884, g p br

2. Ole Severin f 1889 d 1893.

Bygselsetel 25/11 1884 frå Ole Karolussen Brøvoll mot førsterett til bygsel
for eitt av borna til Jakob Nikolaisen når bygsel vart ledig.

Martin Oluf Karlsen Melset br 8 f 1890 d 1968

g 1912 Jakobie Eline Andreasd. Ramstad f 1884 d 1978

Br 1913-1959

- Born: 1. Johan f 1912, g Kjellaug Hansd. Hole Drotningshaug f 1924.
Bustad Lade. Han har vore sjåfør i Billaget og har arbeidd i
Statens Veivesen
2. Ole Andreas f 1914, g Sylvia Tidemann Andersen frå Kristian-
sand. Han er frisør i Kristiansand
 3. Konrad f 1916, p br
 4. Lovise f 1918, g bør Ragnvald Giske. Bustad Giske
 5. Sverre f 1920, g Haldis Giske. Ho var kontordame i Ålesund. Han
først møbelnsnikkar, sidan bør Giske
 6. Norvald f 1922, g 1952 Olga Andreasd. Løset R. (s.d.)
 7. Jakob Martin f 1925, g 1953 Bjørg Skårhaug frå Sande. Skomakar
i Sandefjord. Vart skada ved Jotunulukka
 8. Edvard Kåre f 1827, g Judit Gamlem. Frisør i Søgne.

Martin kjøpte bruket. Han fekk høgre handa avkappa av ei elektrisk sag.
Slutta med geiter i 1920. Vanleg buskap 6 kyr, 2 kalvar, 1 hest, 1 føl, 10-
12 sauер.

Konrad Martinsen Ramstad f 1916 d 1971

Br 1959-1971

Han var ugift. Dei fann han død ute på marka. No eig syskena bruket i
lag, men andre slår der.

Husmenn under bnr 8.

Gullik Olsen Ramstadfjæren f 1725 d 1786

(Fødd på Melset, son til Ole Iversen Melset f Furstrand og Berte Gulliksd.
Melset, bruk Ba. Var først brukar der.)

g 1. 1746 Gjertrud Pedersd. Ramstad f 1721 (dp 1/1 1722) d
1749

(dtr. til Peder Knuts. Krogen og Berte Larsd. Ramstad)

g 2. 1750 Ingeborg Sjursd. Svarteløk f ca. 1726.

Gullik budde lenge på Melset før han kom til Ramstadfjæren.

Born: 1. Gjertrud f 1750, g p pl

2. Anne f 1753, g 1806, legdslem

3. Kari f 1755, g 1789 Lars Bertelsen Jelle, Stranda

4. Berte f 1758 d 1818, ug legdslem.

Sk. 1786: Eige 3 rd 2 skill., gjeld 6-4-2

Halkjell Gregoriussen Fivelstad f ca. 1748 på Hole i Geiranger, d 1831

g Gjertrud Gulliksd. Melset f 1750 d 1825

Born: 1. Gregorius, g 1. Ragnhild Amundsd. Gjørva, g 2. dtr. til Jon

Halvardsen Kleiven. Gregorius vart plm på Abelset i 1819

2. Rafael f 1789, utviklingshemma, gjekk rundt og tigga, d 1849,
legdslem

3. Ingeborg f 1791.

Denne familien budde ei tid på Melset, så på Klokk. Hadde ikkje jord på Ramstad. I 1820 sette dei i pant eit stovehus på Klokk ved eit lån frå Peter Melset (bnr 1).

Bnr 9 HAUGBAKKANE

Guttorm Lauritsen

Br 15. .-1615, enkja til 1624

Born: 1. Jon f ca. 1586, g p br

2. Lars f ca. 1606

Guttorm la i 1606 1½ fj i korntiend. Vart i 1611 utreidd til Kalmarkrigen av Knut Krogen og Torgils Svinset.

Jon Guttormsen Ramstad f ca. 1586

Br 1624-1657

Barn: Guttorm f ca. 1626, g p br.

I 1645 la han 16 skill. i koppeskatt for seg og kona. Hadde i 1650 restgjeld 2½ rd på ei ku til Hans Lauritsen. Som kårmann var han i 1660 i lag med sonen og bygsla 1 mællag jord.

Guttorm Jonsen Ramstad f ca. 1626

Br 1657-1674

Betalte ½ rd 8 skill. i krøterskatt av 1 hest og 6 kyr (1657).

Jon Kolbeinsen f ca. 1634 d 1720

g N. N. Nilsd. Lukkedal

Br 1674-1711

Born: 1. Kolbein f ca. 1671

2. Amund f ca. 1677, g p br.

Jon Kolbeinsen hadde vore soldat, fortel manntalet 1701.

Amund Jonsen Ramstad f ca. 1677 d 1757

g Ingeborg Jonsd. f ca. 1668 d 1746

Br 1711-1743

Born: 1. Tore, lm 1730 med Kari Pedersd. Øgard. (Barnet: Inger f 1730)

2. Jon f c a. 1714, g p br. Bygsla 1¼ mællag av enkja etter Ole

Larsen Abelset, Maren, 1/3 1711.

I 1725 stemnde han Jon Larssen Ramstad (bnr 6) for 5 bytesteinlar som han hadde funne oppkasta og lagt 4-5 famnar inn på si mark. Same året vart Jon Larssen stemnd av Nils Larssen Ramstad i ei liknande sak.

Jon Amundsen Ramstad f ca. 1714 d 1764

g 1744 Anne Andersd. Fr. Fausa f ca. 1717 Br 1743-1764, enkja til 1766

Born: 1. Knut f 1745

2. Amund f 1747, g p br

3. Astri f 1749, g 1787 Bendik Knutsen Fausa f 1758

4. Elling f 1752? dp 7/1 1753

5. Ingeborg f 1752? (tvill.), d ug 1788 på Indre Skodje

6. Berte f 1755

7. Synneve f 1759, d 8 dg

8. Elisabet f 1761, g Lars Bodvarsen Fausa (1752-1829).

Bygselsetel på 1 mællag frå Knut Høeg 31/10 1743.

Sk. 1764: Brutto ca. 70 rd, netto ca. 6 rd.

Anne Andersd. var syster til Brit Andersd. g Erik Eriksen Svinset (bnr 2)

. Anne gifte seg att med

Ole Olsen d på Sjøholt 1784, 73 år

g 1766 ek, Anne Andersd. Ramstad, d Sjøholt 1795?

Br 1766-1783

Barn: Peder f 1773.

Ole brukte 2 mællag. Han vart kalla Ole Olsen den eldre, til forskjell frå Ole Olsen d.y. på bnr 6.

Amund Jonsen Ramstad f 1747 d 1813
g 1779 Sylvi Helgesd. Melset (br 1) f 1746 d 1818
Br 1783-1793

Born: 1. Jon dp 6/1 1780 d 1788

2. Berte Olave f 1781, til Borgund 1833, g 1835 em. Karl Rasmus-sen Alnes f ca. 1791
3. Lars f 1784, soldat frå 1808, d i Bergen 1824 (sk. brutto 94 rd, netto 75 rd)
4. Størker Olaus f 1786, d 1845, g 1818 ek. Karen Eriksd. Langø f Rot (1758-1821)
5. Berte f 1790 d 1870, til Borgund 1826, g 1832 em. Rasmus Ols. Taftlund f c.a. 1799
6. Helge f 1793, til Ålesund, g 1827 Elen Knutsd. Rørstad. Bustad Mikalg. Røstad bnr 2.

14/9 1829 var det tillyst auksjon over lausøyre som Berte Olave og Berte hadde fått i arv. Men formyndarane Elias Eriksen Ramstad og Ole Olsen Søvik møtte og fortalte at alt var oppbrukt til dei, etter som den eine hadde vore sjukleg i lang tid og hatt utgifter til doktor og medisin, og den andre hadde hatt «et uekte barn å forsørge». Ingen auksjon.

Amund Jonsen brukte 1½ mællag som han bygsla av Jørgen Abelset 12/3 1783.

Ebbe Jenssen Kvammen f 1761 d 1833

g Eli Knutsd. f 1769 d 1848

Br 1794-1833

Born: 1. Knut f ca. 1794 d 1797, 3½ år

2. Johanne Gurine f 1797 d 1799
3. Karen f 1799
4. Karen Gurine f 1800 d 1808
5. Jens f 1803, g 1834 ek. Eli Olsd. Solnørdal f Olesæter. Plassefolk på Holen under Solnørdal
6. Knut f 1806, vart borte 1833, like etter at faren døydde
7. Karen Gurine f 1809, g 1833 Sivert Martinussen Halvorsæter f ca. 1807. Ho d 1886
8. Gyri Oline f 1812 d ug 1833.

Bygsla 1 pd 3 mk av Nils Wind 15/4 1794.

Ebbe vart funnen i sjøen nedanfor Ramstad. Den 5. august var det forhør på Ramstad. Enkja fortalte at Ebbe var 76 år og skrøpeleg, men «ved fornuft». Han kom heim frå setreslåtten laurdag den 22. juli. Då var han trøytt og låg til kl. 11 sundag formiddag. Etter frukost gjekk han ut,

som så ofte, men då han ikkje var attkomen kl 17 vart ho redd for han. Ho fekk sonen Knut og nokre grannar til å gå og leite etter han. Dei fann han måndag formiddag i sjøen. Då kom Knut heim og sa at faren ikkje var funnen. Han gjekk ut att kort tid etter, for å leite vidare, som han sa, men han vart borte for godt. Sidan kom dei andre og fortalte at Ebbe var funnen. Eit av vitna var Elias Eriksen Ramstad, da 52 år. Han sa at Ebbe var ein saktmodig, fornuftig og strevsam mann, fattig. Dei hadde vore saman i setreslåtten. Sonen Knut Ebbesen var med på leitinga, men då liket vart funne, sa Knut at han ikkje orka å vere med når liket vart teke opp av sjøen, og gjekk heim.

Det synte ikkje skade på liket til Ebbe. Det hadde vore eit godt forhold i heimen.

Etter forhøret vart det vedteke at liket kunne gravleggjast på kyrkje-garden. Stien ned til sjøen gjekk over ein berghammer, og Ebbe kunne ha falle i sjøen og drukna.

Det vart halde off. auksjon 6/10 1834 i buet etter Ebbe: 1 djupt steinfat, 1 steintallerk, 1 massingstake, 1 ujustert voge bismar, 1 langorv, 1 skrin med lykel og lås, 1 smørkinne, 1 kyrkjepart, 1 part i kornmagasinet, 1 ulsblakk hoppe, 2 kyr Gullfjær og Skautrei, 8 sauier, Hans Hauges huspostill, 1 grovstilt salmebok, Adgang til Nådestolen, 1 lita hit. Brutto 72 spd, netto 63 spd.

Der var òg ein liten auksjon etter Knut 6/10 1834: Mest klede, brutto 8 spd, netto 4 spd.

Skøyte frå sorenskrivar Blakstad til buet etter Knut Ebbesen 12/4 1837, på bruket, verdsett til 150 spd. I nokre år vart bruket drive av paktarar.

Knut Ellingsen Svinnset (br 1) f 1808 d 1896

g Eli Jonsd. Brune f 1807 d 1880

Br 1834-1836

Dei flytte sidan til Nysæter (s.d.).

Den 27/2 1836 vart det halde forpaktingsauksjon, og den som fekk tilslaget var

Ole Ingebrigtsen Ytre Bjørdal frå Sunnylven, d 1838, 39 år

g 1830 Petrine Ellingsd. Hole, Sunnylven

Br 1837-1838

(Nordre Sunnmøre Auksjonsprot. nr 3 (1835-1845)).

Johan Iversen Fremstedalen f 1803 d 1880

1838 g Karen Sofie Toresd. Klokk (br 4) f ca. 1811 d 1896

Br 1838-1868

Barn: Jens Andreas f 1841, kf 1857.

Johan Iversen var son til Iver Stangbo fra Lom. Han bygsla bruket 11/6 1838 av Sjur Martinussen Halvorsæter m.fl. Han kjøpte stova til verfaren på Klokk i 1839, og i 1844 kjøpte han eit bruk på Klokk av enkja etter Ole Andreassen for 200 spd.

I 1865 sådde han 2 t blk, 2½ havre og 3 t poteter og Fôra 1 hest, 6 kyr, 11 sauher og 8 geiter. Då hadde bruket 18 dekar god åker og dyrka eng, 20 dekar bra natureng, meir dyrkbar jord, men garden var tungbrukt.

Johan Iversen var mykje med i styre og stell i bygda. Han var med i kommunestyret, var branntakstmann, med i fattigstyret, var medhjelpar.

På ein frivillig auksjon etter han vart det selt for 333 kr. (1890).

Ettermannen hans var av den tidlegare slekta på bruket, son til Jens Ebbesen, nemleg

Petter Elias Jenssen Solnørerdal f 1847 d 1925

g Karen Jørgensd. Løvoll (br 3) f 1847 d 1928

Br 1868-1908

Born: 1. Johanne Karoline f 1869, g Ole Petersen Jarnes br 8. Dei vart plasselfolk på Halvorsæter

2. Anne Birgitte f 1871, g Bastian Langnes fra Engesetdal. Vart gbr på Ekroll

3. Marte Oline Regine f 1874, meierske i Ørsta 1900, g 1902 med Knut Larssen Fausa. Bustad Fausa

4. Jens Rasmus f 1877 d 1890, difteritt

5. Johan Andreas f 1879, g p br

6. Jakobie f 1884 d 1898

7. Nikoline Jakobie f 1885, d ug 1976

8. Jemsine f 1892, d 1898.

Enkja etter Ebbe, Eli Knutsd. gav saman med andre skøyte på 3/5 av Haugbakkane til sonen Jens Ebbesen for 90 spd. 22/11 1847.

Petter fekk skøyte på garden ved sk. etter faren i 1853 mot panteretts utlegg til mora. Kår til Johan Iversen 4/7 1868.

Sådde i 1875 2 t blk, 3 t havre, 3 t poteter. Fôra 1 hest, 5 kyr, 2 kalvar, 12 sauher, 10 geiter og 1 gris. Då hadde kårmannen 1 ku og 2 geiter.

Petter Elias utvida stovehuset i 1905.

Johan Andreas Petersen Ramstad f 1879 d

1958 g 1907 Inga Rasmusd. Melset (bnr 1) f

1890 d 1981

Br 1908-1958

- Born:
1. Klara Jenny f 1908, g Alfred Olsen Klokk (br 8)
 2. Peter Ingvald f 1909 d 1917 (drepen av ein Stein som trefte han i hovudet)
 3. Ragnvald f 1911, g 1942 Anna Pettersd. Løset S, ho døydde i 1972. Bustad i Skodje
 4. Olav Johan f 1913, g Anne Vad. Sjå bd 1 s 432
 5. Jenny Antonie f 1915, d 1978
 6. Petter Kristian f 1917, levde i 1980
 7. Martin f 1920, bustad Aure. Sjå bd 1 s 463
 8. Jon Ingvald f 1924, g 1951 Kårhild Berg. Bur på Skodje
 9. Inge f 1932 d 1962. Mekanikar.

Johan Petersen fekk kjøpekontrakt 17/11 1916 på bnr 6 (s.d.)

Inga Ramstad

Br 1958-1963, då ho flytte til sonen Martin på Aure.

Ragnvald Ramstad

1976-

Han har skøyte på bruket, men bur på Skodje, der han driv møbelverkstad. Han kjøpte bnr 6 og bnr 9 på same tid. Ingen bur på bruket no, men huset vert brukt som sommarbustad.

Husmenn under Ramstad.

Jon nemnd 1603, 2 ort i skatt.

Guttorm, Knut nemnde 1606-1609.

Jon nemnd 1612, 1 kalveskinn i leidang.

Gjert nemnd 1623-24.

Grimb Torsteinsen Ramstad, nemnd 1626-28, også kalla strandsitjar.

Peder Knutsen Ramstadfjæren, skysskaffar, d 1726, 91 år

Knut Pedersen Ramstadnøst

Leiermål med Brit Larsd. Straume i 1712. Dei er fattige husmannsbarn. Lovde å gifte seg. Men då dei ikkje kunne skaffe pengar til bøtene, og Knut stod i gjeld for det han hadde fått til hjelp for sin vanføre far og gamle mor, og jenta gjekk med barnet rundt i bygda og tigga, så slapp dei med ei bot på 1½ rd og eit par veker på vatn og brød. I 1715 hadde dei fått

eit barn til. Då var han i militærteneste, men ho sa at dei skulle gifte seg. Og saka skulle utsetjast til Knut kom heimatt.

Knut hadde og lm med Anne Gundersd. Reiakovam. Då saka kom opp i 1714 var Knut i kongens teneste, og jenta hadde «ei andre vilkår og formue end et spebarn på armen». Ho fekk 14 dagar på vatn og brød.

Ingebrigts Ramstadnøst

Nemnd som husmann som betalar skatt, på ekstratinget på Abelset 14/6 1706. Han klaga over husmannsskatten. 1710: «Er død og kan følgelig ikke betale sin husmannsskatt.»

Knut Larssen Ramstad

g 1733 Sylvi Salomonsd. Tynes
Born: 1. Magnil, kf 1751, 19 år
. 2. Salomon dp 6/1 1733

Mogens Pedersen Ramstad d 1755, 64 år

g Marte Larsd. Lade (Jog.) sk. 4/5 1773
Born: 1. Anna f 1736, kf 1756
2. Marte f 1742, kf 1758 (sjå s 256 l 9 og 10)
3. Pernille f 1746

Familien budde på Barlindhaug i 1736. Marte Larsd. g 2. 1756 med Arne Halkjellsen Ramstad. Husmann under Ramstad br 7. Sjå Klokk under Husmenn.

Halkjell Gregoriussen Ramstadfjæren f Hole i Geiranger 1748

g Gjertrud Gulliksd. Melset f 1750
(dtr. til Gullik Olsen Melset og Ingeborg Sjursd. Svarteløk)

Ingeborg var 2. kona hans. Som kårmann flytte Gullik til Ramstadfjæren. Sjå Melset br Ba. og husmenn på Melset.

Barn: Bertil f 1777.

Mons Knutsen Ramstad f 1765

g 1802 Randi Olsd. Gjævenes (dtr til Ole Paulsen)
g 2. Synneve Knutsd. Ramstad f 1761 d 1825
Barn: Elina Marta f 1803. I 1806 budde ho og mora Randi som innerstar hjå Ole Pedersen Tynes. Mons d før 23/4 1804. Han skreiv seg for Strandabø ved giftarmålet.

Tore Knutsen Ramstadviken f 1777, frå Flåen
g 1809 Ragnhild Olsd. Øvrebust
Barn: Karen Sofie
Flåen i Stordalen vert i daglegtalen kalla Vika.

Em. Rasmus Halkjelsen Ramstadfjæren
g 1838 Andrine Ingebrigtsd. Fiskerstrand.
Ved giftarmålet var han 55, ho 45. Dei budde ei tid på Abelset.

Jon Olsen Ramstad
g Karen Oline Jakobsd.
Barn: Jakob Olaus f 1828, g1. N.N., g 2. 1879 Dorteine Pedersd. Amdam.

Ramstad
Bnr 1
2, lnr 115a, 10, 12, 15, 16
3
4
5
6 Capralg., 6 Hoggen
7
8
9
Husmenn.

Gnr 59 SVINNSET

Dette gardsnamnet finst og i Aukra, og begge stader meiner Rygh at namnet kjem av det gn. adjektivet svinnr (= rask, svint) og først har vore brukt i eit elvenamn, «Svinna», og at garden har fått namn etter elva. Er dette rett, må vel den som til dagleg vert kalla Storelva, i si tid ha hatt namnet Svinna.

Eldre former: 1603 Suinsetter, 1660 Suinsett, 1723 Svindsetter og Sving-setter, 1756 Svingset, sidan mest Svindset.

Garden ligg på austsida av elva, mellom Ramstad og Kråka, og elva er grensa mot Melset på andre sida,

Svinnset-tuna låg kanskje meir samla før utskiftinga i 1831. No ligg eitt nede på flata og grensar mot Kråka, medan dei to andre ligg eit lite stykke oppe i bakken ved vegen til Ramstad.

Som mange andre gardar var Svinnset med i saker om skoghogst i eldre tid. Slike finn vi i tingbøkene, t.d. tingbok nr 5 s. 38b (1663-1664) og tingbok nr 11 s. 59 (1682). Som nemnt under Straumsheim vart brukarane der og på Svinnset stemnde av Paul Abelset for ulovleg hogst i Ramstadstranda i 1739. Det vart hevda at dei hadde brote eit forlik frå 23/6 1728. Dei innstemnde gjekk til kontrastemning, og det vart vedteke å utsetje saka til der hadde vore synfaring på Ramstadstranda, og at ingen måtte hogge der til det var gjort. (SSTb nr 17a s 183 etc.)

Om utskiftinga i 1831 finn ein nærmare opplysningar i SSTb nr 34 s. 239.

1 nov. 1855 var der stor fare for at elva skulle gjere skade på jordvegen og husa, og arbeid vart sett i gang for å hindre dette.

I 1890-åra vart vegen omlagt ved Svinnset-brua, og det vart pliktarbeid for brukarane både på Svinnset og på grannegardane, for det meste tre dagsverk på kvar brukar,

Sjå innleiinga til Ramstaddalen om ein eventuell gravhaug på Svinnset.

EIGARAR

Alt i 1524 hadde Ørskog kyrkje jordegods på Svinnset og har vore eigar av meir eller mindre jord der til vårt århundre. I 1547 åtte ho 2 mællag. (Missale secundum ordinem Praedicatorum) (Norsk historisk kjeldeskrift-institutt). I første halvdel av 1600-talet hadde Hjørundfjord kyrkje fått seg ein part i Svinnset, g v 9 mk, men Ørskogkyrkja hadde bygselretten og åtte 1 v i garden. I 1683 hadde skylda auka, ørskogparten til 1 v 1 pd 3 mk og hjørundfjordparten til 2 pd 6 mk. I 1717 åtte Ørskog-kyrkja 1 v 1 pd 21 mk og hjørundfjordkyrkja 1 v. Alt var framleis kyrkjegods. I 1724 kjøpte Christopher Abelset Ørskog-kyrkja, og jordegodset til kyrkja var med i handelen, men då berre 3 mællag av Svinnset, og i tida utover vart begge kyrkjene lenge førde med like stor part, 2 pd 10½ mk. I 1790-åra åtte arvingane i Abelset-ætta 3 mællag i Svinnset og Hjørundfjord-kyrkja 3½ mællag. Fordi Abelset-ætta åtte part i Svinnset på 1700-talet, vart Svinnset også kalla proprietærgods.

Her skulle det høve å referere eit brev dat. 31/10 1898, til futen: «Gården Svinnset, bestående av 3 bruk, har frå gammel tid tilhørt for en del Ørskog og for en del Hjørundfjord kirker. Den del som tilhører Ørskog kirke er imidlertid noget mindre end den anden: av det her omhandlede bruk utgjør Ørskog kirkes andel 3 ort 19 skill. urevidert skyld, eller revidert M 1,26.

For en del år tilbake solgte imidlertid Hjørundfjord kirke sin andel til brukerne, og kom Ørskog kirke til således at eie sammen med disse: men



Svinnsetbrua - Kvelvingsbrua, mura av Brunstad-Magnus.

da et sådant felles eie i flere henseender viste sig uheldigt, har herredstyret under 15/10 1890 og 10/4 1894 for kirkens regning opkjøpt oppsiderne på bnr 2 og 3 deres andeler for henholdsvis kr 1400 og kr 1000, og Ørskog kirke således nu er full eier av begge disse bruk. Opsidderen på bnr 1, Ole Larsen, agter derimot nu at selge sin andel i bruket til sin sør Ole Olsen, som også andrager om at få kjøpe kirkens andel, hvilket herredstyret har indvilget . . . En del av husene på brukene har alltid vært leilendingenes eiendom.» (Kommunearkivet, Ørskog).

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gardsnr.: 83, 86, 82, 85, 42 i Ørskog. Svinnset vart rekna til skatteklasse øydegard i 1664. Gammal skyld var 1 pd 15 mk for kvart av dei tre brukena, ny skyld 1 dlr 3 ort 14 skill. for bruk 1 og 2, og 1 dlr 1 ort 23 skill. for bnr 3, for heile garden 4 dlr 4 ort 3 skill., revidert M 8,55.

Tienda var i 1667 2½ t havre 1 pd 8 mk ost, i 1714 2½ t havre, 3 skjepper bygg og 1 pd 4 mk ost. I 1724 var framleggget 1½ skjepper bygg eller 28½ skill., 2 t 3½ skjepper havre eller 1 rd 9⁴/₅ skill. og 1 pd 4 mk ost eller 37½ skill.

I 1774 la kvart bruk 1 ort 16 skill. i tiend.

Leidangen var 4 kalveskinn i 1667, 3 kalveskinn i 1673, sidan 4 kalveskinn. I 1714 2 mark 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

Bortsett frå eit par oppgåver midt på 1600-talet, vert Svinnset alltid nemnt med 3 brukarar (dei få unntaka har 2)

1606 3 mann

1626 Sår 5½ t havre. Fiskeri til havs

1657 3 hestar, 1 okse, 23 kyr, 15 sauher, 14 geiter

1666 Sår 7½ havre, avlar 25 t, kan fø 2 hestar og 27 kyr. Brenneved

1714 Sår 6 t havre, ½ t bygg, avlar 25 t havre, 3 t bygg. Kan fø 3 hestar, 24 kyr. Brenneved, 1 kvern

1724 Nok brenneved. Seter ¼ mil frå garden, 1 lita kvern til eige bruk.

Garden ligg ½ fjerding frå sjøen. Noko tungvunnen til høy og nokså viss til korn. Ligg farleg til for snøfond.

Sår ½ t bygg, 7 t havre, avlar 2 t bygg og 24½ t havre. Førar 3 hestar, 14 kyr, 6 ungdyr, 22 sauher og 19 geiter

1802 Sår 6 t havre, 1½ t blk, ¾ t bygg, 6 foll. Kan fø 3 hestar, 18 kyr, 42 småfe. Brenneved. Sommarbeite i heimeutmarka og på setra. Årviss kornavling

1835 Sår ½ t bygg, 6 t blk, 9 t havre og 2 t poteter. Føder 3 hestar, 20 storfe, 30 sauher, 12 geiter, 2 svin

1845 Før 3 hestar, 24 kyr, 41 sauher, 18 geiter. Sår ¾ t bygg, 6½ t blk, 8½ t havre og 3 t poteter

1865 Før 3 hestar, 25 kyr, 40 sauher, 30 geiter, 2 svin. Sår ¼ t bygg, 8¼ t blk, 12¾ t havre og 9½ t poteter.

Matrikkelarbeidet har litt andre tal, som vert nemnde under kvar brukar. Garden har meir jord som kan dyrkast. Har god hamnegang. Brenneved og litt bjørk til sal. Lettbrukt. 2 bruk er utsette for «flombrudd» som trugar med øydelegging

1875 Før 1 hest, 4 føl, 20 kyr, 5 kalvar, 37 sauher, 39 geiter, 1 gris. Sår 10½ t blk, 10½ t havre, 10 t poteter.

BRUKARAR

Bnr 1 HAUGANE (stum g i daglegtalen)

Torgils

Br 15. .-1617

I tida frå 1606 til 1612 la Torgils frå $\frac{1}{2}$ til 3 fj i korntiend, medan grannane på Svinset la $1\frac{1}{2}$ fj på det meste i denne tida. Saman med Knut Krogen reidde han ut Guttorm Larssen Ramstad til Kalmarkrigen. I 1613 skar han 20 tylfter bord. Sonen tok over bruket.

Elling Torgilsson Svinset

Br 1617-1635

Barn: Ei dotter vart gift på bruket, med

Paul Jonsen Løvoll f ca. 1600 d ca. 1670

Br 1635-1667

Born: 1. Jon f ca. 1632 d ca. 1695. Budde på Fausa og var far til Anders Jonsen Fausa, som flytte til Løset R, der 2. kona var frå
2. Elling f ca. 1646, g p br
3. Anne f ca. 1654 d 1729, g 1. Peder Knutsen Brune f ca. 1656, g 2.
Peder Simonsen Hove (ca. 1674-1754)
4. Ingebrigt f ca. 1656.

I 1642-43 er berre Paul og ein Laurits nemnde som brukarar på Svinset, men alt i 1645 er 3 brukarar nemnde att. Krøterskatt 1657: 1 rd 8 skill. for 1 hest, 10 kyr, 5 sauher og 4 geiter. I 1665 brukte Paul 3 mællag, dei to grannane 2 mællag kvar. Paul vart i 1653 stemnd for ulovleg skoghogst i Fausa-skogen og fekk bot. I 1661 vart han stemnd for ikkje å ha gjort skysspikta si, men hevda at han ikkje var varsla.

Elling Paulsen Svinset f ca. 1646 d 1721

g Anne Knutsd. f ca. 1653 d 1723

Br 1667-1714

Born: 1. Anne, g Knut Knutsen Fausa (Klausg.) (ca. 1636-1710)
2. Paul f ca. 1673, g p br.

Paul Ellingsen Svinset f ca. 1673 d 1734

g ca. 1710 Ragnhild Knutsd. Krogen f ca. 1686 d 1765

Br 1714-1734, enkja til 1736

Born: 1. Brit f ca. 1711 d 1782, g 1742 em. Jon Jonsen Valgermo f ca. 1710 d 1782

2. Elling f ca. 1712, g p br
3. Halstein f ca. 1719, g 1749 ek. Synneve Olsd. Flåte
4. Kari f 1721 d 1803, legdslem
5. Knut f 1724
6. Anne f 1727, g p br

Før han gifte seg vart Paul stemnd for lm med Siri Ellingsd. Svinset frå bnr 3 og lovde å gifte seg med henne. Betalte 3 rd 1 ort 12 skill. i bot. Son til Paul og Siri var Lars Paul som kom til Klokkerhaug og vart kalla Lars Tambur. Foreldra hans var trulova, men det vart sagt at dei ikkje kunne gifte seg då dei ikkje fekk bygsle noko jord. Begge vart gifte seinare, men ikkje med kvarandre. Paul vart i 1728 nemnd som ein av dei beste og mest suffisante menn i bygda.

Sk. 3/11 1734: 1 smie med belg, 1 børse, 1 hellebard og tasak, 1 kvern med reie, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar, 1 kjempefæring, 1 sildegarn, 6 torskegarn, 6 kyr. 7 sauer, 2 lam, 4 geiter, 1 merr 7 år 5 rd, 1 merr 1 år 2 rd, 6 t havre, 1 t bygg, tjøreveid 2 rd. Brutto 57 rd, gjeld 44 rd.

Elling Paulsen Svinset f ca. 1712 d 1746, 34½ år
g 1737 Anne Nilsd. Furlien (lv Nils Ramstad)

Br 1736-1746

Bygselbrev frå Christopher Abelset på 2 mællag 3 mk 1736.

Sk. 1746: 1 sølvbelte på 10½ lodd 5 rd, 1 do. på 16 lodd 10 rd, 1 lita sølvkjede 1 rd 3 mk. Brutto 141 rd, netto 121 rd. - Anne gifte seg att.

Ole Eriksen Vemøen f 1722 i Skodje
g 1747 ek. Anne Nilsd. Svinset f Furlien
Br 1747-1756
Bygselsetel på ½ v 3 mk 8/2 1747 frå Christopher Abelset.

Lars Olsen Melset br Ba, f 1731 d 1796
g 1756 Anne Paulsd. Svinset f 1727 d 1801
Br 1756-1796, enkja til 1798
Born: 1. Ole f 1756 d 1758
2. Siri f 1758 d 1780, ug 21½år
3. Ragnilde f 1761. Tente hos broren Elling til ho var 44 år. 1805
g Jens Knutsen Åsen
4. Elling f 1764, g p br
5. Ole f 1772, d 1795, ug 22½ år
Sk. 1797: Brutto 81 rd, netto 11 rd. Sk. 1801: Brutto 13 rd, netto 9 rd.

- Elling Larssen Svinset* f 1764 d 1838, br 1798-1830.
 g 1798 Olave Olsd. Fausa (Halkjellg.) f 1766 d 1842
 Born: 1. Guri Oline f 1799 d 1892, g 1824 Knut Eriksen Ramstad br 3
 2. Lars Andreas f 1801, g p br
 3. Halkjell f 1804 hadde før han gifte seg sonen Elling Olaus f 1830
 (mor: Karen Torsd. Braute) g 1840 Oline Olsd. Klokk br 6, f
 1816. Dei var ei tid husmannsfolk på Løvoll. Dei budde òg ei tid
 på Skodje (Indrevik)
 4. Knut Severin f 1808, tambur. Flytte til Jonsplass, Nysæter. Han
 hadde dottera Marte Katrine f 1829 (mor: Anne Eline Olsd.
 Svinset (bnr 3)).

Elling hadde i 1802 6 storfe, 1 hest og 14 smaler. Det året fekk Svinset
 ei ny kvern i tillegg til den gamle.

- Lars Andreas Ellingsen Svinset* f 1801 d 1868
 g 1830 Olave Olsd. Brune f 1802 d 1892
 (faster til Lovise som kom til Indre Ikornnes bnr 2)
 Br 1830-1863
 Born: 1. Elling Karolus f 1831 d 15 dg
 2. Henning Karolus f 1832 d ug 1889. Var far til Berte Tomasine
 Marie f 1861 (mor: Inger Berntsd. Løvoll)
 3. Elling Severin f 1834, plm på Kråka
 4. Ole f 1836, g p br
 5. Olave Marie f 1838 d 1918, g 1860 Syver Andreas Jenssen Lied
 f ca 1835
 6. Lars Petter Karolus f 1841, til Akslevoll, d 1905
 7. Karen Sofie f 1845
 8. Anne Eline f 1847, g til Vadset.

Lars Andreas sådde i 1835 $\frac{1}{4}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, $2\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.
 Fødde 1 hest, 8 storfe, 13 sauere og 5 geiter. Han var leiglending under
 Ørskog og Hjørundfjord kyrkjer (hadde fått bygselsetel frå dei 22/6 1830)
 og betalte 2 ort 22 skill. i landskyld. I 1843 fekk han ei stovebygning ved
 gåvebrev frå Marte Paulsd. Løset. Ved første ordførarvalet i Ørskog var
 Lars Andreas kandidat og fekk 63 stemmer då stortingsmann Ole Solli
 vart vald. I 1857 vart han oppsynsmann med førebuingane for ein even-
 tuell koleraepidemi i staden for Johan Iversen Ramstad. Fekk i 1860 3 spd
 72 skill. for skulelokale.

- Ole Larssen Svinset* f 1836 d 1920
 g 1863 Anne Eline Eriksd. Ramstad (Erikg.) f 1844 d 1897
 Br 1863-1899

Born: 1. Lars Elias Johan f 1865, g til Ramstad bnr 1

2. Ole Andreas f 1868 d 1871, 2½ år

3. Ole Andreas f 1875, g p br

Fekk bygselsetel 18/11 1863 frå Ørskog kyrkje, 45 spd i bygselavgift og 3 spd 36 skill, i 1864. Årleg landskyld 1 spd 48 skill., sidan kr 5,60.

Ole hadde i 1860-åra 22 dekar mindre god åker og dyrka eng og 40 dekar mindre god natureng, men hadde bra utslåttar og meir jord som var dyrkbar. Sådde 3 t blk, avla 15 t, sådde 4 t havre, avla 15 t, og sette 2 t poteter, avla 16 t. Fôra 1 hest, 6 storfe og 18 småfe (anna oppgåve har 8 storfe og 24 småfe). Lettbrukt.

1875: 1 føl, 8 kyr, 1 kalv, 12 sauer. 16 geiter, 1 gris. Sådde 3½ t blk, 3½ t havre og 4 t poteter.

I 1867 såkte Ole om å få nedsett skylda. Komiteen fann at Ole sitt bruk hadde fordelar framfor dei andre brukna på garden, med di det var sikkert mot flaum og «mer skikket til forbedring». Men fann likevel å kunne gå med på eit avdrag på 4 skill.

I 1878 såkte Ole om å få føre opp ei stove med sidekammers på bruket, då han ville byggje nytt stovhus, slik at den nemnde stova ville bli den nordste enden av huset. Det vart samrøystes løyve til dette.

I 1893 såkte Ole om attest til kjøp av gift mot rovdyr. Samrøystes vedtak i heradstyret: «Da ansøgeren er Herredstyrelsen bekjendt som en agtverdig og fuldt pålidelig mand, tør man med fuld fortrøstning anbefale ham til at erholde den attråede Portion gift til brug i ovenomhandlede Øiemed.»

Ole Andreas Olsen Svinset f 1875 d 1970

1899 g Anna Bastiane Andreasd. Aure (Pihlg.) f 1879 d 1960

Br 1899-1936

Born: 1. Anne Eline f 1900 d 1918

2. Johanne Karoline f 1901, g lærar Elias Reite, Svinset br 4

3. Olav f 1904, g p br

4. Berta f 1909

5. Astrid f 1913, g 1942 Ole Olsen Kalvøy f 1911 i Borgund. Han d 1943. Sjå bd I s 462.

Fekk 8/12 1899 skøyte på bruket frå kyrkjene i Ørskog og Hjørundfjord for 2690 kr. Kår til faren.

Bygde ny løe i 1909, tekt med cementstein, fjøs av murstein og med gjødselkjellar under.

Forbetra jord og hus elles. Dreiv skinnhandel i lang tid. Var i 23 år postopnar i Ramstaddal. Med i heradstyre, forliksråd, sokneråd, etc.

Olav Olsen Svindseth f 1904

g 1936 Petra Petersd. Melset (bnr 6) f 1910

Br 1930-1978

Born: 1. Ola f 1937, g p br

2. Annlaug f 1939, fabr. arb. g Malfinn Sæther f 1933. Bur på Vik
3. Borgny f 1942, ex. artium, g Erling Tjore, gbr på Radøy ved Bergen. Ho er lærar
4. Asbjørg Palma f 1944, ex. artium, g Håkon Gill. Bustad Hyllestad, Sogn. Ho er lærar, han lektor og gbr
5. Per Arne f 1946, lektor, g Astrid Rekdal. Bur i Evje
6. Sigrunn f 1954, g Rolf Ervik f 1947. Han er lærar, ho bankfunksjonær. Dei bur i Ullavik.

Olav Svindseth fekk skøyte frå faren 9/3 1939 for 3800 kr. Kår til foreldra. Var landpostbod til Nysæter og Fausa 1936-1946. Heldt fram med mjølkeproduksjon og sauveal. Har lagt ned mykje arbeid på forbetring av jordvegen, har bygt siloar, og utvida stovehuset i 1946. Som faren har han vore mykje med i styre og stell i bygda. Medlem av forstandarskap og kontrollnemnd i Ørskog Sparebank og Sykkylven Sparebank, medlem av Ørskog forliksråd, og frå 1959 forretningsførar i Sykkylven Branngrydelag.

Ola Olavsen Svindseth f 1937

g Jorunn Bernhardsd. Welle f 1933

Br 1978-

Born: 1. Bjørg f 1960

2. Else f 1961
3. Anne Britt f 1963
4. Ole Petter f 1968.

Ola Svindseth har ungdomsskule og arbeidde på møbelfabrikk då dei budde på Klokkerhaug. Sjå bd 2 s 42.

Har no flytt tilbake til Svinneset og teke over garden. Slutta med mjølkeproduksjon. Har gardsdrifta som attåtnæring og driv med sauer og ungdyr. Er personalsjef ved Ekornes Fabrikker.

Bnr 2 OLEGARDEN

Nils

Br 15. .-1612

Han la oftast 1½ f j i korntiend.

Iver Larssen

Br 1612-1628

Første året la han 1 fj i tiend, i åra 1617-1619 inga tiend. I 1623 er nemnd ein husmann Iver. Det er uvisst om det er Iver Larssen eller ein annan. I 1627-28 var Iver utarma og gjekk og tigga. (Bhl pk 46, legg 7.) Og i åra 1629-1638 er berre brukarane på bnr 1 og 3 nemnde på Svinset. Då låg anten bnr 2 øyde, eller meir truleg, vart brukt av brukaren på bnr 1, noko landskatten 1632-33 tyder på.

Jon

Br 1638-1643

Han er ikkje nemnd kvart år i denne tida, men det ser ut til at han var brukar samanhengande i desse åra. (Bhl pk 81, 81, 94, 96.) I Bhl pk 100 får vi vite at der er berre to brukarar på Svinset i 1644-1645. Seinare på året i 1645 er der tre brukarar att.

Jørgen Eriksen

Br 1645-1657, sidan eit par år i lag med sonen.

Barn: Erik. f ca. 1636, nemnd som «fremvoksen bondesøn» 1650.

Erik Jørgensen Svinset f ca. 1636 d 1700

Br 1657-1689

Born: 1. Erik, g p br

2. David (sjå bd I s 218. Grebstadbøen)

I 1657 vart krøterskatten førd på Erik: 5½ slettmark for 1 hest, 1 okse, 7 kyr, 5 sauvar og 6 geiter. I 1661 brukte han 2 mællag, det same som brukaren på bnr 3. På same tid 2½ fj i korntiend.

Erik Eriksen Svinset f ca. 1667 d 1734

g Brit Ellingsd.

Br 1689-1734

Born: 1. Lars, f ca. 1692, til Ramstad, bnr 7

2. Erik, f ca. 1696 g p br

3. Jon, g til Fausa, med Astrid Andersd. Fr. Fausa f ca. 1700 d 1749

4. Nils f ca. 1698, g 1740 Marte Andersd. Fausa eller Løset R (br

1) (dtr. til Anders Jonsen Fausa (Løset R)

5. Marie, g 1744 em. Elling Iversen Ytreberg.

I 1717 var han ein av underskrivarane på brev til kommerseråd Nobell med klage over den store skyssplikta brukarane i hovudsognet hadde til å føre presten samanlikna med skyssplikta til sykkylvingane og andre annekbsuarar.

Sk. 1734: ¼ i ei kvern, 1 smie med belg, partar i åttring og kjempefæring, ½ i ei merr. 4 storfe, 9 småfe (av dei 5 sauer med lam). Brutto 41 rd gjeld 40 rd.

Erik Eriksen Svinset f ca. 1696 d 1749

g 1. Berte Andersd. Faunsa (syster til kona til broren Jon Eriksen), d 1745, 44 år

g 2. 1745 ek. Berte Olsd. Næs av Skodje, f Indre Ekroll ca 1700 (ek. etter Styrker Ellingsen Nes)

Br 1734-1749

Ingen born.

Sk. 1745: Brutto 85 rd, netto 61 rd.

Berte Olsd. gifte seg att med

Elling Nilssen Ramstad bnr 4 f 1728 d 1789

g 1749 ek. Berte Olsd. Svinset (d 1767, 61 år)?

Br 1750-ca. 1757

Bygsla ½ v 3 mk i Svinset 18/3 1750 av Ørskog mensal. Han måtte ha kgl. bevilling til giftarmålet fordi han var i slekt med hennar 1. mann i 3. ledd. Broren tok over br.

Anders Nilssen Ramstad (br 4) f 1723 d 1791

g 1743 ek. Maritte Nilsd. Kvammen f ca. 1700 d 1788

Br ca. 1757-1774

Born: 1. Knut f 1745, g p br

2. Berte *Margrete* f 1750. g Ole Korneliussen Vinje

3. Marie f 1753 d 1821, g 1786 Lars Rasmussen Grebstad (Bastiang. Sjå bd 1 s 189).

Anders hadde ei syster som var gift i Nakkegjerde.

Knut Anderssen Svinset f 1745 d 1804

g 1778 Marte Sjursd. Lyshol f ca. 1757 d 1832

Br 1774-1804

Born: 1. Marte f 1779, g p br

2. Lars f 1781, sersjant g 1812 Anne Pedersd. Langlo (1782-1857). Bustad Langlo. Han d 1869

3. Johanne f 1783 d 1789

4. Berte f 1786, g Peter Olaus Larssen Vinsnes. Før ektesk. hadde ho: Lars Karl (f 1812) med Rasmus Larssen Klokk (br Ca)

5. Sjur (Sivert) f 1788 d 1868. g 1816 Madsi Martinusd. Tjønes (Syverg.) (1784-1872). Sjå bd II s 217.

6. Massi Colbianne f 1791, g 1831 Anders Olsen Slettebakk, plm i Skodje, fødd Ringdal i Sunnylven
7. Knut Anders f 1793 d 1865, g 1824 Berte Petrine Pedersd. Aure (Jang.) f 1796. Budde først på Aure, så i Grebstadgjerde
8. Johanne *Olave* f 1796 d 1869, g 1825 Paul Iversen Løset R bnr 3, plm. Han f 1795 d 1849
9. Laurentse f 1799, d 1800, 3 md 10. Lars Andreas f 1801, g 1835 ek. Anne Gurine Pedersd. Braute-haug f Vestre 1795. Bustad Lid. Sidan plm på Aure.

Knut Anderssen fekk i 1779 premie frå Søndmøre praktiske landhusholdningsselskap for eit «fæhus av sten», 6 rd. Han var medhjelpar frå 1780.

Rasmus Knutsen Flåen f ca. 1769 d 1828
g 1. 1805 Marte Knutsd. Svinset f 1779 d 1819
g 2. 1820 Synneve Andersd. Melset (br D) f 1788

Br 1805-1828, enkja til 1830

Born i 1. ekteskap:

- 1 Karen Gurine f 1806 d 12 dg
2. Karl f 1807 d 1808
3. Gunder Martinus f 1809 d 5 veker
4. Karen Marie f 1810, g 1843 Knut Hanssen Fiksdal (Langnes) f 1821 d 1871

Born i 2. ekteskap:

5. Martinus Nikolai f 1821 d 11 dg
6. Regine Marta f 1823, g 1844 Jørgen Andreas Magnussen Melset (br C) f 1818, plassefolk på Kråka og brukarar på Løvoll br 1
7. Anne Marie f 1828, g 1857 Magnus Elias Karlsen Fremmerfausa, plm Melset (under bnr 1).

Synneve Andersd. gifte seg att. Der var eit par små auksjonar over arvegods som dei to yngste i 1. ekteskap hadde fått etter faren, og selt m.a.l færings tømmernaust for 6 spd 3 ort og 1 stavhus (stavbygt hus) 2 spd 4 ort.

Petter Martinus Nilssen Krogen f 1790 d 1835, omkom under vårsildfisket
g 1829 ek. Synneve Andersd- Svinset f 1788

Br 1830-1832

Born: 1. Nils Rasmus f 1830, d 3 veker 3 dg

2. Oline Petrine f 1830 (tvill.), g 1857 Peter Johannes Jørgensen Klokk f 1825 (br 7)
3. Nikoline Petrine f 1833

Flytte til Kråka i 1832. Sjå s 102

Nils Nilsen Krogen f 1811

g1. Berte Oline Olsd. Svinnset (br 3) f 1807

g2. 1860 ek. Anne rasmusd. Reite f Lande

Br 1832 - 1839

Bygselsetel 15/10 1832. Brukar både av dette og bnr 3 til 1839, sidan brn 3 til 1860.

Hans Severin Olsen Løvoll f 1811 d 1849

g 1839 Berte Gurine Ottesd. Ramstad (br 6) f 1820

Br 1839-1849

Born: 1. Anne Oline f 1840, d 5 veker

2. Anne Oline f 1842, g1. Karolus Ellevsen Klokk bnr 8, g2. Lars Petter Iversen Fivestad

3. Jens Rasmus Olaus f 1844, fanejunker, g 1878 Johanne Regine Nilsd. Solnør dal f 1854 i Veøy, d 1926 på Skarbø. Bustad Sjøholtstrand

4. Ole Martinus f 1847

5. Severin Bastian f 1849, g p br.

6. Ole Martinus f 1849 (tvill.), til USA 1892.

Enkja gifte seg att med

Ole Kristian Olsen Klokk f 1824 d 1883

g 1850 ek. Berte Gurine Ottesd. Ramstad (br 6) f 1820 d 1904

Br 1850-1880

Born: 1. Olave Birgitte f 1852, g Johan Siverts. Ramstad br 7

2. Berte Karoline f 1855, g Ole Severin O. Løset S bnr 2

3. Oline Gurine f 1860 d 1952, g 1. 1882 Lars Karl Jenssen Fauske, d 1882, like etter bryllaupet, g 2. 1884 Jens Bastian Petersen Velle (bd 2 s. 448).

Ole Kristian kom til Svinnset frå bnr 6 Klokk, som han delte mellom dei tre døtrene sine ved gåvebrev. Svinnset-bruket hadde i 1860-åra 21 dekar bra åker og dyrka eng, 38 dekar nokså god natureng. Bra utslåttar. Meir av bruket kunne dyrkast, men slik mark låg ikkje lagleg til. 1865: 1 hest, 1 føl, 8 kyr, 12 sauher, 10 geiter, 1 gris. 1875: 1 hest, 1 føl, 6 kyr, 2 kalvar, 9 sauher, 11 geiter. Sår $3\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre, 3 t poteter.

Bruket er noko utsett for flaum som kan gjere skade.

Severin Bastian Severinsen Svinnset f 1849 d 1923

g 1877 Karoline Marte Johansd. Klokk (br C) f 1849 d 1914

Br 1880-1913

Born: 1. Anne Sofie f 1877 d 1954, g 1906 Jørgen Pettersen Stavseng f 1882 d ca. 1977

2. Berte Marie f 1880, g p br

Før ekteskap hadde Severin sonen Severin Matias f 1869 (mor: Regine Lid).

Då Severin tok over vart bygselavgift og landskyld sett opp. Han betalte 220 kr. i bygselavgift, og 7 kr. i årleg landskyld (mot 4 kr. før).

Petter Severin Olsen Ramstad (Jog.) f 1880 d 1934

g 1902 Berte Marie Severinsd. Svinnset f 1880 d 1957

Br 1913-1934

Barn: Klara Petra f 1903, g p br

Petter Severin kjøpte bruket 8/10 1913.

Ole Andreas Olsen Heliebostad f 1897 d 1972

g 1924 Klara Petra Petersd. Svinnset f 1903

Br 1934-1972

Born: 1. Sverre f 1925, bur ved Klokk sjøen

2. Oddmund f 1927, mottakssjef hjå Ringstad, Stranda

3. Anny f 1929, g Arne Nikolaisen frå Bø i Vesterålen. Han har møbelforretning i Drammen

4. Borghild Pernille f 1932, g Toralf Hove, fabr.arb. i Stordal

5. Kjellfrid f 1935, g 1960 Rolf Selmer Tronstad, Sløgstad f 1929

6. Haldis Johanne f 1937, g Nikolai Kvammen frå Jølster

7. Petra Selma f 1938, g 1. Malvin Kjersem, g 2. Vidar Barmen. Sjå Kråka

8. Signe Aslaug f 1947, g Geir Ove Vidhammer frå Stranda, f 1946.
Bur i Stryn. Hellebostad var skreddar før han vart gardbrukar.

Odd Arnfinn Sverresen Hellebostad f 1948

g 1975 Elisabeth Krøvel f 1951 i Ørsta

Br 1972-

Born: 1. Sindre (hennar barn) f 1969

2. Ola André f 1975

3. Elin Anett f 1977

Tok over bruket etter farfaren. Bygde stovehus i 1969, utvida i 1975.

Bilmekanikar, arbeider ved Norol.



*Det gamle skolehuset i Ramstaddall med lærar og elevar. Bitete
frå ca. 1910. (Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)*

Fremste rekke frå venstre: Thea Melset, Elen Klokk, Emma Klokk, Halvdan Ramstad, Ole Melset, Johan Løseth, Johan Klokk, Petter Klokk, Ingvald Melseth, Ole K Løseth, Oline Klokk.

Andre rekke frå venstre: Elisa Løseth, Inga Klokk, Inger Svindseth, Karen Melseth, Marte Ramstad (Klokk), Betty Melseth (Brunstad), lærar Bernt Blindheim, Olivia Melseth (Olsen), Lovise Karlsd. Melseth, Hanna Melseth (U.S.A.), Gusta Klokk, Elen Melseth, Josefine Løseth.

Tredje rekke frå venstre: Knut Melseth, Ole H. Ramstad, Jens Klokk, Jon Ramstad, Nils Lukkedal, Olav L. Ramstad, Jørgen Svindseth, Andreas Klokk (U.S.A.), Ole L. Melseth (U.S.A..)

Skulehuset vart rive i 1955.

B nr 4 SOLHEIM

Elias Joakimsen Reite f 1898 i Vaksvik, d 1975
g 1923 Johanne Karoline Olsd. Svinset frå bnr 1, f 1901
Br 1924-1974

Born: 1. Aslaug f 1924, g 1951 Johan Johansen Grebstad. Sjå bd I s 167
2. Jostein Asbjørn f 1926, p pl
3. Bjørg Oddrun f 1929, d ½ år
4. Ola f 1931, g 1957 Tove Haldorsen f 1935 i Bergen. Han er professor i Trondheim
5. Bjørg Oddrun f 1933, g Ivar Maråk f 1927. Han er vegoppsynsmann i Geiranger
6. Arne Jarle f 1935, g Sissel Øyen frå Trondheim. Statsgeolog i Trondheim
7. Jorunn Else f 1944, adjunkt i Sykkylven.

Reite dreiv fiske i dei første ungdomsåra for å tene til utdaning. Like etter lærarskuleeksamen i Volda vart han tilsett som lærar i Ramstaddalen og vart verande der sidan. Slutta på grunn av sviktande helse i 1966. Var med i fråhaldsarbeid og kristeleg arbeid og var mykje nytta som festtalar. Med

i Ørskog kommunestyre og i forstandarskapet for Ørskog Sparebank.

Nyeskulen vart bygd i 1954 og vart ferdig innreidd i 1955. Jordstykket han kjøpte på Svinset var frå bnr 2, utskilt i 1924, skyld 28 øre. Han dyrka det (ca. 10 dekar) og hadde både kyr og sauер.

Jostein Asbjørn Eliassen Reite f 1926

Br 1974-

Han er møbelsnikkar på fabrikk, men driv plassen som attåtnæring. Har berre sauер att av husdyr.

Bnr 3 LARSGARDEN

Enkja

Br 1603-1607

Siste året betalte ho 1 f j i korntiend.

Elling Larssen d ca. 1635

Br 1607-ca. 1634

I 1611 vart han utreidd til Kalmarkrigen av Arne og Iver Vestre. Han kom heim att. La frå 1 fj til 2½ fj i tiend. Sonen Lars tok over bruket.

Lars Ellingsen Svinset d ca. 1675

Br ca. 1634-1666

Barn: Elling f ca. 1638, g p br

I 1657 betalte han 1 slettdlr. 2 skill. i krøterskatt av 1 hest, 6 kyr, 6 sauер og 4 geiter. Brukte 2 mællag heilt til siste året, då han la 1½ fj i korntiend og er førd som brukar i lag med sonen Elling.

Elling Larssen Svinset f ca. 1638 d 1708

g Anne Olsd. Brusdal f ca. 1637 d 1723

Br 1666-1703

Born: 1. Siri f ca. 1668 p br (sjå Paul Ellingsen Svinset på bnr 1)

2. Anne, g Jakob Lisetvik

3. Ingelev, fm Peder Olsen Hjortdal

4. Anders f ca. 1675, reservesoldat i 1701

5. Kari f ca. 1679 d 1734, g Jakob Ingebrigtsen Reite f ca. 1670 d 1740.

Sk. 21/5 1708: 1 koparkjel, 1 smiebelg, i ½ ein hest, 3 kyr, av dei er 2 som Ole Larssen «har taget til sig i mangel af føder», 1 kvige, 2 sauер med lam, 3 geiter med kje. Brutto 27 rd, gjeld 18 rd, derav til Ole Larssen 12 rd 4

ort. Han fekk m.a. dei to kyrne han alt hadde teke til seg. Elling Paulsen Svinnset var vurderingsmann ved skifte.

Jesper Ingebrigtsen d 1716

g Siri Ellingsd. Svinnset f ca. 1668

Br 1703-1716

Barn: 1. Ingebrigt f ca. 1710

 2. Anne f ca. 1714, g p br

 3. Anne d.y.

1. bygsel av 2 mællag som Elling «for armod oplod» i 1703. I 1711 hadde Jesper gamle foreldre i live. Siri gifte seg att med

Ole Arnesen d 1720

Br 1716-1720

Bygsla 2 mællag i Svinnset 6/4 1716 av Henning Castberg. Den neste ektemannen til Siri var

Sjur Olsen Utvik d 1746, 63 år

g 1721 ek. Siri Ellingsd. Svinnset d 1738, 70 år

Br 1720-1741

Sk. 20/5 1738: Sjøreiskap, 1 merr, 6 kyr, 12 småfe, brutto vel 18 rd.
Ettermannen hans var òg frå Utvik:

Ole Olsen Utvik

g 1741 ek. Anne Jespersd. Svinnset f ca. 1714 d 1763, 49 år

(Ho var først g em. Jon Olsen Utvik i 1735)

Br 1741-1763

Born: 1. Ole f 1743, g p br

 2. Berte f 1746 d 1758

 3. Sjur f 1750, g i Borgund 1781 demoiselle Ingeborg Kristine Dicker.

Sk. 1764: Brutto 113 rd, netto 90 rd.

Ole Olsen Svinnset f 1743 d 1786

g 1765 Anne Larsd. Ramstad f 1734 d 1812. Anne var dotter til plm. Lars Jakobsen Ramstad f Melset (br C) Sjå s 62.

Br. 1763—1786, enkja til 1787

Born: 1. Anna f 1768, d 16 dg

 2. Berte Marie f 1770, g 1. 1800 matros Bernt Amunds. Måseide,

 g 2. 1819 Jon Jonsen Måseide

3. Lars f 1773, g til Vestre. Gbr der

4. Ole Martinus f 1775, g p br.

Sk. 1786: Brutto 52 rd, netto 32 rd.

Anne gifte seg att med

Elling Nilssen Høgset (Åmundg.) f 1755 d 1830 g 1. 1788 ek. Anne Larsd.

Svinnset f 1734 d 1812 g 2. ek. Anne Pedersd. Fauskehagen f Reite

Br 1787-1803

Bygsla 1 pd 15 mk i Svinnset av C. M. Abelset og medeigarar 18/4 1787.
Det var som kårmann han gifte seg 2. gongen (1814) og han flytte til
Fauskehagen. Han var bror til Hans Nilssen Ramstad.

Ole Martinus Olsen Svinnset f 1775 d 1815

g 1804 Magnilde Jakobsd. Sjøholt f 1766

Br 1803-1815, enkja til 1816

Born: 1. Berte Oline f 1807, g p br

2. Anne *Eline* f 1809 d 1896, g 1833 Lars Olaus Olsen Lied f 1802. (Sjå
Knut Severin Ellings. Svinnset, bnr 1).

Bygsla 1 pd 15 mk 30/7 1803 av Ørskog kyrkje. Kår.

Sk. 1815: Brutto 389 rbd, netto 289 rbd.

I 1819 var der off. auksjon over saker døtrene hadde fått etter faren.
Førehandstakstane var i rbd, salsprisane i spd. Såleis vart ei kvit ku,
taksert til 33 rbd, sold for 9 spd. «Store og små creature.»

Magnilde gifte seg att med

Jens Jakobsen Skottet f 1791

g 1. 1816 ek. Magnilde Jakobsd. Svinnset f 1766 d 1833

g 2. 1835 ek. Janike Knutsd. Sjøholt f Langlo 1775

Br 1815-1832

Han bygsla i 1835 eit stykke mark «i enkesætet Søholt» av presten Kaurin.
Janike g 1. Peder Ols. Ramstad bnr 1. G 2. em. Andreas Knuts. Sjøholt
1823.

Nils Nilssen Krogen f 1811

g 1. 1832 Berte Oline Olsd. Svinnset f 1807 d 1855

g 2. 1860 Anna Rasmusd. Reite f Lande 1810

Br 1832-1860

Born: 1. Jens Rasmus f 1833, g p br

2. Peter Martinus f 1838, d 1915, g 1859 Eline Petrine Pedersd.

Øvrebust (Framg.) (1833-1922)

3. Elling Bastian f 1841 d 1933.

Bygsla bruket 15/10 1832 av Ørskog og Hjørundfjord kyrkjer. I 1839 var Nils i havsnaud og vart redda av Flisnes-karar.

1845: 1 hest, 8 storfe, 14 sauher, 7 geiter. Sår $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 1 t poteter.

Jens Rasmus Nilssen Svinnset f 1833 d 1869 i Bergen

g 1857 Anne Petrine Nilsd. Vestre f 1825 d 1899

Br 1860-1864

Før ekteskap hadde han sonen Karl Johan Severin f 1856 (mor: Olave Olsd. Langlo).

Born i ekteskap:

1. Berte Oline f 1858 d «ved moderens bryst» $2\frac{1}{2}$ md

2. Nils Olaus f 1859, utv. til Amerika

3. Tomas Bastian f 1862, g 1888 Olave Olsd. Jordskar f 1868.

Bustad Vestre.

Lars Peter Larssen Drotninghaug f 1836 d 1898

g 1864 Anne Oline Pedersd. Fausa (Peg.) f 1841 d 1924

Br 1864-1894

Dei tok namnet Svinnset.

Born: 1. Johanne Olave f 1865 d 2 dg

2. Olave Marie f 1866, d ug 1894

3. Petter Ludvik f 1868, g p br

4. Johanne Karoline f 1871, g 1902 Elias Knutsen Emlem f 1869, gbr Emlem

5. Berte Johanne f 1873, g Severin Sørensen. Ho d ung. Budde i Ålesund

6. Lovise f 1875, d som spebarn?

7. Oluffa Lovise f 1876, g Jonas Kristoffersen frå Nord-Norge.
Budde i Ålesund.

8. Karl Johan f 1878 d 1879, $3\frac{1}{2}$ mnd

9. Karoline Petrine f 1880 d 1 dg

10. Karl Johan f 1881, g Anne Petersd. Jarnes (bnr 8) f 1893.
Bustad Ålesund.

11. Ole Andreas f 1884, d 1 dg

12. Nils Peter f 1885, sjømann, d ug i Oslo

13. Peder Kristian f 1888, g Hansine Petersd. Jarnes f 1885, syster til Anne. Dei budde i Ålesund.

1865: 1 hest, 9 kyr, 16 sauvar, 10 geiter. Sådde 3 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Bruket hadde på denne tida 21 dekar bra åker og dyrka eng, 38 dekar nokså god natureng, bra fjell slåttar, meir dyrkbar jord, men den låg ulagleg til. Bra hamnegang. Brenneved, og Litt bjørkeved til sal.

Bruket «er meget utsat for flombrud, der ofte truer med ødelæggelse».

1875: 2 føl, 5 kyr, 2 kalvar, 14 sauvar, 11 geiter. Sådde 3½ t blk, 3 ½ t havre, 3 t poteter,

Med den store barneflokken hadde han det ikkje lett økonomisk og stod av og til til rest med «jorddrotlige rettigheter» til kyrkja. Dreiv ein del hestehandel.

Petter Ludvik Larssen Svinnset f 1868 d 1926

g Karen Marie Petrine Jørgensd. Melset (Ryingen) f 1871 d 1929

Br 1894-1926, enkja til 1929

Born: 1. Anna Lovise f 1893, var hushjelp

2. Jørgen Anton f 1896, sjå bnr 5 Nytun

3. Anne Inga f 1898 d 1949

4. Peter Karl f 1901, d 1904. Fall i gryte med kokande vatn

5. Ole Andreas, f 1903, til Melset (Åmundg.)

6. Petter Karl f 1905, g p br

7. Berta Petra f 1907, g 1936 Johan Remmen f 1904, bustad Godøy

8. Hermann Ola f 1910 d 1963. Sjå bd 2 s. 176

9. Jenny Margit f 1912, g Ragnvald Salen, Sula

10. Olga f 1914

11. Solveig f 1917. Ho og Olga bur på Klokkstranda.

Far til Karen Marie var plm på Ryingen, Melset. Peter Larssen betalte bygselavgift og landskyld til Ørskog kyrkje. Han var med på utskiftingar på andre gardar som høynde kyrkja til. I 1900 hadde bruket eige kårhushus.

Petter Karl Pettersen Svinnset f 1905 d 1980

g 1937 Anne Oline Kristine Iversd. Klokk (bnr 8) f 1901

Br 1930-1976

Born: 1. Kirsten Petra f 1938, g 1961 Hans Jonfred Berge f 1935 på
Stranda. Elektrikar der

2. Per Inge f 1944, g p br

Petter Karl kjøpte bruket av ørskogkyrkja i 1944. I hans tid hadde dei til vanleg hest og 5 kyr og nokre sauvar. Like etter krigen slutta dei med setring.

*Per Inge Pettersen Svinset f 1944
g 1969 Kjellaug Johanne Dimmen f 1947 i Ulstein
Br 1976-*
Born: 1. Alice f 1970
2. Janita f 1973
3. Trond f 1978

Per Inge har vore fabrikkarbeidar og det er enno hovudyrket hans. På bruket har han slutta med mjølkekyr. Har 7 ungdyr og 12 sauер.

Bnr 5 NYTUN

Anne Helen Johansd. Fausa f 1856 d 1949

(Sjå Jonsplass, Nysæter)

I 1909, då ho vart enkje, kjøpte ho denne plassen av Petter Larssen Svinset og flytte hit. Ho hadde då butt i 14 år på Nysæter, og vart buande i 14 år på Svinset.

Då selde ho plassen og flytte til Trondheim til Jens Petter Grebstad og var hushalderske hjå han nokre månader før dei gifte seg. Ho hadde vore trulova med han i ungdomstida, men fekk ikkje lov av faren til å gifte seg med Jens Petter. No var det han som fekk henne til å flytte til Trondheim. Ho var gift med Jens Petter i ein 3. 14-års periode av sitt liv. Då ho vart enkje att, flytte ho tilbake til Fausa og døydde der.

Den som kjøpte plassen på Svinset av henne var son til han som hadde selt plassen til Anne Helen. Det var

*Jørgen Anton Pettersen Svinset f 1896 d 1969
g 1920 Tomasine Andreasd. Grebstad (Myren) f 1891
Br 1931-1969*

Born: 1. Palma Kaspara f 1921, g Leif Melseth (br 7) f 1914
2. Aksel Bernhard f 1923, g 1952 Klara Harnes f 1925. Sjå bd 2 s.
180
3. Tordis Johanne f 1924, g Oddleif Kjørsvik. Sjå bd 2 s, 231
4. Harry f 1926, p br
5. Kjellaug Ruth f 1933, g 1954 Kristian Øye f 1934 i Ørsta. Bur i Ørstavik.

Nytun vart utskilt frå bnr 3 i 1931, altså medan ørskogkyrkja var eigar. Skyld 22 øre. Jørgen bygde løe og utvida stovehuset. Han var først fiskar, sedan vegvaktar. Kona var syerske.

Harry Jørgensen Svinnset f 1926

Br 1969-

På bruket har han sauер. Er møbeltapetserar.

Bnr 6 SKULETOMTA

Utskild frå bnr 3 i 1946, skyld 1 øre.

Husmenn under Svinnset.

1608 *Peder Anderssen*. Gjekk ut i krigen i 1611 i staden for Nils Klokk

1612 *Elling*, la 1 kalveskinn i leidang

1617-24 *Iver*

1623 *Anders*

1666 *Samund* 56 år

Jørgen Eriksen 76 år

Ole Pedersen Vatnehaug

son til Peder Olsen Vatnehaug, sk. 1711.

Barn: Berte g 1774 Størker Bertelsen Skår, Vatne.

Ole Olsen Fausa (Halkjellg.) f 1774, d 1837

g 1837 Marte Paulsd. Løset R f 1783 d 1858

Sk. 6/2 1838. Halvbrør etter faren: Knut Halkjellsen Lukkedal og Rasmus Halkjellsen Sjøholt.

Svinnset.

Bnr 1,

2,4

3, 5, 6

Gnr 60 KRÅKA

Om namnet skriv Rygh: «Uden tvivl oprindelig et elvenavn Kraaka, som har tilhørt en av de her sammenløbende elve.» Ulike skriveformer i eldre tid: Krogenn 1603, Kraagen 1617, Kraaggenn 1619, Kroggenn 1628,

Kroge, Krogen 1629, Kragen 1666, Kraaken, alm. skrevet Kroken 1907.

Som familienamn har vore brukt Krogen og Kroken. Enno har ingen brukt Kråka som etternamn.

Garden ligg sør om Svinset og er fremste garden på austsida av elva. Grensar såleis mot utmark i sør. På andre sida av elva ligg Løset R. Tunet låg lenge heilt nede ved Storelva: som vi skal sjå måtte tunet flyttast lenger opp. Både før og etter flyttinga fekk dei truskevatn frå Storelva.

I åstadsarkivet til Statsarkivet i Trondheim er dette nemnt om Kråka: 1680 ulovleg skoghogst på Nysæter (Tb 9a s. 58b, Tb 9b s. 31). 1697 sak mot Ramstad (Tb 4 s. 24). 1711 åstadssak på Kråka og Ramstad. 1739 skoghogstsak Tb 17 s. 183-184 og Tb 18 s. 71b.

EIGARAR

Kråka er gammalt kyrkjegods. I 1624 åtte ørskogkyrkja $\frac{1}{2}$ v 18 mk og hjørundfjordkyrkja 9 mk. I 1661 åtte kvar av kyrkjene 14 mællag, men ørskogskyrkja hadde bygselretten. I 1674 var ørskogparten $1\frac{1}{2}$ mællag, hjørundfjordparten 2 mællag, likevel hadde Ørskog-kyrkja bygselretten til alt. I 1691 var skylda auka og kvar av kyrkjene åtte $\frac{1}{2}$ v. Frå då av heldt den gamle skylda seg på 1 v. Då Christopher Abelset kjøpte ørskogkyrkja i 1724 (skøyte 1726), følgde halve Kråka og det andre kyrkjegodset med i handelen. I 1883 gav ørskogkyrkja ved kyrkjeverja skøyte på Kråka til Ørskog kommune.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr: 85, 88, 84, 87 og 43.

På 1600-talet høyrde Kråka til skatteklassa «øydegard». Som nemnt var den gamle skylda først under 1 v, men lengste tida heldt ho seg på 1 v. Ny skyld vart sett til 2 skylddlr. 3 ort 22 skill., revidert til M 4,88.

Tienda var i 1613 1 tj, 1644 $\frac{1}{2}$ mæle, 1666 1 t havre 16 mk ost, 1714 1 t 1 skjeppe havre, $1\frac{1}{2}$ skjeppe bygg, 15 mk ost eller 18 skill. I 1802 var tienda 1 mæle havre, $\frac{1}{2}$ fj bygg og 8 skilling i ostetiend.

Når leidangen vart betalt i skinn var den alltid 2 kalveskinn. I 1714 1 ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

Bortsett frå 1661 då kommisjonen nemner 2 mann, var der heile tida 1 brukar på Kråka.

- 1626 Sår 2 t 1 mæle. Fiskeri til havs
- 1657 Krøter: 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 5 sauер, 6 geiter
- 1661 2 mann. Tjørebruk og brennevedskog
- 1666 1 mann. Sår 3 t avlar 10 t havre. Kan fø 1 hest, 12 kyr. Brenneved
- 1714 Sår 3½ t havre, avlar 11 t, kan fø 1 hest, 11 kyr. Ei lita kvern
- 1724 Brennevedskog «til fornødenhed». Seter ¼ mil frå garden, 1 lita kvern. Garden ligg ¼ mil frå sjøen. «Temmelig lettvunden og nogenledes vis til korn.» Sår ¼ t bygg, 3 t havre, avlar 2 t bygg, 10½ t havre.
- Føder 1 hest, 6 kyr, 4 ungdyr, 6 sauер, 5 geiter
- 1802 Sår 2½ t havre, 1 t blk, 5 foll. Førar 1 hest, 9 kyr, 20 småfe. Har litt bjørkeskog. Sommarbeite i utmarka og på setra. Kornavlinga er ofte utsett for frost og grønår. Garden verdsett til 120 rd
- 1835 Sår ¼ t bygg, 2½ t blk, 4 t havre og 1 t poteter. Krøter: 1 hest, 10 storfe, 16 sauер og 8 geiter, 1 husmann som brukar uskyldsett jord
- 1845 Sår ¼ t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 1½ t poteter. Krøter: 2 hestar, 10 storfe, 20 sauер og 6 geiter
- 1865 Før 1 hest, 18 kyr, 26 sauер, 17 geiter. Sår 3¾ t blk, 5 t havre, 4 t poteter.
Bruket hadde på denne tida 28 dekar mindre god åker og dyrka eng, 130 dekar mindre god natureng, lite utslåttar, mykje meir jord kunne dyrkast. Hamnegangen var god på alle måtar. Brenneved og litt bjørk til sal. Kornhausten var usikker
- 1875 Sår 3 t blk, 5½ t havre, 4 t poteter. Husdyr: 1 hest, 1 føl, 11 kyr, 3 kalvar, 25 sauер og 21 geiter.

BRUKARAR

Bnr 1

Knut

Br 15. .-1616

Saman med Torgils Svinset reidde han ut Guttorm Larssen Ramstad (br 9) til Kalmarkrigen 1611. Ein Knut er nemnd så seint som 1635. Det må vere ein annan, ein husmann. Knut Ia i 1603 1 fj i korntiend.

Ole

Br 1616-1618

Han la og berre 1 fj i korntiend (Bhl pk 20).

Peder Jetmundsen

Br 1618-1657

I 1626 vart han kalla Peder Haldorsen (Statthalderarkivet D IX pk 5 og likeeins i Bhl pk 47, truleg ei avskrift frå Statthalderarkivet. I alle andre kjelder er han kalla Peder Jetmundsen, som må vere det rette).

I 1645 la han koppskatt for seg og kona, dreng og tenestjente. På ei liste frå 1650-51 over «fremvoksenn bønder sønner» er nemnd ein Ole Ellingsen Krogen. Han kan vere son til ein husmann på Kråka. Men det hende òg at drenger, og seinare skuleborn som ikkje budde heime, vart nemnde med namnet til garden dei budde på.

I 1653 vart Peder (saman med mange andre) stemnd for gjeld til buet etter borgarmeister Rasmus Larsen i Bergen, og vart dømd til å betale «inden en halff maaneds dag» om han ikkje kunne prove at han hadde betalt. Same året stemnde presten Hegelund Peder og fleire andre for ulovleg skoghogst i Fausaskogane. Peder nekta å ha hogge ulovleg, og saka vart utsett for han og andre som det var tvil om. Peder vart nemnd i skattelistene så seint som 1661. Såleis har landkommisjonen Peder og ein Einar som saman betalar 3 ort i skatt. Denne Einar er nemnd berre her, og var vel husmann.

Ein må rekne med at den som betalte krøterskatt i 1657 då hadde teke over bruket, og det var

Halstein Knutsen f ca. 1606 (etter oppg. 1666, truleg mykje yngre) Br 1657-1695

Krøterskatten hans er 1 rd 17 mk. I 1680 vart Halstein med fleire dømdi ei skoghogstsak og bøtte med 1½ mk sølv for å ha gitt Melset-brukarar lov til å hogge i Nysæterskogen. Neste brukar er sonen

Knut Halsteinsen f ca. 1650 d 1737, 87½ år

(Aldersoppgåvane i 1666, 1701 og ved død stemmer därleg overeins.)

Br 1695-ca. 1710

Born: 1. Ragnhild f ca. 1686 g ca. 1710 Paul Ellings. Svinnset (br 1)

2. Peder f ca. 1690, g p br

Dei siste åra brukte han garden i lag med sonen Peder, der aldersoppgåvane er like usikre.

Brukarane på Ramstad stemnde Knut fordi han ikkje som grannane vil «kjøre sit fe av hjemmejordet og til det rette sæterbol» (1697). Det er Knut som er førd med ekstraskatt i 1711, av 8 par skor og av jenteløn på 1 rd 2 ort årleg. Men like etter får vi vite at kona til Knut døydde i 1711 og at dei derfor må sleppe å betale skoskatt for henne. Då er det Peder som er nemnd som brukar, og skoskatten vart sett ned.

Peder Knutsen Kragen f ca. 1690 d 1755

g ca. 1710 Marte Ellingsd. d 1757, 77 år

Br ca. 1710-1744

Born: 1. Knut f 1712, g p br

2. Anne f 1713, g 1762 Erik Larsen Sjøholt (1746-1798)

3. Halstein f ca. 1719, g 1748 ek. Siri Ottesd. Ytterlien. Bustad

Skodje. Ho d 1759. Sjå Anders Andersen Furnes

4. Berte f 1723 d 15 veker.

Som gift mann vart Peder far til Gjertrud dp 1/1 1722 (mor: Brit Larsd. Ramstad), og buet hans vart registrert. Her kan nemnast: 1 tinn smørkanne, $\frac{1}{2}$ i ein koparkjel, 1 skjering, 1 børse, 1 kårde, $\frac{2}{3}$ i ei «udslit» kvern, 4 torskegarn, part i ei kastenot, 1 færing, $\frac{1}{3}$ i eit kjempefæringsseg, 4 kyr, 1 2-års kvige, 1 fjorsokse, 2 fjorskalarvar, 4 sauer med lam, 3 fjorslam, 3 geiter med kje, 1 gammal gulblakk hors (merr), i alt for 46 rd 6 skill.

Saka var oppe på hausstinget 5/11 1722, der Peder møtte og tilstod. For jenta møtte far hennar. Dom: «Peder tilfindes efter lovens 6. bogs 13. kapitel 25. artikkel at have forbrutt sin halve beholdne boeslod til Hans Kgl. Maj. - Kvindfolket, som befindes alvorlig fattig, der hverken noget haver arvet eller fortjent, tildømmes dog at bøde etter loven 6 rd til Molde hospital eller og at arbeide derfor etter forordningen.»

Peder hadde stor gjeld, skattar, landskyld o.a., i alt ca. 62 rd og kunne såleis ikkje skaffe noko til Kongen. I 1725 heiter det difor at Peder er «i mangel af bødernes betaling på kroppen bleven avstraffet.»

Gjertrud vart g Gullik Ols. Melset (br Ba) f 1725.

Knut Pedersen Kragen f 1712 d 1767

g 1744 Anne Olsd. Sjøholt f ca. 1710 d 1774

Br 1744-1767

Born: 1. Berte f 1749, g p br

2. Nils f 1750 d 1767

Begge borna er nemnde i manntalet i 1762 som tok med alle born over 12 år, men dei er førde under tenrarar.

Skiftet etter han synte ei brutto eige på 130—4—2, netto 117—3—6.

Ole Paulsen Ytre Ekornes f 1734 d 1783, 49½ år

g 1768 Berte Knutsd. Krogen f 1749

Br 1767-1783, enkja til 1784

Born: 1. Knut f 1769 d 1802 på hospitalet i Bergen

2. Paul f 1771 d 8 dg

3. Marte f 1772, g 1803 Ole Olsen Lisetvik

4. Ole f 1775, marsjferdig kusk i 1813, plm Ramstaddalen
 5. Annef 1782, g 1815 em. Otte Olsen Ramstad (bnr 6) f 1775. Ho var først trulova med Petter Andersen Melset som slo opp og vart stemnd for forlikskommisjonen i 1812. Stefaren til Anne, Nils, kravde 200 rbd i «oppreisning». Motparten baud først 60 rbd, sidan 100 som vart godteke. Men då Nils så kravde 40 rbd for førebuingar til bryllaupet, nekta motparten å betale meir.
 Sk. 1783: Brutto 154 rd, netto 116 rd.
 Berte gifte seg att 1784 med

Nils Olsen Valbø f 1756 d 1820
 g 1. 1784 ek. Berte Knutsd. Krogen d 1797, 48 år
 g 2. 1798 Ragnhild Pedersd. Nedre Lande f 1768
 Br 1784-1820, enkja til 1823
 Born: 1. Ole f 1785, g 1. til Lisetvik, g 2. 1835 ek. Synneve Halkjellsd. Jordskar f 1775 d 1850. Ole hadde sonen Ole f 1808 (mor: Johanne Hansd. Indresæter) og Bern f 1809 (mor: Ragnhild Larsd. Strømsholm)
 2. Jon f 1787, g 1812 Karen Elisabeth Knutsd. Valde
 3. Peter Martinus f 1790, g p br
 4. Hans Bernt f 1799, g 1829 Berte Gurine Magnusd. Klokk (Melset C) f 1804. Han bleiv 13/2 1835, ikkje funnen. Han var plm på Kråka nokre år. Sjå plassar. Enkja g 2. 1835 Ole Ols. Aurdal, bustad Løvold bnr 1
 5. Peter Martinus f 1804
 6. Nils f 1811, g1. Berte Oline Olsd. Svinnsetf 1807 br 3, g 2. 1860
 ek. Anna Rasmusd. Reite f Lande 1809. Nils flytte til Svinnset i 1832.
 Då han gifte seg oppatt, budde han på Reite.
 Nils Olsen bygsla bruket 10/4 1784 av C. M. Abelset. Han var bror til eidsvollsmannen Elling Olsen Valbø.
 Sk. 1797: Brutto 162 rd, netto 111 rd.
 Sk. etter Nils 1821: Brutto 282 spd, netto 252 spd. Ragnhild gifte seg att.

Em. *Erik Størkersen Øvre Lande* f 1758 d 1839
 g 1823 ek. Ragnhild Pedersd. Krogen f Nedre Lande d 1850
 Br 1823-1832
 Han hadde bygsla eit anna bruk frå 1817 før han kom og bygsla dette bruket av verja for Ørskog-kyrkja. La eid til konstitusjonen i 1829.
 Det vart stesonen som tok over etter han.

Peter Martinus Nilssen Krogen f 1790 d 18/2 1835
g 1. 1822 ek. Kanutte Jonsd. Skarbø f Vaksvik 1776
g 2. 1829 ek. Synneve Andersd. Svinnset (br 2) f 1788 Melset (br D)
(enkje etter Rasmus Knutsen Svinnset)
Br 1832-1835.

Barn i Synneve sitt ekteskap med Rasmus: Sjå Svinnset. Anne Marie f 1828, g Magnus Karlsen Melset eller Lukkedal f Fremmerfausa (sjå s 166)
Born i siste ekteskap:

1. Oline Petrine f 1830, g 1857 Peter Johannes Jørgensen Klokk (br 7) f 1825
2. Nils Rasmus f 1830 (tvill.), d 3 veker 3 dg
3. Nikoline Petrine f 1833, g p br

Peter Martinus omkom på heimferd frå sildefiske då dei forliste ved Sula.
Jens Knutsen Løvvoll (br 3) omkom ved same ulukka.

Sk. 1835: Brutto 125 spd, netto 71 spd.

Ved auksjon i 1836 vart selt m.a. kua «Rype» for 7 spd. og Paul Andersens huspostill.

Synneve gifte seg att.

Lars Larssen Almeskar f 1799 d 1879
g 1836 ek. Synneve Andersd. Krogen f 1788 d 1856, 68 år
Br 1839-1850

Lars fekk bygselsetel på 1 v 12 mk i Kråka for 48 spd den 20. okt. 1840. Kår til plassekona Gjertrud Pedersd. i 1845. Det året var der i alt 4 hushald på Kråka med til saman 11 personar. Kårmannen hadde eige hus.

Karl Andreas Larssen Drotninghaug f 1821 d 1902
g 1850 Nikoline Petrine Petersd. Krogen f 1833 d 1906
Br 1850-1880
Born: 1. Lars Petter Rasmus f 1851. g p br
2. Lovise Severine f 1855, g Peter Martinussen Melset (br 1) f 1849
3. Ole Rasmus Bastian f 1859, g p br
4. Severine Oline f 1861 d 1962, g l. 1886 Johan Martinussen Framhus H. (1861-1890), g 2. 1891 Petter Hanssen Sløgstad (1865-1948).

Då han bygsla bruket i 1850 hadde bygselavgifta stige til 80 spd. Andreas kom først til Ramstaddal på arbeid. Var med på prøvedrift etter kopar i fjellet ved Lukkedal. Kår til Andreas i 1880: 12 v halvbygg, 12 v havre, fôr til og røkt av 2 kyr og 8 småfe, ein liten åker og to markstykke som kyrkjeverja peikar ut, fri brensel, fri maling av kårkornet, fri bruk av søre

stove med kammers mot sjølv å halde den i stand. Arbeid 3 veker i slåtten, og elles hjelpe til når dei hadde høve til det.

Lars Petter Rasmus Andreassen Krogen f 1851 d 4/3 1882

g 1877 Lovise Tomasine Olds. Fet (Jørng.) f 1855 d 1904

Br 1876-1882 (dei første 4 åra i lag med faren)

Barn: Ole Andreas Johan, f 1876, d 1960, ug gbr

Like før jul 1879 søkte Andreas om å få bygsle bort garden. Vedtak: «Krogen bortbygsles til Lars Andreassen Krogen mot en bygselsum av 780 kr. og år og landskyld 20 kr.» Vilkår: Tørkeplassen på Leite, der Elling Krogen har ei høylo, med det jordstykket han har dyrka opp til tørkeplass, skal framleis vere Elling sin eide. I staden for det markstykket Elling har ved Kroge-grinda, får han 6 dekar innmark på nordsida av plassen. Elling skal ha rett til torvmyr og brenneved. Den årlege avgifta Elling har betalt til brukaren fell bort.

Lars Petter kom vekk på sjøen ved Alnes.

Ole Andreassen Krogen f 1859 d 1940

g 1885 ek. Lovise Olsd. Krogen, ek. etter broren

Br 1885-1936

Born: i. Lovise Nikoline Karoline f 1886, d ug 1970

2. Nikoline Jensine f 1889, g p br

3. Andreas Ludvik Ingvald f 1889 (tvill.), handelsutdanning. Kontormann. Til Amerika.

Enkja etter Lars Petter dreiv bruket til ho gifte seg oppatt. Ole betalte 750 kr i bygselsum og 25 kr i årleg landskyld.

Det var i Ole si brukstid alle husa måtte flyttast til nye tufter, fordi elva tok nytt løp slik at husa kom i fare (1896). Han vølte og måla husa i 1904. Det var han sjølv som hadde bygt husa nede ved elva. I 1919 var der skylddeling på Kråka, og same året kjøpte Ole bruket for 3800 kr. og fekk skøyte 6/11 1919 av O. B. Lyshol, verja for Ørskog kyrkje. Året før Ole vart kårmann gav han bruket til Ole Andreas Larssen Krogen, Lovise Olsd. Krogen, Olav Martinussen Melset og Rolf Martinussen Melset, kvar med 1/4. Dei to første var einslege (ugifte), dei to siste umyndige.

Martin Rasmussen Melset (bnr 1) f 1898

g 1924 Nikoline Jensine Olsd. Krogen f 1889 d 1980

Br 1936-1964

Born: i. Olav f 1927, p br

2. Rolf f 1931, g 1953 Dagrun Indrebø frå Oldedalen i Nordfjord.

Bilmekanikar, bur på Grebstad. Sjå s 197

Martin Melset flytte til Kråka i 1925. Han har brukt partane som sønene fekk, og resten av garden i lag med dei to andre eigarane. Garden vart ikkje delt. Før Martin tok over på Kråka dreiv han fiske og hadde part i fiskebåt. Men arbeidde òg på garden.

Før var der mange små åkrar og resten var udyrka slattemark. Dei fødde 6-7 mjølkekryr, 4-5 sauher, og 2 hestar (av og til 3). Hadde ei 2. premie følmerr eit år. Hadde 8-10 geiter til 1936. Gjekk etter kvart over frå gråkoller til NRF.

Bruket hadde 60 dekar småljåmark som vart inngjerd til kulturgeite då det vart slutt med setring. Har 60 dekar fulldyrka jord. Selde ein større del av garden til Knut Kjersem.

Då dei måtte flytte lenger frå elva var det berre eit kvernhus som vart teke av elva. Bruket hadde eiga kvern med vasshjul og snor. Kverna vart brukt under krigen. Sidan har dei ikkje drive korndyrking.

Garden hadde seter både på Årset (2 km frå garden) og på Fure (uttalt Føre) (6 km frå garden).

Setrejentene overnatta på setra. Vegen var så pass at dei nokre år brukte handvogn til å få mjølka heim med. Selet til Kråka er visst det einaste som står enno. Slattekarane overnatta i sela ei 14 dagar i slatthen. Setra vart det slutt med i 1950-åra. Fjøsen frå Kråka-setra er på Sunnmøre Museum.

Gardane Kråka, Svinset og Løset R høyrd til same bedarlag, særleg ved gravferder.

Olav Martinsen Melset f 1927 Br 1964-

Han var ei tid møbelsnikkar ved fabrikk. På bruket står verksemda Sykkylven Rør A/S som Olav starta i 1974 saman med Roger Melset. I 1978 tok brorsonen Frank og Odd Magne Melset over. På bruket har Olav Melset gått over til kjøtproduksjon og har ca. 6 ungdyr og ca. 15 sauher.

Plasselfolk under Kråka.

Gunder Olsen Hovden f 1757 d 1839

g 1. Pauline Andersd. d 1830, 75 år

g 2. 1831 Gjertrud Persd. Nedre Lande f 1774 d 1855

Br 1800-1839

Han fekk festesetel på eit stykke mark frå Elling Valbø, kyrkjeverja, 4/6

1800. I 1840 fekk enkja kår av Lars Larssen Krogen. Restar av murane til huset syner enno, og der er ein brunn som enno vert kalla Gjartrubrunnen.

Hans Nilssen Krogen f 1799 d 1835

Han er nemnd under hovudbruket, var ei tid plassemann. 18. februar 1831 vart 2 geiter og kyrne Morlei og Mørkrei selde på tvangsausjon hjå han, brutto 17 spd 1 ort 20 skill.

Sk. 27/5 1835: 1 stovebygning med stort loft, gang og kjøkken 33—2—20, 1 løe som stod på ein mura fjøs 4 spd, $\frac{1}{3}$ i ein åttring og part i åttringsnaust 7—3—8, fiskevegn, 1 kakkelovn i stova, i alt for ca. 97 spd. Hans var son til Nils Olsen Krogen f Valbø. Hans og kona budde i kort tid på Klokk.

Jørgen Andreas Magnussen Melset (br C) f 1818

g 1844 Regine Marta (*Riggine*) Rasmusd. Svinset (br 2) f 1823
Br 1844-1855

Born: 1. Lars Rasmus f 1844

2. Marte Petrine Severine f 1847 d 1935, g Hans Bendiksen Myklebust, gbr Rabbevåg, Borgund
3. Martinus Andreas f 1851, kf i Borgund 1867
4. Magnus Karolus f 1854. Sjå s 336

Han svarte landskyld til kyrkja. Ein gjeld på 2 spd 78 skill. vart ettergitt.
Familien flytte frå plassen i 1858 til Løvoll bnr 1.

Bnr 2 GJERDET

Ebbe Karolus Larssen Nysæter f 1826 d 1884

g Elisabet Lassesd. Rønes f 1831 d 1893
Br 1855-1872

Born: 1. Inger Anne f 1854 g Buvik-Hans (Grebstad)

2. Lovise Petrine f 1857, g p br på Rønes
3. Hansianne Karoline f 1865, g til bnr 4 Løvoll
4. Lars Petter f 1867 d 1884

Brukane på Svinset klaga han for å ha jaga krøtera deira.
Familien flytte til Rønes.

Elling Severin Lansen Svinset (bnr 1) f 1834 d 1929

g Olave Marie Olsd. Løset S bnr 2 f 1837 d 1913
Br 1872-1929

- Born: 1. Lovise Petrine f 1870. Fekk ikkje lov av mora til å reise til Amerika. Tok seg teneste i Romsdalen og omkom saman med mange andre då kyrkjebåten velte (ca. 1894)
2. Karen Olave f 1872 d 1949, ug syerske, Budde i Fjellgt. 25, Ålesund
3. Ole Petter f 1875, til Calif. 1901, ug tømmermann, d ung
4. Anne Oline f 1879 d 1883
5. Marte Petrine f 1881 d 1975. Ho strikka om vintrane og setra om somrane. Setra både på Sundalen, Årset og Fure. Ho var heime og dreiv plassen og passa foreldra etter at dei vart gamle. Kjøpte seg tomt av Jørgen Knutsen Melset og bygde seg hus der. Selde plassen på Kråka i 1931, og den gjekk inn att i garden.

Då Elling tok over plassen vart det vedteke at han skulle betale 1 spd årleg i staden for pliktarbeid, og 1 spd til kyrkja. Elling hadde langt grått skjegg. Var ein koseleg og kravlaus mann. Hogg eine til ved og sopte òg saman barnælene og hadde dei inni skøtet. Gjorde i stand kyrkjebåten laurdagen, sette til og med nygla i: minst mogleg skulle gjerast om sunn-dagen.

Dottera Marte kjøpte plassen for 950 kr. i 1919. Då ho selde plassen til Ole Andreassen Krogen for 2000 kr. i 1931, tok ho frå selet på Årset.

Dermed var det slutt med plassar på Kråka.

Bnr 3 BØEN

Knut Elias Knutsen Kjersem f 1894 d 1947
g 1921 Olivia Karlsd. Løset R (Skulepl.) f 1901 d 1971
Br 1930-1947

- Born: 1. Kirsten f 1923 i Tresfjord, g Olav Løset R (bnr 1)
2. Kåre f 1924, g p br
3. Malvin f 1931, sjå bnr 4 og 6
4. Erling Arne f 1935, g Oddlaug Petrine Konradsd. Klokk.
Dei bur på Lerstad og han er kontormann i Ålesund
5. Liv Karin f 1938, g Birger Ludvigsen frå Erstad.
Mekanikar hjå Liaaen, Ålesund. Bustad Breivik.

Foreldra til Knut hadde gard på Bjørnerem på Otterøya, selde den og kjøpte gard på Kjersem då Knut var 8 år. Knut arbeidde først på torvfabrikk på Harøya for 80 øre dagen. Vart så båtbyggjar på Vestnes, der han møtte henne som vart kona hans. Ho tente der. Dei hadde vore gifte i 2 år då han reiste til Amerika, der han også var båtbyggjar lengste tida

og gjorde det godt. Sende pengar heim til kona og dei to borna som budde hjå mormora på Skuleplassen på Løset.

Då Knut kom heim att kjøpte han 68 dekar udyrka småhøymark av Ole Andreassen Krogen for 1900 kr. i 1930. Året etter bygde han både stovhus og løe. Hadde ein hest, ei ku og nokre sauер først, men buskapen vokste i takt med nydyrkninga. Alt i 1942 fekk han diplom frå Landbruks-selskapet for nydyrkning av ca. 40 dekar.

Frå 1933 hadde han i mange år geiter, over 60 på det meste. Då sonen Kåre tok over var buskapen 8 mjølkekyr, 6 ungdyr og ca. 10 sauere.

Knut døydde etter ein skade han fekk i vedaskogen.

*Kåre Knutsen Kjersem f 1924 d 1982
g 1962 Gunnhild Olga Horsevik f 1939 i Gaular.*

Br 1947-

Born: 1. Anita Bente f 1963

2. Else Karin f 1964
3. Knut Tore f 1964 (tvill.)
4. Gunnar André f 1968
5. Kjetil Oddmund f 1968 (tvill.) d 1969

Var med på gardsdrifta i faren si brukstid, og då han gifte seg hadde han drive bruket åleine i 16 år. Kjøpte traktor med reiskap i 1952: tilhengjar, silosvans, slåmaskin, plog, harv, gjødselspreidrar og potetopptakar. Moderniserte fjøsen og bygde 2 siloar. Garasje.

Setretida kunne vare opp til 3½ mnd. Først på heimsetra på Årset, der det òg var meieri ei tid, med vasshjul og med vatn frå Årsetgrova. Seinare på sommaren var det setring på Fure. Dei siste åra var det så vanskeleg med arbeidshjelp at Kåre sjølv måtte gå på setra. Dei hadde køyrelag på heile Ramstad-sida, køyerde mjølka til mjølkebåten som låg ved kaia på Klokk, og Egil Larsen førde mjølka til Stranda, der Sunnmøre Meieri hadde filial. Kåre Kjersem heldt fram med nydyrkning, men reduserte buskapen noko. I 1980 hadde dei 5 mjølkekyr, nokre ungdyr og 10 sauere.

I Fasteindalen har bruket skogteigar og myrland, og ved Fure dyrkbar jord.

Bnr4 HEIMLY

Utskilt frå brn 3 i 1959

Malvin Knutsen Kjersem f 1931 d 1964

g 1958 Petra Selma Olsd. Hellebostad f 1938 på Svinneset

Born: 1. Gledis Irene f 1959 d 1961
2. Lisbet Kari f 1961

Malvin arbeidde på lenestolffabrikk til 1957, sidan var han rutebilsjåfør i Stranda og Sykkylven Billag. Bygde bustadhus i 1959. Som faren var han ute for ei arbeidsulukke. Han heldt på å skifte dekk og hadde sett på ein låsering som låser dekket fast til felgen. Han stod med eine foten oppe i felgen då låseringen small opp og skadde foten stygt. Han døydde eit par år seinare. Enkja gifte seg att i 1965.

Bnr 6 HEIMLY II

Utskilt frå bnr 3 i 1963
Malvin Knutsen Kjersem

Vidar Finn Barmen f 1943
g 1965 Petra Selma Olsd. Kjersem f Hellebostad 1938
Born: 1. Viktor f 1966
2. Oddfinn f 1970
Barmen er frå Raudeberg i Måløy og er sjåfør. Bur i huset som Malvin Kjersem bygde.

Kråka.
Bnr 1,2, 3, 4, 6,

Gnr 61 NYSÆTER

Namnet kan berre tyde den nye setra, og har vore skrive på mange måtar i eldre dokument: Nyesett 1621, Nyesetter 1665, Nyestøl 1694, og mange fleire. I dag vert namnet skrive Nysæter eller Nyseter. I daglegtalen er det Nysætra.

Segna seier at der budde folk på Nysæter før Svartedauden, men at sotta herja så alle døydde og garden vart liggjande øyde i 100 år. Dei første som tok garden i bruk att var strandarar som brukte garden som seter. Om det har noko for seg kan vel ingen finne ut i dag. Den garden som ligg nærmast Nysæter, i allfall i luftlinje, er Fausa. som høyrer til Stranda. Og Nysæter har hatt eit visst samband med Stranda både på eigars- og brukarsida. Men berre 10 % av strandlinia ved Nysætervatnet høyrer til Stranda. -

Kor som er har der nok vore eit nærmare samband mellom gardane Nysæter og Ramstad enn ein har vore klar over før, og som vi skal sjå er det nok meir truleg at det var Ramstad-folk som tok til å bruke Nysæter som seter etter ein periode då garden låg øyde.

Nysæter ligg ved Nysætervatnet, mellom Velledalen og Ramstaddalen, som i sine øvste deler stemner mot kvarandre. Det er vel om lag same avstand frå Nysæter til nærmeste gard i Velledalen som til nærmeste gard i Ramstaddalen. Men Nysæter har nok alltid høyrt til Ramstaddalen. Og det er vel grunnen til at Nysæter-folk sa «ned i Sykkylven», men «heim til Ramstad».

Nysæter grensar i sørvest til Nysætervatnet, i nordaust til utmarka til Ramstad, Svinset og Kråka. Garden ligg avsides til. Derfor vart vegspørsmålet viktig. Skuleborna frå Nysæter gjekk på skule på gardane i Ramstaddalen då det var omgangsskule. Og veg til sjøen var viktig i eldre tid då Nysæter-buarar som alle andre i bygda dreiv «fiskeri til havs» (matr. 1626).

I 1843 sökte dei to brukarane på Nysæter kommunestyret om veg frå Fasteindalen til Nysæter. På same tid sökte fleire brukarar i Ramstaddalen om at ein slik veg ikkje måtte byggjast. Vedtak i kommunestyret: «Dersom brukerne på Nysæter vil oparbeide og holde vedlike vei frå Nysæter til fremste Ramstad-sæteren, så vil de på den nordøstre siden også bygge og vedlikeholde vei til fremstesæteren.» Ved dagnad tidlig på sommaren 1891 vart det bygt veg mellom Nysæter og Drotninghaug, men grusing stod att. (Å. H & Sj 1/7 1891.) Tre veker seinare stod det i same bladet: «Nysæterveien er nogenlunde i stand, saa den uden ulempe kan kjøres.»

Same året skreiv ein professor i London, Ebenezer Prout i Smp. m.a.: «Turen til Søvig, derfra til Nysæter (op Ramstaddalen) og videre til Drotninghaug og ned Velledalen til Aure er en af de mest storlagne jeg har seet under 9 somres turistbesøg i Norge.» - Denne turen kalla dei den tida «å køyre rundt», og på fine helgedagar kunne ein sjå ei lang rekke hestekjerrer på vegn ned Velledalen. I 1891 løvvde heradstyret i Ørskog 30 kr. til Nysætervegen, mot at heradstyret i Sykkylven løvvde 60 kr. Vedtak i Sykkylven heradstype: «Til dette Øiemed bliver intet at bevilge.» Grunnar: «I Søkelven vilde blive saa mange reisende om søndagen, at kirkens hellighet vilde forstyrres. Drikketrafikken ligesom i Hjørundfjord vilde tiltage. Søkelvingene vilde ikke faa ungdommen til at arbeide (ungdommen i Hjørundfjord stod bare og flante på de reisende). (Smp. nr 84, 1891). I 1892 skreiv Smp i nr 34: Om bevilgning til uddyppning av Vegsundet i Søkelven herredstype: Størker Hundeide kunde af samvittighedsnag

for sine naboer ikke bevilge noget til dette øiemed, saaledes at disses skatter forhøiedes». Dette minner om handsaminga av tilskot til Nysætervegen, meinte bladet.

Som vi skal sjå, flytte brukarane på Nysæter frå garden, medan stadig fleire sykylvingar bygg seg hytte i området. Men vegen frå Fjellsæter over Nysæter til Fausa er enno så dårleg at han er stengd fleire veker om vintrane.

I 1885 var der ein tvist mellom Ramstad, Svinset og Kråka på den eine sida og Nysæter på den andre, om beiteretten til krøtera frå Nysæter. Det kom til forlik om at småfe frå Nysæter kunne beite i eit visst område i Fasteindalen frå 6. til 27. mai, og storfeet frå 13. til 27. mai, men inga beiting der om hausten.

I 1906 var der eit forlik mellom Ramstad og Nysæter om skogbyte.

I 1911 var der utskifting av innmarka på Nysæter. Då var Tore Vaksvik eigar av bnr 2, som hadde sitt i ein teig, med bnr 1 på begge sider. Tore Vaksvik kravde overutskifting i 1913. Men nokre dagar etter den selde han bnr 2 til brukaren. (Utskiftingsprot. VI 1912-19, NSS.)

EIGARAR

I 1650-åra var Nysæter delt mellom svært mange eigarar som hadde ervt små partar i garden . I eit dokument sett opp av lensmann Lars Olsen Abelset og datert 10. oktober 1653 er alle desse part-eigarane nemnde og Lars Olsen Abelset er sjølv ein av dei. Serleg er mange frå Ramstad. Og det vert kjent at alle har selt partane sine til ”vor svoger og frende Knut Pedersen Langlo, samt hans hustru Sigrid Pedersd.”, i alt 3½ mællag 3 mrk. ” som er vort eget rette sanne odelsgods”.

I eit orginaldiplom som Videnskapsselskapet i Trondheim har, dat. 18/6 1658, vert det gjort greie for kva strandalensmannen Knut Langlo har betalt til kvar partseigar. Taksten er 1 rd for ½ fjerdingslag, tilsaman 34½ rd. RA har avskrift av dette dokumentet.

Landkommisjonen 1661 har Knut Langlo som eine-eigar, men skylda er sett tilberre ½ v.

Ein som ikkje likte denne eigedomshandelen var ørskogpresten Hegelund. Han skreiv at han sjølv, som eigar av ”det meste af hovedfjorden, nemlig Ramstad”, burde vere den næreste til å få kjøpe Nysæter. I avsnittet om Ramstad ser ein av matr. 1626 at det må ha vore eit nært samband mellom Nysæter og Ramstad. Men Nysæter var no Langlo-eigedom til først på 1700-talet, då Abelsetfamilien kjøpte Nysæter. Enkja etter Paul Abelset som åtte 2 mællag i Nysæter, vart gift med Knut Høeg,

som såleis fekk ein part i Nysæter. 1 mællag følgde med i det jordegodset presten Hiort kjøpte etter Rømer. Etter Knut Høeg og enkja vart Jørgen Abelset eigar av Nysæter, til garden ved samfrendeskifte gjekk over til Christen Wallin. Av han fekk så brukaren Knut Iversen Klokk skøyte på Nysæter i 1803. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr: 84, 87, 83, 86, 44. Skatteklasse øydegard. Det meste av tida skyld $\frac{1}{2}$ v, ofta skrive 1 pd 12. Tienda var i 1667 $\frac{1}{2}$ t havre 16 mk ost. 1695: $\frac{3}{4}$ mæle havre, 12 mk bygg og 4 mk ost. I 1717 6 skjepper havre, 12 mk ost eller 18 skill.

Leidangen var for det meste 2 kalveskinn (i 1676 1 kalveskinn). I 1714 2 kalveskinn eller 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1626	Unemnd
1657: 1 mann.	Krøter: 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 6 sauер og 4 geiter
1666: 1 mann.	Sår 1 $\frac{1}{2}$ t, avlar 5 t havre. Kan fø 1 hest og 10 storfe. Brennefang
1717: 1 mann.	Sår 2 t havre, avlar 8 t, førar 1 hest og 10 storfe. Brennefang, 1 lita bekkekvern
1724: 1 mann.	Nok brenneved, 1 lita bekkekvern. Garden ligg 1 mil frå sjøen. «Temmelig letvunden til høe, men uvist til korn.» Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 $\frac{1}{3}$ t havre, avlar 2 t bygg og 4 t havre, føder 1 hest, 4 kyr, 5 ungdyr, 6 sauere og 6 geiter
1802: 1 mann.	Sår 2 $\frac{1}{2}$ t havre, 1 t blk, 5 foll. Førar 1 hest, 7 kyr, 20 småfe. Plassen «Hauen» har ingen kornavl. 2 småfe. Garden er verdsett til 72 rd. Skog til brenneved. Sommarbeite, seter. Kornavlen er stundom utsett for frost og grønår
1835: 2 mann.	2 hestar, 10 storfe, 16 sauere, 6 geiter. Sår 1 t bygg, 8 t havre, $\frac{1}{2}$ t poteter
1845: 2 mann.	2 hestar, 12 storfe, 26 sauere og 11 geiter. Sår 3 t bygg, 2 t blk, 3 t havre, 2 t poteter
1865: 2 mann.	2 hestar, 16 kyr, 24 sauere, 16 geiter, 1 gris. Sår 5 $\frac{1}{2}$ t bygg, 5 $\frac{1}{2}$ t havre, 5 t poteter
1875: 2 mann.	1 hest, 3 føl, 13 kyr, 5 kalvar, 42 sauere, 26 geiter og 3 griser.

BRUKARAR

BRUK A (vart til bnr 1 og bnr 2 først på 1800-talet)

Knut

Br 1617-ca. 1638

Nysæter er ikkje nemnd i matr. 1626. I same matr. står det at der er 8 brukarar på Ramstad, men berre 7 namn er nemnde. Den 8. kan vere Knut Nysæter. I dei eldste kjeldene er Nysæter alltid nemnd saman med Ramstad (like etter Ramstad), og dette kan tyde på at Nysæter vart rekna som eit underbruk under Ramstad. Presten Hegelund skreiv i eit brev til tinget i 1658 og kalla der Ramstad for «hovedjorden som Nysæter ligger under».

Knut Nysæter er nemnd i Bhl pk 63 (1617-18) og då skulle ein vente å finne Nysæter nemnt i matr. 1626 også. Knut la ikkje korntiend i 1618, men sidan frå 1 fj til $\frac{1}{2}$ mæle.

I 1621 er nemnd ein «halvlods dreng» Paul Ingebrigtsen Nysæter som betalte $\frac{1}{2}$ rd i skatt. Same året la Knut 2 kalveskinn i leidang.

Dei to nesle brukarane er nok begge søner til Knut.

Ingebrigt Knutsen Nysæter

Br ca. 1638-ca. 1656

Born: 1. Marte, d på Nysæter i 1723, husmannskone 80 år

2. Knut, til Hole i Velledalen.

I 1638 er Ingebrigt nemnd i ei liste over øydegardsmenn og andre fattige. I 1645 la han koppskatt for seg og kona. I nokre år frå 1638 er Ingebrigt og faren nemnde om kvarandre, så dei har vel brukt garden i lag i nokre år.

Knut Knutsen Nysæter f ca.1622

g enkja etter broren Ingebrigt.

Br ca. 1656-ca. 1690

Born: 1. Knut f ca. 1658 p br

2. Ingebrigt f ca. 1660

3. Marte, g Jon Bjørnsen Lille Havnen. Sk. 19/3 1749 etter begge

4. Kari, g Iver Halvorsen Melset (br Bb) sk 1720

5. Tyri f ca. 1667

6. Knut f ca. 1669, g p br

I 1657 la han $5\frac{1}{2}$ slettdalar 6 skill. i krøterskatt (sjå opplysningar om garden). Han brukte 2 mællag og la $\frac{1}{2}$ mæle i tiend i 1666.I 1675 10 mk

bygg, 1 pd 14 mk havre i tiend. I 1680 bøtte han to gonger med 2 mk sølv, først for ulovleg skoghogst, så for skysspliktforsøming.

Knut Knutsen Nysæter f ca. 1658

Br ca. 1690-ca. 1712

Aldersoppgåvne fra 1666 og 1701 stemmer svært dårleg overeins.

Vanskeleg å forstå er og det som vert nemnt under skoskatten 1711:

«Knut har sin moder hos sig og tvende små søskende.»

Knut Knutsen var ugift. Ein yngre bror med same namn tok over. Det var

Knut Knutsen Nysæter f ca. 1669 d 1730

g Anne Jetmundsd. Grebstad f ca. 1665 d 1748

(ho var dotter til Jetmund Tollevsen Grebstad og k. (Peg.)

Br ca. 1712-1730, enkja til 1731

Barn: Ole f ca. 1715, g p br

Ei Marte Nysæter er nemnd for lm med ein Bottolf fra Nordfjord, og han er reist dit. Futerekneskapen for 1720: «En bortløben dreng af Nordfjord 6 rd.» Om denne Marte var av Nysæter-slekt er uvisst. Ho måtte då vere eit av dei «små søskende» nemnde i 1711. - Anne Jetmundsd. gifte seg att i 1731 med enkjemann

Knut Simensen Hove fra Stordalen

Br 1731-1733

Berre etter eit par år tok versonen over, ca. 18 år gammal.

Ole Knutsen Nysæter f ca. 1715 d 1796

g 1736 Lisbet Jakobsd. Eidem f ca. 1708 d 1786

Br 1733-1783

Born: 1. Anna f 1738, levde i 1762

2. Knut f 1739, unemnd i 1762

3. Berte f 1741, g p br

4. Jakob f 1743, d 1775, 31½ år

5. Jon f 1747, levde i 1776

6. Marte f 1750, g Peder Jons. Ø. Søvik (bnr 2)

Ole fekk bygselsetel alt 11/10 1731 fra Paul Abelset på 2 mællag i Nysæter.

Dette må ha vore like før hans gifte seg oppatt.

I 1747 stemnde han Jon Arnesen Ramstad som hadde teke son sin, Anders, or tenesta hos Ole etter 10 veker. Han skulle ha vore der 1 år. Det vart forlik: Anders, som då var 13 år, skulle ta teneste på Nysæter att året etter, og Jon betalte 2 rd. - I 1775 skaut Ole ein ulv.

Lars Jonsen Øvre Søvik (br 2) f 1758 d 1823
g 1783 Berte Oline Olsd. Nysæter f 1741 d 1813
Br 1783-1803, på bnr 1 1803-1810
Barn: Anne Elisabet f 1785, g p br
Lars var halt. La i åra 1792-1795 årleg tiend til Ørskog-kyrkja 3 fj havre,
12 mk bygg, 5½ mk ost og 4 skill. i fisketiend.

Under den store beitesaka mellom Lade og Drotninghaug åtvara han begge partar mot å sleppe krøtera sine inn på hans mark. Fekk skøyte på ½ av Nysæter frå brukaren av resten, Knut Iversen Klokk eller Nysæter, mot kår, 6/11 1805.

Sk. 1823: Brutto 140 spd, netto 105 spd.

Auksjon 8/6 1824: 2 koparkjelar, 1 vaffelkakejarn, 1 nytt haglgevær, 2 måla ølbollar, 2 måla ølkanner, 1 Brochmanns huspostill, 2 salmebøker, 60 famnar torskegarn med streng, dubbel og kavlar, 1 raud ku Dyrei, 1 raudflekk ku Fagrei, 1 svart geit, ½ i eit gammalt tømmernaust, ½ i ein færing, 1 røykstove bygning med gang og svaler, med 3 blyvindauge 11 spd, 1 ny og betre stovebygning, med gang og ei lita sval, torvtak. Kyrkjepart som ligg til 18 mk i Nysæter 5 spd. Tore H. Klokksfjæren kjøpte begge stovehusa. Brutto 146 spd, netto 129 spd. Somme som kjøpte på denne auksjonen hadde enno ikkje betalt i 1825 (Forlikskomm. 7/3 1825).

Bnr 1 LASSEGARDEN

Dette er det bruket på Nysæter som ligg lengst mot vest.

Trond Lassesen Kjersem f ca. 1786 d 1819

g 1810 Anne Elisabet Larsd. Nysæter f 1785
Br 1810-1819

Born: 1. Ingeborg Lovise f 1811, g 1840 Peder Amundsen Högset («Bøkke-Pè) f 1807 d 1886
2. Berte Johanne f 1813, d på Almeskar 1893, ug legdsl. Ho hadde dottera Marte Eline Pedersd. Högset f 1848 (far: Peder Jenssen Gausnes). Marte budde i Bergen i 1893
3. Lasse Johannes f 1816, g p br.

Skøyte frå Lars Jonsen 1/4 1810 for 82 rd.

Sk. etter Trond 1819: Brutto 145 spd., netto 107 spd. Ved sk. vart jordvegen taksert til 60 spd. Av det fekk enkja 9 mk = 30 spd, sonen Lasse 4½ mk -15 spd og dei to døtrene kvar 2¼ mk = 7-2-12.

Anne Elisabet gifte seg att 18/6 1820 med

Lars Petter Eriksen Ramstad (bnr 3) f 1793 d 1855

g 1. Anne Elisabet Larsd. Nysæter f 1785, d 5/10 1820

g 2. 1821 Ingeborg Gurine Bendiksd. Ramstad (br 7) f 1790 d 1881

Br 1820-1838

Anne Elisabet tok livet av seg 5. okt. 1820. Om dette vert det fortalt i tingbok frå 1820. Det var forhør på Klokk 12. okt. 1820. Amund Olsen Velle, då 35 år, frå Karigarden, kom 3. okt. til Lars Peter Eriksen Nysæter for å gjere noko smiarbeid. Anne Elisabet hadde lagt seg. Ho hadde klaga over at ho hadde vondt i hovudet, i brystet og mellom skuldrene. Ho var oppe dagen etter. Om morgen den 5. okt. vart Amund vekt av kona i Pettergarden Marte Pedersd. Nysæter, som ville ha han til å hjelpe til å leite etter Anne Elisabet, då ingen visste kvar ho var. Svigerfar hennar, Erik Knutsen Ramstad fann henne liggjande på golvet i smalfjøsen. Ho hadde brukt kniv på strupen.

Både svigerfaren og alle andre hadde berre godt å seie om henne. Ho hadde vore gift med 2. mannen berre i 3½ månad, og hadde i den tida hovudverk og andre smerter, men hadde ikkje ofte vore sengeliggjande.

Det vart bestemt at ho skulle gravleggjast «i uinntak av jord».

Sk. etter henne 9/11 1820.

Borna til Lars Petter og Ingeborg:

1. Lars Andreas f 1822, kf 1837

2. Berte Lovise f 1824

3. Ebbe Karolus f 1826, g t Rønes. Ei tid på Kråka (Gjerdet)

4. Anne Sofie f 1828, g 1852 Ebbe Olaus Pettersen Braute, bustad
Bårdsgjerde

5. Johanne Birgitte f 1833, d 4 veker.

I 1826 gav Lars Petter lovnad til steborna om at han ikkje ville hevde odel i bruket på Nysæter. Då han gav frå seg bruket flytte han til Klokk og vart plassemann der (bnr 7).

Lasse Trondsen Nysæter f 1816 d 1895

g 1838 Eli Larsd. Ramstad (br 4) f 1817 d 1876

Br 1838-1872

Born: 1. Lars *Tomas* f 1839, utviklingshemma, d 1913 på Ikornnes som legdslem
2. Hans f 1841
3. Hans Edvard f 1842, g til Lade. Sjå bd 2 s 554
4. Hans *Elias* f 1845, g til Lade. Bd 2 s 560
5. Oline f 1847, d same året
6. Anne *Elisabet* f 1848, g p br

7. Ellen Gurine Oline f 1851, g Knut Johannes Knutsen Nysæter f. 1842. Plm. Nysæter, sidan Bruapl. Melset
8. Hans Peter f 1852, d 15 dg
9. Marte Oline f 1854, g 1884 Hans Johan Kristensen Grebstad f 1861. Bd Is. 393
10. Ivrine Petrine *Olave* f 1857, g 1887 Arnt Olsen Korshavn f 1862 på Hitra
11. Lovise Petrine f 1860, g p br.

Lasse Trondsen fekk skøyte på bruket frå Bernt Knutsen Vik 30/6 1843 for 70 spd.

I 1860-åra hadde bruket 21 dekar mindre god åker og dyrka eng, og 71 dekar mindre god natureng. Meir jord kunne dyrkast, og der var viktige utslåttar. Hamnegangen var framifrå god. Garden var lettbrukt, men kornhausten var usikker. Sådde 2½ t bygg, 3 t havre og 2 t poteter, avla 12 t bygg, 12 t havre og 12 t poteter. Fôra 1 hest, 7 storfe og 16 småfe.

Det vert fortalt at ein av sønene til Lasse, «La-Elias», ein snøvinter skulle ta seg ein tur til Nysætra, og gjekk der han trudde husa skulle vere, men han såg ingen ting. Han stoppa, og stødde seg på staven for å sjå seg rundt. Då fôr staven ned gjennom snøen, og då han såg nærmare etter var det ljoren på ei av stovene. Han ropte ned og spurde korleis dei hadde det. Dei hadde tunnelar mellom husa. Om der nokon gong var så mykje snø kan vel vere tvilsamt. Men sikkert er det at dei ofte laga «tak» av gamle dører og bord så dei slapp å møke snø heile vegen til fjøsen.

Gunder Torbjørnsen Giskemo f 1848 d 1892

g 1. 1872 Anne *Elisabet* Lassesd. Nysæter f 1848 d 1883

g 2. 1884 Lovise Lassesd. Nysæter f 1860 d 1938

Br 1872-1892, enkja til 1896

Born i 1. ekteskap:

1. Lars Bendik f 1874, d 1945, g 1900 Anne Petersd. Nedrevoll f 1881
2. Ole Elias f 1879 d 1889

Barn i 2. ekteskap:

3. Anne Eline f 1885, g til Melset bnr 6.

Gunder fekk bygselsetel frå Lars Petersen Ramstad mot kår til Lasse Trondsen og kone 17/10 1872.

I 1875 sådde dei 2 t blk, 3 t havre og 4 t poteter, og fødde 1 føl, 5 kyr, 1 kalv, 11 sauer, 9 geiter og 1 gris.

Enkja gifte seg att i 1896 med

Karl Johan Knutsen Vestre f 1867 d 1945 på Melset

Br 1896-1936

Barn: Gurine Laura f 1896 d 1965. Budde i Ørsta og Volda. Styrde huset for enkjemenn, sist i Bjørndal.

Karl kjøpte eit stovehus på Stranda og flytte det til Nysæter. Han sette det opp nærmere kommunevegen enn det andre stovehuset. Han ville nytte Stranda-huset til innlosjering av byfolk. Dette dreiv Karl og Lovise i stor stil. Mange byfolk hadde sitt faste opphold på Nysætra om somrane og i jakttida om hausten. Mellom andre var den landskjende redaktøren av Aftenposten, Amandus Schibsted, fast gjest på Nysætra, og han skal ein gong ha sagt at det var den vakraste staden i landet.

Karl og Lovise var strevsame og dugande folk og tente seg rike etter den tida sin målestokk. I 1936 flytte dei til Melset og selde bruket same året for 12 000 kr. til

Bastian Weiberg-Aurdal f 1891 d 1973

g 1921 Elise Ringdal f 1892 d 1959

Br 1936-1953

Dr. Aurdal, som han oftast vart kalla, hadde stor legepraksis i Ålesund, og hadde altså no i tillegg to gardar å drive, Karigarden på Velle og dette Nysæter-bruket.

Då han tok over på Nysætra, stod den gamle løa med kufjøs og sauefjøs nedanfor vegen. Så var der to stovehus, eit stabbur, eit lite vognhus, og ei utmarksløe oppe i Nakken. Like før krigen bygde dr. Aurdal ny fjøs med plass til 20 kyr og med sel i same bygning like inn til heimebøen, ca. 200 m frå det gamle tunet, nærmere Fjellsæter. Så flytte han stabburet på Velle til Nysæter. Det vart brukt til bustad, kokeplass og matsal for leige-folk. Utanom dette stabburet og den nye fjøsen (som ikkje er i bruk) er det berre det største våningshuset som er att. Alle dei andre husa er rivne.

Då doktoren tok over, var ein del av heimebøen dyrka på eit vis, men der var lite samanhangande atteleger, og heile bøen vart slegen med ljå. Steinen frå dyrkamarka var samla i røyser med mur i nerkant og matjord over. Det første dr. Aurdal gjorde, med leigd hjelp, var å rydde all stein vekk frå dyrkamarka. Så dyrka han meir jord fram til 1940. I dag er ca. 40 dekar fulldyrka. Den delen av bruket som ligg på andre sida av bnr 2, vart grøfta og ca. 5 dekar fulldyrka. Denne delen av bruket kallar dei Heimstestykket. Også på Storholmen vart eit felt på ca. 20 dekar grøfta.

Før krigen nytta han jordbrytarlag frå Hornindal og Stryn, men under krigen sette han inn ein «storoffensiv» og mobiliserte fabrikkarbeidarar og andre frå Sykkylven og Ramstaddalen, i alt 30-40 mann, som arbeidde,

budde og åt på Nysætra. Dei budde i begge stovehusa og i begge stabbura. Dei frå Ramstaddalen budde visst på Furesetra, og tenestjenter i selet. Med i arbeidsstokken var endåtil folk frå Ålesund og ein finsk skytebas.

Eit område i Røvsdalen vart inngjerdt og nytta til oksehamn, med foreningsoksar frå Sykkylven og grannebygdene.

Fram til ca. 1950 vart høyet slege og transportert til Velle. Etter den tid vart heimebøen på Nysætra nytta som kulturbete for mjølkekjyr.

Ved skjønn i 1937 og 1953 vart Nysætervatnet regulert som kraftkjelde for Stranda. Derved vart ei naturperle og eit rikt fiskevatn redusert i verdi og mindre attraktivt både for grunneigarar og turistar.

Dr. Bastian Weiberg-Aurdal var ein framsynt og initiativrik mann, ein nybrotsmann i meir enn ei meinings. Han hadde ein sterk humoristisk sans, var menneskeleg og hjelsam og vel likt og sett opp til av alle som kjende han, og del var mange. Han var interessert i slekt og tradisjon, og fekk samla mykje om si eiga ætt.

Arnold Weiberg-Aurdal f 1925

g 1951 Edny Vinje f 1926 på Aure

Br 1953-

Etter examen artium og eksamen frå Norges Landbrukshøgskole på Ås, tok han over etter faren som brukar både på Velle og på Nysætra. Då faren kjøpte Nysæter-bruket, var det tanken at sonen Arnold skulle ha det, men seinare har den eldste broren, Bastian, skrive frå seg odelsretten til Velle, slik at Arnold Weiberg-Aurdal no er eigar av begge bruken. Han fekk skøyte på Nysæter-bruket i 1962 frå faren, som hadde budd på Nysætra med familien i mange somrar før han kjøpte bruket der.

Arnold Weiberg-Aurdal har lagt nytak på hovud bygninga, men det er framleis torvtak, og har elles restaurert huset. Inne er det lagt nye golv, nye vegger mellom gang og kjøk, og heile huset er måla innvendig. I 1982 vart det installert elektrisk kraft.

Han slutta med mjølkeproduksjon i 1965, og bøen på Nysætra vart frå då av nytta som beite for oksar og sauherd. I si brukstid har Arnold Weiberg-Aurdal planta gran på ca. 100 dekar på Nysætra, i Nakken og ovanfor Heimstestykket.

Ved sida av drifta av to gardar, har Arnold Weiberg-Aurdal vore mykje med i styre og stell i bygda, m.a. som heradsagronom og ordførar, og er no landskjend som stortingsmann. Det er han som med alle sine gjaremål har teke seg tid til å gi opplysningar om faren og seg sjølv som brukarar av Nysæter.

Både om doktoren og stortingsmannen og familiene deira står det meir

i bd 2 s. 456-458. Son til stortingsmannen, Bastian f 1959, studerer ved Norges Landbrukskole på Ås og skal verte gardbrukar på heiltid, og m.a. vere med på å fullføre det store arbeidet som er i gang på Nysæter.

Bnr 3 LUN

Utskilt frå bnr 1 i 1915, skyld 8 øre, skøyte 9/3 1917 til

M. A. Braastad, fabrikkeigar

Han selde LUN til

Bertrand Jakobsen, forretningsmann i Ålesund.

No er det sonen

Ørnulf Jakobsen,

bygningssjef i Porsgrunn, som er eigar.

Skylda skal gå tilbake til hovudbruket etter makeskifte.

Bnr 2 PETTERGARDEN

Knut Iversen Klokk (br B) f 1768 d 1841

g 1800 Marte Pedersd. Øvre Søvik (br 2) f 1773, d 1849

Br1803-1828

Born: 1. Knut *Bernt Olaus* f 1801 d 1849, g 1830 ek. Anna Elisabet
Olsd. Vik f 1798 (bd 2 s 92)

2. Marte f 1803, g Hans Salmundsen Løset R (bnr 2)

3. Ivrine Petrine f 1807, g Peder Knutsen Vik. Bd. 2 s. 78

4. Tyri Lovise f 1810, g Bernt Olsen Vik. Bd 2 s. 93

5. Karen Marie f 1816, g Ole Ivers. Blindheim. Bd 2 s. 147. Knut kjøpte heile Nysæter og hadde vore gift i 3 år og dei hadde fått første barnet då dei flytte til Nysæter og busette seg på den gardparten som seinare vart kalla Pettergarden og fekk bnr 2. Det var av Christen Wallin Knut kjøpte Nysæter. Betalte 162 rd 18/8 1803. I 1805 lét han den tidlegare brukaren av heile Nysæter få kjøpe den andre halvparten, bnr 1, for 82 rd mot kår til Knut og kona.

Knut vart av og til kalla Klokk lenge etter at han flytte til Nysæter, men mest vart han kalla «Gullsmed-Knut» og skal etter tradisjonen ha drive gullsmedforretning i Kristiansund og visstnok i kortare tid i Trondheim. I forliksprotokollen for 1835 er Knut kalla urmakar. Men smie hadde han i allfall stod ovanfor stovehusa på Pettergarden. Det vart



*Den gamle stova på Nysæter, bnr 2. Vert nå nytta til sommarbustad.
(Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)*

kona som i lange tider måtte drive bruket. Og etter det som vert fortalt hadde ho krefter til det. På tunet låg ein lyftestein som dei sterkeste karane så vidt greidde å lyfte frå marka. Kona til Knut la ein stein oppå og lyfte begge.

Jonsplassen, der den kjende bjørneskyttaren budde også før Knut kom til Nysæter, kom til å høyre til bnr 2.

Den 16. juni 1828 lét Knut ein mann frå Øvre Søvik få bygsle bnr 2, og frå då av hadde Knut kår frå begge Nysæterbrukena. Den 23. juni 1840 gav Knut skøyte til son sin Bernt på bnr 2 og Jonsplass for 80 spd.

Petter Olaus Pedersen Øvre Søvik (bnr 2) dp jan. 1795 d 1865
g 1827 Marte Cecilie Knutsd. Klokk Br B f 1801 d 1883
Br 1828-1857

Barn: Lovise Marie f 1828, g p br
Oppfostringsbarn: Peter Jørgen Olaus f 1835 (foreldre: Ole Jakobsen
Framhus og Oline Aslaksd. Rønes)

Petter vart til dagleg kalla «Store-Petter». Han var bror til Marte som var så sterk. Fekk bygselsetel frå Knut Iversen 16/6 1828. Kår. Han bygde

nye stovehus på bnr 2. Vart stemnd for gjeld til «Gullsmed-Knut» både i 1835 og i 1838: for resterande landskyld, kyrkjetiend og småtiend. I begge høve kom det til forlik i forlikskommisjonen. Også enkja Marte Pedersd. Vik stemnde han, for resterande kår: 6 v havre, 2 v bygg, landskyld 9 spd 3 ort, 1½ t syre. Petter gjekk med på å betale alt innan 6½ månad.

Ole Andreas Olsen Fjørstad f 1823 d 1884
g 1850 Lovise Marie Pettersd. Nysæter f 1828 d 1905
Br 1857-1882

Born: 1. Bernt Petter Olaus f 1853. Sjå bd 2 s 94
2. Marte Eline f 1854 d 5/1 1872. Ho glei ut over eit fjell mellom Fausa og Skjortnes og slo seg i hel.

Fekk bykselsetel frå Fredrik Sjøholt okt. 1857. Kår. I 1860-åra hadde bruket 26 dekar mindre god åker og dyrka eng, og 26 dekar mindre god natureng. Meir jord var dyrkbar, og dei hadde store utslætte. Framifrå god hamnegang. Noko usikker kornhaust.

1865(folketeljinga): Sånad 2½ t bygg, 2½ t havre, 2 t poteter. Krøter: 1 hest, 8 kyr, 12 sauher og 8 geiter. (Matr.arb. har desse tala for sånad: 3 t kygg: 4½ t havre og 3 t poteter).

1875: 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 3 kalvar, 16 sauher, 10 geiter og 1 gris. Sådde 2 t bygg, 3 t havre og 4 t poteter.

Ole Olsen vart ofte stemnd for smågjeld, og sette to gonger stovehuset med tilbygningars i pant.

Johan Olaus Olsen Løset S (bnr 2) f 1851 d 1919
g Marte Regine Larsd. Almeskar f 1859 d 1929
Br 1883-1919, enkja til 1922
Born: 1. Olave Petrine f 1885 d 1962, ug budeie. Arbeidde i mange år på Velle.

2. Lars Peter Elias f 1888, g p br
Johan bygsla først bruket, men kjøpte det av Tore J. Vaksvik for 2700 kr. i 1913. Då var plassen som Hans brukte med i handelen. Olave Petrine selde sin part i bruket til broren Lars Peter, og fekk samtidig rett til eit rom i stovebygninga på livstid. Johan dreiv bygningsarbeid som attåtnæring. I 1900 var der eige kårhus på bruket.

Lars Peter Elias Johansen Nysæter f 1888 d 1945
g 1927 Lovise Sivertsd. Løvoll f 1905 på Vigra
Br 1922-1945

- Born: 1. Jostein f 1928, g Astrid Hole Drabløs f 1926. Bustad Straume
 2. Margit f 1931. Bur i Bergen.
 3. Palma f 1934 g Jostein Gjerde f 1932. Bur på Blindheim, bnr 75
 4. Liv f 1936 g Sveinung Bjørke, Brudevoll brn 8
 5. Oddlaug f 1938, g 1958 Peter Larssen Haugset
 6. Martin f 1941, g Anne Marie Johansen fra Flagstad. Bur på Aure
 7. Lars Petter f 1945, g Edel Sølvi Alnes f 1947 på Godøy.

I Lars Peter si brukstid Fôra dei 2 hestar, opp til 9 kyr og 10 sauер. Hadde mange store utslætte, m.a, i Røvsdalen, med sel og løe, og var der kvart år ei 14 dagar. Lenger oppe i Røvsdalen, ved Svartehammaren, var der tre små oppmura rundingar som dei kalla gjetarhytter, av same slaget som ein finn på Dovre og andre stader.

På Nysæter gjorde lægjet at det vart kort sommar, sein sommar. Snøen låg så lenge. Når det vart bert, gjekk det fort. Dei hadde eit merke på når dei kunne ta til med slåtten. Det var når snøen ikkje rakk lenger ned enn til Ihjelsletta (= Littlesletta). Våronna og slåtten gjekk mykje godt i eitt. Og hausten kom fort. Eitt år køyrdet dei inn siste hesjane i måneskin. Og dei måtte skuffe snøen av potetforene når potetene skulle takast opp. Dei brukte treplogar, ein for høgrehand og ein for venstrehand. Lendet var bratt, men dei kunne bruke både slåmaskin og hesterive. Ei av attelegene vart kalla Cecilia-attelaga, etter kona til Store-Petter. Anders-reiten låg nede ved Nysætervatnet. Truleg oppkalla etter tenaren Anders som var på Nysæter 1747-48. Det var særleg havren det var vanskeleg å få moden. - Dei hadde eit arbeid dei kalla «å køyre reine». Det var å flytte mold fra nedste reine til øvste.

Lars Peter brukte smia til «Gullsmed-Knut». Den stod enno då. No syner berre murane att.

Lars Peter dreiv fiske frå Vigra i yngre år, seinare anleggsarbeid, særleg i tida mellom jul og påske.

Heimefisket i Nysætervatnet var så godt at dei heldt seg med fisk derifrå. Frå midten av august og ut over hausten dreiv dei garnfiske så å seie dagleg.

Etter at Lars Peter døydde budde familien først på Fausa, så på Velle og Løvoll. Lovise arbeidde ei tid på konfeksjonsfabrikk og bur på Vik.

JONSPLASS (HAUGEN)

Jon Bodvardsen Fausa f 1756 d 1832
 (son til Bodvar Pedersen Rødset, Stordal og k. Ragnhild Larsd. Ekornes Ytre (1723-1799) (dtr. til Lars Olsen Valgermo?)

g 1788 Marte Pedersd. Nysæter f Øvre Søvik ca 1758

Br 1797-1832

Barn: Bodvar f 1789 på Rødset i Stordalen, d 1878, g 1830 ek. Berte Ingeborg Larsd. Drotninghaug f 1777. Han skreiv dikt. Bustad Drotninghaug.

Jon bygsla ei tomt på Nysæter 30/10 1797 av C. Wallin. Han var altså på Jonsplassen før Nysæter vart delt, men Jonsplassen kom til å høyre til bnr 2.

I 1802 står det om plassen, som då vart kalla «Hauen»: «Har ingen kornavling, fører kun tvende småkveg og svarer i årlig avgift 2 ort.»

Nysæter-Jo er best kjend som bjørneskyttar. Mange historier vert fortalte om jakt-turane hans etter bjørnen. Ingen veit lenger kor mange han skaut. Frå ymse dokument har eg notert at han skaut ein eller fleire bjørnar i desse åra: 1786 (2), 1800, 1802, 1803 (3), 1804, 1806 (2), 1808, 1809, 1811, 1812, 1820, 1821 og 1827. Då han skaut den siste eg har notert, i utmarka til Habostad, var han 73 år. Fekk pengar for skinna, og kjøtet brukte dei mest som spekekjøt.

Knut Severin Ellingsen Svinnset (bnr 1) f 1808 d 1896

g Eli Olsd. Brune f 1807 d 1880

Br 1832-1872

Barn før ekteskap: Marie Katrine f. 1829 (mor: Anne Olsd. Svinnset br 3)

Born: 1. Karen Olave f 1837 d 10 dg

2. Knut Johannes f 1842, g p pl

3. Karen Olave f 1843, kf 1858

4. Ellen Sofie f 1852, g 1878 Iver Hanssen Tuene f Hammerløkken i Våge 1851. Ho d 1898.

Berte Andreasd. f c.a. 1863 (pleiedotter).

Knut var tambur som soldat. Det vert fortalt at han bygde hus mellom Jonsplass og Pettergarden. Ved eksekusjonsforretning i 1868 for gjeld til Martinus G. Velle vart der teke utlegg i 2 skogalører, 1 fjøs- og løbygning, i krøter o.a. I 1875 var der to bustadhús på plassen, og Knut med familie budde i gamlestova.

I 1865 fødde dei 2 kyr, 6 sauер og 4 geiter, og sådde $\frac{1}{2}$ t bygg, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

Knut vart ofte stemnd for forlikskommisjonen for gjeld.

Knut Johannes Knutsen Nysæter f 1842 d 1902

g Ellen Gurine Oline Lassesd. Nysæter f 1851 d 1934

Br 1872-1882

Knut fekk festesetel frå Lars Petersen Ramstad på eit markstykke 17/10 1872. Kår til foreldra 12/7 1877. Festesetel på Jonsplass frå Fredrik Jonsen Sjøholt i 1874. Sådde i 1875 ½ t bygg, 1 t havre og 3 t poteter. Buskap: 1 føl, 3 kyr, 1 kalv, 9 sauher, 7 geiter, 1 gris.

I 1879 vart husa hans pantsette for gjeld.

Familien flytte først til Svinneset. Fekk sidan bygsle Bruaplassen under Monshaugen på Melset. Der er alle dei 10 borna deira nemnde samla. Dei 4 eldste var fødde på Nysæter.

Hans Petter Olsen Fjørstad f 1828 d 1909

g 1. 1859 Lovise Beate Petersd. Lien f 1832 på Stranda, d 1894

g 2. 1895 Anne Helen Johansd. Fausa f 1856 d 1949

Br 1882-1909

Born: 1. Petter f 1859 d 1874

2. Anne Oline f 1862 d 1937, g 1911 em. Johannes Monsen Espeljelle f 1868 d 1948
3. Petter Elias f 1865 d 1948, g 1891 ek. Severine Oline Andreasd. Kroken (1861-1962), ek. etter Johan Martinussen Framhus (1861-1890)
4. Hans Petter Olaus f 1867, d same året.
5. Ole Andreas f 1869, g 1893 Beate Olave Hansd. Fjørstad (1863-1945). Før hadde han barnet Ole Bastian f 1885 d 1886 (mor: Anne Marie Petersd. Øvrebusk f 1860. Ho budde på Nysæter
6. Anne Gurine f 1872, til USA i 1901
7. Petrine Marie f 1877, til USA.

Fekk bygselsetel frå Fr. Sjøholt på plassen, dit han kom frå Sløgstad (Bøen). Før han gifte seg hadde han 2 born:

Anne Marie f 1845 (mor: Helene Olsd. Myklebust)

Karen Olave f 1853 (mor: Gjertrud Larsd. Skarbø)

Hans Petter hadde ein halvbror Syver Olsen Fjørstad f 1833. Han hadde ein sjukdom i ein fot og vart sengeliggjande på Nysæter, «hvorhen det er umulig at komme på denne årstid», står det i Fattigkommisjonens Copibog for Ørskog 5/2 1855. Då var den sjuke guten alt flytt til ein annan bror på Løset R, Petter Andreas Olsen, «der han skal befinde sig i en sorgelig tilstand, og lægen bedes tilse ham der på fattigvæsenets regning».

Husa som Hans budde i selde Johan O. Nysæter i 1913 til fabrikkeigar M. A. Braastad i Ålesund. Då Hans døydde, flytte enkja Anne Helen til Svinneset bnr 5 (s.d.).

Bnr 4 UTSIGTEN

Utskilt frå bnr 2 i 1915, skyld 12 øre

M. A. Braastad

Dette var eit par dekar jord rundt husa som Braastad kjøpte i 1913.

Beiterett og jaktrett og rett til fiske i Nysætervatnet. Ei nausptomt var òg med i handelen. Sjå bnr 3 under bnr 1.

M. A. Braastad reiste til Tyskland og vart borte.

Bertrand Jakobsen sen.

Han kjøpte stykket med hus av M. A. Braastad 9/3 1917. Kjøpte stova på Hoggaplassen på Ramstad og brukte den til å utvide og byggje om huset på Nysætra.

Han brukte huset ofte, særleg i påska.

Bertrand Jakobsen jr.

har teke over Utsigten. Bur i Ålesund.

Ny sæter.

Bruk A, 1, 3

2, Jonsplass, 4

Gnr 62 LØSET R

Namnet finst òg i Søvikdalen, og elles mange stader i fylket. Svært gamle former syner at namnet kan ha ulik tyding på ulike stader. Nokre slike gardnamn er samansette med eit mannsnamn, andre med «løe». Der ein ikkje har slike gamle former å halde seg til er det uråd å vite sikkert kva som er rette tydinga, meiner Rygh (under omtalen av same namnet i Vanylven), men trur likevel at namnet oftast kjem av «løe».

No har vi ei slik gammal form Lodesæter frå 1524 om denne garden, så her kan vi vere sikre på at det kjem av løe. Folk har slege her og hatt ei eller fleire høylører på staden. Som fleire andre stader tek Rygh feil når han gir att den daglege uttalen av namnet. Det rette er einstavings tonelag.

Andre gamle former: 1603 Løffsetter, 1666 Løesett, 1683 Løedsæt.

Garden ligg framanfor (sør for) Melset på same sida av elva. På andre sida av elva ligg garden Kråka.

I eit dokument frå tidleg på 1700-talet står det at der alltid har vore to bruk på Løset, og at den gamle skylda har vore 2 v fiskeleige. Men ein gong på 1600-talet hadde der vore eit avtak. Kyrkjerekneskapen frå 1665 viste at kvar av leiglendingane berre hadde skatta av 3 mællag, og det same syntet skøyta til Christopher Abelset.

Men i 1726 sette Kammerkollegiet skylda opp att til 2 v, og synfaringar skulle avgjere om skylda kunne verte 2 v i tida framover.

Den første synfaringa i 1728 førde til ein søknad om å få skylda sett ned att. Men Rentekammeret var ikkje nøgd med granskinga på alle punkt og sende søknaden tilbake. Eigaren Christopher Abelset måtte då søkje om at det vart gjort ei ny gransking. I brevet til amtmannen skriv han m.a. at «bemeldte gaard aldelis ikke bliver af nogen bebygget, om ingen lættelse udi dends skyldsætning maatte skee, saa som den aar efter aar, meere og meere bortslyles af dens Ager og Eng, formedelst Elvens indbrydelse saa gaardens huuse nu tillige staar under fare».

Berre ei veke seinare får han svar frå amtmann Solgård, som skriv at sorenskrivar Heyde med 6 lagrettemenn skal til Løset på ny synfaring for å granske «gaardens leyliged og vilkaar udi ager og eng, avling og quæg-fostring og derefter skjønsommelig overveie og paadømme om ermeldte jord og gaard formedelst fieldskreed og Steenfaande saa skulle være forringet, at dend ingenlunde staar til Redning uden aftag udi Skyldsætningen.»

Resultatet av synfaringa: «Efter skede nøie Besigtelse befindes der af et field heeder Løeset hornit, at være udløbet et fieldskreed eller Steen-fond som er 80fafner i Længden og 50fafner i Breeden, ganske med store Kampe-Steener og grus i store højde og mængde har overløbt deres bæste Engslætte saa derpaa aldrig meere kand voxer eller høstes noget græs, icke heller kand samme Steenfond bortrøddes formedelst dets mængde og størrelse af Steen, hvilke daglig af field kand formeris. Ved forbemeldte field Løeset-hornit rinder en Elv, og ned igjennem Jordens bøe og Eng, hvilke paa adskillige stæder har indbrudt og bortslylt store Støcke af jorden hvilket icke igjen kand forbædris. Og paa dend vestre side gaarden render og en Elv kaldis Luckedals Elv, der ogsaa rinder igjennem gaardens Engmark, der nu i 8 aars tiid har udbrudt paa adskillige stæder og ved dends Løb store Støcker Slottemark hvorpaas kunde høstes 3 Creatursfoder aarlig, som ej er meere at forbædre, men daglig forøges fordj Elvens løb ej kand forebygges. Desuden findes og nylig 2de udbrudte fieldskred der tiid efter anden med store Steene . . . paa adskillige Stæder har overløbt baade Ager og Eng. Og end meere udi Aaret 1725 er der øg udtaget af en Stenfond et fæhus med Creature, saa der højlig bliver

at befrygte denne gaard inden faae Aar kommer i Øde stand. Denne Fôranførte skade ligger indengjerd og icke i nogen maade er at forbædre, ej heller kan noget af den nedløbne steen bortryddes, formedelst dens mængde og størrelse. Af denne gaards udmark findes icke heller noget som kand opryddes til jordens forbædrelse fordi den ligger imellem trange Dahle og store Fielde, hvor derover løber baade snee- og steen-fond i største mængde, der umulig kand bortryddes og ej tiene til andet end fæbeede en kort Tiid om høieste Sommer, thi sneen seent bortgaar om Vaaren og tidlig om høsten bedæcke jorden, derfor anser vi denne gaards tagne skade til 10 voxne Crealursfoeder, som er paa hver lejlending 5 Creaturer og 1 hæst.

Angaaende gaardens ager, da angav leilenderne at saae hver knap 3 tønder hafre, hvoraf de hver for sig i gode Aaringer after 8 tønder hafre og i kaalde og vaade Aaringer intet ædendis korn, hvilket er ganske trolig og rigtig, formedelst denne gaard Løset ligger under høie trange fielde i en Dahl hvor der seent om Vaaren saaes, og om sommeren kand de icke faae Solens skin før end klocken 10 à 11 formiddagen og tidlig gaar under fieldet om aftenen, derfor aarligen ingen Mad komme i kornet.»

Det vart då vedteke å gjere framlegg om eit avtak på 3 mællag, slik at garden skulle skatte og landskylde for 5 mællag fiskeleige.

«Proprietarien og opsidderne siuntes at dette aftag var meget ringe imod gaardens tagne skade, allerhelst der icke til gaarden findes nogen Herligheder, dog turde vi icke understaae os at tage mere af denne gaard Løssett end forbemeldt.»

(Norske Relations- og Resolutionsprotokoller 1729-1736 nr 2 s 59 ff. Kgl. Resolusjoner pk. Finnmark 1724-1749, reg. nr 30, legg4, Rentekammeret, RA).

Denne Ørschoug Kircke tilhørende Jord Løeset udi Valde skibbr(ed) og Sundmøers Fogderie haver jeg ved min omreise paa Sommer Tingene Selv befaret og besigtiget, Saa og straxens der paa i anledning af Høilovlige Rente Cammeretz egen høje Fôranstaltung og tilladelse in Anno 1728, Saa vel som i overvejelse til Gaardens slette Vilkor paa alle steder beordret en Lovlig besigtelse og begranskning over Gaardens Nærvarende tilstand, og aarlig Aars tagne årlig ved fieldskreede og Elve-brudt. - Som da ved denne forrettning Lovlig og rettelig er udført: Da efterdi ermelte Kircke godtz Løeset udi umindelige tider for dens Ring-heds skyld udi Ager og Eng, og slette Commoditeter og Situation under høje fjelde, Saa at næppe Solen høieste Sommertid den kand bestraale, stedse har været affeldet og modereret udi Skatter og Landskylden til 6

mellaug: Det og er kjendelig og øjensjunlig at meerm^t Jordeparter udi Seeneste Aaringer har taget anseelig skade og afgang alle aar ved Styr-ende Fjelffaander og 2^{de} Elvers indbrydelser paa disse Fôrarmede opsid-ernes bæste Enge, vange og Ager Reene: Saa er vel ei andet Raad eller Reedning for denne Gaard, end den faaer afsettes udi skylden, Saa fremt den ej skal in perpetuum blive øde, og Consequevnter blive Kircken til Last og Soldater Lægdet til et vis gravamen, i det benevnte for saadan øde Jorder maa utreede lige sterck Mandskab: Derover jeg allerydmygst hiemstilter udi Eders Excellence Hr. Geheime Raads og højbydende høje Herrers Naadige og Retsindige forsorg og høje addresse at ovtmelte jord maatte allernaadigst nyde en skieligg affelding, Paa det samme fremdeles kan blive beboet og bebygget.

Molde den 21 Novembr 1731

C. Soelgaard

Berre nokre år etter at utskiftingslova av 17. august 1821 kom, prøvde dei to Løset-brukarane å kome bort frå den gamle sameiga med teigbyte. Dei kom fram til ei ordning som den eine brukaren snart vart misnøgd med, og den 6. okt. 1834 vart det prøvt å få i stand eit forlik i eit møte i forlikskommisjonen i Nedre Søvik, utan hell. Men i 1835 vart der utskifting etter krav frå Ole Kristian Knutsen Løset, som same våren kom vekk på sjøen. Utskiftinga vart halden i huset til enkja. Mellom skjønsmennene var Nils Andreas Olsen Fet og Martinus Pedersen Drabløs. For enkja møtte Knut Halkjellsen Lukkedal som lagverje. Det var åker og innmark som skulle skiftast, og brukarane på Melset og Kråka møtte òg. Grensa mot desse gardane var grei: Mot Melset avmerkt med bytesteinar, mot Kråka Storelva. På austre kant utmarka til Løset og andre gardar og i sør brattveggene til Løsethorn.

Åker og eng vart delte i 3 teigar. Mange åkernamn og andre stadnamn er nemnde: Øvsteåkeren, Fjøsåkeren, Hauåkeren, Groveåkeren, Flatåkeren, Storfjøsteigbakken. Og ei krøtergeil er nemnd. Geila er i «brøst-fældig stand», og brukarane vart samde om å setje opp ein steingeilgard. Dei skulle òg setje i stand bøgarden frå Lukkedalselva til Løsetelva. Bruket til enkja på bnr 1 skulle få eit stykke moldjord på bnr 2, medan kverna, som stod på bnr 1, framleis kunne nyttast også av bnr 2.

Den 5. juni 1895 kom der i stand eit forlik om hamning mellom brukarane på Ramstad, Svinnset og Kråka, som hadde skulda Johan Løset og sonen Ole Andreas for å sleppe fleire krøter i «fælles havnegang» enn dei hadde rett til. Saka galdt særleg at Løset-karane hadde kjøpt småfe og sleppt dei i Furebakkane i Fasteindalen.

Det kom til forlik på eit nytt møte på Svinnset. Løset skulle ha rett til å sleppe vinterfødde krøter + 5 småfeet på kvart bruk i hamnegangen i Fasteindalen frå våren til jonsok. Skulle krøtera seinare av og til kome tilbake over fjellrøra til Snøbrebia, Furebakkeggja eller nord om Husnakkhornet så langt ned som til slåttegrensa, skulle Løsetkarane først varslast og så drive krøtera tilbake til eiga mark. På same måten skulle ein gå fram om krøtera til klagarane kom inn på Løset-marka. I Snøbrebia skal Løset-krøtera gå fritt til Striket, men ikkje i Bjørnenakken eller i Lang-flåa. Vidare skal Løset-brukarane ha rett til å hamne småfeet sitt på Furebakksida til Svinehammeren frå 8. september og utover hausten. I skinever skal vedkommende vere utan ansvar. (Pantebok nr 28 1895-1899).

Løset heldt fram med seterdrift til 1945. På setra var der stølstykke som dei slo, og dei hadde høyet i løer på setra og køyrdet det heim om vinteren. Hovudbruka hadde stykke der det var slått for 2 mann i 2 dagar. Mellom stykka var det berre bytesteinlar, ikkje gjerde, men plassingen hadde sitt inngjerdt.

Kyrne var på setra 6-7 veker kvar sommar. Setrejentene overnatta på setra.

Ei tid dreiv Løset-brukarane med geitehald og ysteri. Då leigde dei gjetargutar som måtte følgje geitene heile dagen og få dei heim om kvelden. Dei måtte halde seg i Løsetdalen der setra låg $\frac{1}{2}$ times gange frå garden. Løset hadde beiterett i Fasteindalen før jonsok. Då flytte dei til heimeutmarka med sommarfjøsar, som dei brukte både før og etter setretida.

Etter utskifting i 1967 fekk Løset eit stykke utmark i Fasteindalen til odel og eige. Også skogen vart bytt til full eigedom for alle, men hamna brukar dei i lag.

Like ovanfor Løset-setra er Løsetvatnet, der dei har prøvt å setje ut bekkeaur, men gytetilhøva er nok ikkje bra, så det vart snart slutt med bekkeaur. Siden har de prøvt med regnbogeaure, med betre resultat.

Ved elva frå Løsetvatnet stod kvernhusa. Enno står eitt att. Særleg bnr 1 brukte også truskevatn frå Løsetelva, som renn ut i Storelva, som mest vart brukt som drivkraft til truskemaskinane. Plassingane hadde drage-maskin. To mann drog, og det var hardt arbeid.

EIGARAR

I 1515 åtte Ørskog kyrkje 2 mællag i Løset, i 1524 1 mællag. I 1624 åtte kyrkja $\frac{1}{2}$ v 18 mk. Seinare på 1600-talet vart Ørskog-kyrkja eigar av heile garden.

1724-1726: Christopher Abelset kjøpte kyrkja og det jordegodset ho då åtte.
I 1883 selde Ørskog-kyrkja Løset til Ørskog kommune.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr i Ørskog: 86, 89, 85, 88, 45.

I 1620-åra høyrd Løset til skatteklassa tredingsgard (frå 1 til 1 ½ v) og vanta berre eit mællag på å kome i skatteklassa halvgard. Men i 1664 var der ei anna klasseordning, og Løset vart kalla øydegard.

I 1670-åra var der eit avtak og skylda vart då 1½ v 9 mk. Sjå innleiinga til Løset om eit anna avtak på 2 pd 6 mk, som vart approbert ved kgl. resolusjon 5/5 1732.

Ny skyld 1838 4 skyldlr. 12 skill, rev. 1890: Bnr 1 M 3,28, bnr 2 M 3,46.

Tienda var i 1636 2 ½ mæler havre, fisketienda 12 mk. I 1667 1 mæle bygg, 1 t 3 mæler havre, 1 pd 6 mk ost. 1714 1½ skjepper bygg, 1 t 6 skjepper havre, 24 mk ost.

Leidangen var i 1608 3 kalveskinn, det same i 1666, i 1667 4 kalveskinn, i 1692 2 kalveskinn og i 1763 2 ½ kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

Som før nemnt var der frå gammalt av 2 hovudbruk på Løset.

1626 Sår 5 ½ t havre

1657 Krøter: 2 hestar, 1 okse, 23 kyr, 11 sauher, 12 geiter

1666 Sår 7 t, avlar 20 t. Kan fø 2 hestar, 24 naut

1714 Sår 6 t havre, 2 skjepper bygg, avlar 16 t havre og 2 t bygg

1724 Lite og därleg brenneved. Seter ¼ mil frå garden, 1 lita kvern.

Garden ligg ¼ mil frå sjøen. Tungdriven og steinet, men nokså viss til korn. Utsett for skade av flaum og steinsvører. Sår ¼ t bygg, 6 t havre, avlar 1 t bygg, 18 t havre. Før 2 hestar, 10 kyr, 8 ungdyr, 10 sauher og 8 geiter.

1762 3 mann

1802 2 mann. Sår 4 t havre, 2 t blk, avlar 5 foll. Førar 2 hestar, 12 kyr, 30 småfe. Brenneved. Sommarbeite i utmarka og på stølen. Årvisse kornavlingar. Kvart bruk verdsett til 90 rd.

1835 Sår 1 t bygg, 4 t blk, 6 t havre, 2½ t poteter. Krøter: 2 hestar, 19 storfe, 20 sauher, 10 geiter, 1 husmann brukar uskyldsett jord, og 1 er utan jord.

1845 Sår ½ t bygg, 4 t blk, 8 t havre, 3 t poteter. Krøter: 3 hestar, 17 storfe, 32 sauher og 11 geiter.

- 1865 Sår $\frac{1}{2}$ t bygg $5\frac{1}{2}$ t blk, $10\frac{1}{2}$ t havre og 6 t poteter, avlar 4 t bygg, 37 t blk, 37 t havre og 40 t poteter. Krøter: 2 hestar, 21 kyr, 48 sauher, 16 geiter, 1 gris. Matr.arb. har: 2 hestar, 17 storfe og 48 småfe.
 1875 3 unghestar, 17 kyr, 6 kalvar, 40 sauher, 19 geiter. Sår $2\frac{3}{4}$ t blk, $6\frac{1}{4}$ t havre, 5 t poteter.

BRUKARAR

Bnr 1 JOHANGARDEN

Anders Gulliksen

Br 15. .-1624

Born: 1. N. N. g Peder Olsen Løset S (br der ca. 1580-ca. 1635)

2. Ole, g p br

Anders brukte $2\frac{1}{2}$ mællag i 1603. Same året saga han 25 tylfter bord. Han la 3 fj i korn tiend i 1606. I 1610 skatta han av $2\frac{1}{2}$ mællag odelsjord. Siste året som brukar la han 1 mæle i korntiend.

Ole Anderssen Løset

Br 1624-1642

La 5 fj i korntiend i 1626. I 1628 var «full skatt» 3 rd 9 skill. Om alle som betalte mindre, vart det skrive: «formådde ikke mere end . . .» Ole «formådde» 2 rd. Garnisonsskatten var den tida $\frac{1}{2}$ rd for ein heilgard. Ole og grannen betalte $\frac{1}{2}$ ort 8 skill. I uåret 1633 la ingen av dei korntiend.

Jon

Br 1642-1644

Salmund Olsen f ca. 1616

Br 1644-1675, av det 1664-1675 halve bruket.

Han var kanskje son til Ole Anderssen. I 1638 fekk Salmund og grannen Lars ei bot på 2 mk sølv for slagsmål med Jon Ramstad. I 1645 la han koppskatt for seg og kona og tenestjente, og same året $\frac{1}{2}$ mæle i korntiend. I 1657 skatta han av 1 hest, 1 okse, 13 kyr, 5 sauher og 4 geiter med 1 rd 5 skill. Frå 1664 brukte han garden i lag med

Elling Pedersen sk. 24/11 1711

g 1. N. N.

g 2. Eli Olsd., levde i 1711

Br 1664-1675 (i lag med Salmund), 1675-1704 (åleine).

Born i 1. ekteskap:

1. Brit, lm 1697 med Jakob Larssen Giskemo, som sa at det var Ole Ivers. Giskemo som var faren. Men Jakob vart dømd til ei bot på 13 ½ ort og til å gifte seg med Brit.
2. Peder f ca. 1680, g p br
3. Inger, g p br
4. Anna

Born i 2. ekteskap:

5. Brit f ca. 1692
6. Ole f ca. 1695

Sk. 24/11 1711. 1 skjut (merr) 4 rd, 4 kyr à 3 rd, 4 sauер, 1 geit, 1 færing, 1 t bygg, 4 t havre, 1 skogaløe 3 ort, ½ i eit naust 1 rd, 1 kvern med reie 2 rd, 2 v never 3 ort 8 skill. Brutto ca. 40 rd. Gjeld, medrekna åbot på garden og «etikens udfart» ca. 31 rd.

Peder Ellingsen Løset f ca. 1680 d 1732

g. Magnil Pedersd.

Br 1704-1732

Born: 1. Anne, g p br

2. Siri g 1737 Jan Pedersen Valderhaug
3. Elling f ca. 1716 d 1739, 23 år
4. Brit

Ulike kjelder har fødselsår for Peder frå 1676 til 1684. Rekkjefølgja er usikker når det gjeld borna.

Peder hadde i 1711 ein dreng med 2 rd i årsløn og 2 jenter med 1 rd 2 ort for året.

Anders Jonsen Fausa f ca. 1665 d 1740

g 1. Brit Olsd. Vike f ca. 1673 d 1729. Ho var av den yngre Godøy-ætta.

g 2. 1729 Inger Ellingsd. Løset R. Han flytte til Løset.

Br 1732-1739

Born i 1. ekteskap:

1. Astrid f ca. 1700 d 1749, g 1729 Jon Eriks. Slyngstad
2. Marit g 1740 Nils Eriksen Svinneset f ca. 1698
3. Anne f ca. 1717, g 1744 Jon Amundsen Ramstad (bnr 9) f ca. 1714
4. Maren g 1748 Erik Knuts. Ramstad (bnr 1)
5. Berte g Erik Eriks. Svinneset (bnr 2)

Sjå Stranda III s 53.

Peder Bottelsen Tysse
g 1739 Anne Pedersd. Løset R
Br 1739- 1741
Barn: Eli f 1740
Peder bygsla 2 mællag 9 mk i Løset 4/10 1739 av Christopher Abelset.

Knut Arnesen Årø sk. 12/10 1742
Mariette Nilsd. Kvammen f ca. 1700 d 1788 på Svinnset
Br 1741-1742, enkja til 1743
Born: 1. Anders f ca. 1738
2. Arne f ca. 1741

Sk. 1742: Tinn 1-3-6, kopar 5-4-", sengklede 9-5-", krøter 34-2-8, såkorn 5-4-8, gangkleda hans 4-1-2, 1 kvern med reie, etc. Brutto 75 rd, gjeld 35 rd. Enkja gifte seg att i 1743 med

Anders Nilssen Ramstad (bnr 4) f 1723 d 1791 på Svinnset
Br 1743-ca. 1757
Born: 1. Elling f 1744 d 13 veker
2. Knut f 1745
3. Nils f 1748, d 21 veker
4. Nils f 1749, d 1 mnd
5. Berte Margrete f 1750, g Ole Korneliussen Vinje
6. Marte f 1753 d 1821, g 1786 Lars Rasmussen Grebstad (Bastiang.) f 1766 d 1813.
Ca. 1757 flytte denne familien til Svinnset bnr 2.

Ellev Knutsen Vaksvik f ca. 1730 d 1802
g 1. Guri Pedersd. d 1766, 33 ½ år
g 2. 1767 Marte Paulsd. Løset R (bnr 2) f 1746 d 1813
Br 1760-1799
Barn i 1. ekteskap:
1. Knut f 1766, d 9 dg
Barn i 2. ekteskap:
2. Guri f 1768, g 1797 Ole Gundersen Klokk (bnr 8) f 1763
3. Knut f 1772, g p br
4. Anne f 1775 d 1834, g 1804 Ole Krf.sen. Almås (1775-1816). Ho
g2. 1817 Andr. Jonsen Drotninghaug.
Legdsmann for 95. legd.
Sk. 15/1 1803: Brutto 130 rd, netto 118 rd.

Knut Ellevsen Løset f 1772 sk. 1839
g 1800 Berte Olsd. Hove f 1777 i Stordal, d 1837
Br 1799-1830

- Born:
1. Ole Kristian f 1801, g p br
 2. Marte Helene f 1803, d 1874, jordmor, g 1828 Peter Jonsen
Overå, Ullavik. Sjå bd I s. 424
 3. Jørgen Andreas f 1806 («af et hurtig nemme») g 1836 Anne
Marte Olsd. Løvoll bnr 3. Budde der.
 4. Ole f 1808, snikkar, d ug 1836
 5. Karen Petrine f 1813 d 13 veker
 6. Karen Laurentse f 1815, unemnd i 1838
 7. Rasmus f 1817, d 9 veker
 8. Rasmus f 1818, sjå under Plassar

Familien budde ei tid på Ramstad.

Sk. 1839: Brutto 40 spd, netto 29 spd.

Ole Kristian Knutsen Løset f 1801 d 1835
g 1828 Ragnhild Johanne Jonsd. Valgermo f 1802 d 1874
Br 1830-1835

Born:

1. Berte Karoline f 1828, g 1850 Ole Martinus Pettersen Windsnes. .
. Bustad bnr 3 Løset R
2. Karl Johan f 1830, g p br
3. Ragnhild f 1832, g 1854 Ole Martinus Olsen Løset S bnr 1, f
1823. Bustad Melset bnr 5.
4. Karoline Ingelev f 1834, unemnd 1835

Bygsla 1 pd 21 mk i Løset av Ørskog kyrkje 19/6 1830. Kår. Bygde løe
1833-34.

Ole bleiv ved Alnes i 1835. Enkja gifte seg att med em.

Magnus Larssen Fivelstad f ca. 1806 d 1874
Br.1836-1861

Born:

1. Oline Kristine f 1837 d 1921, g Jørgen Berntsen Klokk bnr 3
Sletttereiten
2. Lovise Katrine f 1839 d 102 år, g Ole Andreas Johannessen
Eidem.
3. Marte Ingelev f 1841 d 1926. Hadde sonen Elias f 1863 (far:
Andreas Eriksen Ramstad bnr 2), g 1868 Severin Petersen Løvik
(Lauvik) f 1843 i Skodje, d 1925.
4. Petrine Karoline f 1850, g 1875 Johan Ludvig Larss. Kjemphol
(1850-1891). Plm. Hesseberg. Magnus var navarsmed. Det seiest at
han hadde berre ei bukse, ei mentaskinnsbukse,

som han brukte sommar som vinter. Frå Magnus si tid er der på Løset ein stad som kallast Smiebakken.

I 1845 hadde han 1 hest, 9 storfe, 16 sauher og 6 geiter. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk, 4 t havre og 1 $\frac{1}{2}$ t poteter. Under bruket var ein husmann med jord.

Karl Johan Olsen Løset f 1830 d 1916

g Marta Severine Olsd. Ramstad (bnr 1) f 1835 d 1929

Br 1861-1906

Born: 1. Olave Marie f 1863 d ug 1953

2. Ole Petter f 1865 d 1937, g Anna Rød, Romsdal.

3. Rasmus Andreas f 1867 d 1953, g 1905 Petrine Nikoline Knutsd.

Klokk (Reitane). Til Amerika: Kom heimatt og henta kona og sonen Kristian.

4. Martinus Rikard, f 1870, p br

5. Ole Andreas f 1873 d 1961, g Anne Birgitte Johansd. Ramstad (Stortuene).

6. Oluffa f 1875, til USA, g Otto Andrews, norsk, bustad Seattle.

7. Lovise Petrine f 1878 d 1957, g 1905 Jørgen Olaus Knutsen Klokk (Reitane). Bustad Melset (Myrane).

Johan betalte 85 spd i bygsel i 1861. I kårbrevet til Magnus står det at han skal ha fri bruk av Smieåkeren og inngjerde reiter til kålrabi og poteter.

I 1865: 1 hest, 9 kyr, 16 sauher, 8 geiter, 1 gris. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 $\frac{1}{2}$ t blk, 4 $\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter.

1875: 1 føl, 6 kyr, 2 kalvar, 16 sauher, 4 geiter. Sådde 1 $\frac{1}{2}$ t blk, 4 t havre, 1 t poteter.

Ein gong var han saman med ein annan i skogen og tok bork og never. Då sa den andre: «No kjem det enj stein ova gjønå, no må du passe dej.» «Å,» sa Johan, «det ska' no godt gjerast anj treffe mej.»

Bruket var i 1860-åra på 25 dekar bra åker og dyrka eng, 64 dekar bra natureng, lite fjellslætte, men meir dyrkbar jord på garden. God hamnegang, men «mindre bekvem». Lettbrukt.

Martinus Rikard Johansen Løset f 1870 d 1961

Br 1906-1941

Etter Ålesund-brannen i 1904 dreiv han mykje bygningsarbeid i byen, og der la han seg til eit riksmål som han brukte når han snakka politikk. Og det gjorde han ofte. Han både spurde og svarte sjølv. Slagordet hans var «Tilbake til jorden». Han heldt «Landmandsposten» som han samla på og ordna i store lad etter nr. Var med i heradstyret og mange kommunale utval.

Han kjøpte bruket av verja for Ørskog-kyrkja 7/7 1906 for 2300 kr. Kår.

Bygde nye stovehus i 1912. Gamlestova kjøpte Konrad Gjetnes og sette den opp att ved Nysætervatnet.

Dreiv mykje nydyrkning, men heldt og lenge fram med småhøyslått og torvspaing i Daleteigane.

Han selde garden til brorsonen

Olav Konrad Olsen Løseth f 1915 på Klokk
g 1942 Kirsten Olea Knutsd. Kjersem f 1923
Br 1941-

Born: 1. Oddbjørn Johan f 1942, g Torild Petra Lillebø. Han er revisor i Sykkylven Sparebank

2. Kai Olger f 1945, g Sissel Berg Rusten frå Volda. Han er kirurg ved Fylkessykehuset på Åse.
3. Aagot Solveig f 1947, g Ole Martin Larssen Utgård bnr 10.
4. Liv Margrethe f 1952, g Jon Harald Strømme på Flisnes i Borgund. Liv er sjukepleiar.

Skøyte frå farbroren 6/9 1941 for 3000 kr. Kår.

I 1949 hadde Olav 20 dekar dyrka eng og fødde 1 hest, 5 kyr, 1 kalv, 6 sauер, 6 lam og nokre høns. I 1967 hadde bruket 55 dekar dyrka eng og småhøymark. Bygde løe i 1970.

Olav voks opp på Klokk, ved sjøen, son til handelsmannen. Kirsten og Olav Løseth har vore til stor hjelp med stoff til denne boka.

Bnr 3 ØYEN

Paul Iversen Lindset f 1795 d 1849
g 1825 Johanne *Olave* Knutsd. Svinnset (bnr 2) f 1796 d 1869
Br 1826-1849

Barn: Johanne Marie f 1828, g 1850 em. Lars Petter Pettersen Vindsnes f 1817 d 1911. Bustad Vinsnes. Ho døydde i 1866. Mange born. Sjå Vinsnes.

Dette var ein plass under Løset bnr 1, og kom til å heite Skuleplassen etter neste brukaren.

Ole Peter Martinus Pettersen Vindsnes f 1820 d 1876
g 1850 Berte Karoline Olsd. Løset R f 1828 d 1915
Br 1850-1876, enkja til 1897

Born: 1. Oline Marte f 1851, g sersjant Ole Kristian Sivertsen Ramstad (bnr 7). Bustad Stenødegård, Vestnes.

2. Marte Petrine f 1852 d 1853, $\frac{3}{4}$ år
3. Marte Petrine Oluffa f 1869, g p br
4. Regine Birgitte f 1872 p br

Pleiebarn: Elias Andreassen ca. 1862.

Etter opplæring i nokre ve ker hjå klokkar Strømme på Ørskog vart Ole Peter skulehaldar. Då han døydde hadde han ein gjeld til skulekassa på 40 spd, og etter søknad fekk enkja betale det i årlege avdrag og utan renter.

Dei bygde på den gamle stova til Paul Iversen. Den stod like ovanfor den som er der no. Gamlestova vart sidan flytt til Ramstad der ho står slik ho var. Det var ei røykstove. På biten står årstalet 1871.

1865: 1 ku, 4 sauер, 2 geiter. Sådde $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

1875: 2 kyr, 3 sauер, 2 geiter. Sådde $\frac{1}{4}$ t blk, $\frac{3}{4}$ t havre, 1 t poteter.

For plassen betalte skulehaldaren 8 spd i bygsel og 1 ort i årleg avgift.

Petter Johan Olsen Åkernes f 1865 d 1945

g 1892 Regine Birgitte Olsd. Løset f 1872 d 1956

Br 1897-1898

Dei flytte til Nedre Berge på Stranda.

Karl Martinus Knutsen Nysæter f 1873 d 1913

g 1897 Marte Petrine Oluffa Olsd. Vindsnes f 1869 på Løset, d 1945.

Br 1898-1913

Born: 1. Ole Kristian f 1897 d 1913

2. Elisa Beate f 1899 d 1953, g 1920 Torbjørn Amunds. Sylte f 1888, båtbyggjar og gbr på Sylte i Tresfjord.

3. Olivia f 1901, 1921 g Knut Kjersem, Kråka

4. Karl Andreas f 1904 d 1941, skreddar, g 1938 Signe Klara Jørgensd. Melset (br 5) f 1916. Bur på Åsestranda.

5. Martin f 1907, g p br

6. Olga Birgitte f 1910, g 1931 Olav H. Ramstad (bnr 3).

Betalte 150 kr i bygsel i 1898. Ved skylddeling i 1905 fekk plassen eit stykke jord i tillegg og skylda vart sett til 0,60.

Karl Martinus var son til Brua-Knut (sjå Nysæter og Bruaplassen under bnr 6 Melset).

Martin Karlsen Løset f 1907

g 1938 Henny Petra Giske f 1915

Br 1949-

Born: 1. Karl Magne f 1939, g 1966 Anne Lise Løkka. Han er gbr og adjunkt. Bustad Homstvedt. Mysen.

2. Kjell Ole f 1941. Sjå bnr 6.
3. Aase Herdis f 1943, g ingeniør Henning Korsnes frå Ålesund.
Bur på Fetsund.
4. Laila Karin f 1947 g Peder Rørhus f 1942. Han var før langtransportsjafør, no maskinentreprenør på Rørhus i Sunnylven.
5. Erna Bente f 1952, g ingeniør Bjørn Johnsen, bustad Brattvåg.
6. Harald Egil f 1953, g Lise Ystenes frå Ørsnes. Han er diplomingeniør og bur på Heimdal.

Martin Løset hadde dampskipsekspedisjonen ved Ramstad kai i 13 år. Har elles vore fabrikkarbeidar. Har vore medlem av både Ørskog og Sykkylven kommunestyre. Han var ein av dei som tok initiativet til å få dei tidlegare ørskoggardane over til Sykkylven.

Fekk skøyte på bruket frå Ørskog kyrkje 13/11 1949 for 800 kr. Plassen er på 23 dekar, og av det er 10 dekar dyrka.

Bnr 6 ELVETUN

Kjell Ole Martinsen Løseth f 1941
g Elvida Hennie Olsen frå Vega f 1942
Born: 1. Vivian f 1964

2. Camilla f 1979

Kjell Løseth er lærar ved Aure skule. Medl. av kommunestyre og formannskap. Tomta vart utskild frå bnr 3 i 1974, og han bygde hus same året.

Bnr 5 SMIEBAKKEN

Utskilt frå bnr 1 i 1973.

Oddbjørn Johan Olavsen Løseth f 1942
g 1970 Torill Petra Arnesd. Lillebø frå Vik, f 1950
Born: 1. Randi f 1971

2. Ole André f 1973

Oddbjørn Løseth er revisor i Sykkylven Sparebank. Bygde hus i 1974.

Plassar under bnr 1 Løset.

Etter tradisjonen var her for lang tid sidan to plassar, ein på kvar side av vegen, med ei Gjertrud ovanfor og ein Rasmus nedanfor vegen. Gjertrud

hadde eit barn som vart einøygt då det datt ned over «jomfrua» på rokken til mora.

Gjertrud Jensd. Eidem (Jenshaug) f 1765 d 1822

Barn: Anne Petrine f 1797 (far: Peder Pedersen Løset). Dette kan sjå ut til å stemme med tradisjonen. Det er berre det at denne Peder var frå Søvikdal-Løset (son til Peder Larssen Løset). Det gjer det noko meir tvilsamt om ein her er på rett spor.

Rasmus Knutsen Løset f 1818

(son til Knut Ellevsen Løset bnr 1)

g 1 N. N.

g 2. 1866 Berte Johanne Olsd. Frøland f ca. 1825 i Hjørundfjord.

Barn: Jørgine f 1852, g 1873 Lars *Bastian* Lassesen Rønes, bustad Hjelle-gjerde. Sjå bd 1 s 124.

Denne plassen på Løset låg nedanfor veggen, framfor grova. Rasmus flytte sidan til Ålesund, der han laga tynner og vart kjend som «Rasmus i Korsa».

Ein annan Rasmus hadde plass under bnr 2. Sjå Hans Salmundsen Løset.

Bnr 2 KNUTGARDEN

Ole

Br ca. 1595-1624

La frå i mæle til 1½ mæle i tiend 1615-1624. Vart også kalla Olle, Oluf og Otte.

Lars Olsen f ca. 1596

Br 1624-1666

Born: 1 Lars f ca. 1657

2. Arne f ca. 1660

3. Ole f ca. 1663

I 1645 la han koppskatt for seg og kona. I 1653 vart han stemnd for gjeld til den tidlegare borgarmeisteren i Bergen Hans Larsen. Lars la eid på at borgarmeisteren sin tenar «havde werit i hans gard och tagit både kiør og andet udi hans gard til wordering» og at gjelden såleis var meir enn betalt. Ole Nilssen Klokk (br A) gjekk god for dette og Lars vart frikjend.

I 1657 la han 5½ ort 1 skill. i krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 13 kyr, 6 sauher og 8 geiter.

I 1666 gav han frå seg først 2 mællag, så 1 mællag til ettermannen

Peder Knutsen f ca. 1644 d 1721

Br 1666-1696, heile berre til 1687.

Han brukte i 1675 4 mællag, det same som grinnen på br 1. Ettermannen hans bygsla 3 mællag i 1687, likevel er Peder førd med 2 mællag så seint som 1694 (det var nok berre 1).

Lars Pedersen d 1737, 77 år

g Anne Knutsd. Klokk br B f ca 1668 d 1751

Br 1687-1737, heile frå 1696

Born: 1. Marte f ca. 1692 d 1782, g 1741 Jon Peders. Hole (Jog.) f ca. 1713 d 1780

2. Berte f ca. 1693, g Hans Pedersen Erstad (br 1) f ca. 1695

3. Arne f ca. 1699 d 1757 g 1722 Brit Bendiksd. Grindvik f 1699 d 1768. Bustad Grindvik.

4. Tyri f ca. 1707, g 1731 Peder Knuts. Hole (Knutg.)

5. Ole f ca. 1708, g 1735 Brit Iversd. Melset f ca. 1699 (bnr 1).

6. Peder f ca. 1710, g p br

Lars Pedersen bygsla 3 mællag i Løset av Tyge Nilsen, kyrkjeverja for ørskogkyrkja, i 1687. 1 1711 hadde han både dreng og to tenestjenter, og tre born var nemnde i skattelista då. Kona Anne hadde systrene Ågot, Tyri og Magnhild, gifte i same rekkjefølgje, med Ole Anderssen Løvoll (br B). Knut Olsen Hole (Knutg.) og Ole Anderssen Klokk (br B). Den jordparten Anne ervde i Klokk, selde ho i 1721 til systermannen Ole Klokk.

Peder Larssen Løset f ca. 1710 d 1744, 34 år (sk. 13/5 1744)

g 1741 Marte Pedersd. Lade

Br 1737-1744

Barn: Anna f 1743

Peder Larssen bygsla 1 pd 21 mk i Løset 16/8 1737 av Christopher Abelset. Sk. 1744: 1 koparkjel 11 rd, 1 kvern, 5 torskegarn, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar med naust, 1 sølvbelte 10 rd, husdyr, korn, 16 v tørrfisk (rotskjær). Brutto 90 rd, netto 67 rd. Enkja gifte seg att med

Paul Olsen Velleca. 1710 d 1799

g 1745 ek. Marte Persd. Løset f Lade, d før 1794

Br 1744 ca. 1776

Born: 1. Marte f 1746, g 1767 Ellev Knutsen Løset f Vaksvik. Bustad

Løset R br 1.

2. Berte f 1749 d 1761

3. Peder f 1752 d 1 dg

4. Johanne f 1757, g p br

Paul var bror til Jakob Olsen Velle og ½ -bror til Barbro, g Nils Olsen Drabløs (Barbrog.) og til Marte g Jørgen Ols. Blakstad.

Paul Jonsen Valgermo f 1745 d 1778

g 1777 Johanne Paulsd. Løset f 1757 d 1813

Br ca. 1776-1778

Enkja gifte seg att i 1779 med

Paul Paulsen Sætre (bnr 1) f 1745

Br 1779-1805

Born: 1. Paul f 1780, først gift til Urvikkråen. g 2. 1837 Karen Olave Sjursd. Nakkegjerde f 1758. Paul var med i svenskekriegen frå 1811.

2. Marte f 1783 d 1858, g 1837 Ole Olsen Fausa f 1774 (han 63 år då), plm. Svinset, sjå s 96.

3. Gyri f 1794 d 15 veker

4. Jørgen Olaus f 1798, g 1826 Berte Petrine Sivertsd. Grebstad f ca. 1793. Plm i Urvika i Borgund 1829-1844.

Paul fekk bygselsetel på 2½ mællag (= 1 pd 21 mk) 12/4 1779 frå Christen Møller Abelset. I 1805 flytte denne familien til Lukkedal, og den dei tok over etter kom til dette bruket på Løset.

Salmund Hanssen Lukkedal f 1764 d 1839

g 1797 Tyri Larsd. Klokk (br C) f 1777 d 1841

Br 1805-1827

Born: 1. Helge Lydianne f 1798 d ug 1831

2. Anne Marte f 1800 d 16 veker

3. Hans Martinus f 1802, g p br

4. Karen Marie f 1804, g Andreas Olsen Øvre Søvik (br 2) f 1807

5. Sølvi Karoline f 1807, g 1843 em. Kristoffer Pedersen Aurdal (1777-1862).

6. Oline f 1809 d 1884, g 1834 Severin Martinussen Indre Skodje f 1809 d 1888.

7. Johanne f 1812 d 1872, flytte til Skodje i 1839, g 1841 Simen Andreas Martinussen Indre Skodje (1812-1887).

8. Ole Severin f 1822 d 1911 g 1850 Marte Sofie Johanne Larsd. Indre Skodje (1831-1904).

Salmund fekk bygselsetel 1/11 1805 frå Elling Valbø og Jens Jenssen

Hatlen (verjer for kyrkja). Salmund hadde ei syster Synneve som det var sk. etter 17. mai 1837, og ein bror Peder Hanssen Gaupeflåen.

Hans Salmundsen Løset f 1802 d 1885
g 1826 Marie Knutsd. Nysæter (br 2) f 1803 d 1874
Br 1827-1860

Born: 1. Anne Sofie f 1827, på plass under garden, Hagen.
2. Knut Severin f 1830, g p br
3. Peter Joakim f 1833, levde i 1848
4. Tomas Bastian f 1838 d ug 1866

Bygselsetel frå Elling Valbø 15/10 1827.

Hans lét Rasmus Larssen Klokk få overta eit lite stykke bømark til bruk. Rasmus skreiv seg sidan for Løset, og dei løyste ein tvist i forlikskommisjonen i 1838: Rasmus skal få ha jordstykket på bygsel så lenge han lever mot at han svarar Ørskog kyrkje 8 skill. årleg og arbeider for Hans 6 dg om sommaren, 3 dg om hausten, 10 dg gjeting og 3 dg ekstra i slåtten på brukaren sin kost. Rasmus skal ha 3 lass brennevæd.

1845: 2 hestar, 8 kyr, 16 sauher, 5 geiter. Sår $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk. 41 havre, $1\frac{1}{2}$ t poteter.

Hans hadde lenge vanskeleg for å betale landskylda i rett tid, slik at gjelder hopa seg opp og han vart stemnd for forlikskommisjonen.

Som kårmann hadde han i 1875 2 kyr, 1 sau og 3 geiter, og sådde $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

Knut Severin Hanssen Løse f 1830 d 1910
g 1859 Berte Severine Larsd. Drotninghaug (1827-1897)
Br 1860-1887

Barn: Lovise Marie Petrine f 1859 d 1876

Fekk bygselsetel frå Ørskog-kyrkja mot kår til foreldra. Knut var ein stor, kraftig kar som i 2 år var i kongens garde i Stockholm. Kva som hadde hendt der er ukjent, men der var merke etter piskeslag på ryggen hans. Han var trulova i Stockholm, og då han reiste derifrå, følgde ho etter han, men han «fekk henne frå seg».

Han vart kalla Stockholm, og denne svære karen vart brukt som barneskramme.

Bruket hadde i 1860-åra 29 dekar bra åker og dyrka eng og 83 dekar bra natureng. Matr.arb. har desse tala for sånad og buskap. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, 3 t blk, 6 t havre og 3 t poteter. Avla 2 t bygg, 19 t blk, 19 t havre og 20 t poteter, 1 hest, 9 storfe, 24 småfe. Folketeljinga 1865: 1 hest, 9 kyr, 24 sauher, 4 geiter. Sånad 9 t havre, 2 t poteter. Knut betalte 3 spd 72 skill.

i årleg landskyld. Han var ofte i økonomiske vanskar, som førde til at han kom i klammeri både med kyrkje og lensmann. Ein dag kom lensmannen til Løset for å pante. Då tok Knut tollekniven og langa han i bordet. «Kva skal det bety?» spurde lensmannen. «Ja, han kan stå der so lenge,» sa Knut. Ein annan gong lensmannen skulle pante, gjekk Knut opp på taket og tetta att skorsteinen så stova vart så full av røyk at lensmannen måtte gå.

Det ser ut til at Knut hadde folket i grenda på si side. Såleis skulle det i 1872, då Knut var konkurs, haldast auksjon over dette: Avlinga på garden 30 spd, 1 svart merr 15 år 13 spd, 1 raudflekka ku Liljeros 10 spd, 1 kvit ku Fagrei 9 spd, 1 truskemaskin 8 spd, 1 seterfjøs 4 spd og 1 sel av tømmer 6 spd. - Det vart selt for 12 spd og auksjonen vart avlyst.

I 1876 skulda verja for kyrkja Knut for uforsvarleg gardsdrift og truga med tap av bygselretten. Året etter vart han skulda for at han ikkje heldt husa i forsvarleg stand og at han ikkje gav faren det kåret han skulle ha. Saka vart ikkje avgjord før enn i 1879, og då vart Knut frikjend mot å betale landskylda.

I 1883 vart Knut igjen stemnd for forlikskommisjonen for ikkje å ha halde kåarkontrakten. Det vart ikkje forlik, og Knut fekk protokollert sterke klager mot faren: Ulovleg skoghogst, og han hadde utan lov selt naustet.

Bastian Ellingsen Eidem (Berget) f 1860 d 1907
g 1. Anne Marie Larsd. Høgset (Pålg.) f 1861 d 1899
g 2. Jensine Olsd. Høgset f 1859 d 1944
Br 1887-1888

Bastian betalte 950 kr i bygselavgift og 30 kr i landskyld. Han måtte òg betale landskyld Knut stod til rest med. Under bruket var ein plass som enkja Anne Hansd. brukte, og når ho sa opp bygselen, skulle Bastian svare kår til henne i tillegg til kåret til Knut og kone.

Dotter til Bastian og kona, Anne Beate Karoline var fødd 1888 på Løset. Ho utvandra til Amerika og vart g Simoens. Sjå bd 1 s 369.

I 1888 sa Bastian opp bygselen og flytte først til Eidem (Trulsg.), sidan til Høgset (Bøen).

Ole Peter Olsen Korsbrekke (Jog.) f 1853 d 1943
g 1881 Karen Marie Andreasd. Karbø f 1851 d 1921
Br 1889-1915
Born: 1. Olave f 1882 i Sunnylven, d 1960
2. Ole f 1882 (tvill.), d like etter fødselen

3. Gjøri Olivia f 1884, g Peter Olaus Martinussen Klokk (Reitane)
f 1882
4. Andreas f 1886, g p br
5. Oline f 1889, g Nils Lukkedal, sjå bnr 23 Klokk (under bnr 1)
6. Ole Kristian f 1890 d 1893
7. Ole Kristian f 1893 d ug 1913, bygningsmann.

Ole Peter brukte først farsgarden i Sunnylven nokre år, men skøyte så garden over til syster si Lovise og mannen hennar. Så kjøpte han Fivelstadhaugen, ein tungdriven gard som han selde, og han flytte til Løset. Betalte 100 kr. i byggelavgift og 22 kr. i årleg landskyld.

Dottera Gjøri var «kronebrud», og der var 3-dagars-brullaup på Løset. Ole Peter tok namnet Løset, men bruket har sidan for det meste vorte kalla Korsbrekkegarden.

Andreas Olsen Løset f 1886

g 1917 Lovise Jensine Regine Karlsd. Melset f 1895, sjå s 194
Br 1915-1962

Born: 1. Ole Petter f 1918, g 1946 Borgny Olavsd. Ramstad (bnr 1). Sjå
bd 2 s. 182

2. Kristine f 1920, g 1943 Sverre Jørgens. Strømme f 1914, bustad
Åndalsnes.

3. Konrad Oskar f 1924. g 1949 Nelly Solveig Furnes frå Søvikdal,
f 1923. Bur på Blindheim, bnr 56.

4. Sigurd f 1927, g 1960 Norunn Solveig Nilsen f 1941 på Stranda. Sjå
bd 1 s. 212.

5. Aslaug Tordis f 1928, g Osvald Johansen, Brumunddal.

6. Oddrun Teodora f 1931, g 1954 Ingvald Dahl f 1928 i Vatne. Bur på
Fauske.

7. Olga Borgny f 1934, g p br

8. Lilly Målfrid f 1936, g Lars Bjerknes frå Vigra.

Andreas var ei tid vegarbeidar før han reiste til Amerika i 1907, der han
m.a. arbeidde i skogen ved Hoquiam. Han kom heimatt i 1914, og i 1915
fekk han skøyte på Løsetbruket for 2500 kr. Kår til foreldra.

Bygde løe ca. 1918, og dyrka mykje jord. Fekk mange premiar for
hestar. Sjå Melset bnr 8 om Lovise si slekt.

Svigersonen tok over bruket.

Norvald Martinsen Ramstad f 1922

g 1952 Olga Borgny Andreasd. Løset f 1934
Br 1962-

- Born: 1. Sølvi Wenche f 1953, g Peter Stuen f 1950. Dei bur i Spjelkavik og han arbeider i Smp.
 2. Unni f 1955, g Odd Abelset f 1950. Bustad Sjøholt.
 3. Magne Arnold f 1958, g Norunn Sve f 1960 på Stranda.
 4. Jan Oddvar f 1960, musikkinstruktør.
 5. André f 1962, ex. artium. Skal studere språk.
 6. Dag Ronny f 1969

Kallar heimen sin Løset-tun. Som gbr driv han kjøtproduksjon. Er elles maskinsnikkar ved fabrikk.

Bnr 4 HAGEN

- Petter Andreas Olsen Fjørstad* f 1817 d 1886
 g Anne Sofie Hansd. Løset bnr 2, f 1827 f 1902
 Br 1853-1886, enkja til 1888
 Born: 1. Olave Marta f 1854, g til Remmen i Vestnes
 2. Hans Petter Nikolai f 1856 d 1863
 3. Ole Peter f 1858, g p pl
 4. Marte Tomasine f 1860 d 1863, 3 ¾ år
 5. Karl Andreas f 1862 d 1863
 6. Hansine Tomasine Petrine f 1863, budde på Nysæter frå 1875.
 7. Kristoffer Karolus f 1866, til USA.
 8. Anne *Elisabet* Berntine f 1868, g 1887 sjømann Ole Andreas Andreassen f 1860 på Valderhaug.
 9. Anne f 1868 (tvill.)
 10. Else Tomasine f 1870, til USA.

Bygsla eit stykke mark av bnr 2 for 14 spd, festesetel 30/12 1853, tgl. 13/10 1855. Budde i ei stovebygning med tilbygd fjøs og løe. Fødde i 1865 2 kyr, 4 sauер og 2 geiter, og sådde ½ t blk, 1 t havre og 1 t poteter. 1875: 2 kyr, 1 kalv, 5 sauер og 3 geiter. Sådde 1 t blk, 1 t havre og 2 t poteter.

Då han i 1871 hadde ein gjeld på 34 spd vart husa hans sette i pant.

Petter Andreas var sterk. Han bar ein kuskrott frå setra og ned til Vidhammer.

Ole Peter Pettersen Løset f 1858, d i 1930-åra
 g 1889 Maren Olave Tobiasd. Overøye f 1856 d 1911
 Br 1888-1931

Barn: Anne Marie f 1890, d i 1920-åra.

Far til Maren, Tobias Jetmundsen Hove vart gift til Overøye. Han og kona Anne Marie flytte til ei dotter på Viset i 1896.

I 1885 fekk Ole Peter kjøpe stovebygninga og eit naust som faren åtte, for 140 kr. Årleg landskyld kr. 1,60, frå 1889 5 kr. Bygselavgift 250 kr. Arbeid 1 dag vår og 1 dag haust, 1 dag vegarbeid, gjeting etter krøtertal. Kår til Anne Hansd. - Anne Marie fekk skøyte på plassen i 1915, og det var no plassen fekk namnet Hagen, skyld 78 øre.

Ole Peter tok robåten då han drog på friarferd, og det var i Stordalen han «fekk ti» kona si.

Han var litt av ein original. Leitte etter skattar, som han meinte det brann ljós over.

Var klokkekarakar, og dei erta han med å gøyme vekk hjul for han.

Andreas Olsen Løset

fekk skøyte på denne plassen 30/9 1931 mot kår til Ole Peter Petersen Løset. Husa på plassen var svært därlege og vart rivne i 1933.

Ole Peter Andreassen Løset fekk skøyte på plassen frå faren 1. mars 1943. Bur på Blindheim, bnr 76.

Arnfinn Olsen Løset

fekk skøyte frå faren i 1974, på ½ plassen, slik at bruket no er sameige mellom han og faren. Bur på Blindheim.

Husmenn i eldre tid. *Nils*

- Born:
1. Anders, gjekk ut i krigen i 1611, utreidd av Jørgen og Peder Riksheim (gjekk ut for Jakob Erstad)
 2. Jon, stemnd 1622 «for han besoff sin egen festemø ved nafn Karen Svendsd. Lockdaall, derfor affsonedtt for hans armod penge 4 rd»
 3. Jetmund f ca. 1606, strandsitjar eller husmann i 1666

1623: *Østen, Iver*

Løset R

Bnr 1, 3, 6, 5 2,4

Gnr 63 LUKKEDAL (LØKEDALEN)

Eldre skriftformer: 1606 Luckedall, 1626 Løchedall, 1645 Luckedal, 1723 Luchedahll, 1797 Lukkedal. Formene med u er det ein finn oftast. I daglegtalen Løkedalen. Rygh finn det rart at det ikkje vert sagt Løkje-dalen som ein skulle vente. Han meinte namnet kjem av løk = ein bek. Sjå elles tydinga til Thomas Vinje i Sykkylven i eldre tid s. 84.

Lukkedal ser ein opp i lia på høgre hand når ein reiser oppover mot Fasteindalen. Det må ha vore tungt å kome til gards med varer i gamle dagar. No er der bilveg heilt til tunet. Dette er den garden som ligg fremst i Ramstaddalen, altså næraast Nysæter. I Lukkedal hadde dei ikkje vasskraft til trusking og måtte bruke handtruskemaskin. Den var så stor at 2 mann måtte skifte kvart 10. minutt. Ei 5-6 grannar hjelpte til då.

EIGARAR

Brukane på Lukkedal var sjølveigarar fram til kring 1660. I 1661 og i 1683 er Samund Pedersen Aurdal nemnd som eigar. Han åtte òg jord på Melset. Kort tid etter vart det ein tvist mellom arvingane til dette jordegodset. I 1699 vart Mons Olsen Aure skiven som eigar av 1 pd 2 mk, men i 1709 vart han stemnd av Knut Jetmundsen Ytre Fauske «for en tvistighed herrørende af noget Odelsgotz som de skulle være fellitz arvinger til efter sal. Ragnilde Samundsd. Aure» (dotter til Samund Pedersen Aurdal). «Hvorom de efter lang samtale og gotfolchs mellemhandling blev saaledis forenede at Mogens Oufre skal eje tilforne udi de 5½ mællag jordegods i Melset og Luckedal 11 rd og resten at delis i mellem dem efter loven.»

I 1711 vart Knut Jetmundsen Ytre Fauske førd som eigar. Ved sk. etter Maren Knutsd. Fauske fekk Knut Jetmundsen Fauske 2½ mællag i Lukkedal à 8 rd for eit gjeldskrav, og sonen Jetmund ervde dette jordegodset. Ved sk. etter Knut Jetmundsen Fauske i 1772 vart Lukkedal delt mellom sønene Mons Tusvik og Knut Fauske. Knut døydde i 1788, Mons i 1789. Jetmund Knutsen Fauske ervde faren sin part og kjøpte farbroren sin part på auksjon for 25 rd.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr 87, 90, 86, 89, 46, løpenr i 1838 128 og 129. Skattekasse øydegard. Gammal skyld 1651 ½ v, 1667 ½ v 9 mk, 1717 2 pd, ny skyld 1 dlr 4 ort 20 skill., rev. M 2,52.

Tiend 1606-1621: Frå 1½ fj til 2 fj. I 1633 0, i 1666 3 mæler havre og

14 mk ost, i 1714 6 skjepper havre, 14 mk ost, framlegg i 1724 $\frac{1}{2}$ skjeppe bygg, 7 skjepper havre, 12 rnk ost.

Leidangskatten: På 1600-talet 2 kalveskinn, bortsett frå uåret 1633 med 1 kalveskinn, i 1700 16 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN :

1603: 1 mann

1626: 1 mann Sår $1\frac{1}{2}$ t havre

1657: 1 mann Buskap: 1 hest, 1 okse, 10 kyr, 4 sauер

1667: 1 mann. Sår $2\frac{1}{2}$ t, avlar $7\frac{1}{2}$ t havre, kan fø 1 hest og 10 kyr
Brennefang.

1714: 1 mann Sår $2\frac{1}{2}$ t, avlar $7\frac{1}{2}$ t havre. Fôrar 1 hest og 9 kyr.

1724: 1 mann. Ligg $1\frac{1}{2}$ fjerding frå sjøen. Tungunnen til høy, men nokså viss til korn. Brenneved til garden av små einer. Seter $\frac{3}{4}$ mil frå garden. Ei lita kvern. Sår $\frac{1}{6}$ t bygg, $2\frac{1}{2}$ t havre, avlar $\frac{5}{8}$ t bygg, $8\frac{1}{2}$ t havre, føder 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr, 6 sauere, 5 geiter

1802: 1 mann Sår $1\frac{3}{4}$ havre, $\frac{1}{2}$ t blk. 6 foll. Fôder 6 kyr, 12 sauere og 1 geit. Gardsbruket vert drive av 5 vaksne. Bruket verdsett til 90 rd.

Vantar skog til brensel. Har nok sommarbeite.

Kornavlinga stundom utsett for grønår.

1835: 1 mann Sånad $\frac{1}{4}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, 3 t havre og 1 t poteter.

Krøter: 1 hest, 8 kyr, 12 sauere og 8 geiter.

1845: 1 mann Sånad $\frac{1}{4}$ ygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre og $1\frac{1}{2}$ t poteter.

Krøter: 1 hest, 9 kyr, 16 sauere og 6 geiter.

1865: 1 mann Sår 2 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Fôder 1 hest, 6 kyr, 13 sauere, 5 geiter. Åker og dyrka eng er på 16 dekar av därleg kvalitet, 60 dekar därleg natureng, mindre god hamnegang. Tungbrukt.

1875: 1 mann Sår 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. Krøter: 1 hest, 6 kyr, 2 kalvar, 14 sauere, 1 geit, 1 gris.

BRUKARAR

Bnr 1

Knut

Br 15. .-1610

Øydegardsmann, sjølveigar, er dei to siste åra brukar i lag med sonen Torstein.

148

Torstein Knutsen Lukkedal

Br 1610-1622

Skatta 1610-1611 av 1½ mællag eiga jord, brukte garden i lag med mora som då var enkje. Torstein vart utreidd til Kalmarkrigen i 1611 av Sivert Løvoll og Jon Søvik.

Gullik Bendiksen

Br 1622-1635

Etter skylda la han stor leidangskatt og «kontribusjon». Garnisonsskatten derimot gjekk strengt etter skylda, for Lukkedal 8 skill. Flytte til Melset (br Ba).

Nils

g Ingeborg

Br 1635-ca. 1662

Var gift og hadde tenestjente då han betalte koppskatt i 1645 med 1 ort. I 1653 var han saman med fleire andre innblanda i ei sak om ulovleg skoghogst. I 1657 fødde han krøter, som han gav 1 rd 4 skill. i feskatt for. Oluf Melset vart i 1661 stemnd for å ha kalla Ingeborg «en trold dieffuel fem gange», noko Bendik Melset stadfeste med eid, og Bendik sjølv sa at ho hadde sprengt både hest og ku for han. I retten sa Oluf Melset at han hadde berre godt å seie om Ingeborg, og at han hadde snakka «i ubesindighed». 4 rd i bot.

Neste brukar var sonen på Lukkedal

Knut Nilssen Lukkedal f ca. 1638 d 1690, sk. 1. mai.

g Gjertrud Andersd

Br ca. 1662-ca. 1690

Born: 1. Knut f ca. 1663. Lm 1699 Brit Ingebrigtsd. Sjøholt. 4 dg vatn og brød + 3 rd i bot. Var tenar på Nysætra i 1701.

2. Ole

3. Nils

4. Siri f ca. 1669 d 1728, ug 59 år

5. Ingeborg

6. Knut f 1690, etter at faren døydde.

I 1669 fann Knut skrive på ei av høyrivene sine: «Knut Nilsen Lukedal, tjuf.» Han mistenkte ein mann på Klokk for å ha skrive det. I 1684 vart Knut stemnd for at han ved tre høve hadde forsømt skyssplikta si mot presten og måtte bøte med 2 mk sølv. Saman med mange andre vart han i 1689 stemnd for ulovleg skoghogst i skogen til Ørskog prestebord.

Sk. 1690: 3 kyr, 6 sauer og lam, 1 kje, 1 tasak, etc. Brutto 48 rd, netto 31 rd. Det ufødde barnet fekk ei ku!
Enkja gift att med

Paul Nilssen f ca. 1654 d 1729

Br ca. 1694-1713

Born: 1. Nils f ca. 1693 g 1. 1722 ek. Synneve Ingebrigtsd. Velle f Kjølen (1681-1748) g 2. 1749 Mari Olsd. Skottung f ca. 1715 d 1755.
Sjå bd II s. 428.
2. Anders, g p br
3. Paul

Paul var legdsmann.

Anders Paulsen Lukkedal, d etter 1762
g 1. Synneve Larsd. f ca. 1686 d 1732 sk. 1733
g 2. Kari Olsd. Lyshol f ca. 1696 d 1767

Br 1713-1754

Born i 1. ekteskap:

1. Jørgen f ca. 1718, g 1746 Guri Olsd. Myklebust
2. Lars f 1721 d 1732, $11\frac{3}{4}$ år
3. Paul f 1724, g 1750 ek. Ragnhild Olsd. Rogne
4. Anders f 1727 d 1728
5. Paul f 1727, unemnd i 1733
6. Anders f 1729, kf 1748
7. Brit f 1732 i Stordal

Born i 2. ekteskap:

8. Lars f 1734, g p br
9. Synneve f 1736 d 1744, $7\frac{3}{4}$ år.

Bygselsetel på $2\frac{1}{2}$ mællag i Lukkedal 25/2 1713 frå Magnus Olsen Aure. Ny bygselsetel 23/12 1720 frå Christopher Abelset. Sk. 31/4 1733: 1 koparkjel 7 rd, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar med segl, framtau og naust 2 rd, $\frac{1}{2}$ i ein kjempefæring, 1 færing, 6 torskegarn, 1 skjut 3 rd, 7 kyr, 2 kviger, 12 sauer, 10 geiter, mange kje og lam, 2 tønner tran, 12 v fisk. Brutto 61 rd. Gjeld 21 rd, m.a. landskyld og andre rettar til Hans Aure.

I 1733 stemnde han Kari Jonsd. Valbø, tenestjenta, for å ha sett fyr på løa hans hausten 1733 «ved Allehelgens tider», då han nyst hadde fått inn årsavlinga. Løa med hestestall og avling brann ned, slik at han ikkje hadde noko å leve av, men «måtte søke barmhertige folks hjelp». Krøtera måtte han setje bort hos grannar, og han hadde sett seg i gjeld for å få bygt opp att løe. «Han er udi den største armod.» Kari tilstod at ho hadde sett fyr på løa,

og «beklaget den vanvittighed og raseri som undertiden påkommer hende». Dette kunne «almuen, særlig Ole og Arne Vestre bevidne». Då ingen hadde sett henne tenne på, var saka tvilsam. Men då Anders var ein fattig mann, skulle formyndaren til Kari førebels betale arvemidlane hennar, 12 rd, til Anders. Det gjorde han i 1734.

Lars Anderssen Lukkedal f 1734 d 1755

g 1754 Anna Eriksd. Ramstad (br 1) f 1723 d 1791 på Dravlaus

Br 1754-1755 (½ år)

Barn: Magnil f 1755, d 1 time

Anna Eriksd. g 2. 1756 Ole Bottolfsen Dravlaus (s.d.)

Hans Olsen f ca. 1730 d 1802

g 1756 Anna Pedersd. Lade f 1730 d 1797

Br 1756-1796

Born: 1. Synneve f 1757, g 1794 Knut Knutsen Overvoll

2. Jørgen f 1760 d 3 veker

3. Anne Margrete f 1760 d 10 dg

4. Margrete f 1761, levde i 1797

5. Salmund f 1764, g p br

6. Peder f 1768, g 1799 Ingeborg Jensd. Bygsla Gaupeflåen under Abelset 5/6 1800

7. Ole f 1771, levde i 1797

Sk. etter Anne 20/10 1797: Brutto 93 rd, netto 72 rd.

Salmund Hanssen Lukkedal f 1764 d 1839

g 1797 Tyri Larsd. Klokk (br C a) f 1777 d 1841

(dotter til Lars Ingebrigtsen Klokk f Åkernes)

Br 1796-1805

Born: J. Helge Lydiana f 1798

2. Anne Marta f 1800 d 16 veker

3. Hans Martinus f 1802

4. Karen Marie f 1804, gift til Ø. Søvik (bnr 2) d 1891.

Fekk skøyte på Lukkedal 4/5 1796 frå Jens Knutsen Y. Fauske for 59 rd.

Kår til faren: 6 v hamlekorn, 6 v havre, for til ei ku, 4 sauer og 2 geiter.

I 1803 stemnde han Ole Melset for forlikskommisjonen fordi krøtera hans hadde gjort skade, som t.d. kunne godtgjera med 2½ t bygg. Ole Melset «aldeles benægtede factum» og ville ikkje høre tale om forlik.

Salmund var skrivekunnig. I 1805 flytte han til Løset R og bygsla 1 pd 21 mk der av kyrkjene i Hjørundfjord og på Ørskog 1/11 1805. Han «bytte bruk» med

Paul Paulsen Løset f Sætre 1745 d 1809
g 1779 ek. Johanne Paulsd. Løset R (br 2) f 1757 d 1813, 55 år
Br 1806-1809, frå 1807 halve garden
Born: Sjå Løset R, der han hadde vore brukar frå 1779.
Han fekk bygselsetel på Lukkedal frå Elling Drotninghaug 6/6 1806.
Frå 19/7 1807 bygsla han berre halve garden.
Sk. 1809: Brutto eige 12 rd, gjeld 34 rd.
Sk. 1813: Brutto 50 rd, netto 39 rd. På auksjon etter Paul i 1809 vart det
selt for 11 rd.
Garden vart delt i to like deler i 1807, og delinga varte til 1827. Den
delen Paul brukte fekk matr.nr. 129, og her var det den nye eigaren som heldt
fram som brukar:

Peter Madsen Melset (bnr 1)
Br 1809-1817 (halve garden)
Peter Madsen, som var brukar på Melset bnr 1 frå 1801, kjøpte heile
Lukkedal av Elling Drotninghaug 19/6 1809 for 95 rd. Peter nyttet det
halve Lukkedal-bruket som bnr 2 eller som tilleggsjord.

Paul Karlsen Grebstad (Klokkarg.) f 1778 d 1869
g 1808 Kristine Nilsd. Fauskehagen f 1776 d 1866
Br 1807-1827 (halve garden, matr.nr. 128)
Born: 1 Nikolai Rasmus f 1805 d 1807, 2½ år
2. Petrine Bagge Marie f 1807, til Reiakvam for å tene i 1851
3. Anne Nikoline f 1811, d ug 1851
4. Karen Johanne Marte f 1815 d 1820, 6 år
5. Karl Magnus f 1818, g 1844 Marte Knutsd. Jøsvoll f 1805. Han
bygsla 3 markstykke på Melset 5/12 1843 frå bnr 1, (Bergeplassen).
(Sjå s 165)

Knut Halkjellsen Fausa f 1777 d 1849
g 1. 1810 Siri Abrahamsd. Herdal frå Stranda f 1766, d 1833, 58 år
g 2. 1835 ek. Berte Nilsd. Rønes f Sletvoll 1770 d 1850 (ek. etter Aslak
Pedersen Rønes)
Br 1817-1838 (heile garden frå 1827)
Barn: Ragnhild f 1810, g 1832 Martinus Petersen Melset (br 1)
Knut var ½-bror til Olave Olsd. g.m. Elling Larssen Svinnset (br 1).
Knut gav kår til Paul Karlsen Lukkedal i 1827.

Peter Petersen Melset (bnr 1) f 1812 d 1881 på Melset
1839 g Anne Eline Rasmusd. Sjøholt f 1817 d 1884

Br 1838-1855

Born: Sjå under Melset, s, 189

Fekk skøyte på Lukkedal av faren Peter Madsen for 140 spd. 17/10 1836.I
1845: Sånad $\frac{1}{4}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre, $1\frac{1}{2}$ t poteter..

Krøter: 1 hest, 9 kyr, 16 sauher, 6 geiter. Han åtte eit bruk på Lyshol som han bygsla bort i 1845.

Syver Rasmussen Sjøholt f 1820 d 1905

g 1852 Tomasine Marie Sivertsd. Hatlevik f 1827 i Skodje, d 1914

Br 1855-1885

Born: 1. Petrine Susanne f 1856, g p br

2. Rasmus Severin Karolus f 1863 d 1923, sjå Knutg. Velle, bd 2 s.
427.

Bygselsetel frå Peter Petersen Melset 8/10 1855.

1865: Krøter: 1 hest, 6 kyr, 13 sauher, 5 geiter. Sånad: 2 t blk. 4 t havre, 3 t poteter.

Lukkedal var med i den store gjerdesaka i 1880 mellom fleire gardar i Ramstaddalen og Søvikdalen. Sjå Melset.

Det vert fortalt eit par bizarre stubbar om Syver då han låg på det siste. To gubbar frå Melset skulle lage kiste til han. Syver låg i senga og kommanderte korleis han ville ha alt. Til «burulla» dei kalla, fann dei fram noko tau. Ein av Melset-karane sa at det dei kom med var for därleg, men Syver sa: «Eg ska' garantere at det held.» «Du garantere som er daud!» sa den andre.

Like etter flytte Syver ned til Monshaugen på Melset, og den dagen han heldt på å andast såg dei at han hadde fått noko i munnen. Det var ein tokroning han skulle ha med seg. Gamle Monshaug-Petter fekk utatt mynten. «Eg skulle ha me' me' spelpenge,» sa Syver.

Knut Knutsen Vidhammar f 1857 i Stordal, døydde der

g 1884 Petrine Susanne Syversd. Lukkedal f 1856 d 1904

Br 1885-1906

Born: 1. Karl Severin f 1884, gift i Trondheim

2. Joakim Severin f 1886, gift i Trondheim. Musikar i brigaden.

3. Tomas f 1888, d 8 dg

4. Tomas Martin f 1890, d 6 dg

5. Tea Marie f 1891 d ca. 1977. Voks opp i Søvik.

6. Ole Andreas f 1894, g 1944 Ivrine Jørgensd. Holan, f 1915 i Buksnes. Telefonreparatør. Handelsmann på Sjøholt, d ca. 1970.

Bygselsetel frå Ole Larssen Ramstad bnr 1 og Johan Tersen Melset 16/1
1885. Kår til Syver og kone. I 1900 var der eige hus til kårfolka.

Gunder Elias Nilssen Bjørkavåg f 1867 d 1956

g 1. Anna Bjørkavåg

g 2. Ingeborg Knutsd. Dybvik f 1863 d 1948

Br 1906-1933

Born i 1. ekteskap:

1. Ole f 1890, til USA i 1910

2. Nils Severin f 1894 i Borgund. Bustad Klokk (br 23)

Born i 2. ekteskap:

3. Anna f 1902 i Borgund. Bur i Jens Olsen-huset på Melset (br 11).

Sjå s 193

4. Klara Teodora f 1903, g p br

5. Petrine Valborg f 1906, g 1932 Johan Olai Severinsen Kjerstad f 1898. Flytte frå Støylen til Fiksdal.

Elias Bjørkavåg fekk skøyte på Lukkedal med hus 23/7 1906 for 1700 kr.
Tok til med geitehald og hadde som regel 8-10 geiter. Dottera Petrine
skreiv seg i 1934 for Støylen. Det var tun-namnet til mannen hennar.

Jakob Kåre Sørensen f 1900 i Tjøtta, d 1970

g 1929 Klara Teodora Eliasd. Lukkedal f 1903 i Borgund

Br 1933-1946, enkja og borna til 1950

Born: 1. Paul Inge Malfred f 1930, sjå bnr 5

2. Svein Elias Sverre f 1932, p br

3. Asbjørn Kjell f 1933, sjå bnr 2

4. Solbjørg f 1937, g Norvall Brekke f 1933. Bustad Fosnavåg. Han
er skipsmekanikar.

Sørensen fekk skøyte på Lukkedal 21/12 1933 frå Elias Lukkedal mot kår
til Elias og kone. Jakob Sørensen var stuert til sjøs både før og etter tida
som gardbrukar.

Den 19. februar 1943 tok stormen løa hans og kasta henne hit og dit.

Både folk og fe flytte til Ramstad for ei tid.

Svein Sørensen f 1932

Det er han som har teke seg av bruket i seinare tid. Faren fekk ny veg til
Lukkedal i 1943. Svein har lagt om og utbetra vegen. I 1972 bygde han
nytt våningshus. Det var bra stort, for mora skulle ha burett der.

Svein har sauver på beite på Lukkedal, og dyrkar grønsaker og poteter. Har
planta ein del skog. Det har og broren Asbjørn gjort.

Svein har bygt seg nytt bustadhus på Klokkstranda. Han arbeider på
fabrikktrålar.

Bnr 2 NEDREVOLL

Utskilt frå bnr 1 i 1950, skyld 1,00.

Jon B. Sæth

Han kjøpte Nedrevoll til hamn for krøtera sine. Etter få år kjøpte Svein og Asbjørn Sørensen tilbake halvdelen.

Asbjørn Sørensen f 1933

g Norunn Roksvåg f 1937 i Fosnavåg. Bustad Fosnavåg. Han arbeider på fabrikktrålar.

Bnr 4 SOLVOLL

Utskilt frå bnr 1 i 1962, skyld 0,85.

Erling Nornes

Sjå bnr 10 Melset. Nornes kjøpte Solvoll som hamn for dyra sine. Han brukte det berre nokre få år. Sidan har det lege ubrukt.

Bnr 5 JARLSBU

Utskilt frå bnr 1 i 1970, skyld 7 øre.

Paul Inge Sørensen f 1930

g 1954 Asbjørg Liv Lyngvær f 1933 i Nordland.

Paul Sørensen er fengselsbetjent i Ålesund og bur i Spjelkavik. Både han og sonen Jarl Rune f 1958, har bygt seg hytte på bnr 5.

MAGNUSPLASS (LØKEDALSNAKKEN)

Magnus Karlsen Fremmer-Fausa f 1823 d 1889 på Melset

Magnus vart sidan husmann under bnr 1 på Melset (s.d.). Eldste barnet deira vart fødd på Lukkedal i 1857.

Husmenn i eldre tid. *Anders*

nemnd i 1621

Sven. Karen, dotter hans, hadde lm i 1621 med Jon Nilssen Løset, som ho var trulova med. Bot 4 rd.

Lukkedal

Bnr 1, 2, 4, 5.

Gnr 64 MELSET

Eldre skriftformer: 1515 Mælsæth, 1615 Melsett, 1621 Mellsedt, 1645 Mælsett, 1664 Melsetter. O. Rygh meiner namnet tyder Midtgarden eller garden Seth (bustad) som ligg i midten. Uttalen Rygh gir verkar ikkje heilt korrekt. Æ bør vel endrast til e i begge stavingar. Aksenten og dobbel 1 er rett. Sjå elles Thomas Vinje si tyding i SET s. 84.

Storelva er grensa mellom Melset på vestsida og Ramstad, Svinset og Kråka på austsida. I nord grensar Melset til Klokk si innmark og i sør til Løset R.

Den 16. november 1751 gjorde elva stor skade på gardsbruken på Melset, og eit halvt år seinare vart der halde avtaksforretning. I 1755 sende sorenskrivaren denne utgreiinga til styresmaktene:

Ole Alsing, hans kgl. maj.s kammeraad og foged over Sundmørs Fogderi og Melchior Falch, kgl. majestets sorenskriver samme steds gjør vitterlig at

Anno 1755 den 20. augustj blev i anledning af den constituerede amtmand Holstes ordre eller skrivelse dat. 24de july 1754, holdt een affældings forretning paa gaarden Melset i Walde skibrede som forhen af afgangne sorenskriver Iver Leganger den 27de maj 1752 blev forrettet, samme paa ny at omgiøre, da til den ende indfandt vii os paa stædet tilligemed efterskrefne upartiske laugrettesmænd nafnlig Peder Jensen Walde, Erich Pedersen Aahiem, Jacob Christensen Heggebache, Lars Paulsen Honningdalsness, Jens Knudsen Hesseberg og Erich Arnesen Heggebache. Hvor vi samtilig forføjede os til den skade at eftersee, som elven paa gaarden Melset hafde Fôraarsaget, og befandtes samme elv at have taget mangestæde andet løb end den forhen hafde haftt, til hvilken Rændsel eller nye løbs gottgiørelse 3de mænd af gaarden Svinsett som ligger tvert over gaarden Melsett gjorde slig anviesning, baade hvad vej elven tilforn hafde gaaet saavelsom hvad nye løb elven toog den 16de november 1751 ved det store vandløb som da forefaldt.

Hvilke mænd af gaarden Svinsett n: Ole Olsen er ej beslægtet til nogen af parterne, Elling Nielsen ingen af parterne beslægtiged, og Lars Olsen ibm er søskendebarn til een af leilenderne paa Melset, blev formanet til at sige sandhed og gjøre slig anviisning om elvens nye og gamle løb samt detts skade, som de agter siiden at beedige, hvilket de og var frivillig til at giøre, og efter at de nøye derpaa havde givet anviisning, aflagde de, efter at eeden af lovbogen var dennem forelæst, deeres corporlige eed.

Hvorpaa vii og eftersaae alle ting nøye, og befandtes der. som var øyensiunlig, at elven hafde bortskyllt een stoer del af Melseths bæste

eng, som gick langs efter elven nedefter, hafde og bortsykklet noget længer og af den slætte marck.

Etter slige omstændigheder og nøyeste granskning skiønnede jeg som stædets sorenskrivar og nogle af laugrettet med mig var eenige at gaarden Melsett . . . paa hvilken ej tilforn har været skeed aftag, . . . kand og bør affældes for 2½ mellaug, men cammeraad Alsing og enndeel af laugrettet holdt for, at det burde kuns være 2de mellaug affældt. Saa endskiønt det syntes liidet, kunde det derved blive. Hvilket alt indstilles til Deeres Majestætts, om det for de 2de mellaug alleene skulle ansættes, som er den 8de del imod jorden, af det den forhen har været skattet og skyldet for og skal findes i behold. Saaledes at være riktig passeret bekræftes under hænder og forseeglinger. Melchior Falch.

Avtaket vart approbert ved kgl. resolusjon 3/10 1763. Alsing fekk det som han ville, det vart med 2 mællag.

På 1830-talet vart der funne kopar i Vardefjellet på Melset. «Kobberanvisning i Vardefjeldet under Melset. Mutingsbrev til A. Tonning og N. Sødring på denne anvisning. Skjøte fra kjøbmand A. Sødring til A. Tonning på halvdelen i denne kobberanvisning, 23/4 1842.» (Sjå innleiinga til Ramstaddalen.)

Hausten 1880 var ei stor gjerdesak framme i forlikskommisjonen. Det var Knut M. Melset og Johan T. Melset som stemnde alle dei andre brukarane på Melset og brukarane på Klokk, Lukkedal, Søvik og Almeskar for å få til eit forlik om ei ny ordning. Og forlik vart det.

Der skulle setjast opp ein hagard på bømarka mellom Melset og Klokk, og gjerdet skulle gå vidare oppover i utmarka. Der skulle gjerdet setjast slik at krøtera fra Klokk fekk meir rom til å kome seg oppover. I vedtaket er nemnde Simåskarhaugen og Storsteinskaret. Den skogen, skoggrunnen og torvmyra som etter endringa kom til å ligge på andre sida, skulle som før vere Melset sin eigedom. Til å setje opp dei ymse gjerda skulle alle brukarane vere med i samsvar med skylda, og gjerda skulle vere ferdige innan tre år. Ludvik Klokk og Steffen Melset vart valde til å bestemme kva tid arbeidet skulle setjast i gang.

Desse skreiv under med eiga hand: Ole Andreassen Søvik, Knut M. Melset, Johan T. Melset, Knut Bendiksen Klokk, Peter Petersen Melset, Steffen Melset, Sølfest Klokk, Knut Olsen Klokk, Lars Almeskar, Lars P. Iversen Klokk, Iver Iversen Klokk, Ole Olsen Svinset, Ole M. Melset, Nils Klokk, Lars A. Melset, Lars C. Melset, Ole Ingebrigtsen Søvik, Ludvik K. Klokk, Mons Melset, Lars Knutsen Melset, Jørgen Klokk og Magnus Amundsen Melset.

Med «påholden penn»: Paul P. Søvik, Magnus Klokk og Syver Lukkedal.

I 1905 var der utskifting av innmarka på Melset, og innandørs-arbeidet gjekk for seg i Knut Larssen sitt hus i tida 11. til 20. mai.

Då var der i alt 10 bruk på Melset. Desse hadde kome frå dei 4 bruk vi kjenner til frå 1600-talet, på denne måten: Bruk A har vorte til bnr 1, bruk B til bnr 2 og 3, bruk C til bnr 4 og 5, bruk D til alle dei andre. Av desse var bnr 6 og 7 ei tid eitt bruk, og bnr 8, 9 og 10 eitt. Desse tre sistnemnde vert ofte kalla «Plassane».

I skiftet i 1905 vart den gamle geila innlagd, og Godtskarelva delte geila i to. Dalegropa vart grense for bnr 6 så langt ned som bruket gjekk, og same bruket fekk utlagt Svinsetkvitlen og Tangen. Godtskarelva gjorde av og til skade på marka ved Ole Kristensen sitt hus, og grannane skulle vere med å reinske elvefaret og byggje på elvebarden.

I 1906 var der overutskifting, og i 1909 utskifting av torvmarka.

EIGARAR

I 1515 var Ørskog-kyrkja eigar av 3 mællag i Melset. (Missale secundum ordinem Praedicatorum (Basel: Michael Wenssler). 1520-21 skatta Engelbret på Melset for jordegods med 3 lodd sølv (NRJ II s. 105). I 1626 vart Melset kalla preste- og bondegods. Ørskog-kyrkja åtte då 2 mællag utan bygsel og to av brukarane åtte jord på Melset. I 1637 åtte Jakob Skott 2½ mællag.

I 1655 lét ørskogpresten lese på tinget ein 6 manns dom av 27/4 1642 om eit mællag jord som Melset-brukarane var dømde til å avstå til prestebordet, «Da der var adskillig forwending med den ene grande Iffuer, blev saken henvist til aastedet.»

I 1661 hadde skylda auka til 3½ v og eigidomstilhøva var slik: Hjørundfjord kyrkje 1 mællag, Lars Abelset 3½ mællag, Iver Melset 2½ mællag, Samund Aurdal 2½ mællag, Ørskog prestebord 3 mællag, Bendik Melset ½ mællag og sykkylvskyrkja 1 mællag. I 1674 var skylda auka til 4 v, og av det åtte Lars Abelset 3 v. I 1683 hadde parten hans minka til 2 v 9 mk, men no hadde han bygselretten til heile garden. Kring århundreskiftet åtte Abelsetenkja 2 v, og ein ny eigar var Mogens Aure med 2 pd 6 mk
Sjå under Eigrarar på Lukkedal.

I 1733 fekk Christopher Olsen Abelset 2 pd 6 mk ved makeskifte med Knut Jetmundsen Ytre Fauske, og eigarar var då Ørskog kyrkje 18 mk, sykkylvskyrkja 18 mk, Ørskog prestebord 2 pd 6 mk, og Christopher Abelset resten (2—2—6). Avtaket i 1750-åra førde til at prestebordparten

vart sett ned frå 2 pd 6 mk til 1 pd 23 $\frac{1}{4}$ mk, og mællaga til kyrkjene i Hjørundfjord og Sykkylven vart reduserte til 15 $\frac{3}{4}$ mk. Abelsetparten vart 2 v 1 pd 5 $\frac{1}{4}$ mk med bygsel. I 1838 hadde Abelset-familien selt alt sitt i Melset. Ørskog-kyrkja kjøpte eit Melset-bruk så seint som i 1906.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr i Ørskog: 88, 91, 87, 90, 47.

I 1626 var skylda 3 v $\frac{1}{2}$ pd 6 mk, i 1645 3 v 18 mk, i 1664 3 $\frac{1}{2}$ v, og Melset vart rekna i skatteklasse halv gard.

I 1667 vart skylda sett til 4 v, og etter skadeflaumen i 1750-åra vart der eit avtak på $\frac{1}{2}$ v. Ny skyld i 1838 11 skylddlr. 16 skill. og garden fekk løpenr. frå og med 130 til og med 133. Rev. skyld 1890: M 18,36. Tienda fram til 1624 var frå 1 mæle 1 f j til 4 $\frac{1}{2}$ mæler. I 1666 4 t 3 mæler havre, 1 mæle bygg og 2 pd 8 mk ost. I 1714 4 $\frac{1}{2}$ t havre, 6 skjepper bygg, $\frac{1}{2}$ v 20 mk ost. Framlegg til tiend i 1724 var 5 t 5 skjepper havre eller 4 rd 66 skill., 4 skjepper bygg eller 76 skill. og 2 pd 16 mk ost eller 85 $\frac{1}{3}$ skill.

Leidangen: 1606 1 geiteskinn 5 kalveskinn, 1613 2 geiteskinn 2 kalveskinn, 1666 2 geiteskinn, 1714 5 ort 10 skill. I 1773 1 $\frac{3}{4}$ geiteskinn (etter avtaket). I 1779 2 geiteskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1626: 5 mann. Sår 12 t
1657: 5 mann. Buskap: 4 hestar, 2 oksar, 29 kyr, 13 sauер og 14 geiter.
1667: 6 mann. Sår 14 t avlar 50 t, kan fø 6 hestar og 50 kyr. Brennefang.
1714: 5 mann. Sår 12 t havre 2 t bygg, avlar 45 t havre 6 t bygg, føder 5 hestar og 46 kyr. 1 ort i kverneskatt.
1722: 5 mann. Stor skade ved brann.
1724: 5 mann. Sår 1 t bygg, 12 t havre, avlar 5 t bygg 56 t havre. Førar 5 hestar, 24 kyr, 20 ungdyr, 25 sauер og 21 geiter. Seter 1 fj frå garden. 3 små kvernar. Garden ligg $\frac{1}{2}$ fj frå sjøen. Noko tungvunnen til høy, men viss til korn. Litt små einer til brenneved. Noko skade av flaum
1751 Svær skade ved flaum
1774: 4 mann. 2 kvernar
1802: 4 mann. Ingen skog. Sommarbeite i heimeutmarka og på setra. Nokså årvisss kornavling. På kvart av dei 4 brukta sår dei 2 $\frac{1}{2}$ t havre 1 t blk og $\frac{1}{2}$ t bygg, 5 foll. Førar 1 hest, 9 kyr, 20 småfe. 5 vaksne til gardsdrifta. Kvart bruk verd 130 rd.

1835:	5 mann.	3 sjølveigarar, 2 leiglendingar, 1 husmann på ikkje skyldsett jord. Sår 1½ t bygg, 6 t blk, 16 t havre og 7 t poteter. Buskap: 4 hestar, 32 kyr, 60 sauher, 2 geiter og 3 svin.
1845		2½ t bygg, 8 t blk, 26 t havre, 7½ t poteter. Førar 6 hestar, 48 kyr, 87 sauher, 20 geiter og 2 griser.
1865		Sår 11 t blk, 33½ t havre, 24 t poteter. Krøter: 6 hestar, 51 kyr, 109 sauher, 27 geiter, 3 griser. Nokså god åker og dyrka eng, mindre god natureng, lite utslætte. «Middelmådig» hamnegang. Nokså lettbrukt gard. Brennefang.
1875		2 hestar, 4 føl, 54 kyr, 15 kalvar, 140 sauher, 22 geiter, 3 griser. Sår ¾ t bygg, 9½ t blk, 27 ¾ t havre, 20½ t poteter.

BRUKARAR

Bruk A (bnr 1)

Laurits Olsen

Br ca. 1592-1634

Barn: Iver f ca. 1593

I åra 1614 og 1616 la han inga korntiend, elles frå ½ fj til 2 ½ fj.

Matrikkelen 1626 kallar han Laurits Lauritzen, men ei mengd andre kjelder syner at det må vere feil. Sonen tok over etter han.

Iver Larssen Melset

Br 1634-1666

Barn: Lars f ca. 1635

Iver vart kalla «unge Iver». Der var ein eldre Iver Melset på same tid. Det var Iver Larssen som vart nemnd på tinget 9. januar 1655 då presten Christen Jenssen Hegelund las opp 6 manns domen (sjå under Eigurar).

I 1645 la Iver koppskatt for seg og kona og ei taus. Han åtte heile bruket sitt. Krøterskatt 1657 76 skill. av 1 hest, 1 okse, 6 kyr, 4 sauher og 4 geiter.

I 1666 vart han kalla Iffuer Laursen og brukte 1½ mællag, medan sonen hadde teke over 2½ mællag.

Lars Iversen Melset f ca. 1635 d 1715

g Marte (Guttormsd.?) Ho levde i 1711

Br 1666-1704

- Born: 1. Iver f ca. 1674, g p br
 2. Lars f ca. 1686, g 1737 Anne Knutsd. Aure f ca. 1694 d 1764.
 Budde på Kjemphol.
 3. Anne f ca. 1696, g 1. 1721 Nils Olsen Valbø f ca. 1679 d 1730,
 g 2. 1731 Karsten Hanssen Valbø f ca. 1694 d 1749,
 4. Guttorm f ca. 1697.

Lars brukte i 1675 2 pd 6 mk jord og la 20 mk bygg og 2 pd 6 mk havre i korntiend det året. I 1700 hadde bruket hans auka til 4 mællag 10 mk.

I 1680 vart nokre karar frå Ramstaddalen stemnde fordi dei hadde gitt Lars Iversen lov til å hogge i Nysæterskogen. (Nærare om dette under Ramstad).

Iver Larssen Melset f ca. 1674 d 1741
 g Berte Olsd. ca. 1675 d 1761
 Br 1704-1735 Born: 1. Brit f ca. 1699, g p br
 2. Gunilde f ca 1719, g 1753 Peder Knutsen Løvoll (br B) f Valde
 3. Kristin f 1721 d 1722, 8 veker
 Bygsla 1 v 10½ mk 13/11 1704 av Ole Larssen Abelset.

Ole Larssen Løset f ca. 1708 d 1740, 32¼ år (Løset R br 2)

g 1735 Brit Iversd. Melset f ca. 1699 d 1783

Br 1735-1740, enkja til 1742

- Born: 1. Ole f 1736, kf 1753. Til Løvoll br 1
 2. Lars f 1738, til Ramstad bnr 2
 3. Iver f 1740

Fekk bygselsetel 16/3 1735 av Christopher Abelset. Ved skiftet etter Ole var Ole Larssen Melset «den gamle» lagverje for Brit. Sk. 24/4 1741:
 1 sølvskei, 1 koparkjel 5—l—8, $\frac{1}{12}$ i ein fjørendfar med reie 1-4-8,
 1 kjempefæring 2 rd 3 ort, 4 torskegarn, 1 kvern, 4 kyr 12 rd, 2 kalvar, 3
 geiter med kje, 2 fjorskje, 4 sauher med lam, 1 ung vêr, 3 fjorslam, $\frac{1}{2}$ i eit
 skjut 2-4-8, $\frac{3}{4}$ i ei bakstehelle, $\frac{1}{2}$ i ein slipestein. Brutto eige 51 rd, gjeld
 14 rd.

Enkja gifte seg att med

Helge Pedersen Brunstad (Tosteng.) f ca. 1710 d 1796

g 1742 ek. Brit Iversd. Melset d 1783, 84 år

Br 1742-1772

- Born: 1. Brit (Berte) f 1742, g 1776 Erik Olsen Ramstad (br 2) f 1750
 2. Ole f 1745 d 1 time
 3. Sylvi f 1746, g 1779 Amund Jonsen Ramstad (br 9) f 1747.

4. Ole f 1750, g p br

5. Guri f 1753 d 1801, ug.

Helge var brukar av 1 v i 1742, seinare 2 pd 15 mk på grunn av avtaket etter skadeflaumen.

Ole Helgesen Melset f 1750 d 1810

g 1772 Turid Pedersd. Brune f 1742 d 1810

Br 1772-1801

Born: 1 Pernille f 1773, g p br

2. Laurentse f 1775 d 1819, g 1801 Sylfest Olsen Lyshol f 1772 d 1847

3. Magnus f 1776, til Klokk 1800 (br Ca). Sjå s 232.

4. Anna f 1778, g 1801 Elling Jonsen Vaksvik.

5. Anders f 1779

Bygselsetel på 3 1/2 mællag 24/9 1771 frå Charlotte Abelset. Skøyte 8/12 1779 på 3 mællag 9 mk frå Nils Hagerup, men landskyld av 2 mællag 3 3/8 mk, for 89 rd.

Peter Madsen Skottet f 1777 d 1853

g 1801 Pernille Olsd. Melset f 1773 d 1852

Br 1801-1836

Born: 1. Karen Gurine f 1802 d 1864, g 1824 Ole Andreas Olsen Løset S (bnr 2).

2. Martinus f 1803, g p br

3. Ole f 1805, g 1826 ek. Johanne Gurine Torsd. Valbø f 1799

4. Bernt f 1807, g 1836 ek. Marte Janike Olsd. Klokk (br 3 Slettereiten)

f Opsvik 1794. Bustad Klokk.

5. Tyri f 1810, g Lars Knutsen Klokk (bnr 8)

6. Peter f 1812, sjå Lukkedal og Melset lnr 133a

7. Lars Petter f 1815, g 1839 Marte Oline Ottesd. Ramstad (bnr 6)

8. Karen Marie f 1817, d 21 veker

9. Karen Laurentse f 1820, g 1841 Hans Peter Larsen Ramstad (bnr 4).

Utanom ekteskap hadde Peter Madsen: Pernille f 1836

(mor: Anne Gurine Ellingsd. Berge f 1802 i Norddal. Ho budde på Løset frå 1832. Vart seinare gift til Rysta i Ytterdal).

Skøyte frå Ole Helgesen på 2 pd 15 mk i Melset 7/4 1801. Kår til Ole Helgesen og kone same dato.

Den 1. juni 1828 møtte brukarane på Melset i huset hans og vart samde om at der skulle haldast utskifting «ved øvrighedens Fôranstaltning».

Dagen etter fekk Peter grannane til å møte i forlikskommisjonen der dei kom fram til dette forliket: Eit lite stykke mark som var tildelt Ingebrigt Rasmussens jordpart skal tilfalle Peder Andersen. For tapet skal Ingebrigts få godtgjersle frå alle brukarane. Dei vart òg samde om at dei humlegardane og kålrabihagane som fanst skulle flyttast til den einskilde jordpart. Og den smia som Magnus Olsen åtte skulle Peter Madsen ha. Peter ville at Magnus skulle fjerne den steinen som har vore på smiepllassen og ved humlegarden og rydde der til neste haust. Magnus lovde òg å setje i stand gjerdet mot Peter Madsen sin åker. - Den som utan grunn klaga over dette forliket skulle betale 5 spd til skule- og fattigstellet i grenda. (Forliksprotokoll 1824-1844, s. 22).

Peter Madsen var skrivekunnig. Han var medhjelpar. Dreiv noko som bygdehandlar. Leigde såleis saman med andre, skøyter til handelsferder til og frå Bergen,

Den 5. mars 1853 var der registreringsforretning av buet hans: 1 sølvtomling 2 ort 12 skill., 1 do. forgylt innvendig og merkt S.I.S.O. 1 spd, 1 massingstake med firkanta fot, 1 tinnkanne med lòk, 1 koparkjel på 1 skjeppe med hodde, 1 do. på 2 skjepper, 1 massing kubjelle, 1 smørkanne av tinn med lòk, 1 vaffeljarn, 1 jarnstaur, 1 bakstehelle, 1 kaffekvern, 1 jarnbismar på 2 v 1 pd, 1 do. på 3 v, 1 skreddarsaks, 1 åttedagars slagur med lodd 5 spd, 1 stor bile, 1 skjæring på 12 lag, 1 gryte på 3 skjepper med hodde, 1 ny eiketønne, 1 kar på 5 tønner, 24 mjølkeringer, 1 hit, «1 chatol med klaffe og indredning og 4 skuffer» 6 spd, 1 blåmåla seng, 1 dragkiste av bøk med 6 skuffer 3 sp. 1 teppe med skinnfell, 1 «randet overseng med fjærfall», 1 skinnfell, 1 rye, 1 høyende med fjørfall, 3 saueskinn, 2 salmebøker (ei storstilt), 1 knebukse med skinnbesetning, 1 raud kledes trøye, 1 do. «med skjøter og blanke knapper», 1 skinnvest, 1 lerretsskjorte, 1 par knestøvlar, 1 blå «fruentimmer trøie», 1 svartsida hornet ku 7 spd, 4 geiter, 2 vaksne ersauer, 6 smågarn, $\frac{1}{3}$ i ei kastenot, 1 storline med landskòt og tyskedubbel, 1 djupsogn med blystein, 4 torskegarn, 14 sommarsildgarn, 1 kasse med 31 glasruter, 1 seksringsnaust av tømmer med torvtak og eit skòt ved sida, med tomt, står ved Klokk sjøen 16 spd, 1 bankaksjebrev nr 833 på 30 spd, no taksert til 39 spd, 1 part i Ørskog kornmagasin, 1 kyrkjepart.

Den 30. mai same året vart lausøyre, bankinnskòtet, magasinparten, kyrkjeparten og naustet selde på auksjon. Brutto eige 148 spd, gjeld 13 spd.

*Martinus Petersen Melset f 1803 d 1881
g 1. Anne Kolbeinsd. frå Stranda prestegjeld, f c.a. 1790*

g 2. 1832 Ragnhild Knutsd. Lukkedal f 1810 d 1887

Br 1836-1859

Born: 1. Petrine Severine f 1832, g 1853 Lars Peter Knuts. Almeskar f 1832

2. Knut Severin f 1834, g p br

3. Jørgen Bastian f 1836, d 1839, 3½ år

4. Olave Birgitte f 1838, g Iver Iversen Melset (bnr 2).

5. Jørgen Bastian Karolus f 1841, g 1. ca. 1866 Anne Pedersd. f. 1839 i Vestnes, d 1903 g 2. 1907 ek. Berte Petrine Kristensd.

Oppsal Nedre f Blakstad 1845. (Foreldre: Kristen Jonsen

.Gjævenes og Berte Pedersd. Blakstad. Sjå bd 3 s 376)

6. Ole Iver Andreas f 1846, g 1873 ek. Anne Larsd. Hole f Hellen. 1838, d 1904

7. Petter Martinus f 1849, g 1874 Lovise Severine Andreasd. Kroken f 1855

Skøyte frå faren 17/10 1836. Kår.

Knut Severin Martinussen Melset (Lukkedal) f 1834 d 1921

g 1859 Ingeborg Susanne Olsd. Andestad (Søvik) (1837-1896)

Br 1859-1889

Born: 1. Jørgine f 1859, g Jørgen Larssen Almeskar f 1854

2. Marte f 1862, g Gunder Rasmussen Skottet f 1847

3. Petter Rasmus f 1865, g p br

4. Olave Petrine f 1869 d ug 1945

5. Ingeborg Anna f 1871 d 1875 4½ år

6. Marte Sofie f 1873, g Petter Kjørstad, Spjelkavik

7. Ingeborg Anna f 1875, g Nils Pedersen Omenås f 1872 (Klokke br 14).

8. Karen Olave f 1881, g Lars Petter Ellingsen Ramstad (bnr 3).
Dei budde på Melset (bnr 9).

Skøyte frå faren 7/10 1859. Kår. Sådde i 1845 ½ t bygg, 2 t blk, 6 ½ t havre og 2 t poteter. Fôra 1 hest, 13 kyr, 20 sauher, 10 geiter og 1 gris.

Hadde i 1860-åra 35 dekar god åker og dyrka eng, 142 dekar «middelmådig» natureng, sådde 2 t blk, 7 t havre, 3 t poteter. Avla 16 t blk, 28 t havre og 20 t poteter. Fôra 1 hest, 12 storfe og 34 småfe.

1875: 1 hest, 6 kyr, 4 kalvar, 19 sauher, 10 geiter, 1 gris. Sår ½ t bygg, 2 t blk, 7 t havre og 4 t poteter.

Petter Rasmus Knutsen Melset f 1865 d 1940

g 1889 Oline Marie Nilsd. Eidem (Åmundg.) f 1863 d 1950

Br 1889-1935

- Born:
1. Inga Karoline Marie f 1890, g Johan P. Ramstad (bnr 9)
 2. Anna *Josefine* f 1892, sjå Klokk bnr 20
 3. Knut Martin Olaf f 1896, g p br
 4. Martin Johan Oskar f 1898, g til Kråka
 5. Nils Petter f 1901 d 3 veker
 6. Nils Matias f 1903, g Marie Vinje (1897-1961)
 7. Ragnvald Olaf f 1904 d 31/7 1937, fabr.arb. drukna p.g.a. hjartesvikt.
 8. Ragna Olivia f 1907 d 1909

Skøyte frå foreldra, $\frac{1}{2}$ av naust og naussttomt unntekne. Kår mot etterhald av $\frac{1}{2}$ av inntekta av plassen Ryingen. Ved utskiftinga i 1905 fekk dette bruket ein tunteig der husa stod og ein biteig i Lukkedal. På tunteigen stod kvernhuset til Melset.

Knut Martin Olaf Rasmussen Melset f 1896 d 1979
g 1933 Klara Olave Olsd. Løseth, f 1906 på Klokk d 1966
Br 1935-1962

- Born:
1. Roger Johan f 1934, g p br
 2. Randi Oline f 1937, g Inge Jarle Klausen Aas f 1936. Skipsteknikar, bustad Aure på Nordmøre
 3. Anne Olea f 1941, g Karle Aas, bror til Inge. Båtbyggjar i Aure på Nordmøre.

Roger Johan Knutsen Melset f 1934
g 1959 Anne Eline Albertsd. Leirmo f 1940 i Jostedal
Br 1962-

- Born:
1. Kjell Albert f 1961, fabr.arb.
 2. Øydis Karin f 1976
- Fabrikkarbeidar og gardbrukar.

Plassar under bnr 1.

BERGEPLASSEN

Karl Magnus Paulsen Lukkedal f Grebstad (1818-1850)
g 1844 Marte Knutsd. Jøsvoll f 1805
Br 1844-1850, enkja til 1851
Barn: Peter Johannes f 1845, kf 1860.
Festesetel frå Martinus Petersen Melset på 3 st. mark 5/12 1843, tgl. 25. juni 1844.

Sk. 20/11 1850: Husa fekk enkja for takst 35 spd 4 ort mot panteretts-utlegg m.a. til Petrine Paulsd. Lukkedal og til sonen Peter Johannes.
Brutto eige 204 spd, gjeld 40 spd.

Enkja gifte seg att med

Elling Johannessen Berge f 1825 i Norddal
1851 g Marte Knutsd. Melset f Jøsvoll 1805
Br 1851-1870
Ingen born.
Både Elling og kona levde på plassen i 1865 og hadde ei ku og 4 sau.
Sådde 1 t havre og 1 t poteter. I 1875 er dei unemnde.

På ein annan plass budde

Magnus Karlsson Fremmer-Fausa f 1823 d 1889
g 1. 1857 Anne Marie Rasmusd. Svinnset (br 2) f 1828 d 1872
g 2. 1874 Oline Marie Ingebrigtsd. Søvik (br 3) f 1835 d 1886
g 3. 1887 Tyri Larsd. Jelle f 1843 i Vaksvik, d 1917

Born i 1. ekteskap::

1. Karen Severine Marie f 1857 d 3 veker
2. Karl Severin, f 1863 sjå bnr 8 og 4
3. Lars Rasmus Andreas f 1867, d 11 dg

Magnus var husmann på Lukkedal før har kom til Melset. I 1865 er dei førde som husmannsfolk utan jord, 1875 har dei 1 ku, 5 sau og 4 geiter, og sår $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

Tyri var ei kjend bakstekone på gardane. Ho gifte seg att med

Severin Olsen Lande d 1891 eller før
Br ca. 1889-ca. 1890. I folketeljinga i 1891 er Tyri nemnd som husmanns-enkje med jord.

Hans barn: Lovise Severinsd. Melset f 1878. (Ho hadde dottera Tea Larsd. f 1899, som vart gift på Fjørtoft. Er enkje. Far hennar var Røbbe-Lars på Ramstad, på eit bruk nord for Jogarden.

RYINGEN

Jørgen Bastian Karolus Martinussen Melset f 1841
g 1. ca. 1866 Anne Pedersd. frå Vestnes f 1839 d 1903
g 2. ek. Berte Petrine Kristensd. Oppsal f Blakstad 1845 (dotter til Kristen Jonsen Utgård f Gjævenes).

Br ca. 1866-1907

Born i 1. ekteskap::

1. Martinus f 1867 d 1 dg
2. Martinus f 1868
3. Karen Marie Petrine f 1871 g Peter Larss. Svinset (bnr 3)
4. Peter Rasmus f 1878, g Olivia Tomasine Olsd. Søvik Nedre f 1875.
Han var snikkar og bøkker i Ålesund. Budde i Borgund i 1900. På
Klokk 1905-07. Sjå s 224

Jørgen budde ei tid på Klokk rundt århundreskiftet, og flytte til Oppsal i 1907. Sjå Oppsal.

I 1875 hadde dei 3 kyr, 6 sauер, 2 geiter og gris. Sådde $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 2 t poteter.

Bruk B

Dette bruket omfatta to bruk då 1600-talet tok til, men var i lang tid udelelt, og vart så på 1800-talet delt i bnr 2 og bnr 3.

Bruk Ba

Anders

Br 15.. -ca. 1600

Barn: Johannes

Fosterson: Jon Nilssen Løset f ca. 1695, utreidd til krigsteneste i 1615 av

Johannes Anderssen Melset

Br ca. 1600-1634

I lag med Oluf Løset reidde han ut Anders Gulliksen Løset til Kalmar-krigen i 1611. Johannes åtte $4\frac{1}{2}$ mællag jord og la frå $1\frac{1}{2}$ til 3 fj i korntiend.

I 1626 åtte han $\frac{1}{2}$ v 9 mk jord.

Gullik Bendiksen Lukkedal

Br 1635-1652

Born: 1. Bendik c a. 1620

2. Bendik d.y. (?)

Brukte 2 mællag. La på det meste 1 mæle i korntiend. Var først br. på Lukkedal.

Bendik Gulliksen Melset f ca. 1620, levde i 1701

(oppgett alder i 1701: 96 år!)

Br 1653-1693

- Born: 1. Gullik f 1656, g p br
 2. Berte f ca. 1659 d ug 1723
 3. Anne, lm i 1702 med Jon Salmundsen Brunstad. Hans første lm,
 derfor som soldat fri. Ho er fattig, men kan med hjelp skaffe 2 rd.
 For resten «hensatt på vand og brød i 6 dg».

Bendik Gulliksen brukte 2 mællag 5 mk i 1661 og åtte $\frac{1}{2}$ mællag. Ørskog prestebord åtte då 1 $\frac{1}{2}$ mællag i bruket hans. I 1657 skatta han med 52 skill. av 1 hest, 5 kyr og 2 geiter. Ein Bendik Gulliksen Melset er nemnd i ei liste dat. 7/7 1655 over «unge karle» som høvde til å utskrivast til båtfolk. Anten vart Bendik skada i krigstenesta, eller han hadde ein bror med same namn. For seinare vert opplyst at Bendik er «meget vanfør». (Vart kanskje vanfør heime?).

Gullik Bendiksen Melset f 1656 d 1731
 Br 1693-1707, heile bruk B 1720-1724
 Barn: Berte f ca. 1700, g p br
 Frå 1724 var bruk B udelt til 1832.
 I yngre år var Gullik soldat. Han bygsla 22/1 1693 2 mællag 5 mk som far hans «ei lenger for alderdom kan bruke». Eigar var Margrete Lagesd.
 Heile bruk B var på 1 v 10 $\frac{1}{2}$ mk. I 1700 brukte han 3 mællag 8 mk.
 Hadde i 1711 dreng med 2 rd i årsløn og taus med 1 rd.
 Sk. 1731: Netto eige vel 12 rd.

Ole Iversen Furstrand f ca. 1701 d 1726, 25 år 2 mnd
 1723 g Berte Gulliksd. Melset f ca. 1700 d 1726

Br 1724-1726
 Born: 1. Marte f 1724 d 17 dg
 2. Gullik f 1725, g p br

Ole Iversen var bror til Siri Iversd. g Ole Larssen Melset d.e.
 Då det var sk. etter Ole Iversen og kona var sonen Gullik 2 veker over året. (Sk.prot. nr 7 s. 257): Kontantar 4 rd 4 mk 10 skill. Nokre massing- og tinnssaker, 1 ambolt, 1 smiehammar, 1 smietong, 1 hjulrokk, $\frac{1}{12}$ i ein fjørendfar med segl og framtòg, 1 raudsida kollet ku, 1 kvit ku, kvar 3-1-8, 2 andre kyr à 3 rd, 3 vaksne geiter med kje, 3 sauher med lam, 4 vérar, 8 kje og lam. - Kleda til mannen: 1 blå kirsch trøye med tinnknappar, 1 kvit vadmalstrøye, 1 kvit vadmal vest med beinknappar, 1 par brune vadmal bukser med beinknappar, 1 par svarte vadmålsbukser, 1 par skinnbukser, 2 strieskjorter, 1 striebukse, 3 par hoser, 2 par votter, 1 ullhatt, 1 skinnhatt.

Hennar klede: 1 fløyels hue, 1 svart kledes trøye, 1 snørliv av grøn floss med rauda ermar, 1 raud kirses trøye, 1 svart kledes trøye, 1 raudt kirses snørliv, 1 gult snørliv med grøne ermar, 1 gul vadmalstrøye, 1 blå kirses stakk, 1 blå bais stakk, 3 svarte vadmalsstakkar, 1 par svarte hoser, 1 kvitt lerrets forkle, 1 grønt raskes forkle, 1 blått do., 1 trieserk, 2 par skor.

Bøker: 1 nytestamente trykt 1717 med pergament bind, 1 Christiania huus- og rejsehaadbog, 1 Den bedendes kjede. Brutto 75 rd, netto 69 rd.

Ole Larsen Sandvik f ca. 1688 d 1745, 57 år
g 1727 Siri Iversd. Jogard, d etter mannen

Br 1727-1745

Born: 1. Iver dp 10/1 1728, d 8 veker

2. Iver f 1729 d 3½ dg

3. Lars f 1729 (tvill.) d 2 veker

4. Lars f 1731 g ek. Marte Bottelsd. Ramstad (br 2).

5. Ole f 1733 g ek. Anne Hansd. Løset i Stordal f 1735.

6. Marte f 1736 d 1738 1 år 14 veker

7. Ole f 1738 d 1752, 13 år

8. Ole f 1741 d 16 veker

Ole Larsen vart kalla den gamle. Han brukte 1 v 10 ½ mk i 1732, 1 v i 1733.

Det året var der 4 like store bruk på Melset.

Sk. 25/5 1745: $\frac{1}{6}$ i ein fjørrendfar med naust 3 rd, 1 merr, 1 ku, gangklede for 5 rd. Både brutto og gjeld 75 rd.

Gullik Olsen Melset f 1725 d 1776

g 1. 1746 Gjertrud Pedersd. Ramstad f 1721 (dp 1/1 1722) d 1749

Sjå s 100

g 2. Ingeborg Sjursd. Svarteløk

Br 1746-1776, enkja til 1778

Born i 1. ekteskap:

1. Brit f 1747 d 1773. Slo seg i hel i Holmen. Budde i Hornindal 1767

2. Marta f 1749, d 2 dg

Born i 2. ekteskap:

3. Gjertrud f 1750 g 1777 Halkjell Gregoriuss. Ramstadfjæren frå Hole i Geiranger f 1748

4. Anne f 1753, d ug 1806, legdslem

5. Kari f 1755, g 1789 Lars Bertels. Jelle frå Stranda.

6. Brit f 1758 d ug 1818, legdslem.

Gullik flytte som kårmann til Ramstadfjøra. Sk. 1749:

Brutto 74 rd. netto 37 rd. Kona hans var dtr. til Peder Knuts. Krogen (gift) og Brit Larsd. Ramstad (ug) (br 4?).

Jon Arnesen Ljøvik f ca. 1751 d 1818
g Gjertrud Knutsd. Ringdal f ca. 1753 d 1815
Br 1778-1818
Born: 1. Knut f ca. 1778, g p br
2. Jon f ca. 1780
3. Ole f 1782, soldat frå 1808 g 1819 ek. Anne Marte Rasmusd.
Røssevoll. Pakta bruk på Røssevoll.
4. Berte Eline f 1791, g 1821 Tore Knutsen Klokk. (Klokk bnr 4)
Jon bygsla bruket først, men kjøpte det av Anders Jonsen Rørhus 3/11
1793. Jon var bror til Nils Arnesen Brunstad.

Knut Jonsen Melset f ca. 1778 d 1862
g 1818 Kristine Larsd. Jelle f 1788 d 1862
Br 1818-1827
Born: 1. Jakob Martinus f 1820, d 4 dg
2. Lars Johannes f 1828 d 1895, hadde før ekteskap borna Knut
Johannes f 1853 (mor: Anne Jakobsd. Hellesylt), Berte Johanne f
1855 (mor: Madsi Knutsd. Klokk bnr 5). Lars g 1857 Inger
Hansd. Glomset f ca. 1827.

Skøyte 11/6 1818 for takst 150 spd. Selde bruket 1829 til Ingebrigts Rasmussen for 300 spd. Ingebrigts selde det i 1831 til Anne Jetmundsd.
Engeset.

Knut vart 3. juledag 1807 overfallen i Elling Svinset sitt hus av brørne Tore og Peder Knutsen Klokk, og Ibe Andreassen Klokk gjorde ingen ting for å stanse slagsmålet. Dei to overfallsmennene måtte tøle ei bot på 9 rd kvar. Og Ibe betalte 1 rd til Knut og noko av sakskostnadene i forlikskommisjonen. Knut Bendiksen Ramstad var og innblanda i saka og betalte 6 rd til Knut til sakførarhonorar.

Ingebrigts Rasmussen Ljøen f ca. 1788 d 1843
g 1828 Olave Olsd. Åkernes f ca. 1797
Br 1827-1831
Skøyte 26/6 1829. Kår til Knut Jonsen Melset. Ingebrigts var først brukar på Øvre Ljøen 1811-1827. I 1832 vart bruk B delt i to: Lnr 131a og 131b.

Bnr 2 ÆKRA (lnr 131a)

Iver Martinussen Ytrestøl frå Volda, sk. 1847
g Ingeborg Iversd. Aasen f ca. 1792 d 1877
(syster til Ivar Aasen)
Br 1832-1847, enkja til 1857

Born: 1. Iver Martinus f 1828 på Ytrestøyl, g p br

2. Nils Gregorius f 1834

Ivar Aasen var på Melset på vitjing, og det var syster hans som fekk han til å la seg fotografere av fotograf Böckmann i Kristiania. Det vart det einaste biletet ettertida har av han. Ingvald Søvik, lærar i Dalsfjord er til no siste eigar av fotoet. Han er son til Iver og Oline Søvik, altså av slekta.

Det vert fortalt at den seinare fylkesskulestyrar B. Weiberg-Aurdal som student vart beden av Ingeborg å besøkje Ivar Aasen og spørje om han kunne hjelpe dei med pengar til å byggje ny løe for.

I 1845 sådde dei på bruket $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, 3 t havre og 1 t poteter.

Krøter: 1 hest, 6 kyr, 15 sauher.

Sk. 1847: Brutto 69 spd, gjeld 51 rd.

I 1850 skifte bruket eigar. Arne Jetmundsen Engeset selde det til svigersonen Jetmund Jetmundsen Velle.

Iver Martinus Iversen Ytrestøyl f 1828 i Volda d 1911

g 1857 Olave Birgitte Martinusd. Melset (br 1) f 1838 d 1879

Br 1857-1891

Born: 1. Ivrine *Nilsine* f 1862, g p br

2. Iver Martinus f 1865, g Oline Olsd. Søvik Nedre f 1869

Bustad Nedre Søvik

3. Karen Regine f 1868 g Nikolai Larssen Tandstad.

Olave var dotter til Martinus Pettersen Lukkedal eller Melset. Iver fekk bygselsetel frå Petter Pettersen Melset 28/6 1859. Kår. Skylda på bruket var 1 dlr 1 ort 23 skill., rev. M 2,26.

I 1860-åra hadde bruket 15 dekar nokså god åker og dyrka eng, og 64 dekar «middelmådig» natureng. Hamnegang av same kvalitet. Sånad $\frac{1}{2}$ t blk, 3 t havre, 1 t poteter. Avling: 6 t blk, 16 t havre, 12 t poteter. Krøter:

1 hest, 5 kyr, 12 småfe. Folketeljinga 1865 har desse tala: Sånad 1 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. Krøter: 1 hest, 6 kyr, 16 sauher, 4 geiter.

1875: 1 føl, 5 kyr, 2 kalvar, 10 sauher, 5 geiter, 1 gris. 2 t blk, 3 t havre, 3 t poteter. Kårkona Ingeborg hadde 1 ku og 3 sauher. Ho hadde eige kårhus, men hushald i lag med ungesfolket.

Ole Kristensen Fauskehagen f 1861 d 1947

g 1890 Ivrine *Nilsine* Iversd. Melset f 1862 d 1946

Br 1891-1940

Born: 1. Iver Olaus f 1891, til USA i 1910

2. Karen Marie Petrine f 1894 g 1928 Per Ulvestad frå Volda, gbr på Lauvstad.

3. Ingvald Matias f 1900, ug, p br

4. Martine *Olivie* f 1905, d 1911

5. Olave Berntine f 1908, ug p br

Bygsselsetel frå P. P. Melset, Johan Torsen Melset og Ole Larssen Ramstad
14/4 1891 med hus, bortsett frå naustet ved sjøen, troskuret og torv-løa.
Skøyte i 1916. Både Ole og Nilsine var sengeliggjande i 9 år. Mannen var lam
i ryggen etter slag og kona var nervøs. Ingvald og Olave passa dei.

Ingvald Olsen Melset f 1900 d 1974

Br 1940-1941

Han var sjukleg i 20 år, dei siste 4-5 åra på sjukeheim.

Olave Olsd. Melset f 1908

Br 1941-1977

Også då broren var brukar, var det ho som måtte ta alle tunge tak. Ho
fikk skøyte på bruket 17/6 1941. Ho hadde både kyr og sauер, også etter
at broren døydde. Har enno 10 sauere (1980).

Gunnar Martinsen Klokk f 1952

Br 1977-

(Sjå bnr 3 Vellegarden).

Bruk Bb

Johannes Olsen

Br ca. 1600-1624

I lag med Ole Løset reidde han ut Anders Gulliksen Løset til Kalmar-
krigen i 1611. La frå $\frac{1}{2}$ fj til $2\frac{1}{2}$ fj i korntiend.

Simen Lauritsen

Br 1624-1634

La 3 f j i korntiend i 1625, seinare mindre.

Elling Jonsen f ca. 1610

Br 1635-ca. 1670

Born: 1. Otte f ca. 1643, g p br

2. Marte, lm 1667 med Siver Knutsen Løvoll (br A). Dei ville gifte
seg.

3. Halvard f ca. 1651, p br { også kalla Halvor}.

Elling var frå Skodje. Born og tenrar er ikkje nemnde i koppskattlista
1645. Han åtte 1 pd 3 mk jordegods i 1644, og brukte nokre år heile bruk

B, men lengste tida berre 2 mællag. 47 skill. i krøterskatt i 1657 av 1 hest, 4 kyr, 3 sauер og 2 geiter.

Otte Ellingsen Melset f ca. 1643

Br ca. 1670-1684

Brukte 2 mællag 5 mk i 1675, og la same året 1 pd 4 mk havre i korntiend.

Halvor Ellingsen Melset f ca. 1651, levde i 1711

Br 1684-1707

Barn: Iver, g p br

Iver Halvorsen Melset sk. 30/4 1720 etter han og kona
g Kari Knutsd. Nysæter.

Br 1707-1720

- Born: 1. Bendik f ca. 1709 d 1743, g 1729 ek. Marte Jetmundsd. Eidem
f Grebstad (Peg.) d 1761, 87 år.
2. Knut f ca. 1712, d 1774, lm 1736 med Mari Eriksd. Aure. Bot 24
+12 lodd sølv. G 1741 Guri Jakobsd. Aure etter kgl. bevilling.
Bustad Hole.
3. Kari f ca. 1713 d 1733, 19 ½ år
4. Elling f ca. 1714 d 1789, g 1755 Gulov Olsd. Skarbø (1718-1755).
G 2. 1756 Synneve Olsd. Vike (1711-1766), g 3. 1770 Anne
Arnesd. Engeset f 1723.
5. Halvor f ca. 1715, g 1744 Ragnhild Eriksd. Aure. Han hadde vore
tenar på Fausa og stemnde husbonden sin «for slagsmål og
hårgrep». Budde på Rønes og Furstrand (s.d.).
6. Gunhild f ca. 1719, kf 1737.

Sk. 1720: «1 hildebard, 1 kårde, 1 plogjern, 5 kjør, 1 kalv, 3 får, 3 lam, 2
geder, 1 bukk, 1 skjut 3 år.» Bruket gjekk innatt i bruk B, som var udelt
til 1832.

Bnr 3 VELLEGARDEN

Ole Jetmundsen Bjørdal f ca. 1801 d 1856, 54 ½ år
g ca. 1831 Pernille Andersd. Ytre Hovden, Ørsta, d 1858, 58½
Br 1832-1858

- Born: 1. Nille Susanne f 1831 i Ørsta, g p br
2. Jetmund f 1834 d 1877, g 1864 Emte Gurine Knutsd. Velle (Jog.) f
1841 d 1933. Bustad Blindheim. Sjå òg Drotninghaug.

Ole vart i 1836 stemnd av grinnen Rasmus fordi han hadde teke seg «visse friheter» med Rasmus sin eigedom og i sams skog. Det vart forlik i forlikskommisjonen.

1845: Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre, $1\frac{1}{2}$ t poteter. Fôrar 1 hest, 6 kyr, 16 sauер, 1 gris.

Steffen Kristian Pedersen Furmyr f 1833

g Nille Olsd. Bjørdal f 1831 i Ørsta

Br 1858-1894

Born: 1. Oline Petrine f 1859, g 1888 Mads Andreassen Brastad f 1864 på Vestnes.

2. Petrine f 1862 d 3 mnd

3. Petrine Nikoline f 1865, til Dakota 1886

4. Lovise *Jensine* f 1870 til Dakota

5. Anne Karoline f 1873

6. Jakob Johannes f 1878 d $\frac{1}{2}$ time.

Bruket hadde i 1860-åra 15 dekar nokså god åker og dyrka eng, 64 dekar mindre god natureng, og mindre god hammegang. Sådde $\frac{1}{2}$ t blk, 3 t havre, 1 t poteter: avla 6 t blk, 16 t havre og 12 t poteter. Fôra 1 hest, 5 kyr, 12 småfe. Folketeljinga 1865 har: 1 hest, 6 kyr, 11 sauер, 2 geiter, 1 gris.

Sånad: 1 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. 1875: 1 føl, 4 kyr, 2 kalvar, 8 sauер, 6 geiter. Sådde 1 t blk, 4 t havre, 1 $\frac{1}{2}$ t poteter.

I 1894 utvandra Steffen med kone og dottera Jensine til Mayville, Dakota. Då var han 60 og kona 61 år. Bruket vart kalla Steffåbruket etter han, sidan Vellegarden. Steffå-hylen er og oppkalla etter Steffen.

Peder Andreas Pedersen Lille Ringdal f 1854 d 1942

g 1887 Lovise Pernille Nilsd. Lille Ringdal f 1868 d 1952

(ho vart kalla Nille)

Br 1894-1900

Born: 1. Bernt Martin Bye f 1895

2. Ane Beate Sylvie f 1897


Fekk skøyte på bruket frå Johan Korneliussen Giskegjære, Severin Knutsen Skjong på egne og Karl Elias Lorgens vegne for 1650 kr. den 27. sept. 1894.

Flytte til Stranda, til Lien. Sjå Stranda III, der fleire born er nemnde.

Knut Andreas Larssen Velle f 1849 d 1923

g Wilhelmine Knutsd. Djupvik f 1860 i Borgund, d 1937

Br 1900-1919



*Vellegarden på Melset. Det gamle stovehuset, i bruk til 1972, står enno.
Nyehuset bygt mellom gamle huset og vegen. (Finnst som BMP fil i
bildebiblioteket)*

Ingen born. Fosterdotter Betty Kristoffersd. Geitnes f 1894 i Ålesund, g p br.
Knut fekk skøyte på bruket i 1900 frå Peter Petersen Melset for 2850 kr.
Det var i huset til Knut utskiftinga gjekk for seg i 1905. Dette bruket
fekk sitt i 2 teigar, 1 tunteig med husa og 1 bøteig i Lukkedalen.
Det var brorson til Knut som vart neste brukar:

Johan Severin Olsen Brunstad f 1877 d 1952
g 1917 Betty Kristoffersd. Geitnes f 1894 d 1974
Br 1919-1952
Born: 1. Valborg Kristine f 1917, g 1938 Johan Ytterland frå Valderøy.
2. Johanne Olea f 1920, g 1947 Hans Reistad, gbr på Vågstranda
3. Amalie Kasbara f 1922, g 1945 Alf Klokk, gbr på Ramstad
(bnr 4).
4. Kitty Nikoline f 1924, g p br
5. Olger f 1927, g 1951 Kari Fiskerstrand. Olger arbeider på
fabrikkskip og sa frå seg retten til garden i 1953.
Betty var fødd i Ålesund, faren var sjømann. Ho fekk kår i 1953.

Martin Olaf Pettersen Klokk (bnr 1) f 1911

g 1946 Kitty Johansd. Brunstad f 1924

Br 1952-1976

Born: 1. Judith Petra f 1947, g 1968 Odd Engeseth frå Stranda. Har mek. verkstad.

2. Birgit Johanne f 1949, g 1972 Ottar Koppen frå Fosnavåg. Bur i Grebstadlia. Entreprenør.

3. Gunnar f 1952, p br

4. Rigmor Lisbeth f 1959, kontordame.

Martin har hatt fabrikkarbeid som hovudyrke. Kitty fekk skøyte på bruket frå mor si 9/5 1953. Martin bygde nytt våningshus i 1972.

Gunnar Martinsen Klokk f 1952

Br 1976-

I tillegg til farsgarden har han òg teke over bnr 2 og driv begge bruka.

Bruk C

Vart til Olmangarden, som vart til Åmundgarden og Myrane.

Enkja

Br ca. 1605-1608

La 3 fj i tiend 1606

Torgils Bendiksen

Br 1608-1630

I lag med Johannes Melset Reidde han ut Jon Melset til Kalmarkrigen i 1611, men i hans stad gjekk Peder Olsen ut. I 1613 skar Torgils 20 tylfter bord. Han var jordeigar, og noko av jordeigedomen sin brukte han sjølv. Jordegodset hans skifte mykje i storleik: I 1612 åtte han berre 7 mk, i 1613 5 mællag, i 1619 2 ½ mællag (hadde selt jord til Peder Riksheim), i 1621 etter 5 mællag, i 1622 8 ½ mællag, og sidan 2 ½ mællag i mange år. Sonen tok over.

Jetmund Torgilsen Melset f ca. 1609

Br 1635-1683

Born: 1. Torgeir f ca. 1644

2. Jakob f ca. 1652, g p br

Før ekteskap hadde han lm «med sin festemø», og då han var «storlig Förarmet» betalte han «av yderste formue» 1 rd i bot. I 1640-åra hadde

han dreng. I 1645 åtte han $\frac{1}{2}$ v jord, i 1670-åra brukte han $3 \frac{1}{2}$ mællag.
La i 1657 5 slettmark 4 skill i krøterskatt av den største buskapen på
Melset: 1 hest, 1 okse, 8 kyr og 2 geiter. Tienda hans var i 1675 10 mk bygg
og 1 pd 8 mk havre.

Jakob Jetmundsen Melset f ca. 1652 d 1724

Br 1683-1719 (halve br ca. 1705-1719)

Born: 1. Eli f 1682

2. Brit f 1683 g p br
3. Marte f ca. 1688 g Ole Pedersen Løset S (bnr 1)
4. Jetmund f ca. 1692, sjuk og sengeliggjande i 1701. Flytte til Klokk br Ca.
5. Sjur f 1697, til Klokk bruk Ca.
6. Laurits (Lars) f ca. 1700, g 1733 Mari Pedersd. Ramstad.
(Sjå s 40: Peder Knutsen) Han flytte til Ramstad. Plm. (Sjå br 3 Ramstad).

Klemet Olsen f ca. 1670

g Brit Jakobsd. Melset f ca. 1683

Br ca. 1705-1720 (halve br), 1720-1737 (heile)

Born: 1. Ole f c a . 1705, g p br

2. Lars f ca. 1709, 1735 g 1. Magnil Jakobsd. Bragstad f ca. 1710,
g 2. 1764 Nille Larsd.
3. Brit f ca. 1712 d 1733
4. Brit, kf 1737, g Ole Mødske (Myskja).
5. Jakob f 1721, g til Løvoll 1750 (br 3) Sjå s 339
6. Kristin f 1724, g 1758 Ole Persen Grebstad (Sjurg.) Han d 1788,
60 år.
7. Peder f 1727, g 1749 Pernille Olsd. Salen, Borgund. Han flytte dit.
8. Anna f 1731.

Ole Klemetsen Melset d 1778, 73 år

g 1. 1737 Anne Arnesd. (Abelset?). Ho d 1749, 47 år

g 2. 1751 Guri Hansd. Drege f 1718 d 1766

Br 1737-1772

Før ekteskap hadde Ole dottera Brit f 1730 (mor: Siri Olsd. Vik). Anne
Arnesd. hadde før ekteskap barnet Ole Håkensen f c a . 1727.

Born i 1. ekteskap:

1. Margrete Maria f 1738 d 1749
2. Charlotte Amalie f 1746, g Iver Knutsen Klokk (br B), sjå Oppsal og
s 216.

Barn i 2. ekteskap:

3. Margrete f 1754, g p br

Guri Hansd. hadde òg barn før ekteskap: Iver f 1747 (far: Ole Iversen Emdal).

Sk. 1749 etter Anne: Brutto 116 rd, netto 92 rd.

Ole Anderssen Øvstegård d 1817, 77½ år

g 1. 1772 Margrete Olsd. Melset f 1754 d 1775, 20½ år

g 2. Guri Magnusd. Kniven f ca. 1747, d 1825, 79 år

Br 1772-1801 og 1807-1808

Born: 1. Ole f 1772, p br

2. Pernille f 1773

3. Magnus f 1776, g p br

4. Jørgen Andreas f 1778, unemnd i 1817

5. Anders f 1779

6. Margrete f 1781, g 1. til Riksheimgjerde, g 2. Jakob Olsen Riksheim f Ørsnes.

7. Rasmus f 1783, d i Fredrikstad 27/10 1808

8. Martinus f 1785 (kalla Magnus i 1817)

Ole åtte 1 pd 5 mk av bruket i 1779, skøyte 8/12.

Sk. 1817: Brutto 36 rd, netto 24 rd,

Ole Olsen Melset f 1772 d ug 1807

Br 1801-1807

Skøyte frå faren på 2 pd 15 mk for 140 rd 7/4 1801. Kår. Ole hadde sonen Bernt Olaus f 1800 (mor: Laurentse Olsd).

Ole Anderssen Øvstegård

Br 1807-1808

Tok over att etter at sonen døydde. Som arving etter sonen fekk han skøyte på bruket 3/11 1808 for 130 rd.

Magnus Olsen Klokk (Melset) f 1776 på Melset d 1839

g Karen Laurentse Knutsd. Klokk br Ca f 1780 d 1865

Br 1808-1833

Born: 1. Marte Helene f 1802, g 1. 1825 Nils Hanss. Furstrand.

2. Berte Gurine f 1804, g 1829 Hans Bernt Nilss. Kroken.

3. Knut f 1806 d 1879, g 1843 ek. Anne Knutsd. Nakkegjerde. Knut budde i Nakkegjerde og gav avkall på odelsretten til Melset-bruket.

4. Rasmus Olaus f 1809, g p br
5. Ole Peter f 1811 d 1821
6. Martinus f 1813, g 1844 Randi Stine Nilsd. Løvoll bnr 1.
7. Magnus f 1815, g 1. 1847 ek. Petrine Pedersd. Lied f Løvoll (br 4), d 1855. G 2. 1856 Pernille Pedersd. Hellesylt f 1806.
8. Jørgen Andreas f 1818, g 1844 Regine Marta Rasmusd. Svinnset f 1823. Plasselfolk på Kråka og brukarar av Løvoll bnr1.

Magnus var tenar på bnr 6 på Klokk i 1801, gifte seg med ei dotter på garden, og var brukar på Klokk br Ca 1800-1808. Skøyte frå faren.

Rasmus Olaus Magnussen Melset f 1809 d 1883
g 1834 Berte Iversd. Hauge f 1797 i Sunnylven d 1883

Br 1833-1842

Barn: Knut Johannes f 1835

Skøyte frå faren for 160 spd 24/6 1833.

Rasmus var underoffiser. Han flytte med familie til Oppsal der han bygsla eit bruk. Bygsla bort bruket på Melset.

*Ole Halvorsen Dreg*e f ca. 1804 d 1885
g 1. Anne Pernille Rasmusd. Øvre Lande f 1817

g 2. 1858 Nikoline Olsd. Slettvolle f Overvoll 1807 d 1888

Br 1842-1845

Bygsla bruket, bygselbrev frå Rasmus Magnussen 22/10 1842. Flyttedag 1845 flytte Ole med familie til Stranda.

Bnr 4 ÅMUNDGARDEN

Amund Jakobsen Aure f 1816 d ca. 1875
g 1843 Ragnhild Elina Olsd. Klokk br Ca f 1821 d 1881
Br 1845-1875

- Born: 1. Olave f 1843. Barn før ekteskap: Lars Nikolai f 1864 (far: Andreas Berntsen Klokk (br 1) g 1872 Johan Hanss. Kleiven frå Borgund.
2. Berte Karoline f 1845. Ho fekk barn Ole Johan f 1869, med Ole Andreas Olsen Drotninghaug. Berte g 1892 Elias Johannessen Blakstad f Tu. Stølen u Blakstad br 2.
 3. Magnus Severin f 1847, g p br
 4. Knut Martinus Olaus f 1850
 5. Iver Peter *Bastian* Karolus f 1852 d 1882 (drukna), g Ingeborg Ingebrigtsd. Søvik frå Spjelkavik (1853-1936)

6. Karen Oline f 1855
7. Berte Severine f 1858 kf 1872
8. Jakob Andreas f 1863 d 1942, g ek. etter broren Bastian, Ingeborg.
Bustad Spjelkavik.

Amund var son til Jakob Eriksen Aure og Berte Amundsd. Aure. Bruket vart kalla Åmundg. etter han. Sonen Bastian vart oppfostra på Vik på Ellingsøya og kf i Borgund.

Amund sådde i 1845 $\frac{1}{2}$ t bygg, 2 t blk, $6\frac{1}{2}$ t havre og $1\frac{1}{2}$ t poteter. Fôra 1 hest, 11 kyr, 16 sauher og 8 geiter. I 1855 var der skylddelingsforretning. Ein del av bruket vart skyldsett til 1 dlr. 1 ort 23 skill. og selt til Ole M. Olsen Løset.

11865 fødde Amund 1 hest, 6 kyr, 12 sauher og 2 geiter, og sådde $\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre og 2 t poteter. Bruket hadde i 1860-åra 12 dekar bra åker og dyrka eng, 80 dekar natureng som var därleg og låg ulagleg til. Matr.arb. frå 1860-åra har: Sånad 1 t blk, 3 t havre, 1 t poteter, avl. 6 t blk, 16 t havre og 10 t poteter. - 1 hest, 5 storfe, 10 småfe. I 1851 stod Amund til rest med 10 spd i landskyld til Rasmus Oppsal, og vart eit par gonger seinare stemnd for gjeld til andre, m.a. 14 spd. til kjøpmann Vasmouth.

Magnus Severin Amundsen Melset f 1847 d 1882, omkom på havet

g 1874 Karen Olave Petersd. Fausa f 1845. (Sjå s 253)

Br 1875-1882, enkja til 1899

Før ekteskap hadde Magnus sonen Karl Matias f 1872 (mor: Jørgine Iversd. Jelle).

Born: 1. Anne Regine f 1874. Til Dakota 1891?

2. Ole Petter f 1876, g p br
3. Peter Johan Severin f 1877 d 1879, $1\frac{1}{2}$ år
4. Lars Johan Olaus f 1879, til USA i 1899
5. Peter Martinus Andreas f 1881 d 1888

Lars Peter Sivertsen Grebstad kjøpte dette bruket i 1870 av Rasmus Magnussen Oppsal for 230 spd. Stovehuset ikkje med i handelen. Lars selde bruket i 1906 til Ørskog kyrkje. I 1875 sådde Magnus $\frac{1}{4}$ t bygg, 2 t blk, 3 t havre og 3 t poteter. Fôra 1 føl, 5 kyr, 1 kalv, 13 sauher, 4 geiter, 1 gris.

- Olave gifte seg att i 1902, til Olag. Klokk.

Ole Petter Magnussen Melset f 1876

g 1899 Hanna Petrine Oluffa Hansd. Ramstad br 4 f 1878

Br 1899-1904

Born: 1. Hilmar f 1900

2. Jenny f 1901, g Edvin Ørsnes (1897-1939). USA.

3. Olga f 1903

4. Mary f 1905

Karl H. Ramstad tente her i 1900, Ole Petter og familie utvandra til Washington 19/4 1906.

Karl Magnussen Melset f 1863 d 1941

g 1890 Ellen Sofie Martinus. Valgermo f 1861 d 1943

Br 1904-1941, enkja til 1943

Born: Sjå bnr 8, der han hadde vore brukar før. Karl bygsla bruket av Lars P. Sivertsen Grebstad. Betalte 20 kr. i årleg landskyld.

Ole Andreas Pettersen Svinnset (Larsg.) f 1903 d 1966

g 1924 Ellen Inga Karlsd. Melset f 1903 (sjå bnr 8)

Br 1949-1966

Born: 1. Karsten Amandus f 1925

2. Peder Karl f 1927, fabr.arb. g Hjørdis Gjerde

3. Jon Oskar f 1931, ug lærar, teknikar

4. Johan f 1934, bur i Straumgjerde

5. Ragnvald f 1937, g p br

6. Solveig f 1940

Ragnvald Olsen Svinnset f 1937

g 1969 Hallfrid Steinsvik f 1943 i Dalsfjord

Br 1966-

Born: 1. Merete f 1972

2. Jan Ole f 1976

Ragnvald er gbr og møbeltapetserar. Hallfrid har vore kontordame.

Bnr 15 NYTUN

Ole Andreas Karlsen Melset f 1892, frå bnr 8

g 1920 Aasta Larsen frå Tjøtta (1897-1967)

Br 1935-1946

Skøyte frå Ørskog kyrkje og Ørskog kommune 6/12 1935. Dei flytte i 1946 til bnr 115 Nyheim på Aure. Bd I s. 455.

Bruket vart utskilt frå bnr 4 i 1953, skyld 19 øre.

Sigvald og Inga Klokk

Desse var sysken og var begge blinde.

Inga Sølfestsd. Klokk f 1896 er død, Sigvald f 1904 lever. Sjå Klokk, bnr 9
Ytstehaugen og bnr 30.

Bnr 5 MYRANE

Som nemnt under Amund Jakobsen Melset på bnr 4 vart Olmangarden delt i 1855, og vart til bnr 4 Åmundg. og bnr 5 Myrane. Det var to like deler som fekk same skyld.

Ole Martinus Olsen Løset S f 1823 d 1908
g 1854 Ragnhild Olsd. Løset R br 1 f 1832 d 1912
Br 1856-1889

- Born:
1. Olave Marie f 1854, d ug på Sjøholt 1923
 2. Ole Peter Severin f 1856, kontormann i Trondheim. Gitt to gonger.
 3. Olave *Regine* f 1859, g p br
 4. Peter *Martinus* Johan f 1861, d 1910 g Thea Marie Torsteinsd.
Vidhammer, Stordal (1866-1936). Budde der på plassen Hjellane.
Martinus omkom på fjellet julafesten 1910. Han var ute i marka for
å leggje ned fellene sine så dyra skulle få helgefred.
 5. Petter *Olaus* f 1863, utvandra til Amerika.
 6. Ole Martinus f 1865, til Minnesota. Kona, Hanna, var syster til
Karl Ramstad på Aure.
 7. Hanna Petrine f 1868 d 1870, 1 år 5 veker
 8. Johanne Petrine f 1870. Til Seattle i 1891
 9. Marte Johanne f 1873, til USA 1893.

Skøyte frå Rasmus Magnussen Melset for 165 spd 13/10 1856. Kår. Skøyte 1871 til Andreas Olsen Velle for 243 spd. I 1860-åra hadde bruket 12 dekar nokså god åker og dyrka eng, 80 dekar dårleg natureng som låg ulagleg til. «Middelmådig» hamnegang. Sånad 1 t blk, 3 t havre, 1 t poteter. Krøter: 1 hest, 4 storfe, 10 småfe. Folketeljinga 1865 har desse tala: 1 hest, 5 kyr, 13 sauvar og 1 geit. Sånad $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{3}{2}$ t havre, 2 t poteter.

1875: 1 hest, 4 kyr, 1 kalv, 16 sauvar, 2 geiter, 1 gris. Sådde $\frac{1}{4}$ t bygg, 1 t blk, 3 t havre, 2 t poteter. I 1870 brann stovehuset ned. For å få opp nytt måtte han selje garden, men fekk bygsle for 4 spd årleg.

Då han kjøpte bruket lånte han 100 spd av Tandstads legat. Det lånet betalte han i 1864. Fekk då låne 175 spd av Jørgen Olsen Ramstad. Det beløpet var òg tilbakebetalt før huset brann ned.

Laurits Karolus Sivertsen Humlen f 1853 d 1932 på Klokk

g 1. 1887 Olave *Regine Olsd.* Melset f 1859 d 1897

g 2. 1899 Malene Olsd. Døving f 1859 i Valldal

Br 1889-1907

Born: 1. Petter f 1885, til Amerika

2. Henrik f 1888, g 1910 Olave Marie Pedersd. Seljehaug frå Stordal
(1867-1954).

3. Karen Marie f 1890, kf 1905

4. Ragna Lovise f 1892, til Amerika i 1908.

5. Ole Severin f 1895, til Amerika.

6. Hanna Lovise Marie f 1897. Til Amerika.

7. Karen *Marie* f 1898. Budde ei tid på Klokk. (Sjå s 227)

8. Rikard f 1900, til Amerika. (Sjå s 227)

9. Oluf f 1902 d 1904

10. Marie *Oluffa* f 1904, til Amerika.

I 1905 var der utskifting av innmarka på Melset, og Laurits vart dømd til å flytte ut. Han nekta, og eigaren Andreas Velle selde då bruket til Jørgen Knutsen Klokk. Laurits bygde seinare ei stove på Klokk eit stykke frå sjøen, og der budde han og kona til dei døydde. Sidan vart Jakob Sørensen eigar av dette huset, som enkja etter Jakob selde til Erling Skjortnes.

Jørgen Olaus Knutsen Klokk (Reitane) f 1880 d 1961

g 1905 Lovise Petrine Johansd. Løset R (br 1) f 1878 d 1957

Br 1907-1940

Born: 1. Jonas (døydde ung)

1. Oskar Jørgen f 1907, g p br

2. Emma Olivie f 1910 d 5 ½ mnd

3. Hjørdis Olivia f 1912, g 1941 Hermann Pettersen Svinnset (br 3)
f 1910 d 1963. Bustad Blindheim.

4. Klara Olava f 1914 d 1915, ½ år

5. Signe Klara f 1916 g 1938 Karl Karlsen Løset R (br 3), f 1904 d
1941.

6. Kanutte Johanne f 1919, ug skreddar, d 1978.

8. Olav (døydde ung)

Jørgen var gardsdreng på Svinnset og Ramstad før han gjekk i skreddarlære i 1904. Ålesundsbrannen gjorde at han flytte til Molde. Dreiv ei tid som bygdeskreddar og drog frå gard til gard med symaskinen. Seinare vart skreddaryrket ei attåtnærings som han dreiv i styggever og om kveldane. I mange vintrar dreiv han torskefiske frå Vigra og Valderøy. Slutta sjøen i 1922 og arbeidde eit år på konfeksjonsfabrikk. Bygde stovehus og stabbur det året han gifte seg. Før utskiftinga var det

lite dyrka, ca. 3 dekar. Frå den tida syner enno 4 lo-vollar og tufter etter utmarksloer. Bruket vart kalla Myreteigane. Han kjøpte det av Iver og Andreas Velle for 1525 kr. i 1907. Stabburet vart flytt i 1908, og i 1909 var nye hus ferdige i Myrane, både stovehus og løe, og dei flytte dit.

Det meste av jorddyrkninga vart gjort etter 1923. Kvar haust var det dyrkningsdugnad mellom grannane. Det var steinfull jord, og dei første åra hadde dei berre spett og vôg å hjelpe seg med. Seinare kjøpte Jørgen steinbukk. Sølvrevavl starta han med i 1928.

Oskar Jørgensen Melset f 1907

g 1939 Margrete Olufsd. Klokk f 1915 på Ramstad (br 4)

Br 1940-1975

Born: 1. Reidun f 1940, g 1961 Oddvar Rønneberg f 1935 i Eidsdal. Ho
har handelsskule og var kontordame hos Brødrene Blindheim.
2. Jarle Oddmund f 1944, p br
3. Odd Magne f 1951, g 1979 Jorill Dvergsdal.

Oskar har landbrukskule og kona folkehøgskule. Oskar var røktar for Ramstaddal Sølvrevlag til det slutta i 1934. For eiga rekning heldt han fram med pelsdyravl til 1956. Var kontrollassistent i åra 1945-48.

I mellomkrigstida hadde dei hest, 5 kyr og nokre sau. No 8-9 mjølkekryr. Var den første på Melset som slutta med setring. Setrevegen gjekk over Lukkedal mot Aurdal. Sette i gang med beitedyrking og har no ca. 35 dekar beite. Har bruk t.d. gravemaskin og bulldozer. Har utvida løa, bygt ny kufjøs og brukar den gamle som hønsehus. Hadde kvernhus i lag med eit par grannar. Dei hadde ikkje vasshjul, så den første tida hadde dei handdregen truskemaskin, til dei fekk motor.

Oskar har planta ca. 14 dekar granskog.

Jarle Oddmund Oskarsen Melset f.1944

Br 1975-

Han gjekk yrkesskule og var i det militære før han vart mekanikar ved fabrikk, ved sida av gardsdrifta.

Bnr 14 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1933, skyld 1 øre

Marte E. Krogen

Ho bygde stovehus på tomta same året. Då ho flytte til Kvileheimen vart hus og tomt selt til

Salamon Olsen Klokk f 1913
g 1942 Olga Bjørkavåg frå Sula f 1920
Born: 1. Randi f 1943, g Flaten
2. Sonja f 1950 g Sivertsvik

Bruk D

Dette vart til br 6 og 7 og Plassane (bnr 8, 9 og 10).

Johannes
Br 15. .-1608
Han la $\frac{1}{2}$ mæle i korntiend i 1606. Gjekk ut til krigsteneste.

Jon Olsen
Br 1608-1630
Tienda hans auka frå 1 fj til 3 fj, men i 1628 var han «utarma»,

Knut Olsen
Br 1630-1640
Knut var den Melsetbrukaren som betalte den største leiglendingsskatten t 1632-33. I 1639 var korntienda hans **1** mæle.

Halstein
Br 1640-1653
Han var anten ugift eller enkjemann i 1645. Hadde tenestjente. I kopp-skatt-lista frå 1645 er 6 mann nemnde, men i 1647 har Melset berre 4 bruk, som vi har kalla A, B, C og D. Av desse var då bruk B delt mellom to brukarar. Halstein brukte 3 mællag, og heile Melset var på 3 v 18 mk.

Ole Olsen f ca. 1616
Br 1653-1695
I 1657 betalte Ole $3\frac{1}{2}$ slettmark 6 skill. i krøterskatt av 6 kyr, 6 sauер og 4 geiter.

I 1661 vart Ole stemnd for å ha kalla Ingeborg Lukkedal «en trolddjевel fem gange». Bendik Melset (br Ba) hadde og sitt å seie om henne, medan Ole tok tilbake det han hadde sagt «i ubesindighet».

Bruket hans var på 3 mællag i 1653, men frå 1661 og lenge utover brukte han 4 mællag.

Lars Nilssen Melset f ca. 1644 d 1730

Br 1695-1717

- Born: 1. Gjørrand f ca. 1697 d 1771, g 1724 em. Styrker Guttermesen Aure f Kjemphol.
2. Ole, f 1699, g p br
3. Marte, g 1744 Samund Iversen Rønes. Budde der (br A).

Lars bygsla 2½ mællag 4½ mk i Melset av Margrete Lagesd. Abelset 8/4 1695. I 1700 brukte han 4 mællag ½ mk, og det same i 1705, då skrive 3½ mællag 9½ mk.

Lars Nilssen var prosten sin medhjelpar.

Ole Larssen Melset d.y. f 1699 d 1743

g 1721 Margrete Ellevsd. Vestre f Øvre Valbø, d 1765, 76 år

Br 1717-1743, enkja til 1746

Born: 1. Marte f 1721 d 1722, ½ år

2. Marte f 1723, g p br

3. Ole f 1727, g Berte Larsd. Ytre Skodje, d 1788, 61. Stor etterslekt på Skodje. G 2. 1789 Synneve Olsd. Dei flytte seinare frå Skodje.

Fekk bygselsetel etter faren 30/1 1717 på 1 v ½ mk i Melset av Christopher Abelset. Ny bygsel 10/3 1720 av 1 v 10 mk.

Natt til 6. november 1720 brann alle husa på bruket ned. Året etter sende Ole eit brev til kongen med søknad om skattefritak på grunn av brannen. Brevet finst in extenso i futerekneskapen og er datert 19. desember 1721. Der skriv han om «en uformodentlig og hastig vaadeild, hvor jeg ikke alleneste mistede de 13 huuse med hvis lidet jeg ejede, uden endog det mig allernaadigste anfortroede gevær og mundering, saa jeg med hustru og barn maatte gaa paa vildmark haardeste vinters tider og havde ej saa meget vi kunde helde vore hoveder til.» Brannen var og framme på tinget i Honningdal, der dei som hadde møtt fram vart spurde om det var slik som Ole hadde skildra det. Og dei svarte at det dessverre var så altfor sant, «at bemeldte Ole Larssen Melsets huse og alt det lille han eide således som af hannem forklaret er, ved vådeild er lagt i aske og han des årsag i yderste armod og elendighed er geråden». Han slapp skatt i 2 år.

Sk. 9/7 1743: $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar 3 rd, 1 gammal kjempefæring, 6 torske-garn, 1 sildegarn, 1 naust 3 rd, 4 kyr, 8 sauier, 3 verar, 1 merr 4 rd, 1 smie (et smidjehus), 1 slipestein med jarnås. $\frac{1}{3}$ i ei kvern, 1 vevstol med reie. 3½ t havre, 1 t bygg. Sum eige 62 rd, gjeld 37 rd.

Ole Olsen Jordskar d 1755, 44 år
g 1746 Marte Olsd. Melset f 1723 d 1799
Br 1746-1755

- Born: 1. Marte f 1747, g p br
2. Margrete f 1750 d 1784, ug 34½ år. Ho glei og fall ut for Abel-setfjellet.
3. Ole dp 1/1 1753, d 15 dg
4. Ole f 1754, d ug 1781, 25 år

Bygsla 1 v i Melset av Christopher Abelset 22/3 1746. Sk. 1755:
Brutto 103 rd, netto 87 rd. Marte gifte seg att i 1756 med

Kolbein Olsen Dravlaus f 1727 d 1803

Br 1756-ca. 1780

- Born: 1. Siri f 1758, g 1810 Paul Larssen Hatlevik.
2. Anna f 1761, g 1796 Peder Larssen Brunstad. Dei flytte til Vadset.
3. Berte f 1765, g 1800 Knut Knutsen Langlo.

Ved avtaket som vart approbert i 1763 vart skylda på kvart bruk på Melset redusert med ½ mællag.

Sk.7/6 1782 etter Ole Olsen: Brutto ca. 31 rd, gjeld 3 rd. 1 ku Skautrei, raud, kvit om hovudet 4 rd, 1 grå ersau med lam 3 ort 8 skill, 1 koparkjel 8 rd.

Anders Andersen f ca. 1750
g 1780 Marte Olsd. Melset f 1747 d 1816

Br ca. 1780-1811

- Born: 1. Olave f 1781, g Knut Andreas Bendiksen Ramstad. Bustad bnr 7 Ramstad.
2. Peder f 1784, g p br
3. Synneve f 1788, g 1. 1820 em Rasmus Knutsen Svinnset, br 2. 1829 g 2. Peter Nilssen Krogen f 1789 d 1835, g 3. 1836 Lars Larssen Almeskar.

Ved giftarmålet vart i kyrkjeboka skrive Anders Andersen Melset, men berre Marte Olsd. Det er likevel uvisst kvar Anders var ifrå.

I 1811 fekk han dette kåret: Årleg 4 v bygg, 9 v halvbygg, 13 v havre, ein liten åker, eit lite stykke til poteter, for til 2 kyr, 4 sauher og 4 geiter, kammers bak stova, fri kornmaling, fri brenneved framkøyrd.

I 1818 bygsla Anders eit stykke jord under Fyllingen av J. D. Stub, og er truleg identisk med den «Anders murer» som rydda plassen som vart til bnr 7 Nymarka. (Sjå Borgund III s. 388.)

Sk. 1816 etter Marte: Brutto 70 spd, netto 58 spd.

Bnr 6 MONSHAUGEN

Peder Anderssen Melset f 1784 d 18/2 1835

g 1814 Anne Kolbeinsd. Sandvik f Myklebust på Stranda 1791.

Br 1811-1835, enkja til 1838

- Born: 1. Karen Marte f ca. 1815, g 1857 Lars Knutsen Jøsvoll frå Stordalen f ca. 1818.
2. Marie f 1817. Hadde sonen Peter Elias f 1846 (far: Johan Flatset): g 1854 Ole Størkersen Vestre f ca. 1832
3. Anders Karolus f 1819, til bnr 7
4. Synneve Karoline f 1822. Ho ervde lnr 133d etter faren. Det selde ho til Rasmus Pedersen Tjønes for 40 spd. Rasmus selde det i 1858 til Peter Elias Rasmussen Velle, som bygsla det bort til Lars Klaussen Eidem, g syster til Synneve.
5. Karoline Marta f 1824, g Lars Klaussen Eidem. Bustad Melset bnr 9.
6. Anne Petrine f 1827, g 1850 Mons Olsen Klokk f 1823 (son til Ole Jonsen Søvik). Sjå Melset bnr 10.
7. Ole f 1830, kf 1845.

Peder fekk skøyte på bruket 2/6 1810 frå Peter Jetmundsen Giskemo, som hadde kjøpt det i 1793 av Ole Ellingsen Valgermo.

Peder omkom under vårsildfiske utanfor Godøy saman med 8 andre.

Berre 2 vart attfunne.

Sk. 1835: Brutto eige 348 spd, netto 272 spd.

Anne Kolbeinsd. gifte seg att i 1838 med

Peter Elias Gregoriussen Tjønes f 1803 på bnr 2

Br 1838-1848

Han gav 11/6 1842 Andreas Pedersen Melset skøyte på 1 pd 5½ mk i Melset for 93 spd. Han fekk kårbrev av Andreas 28/10 1848. I 1851 vart det ved eksekusjonsforretning teke utlegg i kåret hans. Då skreiv han seg for Peter Gregoriussen Overå og budde vel ikkje lenger på Melset.

Andreas Karolus som var brukar av bnr 7 frå 1842, hadde odelsrett til heile bruk 6 og 7, men selde br 6 2/7 1850 til

Peter Petersen Melset (frå bnr 1) f 1812 d 1881

g 1839 Anne Helene Rasmusd. Sjøholt f 1817 d 1884

Br 1850-1876, før br av Lukkedal

Born: 1. Peter Rasmus f 1840 i Lukkedal, d 2/2 1856

2. Ole Severin f 1843 d 2/2 1856

3. Karen Birgitte f 1845, g til Ramstad (Jog.) (bnr 5).

4. Petrine Severine Karoline f 1859, g p br

Dei to sønene omkom på ei reise til Ålesund saman med tenaren Tomas

Hanssen Løset, 22 år. Dei skulle til Ålesund med ein vedafarm. Faren

Peter var og med, men vart redda. På garden finst enno ein liten leike-

kanon som 16-åringen Peter åtte og eit lite sølvstaup som Ole Severin åtte.

På garden er og eit sølvstaup med inskripsjonen «Aktelsestegn frå Romsdals Amts Landhusholdningsselskap til pladsemand Johannes Andreassen Øren av Volden Prestegjeld for hederlig virksomhet for jordbruget.

1834». Det var den kjende «Blå-Johannes» som fekk dette, og folket på dette Melsetbruket ættar frå han. Dei har og eit beksel for ville hestar som truleg har vore Blå-Johannes sin eigedom. Etter den sorgjelege hendinga i

1856 skreiv Sivert Andreas Karlsen Lade ein song på 13 vers, sorn byrjar slik: «Til verden er aldriig at fæste sin lid.»

I 1865 sådde Peter 6 t havre og 3 t poteter og Fôra 1 hest, 6 kyr, 12 sauver, 4 geiter og 1 gris. Då hadde bruket 18 dekar nokså god åker og dyrka eng, og 64 dekar mindre god natureng.

1875: 1 føl, 7 kyr, 2 kalvar, 12 sauver, 6 geiter, 1 gris. Sådde 1 t blk, 4 t havre, 1 t havre til grønfor, 3 t poteter.

Johan Severin Torsen Grebstad f 1855 d 1934

g 1876 Petrine Petersd. Melset f 1859 d 1939

Br 1876-1934

Barn: Peter Andreas Olaus f 1884, g p br

Johan var odelsarving til Eliasg. på Grebstad, men bygsla bort den til syster si og mannen hennar, Jens Jakobs. Åsen, og i 1913 selde han Grebstad-bruket til systersonen. Fekk skøyte på Monshaugen 1876 for 200 spd. Kår. Johan bygde stovehus i 1911.

Peter Andreas Olaus Johansen Melset f 1884 d 1963

g 1908 Anne Eline Gundersd. Nysæter f 1885 d 1962

Br 1934-1950, 1940-1950 (halve br.)

Born: 1. Petra Lovise f 1910 g Olav Svindseth (bnr 1)

2. Johan f 1914, g p br

3. Gudrun Olivia f 1916, g Konrad Larssen Klokk (br 2)

Reparerte fjøsen og sette inn drikkekar i 1939. Anne Eline var flink til å veve, og ho akta krøter i 47 år, til og med vinteren 1951.

Johan Petersen Melset f 1914

g 1941 Kjellaug Sivertsd. Gjerde f 1916 i Sande

Br ½ br 1940-1950, sidan heile

Born: 1. Petter f 1948, fabrikkarbeidar

2. Kari Johanne f 1949 g 1975 Jostein Alfsen Klokk (sjå Ramstad
bnr 4)

3. Steinar f 1952, fabrikkarbeidar

4. Annbjørg f 1955, arb. ved Hjellegjerde møbelfabrik.

Fekk skøyte på ½ br 21/12 1940, og på resten 18/1 1950. Har drive mykje med hesteavl. Hadde følmerrar kvart år i 1940-åra og selde mange føl. Før fødde dei gjerne 7 kyr, no 4 kyr, 1 à 2 hestar og 6-7 sauher. Har elles drive korndyrking. Slutta med seiring ca. 1947. På Melsetsetra var 6 sel, eitt sett opp så seint som 1939. Setra ligg ved eit lite, fiskerikt vatn ca. 4 km frå garden. Men beitemarka er därleg. For 80 år sidan hadde dei utslått ovanfor garden. Til trusking brukte dei vasskraft. Demde opp eit lite vatn. Til kverna hadde dei vatn frå Storelva.

Ein milepel i garden si soge var det som hende kl. ½ 4 om ettermiddagen den 11. desember 1954. Då fekk dei elektrisk kraft. Først lys og kort etter elektrisk komfyr. I 1956 elektrisk bakstehelle. Året etter traktor med reiskap. Høysvans 1958, ny slåmaskin 1959, vaskemaskin og fryseboks 1960, elektrisk motor 1961, transportband til silo 1973 og fôrhaustar 1974. (Denne opprekninga er teken frå ei dagbok som ei kvinne på Melset førde i lang tid).

BRUAPLASSEN

Knut Johannes Knutsen Nysæter (Brua-Knut) (1842-1902)

g Ellen Gurine Oline Lassesd. Nysæter f 1851 d 1934 (sjå Nysæter)

Born: 1. Karl Martinus f 1873, g Marte Oluffa Olsd. Løseth.

Løset R. Sjå s 137

2. Lovise Helene f 1875. Til Amerika.

3. Lars Martinus Olaus f 1878, til USA.

4. Elisa Karoline f 1880, g Peder Tøsse, Ålesund.

5. Bernt f 1883. Til Amerika.

6. Karen f 1886, til Amerika, g Nålsund.

7. Anne Regine t 1889 d 1973, ug, budde på Sjøholt. Tok namnet Melset.

8. Berte Jensine f 1891, g Oluf Rabben, gbr på Glomset.

9. Ole Severin f 1894, til Amerika.

10. Ellen Petrine f 1899, g Alfred Haugen, budde i Orkanger.

Husa til Brua-Knut vart rivne i 1935 og flytte til Espeberget og materialen brukt til ysteri av geitelaget på Ramstad. Stova på Bruaplassen stod like ved Svinset-brua.

Bnr 7 ANDERSHAUGEN

lnr 133b, skilt frå lnr 133a (bnr 6).

Anders Karolus Pedersen Melset f 1819 d 1861

(son til Peder Anderssen Melset på Monshaugen)

g 1846 Petrine Larsd. Hole f 1820 d 1889

Br 1842-1861, enkja førd som br så seint som 1875.

Born: 1. Lars Peter f 1846, g p br

2. Anne Johanne f 1848, d ug 1893

3. Peter Andreas f 1851, kf i Borgund 1866

4. Hans Jørgen f 1854, kf 1869

5. Peter *Severin* f 1857 d 1882

6. Henning Olaus f 1860, til USA.

Anders hadde odelsrett til heile bruk D, men då mor hans gifte seg med Peter Gregoriussen Tjønes, fekk *han* $\frac{1}{2}$ bruket, med det etterhald at han sidan skulle overlate sin halvdel til Anders til den takst som vart sett ved skifte etter Peder Anderssen. Men då Peter Gregoriussen flytte frå garden, selde Anders Pedersen den halvdelen til Peter Petersen Melset, som til då hadde vore brukar av Lukkedal. Berre 18 år gammal fekk Lars Peter Anderssen skøyte på bruket, men mor hans var nok den verkelege brukar til Lars Peter gifte seg. Ho er førd som brukar i folketeljingane i 1865 og 1875, og i matr.arb. frå 1860-åra.

1 dei åra hadde bruket 11 dekar nokså god åker og dyrka eng og 29 dekar ringare natureng. Meir kunne dyrkast. Matr.arb. har: Sånad 2 t blk, 1 $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter, folketeljinga 1865 har 2 $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter.

Krøter: 4 kyr, 10 sauher, 1 geit (etter folketeljinga), 3 storfe, 12 småfe (etter matr.arb.), I 1875: 5 kyr, 14 sauher, 1 geit. Sår 3 t havre og 2 t poleter. Garden er lettbrukt.

Lars Peter Anderssen Melset f 1846 d 1910

g 1878 Karen Birgitte Pedersd. Fausa f 1853 d 1936

Br 1878-1910

- Born:
1. Anne *Oluffa* f 1876, til USA.
 2. Peter Andreas f 1879, smed, til USA.
 3. Hans Johan Olaus f 1881, til USA.
 4. Ludvik f 1883, g p br
 5. Anna Petrine f 1885, til Wash. i 1903.
 6. Peter Matias f 1887, d ug i Amerika. Utv. i 1905
 7. Lovise Karoline f 1889, d 4 mnd
 8. Lovise Karoline f 1891, sjukleg, d 1956
 9. Severine f 1891 (tvill.) d som spebarn
 10. Johanne *Olivia* f 1894, sjå bnr 11 og 12.
 11. Ole Ingvard f 1896 d 1979, g Helene Synes f ca. 1894.

Lars Peter sjølv var ein tur i Amerika, visstnok eit par år frå 1892. Ved utskiftinga i 1905 fekk bruket innmarka si i eitt stykke, og dit måtte husa flyttast.

Lars hadde ei lita jakt som han brukte mykje, t.d. når han selde ved i byen. Han var svær til å gå i fjellet, var «krenge» som ein katt, vert det fortalt.

Ludvik Larssen Melset f 1883 d 1944
g 1914 Marte Olivie Johanne Knutsd. Klokk br 2 (1892-1956)

Br 1810-1944, enkja til 1949

- Born:
1. Leif Peder f 1915, g p br
 2. Ole f 1917 d 1959, g 1943 Gunnvor Knutsd. Søvik f 1920. Bustad Søvik bnr 9.
 3. Konrad f 1919 g Anna Nilsd. Lukkedal f 1918. Bustad Klokk bnr 2.
 4. Bjarne Karsten f 1921 g Kirsten Tomrem f 1925. Budde i Spjelkavik.
 5. Johan Ludvik f 1925 g Ingrid Nerdrum f 1923. Bustad Fjellhammer, Oslo.
 6. Bjørg Magnhild f 1932 g Arnold Sjåstad, gbr. og sjømann, bustad Stadlandet.

Ludvik bygde stovehus i 1913.

Leif Peder Ludviksen Melseth f 1915
g 1942 Palma Jørgensd. Svinneset bnr 5 f 1921
Br 1949-

Born:

1. Lise Marie f 1944 g 1964 Einar Johansen Sætre. Bustad Fauske.
Han er elektrikar.
2. Leidulf Jan Torbjørn f 1947, sjå bnr 21.

Bnr 11 DALTUN

Utskilt frå bnr 7 i 1927

Jens B. Olsen f 1891 i Kjelvik, d ca. 1973

g 1924 Johanne Olivia Larsd. Melset (bnr 7) f 1894 d 1955

Jens Bertinus Olsen var fiskar. Han bygde seg stovehus på denne tomta nede ved bedehuset i 1929.

Bnr 12 DALEBØ

Utskilt frå bnr 7 som tilleggstomt for Jens Olsen. *Anna*

Lukkedal f 1902

har budd på bnr 11 Daltun seinare. Ho har vore kokke. Huset vart reparert 1974.

Bnr 13 BEDEHUSTOMTA

Utskilt frå bnr 7 i 1931, skyld 2 øre

Ramstaddalens Indremisjonsforening

(1 øre av skylda var frå bnr 6.)

Bnr 21 VESLEHAUGEN

Utskilt frå bnr 7 i 1974, skyld 1 øre

Leidulf Leifsen Melset f 1947

g 1971 Gerd Haldorsen f 1949 i Helgådal i Verdal

Born: 1. Laila Petrine f 1973 d 1 dg

2. Oddny Johanne f 1973 (tvill.)

3. Lars Petter f 1976

4. Monika f 1978

Namnet Veslehaugen var ein gong i tida brukt i daglegtalen i forma «Ihlje-haugen». Leidulf er fabrikkarbeidar.

Bnr 22 BEDEHUSTOMTA II

Utskilt frå bnr 7, tilleggstomt

Ramstaddalens Indremisjonsforening

Før utskiftinga høynde denne tomta til bnr 6.

PLASSANE (Bnr 8, 9 og 10)

Her var det mykje oppdeling og samanslåing innan for det som vart til bnr 8 og bnr 9, som tilslutt vart slegne saman til eitt bruk med ein eigar, medan bnr 10 meir var ei eining for seg.

Her må ein operere med løpenr. som kan synest «vidløftige», men dei vil nok likevel vere ei hjelp til å forstå utviklinga. Som nemnt før kom «Plassane» frå lnr 133 (bruk D), og då dels frå bnr 6 og dels frå bnr 7.

Oppdelinga starta ved skiftet etter Peder Anderssen på bnr 6 i 1835. Ved det skiftet fekk dottera Karen Marie

Bnr 8 (lnr 133c)

skyld 17 skill. rev. 26 øre

Lars Johan Knutsen Jøsvoll f 1818 d 1890

g 1857 Karen Marie Pedersd. Melset f ca 1815 d 1889

Br 1855-1890

Før han gifte seg hadde Lars barnet Berte Johanne f 1855 (mor: Massi Bendiksd. Klokk, døvstum).

Ingen born i ekteskapet.

I 1877 vart «Larenseplass», lnr 133fb med skyld 5 skill., slegen saman med dette bruket, som då fekk ei skyld på 22 skill. rev. 35 øre, og lnr 133 cfb.

I 1860-åra hadde plassen 4 dekar god åker og dyrka eng og 4 dekar god natureng. I 1865 sådde dei $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter. Dei Fôra 2 kyr og 2 sauher. I 1875 3 kyr og 5 sauher, og sådde då $\frac{1}{2}$ t blk, 1 t havre og $1\frac{1}{2}$ t poteter. I 1890 var der frivillig auksjon etter Lars og Karen og selt for kr. 311,33. Tidlegare same året hadde Lars selt plassen til

Karl Magnussen Melset f 1863 d 1941

(frå plass under bnr 1)

g 1890 Elen Sofie Martinsd. Valgermo f 1861 d 1943

Br 1890-1904

Born: 1. Martin Oluf f 1890. Budde på Ramstad br 8.

2. Ole Andreas f 1892, g 1920 Åsta Larsen frå Tjøtta f 1897 (sjå bd

I s. 455)

3. Lovise Jensine Regine f 1895, g bnr 2 Løset R.

4. Anne Kristine f 1898, g 1921 Peder Petersen Bårdsgjerde f 1896.

Skreddar.

5. Anne Karoline f 1900, bur i Åmundg. Melset.

6. Ellen Inga f 1903 g til bnr 4 Åmundg.

Karl Magnussen fekk skøyte frå Lars Knutsen 24/10 1890 for 1000 kr. Kår. I 1904 selde han dette bruket til Lars Peter Ellingsen Ramstad frå Skred-dargarden for 1200 kr. Kjøpte i staden bnr 4 Åmundg. Melset og flytte dit. Lars Petter Ellingsen hadde 4 år før kjøpt «Karolineplass» på Melset (s.d.).

LARENSEPLASS

Utskilt frå bnr 6, lnr 133 fb

Lars Rasmussen Drege f ca. 1796 i Borgund d 1872
g Laurentse Jonsd. Giskehaug f 1803 på Stranda d 1876
Br 1834-1872, enkja til 1875

Lars og kona fekk festesetel frå Peder Anderssen Melset 9/4 1834 på eit stykke mark.

I 1861 var der eksekusjonsforretning hos dei for kjøpmannsgjeld på vel 8 spd. og det var teke utlegg i: 1 stovebygning med kammers og gang 10 spd., 1 fjøs- og løbygning 4 spd, og avlinga 12 spd. Gjelden vart betalt seinare same året. I 1865 Fôra dei 2 kyr, 3 sauher og 2 geiter og sådde $\frac{1}{2}$ t blk i t havre og 1 t poteter.

Denne plassen vart slegen saman med bnr 8 lnr 133 c. Husa hadde dei selt til Peter Petersen Melset i 1862 for 5 spd 52 skill., og han selde dei for same pris i 1865 til

Martinus Pedersen Støle f 1827 i Stordalen

Br 1865-1866

Martinus var ug, og Anne Kolbeinsd. Myklebust styrde huset for han. I 1865 hadde han 4 dekar god åker og dyrka eng, og like mykje god natur-eng, sådde 1 t havre og 1 t poteter og avla 6 t havre og 6 t poteter. Fôra 2 storfe og 2 småfe. Selde markstykket til Sølfest K. Klokk i 1866. I 1875 hadde han berre husa att. Det året vart lnr 133f, i alt skyld 17 skill. i 1835, delt slik:

Lnr fa, skyld 6 skill, rev. 9 øre til
Mons Olsen på bnr 10

Lnr fb, skyld 5 skill. til
Lars Knutsen på bnr 8

Lnr fc skyld 6 skill, rev. 9 øre, til
Lars Klausen på bnr 9

Bnr 9 KAROLINEPLASS (bnr 133 f, skyld 17 skill.) Sjå

Synneve Pedersd. under Peder Anderssen på bnr 6.

Lars Klausen Eidem t 1827 d 1895

g Karoline Pedersd. Melset (br 6) f 1824 d 1902

Br 1858-1889

Barn: Karl f 1857, d ug 1881, snikkarsvein i Ålesund.

I 1865 sådde dei $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter og Fôra 2 kyr og 2 sauer.

I 1875: 3 kyr og 5 sauer, og sådde $\frac{1}{2}$ t blk, 1 t havre og 2 t poteter.

Denne plassen vart i 1875 slegen saman med lnr 133d, og bnr 9 fekk no lnr 133 dfc med skyld 23 skill, rev. 35 øre. Lars fekk skøyte 3/10 1875 med påhefte av kår til Laurentse Jonsd. Lars hadde nytt stovehus og Laurentse budde i gamle-stova.

21/10 1889 selde Lars bnr 9 til Peter Petersen Melset frå Ånehjelllassen på Klokk for 1100 kr. Enkja Karoline vart kårkone hos Ole Monsen som ho var i slekt med (bnr 10).

Peter Karolus Joakim Petersen Melset f 1861 på Klokk (Ånehjellen)

g 1885 Bastiane Marta Petersd. Eidem (Strandag.) f 1863

Br 1889-1900

Born: Sjå Knutg. Aurdal, bd 1 s. 315. 6 av borna utvandra til Amerika.

I dei siste 1890-åra flytte Peter Melset (frå Ånehjelllassen på Klokk) til Aure og 21/3 1899 selde han plassen på Melset til

Lars Petter Severin Ellingsen Ramstad frå bnr 3, f 1874

g 1899 Karen Olave Knuts. Melset (bnr 1) f 1881

Br 1899-1904 (bnr 9), 1904-ca.1922 (bnr 8 og 9}

Barn før ekteskap:

1. Gustav f 1893 i Stordalen (mor: Karen Birgitte Karolusd. Øvrebust).

Lars Petter tente på Jøsvoll då. Gustav utvandra til Amerika, vart sjuk og kom heimatt og døydde i 1913.

Born i ekteskap:

2. Hilmar Ingvald f 1899, kf 1916

3. Kornelia Petra f 1905, kf 1920

4. Helga Klara Martine f 1907, kf 1922

5. Ingeborg Karlotta Solveig f 1916

6. Hjørdis Antonia f 1918

I 1904 kjøpte han plassen Melset bnr 8 etter Karl Magnussen. Og bnr 8 og bnr 9 vart slegne saman.

Ved ektepakt 1920 vart jordeigedomen med hus, gardsreiskap, innbu, og 2 skogteigar i Fasteindalen skrivne over på kona som særeige. Dette hadde vel samanheng med at Lars Petter, som var restauratør, gjekk konkurs i 1922. Familien budde i kort tid nede ved Klokksjøen. Snart flytte familien til Vartdal. Lars Petter var ein tur i Amerika, frå 1908 i mange år.

Ole Johan Olsen Søvik (bnr 3) f 1872, d 1962
Kjøpte bnr 8 og 9 på auksjon 10/4 1923 for 7500 kr. Han var byggmeister.
Var eigar til 1946. Sjå Søvik bnr 3.

Jon B, Sæth
Br 1946-1953
Han flytte til Breivik i Borgund.

Rolf Martinsen Melseth f 1931 på Kråka
g 1953 Dagrøn Indrebø f 1929 i Innvik
Br 1953-1962
Born: 1. Frank Magnar f 1953
2. Jan f 1957, sjå Klokk bnr 20
3. Marianne Lovise f 1959
4. Terese f 1970

Rolf Melseth er bilmekanikar og bur på br 82 Grebstad. Sjå bd 1 s 215.
Han selde bruket på Melset i 1962 til

Jørgen I Aasen f 1919
g 1946 Sofie R. Sande f 1922 i Ålesund
Br 1962-
Born: 1. Elisabeth f 1947
2. Ole Jørgen f 1949

Jørgen Aasen bur i Ålesund. Driv forretning i damekonfeksjon i Ålesund.
Har vore gartner, har drive reklamefirma i Oslo. Var med i polititroppane
i Sverige under verdkrigene.

Bnr 16
Utskilt frå bnr 8 og 9 i 1960, skyld 10 øre.
Stranda og Sykkylven Billag

Bnr10

(Inr 133e, sidan efa, utskilt frå bnr 6 i 1853
skyld først 17 skill, så 23 skill, rev. 35 øre.

Mons Olsen Klokk f 1824 d 1906

g 1850 Anne Petrine Pedersd. Melset f 1827 d 1884

Br 1853-1891

Born: 1. Ole Peter Andreas f 1850, d 1922, g 1876 Karen Olsd. Vestre
eller Hatlen f 1831 d 1905. Bustad Hatlebakken, Vestre.
2. Iver Karolus f 1854, g til Søvik (br 4 Skareplassen).
3. Ole Severin f 1857 d 1860
4. Ole Severin Karolus f 1861, g p br
5. Anne Birgitte f 1863

Plassen hadde i 1860-åra 4 dekar god åker og dyrka eng og 4 dekar god natureng. Sådde 11 havre, avla 6 t, sette 1 t poteter, avla 6 t. Fôra 2 storfe og 2 småfe (sauer). I 1875: 3 kyr og 4 sauher. Sånad $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{3}{4}$ t havre, $1\frac{1}{2}$ t poteter.

Mons Olsen var son til Ole Martinus Jonsen Ødegård og Berte Johanne Monsd. Klokk. Dei hadde husmannsplass i Øvre Søvik (s.d.). Han fekk kår av sonen som tok over plassen 1/7 1891. Det var

Ole Severin Monsen Melset f 1861 d 1949

g 1890 Regine Johansd. Hatlen f 1863 i Vaksvik, d 1948.

Ingen born. Tok til seg Anne Kristine Karlssd. Melset f 1898 (br 8).

Br 1891-1939

Han vart kalla berre Monsen av alle, også av kona. Monsen var gbr og murar, og dreiv ei tid Ramstad-saga. Han utvandra til Amerika (Wash.) i 1901 og var der i mange år. Kona var heime. Han lærde ikkje stort engelsk. Dei viste han ein pakke der det stod «sun maid» og spurde kva det tydde. «Jøu det ska' eg fortelje deg, det betyr sunn mat,» sa han. Monsen hadde ein storfæring, og den stelte han så han var den finaste i bygda. Og han brukte båten mykje, for han var uroleg av seg. «Eg skulle «ufortrødent» ha vore over fjorden», sa han ofte. Ein gong spurde dei han kva han skulle over fjorden etter. Då sa han at det var «for 10 øre i gjær». Han måtte fare.

Ein fin sundag hadde Monsen vore ute og skulle sjå etter sauher, og hadde vore inne hos grannar og tatt noko sterkt. Då han kom heim att, spurde kona om han hadde sett sauher. «Nei det va' slik skødde eg såg ikkje det slag.» «Du er full Monsen,» sa kona. «Full! Eg fekk berre lite grann i ei køks» (vass-ause).

Karl K. Hjelle f 1914 i Vaksvik, ug
Br 1939-1943

Han tok over etter Monsen. Plassen vart slegen av brukaren i Andershau-
gen. Hjelle selde til

Erling Lansen Nornes f 1905 i Sogndal
g 1938 Jenny Pettersd. Søvikhaugen f 1897 i Borgund d 1971
Br 1943-

Han kjøpte først ein plass i Søvik i Borgund. Arbeidde ei tid på ei tysk
festning, og tyskarane ville sende han til Nord-Norge. Han fekk lurt seg
unna så dei ikkje fekk tak i han. Plassen på Melset vart avertert, og han
kjøpte den for 4500 kr. I huset er ei tavle eller plate med namna til dei
ørskog-gutar som var med i krigen 1807-14. Det var kona til Monsen som
hadde med seg den til Melset. Før stod plata over stovedøra på Hatlen.
Nornes kjøpte eit stykke på Lukkedal som han i nokre år brukte som beite
for krøtera sine.

Bnr 23 BEDEHUSTOMTA III

Utskilt frå bnr 6 i 1979, skyld 1 øre
Ramstaddalens Indremisjonsforening

Husmenn under Melset.

Johannes, Laurits nemnde 1618

Anders nemnd 1621

Gutterm nemnd 1624-1628

Mogens nemnd 1664-1666

Jon Iversen
g Guri Jakobsd
nemnde 1745

Halkjell Gregoriussen Hole frå Geiranger f 1748
g 1777 Gjertrud Gulliksd. Melset f 1750
(dotter til Gullik Olsen Melset (Br Ba), sidan Ramstadfjæren)
Barn: Bertil f 1777

Melset: Br A (= br 1), Ryingen
Br B, Ba, 2, Bb, 3

Br C (Olmang.), 4 (Åmundg.), 15, 5 (Myrane), 14
Br D, 6, Bruapl., 7, 11, 12, 13, 21, 22
Plassane: 8, 9, 16, 10, 23.

Gnr 65 Klokk

Namnet har vore skrive t.d. Kloke 1520, Klock 1603, Kloch 1723, seinare oftast Klokk til bortimot midten av 1800-talet.

Rygh meiner at namnet frå først av var eit fjellnamn. Sjå elles Tomas Vinje sin omtale av namnet i SET, s. 84. Rygh skriv at uttalen er Klåkk. Vel så rett ville det vel vere å gi att den eldre lokale uttalen som Kløkk med open ø.

Garden ligg for det meste på ei høgd som ein kjem opp til frå Søvik-dalsvegen. På høgre sida av vegen er nokre nybygg i byggjefeltet Klokk-stranda, før ein kjem opp på høgda med dei gamle Klokk-gardane på begge sider av vegen. Her er lendet nokså flatt, og derifrå går vegen i ein bakke ned til eit vegskifte, der vegen som tek av til venstre går ned til sjøen med kai, landhandel, småbruk og bustadhus. Dette har også høyrt til Klokk frå gammalt av, og både Klokk og andre gardar har naust her.

På 1600-talet var der sagbruk på Klokk. Og vi finn at dei skar 60 tylfter bord i 1610, 50 i 1611, 50 i 1622, 20 i kvart av åra 1624 og 1627, 4 i 1628, 2 i 1629 og i 1634, 30 i 1636, 20 i 1637. I 1642 er det berre Klokk sag og Riksheim sag som er nemnde, og i 1643 ligg Klokk sag øyde. Likevel må saga betale 1 ½ rd kvart år i skatt, til 1651. Den meir kjende Ramstad-saga låg på Klokk sin grunn. Dette gjer at det kan vere uvisst om det er ei og same sag som skiftevis vert kalla Klokk sag og Ramstad sag, og i så fall vart brukta skiftevis av brukarar frå begge gardane.

Tradisjonen nemner to sunnmøringar som kom att frå Den store nordiske krigen, Agnes-Knut frå Skodje og Sakris Klokk. Sistnemnde kan ha vore frå Hjørundfjorden. I Ramstaddalen er ikkje spor etter han. Var han derifrå må han helst ha vore frå bnr 7.

Utskifting av utmarka på Klokk var det i 1770-åra. I 1801 gjekk brukarane på Klokk til sak mot brukarane på Løvoll. Kyrne frå Løvoll hadde i nokre år beitt på Klokk-setra, til og med før Klokk-kyrne kom til setra. Løvoll-karane hevda at dei frå gammalt av hadde late kyrne sine beite først på Klokk si setermark, til graset vokser i deira eiga mark, der snøen låg lengre og graset kom seinare. Bytet mellom dei to setermarkene hadde før vore noko uvisst. No vart det fastlagt, med ein bytestein på Timbre-skarhaugen, og derifrå gjekk grensa i sørvestleg retning til Søvik si setermark og vidare til ein svart hammar, Bytehammaren. Klokk og Løvoll

skulle setje opp hagard for å halde Løvoll-kyrne vekk frå Klokkmarka. Men alle Klokk-brukarane gjekk med på at Løvoll-kyrne fekk beite i Klokk si utmark i 14 dagar frå dei vart sleppte utangjerd. Småfe frå Løvoll måtte ikkje kome inn på Klokk si bømark. Brøt på forliket skulle betalast med 4 mark i danske pengar til dei fattige i soknet.

I 1829 møtte brukarane på Klokk i forlikskommisjonen og vart samde om at det skulle vere utskifting på Klokk «ved øvrighedens Fôranstalt-nings». Og minneleg utskifting tok til 10. mai 1830.

I 1880 var der ei gjerdesak i forlikskommisjonen, der Klokk var ein av fleire partar. Det kom til forlik. Meir om dette under Melset.

I 1890-åra vart det skipa eit aksjeselskap til å byggje dampskipskai, og alle ville gi fri grunn. Ørskog kyrkje åtte bnr 7, og søkte departementet om løyve til å avstå grunn gratis. Kaia vart bygd kring 1895. Men både denne og den litt yngre kaia i Nedre Søvik ramla ut fordi grunnen var for dårleg. Ei mjølkerute vart sett i gang og driven av Øyvind Larsen, først med den opne motorbåten «Erling».

Frå 1900-talet kan nemnast utskifting av innmarka i 1906, ei i 1910-1911, og ei utskifting i 1934. I 1970-åra var der utskifting i samband med byggjefeltet.

I 1952 var der elvebrot, og elva tok med seg mykje jord og sand. Året etter vart det gjort forbyggingsarbeid med tilskot frå eit fond.

Som nemnt ligg der mange naust ved Klokk-sjøen, om lag 25. Tomtene vart utlagde av garden Klokk for lang tid sidan. Og for dei fleste finst der ikkje heimelsdokument. Frå gammal tid av hadde brukarar oppover i Ramstaddalen kvar sitt naust. Seinare vart naust selde til andre enn dei som no eig brukarar. Andre naust vart rivne. Nokre brukarar hadde ikkje stor interesse for nausta lenger, andre meinte at eigedomsretten til tomtene no var bortfallen, og at berre bruksretten var att. Då nausttomter tok til å verte nytta til jordbruksformål, kom saka for retten. Lagmannsretten fann at dei som hadde dyrka opp tomtene hadde vore i god tru, etter som tomtene vart planerte med matjord utan at nausteigarane protesterte. På ei tomt har det vore dyrka jordbær, på ei anna frukt og høy. Eit naust er no langt mindre viktig enn det var i eldre tid.

EIGARAR

Giskegodset hadde lenge ein liten part i Klokk. I 1520 skatta Oluf på Klokk med 3 lodd sølv for jordegods. Det var helst odelsgods, men Giske hadde nok alt då, og kanskje lenge før, sin part i garden. Brukaren av Giskeparten i 1582 heitte Torleiv, og skylda vart notert på ymse måtar:

4 pd smør, $\frac{1}{2}$ v fisk, eller 3 vetter never. Eigar var Gyrvild Fadersdotter, som det året skøyte Giskegodset over til kong Fredrik II. Han døydde 6 år seinare og Christian IV vart konge og eigar.

Så tidleg som i dei første åra på 1600-talet var tre av brukarane på Klokk jordeigarar. I 1626 var Klokk krongods, bondegods, kyrkjegods og prestegods, står det i matrikkelen. Det er Giskeparten som her vert kalla krongods, men lenge utover vert han elles nemnd som Giskegodset. Giskeparten var del i to av bruks.

I 1661 åtte brukarane på Klokk 2 v 2 pd 6 mk av Klokk, Ørskog prestebord $\frac{1}{2}$, Hareid kyrkje 1 mællag og Giskegodset $\frac{1}{2}$ v, i alt 4 v. Slik vart eige doms tilhøva til 1690-åra då Margrete Lagesd. Abelset og rådmann Christen Henningsen Smith har kjøpt kvar sin part. Giskeparten har gått inn i Abelsetparten. Rådmann Smith selde 1 pd $12\frac{1}{2}$ mk til svogerden Johan Frimann. Sidan gjekk både Abelsetparten og Frimann parten over til arvingar.

I 1770 selde ein av brukarane sitt bruk til Jørgen Olsen Fauske, og dette ervde Jens Larsen Fauske i 1791.

I 1807 fekk Nils Mechlenburg ein part i Klokk på 2 pd 15 mk, og av det selde han i 1831 1 pd $16\frac{1}{2}$ mk til Ørskog kyrkje. I 1883 selde kyrkja bnr 8 til Ørskog kommune, men også på 1900-talet åtte ørskogkyrkja ei tid eit bruk på Klokk.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr 89, 92, 88, 91, 48. Skatteklasse heil gard. Skylda var $3\frac{1}{2}$ v fisk til midt på 1600-talet då ho vart sett til 4 v, og i 1667 til $4\frac{1}{2}$ v. I 1802 var skylda 4 v 1 pd 12 mk, altså det same. Ny skyld 12 dlr 1 ort, revidert til M 20,23.

Tienda var i tida 1606-1621 2-3 mæler havre, i 1624 $3\frac{1}{2}$ mæler, i 1666 $4\frac{1}{2}$ t havre, $\frac{1}{2}$ t bygg og 2 pd 16 mk ost. I 1717 9 skjepper bygg, 4 t havre, 2 pd 10 mk ost eller 96 skill.

Leidangen: I 1606 1 geiteskinn 5 kalveskinn, i 1619 2 geiteskinn 3 kalveskinn, i 1666 2 geiteskinn 2 kalveskinn, i 1717 1 rd 12 skill., og i 1773 2 geiteskinn 2 kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 4 mann

1626: 5 mann. Sår 12 t havre. Sagbruk. Fiskeri til havs.

1657: 5 mann. 5 hestar, 1 okse, 36 kyr, 4 sauher og 12 geiter.

- 1666: 4 mann. Sår 14 t havre, avlar 50 t, føder 4 hestar og 60 kyr. Brenneved.
- 1714: 6 mann. Sår 12 t havre, 2 t bygg, avlar 40 t havre og 10 t bygg. Fôrar 4 hestar og 50 kyr. Ei lita kvern. Ein nybyggjar sår 2 skjepper havre, avlar 1 t, og fôrar ei ku.
- 1724: 6 mann. Sår 2 t bygg, 14 t havre, avlar 8 t bygg og 50 t havre. Fôder 4 hestar, 34 kyr, 22 ungdyr, 26 sauher og 27 geiter. Seter 1½ fjerding frå garden. 2 små kvernar, «tungvunden til høe, men temmelig vis til korn». Noko brenneved.
- 1802: 5 mann. 3 bruk på 1 v 9 mk verdsette til 152 rd kvart, 2 bruk på 1 pd 16½ mk til 76 rd kvart. På dei største brukena sår dei 4 t havre, ½ t bygg på kvart bruk og avlar 5 foll. 1 hest, 9 kyr, 26 småfe på kvart av desse brukena. 6 arbeidsfolk. Nok brensel.
Sommarskifte i heimeutmarka og i setermarka. Kornavlinga er til dels utsett for frost.
- 1835: 6 mann (og 3 husmenn). 5 sjølveigarar, 1 leiglending. 6 hestar, 40 kyr, 70 sauher, 37 geiter og 2 griser. Sår 4 t bygg, 4 t blk, 16 t havre og 7 t poteter.
2 av husmennene er jordlause.
- 1845 Sår 5 t bygg, 7½ t blk, 19½ t havre og 10 t poteter. Fôrar 7 hestar, 52 kyr, 84 sauher, 50 geiter og 3 griser.
- 1865 Sår 6½ t bygg, 9½ t blk, 24¾ t havre og 21½ t poteter. Før 7 hestar, 55 kyr, 109 sauher, 41 geiter og 2 griser.
Matr.førebuingsarbeidet har desse tala: Sår 6 t bygg, avlar 46 t, sår 9¾ blk, avlar 51 t, sår 26 t havre, avlar 132 t, sår 21 t poteter, avlar 125 t. Før 5 hestar, 37 kyr, 130 småfe. Hamnegangen nokså bra, men «ubekvemt beliggende».
Tungbrukt. Sjå elles under kvart bruk.
- 1875 6 hestar, 2 fôl, 1 okse, 52 kyr, 12 kalvar, 122 sauher, 39 geiter, 5 griser. Sår 2 t bygg, 15 t blk, 25½ t havre, 28 t poteter.

BRUKARAR

Dei 4 brukena i dei første åra på 1600-talet kallar vi bruk A, B, C og D.

Bruk A

Dette bruket hadde ein brukar til 1847, då det vart delt, og vi fekk bnr 1 og bnr 2.

Nils Olsen Klokk

Br ca. 1600-1644 Barn: Ole f ca.

1615, g p br

I 1611 vart Nils utreidd til Kalmarkrigen av Simon Klokk og Ingebrigt Søvik (br 2), men Peder Anderssen Svinset gjekk ut i staden for Nils, som sjølv saman med sine «medbrødre» reidde ut ein hakeskyttar, Erik Pedersen Glomset. Nils var den av Klokk-brukarane som dreiv mest sagbruk. Han var og jordeigar. I 1610 åtte han 6 mællag, i 1612 4 ½ mællag og i 1614 2 mællag. Han la 1½ mæle i tiend i 1636. Som kårmann er han sist nemnd i 1649. Sonen tok over etter han.

Ole Nilssen Klokk f ca. 1615

Br 1644-1684

Barn: Anders f ca. 1642, p br

Ole fekk i 1636 7 rd i bot fordi han ikkje ville møte på sesjon, og i 1638 9 rd for lm med Marte Olsd. Løset. I 1649 vart han stemnd av Henning Hansen, ombudsmannen for Giske, for rest på landskyld for 2 år. Han vart òg stemnd for gjeld til ein bergensborgar, men nekta med eid å vere skuldig noko og vart frikjend. I 1663 vart han stemnd av presten for 4 års leige av ei ku, og lovde å betale så snart han fekk råd.

Som faren var han jordeigar, og åtte frå 2 mællag til 4 mællag 9 mk. Han var brukar av 4 mællag.

I 1657 la han 5 slettmark 2 skill. i krøterskatt av 1 hest, 8 kyr, 2 sauер og 4 geiter. I 1675 var han brukar av 4 mællag 9 mk, og la i tiend 2 pd 6 mk havre og 1 pd 8 mk bygg. Ole var lagrettemann.

I 1683 var bruket hans på 4½ mællag. I prestane sitt manntal (1666) vart sonen Anders og førd som brukar. I dei åra vart Ole skiven for 3 mællag og Anders for 2. Ole var synfaringsmann på Halvorsæter etter ein ras-skade der i 1677.

Lars Knutsen d 1696

Br 1684-1696

Han brukte 4½ mællag som føremannen. Marte, som i 1723 vart gift med Paul Pedersen Brune f 1686, var truleg dotter til Lars Knutsen.

Ingebrigts Jespersen

Br 1696-1698

Han bygsla 13/10 1696 1 v i Klokk av Margrete Lagesd., bruket som «Lars Knutsen er fradød».

Ole Jespersen f ca. 1657 d 1721

g Eli Jonsd.

Br 1698-1716

Born: 1. Jesper f ca. 1699

2. Ole f c a. 1711, d ug 1733

Ole Jespersen la i 1711 ekstraskatt for seg og kona og 1 barn, 18 skill. i skoskatt.

Sk. 11/10 1721: Brutto 69 rd, netto 32 rd. Pål Høgset var lagverje for Eli Jonsd. 3-4 tinnssaker, ambolt, kvern, kjempefæring, færing, tømmernaust, 1 plogjarn, børse og kårde, slipestein, fiskevegn, 6 kyr, 1 kvige, 1 merr, 1 føl, 6 sauer, 4 geiter med kje. 1 raud trøye av klede 1 rd, 2 svarte og 2 kvite vadmalstrøyer.

Jesper Olsen Klokk f ca. 1699 d 1752, 53 år 9 mnd.

ca. 1720 g 1. Brit Nilsd. f ca. 1696, d 1738

1739 g 2. Eli Andersd. f ca. 1706 d 1789

Br 1716-1752

Born i 1. ekteskap:

1. Lars f ca. 1719, d 1794, g 1751 ek. Sylvie Stensd. Aure f Gjerde. Bd I s 407, 411.

2. Ole f 1724, d 1 ½ dg

3. Ole f 1726, kf 1745, unemnd i 1752

4. Nils f 1730, d 6 dg

5. Ingelev f 1737, g 1763 Peder Olsen Grebstad. Sjå bd 1 s 156.

Born i 2. ekteskap:

6. Brit f 1739 d 1815, g 1. 1766 Paul Paulsen Eidem, sjå bd 1 s. 245, g 2. sersj. Ole Jonsen Tjønes (1769-1817).

7. Karl Fredrik f 1741, d 8 dg

8. Karl Fredrik f 1742, d 1744, 1½ år

9. Kari f 1744, g 1784 em. Anders Anderssen Kroksethagen, g 2. Nils Paulsen Krogssethagen, sk. 1827.

10. Peder f 1747

11. Anna f 1749, g 1794 em. Rasmus Peders. Eikenos.

12. Eli f 1752, d 1821, g Amund Hanss. Aure. Bd 1 s 407.

Sk. 20/5 1738 etter Brit Nilsd. Brutto 115 rd, netto 105 rd. 1 koparkjel, 1 tinnfat, 2 tinn smørkanner, 1 jarnbismar, 3 økser, smireiskap, 1 vevstol med reie, ¼ i ein fjørendfar med segl og reie, 1 «tremendingsbåt», fiskevegn, 1 kvern med reie 6 rd 3 ort, 1 merr 4 rd, 1 do. 3 rd, 11 kyr 32 rd 3 ort, 3 kviger, 11 geiter og kje, 11 sauer og lam. Møllers huspostill 2 rd, sengklede for 8 rd.

Hennar klede: 1 raud kledes stakk 3 rd, 1 kirses stakk, 1 svart stakk, 2 vadmålsstakkar, 1 kledes trøye, 1 kirses trøye, 1 raud trøye, 1 svart vad-målstrøye, 1 grønt forkle, 1 blått do., 1 snørliv med raude ermar, 1 fløyels hue, i alt gangklede for 9 rd 5 ort.

Sk. etter Jesper 26/8 1752: Brutto 194 rd, netto 67 rd. Eli Andersd. gifte seg att med

Ibe Jetmundsen Tysse f 1723 d 1786

1753 g ek. Eli Andersd. Klokk f ca. 1706 d 1789

Br 1753-1778

Barn: Andreas f 1756, g p br

Ibe bygde ein steinfjøs, 14 alner lang og $7\frac{3}{4}$ alner brei. For dette fekk han ein pengepremie i 1774 frå Søndmøre Praktiske landhusholdningsselskab, året etter at dette selskapet vart skipa.

Andreas Ibesen Klokk f 1756 d 1832

1778 g Berte Larsd. d 1828, 76 år (48 år i 1801!)

Br 1778-1812

Born: 1. Ole f 1779, g p br

2. Ibe Martinus f 1780, g 1813 Oline Pedersd. Fausa (1794-1850).

Budde på Fausa, d 1863. Ibe var med i krigen mot svenskane frå 1810.

3. Solvei Marta f 1784 d 1866, g 1816 Karl Magnussen Fremmer-Fausa, f 1783 d 1841.

4. Karen Helene Petrine f 1789, d 6 veker.

Ole Andreassen Klokk f 1779 d 1839

1812 g Anne Andriane Magnusd. Fremmer-Fausa (Stige) f 1786 d 1876

Br 1812-1839

Born: 1. Gjertrud Marie f 1814, d 14 dg

2. Bernt Sivert Martinus f 1815, p br og ved Ramstadsjøen.

3. Karl Bastian f 1818, g p bnr 1, lnr 134a.

4. Andreas Fredrik f 1820. Hadde barn Olave Regine f 1845 (mor: Ellen Rasmusd. Sjøholt).

5. Karen Marie f 1823 d 1836, $13\frac{1}{2}$ år

6. Erik f 1825, g 1849 Bastiane Marta Knutsd. Ramstad (bnr 7) f 1819. Bustad Almeskar bnr 2.

7. Anne Oline f 1828 d 1854, ug 27 år

8. Olave Birgitte f 1830 d 1889, g 1866 Lars Olsen Andestad (1841-1925). Sjå bd 1 s. 285.

Ole var soldat frå 1801 til 1812. Han fekk skøyte på bruket frå Nils Mechlenburg for 1000 rbd 31/3 1812.I 1827 vart det nemnt at bruket hans var utsett for frost. Ved den nye matr. fekk bruket løpenr. 134. I 1829 bygsla han bort ein plass til Jørgen Magnussen Fr. Fausa, og i 1840 selde han til Bernt Pedersen Melset ein plass som fekk namnet Slettereit. I 1844 selde enkja bruket sitt til Johan Iversen Ramstad for 200 spd. Anne Andriane gifte seg att, 64 år gammal, med Nils Hanssen Furstrand (s.d.).

Bernt Olsen Klokk f 1815 d 1898

g 1839 Berte Eline Larsd. Skjortnes f 1814 d 26/11 1915

Br 1840-1847

- Born:
1. Lars Olaus f 1841, g 1. Johanne Severinsd. Grebstad (Åsbakkane), g 2. 1876 Karen Marie Johansd. Nørve f ca. 1848. Då budde han på Nordstrand.
 2. Karl *Martinus* f 1843, g p br
 3. Andreas f 1845, kf i Skodje. Hadde barn Lars Nikolai f 1864 (mor: Olave Amundsd. Melset). Sjå s 179
 4. Sivert Andreas f 1847. Kona Ingeborg Elise f 1849. I 1909 budde dei i Skaregt. 9 i Ålesund.
 5. Knut Andreas f 1850 d 1929, g 1876 Marie Josefine Nilsd. Giske f 1885 d 1883. Dei var plasselfolk i Veddegjerde i Borgund.
 6. Severin Bastian f 1853, g 1880 Johanne Birgitte Knutsd. Klokk (bnr 5) f 1854. Bustad Myreplass II Løset S bnr 2.
 7. Lovise Birgitte Petrine f 1857
 8. Jørgen Elias f 1859. Tente i Haram i 1875.

Bernt fekk bygsselsetel frå skifteforvaltaren mot kår til mora. I 1847 måtte han gå frå garden. Han hadde økonomiske vanskar og måtte selje. Handelen gjekk for seg på det høgste berget som ligg ved Søvikdalsvegen ovanfor skulehuset. Det var ein stad som var brukt til «treff» av ymse slag i den tida Ørskog og Sykkylven var ein kommune. Der skreiv Bernt frå seg garden, og staden kallast Skrivarberget. Seinare busette Bernt og familie seg ved Ramstadsjøen. Huset deira stod på «Øyna» mellom kvennaveita og Storelva, 5 m frå elvebarden. Ved flo sjø gjekk sjøen fram til huset. Kring 1910 stod berre murane att. Kona vart kalla Sjø-Berte.

I 1850 sokte Bernt Ørskog-kyrkja om å få bygsle ein plass under Løset i Ramstaddalen, men kyrkja nekta: meinte at ein familie ikkje kunne leve av den plassen.

Bernt laga likkister. Då han døydde, var 3 av borna i Trondheim, 1 i Ålesund og 2 i Borgund.

Om kona Berte har tradisjonen mykje å fortelje. I hennar tid var der

pliktarbeid på prestegarden på Ørskog. Det var i skuronna, og Berte rodde over fjorden med barnet i vogga. Den batt ho fast under bøten, for der var ingen til å passe barnet. Så ville ho ha presten til å måle opp det ho skulle skjere, men han sa ho måtte vente til dei andre kom. «Nei, det he' 'kje ej ti' te,» sa ho, og fortalte at barnet hekk «upponde bøta». Presten spurde kva ho meinte med det, og då han fekk greie på samanhengen, målte han opp det ho skulle skjere. Det gjorde ho frå seg i ein fart. tok med seg vogga og barnet og rodde heimatt.

Ho trudde på huldra og andre underjordiske. Etter at mannen døydde og ho vart gammal og sjuk, flytte ho opp att til Reitane. Ein gong var Sylfest Klokk der og skulle hjelpe Petter Olaus med å få opp lø-murane. Sylfest ville ha noko jarnskrap inni, men Petter Olaus ville ikkje ha noko slikt. Dette snakka dei om ved middagen. Då dei skulle ut att og arbeide, ropete Berte på Sylfest og sa då han kom bort til senga: «Du må lure deg til å smette noko jarn i muren. Petter Olaus er en gap som ikkje he' vit på sitt eige beste.» Ho trudde jernet var bra mot underjordiske.

Ein dag kom ein emissær på sjukebesøk til henne og spurde om ho trudde på Gud. Ho sa: «Det e' no vel ingen so' e' so apekattfengjinj at han ikkje trur på Gud!»

Denne emissären var kjend for å vere slem mot kona si som han mis-handla fælt. Berte spurde kvar han var ifrå, og då ho fekk vite det, sa ho at ho hadde hørt der var ein slik konemishandlar, og la ut om kva ein burde gjere med slike. Då sa han: «Ja, her er mannen.» Då sa ho at no kom ho vel både i bolt og jarn for det ho hadde sagt. Men han sa at alt var sant og gjekk sin veg. Til 100-årsdagen fekk Berte ein stor bibel frå Ørskog kyrkje. Den testamenterte ho til sonen Martinus. Presten besøkte henne då og spurde korleis det stod til. Ho sa: «D'ekje bere vente når eg heile mitt liv he' drege buskene etter toppen.»

I 1847 vart bruk A delt i to, bnr 1 og bnr 2. Då var Slettereiten, bnr 3, alt fråskild.

Bnr 1 REITANE

Løpenr. 134a.

Karl Bastian Olsen Klokk f 1818

1847 g Lovise Larsd. Skjortnes f 1823 (syster til Sjø-Berte) Br

1847-1872

Born: 1. Ole Martinus f 1848, g 1872 Laurentse Hansd. Vågnes f ca. 1848.

2. Lars Karolus Augustinus f 1851 d 1925, budde på Hjelle. Sjå bd 1 s. 126.

3. Karen Jørgine Lovise f 1853, kf 1868
4. Karen Olave f 1856, kf 1870 i Borgund
5. Andreas Fredrik f 1858 d 1859
6. Karoline Birgitte tf 1864 d 9 veker

Bastian fekk bygselsetel på bruket av Johan Iversen Ramstad 5/6 1847. I 1865 sådde han $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, 2 t havre og 2 t poteter, og fødde 1 hest, 5 kyr, 10 sauher og 2 geiter. Særleg i 1860-åra var han ein flittig gjest i forlikskommisjonen på grunn av stemningar for smågjeld. I 1872 måtte han gå frå garden. Han flytte til Borgund og vart brukar på Kipperberg til 1885. Brorsonen tok over på Klokk.

Karl Martinus Berntsen Klokk f 1843 d 1922

g 1869 Berte Kanutte Pettersd. Kipperberg eller Ytre Ekornes f 1844 i Borgund, d 1935
Br 1872-1908

Hans barn før ekteskap (mor: Berte Laurentse Larsd. Velle):

1. Berte Oline f 1868 d 1959, g Oluf Døving, Ålesund.

Born i ekteskap:

2. Johan f 1871, g 1896 Karen Petrine Olsd. Skarbø f 1874. Var smed. Til Amerika 1892. Budde seinare på Hinna ved Stavanger.
3. Johanne Birgitte f 1873, til Amerika 1893.
4. Karl Severin f 1876, g 1904 ek. Alida Abrahamsd. Lid f i Gloppe 1866. Bustad Sjøholtstrand. Karl var skreddar og d 1924, ho i 1934 i Bolsøy.
5. Bernt f 1879, ug jarnvegsarbeidar i Amerika.
6. Petter Olaus f 1882, g p br
7. Petter Tomas f 1885, g Severine Johnsd. Tusvik eller Ullavik f 1885. Fiskevrakar i Ålesund.
8. Hanna Karoline f 1889, g Iver Gjerde i Ålesund.

Martinus fekk bygselsetel frå Johan Iversen Ramstad. Kår til Anne Andriane Magnusd. og Karl Bastian Olsen Klokk 30/10 1872.

I 1875 sådde Martinus 2 t blk, 3 t havre og 3 t poteter. Fødde 1 hest, 5 kyr, 1 kalv, 13 sauher, 2 geiter og gris.

Petter Olaus Martinussen Klokk f 1882 d 1959
g 1908 Gjøri Olsd. Løset frå Sunnylven (1884-1951)
Br 1908-1952

Born: 1. Anna f 1908, g Kristoffer Saltkjelsvik, Skodje.

2. Martin Olaf f 1911, g 1946 Kitty Johansd. Brunstad f 1924, frå Melset br 3

3. Olga Kornelia f 1913, g Martinus Larssen Valgermo f 1913.
Bustad Steinsholt.
4. Berta Karoline f 1915, g 1942 Jon Johannessen Ødegård f 1911 på
Stranda.
5. Olivie Borghild (*Liv*) f 1917, d 1967, g Nils Ramsvik frå Ålesund.
6. Bjarne f 1920, g p br
7. Bernhard Leif f 1923, g 1953 Jenny Syversd. Løvoll (Edvardg.).
8. Karl Johan f 1926, g 1956 Berit Dahlen frå Torvikbukt, Nord-
møre.

Skøyte frå Peter Størkersen Valgermo for 1700 kr 26/6 1909. Kår. Bygde stovehus i 1910, med 6 rom i stoveetasjen og 5 i kvistetasjen. Bygde løe i 1914.

Bjarne Pettersen Klokk f 1920
g 1954 Kristianne Østensd. Gjørven f 1915 i Stryn
Br 1952-

Born: 1. Grete Johanne f 1954, g 1970 Kjell Gunnar Taklo f 1948 i
Vanylven. Grete omkom 1976.

2. Petter Øystein f 1959, omkom 1976.

Bjarne fekk skøyte på bruket 9/1 1952 frå faren for 4000 kr. Kår. Som dei fleste andre har han slutta med mjølkeproduksjon. Kjøtproduksjon er ikkje så arbeidskrevjande. Bjarne er både gbr og møbelnsnikkar.

Det var 15/8 1976 den tragiske ulukka hende. Petter Øystein og Grete og mannen hennar var på fottur. Dei var komne til Simoskardvatnet ikkje langt frå Klokkstølen. 17-åringen hoppa uti, men han kom i vanskar på grunn av farleg botn. Systera hoppa uti for å redde broren, medan mannen hennar fekk varsla folk i nærleiken. Men hjelpa kom for seint. Dei fann snart Grete, men leitte i fleire timer før dei fann broren.

Bnr 38 SKOGLY

Utskilt frå bnr 37 Klokkstranda, Sykkylven kommune sitt byggjefelt i 1974, skyld 1 øre

Kjell Gunnar Taklo f 1948
g 1972 Grete Johanne Bjarnesd. Klokk f 1954, d 1976
Born: 1. May Liss f 1973
2. Kari Anne f 1975

Bygde stovehus i 1974. Selde huset i 1979 til kommunen som leigde bort huset. Taklo flytte frå bygda og har bygt seg hus på Fiska.

Bnr 23 NYBØ

Utskilt frå bnr 1 i 1920, skyld 0,50

Nils Severin Eliassen Lukkedal f 1894

g 1916 Oline Olsd. Løset R (br 2) f 1889 i Sunnylven.

Br 1920-1960

Born: 1. Anna Solveig f 1918, g p br

2. Kornelia f 1921, g 1947 Hans Oskarsen Sjøholt f 1922. Bur på
Lande.

3. Oskar f 1927 adoptivson (mor: Olivie O. Ramstad), g 1955 Kjel-
laug Haugen f 1932. Bustad Eikenosvåg. Sjå Ramstad bnr 5.

Skøyte frå Peter M. Klokk på plassen og 2 torvteigar for 1000 kr.

Rett til krøterhamn. Nils kjøpte løa på Hoggaplassen og sette den opp på
Melset.

Konrad Ludviksen Melset (br 7) f 1919

g 1956 Anna Solveig Nilsd. Lukkedal f 1918 på Løset R.

Br 1960-

Barn: Marit f 1956

Eit par år etter at han tok over plassen slutta Konrad med kyr. Har no 18
vinterFôra sauher. Var ei tid møbeltapetserar, no lastebilsjåfør for Stranda
og Sykkylven Billag. Anna har vore syerske på fabrikk på Stranda.

Bnr 25 DALHEIM

Utskilt frå bnr 1 i 1925, skyld 1 øre

UNGDOMSLAGET DALHEIM

Skøyte frå Peter M. Klokk til ungdomslaget ved Olav O. Svindseth og Ole
H. Ramstad 23. juli 1925.

Bnr 2 KLOKK NORDRE

Dette er andre helvta av lnr 134a.

Lasse Karolus Olsen Øvre Søvik (br 3) f 1813 d 1852

g 1850 Marte Lovise Pedersd. Fet (Pålg.) f 1822

Br 1849-1852, enkja til 1853

Barn: Karoline Ivrine f 1851, g p br

Bygselsetel frå Johan Iversen Ramstad 16/10 1849. Marte Lovise gifte seg
att i 1853 med

Elias Knutsen Øvstegård (bnr 3) f 1822 i Sunnylven

Br 1853-1873

Barn: Lars Karolus f 1863, g 1895 Marte Oline Ebbesd. Langlo f 1852.

Bustad Ørskog. Han vart ca. 100 år.

Elias budde på Linsetgjerde før han kom til Klokk. Dit kom òg broren Sølfest. Elias hadde utanom ekteskap sonen Lars Elias Karolus f 1854 på Fauske (mor: Anne Marte Petersd. Ringstad). Ho hadde før barnet Lovise Karoline f 1851 (far: Peter Eliassen Klokk).

I 1865 sådde dei $\frac{1}{2}$ t bygg. 1 t blk, 2 t havre og 2 t pot. Krøter: 1 hest, 5 kyr, 11 sauer og 1 geit.

Knut Andreas Olsen Ø. Søvik (bnr 1) f 1849 d 1930

g 1873 Karoline Irvine Lassesd. Klokk f 1851 d 1933

Br 1873-1913

Born: 1. Ellen f 1871, g Karl Kjærstad, Lepsøy.

2. Lars Martinus f 1874 d 1950, ug. Budde i Stordalen.

3. Ole Peter Karolus f 1876, g Regine Fjørtoft.

4. Petrine Nikoline Marie f 1878, g 1905 Rasmus Johansen Løset f 1867. Bustad Washington.

5. Jørgen Olaus f 1880 d 1922, g 1905 Lovise Johansd. Løset R f 1878. Til Melset (Myrane) 1907.

6. Lars Peter Olaus f 1880 (tvill.), g p br

7. Jensine Karoline f 1883, til Amerika, g 1905 Ole Johan Andreassen Ramstad. Bustad Wash.

8. Karl Johan f 1890, g 1920 Gusta Petersd. Klokk (Frøysag.). Bur på Stranda.

9. Marte Olivie Johanne f 1892, g Ludvik Larssen Melset (br 7)

10. Peter Severin f 1895, g Klara Straume, Longva.

11. Johan Kristian f 1895 (tvill.), g Selma Fylling. Bustad Fjørtoft.

1875: Sår 2 t blk, 3 t havre, 3 t poteter. Før 1 føl, 5 kyr, 1 kalv, 9 sauer, 7 geiter.

Lars Peter Knutsen Klokk f 1880 d 1932

g 1911 Olave Severinsd. Brunstad (Bøen) f 1884, meierske

Br 1913-1932, enkja til 1940

Born: 1. Solveig Klara f 1912, g Johan Wollebekk f 1898. Bustad Garder, Vestby

2. Konrad Olav f 1915, g p br

3. Lovise Borgny f 1920, husmormorvikar i Oslo.

Lars Peter bygde nye alle husa på garden i tida 1916 til 1925. Ein stor del av garden vart og oppdyrka då.

Konrad Olav Larssen Klokk f 1915
g 1940 Gudrun Olivia Pettersd. Melset (br 6) f 1916
Br 1940-
Born: 1. Oddlaug Petrine f 1941, g 1962 Erling M. Kjersem. Dei bur på Lerstad.
2. Anne Lise 1943. Bankassistent, g Idar Holmen, bustad Åse
3. Gunnhild f 1949, g Kjell Rotnes frå Hundeidvik. Sjå Utgård bnr 16.
.Dei bur på Åse.
4. Lars Petter f 1952, g Åshild Bru frå Stavanger. Han er lege.

Konrad bygde løe i 1970. Medlem av kommunestyre, bygningsråd o.a.

Bnr 31 TANGEN

Utskilt frå bnr 2 i 1946, skyld 1 øre

Oskar Olsen Løsseth

Dette var ei naussttomt, men vart i 1947 nytta som tomt for eit forretningsbygg, og skøytt over til kona til Oskar, Borghild Løsseth. Oskar har drive landhandel der. Sjå elles bnr 19 frå bnr 9.

Oddvar Oskarsen Løsseth

tok over forretninga i 1976. Bur på bnr 35 (s.d.) frå bnr 11.

Bnr 3 SLETTEREITEN

Utskilt frå bruk A, før bruket vart delt i bnr 1 og bnr 2, utskilt i 1840.
Skyld 17 skill.

Jørgen Andreas Magnussen Fausa f 1795 d 1835
g 1829 Marte Janike Olsd. Opsvik f 1794 d 1865
Br 1829-1835

Jørgen var son til Magnus Eriksen Fausa (Stige) og k. Karen Andersd. Skjortnes. Han omkom på sjøen og vart ikkje attfunnen. Enkja gifte seg att i 1836 med

Bernt Pedersen Melset (Petterg.) f 1807 d 1861
Br 1836-1861

Barn: Jørgen f 1837, g p br
Bernt fekk bygselsetel i 1836 og skøyte 6/7 1840 for 63 spd. Som bygslar la han årleg 1 spd 1 ort og arbeidde for hovudbruket 3 dagar kvar vår, 8 dagar om sommaren og 3 dagar om hausten. Gjette $\frac{1}{3}$ av det folk frå hovudbruket gjette.

Jørgen Berntsen Klokk f 1837 d 1911
g Oline Kristine Magnusd. Løset R (br 1) f 1837 d 1921
Br 1861-1911
Oline hadde dottera Anna *Regine* f 1861 (far: Lars Larssen Sjøholt).
Regine utvandra til Amerika og vart gift med ein Steenstrup i Chicago.
I 1860-åra hadde plassen 7 dekar god åker og dyrka eng og 5 dekar
natureng. Sånad 2 t havre og 21 poteter. Fødde 2 kyr og 10 småfe. I 1875:
2 t havre, 3 t poteter: 5 kyr, 7 sauher.
Då Jørgen døydde, selde enkja plassen til Ole Andreas Johans. Løset.

Ole Andreas Johansen Løset R f 1873
Br 1911-1939

Han hadde hatt eige hus nede ved Klokksjøen og hadde drive handel der.
Han gav 2500 kr for Slettereiten, som no hadde skyld 35 øre. Det var
faster si han kjøpte av. Han budde aldri på Slettereiten. Leigde tenestjente
som budde der og stelte dyra i mange år. Seinare utvida han løa nede ved
sjøen, kørde høyet dit ned og hadde dyra der sidan. (Sjå bnr 19 under bnr
9.)

Oskar Olsen Løseth
Br 1939-1950
Fekk skøyte frå foreldra i 1940. Kår. Han budde heller ikkje på Sletlerei-
ten. I 1947 vart den gamle Slettreetstova flytt til Sunnmøre Museum i
Borgund. Sjå bnr 19 frå bnr 9 om Oskar og familien.

Oddvar Johan Oskarsen Løseth
Br1950-
Avlinga på Slettereiten vert framleis køyrd til driftsbygninga på bnr 11
Øieskiftet ved Klokksjøen. På Slettereiten er sett opp eit lite hus (hytte)
som dei brukar når dei er der på arbeid. Bustadhuset til Oddvar står på
bnr 35 (s.d.) frå bnr 11 under bnr 5.

Vidar Oddvarsen Løseth Fekk skøyte på
Slettereiten i 1975. Sjå bnr 35 Fjordgløtt under
bnr 5.

Bruk B

Tollef (Løset?) f ca. 1540
Bruktida hans er ukjend, bortsett frå at han var brukar i 1586. Bruket

høynde til Giskegodset og var med i makeskiftet eigaren gjorde med kongen det året. (Norske Rigsregister 2, s. 654.) Enkja var brukar til ca. 1605. Bruket vart altså no eigentleg krongods, men vart kalla Giskegods i lang tid, likeeins som dei andre gardane som høynde til Giskegodset.

Born: 1. Klemet f ca. 1570, g p br
2. Lars, p br

Klemet Tollefsen Klokk f ca. 1570 d ca. 1635

Br ca. 1605-ca. 1627

Barn: Tollef (også kalla Tallak) f ca. 1596, g p br.

I tida 1607-1624 la Klemet frå $\frac{1}{2}$ fj til $\frac{1}{2}$ mæle i korntiend. Han var eigar av 4 mællag jord i 1610, 2 mællag i 1611. Vart i åra 1621-1623 kalla husmann, men i 1624 nemnd som brukar att (Statthaldararkivet DIX pk 5). I 1630 er han «utarma». Broren Lars var i kort tid brukar i lag med han,

Lars Tollefsen Klokk

Br ca. 1605-1611, 1613-1615. La $\frac{1}{2}$ fj tiend i 1607. I tida 1611-1613 var han ute i krigen, utreidd som knekt av Anders Velten og Knut Søvik.

Ole

Br ca. 1616-1627 (del), 1627-1636 (heile),

Han brukte truleg først den parten Lars hadde brukt. Var eigar av $4\frac{1}{2}$ mællag jord. Dreiv sagbruk.

Tollef Klemetsen Klokk f ca. 1596 d ca. 1670

Br 1636-1664

Barn: Knut f ca. 1638, g p br

Tollef brukte lengste tida 2 pd 6 mk, og åtte $\frac{1}{2}$ v 18 mk jord i 1645, i 1657 27 mk som ikkje var på Klokk. I 1657 la han $5\frac{1}{2}$ slettmark i krøterskatt av 1 hest og 10 kyr.

Knut Tollefsen Klokk f ca. 1638 d ca. 1718

Br 1664-1712

Born: 1. Anne f ca. 1668, g Lars Pedersen Løset R (br 2). Sjå s 140

2. Agate f ca. 1672, g Ole Anderssen Løvoll f ca. 1662, (br B).

3. Magnhild f ca. 1673, g p br

4. Tyri f ca. 1683, g Knut Olsen Hole (Knutg.).

I 1694 brukte han $4\frac{1}{2}$ mællag og åtte 2 pd 15 mk jord i 1700. La i 1711 ekstraskatt for seg og kona og ei taus med 2 rd i årsløn, i alt 2 ort og 2 skill.

1 1666 er nemnd ein Jetmund Tollesen, 9 år. Det er vet ein yngre bror.
Aldersoppgåva er ikkje å lite på.

Ole Anderssen Løvoll (br B) f ca. 1655 d 1741

g Magnhild Knutsd. Klokk f ca. 1673 d 1752

Br 1712-1740

Born: 1. Ingeborg f ca. 1698, d 1782, g 1738 Anders Kristensen Sorte
(1710-1781), omtalt i Fyllings folkesagn.
2. Knut f ca. 1712, g p br
3. Jørgen f 1722 d 1793, g 1768 ek. Guri Tormodsd. Fauske f ca.
1718 d 1791. Bustad Fauske og Eidem.
4. Ole f 1723 d 1762, g 1751 Gunilde Nilsd. Glomset f 1727 d 1798.
Bustad Øvre Glomset. Ho vart g 2. Ole Svendsen Myrset i 1763.

Ole Anderssen hadde ein bror på Løvoll med same namn, og til son hans selde han dei $15\frac{3}{7}$ mk i Løvoll som han hadde fått i arv. Med kona Magnhild fekk Ole $14\frac{4}{6}$ mk i Klokk, og like mykje fekk han kjøpe av kvar av dei tre svograne for 7 rd til kvar. I 1721 åtte han 3 mællag 1 fj med bygsel. I 1737 stemnde han svogerens Lars Pedersen Løset for å forsøre skøyta si av 1721. Lars og borna hans gav då avkall på all rett til bruket på Klokk og vedgjekk at dei hadde fått full betaling av Ole.

Knut Olsen Klokk f ca. 1712 d 1762

g 1. 1740 Brit Sjursd. Brusdal, d 1742, 28 år

g 2. 1744 Tyri Iversd. Øgård f 1719 på Stranda, d 1796

Br 1740-1762, ek. til 1765

Born: 1. Agate f 1741 d 1742, $\frac{3}{4}$ år
2. Iver f 1745, g p br
3. Magnhild f 1748, g 1771 Lars Ingebrigtsen Åkernes f ca. 1742.
Sjå Klokk bruk Ca.
4. Berte f 1750 d ug 1801
5. Ole f 1751, g til Blakstad bnr 3.
6. Jesper f 1753 d 1757
7. Knut f 1757 d 1758
8. Knut f 1759, d $\frac{1}{2}$ år.

Knut Olsen ervde $14\frac{5}{8}$ mk i bruket og kjøpte resten av syskena Ole, Jørgen og Ingeborg Sorte med 8 rd 12 skill. til kvar. Han var medhjelpar. Tyri g 2. 1767 Ole Sjursen Klokk, br Ca.

Iver Knutsen Klokk f 1745 d 1810

g 1. 1767 Charlotte Olsd. Melset (br C) f 1746 d 1791

g 2. 1792 Anne Eriksd. Utvik f ca. 1739 d 1810

Br 1765-1789

Born: 1. Guri f 1767 (unemnd 1791)

2. Knut f 1768, g 1800 Marte Pedersd. Ø. Søvik (br 2) f 1773.

Bustad Nysæter.

3. Anne f 1771

4. Tyri f 1774 g Knut Knuts. Abelset på Oppsal.

5. Margrete Jesperine f 1782

I tillegg til det han sjølv ervde i bruket, kjøpte han resten av broren Ole og mora Tyri, for 10 rd pr mællag. I 1769 selde han dette jordegodset til Jørgen Olsen Fauske for 45 rd. Flytte til Oppsal. Sk. 1791: Brutto 56 rd, netto 51 rd.

Knut Pedersen f ca. 1756 d 1846

g 1. Massi Torsd. f ca. 1757 d 1809

g 2. 1810 Embjør Larsd. Ørskog d 1843

Br 1789-1821

Born: 1. Eli f ca. 1782, d ug 1822

2. Tore f 1783, g p Klokk bnr 4

3. Peder f ca. 1786, g 1820 Olave Tormodsd. Midtlien frå Skodje f c.a. 1787.

4. Iver f 1789, til Bjørlykke i Vatne, d der 1870

5. Guri f 1792 d 1881 på Gausnes, g 1818 Jens Paulsen Lid f ca. 1780.

6. Knut f 1794, g 1822 Berte Helene Jakobsd. Nedre Lande f 1795.
Knut vart gbr på Lande.

7. Benedikt (Bendik) f 1797, g p Klokk bnr 5.

8. Marte Cecilie f 1800 d 19 veker

9. Marte *Cecilie* f 1801 g 1827 Petter Peders. Ø. Søvik f 1795,
bustad Nysæter br 2.

Sk. 1809: Brutto 88 rd, netto 70 rd.

Etter Knut Pedersen vart bruket delt i bnr 4 og bnr 5.

Bnr 4 SØLFESTGARDEN

Tore Knutsen Klokk f 1783 d 1865

g 1821 Berte Eline Jonsd. Melset (br Ba) f 1791 d 1856 eller før.

Br 1821-1851

Barn før ekteskap:

1. Karen Sofie f ca. 1811, g 1838 Johan Iversen Fremstedal frå Stangbo i Lom f 1803. Til Ramstad br 9.

Barn i ekteskap:

2. Jørgen f 1824, d 1 veke.

Tore var med i krigen mot svenskane frå 1809.

Bruket til Tore hadde gammal skyld 1 pd 16½ mk. ny 1-2-18½ .

Versonen Johan Ramstad kjøpte ei stove på Klokk av Tore i 1839.

Tore møtte i forlikskommisjonen i ei sak mot Jørgen Jakobsen Klokk på
nbr 7. Jørgen hadde brukt ein del av gardsrommet på nordaustre sida av løa
til Tore og broren Bendik til å leggje brenneved og ein molddunge, slik at
dette låg i vegen for Tore når han skulle køyre inn i løa si. «Forlig umulig. -
Endelig etter lang ventilasjon»: Jørgen skal ha rett til å leggje brenneved på
plassen, men ikkje slik at den ligg i vegen for køyring til og frå løa til Tore. -
Etter utskiftinga hadde Tore og Bendik fått rett til å hogge 10 bjørketre på
eit jordstykke som Jørgen fekk ved utskiftinga. Den retten skulle dei ha
framleis når Jørgen var ferdig med slåtten på dette stykket.

Sølfest Knutsen Øvstegård frå Oaldsbygda f 1820 d 1904

g Oline Gundersd. Åkernes f 1820 i Sunnylven, d 1889

Br 1851-1904

Barn: Knut Andreas f 1850, g p br

Skøyte tgl. 10/10 1851. Kår til Tore og kona. Sånad og buskap 1865: 1 t
bygg, 1 t blk, 3 t havre, 3 t poteter. - 1 hest, 7 kyr, 12 sauher og 6 geiter.
Bruket hadde i 1860-åra 19 dekar mindre god åker og dyrka eng, 56 dekar
natureng. Matr, førebuingsarb. har desse tala: Sår 1 t, avlar 8 t bygg, sår
1 t, avlar 6 t blk, sår 3 t, avlar 16 t havre, sår 3 t, avlar 18 t poteter.

Buskap: 1 hest, 5 storfe, 20 småfe. Tungbrukt.

1875: Sånad ½ t bygg, 1½ t blk, 2 t havre, 3 t poteter. Buskap: 1 hest, 1
okse, 6 kyr, 14 sauher, 5 geiter.

Saman med Knut Bendiksen Klokk sette han Svinsetbrua i stand og
kravde 7 spd 4 ort 4 skill. for arbeidet. Kommunestyret syntest 6 spd 60
skill. var nok.

Knut Andreas Sølfestsen Klokk f 1850 d 1936

g 1879 Elen Marte Larsd. Ramstad (Hoggen) f 1848 d 1916

Ho var frå ein plass under Erik g. og tente hos far til Knut i 1875.

Br 1904- 1912

Born: 1. Sølfest Laurits f 1878. Sjå nbr 10 under nbr 5.

2. Ole Gabriel f 1881, fiskar, d 1905.

3. Ole Petter f 1884 d 1914, g Berit Sylte frå Tresfjorden. Han var
skreddar. Sjå nbr 20.

4. Lars Petter Olaus f 1886, g p br
5. Hanna Karoline f 1889 d 13 veker
6. Hanna Oline (*Lina*) f 1891, ug skreddar. (Sjå bnr 20 Bakkelund).

Lars Petter Olaus Knutsen Klokk f 1886
 g 1911 Berte Johanne Larsd. Straumsheim (Bendikpl.) (1888-1973)
 Br 1914-1956

- Born:
1. Lovise Berntine f 1912, g 1939 Knut Kristianssen Frostad f 1912
 på Vestnes.
 2. Olga Hansine f 1914, hushaldar, syerske.
 3. Einar Håkon f 1916, sjå bnr 34.
 4. Olav Torbjørn f 1918, p br
 5. Jensine f 1921, g 1953 Sverre Berkvik, Volda.
 6. Kirsten Petrine f 1924, g 1953 Kåre Bjørkvoll frå Eikenosvåg.
 7. Arne f 1926, g 1967 Kjellaug Johansd. Tynes. Skipsmaskinist,
 bustad Fauske.
 8. Borghild f 1929, g 1950 Jon Olav Karlsen Søvik frå Borgund f
 1923. Fiskar.
 9. Harald f 1931 g 1960 Johanne Saltkjelsvik.
 10. Kjell Magne f 1933, g Elsa Langenes frå Bjørke i Hjørundfjord.

Fekk skøyte på bruket for 1800 kr. 6/10 1914. Kår. Etter utskifting vart
 bruket flytt. Før låg tunet i ei klynge saman med Jørnbruket og Olabru-ket.
 Sylfestbruket fekk no alt sitt i ein teig, men det var berre udyrka mark.
 Stovehus vart bygt i 1912 og løe i 1913. Kvernhus hadde dei i lag med bnr 5.
 Det var i bruk til 1944. Til bruket høyrer naust og sel som har vorte haldne i
 stand. Nede i «Dalane» har dei to høylører, men småhøy-slåtten minka etter
 kvart.

I yngre år var Lars Petter fiskar, m.a. på Doggerbank og ved Island. I
 mange år var han sjømann i fyrvesenet og vart kjend med heile kysten. Ved
 sida av gardsarbeidet var han vegvaktar i 20 år, ei tid på kommunevegane
 heilt frå den gamle sykkylvsgrensa til strandagrensa ved Fausadal.

Var med i kommunestyret, skulestyre og kommunale nemnder. Var
 helsesterk og dreiv heimefiske på fjorden til han var bortimot 90 år. Enno
 (1982) er han like åndsfrisk, 96 år gammal. Bokskrivaren hadde fleire
 lange samtalar med han etter at han var over 90, og hadde stor glede og nytte
 av den hyggelege gamle mannen med det gode minnet.

Olav Torbjørn Larssen Klokk f 1918

Br 1956-

Ved sida av gardsdrifta har han drive fiske, og har i lang tid vore vegvaktar.

I 1963 fann han under jordarbeid ei steinøks som fagfolk meiner er mellom 4 og 5 tusen år gammal.

Bnr 13 MINDEBAKKEN

Utskilt frå bnr 4 i 1906, skyld 30 øre

Sølfest Laurits Knutsen Klokk f 1878 d 1966

g 1. 1900 Stina Marie Martinusd. Remø f 1879 i Herøy d 1907.

g 2. 1908 Nikoline Bottolfsd. Osdal f 1886 i Volda.

Br 1906-1957

Born i 1. ekteskap:

1. Sigfred Anton f 1900, bustad Vesterålen.
2. Knut Elias f 1902 i Herøy, d 1924
3. Rasofiel Andreas f 1904, bustad Remøy. fiskar, g 1928 Selma Pettersd. Voldsund f 1907.

Born i 2. ekteskap:

4. Sina Oline f 1908, g Hans R. Kallestadvik, Sotra.
5. Ole Karl f 1910, g Karine Røsnes.
6. Bernhard Olaf f 1912, g Torlaug Uri. Bur på Flemsøya.
7. Margit f 1913, g Sivert Høydal, Volda.
8. Leif Birger f 1915, g p br
9. Helga Petra f 1918, g Ragnvald S. Søvik. Nedre Søvik bnr 2.
10. Karl Johan f 1920, g Magda Lange frå Eresfjord og Visdal, f 1915.
Sjå bnr 68 Blindheim, bd 2 s. 181.
11. Sverre f 1922, g Jofrid Høydal, Volda.
12. Kåre f 1924, g Bjørg Haugen, Lauvstad.
13. Øyvind f 1927, g 1964 Bjørg Reidun Liseth f 1942 i Davik
14. Edit f 1929, g Arne S. Longva, Flemsøy.

Sølfest kjøpte i 1906 ein plass med stove på auksjon etter Bendik Klokk på bnr 5. Det var

Bnr 10 STUETEIGEN

I 1908 fekk Sølfest ein teig av farsgarden, Volleteigen og 2 skogteigar og ei torvmyr av bestefaren Sølfest Klokk. Dei to teigane grensa til kvarandre og vart slegne saman med Mindebakken.

Dette bruket ligg nede ved sjøen. I 1919 vart namnet endra til Bestefars Minde.

Bnr 28 BESTEFARS MINDE II

Utskilt frå bnr 4 og i 1931 slege saman med bnr 13.

Bnr 13 BESTEFARS MINDE

*Leif Sølfestsen Klokk f 1915
g 1946 Lida Kristine Pettersd. Valderhaug f 1915
Br 1957-*

Barn: Svein Petter f 1950.
Leit Klokk har hatt fiske som attåtnæring.

*Ole Johan Karolussen Klokk (br 8) f 1869
bygsla eit stykke nede ved sjøen frå bnr 4 i 1898. Det stykket vart ved
utskiftinga tildelt bnr 9, som selde det til Ole Johan i 1910. Sjå bnr 8.*

*Ole Andreas Johansen Løset R f 1873
bygsla i 1898 eit stykke av bnr 4 nede ved sjøen. Det vart ved utskiftinga
tildelt bnr 9, og Ole Andreas kjøpte det av dei. Sjå bnr 19 under bnr 9.*

Rnr 20 BAKKELUND

*Hanna Oline Knutsd. Klokk (frå bnr 4) f 1891
Bruket var ei gāve til henne frā faren, og vart utskilt frā bnr. 4 i 1908.
Lina, som ho vart kalla, selde bruket i 1912 til broren*

*Ole Petter Knutsen Klokk (frå bnr 4) f 1884 d 1914
g Berit Karoline Pettersd. Sylte f 1884 i Tresfjorden
Br 1908-1914
Ingen born.
Både Ole Petter og systera Lina var skreddarar. Ole Petter bygde stove-
hus i 1909. Enkja selde bruket og gifte seg att med lærar Nordstrand,
Sollihøgda. 5 born, av dei fall 2 i krigen. Den enkja selde Bakkelund til*

*Thomas Olsen Blomberg f 1886 d 1973
g Gjertrud Vike frā Vikebukt f 1888 d 1935*

- Born:
1. Odd f 1913 i Stordal, d 1967, g Alvhild Hauge f 1910 i Sunn-
ylven. Odd var møbelsnikkar. Bustad Ørstaa frå 1936.
 2. Jostein f 1914. Skreddar i Trondheim frå 1937. Fall i krigen 22/4
1940 ved Stiklestad kyrkje.
 3. Kåre f 1918 g Berntine Marie Ness f 1915 i Trondheim. Han er
skreddar. Budde i Trondheim frå 1939. Bur no i Hønefoss.
 4. Torleif f 1921, bur på Aure i Sykkylven.

Også Thomas Blomberg var skreddar. Budde ei tid i Stordalen og arbeidde hos Lied der. Fekk skøyte på Bakkelund 26/6 1915. Dreiv konfeksjonssaum og hadde fleire kvinner i arbeid. Kona hans var syster til kona til Ole Lied frå Liabygda som dreiv konfeksjonsfabrikk på Aure. I 1922 flytte familien Blomberg frå Klokk til Aure der Thomas Blomberg arbeidde saman med svogeran. Hadde sidan sin eigen skreddarverkstad på Aure til brannen i 1939. Han selde bruket i 1922 til

Nils P. Omenås (sjå bnr 14)

Anne Josefine Rasmusd., Melset (br 1) f 1882
Ho kjøpte dette br. (og bnr 22) i 1939 for 3500 kr. Etter henne har huset
på Bakkelund vorte kalla Jossahuset.

Jan Rolfsen Melseth
Kjøpte bnr 20 i 1977. I 1981 vart tunet med det gamle huset frådelt og fekk
bnr 50, medan resten, som Jan Melseth framleis eig, enno har bnr 20.

Bnr 50

Jarle Skjortnes f 1948
g Gerd Karin Winsjansen f 1955 på Aure
Born: 1. Sonja Elisabeth f 1974
2. Randi Bente Winsjansen f 1978
Skjortnes er sveistar.

Bnr 34 GRØNHaugen

Utskilt frå bnr 4 i 1958, skyld 1 øre
Einar Larssen Klokk f 1916
g 1947 Nelly Frøysa f 1919 i Sunnylven
Dei bur i Vegsund og har ikkje bygt på denne tomta.

Bnr 5 BENDIKGARDEN

Som nemnt vart bruk B delt i 1821 i bnr 4 og bnr 5.
Første brukaren her var bror til Tore Knutsen på bnr 4

Bendik Knutsen Klokk f 1797 d 1855

g 1822 Berte Sivertsd. f ca. 1797

Br 1821-1855

Born: 1. Massi Eline f 1823. Ho var døvstum. Fekk barn Berte Johanne
f 1855 (far: Lars Knutsen Melset, br 8).

2. Knut f 1833, g p br

Skøyte frå faren Knut Pedersen for 125 spd. Gammal skyld 1 pd 16½
mk, ny 1-2-18.

Sånad 1835: ½ t bygg, 1 t blk, 2 t havre, 1½ t poteter. Krøter: 1 hest, 7
storfe, 12 sauher og 6 geiter.

Knut Bendiksen Klokk f 1833 d 1915

1854 g 1. Karen Johannesh. Espehjelle f 1823 d 1872

1876 g 2. Ingeborg Knutsd. Brunstad f 1825 d 1893

Br 1855-1892

Born: 1. Johanne Birgitte f 1854, g 1880 Severin Berntsen Klokk (br 1)
f 1853. Bustad Myrepllass II Løset S.

2. Berte Petrine f 1856, g 1884 plm Peter Johannessen Vaksvik f
1851.

3. Karen Oline f 1860, kf 1874

4. Petter Bendik Tomas f 1864, g p br

5. Karl Johan f 1867 d 1938, g 1. 1904 Olave Petersd. Jordskar
f 1865. G 2. 1908 Johanne Petersd. Viset f 1868.

Skøyte 26/6 1855 frå faren for 190 spd. Kår til foreldra og til systera Massi.
Selde bruket i 1870 til Karen Regine Rasmusd. Voldsdal for 250 spd og
tok det på bygsel. I 1860-åra hadde bruket 19 dekar mindre god åker og
dyrka eng og 56 dekar natureng. Sådde 1 t bygg, 1 t blk, 3 t havre og 3 t
poteter, og avla 8 t bygg, 6 t blk, 16 t havre og 18 t poteter. Buskap 1
hest, 5 storfe og 20 småfe. Folketeljinga 1865 har desse tala for buskap: 1
hest, 7 kyr, 12 sauher. 6 geiter og 1 gris.

1875: 1 hest, 5 kyr, 2 kalvar, 13 sauher, 3 geiter, 1 gris. Sånad: ½ t
bygg, 1½ t blk. 2 t havre og 2 t poteter. Bruket vart rekna som
tungbrukt.

Petter Bendik Tomas Knutsen Klokk f 1864 d 1898
g 1891 Ane Petrine Olivie Andreasd. Busengdal f 1868 (ei kjelde har Lien
(Dyrkorn) som etternamn for Ane).

Br 1892-1898

Born: 1. Karen Olave Petrine f 1891 d 1908

2. Knut Andreas f 1895, 1939 Ragnhild Kvien f 1906 i Vang i Valdres. Han var overlærar i Oslo.
3. Peter Bernhard f 1898, lagersjef ved Møre Felleskjøp i Ålesund.
Skøyte frå Laurits P. Gåseide for 1500 kr. 11/11 1892. Bendik var halt. Han greidde seg ikkje på garden. Selde bruket i 1898 til Ludvik Larssen Klokk for 2000 kr. Dei to sønene voks ikkje opp i lag, men vart bortsette kvar på sin stad til slektingar. Knut døydde i 1978.

Ludvik Bastian Larssen Vinsnes f 1845

g Oline Susanne Johansd. Klokk f 1843 på bnr 6 (Sjå s 234)

Br 1898-1905

Ludvik og familie hadde vore på bnr 6 frå 1869. Då han selde bruket i 1905 tok han frå eit stykke nede ved sjøen og bygde hus der. Meir under bnr 6, bnr 9 og bnr 12 Lund, som stykket nede ved sjøen vart kalla.

Peder Rasmus Jørgensen Melset f 1878 på Ryingen, Melset

g Olivia Tomasin Olsd. Nedre Søvik f 1875, syerske

Br 1905-1907

Born: 1. Peder Oluf f 1901

2. Ragna Olivia Lovise f 1906, d 1909 på Ikornnes.
3. Ruth Emmy f 1907, g 1928 Hans Akselsen Os f 1903.

Skøyte frå Ludvik Larssen på bruket med hus for 3000 kr. 4/7 1905.

Peder Rasmus var snikkar, og vart seinare bokker i Ålesund.

Bnr 5 FRØYSAGARDEN, før BENDIKGARDEN

Petter Olsen Løset S (pl under br 1) f 1870 d 1963

g 1896 Sofie Lovise Ebbesd. Fjørstad f 1875 d 1952

Br 1908-1924

- Born: 1. Gustava (*Gusta*) f 1897, g 1920 Karl Johan Knutsen Klokk (bnr 2) f 1890 d 1956. Bustad Fjørstad F.
2. Petra Oline f 1899, g 1922 Hans Rasmus Larssen Emmedalsgjerde (1896-1955). Bustad Emdal.
 3. Ellen Johanne f 1901 d 1958, g 1932 Per Johan Kjelstadlid, Ørskog f 1889 i Sunnylvan.

4. Emma Oluffa f 1902, g 1928 Asmund Tronstad, Sløgstad
5. Olga Kristine f 1909, g 1932 em. Bernhard Leonhard Tennfjord
f 1901 i Ørskog, bustad Sjøholt. Sjåfør.
6. Paul Sverre f 1916, g 1938 Ragna Bjermeland f 1912, syerske.
Han er sjåfør på Sjøholt. Sjå bnr 25, Ørskog.

Petter Olsen var 3 turar i Amerika, der han dreiv skogsarbeid. Fekk skøyte på Bendikg. frå Peter Rasm. Jørgens. Melset 3/8 1908 for 3000 kr. Gav i 1924 kona fullmakt til å selje garden til Lars O. Frøysa. Etter at han selde Bendikgarden kjøpte han hus på Sjøholt og budde der sidan. Skreiv seg for Klokk.

Lars Olsen Frøysa f 1880 d 1969
g 1916 Ingeborg Klemetsd. Rørhus f 1886 d 1977
Br 1924-1950

Born:

1. Ragnhild f 1917, g 1959 Olav Bakken f 1917 i Seljord. Han er jordskifteteknikar.
2. Olina f 1919, g 1947 Halvard Ruud-Olsen f 1913 i Ålesund. Han er lagersjef.
3. Olava f 1920, g 1950 Gunnar Sveås f 1926 i Støren. Bur på Blindheim bnr 57. Sjå bd 2 s. 180.
4. Ole f 1923 i Sunnylven, p br

Då Lars Frøysa kjøpte bruket var ca. 5 dekar dyrka. Våningshuset var i bra stand, men fjøsen måtte reparerast. Han var bygningsmann og gjorde det meste åleine. Ved sida av gardsbruket dreiv han som bygningsmann og farta mykje rundt på Sunnmøre. Men så gjekk han over til nydyrkning på bruket og det vart mindre tid til anna. Dyrka ca. 20 dekar.

Ole Larsen Frøysa f 1923
Br 1950-

Skøyte frå faren 14/11 1953 for 5000 kr. Kår. Ole bygde nye hus, våningshus i 1973, løe i 1976. I faren si tid hadde dei 5-6 mjølkekyr, nokre ungdyr, 10-12 sauer og hest. Ole har slutta med mjølkeproduksjon og har ca. 50 sauer, 9-10 purker og slaktegris.

Bnr 10 STUETEIGEN

Utskilt frå bnr 5 i 1898, skyld 16 øre
Ane Andreasd. Klokk f Busengdal ca. 1868.
enkja etter Bendik Knutsen Klokk. Etter hennar død fekk Sølfest Knut sen Klokk skøyte på Stueteigen. Sjå bnr 13 Mindebakken under bnr 4.

Bnr 11 ØIESKIFTET

Utskilt frå bnr 5 i 1898

Ole Andreas Johansen Løseth f 1873

Sjå bnr 19 frå bnr 9.

Oskar O. Løseth

Sjå bnr 19 under bnr 9

Bnr 35 FJORDGLØTT

Utskilt frå bnr 11 Øieskiftet i 1965, skyld 2 øre

Oddvar Oskarsen Løseth f 1937

g 1962 Kirsten Olsd. Honningdalsnes f 1940

Born: 1. Vidar Oddbjørn f 1963

2. Heidi Anne f 1964

3. Geir f 1968

4. Borgar Kjetil f 1971

Bygde seg våningshus i 1965. Har teke over handelen ved Kloksjøen etter faren. Tok i 1975 òg over eit jordstykke.

Bnr 12 LUND

Utskilt frå bnr 5 i 1905, skyld 26 øre

Ludvik Larssen Klokk f Vinsnes 1845

g Oline Susanne Johansd. Klokk (br CA) f 1843

Br 1905-1927

Han brukte først den halvparten av bnr 6 som sidan vart kalla Ytstehaugen bnr 9. Kjøpte så Bendikgarden (s.d.) og tok frå dette stykket nede ved sjøen og bygde seg hus her. Han køyrdé posten frå Sykkylven ein gong i veka og var første postmannen i grenda. Noko seinare kom der posthus som Ludvik styrde.

I 1919 kravde Ludvik at bnr 12 skulle slåast saman med bnr 16 Lund Øvre og bnr 17 Lund Nedre til eitt bruk med bnr 12 og namnet Lund. Dei tre parsellane grensa til kvarandre. Sjå bnr 6. Ludvik fekk skøyte på Lund Øvre frå Peter Rasmus Jørgensen Melset i 1908, skyld 7 øre, og skøyte på Lund Nedre (skyld 12 øre) frå Karl Nilssen Klokk i 1909. På bruket til Ludvik Larssen står eit tomt hus som vert kalla Ole Johan-huset, etter han som bygde det då han kom heimatt frå Amerika ca. 1925 og budde der. Sjå Ramstad bnr 5 under Ole Andreas Larssen R (barn nr 4). Sjå s 239

Ole Andreassen Hellebostad f 1897

Br 1927-

Sjå bnr 2 Svinset. Han kjøpte bnr 12 Lund i 1927 som tilleggsjord til garden sin på Svinset, for 4125 kr. Men han budde ikke her. Det vart ein av sónene som tok over Lund. Det var

Sverre Olsen Hellebostad f 1925

g 1948 Ella Sandøy f 1920 i Sør-Aukra

Born: 1. Odd Arnstein f 1948, sjå bnr 2 Svinset

2. Inger Karin f 1952

3. Svein Edvard f 1965

Sverre Hellebostad er møbeltapetserar.

Bnr 24 LUNDHEIM

Utskilt frå bnr 5 i 1921, skyld 2 øre

Rikard Lauritzen Melset f 1900 på bnr 5. (Sjå s 183)

Skøyte frå Petter C. O. Klokk 5/11 1921.

Marie Melset f 1898 på bnr 5 (Sjå s 183)

Skøyte frå E. Frøysa (etter fullmakt) på dette bruket med hus for 1000 kr., dat . 24/11 1934.

Hermann Svindseth f 1910 (bnr 3)

Skøyte frå Marie Melset 6/2 1943 for 2000 kr.

Jakob Sørensen f 1900

Skøyte frå Hermann Svindseth 5/5 1950. Sørensen budde før på Lukkedal (s.d.).

Erling Jenssen Skjortnes f 1942 i Stordal

g 1971 Inger Lise Fiksdal f Bjørke 1944

Hennar born i 1. ekteskap:

1. May Britt Skjortnes f 1963

2. Gunn Kristin Skjortnes f 1967

Borna til Erling og Inger:

3. Elen Sofie f 1973

4. Janita Katrin f 1974

Skjortnes kom til Ramstaddal i 1970 og leigde dette bruket til han kjøpte det i 1972. I 1979 kjøpte han ½ dekar som tilleggstomt, av Ole Frøysa.



Foto frå Klokk, ved kaia i Ramstaddal. Teke ca.1908

Tilleggstromta fekk bnr 47, men går i eitt med bnr 24. Erling Skjortnes er tilsett som fagarbeidar i teknisk etat i Sykkylven kommune.

Bnr 26 POSTTOMTA

Utskilt frå bnr 12 i 1925, skyld 1 øre

Ole O. Svindseth (bnr 1)

Skøyte frå Ludvik L. Klokk og Ole Monsen Melset 18/7 1925.

Astrid Kalvø f 1913

Skøyte frå Ole O. Svindseth til dottera 7/7 1947. Det er eit lite posthus som no står tomt. Der har aldri butt folk

Bnr 27 FREDHEIM

Utskilt frå bnr 12 i 1928, skyld 2 øre

Ole A. J. Løseth f 1873

Skøyte frå Ole Olsen Svindseth og Klara Hellebostad 31/12 1929.

Oskar O. Løseth f 1908

Skøyte frå faren 14/2 1955.

Bnr 29 GARASJETOMT

Utskilt frå bnr 5 i 1932, skyld 2 øre
Ole A. J. Løseth

Oskar O. Løseth
Skøyte frå faren i 1944.

Husmann under Bendikgarden:

Paul Karlsen Grebstad f 1778 d 1869
g 1808 Kristine Nilsd. Fauskehagen f 1776 d 1866
Born: 1. Petrine f 1807

2. Nikoline f 1811 d 1851

Før ekteskap hadde Paul barnet

Nikolai Rasmus f 1805 (mor: Petrine Nilsd. Hagen).

I 1850 fekk døttrene skøyte på ei stove for 12 spd. Paul var lenge husmann med jord, men er i 1865 førd som husmann utan jord.

Bruk C

Dette er det som seinare vart til bruk 6, og dermed og til bruk 9. Men frå gammalt av var dette bruket delt på ein særeigen måte: Medan bruket hadde ei samanhengande brukarrekke på den største delen, var der på den minste delen somme tider ingen brukar, d.v.s.. at brukaren i den samanhengande brukarrekka hadde heile bruket: til andre tider var den minste delen så liten ut brukaren kanskje helst burde kallast plassemann. Men siden det òg hende at dei to partane var om lag like store, har eg valt å kalle parten med samanhengande brukarrekke bruk Ca. den andre bruk Cb.

Bruk Ca

Sivert
Br 15. .-1603
Han var brukar av 4 ½ mællag i 1603.

Jetmund
Br 1604-1629
Han vart i 1611 utreidd til Kalmarkrigen av Halstein og Erik Ramstad,

men Jon Larssen Løvoll gjekk ut i staden. Jetmund la korntiend frå 1 fj til $\frac{1}{2}$ mæle, og var eigar av $1\frac{1}{2}$ mællag jord.

Knut Ellefsen f ca. 1606 d 1665

g N. N. Sivertsd. Melset (br Ca)

Br 1630-1665, enkja til 1666

Barn: Klemet f ca. 1640

Knut var i 1644 eigar av 1 pd 3 mk jord som han budde på, og brukte for det meste om lag dobbelt så mykje. I 1645 la han koppskatt for seg og kona. I 1657 la han krøterskatt av 1 hest, 6 kyr og 2 geiter: $\frac{1}{2}$ rd 12 skill. I 1663 vart han stemnd av Iver Jensen Bantzbild for gjeld for såkorn, og av presten Hegelund for 13 års leige av ei ku.

Klemet Knutsen Klokk f ca. 1640

Br 1665-1683, første året i lag med mora.

Barn: Lars

Kan hende brukte han same jordvidd heile tida, men skylda auka frå $3\frac{1}{2}$ mællag i 1666, $3\frac{1}{2}$ mællag 8 mk i 1675 og 4 mællag i 1678. I mange år var han brukar av heile bruk C.

Ole Olsen f ca. 1647 d 1721

Br 1683-1708

Barn: Brynhild f ca. 1683, g p br

Som føremannen brukte Ole tidvis heile bruk C. I 1701 hadde han tenaren Tormo Halvorsen, som var son til brukaren av bruk Cb.

Iver Olsen Øvre Dyrkorn f ca. 1689 d 1751

g Brynhild Olsd. Klokk f ca. 1683 d 1731

Br 1708-1732

Born: 1. Marte f 1710, g p br

2. Kari f ca. 1716

3. Ole f ca. 1721

4. Knut f 1723, d 16 veker

Iver bygsla $3\frac{1}{4}$ mællag i Klokk 8/7 1713 av Chr. Abelset, eller rettare sagt, først da fekk han bygselsetel. Ny bygselsetel i 1720 på $3\frac{1}{4}$ mællag, og det var det same som han brukte siste året, 1732. Det året hadde brukaren av Cb $22\frac{1}{2}$ mk. Iver altså 2 pd $10\frac{1}{2}$ mk. til saman 1 v 9 mk, som var storleiken på dei udelte Klokk-bruka.

Før han kom til Klokk, tente han på Mårsund i Romsdal, og det var der han døydde.

Sk. 1731: 7-1-8 i gangklede. Sk. 3/6 1751: Brutto 43 rd, netto 38 rd.

Sjur Jakobsen Melset (br Ca) f ca. 1695 d 1749
g 1. 1732 Marte Iversd. Klokk f 1710 d 1748
g 2. 1749 Anna Arnesd. Berge f ca. 1674 d 1752
Br 1732-1749

Born: 1. Ole f 1732, g p br
2. Jakob f 1736. sjå nedanfor
3. Knut f 1739, d 4½ veke
4. Ole d.y.. 12 år i 1752
5. Brynhild f 1740
6. Gjertrud f 1746. Hadde barnet Erik f 1775 (far: em. Erik Lykke
på Tyskholmen).

Sjur var soldat i major Rømers kompani 1723-1731. I 1742 var han brukar
av 3 mællag. Sk. 1748: Brutto 90 rd. netto 80 rd. Sk. 1749: Brutto 63 rd,
netto 26 rd.

Sonen Jakob gjorde militärteneste i Danmark, og vart i 1773 gift med
Charlotte Juliane Arendsborg f ca. 1749. (Etternamnet hennar finst skrive
på ymse måtar.) Dei kjøpte Flisholmen i 1775, etter å ha drive brenne-
vinshandel der eit års tid. Nokre år før han døydde pantsette han Flishol-
men ved eit lån på 1000 rd, som han greidde å betale tilbake. Dreiv òg
gardsbruk der han hadde 8 kyr. I 1788 hadde dei ein fosterson Erik på 13
år «som læser godt både indeni og udenad». 3 drenger og 2 tenestjenter
(Bispearkivet, SB, Manntallslister for prestene i Sunnmøre 1760-1790.)

Jakob døydde i 1790, 54 år, og enkja gifte seg att med Jens Winje i
Tusvik (s.d.). (Hedvig og Ejnar Nielsen: Slægten Kloch. Kolding 1943.)

Jetmund Jakobsen Melset d ug 1752

Br 1749-1752

Han var bror til Sjur Jakobsen Klokk frå Melset. (Sjå s 177)

Ole Sjursen Klokk f 1732 d 1770

g 1. 1752 Berte Hansd. Drege f ca. 1720 d 1766
g 2. 1767 ek. Tyri Iversd. Klokk f Ødegård 1719, enkje etter Knut Ols.
Klokk, bruk B (Sjå s 216)

Br 1752-1770

Born i l. ekteskap:

1. Anne Maria f 1753 g Hans Ingebrigtsen Drege f 1750. Bustad Løvoll
bnr 3. Ho hadde sonen Anders f 1780 (far: Erik Olsen Gjære).
Anders kom vekk på sjøen i 1806. Då vart mor hans kalla Anne
Klokksfjæren. (Sjå s 340)
2. Berte f 1754, d 1818, g 1796 em. Hans Ols. Lyshol.

3. Sjur f 1757

4. Ragnilde f 1759. Hadde barnet Elling Johannes f 1793 (far: sold. Anders Hanssen Reite). Ragnilde tok same året livet av seg, «Hun var vankelmodig og styrtede sig frå en klippe og i vandet ved Løvolden».

5. Eli f 1761 d 1763

Barn i 2. ekteskap:

6. Knut f 1769

Ole brukte $\frac{2}{3}$ av bruk C. Han var legdsman i 96. legd.

Lars Ingebrigtsen Åkernes d 1778 35½ år

g 1771 Magnilde Knutsd. f 1744

Br 1771-1778

Born: 1. Rasmus f 1772, d 8 dg

2. Ole f 1772(tvill.)d 1 dg

3. Rasmus f 1774, d 1853. Far til Lars Karl f 1812 (mor: Berte Knutsd. Svinset f. 1786. Berte sidan g til Vinsnes.

4. Berte f 1775, g 1821 Jørgen Jetmunds. Davenes f 1796.

5. Tyri f 1777, g Salmon Hanssen Lukkedal f 1764.

6. Johanne f 1778 d 23 veker

7. Jørgen Andreas f 1778 (tvill.), d ug 1811

Bror til Lars, Gunder, kom òg til Klokk, og systera Synneve kom til Rønes. Lars var skulehaldar. Han fekk som gardbrukar 3 rd i premie for «flid og vindskibelighed».

Sk. 1778: Brutto 73 rd, netto 21 rd.

Enkja gifte seg att med

Knut Knutsen Fivelstad f ca.1747 d 1833

g 1780 ek. Magnilde Knutsd. Klokk f 1744, d 1837, 93 år

Br 1780-1800

Born: 1. Karen Laurentse f 1780, g p br

2. Berte f 1782 g 1810 Knut Pedersen Ø. Søvik bnr 2.

Bygselsetel på 3 mållag 9 mk frå C. M. Abelset 7/10 1780 mot kår til vermora. I 1810 stemnde han Torstein Brunstad m. fl. som i ein seksring hadde støytt på færingen hans og gjort stor skade. Dei gjekk med på å betale 2 rd for skaden og like mykje i sakskostnader.

Magnus Olsen Melset (bur 1) f 1776 d 1839

g Karen Laurentse Knutsd. Klokk f 1780 d 1865

Br 1800-1808

Bygselsetel på 4½ mællag i Klokk 31/5 1800 frå Astrup og enkja på Abelset. I 1802 vart bruket verdsett til 152 rd. I 1808 flytte han med kone og 3 born til Melset (Bruk C).

Knut Olsen Åkernes f ca. 1787 d 1845

g Anne Larsd. Vinje d 1876, 88 år

Br 1808-1809

Born:l. Lars, til Gausdal

2. Sølfest, g Oline S. Åkernes. Bustad Klokk bnr 4 (Sjå s 81)
3. Elias, til Linsetjerde
4. Johannes
5. Gabriel, til Hellebostad
6. Gunnar, lærar
7. Katrina, til Indreeide

Skøyte på 2 pd 15 mk i Klokk 2/11 1808 for 300 rd. Knut var ei tid skulehaldar. Etter eit år selde han Klokk-bruket til broren

Ole Olsen Åkernes f ca. 1782 d 1834

g Berte Rasmusd. Ner-Ljøen f ca. 1790 d 1857

Br 1809-1834

Born: 1. Johannes f 1811

2. Oline f 1812 d 1815
3. Oline Sirine f 1816 g 1840 Halkjell Ellingsen Svinnset f 1804
(br 1),
4. Ingeborg f 1819, g p br
5. Ragnhild Elina f 1821, g 1843 Amund Jakobsen Aure, bustad br
4 Melset.
6. Ole Kristian f 1824, g p br
7. Bergitte f 1826 d 1890, g Peder Eliassen Ødegård frå Volda.
Plm i Borgund (i Vik).
8. Laurentse f 1829, g 1884 Hans *Peder* Petersen Straumsheim
(gammal Tue-plass). Sjå bd 3, s 39
9. Ivrine f 1831 g 1864 Ole Andersen Åsen, Jarnes, br 1. Sjå bd 3, .
s325.

Han fekk bruket for det same som broren hadde gitt sjølv. Året etter bygsla Ole 18 mk av presten Kjelstrup, den delen som før hadde vore benefisert, og med det brukte han heile bruk C. Ved sk. 12/9 1835 vart bruket delt slik: Enkja 1 pd 7½ mk, sonen Ole Kristian 7½ mk, og dei 6 andre syskena som levde fekk kvar $3\frac{15}{16}$ mk, til saman 2 pd 15 mk. Sk. elles 1834: Brutto eige 420 spd, netto 390 spd. Den 5. okt. var der off. auksjon, der det vart selt m.a. 1 færing, $\frac{1}{8}$ i ei sekkenot, 300 famnar

linestreng, 1 hjulrokk, kua «Dagrei», 1 2-års gammal svartflekk okse, 1 småstilt bibel, Forsøg til Afhandling om Guds visdom. Ingen baud på ein trering taksert til 13 spd. Enkja og borna dreiv bruket til Ole Kristian tok over i 16-års alder.

Ole Kristian Olsen Klokk f 1824

g 1850 ek. Berte Gurine Ottesd. Svinset (bnr 2) f Ramstad (bnr 6) 1820,
d 1904

Br 1840-1847

Han lekk skøyte 15/6 1840 frå Berte Rasmusd. Klokk på 1 pd 7½ mk for 100 spd. Kår til Berte av 2 pd 15 mk i Klokk.

Ole Kristian flytte til Svinset (br 2), men heldt fram som eigar av Klokk-bruket til 1876, då han ved gávebrev delte bruket i 3 ideelle partar mellom døtrene Olave Bergitte, Berte Karoline og Oline Gurine.

I 1845 var sånaden 1½ t bygg, 2 ½ t blk, 6 t havre og 2 t poteter. Krøter: 2 hestar, 13 kyr, 20 sauher, 10 geiter og 1 svin.

Johan Halvorsen Abelset f ca. 1813 i Lyster, d 1869

g 1840 Ingeborg Olsd. Klokk (br Ca) f 1819 d 1882

Br 1847-1869

Born: 1. Ole Severin f 1842 d 10 veker

2. Oline Susanne f 1843, g p br (halve) (g Ludvik Larssen Vinsnes). Sjå s 224
3. Berte Tomasine f 1845, g p br (halve)
4. Johanne f 1846, g Rasmus Ols. Skarbøvik (1845-1925).
5. Karoline Marte f 1849 g 1877 Severin Severins. Svinset (bnr 2).
6. Hanna Petrine f 1852, g 1878 Jørgen Anderssen Abelset f 1855.
7. Lars Johan f 1854, tenar på Haram i 1875.
8. Karen f 1856
9. Ingeborg Marie f 1859 d 1873
10. Severin Bastian f 1862, til Minnesota 1891.

Bygselsetel frå Ole Chr. Olsen 24/6 1847 mot kår. Sonen Severin var med «Titanic» etter besøk heime, men vart berga. Johan Halvorsen dreiv litt med kjøp og sal av jord. I 1865 hadde bruket 38 dekar mindre god åker og dyrka eng, 120 dekar mindre god natureng. Sånad 1 t bygg, 2½ t blk, 5½ t havre og 4 t poteter. Det gav 8 t bygg, 17 t blk, 26 t havre og 25 t poteter. Tungbrukt. Buskap: 1 hest, 12 kyr, 20 sauher, 10 geiter og 1 gris.

Etter Johan Halvorsen vart bruket delt mellom 2 brukarar. På den eine helvta kom

Nils Andreas Larssen Skothals f 1833 i Stordalen
g Berte *Tomasine Johansd. Klokk* f 1845 d 1906
Br 1869-1899

- Born:
1. Lars Severin f 1863, til Seattle 1888
 2. Johan Hermann f 1865. Hadde fiskeskøyte.
 3. Ingeborg Jensine f 1868 d 1892
 4. Peter Andreas f 1871 d 1933, g p br
 5. Karl Matias f 1874, g p br
 6. Olave Sofie f 1877
 7. Hanna Birgitte f 1880, kf 1895
 8. Ole Peter f 1883 d 9 mnd
 9. Lovise Oluffa f 1888 kf 1903

Bygselsetel på ½ av bnr 6 25/9 1869. 1875: 1 hest 5 kyr 2 kalvar, 16 sauer, 1 geit. Sår 2 t blk, 3 t havre, 2½ t poteter.

Peter Andreas Nilssen Klokk f 1871 d 1933
g 1898 Anne Sofie Pettersd. Tjønes (Rasmusg.) (1866-1952)
Br 1899-1906

Han fekk skøyte på ½ av bnr 6 frå Johan Sivertsen Ramstad og Ole Severin Pettersen Løset, med hus, bortsett frå litlestova som Nils Larssen åtte. Kår til faren. Peter Andreas flytte først til Tjønes, så til Aure. Sjå bd 1 s. 440, der borna er nemnde.

Peter Andreas var først fiskar og gardbrukar, sidan kjøpmann. Han bygde i 1901 stovehuset som enno står på Omenås-bruket.

I 1906 vart denne halvparten av bnr 6 delt i om lag to like deler, då Omenås-bruket vart utskilt. Det vert omtalt seinare. Den som heldt fram på det som var att av bnr 6 var bror til Peter Andreas,

Karl Nilsen Klokk f 1874 d 1910
g Anna Maria Boltolfsd. Osdal f 1880 d 1977, 96 år
Br 1906-1910, enkja til 1926

Born:

1. Nils Bernhard, f 1903, g p br
2. Karl Johan f 1905. Budde på Valderhaug.
3. Bernhard Martin f 1907 d 1907
4. Olga Berta f 1908 d 4 mnd
5. Olaf Hjalmar f 1909 d 1910, 8 mnd
6. Bernhard Martin f 1909

Enkja dreiv garden saman med borna til sonen Nils tok over, Anne Marta var i mange år setrebudeie på Sunndalsetra. Heldt på til ho var 77 år.

Nils Bernhard Karlsson Klokk f 1903
g 1926 Petrine Larsd. Ramstad f 1903 på «Røbbane». bnr 115a (frå bnr 2)
Br 1926-1978

Born: 1. Karsten f 1926, d 1959, g 1951 Nelly Gunnarsd. Kviebakk f
1929. Bustad Høgset, sjå bd 1 s. 357.
2. Olger f 1928 d 1929
3. Olger Martin f 1930, g p br
4. Alv Borge f 1935, fabrikkarbeidar
5. Lars Kåre f 1937, g p br
6. Magnhild f 1947

Olger Martin Nilssen Klokk f 1930
g 1955 Anna Johanne Akselsd. Kald f 1933 i Borgund
Br 1978- i lag med broren Lars Kåre
Born: 1. Oddny f 1956
2. Roger f 1958
3. Vidar f 1960
Sjå bd I s 211.

Lars Kåre Nilssen Klokk f 1937
g 1959 Norunn Kjellaug Oskarsd. Løset f 1940
Br 1978- i lag med boren Olger Martin
Barn: Unni Kristin f 1960
Lars Kåre er gbr og murar. Samtidig med farsgarden tok han og Olger
over bnr 33 Trekanten frå Omenås-bruket.
Den andre parten av bnr 6 då bruket vart delt i 1906 var

Bnr 14 OMENÅSGARDEN

Utskild frå bnr 6 i 1906, skyld 1,20

Nils Petter Pedersen Omenås f 1872

g 1899 Ingeborg Anna Knutsd. Melset (bnr 1) f 1875

Br 1906-1941

Born: 1. Ingvald f 1901
2. Peter f 1902 d 1905, 2 ½ år
3. Peter Konrad Anton f 1906, g p br
4. Olav Jørgen f 1912, g 1939 Solveig Charlotte Olsd. Løseth f 1917
(dotter til handelsmannen på Klokk).
5. Reidar Oskar f 1916

Fekk skøyte 18/6 1906 for 1700 kr. Kår til Nils Larssen g Berte
Tomasine Johansd. Bruket utgjorde 120/257 av bnr 6.

Peter Konrad Nilssen Omenås f 1906 d 1972
g 1930 Josefine Iversd. Klokk f 1904, frå bnr 8
Br 1941-1954

Born: 1. Yngvar f 1930, bur i Spjelkavik
. 2. Annbjørg Karoline f 1931

Peter fekk skøyte frå faren 12/1 1941. Dei flytte til Spjelkavik i 1954 og bygde seg hus der. Josefine var på Vegsund Sjukeheim i 1982.

Jørgen Olaf Larssen Ramstad (bnr 5) f 1915
g 1946 Hjørdis Olsd. Løseth frå Klokk f 1912
(dotter til handelsmannen) bnr 9 (står etter bnr 6).

Br 1954-

Born: 1. Lars Jarle f 1947, g Gro Winnæs f 1951. Bur i Bærum.
2. Ottar Arnold f 1949, ingeniør, g Jorunn Tynes f 1955. Bustad
Spjelkavik.
3. Odmund f 1951, sivilingeniør, g Anne Laila Stene f 1957. Bur i
Oslo.
4. Helge Jon f 1958, sivilingeniør, bur i Trondheim.

Fekk skøyte på Omenåsgarden 10/5 1954 frå Peter Nilssen Omenås.

Huset på Omenåsgarden var det Peter Andreas Nilssen Klokk som bygde i 1901. Det vart tilbygt og utbetra to gonger i tida 1956-1970.

På bruket har dei ikkje hatt mjølkekryr dei siste åra, berre ungdyr.
Jørgen Ramstad er møbelsnikkar.

Bnr 32 RABBEN

Utskilt frå bnr 14 i 1954 før Jørgen Ramstad kjøpte Omenåsg.
Skyld 2 øre.

Annbjørg Omenås Rabbevåg

Har skøyte på det gamle huset og ein del av Rabben. Har vålt huset og brukar det som hytte.

Bnr 33 TREKANTEN

Utskilt frå bnr 14 i 1954, skyld 3 øre.

Nils Bernhard Karlsen Klokk

Sjå bnr 6. I 1978 overteke av sonen Lars Kåre (s.d.).

Bnr 41

Annbjørg Omenås Rabbevåg
Ny 1978

Kirsten Løseth

Tillegg til tomt. Sjå bnr 35.

Bnr 15 NYLUND

Parsell utskilt frå bnr 6 på same tid som Omenåsgarden (1906)

Ole Johan Karolussen Klokk (sjå bnr 8)

Parsellen var på 13,6 ar og grensa i aust mot sjøteigen til bnr 8, i sør til Ånehjellplassen, som den er skild frå ved ein mur, i vest mot hovudbruket, og i nord til sjøen. Parsellen fekk skyld 9 øre. Er halve sjøteigen til bnr 6. Sjå bnr 18 Sjøteigen frå bnr 8.

Plassemenn under bnr 6.

Bernt Olsen Klokk f 1815 d 1898

g Berte Helene Larsd. Skjortnes f 1815 d 26/11 1915

Desse var brukarar på bnr 1 1840-1847, men måtte gå frå garden. Budde sidan lenge nede ved Klokksgjøen. I folketeljinga er Bernt kalla husmann utan jord i 1865. I folketeljinga for 1875 er han førd under Klokk bnr 1 og hadde då 1 ku og 1 sau og sådde 1 t poteter. Sjå bnr 1 Klokk søndre.

RABBEN

Otto Frantzen Dalhus f 1819 d 1880

g Karen Knutsd. Jøsvoll f 1813 i Stordal, d 1892

Br 1842-1880

Born: 1. Karl *Fredrik* f 1842 d 1918, g 1870 Eli Ingebrigtsd. Aure, f 1837
i Geiranger, d 1914. Bustad Aure.
2. Andreas Fredrik f 1846 d 1925, 1875 Berte Syversd. Grebstad f
1843. Bustad Grebstad, plm.
3. Knut Johannes f 1848 d 1921, g 1. Petrine Larsd. Drabløs, g 2.
Olave Larsd. Drabløs. (Bd 2 s. 387).
4. Ole Severin f 1851

5. Anne *Sofie* f 1854. Barn Elen Karoline f 1877 (far: Augustinus Gundersen Myre).

6. Bernt Olaus f 1856, g p br

Otto fekk festesetel 13/10 1845 frå Ole Chr. Olsen Klokk. I 1865 sådde han $\frac{1}{2}$ t blk, $\frac{1}{2}$ t havre og 1 t poteter. Fødde 2 kyr og 8 sauер. 1875: $\frac{1}{2}$ t blk, 1 t havre, 2 $\frac{1}{2}$ t poteter. 2 kyr, 1 kalv, 8 sauер.

Bernt Olaus Ottesen Klokk f 1856 d 1938

g 1. ek. Berte Oline Pedersd. Høgset f Vik (Styrkåg.) 1851 d 1880

g 2. Marta Olsd. Nedrevoll f 1853 d 1936

Br 1880-1938

Barn i 1. ekteskap:

1. Bernt f 1880 på Øye i Tingvoll, der mora var jordmor. Ho døydde på barnseng. Bernt til Amerika.

Born i 2. ekteskap:

2. Karen Oline f 1885 d 1951 på Sjøholt, ug hushjelp.

3. Otto Peder f 1887. Var i Amerika. Var heime ein tur og bygde hus til foreldra. Reiste til Amerika att og døyde kort tid etter.

4. Ole Martinus f 1889, til Amerika, omkom under skogsarb.

5. Helene f 1892, ug syerske på Sjøholt.

6. Jens Oluf f 1895. Til USA, g Sofie Amalie Johansd. frå Tresfjord, f 1890.

Bruket gjekk attende til hovudbruket. Huset står enno og vert brukt som sommarbustad.

Då bnr 6 vart delt i 1869 mellom to systre, vart Ludvik Larssen brukar på den delen som til no ikkje er nærmare omtalt. Sjå Johan Halvorsen Abelset (slutten).

Ludvik Larssen Vinsnes f 1845 d 1929

g Oline Susanne Johansd. Klokk (br Ca) f 1843 d 1926

Br 1869-1895

Born: 1. Iver f 1868 d 14 dg

2. Johanne Birgitte f 1873, g Swett i Amerika

I 1875 sådde Ludvik, som var bygslar, 2 t blk, $2\frac{1}{2}$ t havre og $2\frac{1}{2}$ t poteter. Fødde 1 hest, 1 føl. 4 kyr, 2 kalvar, 9 sauere og 1 gris. Det var denne gardparten som vart til bnr 9 Ytstehaugen. Då bruket vart selt i 1895, fekk Ludvik Larssen og kone kår. I 1898 kjøpte han bnr 5 Bendikgarden (s.d.) og flytte dit. Selde det att i 1905, men fekk seg utskilt eit stykke nede ved sjøen. Dette stykket vart til bnr 12 Lund (s.d.).

Bnr 9 YTSTEHAUGEN

Nikolai Larssen Straume (Tandstad) f 1864 d 1934

g 1892 Karen Iversd. Melset frå Ækra (br 2) f 1868 d 1944

Br 1895-1900

Barn: Olivia f 1892, g Zakarias Furnes (gnr 70).

Nikolai hadde tenkt seg til Amerika, men av ein eller annan grunn fekk han ikkje reise. Fekk skøyte på Ytstehaugen frå Ole Severin Petersen

Løset, Jens Petersen Velle og Johan Sivertsen Ramstad for 2500 kr.

Flytte tilbake til Sykkylven (bd 2 s. 272).

Sølfest Andreassen Horvedrag f 1870 d 1950

g 1893 Lovise Rasmusd. Homlung f 1864 d 1956

Br 1900-1942

Born: 1. Andreas f 1894 på Horvedrag, utv. til Amerika.

2. Inga Marie f 1896, sjå bnr .30

3. Oline Marta f 1898 d 1898

4. Oline Marta f 1899, g 1927 Ivar P. Myklebust frå Ørsta, f 1901.

5. Ragna f 1903, g 1922 skreddar Ludvik Tafjord f 1898 på Vestnes.

Budde i Ålesund. Deira son Rolf vart brukar på Klokk.

6. Sigvald f 1904, sjå bnr 30

7. Klara f 1906 d 1933

8. Karl Olaf f 1910 d 1918

Sølfest var først brukar på Horvedrag, der han tok over etter faren, som var frå Timbjørg. Men der var stor skredfare på Horvedrag. og Sølfest tok med seg kone og born og flytte til Klokk, der han kjøpte Ytstehaugen av Nikolai for 2800 kr. Kår til Ludvik Larssen Klokk. Han bygde ny stovebygning i 1923, 11,5 x 7,5 m i 1½ etasje på gråsteinsmur.

Rolf Ludviksen Tafjord f 1925

g 1950 Margot Ragnarsd. Fiskerstrand f 1929

Br 1942-

Born: 1. Ragnhild Lisbeth f 1950, g Roar Fiskerstrand.

2. Per Robert f 1953, g Lisbet Vassbotn f 1950.

3. Irene Sølvi f 1959

Rolf Tafjord arbeidde på Kraftverket ei tid. Fekk skøyte på Ytstehaugen frå morfaren Sølfest for 4000 kr. i 1943. Kår. No står husa ovanfor vegen, før nedanfor. Bruket har 109 dekar i alt, av det er 35 dekar fulldyrka, resten er beitemark. Bruket er noko bratt, men dei sler det med traktor. Før hadde dei 7 mjølkekryr, no 4, og elles 3 slaktedyr for året og 5-6 sauher. - Bygde på stovehuset i 1957.



Huslyden O. A. J. I.øseth meid landhandelen 1912 (Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)

Bnr 19 ØIELUND

Utskilt frå bnr 9 i 1898

*Ole Andreas Johansen Løset f 1873 d 1961
g 1899 Anne Birgitte Johatnsd. Ramstad (bnr 7) f 1876 d 1960
Br 1898-1944*

- Born: 1. Josefine Marie f 1899, g Ole S. Olsen Søvik (br 2) f 1898. Handel på Dyrkorn 1924-29, drogeriforretning i Ørsta 1931-1971. Bur i Borgund.
2. Johan Andreas f 1901, til USA 1923, forliste på sjøen 1925, kom seg opp på ein holme, men døydde der.
 3. Klara Olave f 1906, g 1933 Knut Rasmussen Melset (br 1) f 1896.
 4. Oskar Bjarne f 1908, g p br
 5. Martin Olav f 1910, g 1946 Åsta Olsd. Emblem f 1909.
 6. Hjørdis Olivie f 1912, sjå Klokk bnr 14 Omenåsg.
 7. Olav Konrad f 1915, g 1942 Kirsten Knutsd. Kjersem. Bur på bnr 1 Løset R.
 8. Solveig Charlotte f 1917, g 1939 Olav Nilssen Omenås f 1912 på Klokk (bnr 14).

Dette stykket vart først bygsla frå Klokk bnr 4 og bygt hus på i 1898. Ved utskiftinga (1906-10) vart stykket tillagt bnr 9, og Ole J. A. Løseth kjøpte bruket av dei.

Ole Andreas dreiv landhandel, som han starta i kjellaren her. Kjøpte forretningstomt nede ved sjøen, bnr 31 Tangen, og handelen vart flytt dit. Leigde bort 2. etasje til Ramstaddal Lenestolfabrikk til dei sluttet i 1962. «Tangen» var frå bnr 2. Sjå òg bnr 3 Slettereiten.

Oskar Bjarne Olsen Løseth f 1908
g 1936 Borghild Olga Knutsd. Søvik (bnr 7 Roland) f 1913 d 1979
Br 1944-

- Born: 1. Oddvar Johan f 1937, sjå bnr 35
 2. Norunn Kjellaug f 1940, g 1959 Lars Kåre Nilssen Klokk (br Ca)
 f 1937
 3. Vigdis f 1948

Fekk skøyte frå foreldra 23/2 1940. Kår. Han har agronomutdanning, men hovudyrket hans har vore landhandel. Han tok over etter faren. Sjå bnr 3 Slettereiten og bnr 11 Øieskiftet som ligg rett overfor Øielund.

Bnr 30 FREDTUN

Utskilt frå bnr 9 i 1943, skyld 18 øre
Sigvald og Inga Klokk, blinde sysken. Sjå Arne Grimstad: Lys i mørkret (1981).
 Stykket tilbake til hovudbruket.

Bruk Cb (deler av bnr 6)

Her er inga samanhangande brukarrekke fordi brukaren på Ca i periodar brukte heile bruk C. Og det vi kallar bruk Cb er alle brukarar på bruk C som hadde ein mindre del, men som kunne variere mykje i storleik, frå plassar til nesten halve bruk C.

Johan Olsen Eidem
Bygsla 2½ mællag i 1614.

Jon Sivertsen Melset

Br 1629-1679

Han var svoger til Knut Ellefsen på bruk Ca. Brukte 2 mællag 6 mk i 1648, stundom meir og stundom mindre. Dei siste åra brukte han 1 mællag 2 mk. La i 1657 1 slettdalar 4 skill. i krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 6 kyr og 2 geiter.

Erik Siversen

Br 1666-1668

Hadde i 1668 ein gjeld på 2 rd til Iver Jenssen Bandzbild for såkorn.
Brukte då 1 mællag.

Ole

Nemnd i 1678 som brukar av 1 mællag.

Siver

Nemnd eit par gonger i tida 1678-1680 saman med Klemet Knutsen. Var vel helst husmann. For Klemet brukte nok heile bruk C på denne tida.

Halvor f ca. 1651

Br 1695 -ca. 1708

Born: 1. Tormod f ca. 1676 g p br
2. Peder f ca. 1689. Bygsla 2½ mællag i Løvoll i 1713 av Christopher Abelset. Sidan til Ramstad br 6.
3. Arne, var soldat i de Seves kompani i 1721.

Halvor var brukar av 2 mællag 5 mk i 1695.

Tormod Halvorsen Klokk f ca. 1676 d 1740

Br ca. 1708-1732

Var brukar av 1 ¼ mællag i 1720, siste året brukte han 22½ mk, altså det same. Hans Hiort var jorddrott.

Barn: Karen, gift med

Knut Steffensen f ca. 1695 d 1745 sk. 8/1 1746

g 1732 Karen Tormodsd. Klokk Sjå s 338

Br 1732-1745

Born: 1. Jon f 1733 d 1744, 10 ½ år

2. Steffen f 1735 d 1744, 8½ år

3. Anna f 1737 d 1738, ¾ år

4. Tormod f 1739, g p br

5. Jakob f 1743

Knut brukte 1 mællag 9 mk på det meste. Sk. 1746: ½ ein hest, 2 kyr, 1 kvige, 3 sauher, part i ei kvern, ¼ i ein fjørendfar 3 rd, 1 naust av tømmer, 1 færing. Brutto 43 rd, netto 23 rd. Enkja gifte seg att i 1746 med

Ingebrig Kristiansen Ous f ca. 1711 d 1751

Br 1746-1751, enkja til 1754

Born: 1. Knut f 1746. til Oppsal 1768

2. Kristen f 1749, g 1779 Anna Nilsd. Lindset. Dei flytte til Mauren i Grytten.

3. Jon f 1751 d 1762

I 1750 brukte Ingebrig 1 pd 3 mk.

Enkja Karen Tormodsd. gifte seg att i 1754, med enkjemannen

Hover Knutsen Løvoll d 1765, 77 ½ år

Br 1754-1761

Han flytte til Klokk. Sjå Løvoll (bnr 3).

Tormod Knutsen Klokk f 1739

g 1761 Guri Sjursd.

Br 1761-1771

Born: 1. Steffen f 1761

2. Guri f 1763

3. Guri f 1766, d 2 dg

4. Knut f 1767

Tormod bygsla 18 mk i Klokk 9/10 1761 av Nils Astrup. Vart i 1771 førd som brukar av 1 pd 3 mk. Tormod gjekk frå garden i armod i 1771. (SSTb 23as. 669.)

Knut Endresen Sæter frå Sunnylven d 1806, 72 år
g 1. Berte Hansd. Helsem d 1771, 39½ år, sk. 16/2 1772
g 2. 1773 Magnilde Nilsd. Jelle f 1738 i Ørskog, d 1810
Br 1780-1810

Born: 1. Knut f 1773, g 1801 Tyri Iversd. Klokk f Ødegård (ek. etter Ole Sjursen Klokk Ca).
2. Berte f 1776
3. Nils Bertholas f 1781 d 1792

Til 1780 brukte Knut 1 pd 3 mk, frå 1780 berre ½ mællag. Jorddrott Jørgen Abelset.

Sk. 1772: Brutto 60 rd, netto 7 rd. I 1801 vart han kalla husmann utan jord.

Karl Magnussen Fausa f 1783 d 1841
g 1816 Solvei Marta Andreasd. Klokk bnr 1, f 1784 d 1866
Br 1800-1808

Bygselsetel frå presten Astrup og C. M. Abelset 31/5 1800. Karl var ugift den tida han var brukar på Klokk. Han flytte tilbake til Fausa og vart sidan g Solvei Klokk. Dotter deira Karen Birgitte f 1817 vart i 1842 g Johan Hanssen Furstrand, bustad Fausa.

Bruk D (bnr 7 og bnr 8)

Jon
Br ca. 1606-1608
½ mæle i korntiend i 1607

Simen Olsen
Br 1608-1629
Saman med Ingebrigt Søvik reidde han ut Nils Klokk til Kalmarkrigen i 1611, men det vart Peder Anderssen Svinnset som gjekk ut. Simen skar 30 tylfter bord i 1612. Han åtte 2 mællag jord. Tienda hans var i 1609 1½ fj, i 1610 og 1612 ½ mæle. I 1630 var han «utarma».

Knut
Br 1629-1635

Kolbein Olsen (Honningdal?), ca. 1605 d ca. 1670
Br 1635-1666
Kolbein var anten son eller svigerson til Ole Honningdal. Det går fram av ei sak på tinget i Valle 23/2 1650: «Oluf Olsen Spilkevig fordrer hos Oluf

Honningdals arvinger, som er Colben Klock og Anders Olufsen, for gjeld som deres fader og verfader var pliktig til salige Peder Pedersen Vegsund.» Arvingane meinte denne gjelden skulle ha vore kravd på skiftet. Men på tinget vart det hevda at dei hadde halde hemmeleg skifte, og domen vart at den faste eigedommen til Anders skulle setjast i underpart til gjelden var betalt.

Kolbein la koppskatt for seg og kona i 1645, og åtte det året $\frac{1}{2}$ v 9 mk jord. Krøterskatten hans i 1657 var $3\frac{1}{2}$ slettmark 6 skill. av 1 hest. 6 kyr, 2 sauер og 2 geiter. Han brukte 4 mællag, men siste året berre 2.

Dei to sønene hans vart brukarar av kvar sin halvdel av bruk D, som vart til bruksnr 7 og 8.

Bnr 7 JØRNGARDEN

Ole Kolbeinsen Klokk f ca. 1640

Br 1666-1711, frå 1705 i lag med sonen Kolbein.

Born: 1. Paul, g p br

2. Kolbein, først på br, sidan til Ø. Søvik.
3. Marte, g Asmund Øvre Lande (sk. 1762).
4. Anne, til Stadsnes
5. Ole, d 1721

Ole Kolbeinsen brukte 2 mællag i 1666, 4 mællag 8 mk i 1675, $4\frac{1}{2}$ mællag i 1683, og $2\frac{1}{4}$ mællag i 1705.

Kolbein Olsen Klokk f ca. 1677 d 1740 (alder oppgitt i 1701: 16 år)

br 1705-1711

Gifte seg til Øvre Søvik, bnr 3 (s.d.).

Broren tok over på Klokk.

Paul Olsen Klokk f ca. 1671 d 1764, 93 år

(alder oppgitt i 1701: 20 år)

Br 1711-1736

Born: 1. Bendik f ca. 1712, g p br

2. Peder. Han vart stemnd for ikkje å ha møtt på sesjon i Ørsta.
Var reist til Bergen. Stod i 1739 til rest med 4 ort av bota for
Dette.

Paul fekk bygselsetel på 2 mællag i 1720 av Christopher Abelset og i 1732 på 1 pd $16\frac{1}{2}$ mk. Vart nemnd som «Fôrarmet» både i 1715 og i 1725.

Bendik Paulsen Klokk d 1774, 62 år. Fall i sjøen og omkom.

g 1736 Anne Knutsd. d 1789, 103 år

Br 1736-1771

Brukte 2 mællag 4½ mk i 1736, bygsla av Chr. Abelset.

Mons Serkvesen Myklebust f 1747 på Stranda, d 1808

g 1. 1771 ek. Brit Kolbeinsd.

g 2. 1789 Berte Knutsd. (Ramstad?) d 1801, 51 år

g 3. 1802 Magnhild Størkersd. Ramstad (br 4) f ca. 1762 (dp 20/1 1762)

Br 1771-1808

Barn i 2. ekteskap:

1. Berta Johanne f 1790, g 1827 Ole M. Jons. Giskehaug f 1797, d 1835.

Husmann Ø. Søvik.

Born i 3. ekteskap:

2. Nils Andreas f 1802, d ug 24/7 1839, omkom på sjøen.

3. Elias f 1806 d 1884. Hadde før ekteskap: Petter Johannes f 1826

(mor: Anne Jetmundsd. Løvoll), g 1834 Berte Jonsd. Straumgjerde.

Bustad Tøsse.

Bygselsetel på 2¼ mællag frå Charlotte Amalie Abelset 14/1 1771. Med hjelpar.

Mons var ein av dei 12 menn som «på almuens vegne søker om at få en av sønnerne til prost Nils Astrup til prest». Sonen Nikolai fekk embetet i 1792.

Sk. 1801: Brutto 139 rd, netto 109 rd.

Sk. 1808: Brutto 112 rd, netto 26 rd.

Enkja Magnhild gifte seg att.

Knut Monsen Stavdal f 1774 d 1823

g 1810 ek. Magnhild Størkersd. Klokk f Ramstad d 1835, 73

Br 1809-1823, enkja til 1825

Ingen born.

Bygselsetel frå Nils Mechlenburg 25/11 1809 på 2 pd 21 mk i Klokk.

Jørgen Andreas Jakobsen Holt f 1794 i Stordalen, d 1871, 76½ år

g 1824 Karen Pedersd. Lid, f i Liabygda 1796 d 1880, 84½ år

Br 1825-1871

Born: 1. Petrine f ca. 1822, g 1855 em. Martinus Jørgens. Glomset f ca. 1815.

2. Petter Johannes f 1825 d 1900, g 1857 Oline Petrine Petersd.
Kroken f 1830 d 1909.

3. Johanne Inger f 1827, g 1856 Karl Johannes Ols. Søvik f ca. 1827.
Bustad Ålesund.

4. Jørgen Karolus f 1830, d 3½ mnd
5. Karl Andreas f 1831 d 1886, ug husmann på Tverskiftet. Sjå under husmenn.
6. Olave Marie f 1833 d 1872, g 1870 Tore Torsteins. Lied frå Liabygda (1841-1889).
7. Karl Johan f 1838, g p br

Skøyte frå Nils Mechlenburg for 90 spd 16/10 1826. I 1840 selde Jørgen bruket til Ørskog kyrkje for 120 spd og heldt fram som bygselmann på bruket.

I 1845: Sånad: ½ t bygg, 1 t blk. 2½ t havre og 1½ t poteter. Krøter: 1 hest, 7 kyr, 14 sauher, 8 geiter og 1 gris.

I 1865: ½ t bygg, ½ t blk, 3½ t havre og 3 t poteter, 1 hest, 7 kyr. 10 sauher og 8 geiter. Matr.førebuingsarb. har desse tala: Sår 1 t bygg, 1 ¼ t blk, 4 t havre og 3 t poteter, avlar 8 t bygg, 9 t blk, 22 t havre og 24 t poteter.

I 1860-åra hadde bruket 19 dekar mindre god åker og dyrka eng, 56 dekar mindre god natureng. Tungbrukt.

Karl Johan Jørgensen Klokk f 1838 d 1929

g Karen Marie Martinusd. Kyrkjebø frå Stordal (1843-1933)

Br 1871-1914

Born: 1. Karl Jørgen f 1872. Busett i Sarpsborg, sidan i Drammen. Arb. i vegstellet.

2. Ole Martinus f 1874, g p br
3. Kristian Hermann f 1878, g Emma Røsvik frå Vigra. Han var ei tid i Amerika. Vrakar i Ålesund.
4. Ole Elias f 1881, tømmermann i fyrvæsenet. Ug.

Festesetel frå Ørskog kommune 29/12 1871. Kår til Karen Pedersd. til hennar død og sidan til Andreas Jørgensen.

I 1880 gjorde han arbeid for Ørskog-kyrkja ved å setje opp eit gjerde mellom Klokk og Løvoll.

Sånad og buskap i 1875: ½ t bygg, 1 ½ t blk, 3 t havre og 2 t poteter. 1 hest, 6 kyr, 1 kalv, 12 sauher, 9 geiter og 1 gris.

Ole Martinus Karlsen Klokk f 1874

1914 g Olivie Larsd. Seljehaug f Stordal 1886 d 1957

Br 1914-1950

Born: 1. Karen Marie f 1915, g 1952 Mikal Heggem frå Surnadal

2. Olav Jørgen f 1917, g p br

Ørskogkyrkja sökte departementet om løyve til å selje dette bruket, og Martinus kjøpte det i 1914 for 2100 kr. Ole S. Monsen Melset fekk kjøpe 2 små jordstykke for 80 kr.

Martinus bygde løe i 1947. Han visste mykje om slekter.

Olav Martinussen Klokk f 1917 d 1968

g 1950 Gudrun Alfa Berntsd. Leine f 1917 i Herøy

Br 1950-1968

Born: 1. Magne Oddvar f 1951, g Ingunn Nygard f 1953. Han er maskin-ingeniør i Brattvåg.

2. Bjarne f 1953, styrmann, tilsett ved Texaco.

Olav kjøpte bruket for 400 kr i 1951. Bygde stovehus i 1950. Var ei tid anleggsarbeidar.

Etter at Olav døydde har enkja med hjelp av sønene til m.a. slått, drive bruket.

Plassar under bnr 7.

Lars Petter Eriksen Nysæter f Ramstad (br 3), f 1793 d 1855

Br 1840-1855

Fekk festesetel på nokre markstykke frå bnr 7 21/10 1840. Hadde vore brukar av bnr 1 på Nysæter frå 1820. Sjå Nysæter.

ÅNEHJELLEN

Petter Jørgensen Klokk f 1825 d 1900

g 1857 Oline Petrine Petersd. Kroken f 1830 d 1909. Sjå s 102

Br 1863-1900

Born: 1. Karen Sofie Petrine f 1857, g em. Ludvik Ingebrigts. Valle. Plm på Emlem, f 1844 d 1928

2. Peter Karolus Joakim f 1861. Skreddar. Fekk skøyte frå faren på ei stovebygning, ei lø- og fjøsbygning, $\frac{1}{2}$ i eit naust og $\frac{1}{2}$ i eit kvernbruks i 1873. Søkte i 1886 om å få bygsle kommunen sitt bruk på Løset R, men brukaren der, Knut Hanssen, ville ikkje gi opp bygselretten sin. Peter kjøpte ein plass på Melset i 1889, selde den og flytte først til Aure, så til Aurdal. Skreiv seg for Melset.

Sjå bd 1 s 315 og Melset bnr 9

Ånehjellen er no øyde, løa står enno, men stova er vekk.

TVERSKIFTET

Andreas Jørgensen Klokk f 1831, ug husmann d 1886.

Han fekk kjøpe eit lite stykke av farsgarden, bnr 7, og bygde seg hus der.

I 1875 sådde han $\frac{1}{4}$ t havre og $\frac{1}{2}$ t poteter. Fødde ei ku og ein sau. Det vert

fortalt at han vart terga av gutane og lét seg erte. Var av og til kanskje litt «anselaus». Ein gong han hadde ei geit, hadde han tjora henne til ei kase. Geita vart redd eitt eller anna og sette av stad med kasa etter seg. Ein annan gong hadde han kinna og skulle ned til elva med kinna på ryggen. Han skulle lute seg ned etter noko og fekk innhaldet av kinna over hovudet.

Bnr 21 NYTORVET

Utskilt frå bnr 7-8 i 1912, skyld 2 øre
Ramstaddalens Kaiselskap

Bnr 22 SAGETOMTA

Utskild frå bnr 7-9 i 1915, skyld 2 øre. Seld for 95 kr i 1917 til
Ole S. Monssen Melset f 1861, sjå Melset bnr 10.

Nils P. Omenås

Skøyte på bnr 22 i 1937.

Anne Josefine Rasmusd. Melset f 1892 (Melset bnr 1)
Skøyte på bnr 22 (og bnr 20) i 1939 for 3500 kr.

Bnr 26 POSTTOMTA

Utskild frå bnr 22 og bnr 12 i 1923, skyld 2 øre.
Sjå bnr 12 under bnr 5.

Bnr 8 OLAGARDEN

Sjå bruk D, før bnr 7. Som nemnt der, vart bruk D delt mellom to brør, og vart til br 7 og br 8.

Arne Kolbeinsen Klokk f ca. 1642 d 1721, 79 år
(alder oppgitt i 1666: 10 år)
Br 1705-1717
Born: 1. Ole, p br
2. Kari f ca. 1686 d ug 1739. I 1718 lm med Iver Larssen Strand
3. Knut f ca. 1687, g 1715 Berte Margrete Jakobsd. Han bygsla eit bruk
på Slinningen i 1714, etter Ingebrigt Larsen Myrset.

4. Jon, g 1. 1721 Synneve Pedersd. Dei busette seg på Ramstad.
(s.d.). Hadde sonen Ole, dp 27/8 1720 (mor: Kirsten Bottolfsd.
Tøsse). Hadde før hatt lm med Berte Bottolfsd. Giskemo. Han
fekk inga bot (første lm som soldat), ho 6 rd. Sjå s 49-50.

Ole Arnesen Klokk d 1720

Br 1717-1720

Bygsla 2 mællag 4 ½ mk i Klokk av Christopher Abelset. Vart
utkommandert som soldat i 1719. Bruket låg øyde i 1720:

Steffen Olsen Ansok f ca. 1694 d 1774

g 1. 1723 ek. Berte Arnesd. f ca. 1692 d 1740

g 2. 1742 Guri Jonsd. Løvoll f ca. 1697 d 1767. Sjå s 333

Br 1722-ca. 1761

Born: 1. Ole f 1723

2. Maren f 1725

3. Berte f 1729, g p br

4. Kari f 1729 (tvill.) d 1794, legdslem

5. Kari f 1732

6. Ole f 1736 d 1742, 6½ år,

I 1733 er han nemnd åleine som brukar av bruk D (br 7 + 8). Men elles
brukte han 2 mællag 4½ mk.

Gunder Ingebrigtsen Åkerne f 1732 d 1806

g 1761 Berte Steffensd. Klokk f 1729 d 1805

Br ca. 1761-1796

Born: 1. Berte f 1762

2. Ole f 1763, g p br

3. Synneve f 1766, g 1801 Ole Knutsen Opshaug. Budde Ø. Søvik
bnr 4.

4. Steffen f 1768, soldat i 1787, g Ø. Søvik bnr 1.

5. Marte f 1773, g i Stordal 1800 Lars Størem.

Gunder var bror til Synneve I. Rønes og Lars I. Klokk. Han bygsla 1 pd
16½ mk i Klokk, og la i 1792 i tiend: 12 mk bygg, 2 fj havre, 2½ mk ost
og 4 skill. i fisketiend.

Ole Gundersen Klokk f 1763 d 1830

g 1797 Guri Ellevsd. Løset R (bnr 1) f 1768

Br 1796-1830

Born: 1. Bernt Olaus f 1799, g 1829 Pernille Matsd. Skarbø f i Bergen ca.
1805, far Mats Moe.

2. Gunder f 1800, g 1834 jordmor Jakobine Rasmusd. Hatlemark f 1809. Bustad pl. under Apalset.

3. Ellev Karolus f 1803, g p br

Brørne Bernt Olaus og Gunder arbeidde ei tid hos apotekar Øwre i Ålesund, som òg var postmeister. Dei to var vitne i ei sak om postgangen, som det hadde vore klager på. Bernt Olaus var òg sjømann.

Ellev Olsen Klokk f 1803 d 1850

g 1831 Tyri Petersd. Melset f 1810, frå bnr 1

Br 1832-1850. enkja til 1855

Born: 1. Ole Martinus f 1831 d ug 1860. Var far til Elias Tomas f 1859, mor: Hanna Kristensd. Vaksvik.

2. Petrine Jørgine f 1835 d 20 veker

3. Hans Jørgen f 1837, handelsborgar, g 1863 Anna Kristofa Gunderson, Alesund.

4. Peter Gundersen Olaus f 1840, kf 1855

5. Karen Birgitte f 1843

6. Peter Karolus f 1845, g p br

7. Karen Marie f 1847, g 1873 em. Laurits Andreas Larssen f 1831 i Borgund.

8. Elen Tomasine Karoline f 1850, g 1872 Steffen Ellings. Emblem f 1845, son til Elling Steffens. Kvassnes.

Ellev fekk bygselsetel frå verja for Ørskog-kyrkja 15/10 1832. 1845: 1 hest, 7 kyr, 12 sauvar, 6 geiter, 1 gris. Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, 2 t havre, 2 t poteter. Sk. 1850: fallitt: 80 spd-103 spd. Enkja gifte seg att i 1855 med

Lars Knutsen Ringstad f 1817 på Stranda d 1897

g ek. Tyri Petersd. Klokk f Melset 1810, d 1894

Br 1855 1868

Pleieson: Elias Olsen f ca. 1858

Lars fekk bygselsetel frå Ørskog-kyrkja 9/10 1855. Tyri lét etter seg 4 myndige born, av dei 2 i Ålesund, 1 i Borgund og 1 i Amerika. Etter Lars er òg nemnd 1 barn i Bergen. Av dyr Tyri hadde er nemnde 1 ku og 2 gjæser. Men i 1865 hadde Lars 1 hest, 7 kyr, 12 sauvar og 6 geiter, og sådde $\frac{3}{2}$ t bygg, 1 $\frac{1}{2}$ t blk, 3 $\frac{1}{2}$ t havre og 3 t poteter. Hadde 19 dekar mindre god åker og dyrka eng, 56 dekar natureng.

Karolus Ellevesen Klokk f 1845 d 1873

g Anne Oline Severinsd. Svinset (br 2) f 1842 d 1900

Br 1868-1873

Barn: Ole Johan f 1869, fekk eit stykke av garden nede ved sjøen. Kår til mora og Lars Knutsen i 1869. Sjå bnr 18.
Enkja gifte seg att med

Lars Petter Iversen Fivelstad f 1845 d 1923

g 1. ek. Anne Oline Severinsd. Klokk f Svinnset (bnr 2) (1842-1900)

g 2, 1902 ek. Karen Olave Petersd. Melset f Fausa 1845 d ca. 1925.

(Sjå s 180)

Br 1874-1910

Born: 1. Iver Karolus f 1875, g p br

2. Ole Severin f 1877, g Ragna Staurnes frå Giske.

3. Lovise Petrine f 1880, ug fabrikkarbeidar.

4. Oluf Bastian f 1882, g Marte Sølfestsd. Ramstad. Bustad Ramstad
(bnr 4).

Lars Petter fekk bygselsetel frå Ørskog kyrkje 19/10 1874. Han måtte i 1875 stemne kyrkja ved kyrkjeverja Amund Aure fordi han ikkje fekk bygselsetel «med samme form med hensyn til kårprestasjon» som det hadde vore på garden før. Lars Petter fekk det som han ville, men måtte sjølv betale sakskostnadene.

1875: Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t blk, 3 t havre, 2 t poteter. Krøter: 1 hest, 7 kyr, 1 kalv, 12 sauер, 7 geiter, 1 gris. Lars Petter var smed. Han smidde ljåar, knivar og navrar. Magnus Larssen Løset R. var farbror hans.

Iver Larssen Klokk f 1875 d 1946

g 1900 Nikoline Jakobsd. Ramstad (bnr 8) f 1878 d 1923

Br 1900-1940

Born: 1. Anne Oline f 1901, g 1937 Petter P. Svinnset (bnr 3) f 1905

2. Josefine Marie f 1904, g 1930 Petter Nilssen Omenås f 1906.
Bustad Spjelkavik,

3. Lovise Olga Klara f 1906, g 1924 fyrbøtar Egil Larsen f 1899 i
Helgeland. Bustad Aure.

4. Olav f 1910, g p br

Tok over etter faren og flytte ved utskiftinga i 1900. Dei husa som vart bygde i 1902 står enno. I unge år dreiv Iver fiske på Vigra. Sidan dreiv han smedarbeid, smidde mest navrar.

Fekk skøyte på garden frå verja for Ørskog kyrkje i 1909 for 2200 kr.

Olav Iversen Klokk f 1910

g 1940 Ingvarna Pettersen frå Stamnes f 1916

Br 1940-1970

Born: 1. Svein Helge f 1941, g p br

2. Nancy Julie f 1943, g 1964 Martinus Halstensen Løset frå Syvde, f 1941. Bustad Stranda. Begge arbeider på fabrikk.

Olav fekk skøyte på bruket i 1941 for 3000 kr. Før er nemnt at husa til tre bruk stod i klynge til 1902. Det året vart stovehuset i Olagarden bygt av svært timber for 500 kr. Olav fortel at både faren og bestefaren selde navrar i Trondheim og i Ålesund. Faren fekk 18 øre for ein spikarnavar og 25 øre for ein rivenavar.

Svein Helge Olavsen Klokk f 1941
g 1965 Kari Tryggestad f 1939 i Sunnylven
Br 1970-

Born: 1. Vidar f 1965
2. Kristin f 1969
3. Jan Ivar f 1976

Svein Helge var ei tid meieriarbeidar i Ålesund, og har no arbeid på fabrikk. Då han tok over bruket, slutta han med mjølkeproduksjon. Har no 4 oksar og 20 vinterfôra sauher. I 1973 sette han opp nytt stovehus.

I 1975 vart utmarka på Klokk bytt til full eigedom, men seterdalen er sameige.

Bnr 18 SJØTEIGEN

Utskilt frå bnr 8 i 1908, skyld 9 øre

Ole Johan Karolussen Klokk f 1869 d 1911
g 1897 Johanne Marie Iversd. Fjørstad f 1859 d 1945
Br 1898-1911, enkja til 1937

Barn: Peder *Alfred* f 1902, g p br

Ole Johan fekk festesetel på eit stykke mark av farsgarden, nede ved Klokksjøen, 10/10 1898. Skøyte på Sjøteigen 26/6 1909 frå verja for Ørskog kyrkje.

Ole Johan bygde løe i 1903. I 1898 hadde dei òg bygsla eit stykke av bnr 4 Sølfestgarden, men dette sa Johanne opp seinare og det gjekk tilbake til bnr 4. Dei kjøpte eit stykke jord av bnr 6, bnr 15 Nylund (s.d.,).

Året etter at Johanne vart enkje tok ho ein dag båten og for inn i Skredene for å slå fôr til kua. Ho hadde med seg sonen som då var 10 år. To steinar kom rullande og før forbi dei i eit par meters avstand, eit hestelass kvar. Guten vart redd og ville heimatt. «Trur du dei kjem upp att?» sa mora.

Alfred Olsen Klokk f 1902
g 1927 Klara Jenny Johansd. Ramstad (bnr 9) f 1908 d 1965

Br 1937-

Born: 1. Olaug f 1928, g 1953 Einar Kvistad frå Ø. Toten

2. Kirsti f 1931, g 1957 Konrad Øvstegård frå Torvik i Romsdalen

3. Johan f 1935, sjå bnr 36.

4. Asbjørn f 1947, g 1975 Inger Karin Vidnes frå Vanylven f 1950.

Fekk skøyte på bruket frå mora 3/6 1937. Men dreiv bruket før den tid når han var heime. Han lærde målaryrket og budde ei tid i Ålesund. I 1932 kjøpte han eit stykke innafor elva. Det hogg han reint for oreskog. Det stykket har han leigt bort til handelsmannen som beiter sauene sine der. I 1930-åra hadde Alfred sjølv nokre sauer, men seinare fødde dei 2 kyr og ei kvige på plassen.

Då Alfred var smågut var han og ein kamerat ute på seifiske i fjorden.

Dei fekk 94 storsei og det var berre såvidt båten bar. Dette var under første verdskrig, og då fekk dei 1 kr, for ein storsei. No er ikkje fjorden til å kjenne att, så lite fisk er det å få.

Alfred har og vore ivrig stangfiskar i elva, og visste etter kvart betre enn nokon annan kvar fisken stod. No er det snart slutt med auren òg.

Ei tid under siste krig «passa han dampen», var ekspeditør ved kaia. I 39½ år hadde han telefonstasjonen. I dei åra varierte tenestetida frå 365 til 366 dagar i året. Måtte skaffe vikar sjølv, om han ein dag var nøydd til å ta seg fri. Men så har han pensjon som no er komen opp i heile 181 kr. månaden!

Alfred har godt minne og veit mykje om gardar og ætter, og har gitt interessante bidrag til gardssoga.

Sjå òg bnr 15 Nylund frå bnr 6, som er del av bruket hans.

Bnr 36 BAKKEN

Johan Alfredsen Klokk f 1935

g 1974 Astri Johanne Frithjofsd. Seljeseth f 1936 i Ålesund

Born: 1. Marte-Lise f 1975

2. Øistein f 1976

Bygde hus i 1974.

Husmenn på Klokk.

Nils, nemnd i 1621 (Bhl pk 32)

Klemet, nemnd 1621-1624

Knut Olsen, nemnd 1621-1631

Peder Knutsen Klokksfjæren

Stemnd i 1685 «for han slog Erik Ramstads quinde». 2 ort.

Ole Larssen Klokksfjæren

g Siri Olsd. sk. 4/7 1765. Brutto 133 rd, netto 121 rd.

Barn: Inger f ca. 1762.

Arne Halkjellsen Klokksfjæren d 1807, 76 år

son til Halkjell Gammelsen Ramstad fra Sylte i Norddal

g 1. ek Marte Larsd. Ramstad f Lade (Jog.) sk. 4/5 1773.

[hennar barn, sjå s 74]

Marte Larsd. d 63 år. Sk. brutto 37 rd, netto 30 rd.

g 2. 1775 Berte Salomonsd. Langlo f 1730 d 1787, sk. 29/1.

Brutto 41 rd, netto 32 rd.

g 3. 1/1 1788 Berte Olsd. sk. 2/10 1788, brutto 24 rd, gjeld 3.

Barn: Anna Johanna f ca. 1766, fm Jørgen Andr. Olsen Lie.

g 4. 1789 Berte Amundsd. Giskemo f 1742, truleg d etter 1796.

Arne var husmann utan jord hos Tormo Knutsen br Cb i 1762.

Henrik Olsen Børås, Klokksfjæren, ug målar. sk. 1806

Brutto 21-1-2, gjeld 149-3-8.

Ole Jonsen Klok

g 1. Inger Knutsd. sk. 12/12 1778, brutto 21, netto 7 rd. Barn:

Anne Olsd.

f ca. 1756

g 2. 1779 Randi Hansd. sk. 8/10 1785, brutto 10 rd. gjeld 13.

Tore Knutsen Klokksfjæren

Kjøpte 8/6 1824 ei røykstove med gang og svaler med 3

blyvindauge på auksjon for 11 spd. Vart i 1844 friteken for å betale vinpengar til kyrkja. Sk. 17/11 1844.

Klokk. BrukA, 1, 38, 23, 25, 2, 31, 3

" B, 4, 13, 10, 28, 20, 50, 34

" 5, 10, 11, 35, 12, 24, 26, 27, 29

" C, Ca (6), 14, 32, 33, 41, 15, Rabben, 9, 19, 30. Cb

" D, 7, Ånehjellen, Tverskiftet, 21, 22, 26, 8, 18, 36.

SØVIKDALEN

Ein vestlandsdal tenkjer vel dei fleste seg om lag slik: Han er trang og høgtliggjande mellom to fjellsider i øvste enden, går så nedetter meir eller mindre bratt og vidar seg ut litt om senn til han når fjorden, der det gjerne er eit vidare, ofte tettbygt område.

Søvikdalen liknar lite på dette mønsteret. Skulle ein bruke ei anna nemning enn dal, måtte det helst bli eid. Rett nok er der fjell på begge sider, men dalen er kort, 3 ½ km, og dei fleste

gardane ein ser ligg i om lag same høgd. Vegen er flat, til han stig noko mot Ramstaddalen. Gardane ein ser frå vegen er Furnes, Løset S, Almeskar, Løvoll og eit par tre av tuna i Øvre Søvik, Lendet i Øvre Søvik er bakkut, og fleire av tuna ligg gjemde mellom bakkane. At der er ein liten sideveg som går heilt til sjøen, til Nedre Søvik, vil ein ukjend knapt leggje merke til. Lendet går bratt nedover frå Øvre til Nedre Søvik, som i gammal tid var skyss-stasjon. Difor var Søvikdals-vegen ofte på dagsordenen både i tingbøkene og i kommunestyret. Det første større arbeid med vegen, vert det fortalt, vart gjort i 1803, då det kom eit arbeidslag som til då hadde arbeidt på vegen i Bondalen.

Søvikdalen går i retning frå nordaust til sørvest i retning mot det gamle Sykkylven, og dalen er breiast ved Løset og Løvoll, med flatare lende. Bruka i Øvre Søvik ligg mellom 60 og 110 m over havet. Der er fjellryggar eller haugar som går langsetter dalen. På den måten får ein skar i terrenget, og det går att i bruksnamn: Øvsteskaret (bnr 4 og 6) og i Almeskar. Skule vart bygt i Søvikdal i 1884.

Grenda vart førd over frå Ørskog til Sykkylven i 1955.

Gnr 66 Nedre Søvik

Eldre former av namnet: 1603 Siøwig, 1606 Søuig, 1626 Søevigen, 1667 Neer Søffre (Bst pk 25), 1723 Søevig. Første staving i Søvik tyder ein gjerne som sør-. Men under omtalen av same namnet i Borgund gjer Rygh merksam på ei anna tenkjeleg tyding: Sø- av sid- lavliggende. Er dette

den rette tydinga her, kan det tyde på at Nedre Søvik er den eldste Søvikgarden. I 1626 er Nedre og Øvre Søvik nemnde under eitt. Daglegtalen har Søvikja. Litt eldre Syvikja med open y.

Frå bygdevegen gjennom Søvikdalen går der ein smal, bratt og krokut veg ned til Nedre Søvik. Det går an å køyre dit med bil, men ein bør ikkje møte nokon. Tunet ligg like ved sjøen. I eldre tid var dette eit framifrå lægje. Der var skyss-stasjon, og i 1838 var det på tale som gjestgjevarstad. Med tanke på det vart det i 1839 søkt om å få byggje ein vor der, og formannsskapa på Stranda, i Norddal og Sunnylven skulle ein be om å hjelpe til med dette. Lenge var Nedre Søvik møtestad for kommunale nemnder, særleg forlikskommisjonen. Og det låg lagleg til for slikt den tida Sykkylven høyrd til Ørskog herad og var anneks til hovudsoknet Ørskog.

EIGARAR

I 1626 var Nedre Søvik kyrkjegods. Men utover frå midten av 1600-talet var brukaren lenge sjølveigar. Kring 1690 vart bruket selt til Ole Larssen Abelset, og Abelsetfamilien var eigar bortimot 100 år. I 1733 gjorde Chr. Abelset makeskifte med Ørskog kyrkje ved å gi frå seg 18 mk i Nedre Søvik mot ein tilsvarende part i Nordre Bjørkedal. I 1792 vart brukaren sjølveigar att. I 1849 kjøpte L. Strømme garden på auksjon. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr 90, 93, 89, 92, 49 i Ørskog til 1955. Skatteklasse øydegard. Skylda var på 1600-talet 1 v fiskeleige til 1667, då ho vart sett opp til 1 v 9 mk. Ny skyld 3 dlr 1 ort 9 skill., rev. M 5,59.

Tienda var i 1606 ½ mæle havre, i 1616 1 mæle, og i 1639 5 fj. Tienda i 1666: 1 t 1 mæle havre, 1 mæle bygg og 20 mk ost. I 1714 1 t havre, 2 skjepper bygg, 18 mk ost eller 27 skill. - Leidangen: I 1607 2 kalveskinn, i 1636 2 kalveskinn eller 8 skill., så 3 kalveskinn til 1666. I 1667 1 geiteskinn, og i 1717 1 ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1610: 1 mann

1626: 1 mann. I matr. er Nedre Søvik ikkje nemnd. Øvre og Nedre er nemnde saman som Søevigen. Men ein av dei nemnde brukarane var på Nedre Søvik.



Flyfoto frå Søvikdal. (Finnst som BMP fil i bildebiblioteket)

- 1657: 1 mann. Buskap: 1 hest, 1 okse. 12 kyr, 10 sauер og 12 geiter.
1666: 1 mann. Sår 4 t havre, avlar 14 $\frac{1}{2}$ t, fôrar 1 hest og 12 kyr. Brenne ved.
1711: 2 mann
1717: 2 mann. Sår 3 t havre, 2 skjepper bygg, avlar 10 t havre, 2 t bygg. Fôrar 1 hest, 11 kyr. Brenneved. Ei lita kvern.
1720: 2 mann.
1724: 1 mann Sår $\frac{1}{4}$ t bygg. avlar 1 t, sår $3\frac{1}{2}$ t havre, avlar 10 t. Fôrar 1 hest. 6 kyr, 4 ungdyr, 7 sauер og 4 geiter. Nok brenneved. Seter $\frac{1}{2}$ mil frå garden. «Temmelig letvunden til høy, noget uviss til korn.» Bratt og våtlendt. Framlegg om avtak på 12 mk, som ikkje vart realisert.
1802: 1 mann. Sår 4 t havre, 1 t bygg, avlar 6 foll. Fôrar 1 hest, 9 kyr. 30 småfe. Nok brenneved. Sommarbeite i utmark og på setra.

- Årviss kornavling, 6 vaksne arbeidsfolk. Garden verdsett til 180 rd.
- 1835: 1 mann. Sår 3 t bygg, 3 t havre, 3 t poteter. Buskap: 1 hest, 10 storfe, 30 sauер og 2 griser.
- 1845: 1 mann. Sår 2 ½ t bygg, 5 t havre, 3 t poteter. Fôrar 1 hest, 11 storte, 20 sauер, 10 geiter, 1 gris.
- 1865: 1 mann. Sår 4 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Buskap: 2 hestar, 10 kyr, 18 sauер, 6 geiter, 1 gris, 31 dekar god åker og dyrka eng, 117 dekar mindre god natureng, lite fjellslåttar og dyrkingsjord. God hamnegang, «men mindre bekvemt beliggende». Brenneved. Litt bjørk til sal. Litt lauv til for. Tungbrukt. NB! «Udmerket god adkomst til vei, sjø og marknad».
- 1875: 1 mann. Sår 3 t blk, 4 ½ havre, 8 t poteter. Fôrar 1 hest, 13 kyr, 2 kalvar, 27 sauер, 4 geiter, 2 griser.

BRUKARAR

Bnr 1

Elling Pedersen Ekornes

Br ca. 1603-1611

Born: 1. Olfur, husmann i Øvre Søvik, ut i krigen i 1611, heimatt i 1612.

Utreidd av Peder Knutsen Stenset og Jetmund Haugen. 2. Halstein, utreidd til Kalmarkrigen i 1611 av Arne Lande og Olfur Nervoll. Sidan Øvre Søvik, br 1.

Det var visst lite dyrka i Nedre Søvik på denne tida, etter tienda å døme. Ein kan ikkje rekne ut storleiken på avlingane ut frå tiend-tala, men desse kan vere ein peikepinn ved samanlikning med andre gardar. Sjå opplysningar om garden. I 1611 bygsla Elling (også kalla Erland) 4 mællag i Indre Ikornnes, der han truleg høyrd heime før han flytte til Nedre Søvik. Neste brukar heitte og Pedersen, men eventuell skyldskap er uviss.

Jon Pedersen g Guri

Br 1611-1643, enkja til 1648

Saman med Sivert Løvoll reidde han ut Torstein Lukkedal til Kalmarkri- gen. Drengen til Jon, Elling Johansen, måtte ut i krigen i 1615, 20 år gammal. Bruket til Jon var i 1615 på 1 v fiskeleige. I 1644 var enkja eigar av ½ v 18 mk jordegods. Ho la i 1645 koppskatt og hadde både dreng og taus. Neste brukar er truleg sonen.

Ole Jonsen Nedre Søvik f ca. 1616

Br 1648-1679

Born: 1. Arne f ca. 1642 (etter prestane sitt manntal 1666). Var brukar i
lag med faren (?) i 1666. 2. Peder f ca. 1658, g p br

Ole la $1\frac{1}{2}$ rd 2 skill. i krøterskatt i 1657. I 1659 vart han stemnd for å ha
slege Åge Øvre Søvik på munnen og måtte bøte med 1 mk sølv (= $\frac{1}{2}$ rd).
I 1661 vart han stemnd for ikkje å ha møtt fram for å gi opp kva jord
han åtte, men han kunne prove at han var på tinget og ikkje kunne møte.
Han var sjølveigar då av 1 v. Året etter åtte han 1 v 18 mk. Men dei 18
mk var ikkje i Nedre Søvik. Frå 1679 vart han i fleire år førd som brukar
av 2 mællag 1 fj. Det vil vel i prakssis seie at dei brukte garden i lag, heilt
til ca. 1696.

Peder Olsen Nedre Søvik f ca. 1658 d ca. 1698

g Berte Larsd. Straumsheim bnr 1 f ca. 1669 d 1720

Br 1679-1696 i lag med faren, åleine til 1698, enkja til 1700

Born: 1. Ole f ca. 1689, g p br

2. Anne f ca. 1692, lm 1712 med Torstein Knutsen Vinsnes (s.d.)
3. Lars f ca. 1697, lm 1715 med Gjøri Olsd. Almeskar, ung enkje
med 1 barn. Han vart då utskriven til soldat, ho dømd til
«spindehuset».

I 1682 var Peder eigar av 18 mk jord. Enkja gifte seg att med

Anders Torsteinsen f ca. 1675

Br 1700-1720 (frå 1711 i lag med versonen Ole)

Anders var bygselmann. I 1711 la han 18 skill. i skoskatt, ekstraskatt for
seg og kona og eit barn.

Ole Pedersen Nedre Søvik f ca. 1689 d 1768

g 1. Gunhild Pedersd. d 1732

g 2. Synneve Larsd. Ytterdal d 1736. 35 år

g 3. 1739 Anna Olsd. Øye d 1769, 78 år

Br 1720-1750 og 1752-1757, halve til 1766

Born i 1. ekteskap:

1. Peder f ca. 1712, p br, så til Øvre Søvik bnr 1.
2. Gurå
3. Brit eller Berte f ca. 1715 g Løvoll bnr 3.
4. Ole f ca. 1730, g p br

Born i 2. ekteskap:

5. Gunilde f 1734, d ug 1762

6. Ole f 1735 Born i 3. ekteskap:

7. Synneve f 1739, g Jon Pedersen Saltre. (Sjå Søre Vartdal, Knutg.)

8. Sjur f 1746 d 1750, 3½ år.

I tida 1711 til 1720 var han brukar i lag med svigerfaren. Skoskatt av 6 par skor i 1711.

Sk. 2/10 1736 etter 2. kona, som var frå ein velstandsheim: Brutto 90 rd, netto 33 rd. 2 sølvskeier, sølvty elles for 7 rd, 1 vevstol med reie, fiskevegn, 3 kyr, 2 kviger, 3 kalvar, 8 sauher, 2 verar, 2 unggeiter, 1 merr, 1 føl, 10 t havre, 2 t bygg. Hennar gangklede 7-3-7.

Peder Olsen Nedre Søvik f ca. 1712 d 1775

1749 Sigrid Olsd. Framhus d 1780, 61 ½ år

Br 1750-1752

Born: 1. Berte f 1750

2. Ole f 1752

3. Peder f 1755

4. Ole f 1757

Som ung mann vart han i 1735 stemnd for å ha selt brennevin ved Ørskog kyrkje under preika. Same året vart han stemnd for gjeld til Chrf. Abelset (26-5-4). I 1752 bygsla han 34 mællag i Øvre Søvik og flytte dit. Eigar Chrf. Abelset. Og faren tok over Nedre Søvik att.

Ole Knutsen Stadheim f ca. 1719 d 1778

g 1. ca. 1745 Brit Endresd. Sæter frå Sunnylven, d 1765, 43 ½ år

g 2. 1766 Marit Ellingsd. Nedre Ringset f 1733 d 1804

Br 1757-1766 (halve garden)

Born i 1. ekteskap:

1. Brit f ca. 1746

2. Kari f ca. 1751, g Martinus Halkjellsen Oppsal.

3. Knut f ca. 1753

4. Endre f 1757 d 7 dg.

Som nemnt før var det Ole Pedersen som brukte den andre halvparten av garden.

Sk. etter Brit 1765: Brutto 86 rd, gjeld 47 rd. I 1766 flytte Ole til Løvoll bur 3.

Ole Olsen Nedre Søvik f ca. 1730 d 1803 1766 g Berte Knutsd. Stadheim d 1815, 74 år

Br 1766-1784

Born: 1. Anne Marte f 1766 g 1794 Jetmund Ols. Løvoll (bnr 5).

2. Ole f 1768, g p br
3. Marte f ca. 1770 g 1807 Hans Nilssen Ramstad (br 8).
4. Knut f 1770, d 1775
5. Gjertrud *Gurine* f 1772
6. Synneve f 1773
7. Peter Karolus f 1776 g 1814 Berte Johanne Eriksd. Aure (1790-1879). Peter d 1832 i Jakobg. Aure.
8. Petrine Oline f 1779 d 1872, ug legdslem.

Berte Knutsd. var syster til Ole Knutsen Stadheim. Faren, Knut Olsen Stadheim, budde både på Gudmundset og N. Søvik.

Amund Amundsen Gjørva f 1750 d 1835

g 1. Pernille Amundsd.

g 2. 1783 ek. Anne Olsd. Vik f Blindheim (Larsg.) 1737

Br 1784-1805

I 1782 åtte Amund etter eit skifte 1 pd 6 mk i Nedre Søvik. Far hans heitte òg Amund Amundsen Gjørva og var morbror til Halkjell Gregoriussen Melset.

Amund Søvik var medhjelpar frå 1790. Han kjøpte bnr 1 i Øvre Søvik i 1807 og bygsla bort det bruket til Ole Pedersen i 1813. I 1805 gav han skøyte på 2 pd 5/8 mk i Nedre Søvik for 160 rd til

Ole Olsen Nedre Søvik f 1768 d 1840 g Syneve Ingebrigtsd. Gjørva f ca.

1785 Br 1805-1824

Born: 1. Ole Elias f 1805, g p br

2. Ole *Andreas* f 1807, til Øvre Søvik br 2.

3. Marte Gurine f 1810 d 1879, g 1829 Lars Peter Halvorsen Indre Skodje f 1802 d 1887. Son hans kom til N. Søvik. Marte Gurine var «uvanleg flink og rettskaffen», vert det sagt.

Fekk snart kjøpe meir av bruket av Amund Amundsen, Steffen Gundersen, og av Hans Nilssen Ramstad (bnr 8) på vegne av kona Marte Olsd., slik at han hausten 1807 åtte heile bruket, 1 v 9 mk.

Ole Elias Olsen Nedre Søvik f 1805 d 1849

g 1825 Johanne Oline Larsd. Sætre (bnr 1) f 1805 d 1881

Br 1824-1849

Born: 1. Berte Johanne f 1826, sjå bd II s. 303.
2. Lovise Birgitte f 1831 d 1907, legdslem på Klokk.
3. Ole Andreas f 1834, d 1835, 14 veker.
4. Anne *Sofie* f 1838, g 1859 Karl Pedersen Sandvik.
5. Ole Martinus f 1841 d $\frac{1}{2}$ år
6. Knut Johannes f 1843, g 1886 Torine Gundersd. Eide f 1841.
Han tok namnet Ringset, der dei budde.
7. Ole Severin f 1846 d 1896, g p br
Fekk skøyte frå faren 31/12 1824 for 250 spd. Kårbrev til han 1836. Sk
1849: Brutto 928 spd, netto 389 spd. Enkja gifte seg att med

Jakob Martinus Larssen Skodje f 1824
1850 g ek. Johanne Larsd. Søvik f Sætre (1805-1881)
Br 1850-1868
Jakob var son til Lars Petter Halvorsen Skodje og Berte Larsd. Ytre
Skodje. Foreldra vart ikkje gifte.
Ved sk. etter Ole Elias, sl. 18/3 1851 vart garden taksert til 500 spd.
Garden vart utlagd til enkja mot panterettsutlegg til borna og andre. I
1881 hadde Jakob ein gjeld til Ørskog Sparebank på 425 kr, og det vart
halde eksekusjonsforretning i huset hans, ei toetasjes stovebygning.

Ole Severin Olsen Nedre Søvik f 1846 d 1896, ulukke
g Berte Oline Jakobsd. Sylte frå Norddal (1848-1915)
Br 1868-1889
Born: 1. Oline Jakobine f 1869 g p br
2. Berte Jensine f 1869, g 1891 Ole Jenssen Straumgjerde (1869-
1942).
3. Olivia Tomasine f 1875. g Rasmus J. Melset (Ryingen). Ole
Severin fekk skøyte frå stefaren 5/7 1868 for 500 spd. mot kår. Ei ny
stovebygning var ikkje med i handelen. Ole gav eit større kår til den eldre
bror sin Knut Johannes, men då Knut flytte frå garden vart kåret endra til
108 kg blk, 108 kg havre, 12 kg smør, 3 kg ost, 6 kg mysebrøm og 2 $\frac{1}{2}$ kg
ull.

Far til Berte Oline skreiv seg for Fremmerlid i 1875. Ole dreiv fiske, og
20. februar 1896 vart han slegen over bord frå ein dekksbåt og kom vekk.

Iver Iversen Melset (bnr 2) f 1865 d 1931
g 1889 Oline Jakobine Olsd. Søvik f 1869 d 1949
Br 1889-1918

Born: 1. Ole Bastian f 1890, g p br
2. Ingvald Olav f 1894, g 1921 Karen Nikoline Ulvestad f 1897 i
Dalsfjord.
3. Peder Konrad f 1900 d 1921
4. Inga Olivia f 1900 (tvill.), g 1931 Ole Jørgensen Løvoll br 3. Då
Iver tok over garden var det lite dyrka. Einaste staden dei kunne bruke
langorv var på setra. Men først bygde Iver nytt stovehus. I 1912 bygde
han ny løe.

I 1905 tok han til med nydyrkning. Der var mykje Stein og skog, og
grannane gjekk saman i brytardugnad. Etter kvart vart heile bøen opp-
dyrka, og av steinen frå marka laga dei store murar langs bakkane. Dreiv
elles mykje i vedaskogen, og famneveden vart førd i open båt til Ålesund
og Borgund og selt der. Han dreiv og krøterhandel. Kjøpte om våren dyr
som han hadde i hamning om sommaren og slakta om hausten for sal.

Iver arbeidde for å få fast rutesamband med Ålesund. Fekk først
Vestenfjeldske dampskipsselskap til å ta opp fast rute til Søvik med
«Nordfjord», som måtte ekspederast med robåt. Ca. 1910 fekk han byg-
defolket med seg til å bygge ei kai nedanfor løa. Men ikkje lenge etter
ramla denne kaia ned. Då vart den neverande kaia på Lilleberget bygd.
«Nordfjord» slutta etter ei tid og MFR tok over. Og meieriet sine båtar
låg der om natta. Iver arbeidde og med å få postopneri i Søvik og det
lukkast. - Kring århundreskiftet vart det lagt kabel over fjorden mellom
Ørskog og Vinsnes, og den første telefonstasjonen i Sykkylven vart lagd
til Søvik med Iver som styrar. Derifrå vart så lina bygd vidare til Aure
med stasjon der.

Som alt nemnt var der skyss-stasjon i Nedre Søvik, med båtskyss til
Ørskog og landskyss til Aure. Prest, doktor, lensmann og andre for over
Søvik på tenestereisene sine. Og Storfjorden i storm var hard å hanskast
med i dei opne båtane. Det kunne gå på livet laust. Ein juledag stod det om
livet då dei førde ein mann frå Søvik til Ørskog. Seinare fekk dei vite at
mannen var ein stortjuv som hadde stole ein heil del i Sykkylven og var på
røming.

Ole Bastian Iversen Søvik f 1890 d 1942
g 1918 Oline Kristine Olsd. Løset S (bnr 2) f 1893
Br 1918-1942
Barn: Olga Ingvarda f 1919 d 1974, g 1938 Andreas Larssen Aure
(Pihlg.) f 1913 d 1966.

Ole Bastian fekk skøyte på bruket med hus frå foreldra 16/10 1931. -Då
han tok over garden heldt han fram med nydyrkingsarbeidet og heile

bøen vart maskinmark. Han planta og ein heil del frukt- og bærtre. Selde bær og frukt i torghallen i Ålesund. Selde ca. 40 famnar bjørkeved til Ålesund og på Øyane kvart år. Den kaia som var i Søvik då Ole Bastian tok over var det bygdefolket som åtte. Men den vart snart i så dårleg stand at rutebåtane ikkje ville leggje til. Då kjøpte Ole Bastian kaia og gjorde den i stand og bygde kaihus. Ole Bastian var lenge ekspeditør for rutebåtane.

Han var mellom dei fremste ved skipinga av ungdomslaget «Dalljos» og ved bygginga av ungdomshus i 1923. Før hadde dei berre hatt skulehuset som samlingsstad. Ole Bastian var med i forstandarskapet for Ørskog Sparebank. - Som attåtnæring dreiv han vinterfiske kvart år. Då han døydde var der desse husa på garden: Stovehus, løe, stabbur, 2 naust, saghus, 3 sommarfjøsar og eit sel. Enkja dreiv garden i mange år med hjelp av slektingar. Frå 1974 er Lars Otto Aure eigar av hovudbruket.

RØBBEN (eller RABBEN)

Dette var eit stykke mark som Jakob Larssen Nedre Søvik 16/9 1855 gav festesetel på til

*Bernt Olaus Olsen Løset S (bnr 1) f 1821 d 1912
g 1855 Lovise Katrine Pettersd. Vinsnes f 1827 d 1916*

Born: 1. Olave Petrine Birgitte f 1856, g 1885 Ole Eliassen Løvoll (Kjere-plass) f 1860 d 1891

2. Petrine Karoline f 1861 d 1944, g p pl.

I matrikkelen vart plassen ei tid kalla Ormehaug. Bernt Olsen og Jakob Petersen Søvik stemnde Hans Larssen Øvre Søvik for forlikskommisjonen i 1858 fordi han hadde endra løpet til to små bekker slik at dei i regnver gjorde skade på eit gjerde hos Bernt. Forlik: Når snøen tøyer skal dei få 2-3 av dei som har best greie på dei gamle bekkeløpa til å vise kvar dei gjekk, og dit skal bekkene førast, slik at dei renn nedanfor bøgarden.

I 1865 fødde dei på plassen 2 kyr og 2 sauер, i 1875 2 kyr og 7 sauер. Begge åra sådde dei 1 t havre og 1 t pot. I 1875 stemnde Bernt ein annan for forliksretten, denne gongen Ole Peter Olsen Løset fordi han ikkje hadde betalt dei to ort for året han hadde lovt å betale for å ta ha treringen sin i eit naust som Bernt åtte halvdelen i, og for rest på ein kyrkjepart som Bernt fekk under Løset-bruket, 7-2-12 spd. Forlik: Ole Peter betalar 16 spd til Bernt for kyrkjeparten og for leige av naustet så langt, og sidan 2 ort pr. år i leige av naustet, mot at Bernt skriv frå seg all rett til kyrkje-parten.

Bnr 2 ØVREBØ

Utskilt frå bnr 1 1906, skyld 0,50

Dette er den tidlegare Rabben som hadde vore bygsellass, men som no vart kjøpt av

Peter Severin Olsen Korsedal f 1857 d 1940

g 1. 1880 Regine Pedersd. Blomberg frå Korsedal f 1850 d ca. 1905

g 2. 1906 Petrine Karoline Berntsd. Søvik f 1861 d 1944

Br 1906-1938

Barn: Ragnvald f 1908, g p br

Peter Severin budde nokre år på Korsedal og tok det namnet. Flytte 1888 til Ålesund der Regine døydde. I Ålesund dreiv han fiske. Var styrmann på storskøyte. Arbeidde også på slipp, først hos Liaaen, men lengst hos Florvåg i Skutvika. Før dei kom til Sykkylven etter 22 år i Ålesund hadde dei tre born, to jenter og ein gut. Guten og eine jente, for til Amerika, den andre jenta vart gift med byggmeister Vestnes i Ålesund.

Petrine skreiv seg heile tida for Søvik endå om mannen kalla seg Korsedal. Sonen Ragnvald har og alltid brukt Søvik som etternamn.

Ragnvald Severinsen Søvik f 1908

g 1937 Helga Sølfestsd. Klokk f 1918 , frå bnr 13.

Br 1938-

Born: 1. Nancy Lovise f 1938, g 1957 Egil Trygve Risnes f 1929 på Hildrestranda. Transformatorarbeidar. Sjå bd I s 97.

2. Solveig Petra f 1942, kontordame, g 1965 Lauritz Aspehaug Schjelderup, f 1921. Bur i Spjelkavik.

Ragnvald fekk skøyte frå faren 3/7 1934.

Bnr 3 YTSTEGJERDE

Utskilt frå bnr 1 i 1941, skyld 10 øre

Ragnvald S. Søvik

Dette er ein skogteig som Ragnvald kjøpte. Den grensar mot Vinsnes og berre ein sommarfjøs er bygd på stykket.

Gnr 67 ØVRE SØVIK

Om lægjet sjå innleiinga om Søvikdalen. Om namnet, sjå Nedre Søvik.

Kring 1690 var der ei markegangsforretning mellom Øvre Søvik og Klokk, om utmark og setermark. og det var same tvisten som kom opp att 16/6 1711. I staden for sorenskrivaren Henning Tygesen Castberg som ikkje kunne møte, kom Jørgen Hanssen Høeg. og lagrettemennene var Bottolf Tøsse, Guttorm Sølfestsen Strand, Lars Lande, Peder Gjære og Rasmus Sjøholt. Som ombodsmann møtte Chr. Olsen Abelset for seg og mora.

Brukarane på Øvre Søvik klaga over at Klokk-brukarane «vilde betage dem deres fornødne drift og brug» med omsyn til «fægang og udmark». Klokk-brukarane svara at dei berre retta seg etter eit 20-år gammalt markabyte, men frå dette hadde dei ingen dokument å leggje fram. Heller ikkje i gamle protokollar vart det funne noko om dette. Det kom og fram at retten den gongen ikkje hadde vore i Klokksmarka sør for fjellet, der det beste beitet var. Retten fann då at den tidlegare markegangsforetninga ikkje kunne ha nokon verknad på avgjerda i denne saka.

Utdrag av domen: «Som Øvre Søvigs opsiddere befindes misholdne med fægang imod det som Klokk opsiddere ubevisligen tilegner sig. saa udfindes som ret, at Øvre Søvig heretter skal nyde til hjælp til hjemmehage det stykke mark som tilforne har været fælles og kaldes Schidenlien alt frå Nakken ved gjærdegaarden lige i fjeldet og frem til Bjørneskindhaugen: men saaledes skal agte deres fæ at det ikke for tiden om vaaren gjør forfang på den rette sætermark, dog at Klokk beholder sin sædvanlige vei og frit at drive deres fæ frå og til sæteren gjennom bemeldte Schidenlien. Ellers maa Klokk opsiddere derudi ikke gjøre nogen skade eller hinder . . . imedens fæt er paa sæteren uden det skede uforvarende ved en hændelse: thi da skal det ikke saa straks regnes til onde. Forresten maa Fôranførte Øvre Søviks opsiddere gjøre sig bemeldte Schidenlien saa nyttig som i alle lovlige maader bedst ske kan. Med sæterdrift skal det for-holdes herefter som tilforn og efter loven baade Øvre Søvik og Klokk drive deres fæ paa en tid frå og til sæteren og imidlertid fæt er paa sæteren har udi alt sin flittige gang og drift, og det lille gjærde eller indhegning som Øvre Søviks opsiddere har gjort omkring deres sæterhus, beholder de fremdeles uhindrelig eftersom ombudsmanden lover at det ikke skal komme Klokksmændene paa deres ringe skov til besvær . . . »

I 1801 vart brukarane på Øvre Søvik samde med brukarane på Klokk og Almeskar om at dei som før skulle bruke setermark og beite i lag medan krøtera var på setra. (Forliksprot. 16/6 1801.)

Som før nemnt var Søvikdalsvegen ofte framme i kommunestyret, og da var det helst snøryddinga det var tale om. Den vart bortakkordert, oftast til to mann. I 1833 kom der framlegg om at snøryddinga skulle utliknast på alle i tinglaget etter matrikkskyld. Vedteke i 1839.

I 1866 klaga prosten Voss over at Søvikdalsvegen ikkje var i farbar stand. Da vart snøbrøyting bortakkordert til en mann for kvar rode til 10-12 spd årleg.

I 1875 vart det for første gong gjort framlegg om å «ophøie» vegen frå Søvik til Aure til hovudveg.

Etter kvart er vegen vorten utbetra, ikkje minst i dei siste åra, og i nordste delen er vegen lagt om.

EIGARAR

På 1600-talet var Øvre Søvik kyrkje- og bondegods. Kyrkjegodset var på $\frac{1}{2}$ v og Skodje kyrkje var eigar. Om bondegodset veit vi at ein brukar på Erstad og ein på Riksheim var mellom eigarane. Skinnbrevet frå 1586 som syner dette er nemnt før. I første helvta av 1600-talet åtte Ole Pedersen Søvik 8 mællag jordegods. Noko av dette var kanskje i Søvik. I 1640-åra åtte Jakob og Jon Erstad kvar $\frac{1}{2}$ v i Søvik, og kring 1650 tok Ole over Jon sin part. I 1661 hadde Jon Rellingen kjøpt opp alt utanom kyrkjeparten og hadde byggelretten til alt. Nokre år seinare selde Jon Rellingen Søvik-godset sitt til Peder Brandal, men denne parten minka med $1 \frac{1}{2}$ mællag som enkja etter presten Hegelund ervde etter mannen. Seinare auka Brandal-parten først med 9 mk, og i 1706 var den på 7 mællag, som Ole Larssen Abelset kjøpte av enkja etter Peder Brandal, Magdalene Jørgensd. Sidan gjekk dette jordegodset i arv frå den eine til den andre i Abelsetfamilien. Skodjekyrkja sin part var med i salet av kyrkja til Peder Honningdal i 1724, og denne parten fekk Abelsetfamilien overbygsel til.

I 1807 fekk Nils Mechlenburg Søvik bnr 3 ved testament, og skodjekyrkja hadde landskyld rett utan byggel til 9 mk av det. Amund Amundsen Nedre Søvik kjøpte Øvre Søvik bnr 1 same året. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr i Ørskog: 91, 94, 90, 93, 50. Skatteklasse halv gard. Matrikkskylda var i første halvdelen av 1600-talet 2 v, seinare i lang tid 2 v 18 mk. Ny skyld 1836 7 dlr. 1 skill., rev. 1890: M 11,87.

Tiend: 1666: 2 $\frac{1}{2}$ t havre, 1 mæle bygg, $\frac{1}{2}$ v ost. 1717: 3 t havre. 1 $\frac{1}{2}$ skjepper bygg, 30 mk ost eller 45 skil. 1724: 2 $\frac{1}{2}$ skjepper bygg = 47 $\frac{1}{2}$ skill., 3 t havre = 2 rd 48 skill., 1 pd 17 mk ost = 54 $\frac{2}{3}$ skill.

Leidangen: 1606 4 kalveskinn, 1607 1 geiteskinn, 1667 1 geiteskinn 2 kalveskinn. 1717: 3 ort 9 skill. 1773: 1 geiteskinn 2 kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 2 mann

1609: 4 mann

1612: 4 mann

1626: 3 mann. Sår 7 t havre

1657: 3 mann. 2 hestar, 2 oksar, 21 kyr, 12 sauher, 15 geiter

1666: 3 mann. Sår 8 t havre, avlar 27 ½ t, kan fø 3 hestar, 26 kyr. Brenneved.

1717: 3 mann. Sår 8 t havre, ½ bygg, avlar 30 t havre, 2 t bygg. Førar 3 hestar, 22 kyr. 3 små kvernar.

1724: 3 mann. Sår 5/8 t bygg, 7 ½ t havre, avlar 3 t bygg, 30 t havre. Førar 3 hestar, 17 kyr, 9 ungdyr, 19 sauher og 18 geiter. Seter 1 fjerding frå garden. 2 små kvernar til eigen bruk. Garden ligg litt opp frå sjøen. Nokså lettvunnen og viss til korn. Nok brenneved. (Framlegg om å auke skylda frå 2 v 18 mk til 2 v 1 pd 18 mk vart ikkje sett i verk).

1770: 3 mann. 2 kvernar

1787: 3 mann. 1 kvern, den andre øyde.

1802: 3 mann. 2 bruk à 2 pd 18 mk. Sår kvar 3 t havre, ½ t blk. 6 foll. Føder 1 hest, 8 kyr, 20 småfe. 6 vaksne arbeidsfolk. Verdi 155 rd. 1 bruk på 1 pd 6 mk. Verdi 75 rd. 1 husmannsplass. Garden har årvisse kornavling, skog til brensel, sommarbeite i utmarka og i «tilhørende sæterhaugen».

1835: 3 mann. Sår 5 t bygg, 6 t blk, 6 t havre, 6 t pot. Før 3 hestar, 28 kyr. 60 sauher, 24 geiter, 3 griser.

1845: 4 mann. Sår 3 t bygg, 5 ½ t blk, 10 t havre, 4 ½ t pot. Førar 5 hestar. 30 kyr, 62 sauher, 13 geiter, 1 gris.

1865: 4 mann. Sår 13 t blk, 13 ½ t havre, 22 t poteter. Før 3 hestar, 33 kyr, 64 sauher, 16 geiter, 3 griser.

1866: 4 mann. Matr.føreb.arb.: Sår ½ t blk, 10 ½ t havre, 10 t poteter, avlar 50 t blk, 60 t havre, 64 t poteter. Førar 3 hestar, 30 kyr, 76 småfe. Sjå elles under kvart bruk.

1875: 4 mann. Sår 9 ½ t blk, 11 ½ t havre, 17 ½ t poteter. Førar 3 hestar, 34 kyr, 7 kalvar, 86 sauher, 3 griser. God hamnegang. Nok brenneved. Litt bjørk til sal. Lauv til før. «Mykje godt» tilgjenge til veg, sjø og marknad.

BRUKARAR Bnr 1 SKARET

Halstein Ellingsen Nedre Søvik d 1625

Br. .-1625, enkja til 1627

I 1606 la han 1 mæle i tiend. Han vart reidd ut til Kalmarkrigen i 1611 av Arne Lande og Oluf Nedrevoll. Tienda vart mindre dei siste åra han var brukar.

Paul

Br 1627-1629

I 1628 er enkja etter Halstein nemnd som «utarma».

Jakob

Br 1629-1634

Tienda hans i 1630 var 3 fj. I 1631 er han kalla øydegardsmann.

Iver Olsen

Br 1634-1646

I 1637 3 fj i tiend. La i 1645 koppskatt for seg og kona.

Åge Anderssen f ca. 1605

Br 1646-1677

Som nemnt auka skylda til Øvre Søvik frå 2 v til 2 v 18 mk i 1660-åra.

Åge brukte i 1648 2½ mællag, i 1667 3 mællag og i 1675 3 mællag 6½ mk.

I 1657 la han 1 slettdlr. 4 skill. av 1 hest, 6 kyr, 4 sauер og 4 geiter. Lagrettemann. Bumerket kunne tydast: Oge Iversen, men han vart heile tida kalla Anderssen.

Lars Olsen

Br 1677-1694

Han brukte som Åge 3 mællag 6 ½ mk.

Jon Monsen d 1721, 69 år

(Oppgitt alder i 1701 55 år)

Br 1694-1718

Barn: Marte f c a 1712 g Paul Guttormsen Søvik.

Hadde to born i 1711. Bruket var framleis på 3 mællag 6 ½ mk. Tiend i 1706: ½ pd bygg, 2 rd for havre, 4 skilling for ost. I dei to siste åra av den oppgitte brukstida hans, er ettermannen Knut nemnd i lag med han i futerekneskapen.

Knut Ingebrigtsen f ca.1656 d 1740

g 1. N.N.

g 2. 1721 Synneve Knutsd. f c a . 1683 d 1743

Br 1718-1725

Born: 1. Jon dp 11/1 1723, g 1747 Tyri Olsd. Solnørdal. Til Sandvik.

2. Lars, gift og hadde borna Ole og Anne.

Bygselsetel på 1 ½ mællag i Ø. Søvik 27/12 1720 frå Christopher Abelset.

Knut og Synneve vart trulova i Stordalen, og forlovarar var Ivar Furstrand og Per Jons. Søvik.

Elling Ingebrigtsen d 1740, 50 ½ år

1723 g Anne Olsd. d 1746, 78 år

Br 1725-1740

Var brukar av 2 spd 18 mk i 1732. Forlovarane deira var Knut

Ingebrigtsen

Søvik og Håver Knutsen Løvoll.

Paul Guttormsen Vik (Sjursg.) f ca. 1709 d 1768

g 1741 Marte Jonsd. Søvik f c a . 1712 på bnr 1

Br 1740-1752

Born 1. Elling f 1744, d ½ time

2. Guttorm f 1745

3. Knut f 1752

4. Synneve f 1752 (tvill.)

Bygselsetel 12/11 1740 på 3 mællag 9 mk. frå Chrf. Abelset på Garmanns vegne. Frå Søvik flytte denne familien til Løvoll (bnr 3).

Peder Olsen Nedre Søvik f ca. 1712 d 1775

g 1749 Siri Olsd. Framhus, d 1780 61 ½ år

Br 1752-1758 (heile), 1758-1772 (halve bruket)

Born: 1. Berte f 1750

2. Ole f 1752

3. Peder f 1755, d 1779 på Gåsholmen.

4. Ole f 1757

5. Marte f ca. 1758 g 1788 Jon Bodvarsen Fausa. Bustad Jonsplass, Nysæter.

I 1735 vart han stemnd for å ha selt brennevin under preika ved Ørskog kyrkje. Bygsla 3 ½ mællag 12/6 1752 av Christopher Abelset.

Jakob Klemetsen Melset (br C) f 1721 d 1772, 52 år g 1750 Berte Olsd. d 1771, 64 år Br 1758-1771 (halve bruket)

Bygsla 1 pd 7 ½ mk i Ø. Søvik av Chrf. Abelset 16/3 1758. Da kom han frå Løvoll (s.d.).

Ole Pedersen f ca. 1750

g 1772 Anne Olsd.

Br 1772-1794

Born: 1. Olave f 1774, g p br

2. Peder f 1776, d 1793, 16 ½ år

3. Anne Marte f 1780

4. Lars Petter f 1784, soldat frå 1808, vart flytt over til
trondhjemiske regiment i 1809.

Ole bygde nye hus på bruket og dyrka jorda noko betre. I slik stand overlet han bruket til svigersonen, som likevel nekta å gi han kår fordi han hadde teke til å rydde ein øydegard på Svarteløken. Det lukkast ikkje å få til eit forlik i forlikskommisjonen (1797). Ole flytte til Svarteløken. Men han vart der ikkje lenge. Han flytte til Bjørlykke i Samfjorden.

Steffen Gundersen Klokk (bnr 8) f 1768 d 1813

g 1. Olave Olsd. Søvik f 1774 d 1799

g 2. Siri Endresd. Lille Ringdal d 1803, 35 år

g 3. 1804 Guri Olsd. Søvik f Løset S (bnr 2) 1776, d 1841

Br 1794-1813

Barn i 1. ekteskap: 1. Ole dp 3/1 1802

Før ekteskap hadde Siri to born: Ingeborg Jensd. f ca. 1794, og Anders Nilssen f ca. 1800.

Sk. 1799: 174 rd, gjeld 154 rd.

Sk. 1804: 172 rd, netto 49 rd.

Sk. 1813: 147 rbd, netto 76 rbd.

I sk. i 1799 var m.a. ½ i eit nytt båtnaust bygt av stokkverk, tekt med never og torv. $\frac{1}{7}$ i ein åttring med segl, 9 torskegarn.

Ole Pedersen Indre Ekernes (bnr 2) f 1784 (Øvre Søvik bnr 1) d 1842

Br 1813-1835

Barn: Lars Petter f 1829 (mor: Marte Larsd. Almeskar).

Bygsla bruket 1/9 1813 av Amund Amundsen Nedre Søvik, og kjøpte det av den same 15/10 1830 for 244 spd.

Sk. 1842: Netto 14 spd. Han bygsla bort bruket til brordotter si og mannen hennar.

Paul Pedersen Fet f 1810 d 1884

1835 g Olave Lovise Pedersd. Løvoll bnr 4 f 1811 d 1866

Br 1835-1849

Born: 1. Petrine Oline Gurine f 1836 d 1876, g 1862 Peter *Bastian*

Ingebrigtsen Valde (1839-1922).

2. Peter Severin f 1842 d 1843

3. Oline Petrine f 1844 d 1920, g 1872 Knut Lassesen Oppsal f 1847.

Budde på Søvik som innerstar. Sjå under lnr 143 Skareplass, br).

Bygselsetel 20/10 1835. Flytte til Skareplassen i 1849. Sådde i 1845 3 t blk, 4 ½ t havre og 1 t poteter. Fødde 2 hestar, 11 kyr og 20 sauер.

Ole Pedersen Andestad f 1809 d 1898

g 1836 Petrine Elisabet Jørgensd. Lid f 1816 d 1894

Br 1849-1883

Born: 1. Ingeborg Susanne f 1837, g 1859 Knut Severin Martinussen
Melset (Petterg.) f 1834.

2. Peter Johan f 1840, g 1868 Ingeborg Berntsd. Abelset. Til
Andestad (s.d.).

3. Tyri *Karoline* f 1843 d 1916, g Ole Ingebrigtsen Søvikhaug f 1838

4. Jensine Olave f 1846, g 1869 Ole Jørgensen Løvoll (br 3).

5. Knut Andreas f 1849, g 1873 Karoline Ivrine Lassesd. Klokk f
1851. Bustad Klokk (bnr 2).

6. Petrine Severine f 1853, g Lars Jørgensen Løvoll (bnr 1). Budde
på Kristisæter i Tresfjorden. Ole tok namnet Søvik då han flytte
dit. Var først brukar på Andestad.

1865: Sådde 4 t blk, 4 t havre, 7 t poteter. Fødde 1 hest, 11 kyr, 20
sauer, 4 geiter og 2 griser.

1866: Hadde 30 dekar god åker og dyrka eng, 112 dekar natureng av
«middelmådig beskaffenhet». Bra hamnegang.

1875: Sådde 3 t blk, 3 t havre, 4 t poteter. Fødde 1 hest, 8 kyr. 2 kalvar,
24 sauер og 1 gris.

Vart til dagleg kalla Skare-Ole. Han var medhjelpar. Bruket på Andestad
bygsla han bort til Joakim Nilssen Klokkerhaug. Men då sonen tok over
Andestad-bruket, flytte Ole tilbake dit og døydde der.

Lars Peter Olsen Søvik f 1829

(son til Ole Pedersen som var br 1813-1835)

g 1. 1854 ek. Kari Aretsd. Rypdal f Frostad, d 1870, 76 år

g 2. 1872 Ingeborg Hannibalsd. Frostad f 1845 på Vestnes.

Born: 1. Karoline f 1873

2. Ole Bastian f 1875
3. Hans Andreas f 1879
4. Lars Peter f 1880

Ole Pedersen skøyte bruket over på den 7 år gamle sonen alt 1/8 1836. Lars Peter vart aldri brukar, men budde som kårmann på bruket i lang tid. Saman med andre Søvik-karar hadde han presteskyssen ei tid, men dei sa frå seg den frå 1/1 1869, og to Klokk-brukarar tok over. Lars Peter vart vald til forlikskommissær og var med i kommunestyret.

I 1875 hadde han som kårmann 2 kyr, og han sådde 2 t pot. Han kom i gjeld og sette i pant bruket med hus (bortsett frå det tilbygget Ole Pedersen frå Andestad hadde sett opp) og plassen Skaret, men ikkje husa der. - Ein av dei han stod i gjeld til var svogeran Aret Hanibalsen Frostad, og det vart ved eksekusjon teke utlegg i avlinga 1882. Året etter var Lars Peter konkurs, og bruket vart selt av Nordre Sunnmøre Skifterett til Amund K. Lillebø og Knut Sivertsen Seljeflot 28/10 1883. Då hadde Lars Peter med kona og dei 5 borna alt vore mellom to og tre månader i Amerika.

No vart bruket delt, og den som tok over den helvta som framleis fekk bnr 1, var

*Amund Knutsen Lilllebø f 1842 d 1911
g Kristine Klemetsd. Rørhus f 1842 d 1932
Br 1883-1903*

Born:

1. Olave Marie f 1872, g Peter Korsedal frå Norddal.
2. Karl Andreas f 1876, g p br
3. Kristian Peter f 1878. Til Minnesota i 1900.
4. Iver f 1880 d 1969. g Karen Eidem f 1885. Bustad Grebstadt-
gjerde. Bd I s. 198.
5. Ole Bastian f 1884. Til Amerika.
6. Marte Karoline f 1888, g Martin Par frå Sunnylven.

Frå Amund si tid vart bruket kalla Åmundgarden. Før han kom til Søvik hadde Amund vore brukar av Hjellhaugen på Lillebø i Sunnylven og selde det bruket til Ole Knutsen Helset. Fonna hadde teke hus og buskap for Amund. I 1891 fekk Ørskog kyrkje etter søknad til Bergens Stiftsdireksjon lov til å kjøpe bruk nr 1 på Søvik. Då vart både Amund og brukaren på den andre halvparten bygslemenn. I 1894 vart dei bedne om ikkje å hogge meir skog enn dei hadde rett til etter bygselkontrakten, elles kunne det få «ubebagelige følger». Kyrkja betalte 3300 kr. for bruket, og borna til seljarane skulle ha førsterett til å bygsle. Amund var trondheimshandlar.

Karl Andreas Amundsen Lillebø f 1876 d 1963
g 1902 Ingeborg *Marie Karolusd.* Eidem (1873-1961)
Br 1903-1942

Born: 1. Arthur Kristian f 1902, p br
2. Marie f 1905, hushaldar
3. Konrad Olaf f 1905 (tvill.), d 1906, 11 mnd

Karl betalte i 1903 450 kr i bygselavgift til Ørskog kyrkje. Kår til foreldra Bygselmannen skulle få kjøpe bruket innan 10 år. I 1911 søkte kyrkja om løyve til å selje bruket til Karl for 1700 kr., og i 1913 gjekk salet i orden. Karl bygde dei fleste husa på bruket. Vånehus i 1909.

Arthur Karlsen Søvik f 1902 Br 1942-1974
Tok over bruket etter faren 1/1 1942 og fekk skøyte for 3000 kr. i 1943.
Marie har vore hushaldar for broren og har hjelpt til med gardsdrifta. I mange år var Arthur sjukleg. Selde bruket i 1974 til Anton og Margit Aure.

Bnr 6 ØVSTESKARET (Knutgarden)

Knut Sivertsen Seljeflot f 1846 i Sunnylven, d 1927
g Lovise Pedersd. Lundanes f 1858 i Sunnylven, d 1939
Br 1883-1909
Born: 1. Olivie f 1876, g p br
2. Gjøri f 1878
3. Petrine f 1880. g Elias Rogne frå Haram.
4. Sofie Karoline f 1884, g 1909 Petter Sivertsen Indrestrand frå Vatne, f 1879.

Som nemnt vart bnr 1 i 1883 delt i to like deler, Nedsteskaret og Øvsteskaret. Amund Lillebø fekk gamletunet, bnr 1 Nedsteskaret. og Knut fekk bnr 6 Øvsteskaret eller Knutgarden. Knut bygde ny løe.

Hans Hanssen Nervalsaker f 1871 i Hornindal, d 1940
1898 g Olivie Knutsd. Søvik f 1876 i Sunnylven, d 1953
Br 1909-1940, enkja til 1944
Born: 1. Helga Jenny f 1899, g Ingvald Eidsvik f 1899.
2. Konrad f 1902 i Ålesund, d 1943.
3. Lars f 1907, g p br Hans kjøpte bruket av Ørskog kyrkje i 1909 for 1900 kr. Bygde nytt

stovehus i 1931. Bruket hadde ei skyld på 2,28 etter at det vart frådelt ei skyld på 2 øre som vart lagt til bnr 4 Søvikskaret.

Lars Peder Hanssen Nnavelsaker f 1907
1936 g Bergljot Anna Sakariasd. Furnes f 1916
Br 1944-1974

Born: 1. Haldor f 1936. Var mekanikarlærling då han døydde på Farsund Sykehus i 1956.
2. Svein Konrad f 1946, g p br
3. Odd f 1948, sjå bnr 18
Kjøpte ny reiskap, m.a. traktor i 1956. Dreiv òg muraryrket.

Svein Larssen Nnavelsaker f 1946
g 1969 Oddbjørg Petra Korsedal f 1946 i Stordal
Br 1974-
Born: 1. Haldor f 1971
2. Audun Bjarte f 1973
Svein er bilmekanikar. Er eigar av bnr 15 Fjordglytt, utskilt frå bnr 6 1975.

Bnr 13 SKOGLY

Utskilt frå bnr 6 i 1970, skyld 1 øre

Bnr 18 SKOGLY I

Utskilt frå bnr 6 i 1975, skyld 1 øre
Odd Larssen Nnavelsaker f 1948
1969 g Lillian Irene Amundsd. Bjørnevik f 1947
Born: 1. Lars Arne f 1969
2. Stig Lennart f 1974
Kasserar i Sunnmørsbanken. Bygde våningshus i 1971.

RABBEN

(frå bnr 1 og bnr 6)

Knut Olaus Lassesen Oppsal f 1847 d 23/3 1900, omkom på sjøen
1872 g Oline Paulsd. Søvik (bnr 4) f 1844 d 1920
Br 1883-1900
Born: 1. Peter Olaus f 1869, til Amerika 1893.

2. Ole Bastian f 1873, g 1. Oline Olsd. Solnørdal f 1862, g 2. 1901
Malla Mo f 1857 i Stordal.
3. Lars Karl f 1875, til Manitoba 1896, g Inga Valgermo
4. Olave Petrine f 1879, til Manitoba 1903 for å gifte seg med Ole Moe
frå Valgermo.
5. Knut Olav f 1882, g p br 7.
6. Andreas Joakim f 1887, til Manitoba i 1904.

Knut Lassesen var først brukar av Skareplassen der kona var frå. Leigde eit jordstykke av Karl A. Søvik bnr 1 og Hans Navelengther bnr 6. Stykket gjekk tilbake til hovudbruket i 1911. Lars Karl og kona Inga var heime på besøk i 1903, og Olave reiste då til Canada i lag med dei. Då var ho ugift meierske. Sjå elles bnr 4.

Bnr 7 ROLAND

Utskilt frå bnr 6 i 1911 skyld 5 øre

Knut Olav Knutsen Søvik f 1882 d 1928
1909 g Nikoline Olsd. Hellebostad f 1887 d 1959
Br 1911-1928, enkja til 1958

Born:
1. Knut Olav f 1910, g 1941 Grace Smith f 1910 i Canada.
2. Borghild Olga f 1913, g Oskar Løseth (R) f Klokk 1908.
3. Oline Ida f 1918, g Martinus Rekkedal f 1917.
4. Gunnvor f 1920, g 1943 Ole Melset br 7 (1917-1959).

Bygde stovehus her i 1911, og Rabben fall tilbake til hovudbruket. Skøyte frå Hans Navelengther 25/10 1911. Knut Knutsen var landhandlar. Han hadde gått fylkesskule og underorfiserskule. Var med i heradstyre og formannskap frå 1920. Han var òg bygningsmann. Kjøpte noko av sams utmark som sidan vart selt til kommunen. Enkja fekk gjort ein større reparasjon av stovehuset i 1954. Ho var telefonstyrar. Knut kjøpte òg eit stykke av bnr 1. Det var

Bnr 8 NY-ROLAND

Utskilt frå bnr 1 i 1913, skyld 2 øre. Dessutan

Bnr 9 NYBØ

Utskilt frå alle Søvik-bruka 1-8 i 1918, skyld 5 øre. Dette stykket låg «fram i myrå», og det vart ikkje bygt på det.

Dei tre sistnemnde bnr tok dotter til Knut og hennar mann over. Det var

Ole Ludviksen Melsæt (bnr 7) f 1917 d 1959

g 1943 Gunnvor Knutsd. Søvik f 1920

Br 1958-1959, Gunnvor frå 1959-

Born: 1. Knut Leif f 1944, ug fabrikkarbeidar, før sjømann.

2. Norlaug Marianne f 1946, kontordame, 1964 g Ottar Lillestøl frå Hornindal f 1938. Bur på Fauske.

3. Grete Oddhild f 1949. Barn før ekteskap: Odd Geir f 1968. Grete g Harald Jensen frå Lyshol.

4. Terje f 1952, g Berit Hauge frå Bremanger, bur i Søvik. Bygg hus på tomt frå plassen i 1982. Barn: Ole Henrik f 1980

Gunnvor fekk skøyte på bruket 27/6 1958. Ho har vore telefonstyrar og postopnar. I lang tid landpostbud. Køyrer postbil frå Aure til Ørsnes, så tilbake opp til Grebstad og vidare heilt til Ramstad. Bladet «Motor» ville gi ei påskjøning til landpostbud som hadde gjort eit framifrå arbeid. Det kom framlegg om 60, og Gunnvor var mellom dei 4 som fekk ein tur til Kanariøyane.

Ole Melsæt var møbeltapetserar.

Bnr 10 GJÆRE og KVITEBLIKKET

Eit stykke utskilt frå bnr 1 og bnr 6, og som gjekk tilbake til desse bruka. Skylda var 36 øre, med 18 øre frå kvart av bruka 1 og 6.

Bnr 4 SKAREPLASSEN (bnr 143)

Ole Knutsen Opshaug (Heimigard) f 1757 d 1837, 81 år

1801 g Synneve Gundersd. Klokk (bnr 8) f 1766 d 1848

Br 1801-1828, enkja til 1839

Fekk plassesetel på to stykke mark 23/5 1801 frå enkja til C. M. Abelset. Om plassen i 1803: «En ganske ubetydelig plads Skare under Steffen Gundersens bruk.» Ole Knutsen svarte årleg 12 dagars arbeid på leiglenningen sin kost, og la 24 skill. til jordeigaren. Skylda på plassen var i 1828 sett til 20 skill.

I 1837 førde Synneve vitne på at mannen hennar hadde gjort henne til einearving.

Ho gifte seg att, 73 år gl. i 1839 med

Johannes Rasmussen Dregen f Giske ca. 1781
(son til Rasmus Langlo)
Br 1839-1848
I 1848 gifte Johannes seg att med enkja Karen Jakobsd. Fausa f ca.
1783.

Paul Pedersen Fet f 1810 d 1884 (frå 1835 til 1849 var han brukar av
bnr 1 (s.d.) Br 1849-1872
I 1865 sådde han 1 ½ t blk, 1 ½ t havre og 2 t poteter. Fôra 2 kyr og 6
sauer. Hadde 8 dekar därleg åker og dyrka eng og 2 dekar natureng.
Versonen tok over etter Paul.

Knut Olaus Lassesen Oppsal f 1847 d 1900
g 1872 Oline Paulsd. Øvre Søvik bnr 1 f 1844 d 1920
Br 1872-1883
I 1883 flytte denne familien til Rabben (s.d.). (Rabben frå bnr 1 og 6).

Iver Monsen Melset f 1854
g Anne Olsd. (Skottet?) f 1861
Br 1883-1899
Born: 1. Elias f 1882. Budde i Stordalen.
2. Peter Andreas f 1886, budde i Ålesund.
3. Ole Martinus f 1895.

Kjøpte plassen på auksjon 12/12 1883. Kår til Paul Peders. Hadde presteskissen fra 1894 i lag med Knut S. Søvik. Selde plassen 19/10 1903 for 2500 kr. til

Lars Andreas Lassesen Rønes f 1862 d 1932
g Jensine Pettersd. Klokkerhaug f 1869 d 1945
Br 1899-1932, enkja til 1938
Born: 1. Elise Petrine (*Lisa*) f 1893, syerske.
2. Petter Johan f 1895, p br
3. Johan Cornelius f 1899, fiskar d 1975.
4. Lars Andreas f 1901. fiskar
5. Klara Jenny f 1906 d 1975
6. Olga Marie f 1911

Lars Lassesen var 8 år gl. då far hans kjøpte gard på Sollid. Faren kom bort på sjøen då Lars var i konfirmasjonsalderen. Etter at Lars gifte seg dreiv dei eit bruk på Klokkerhaug til dei i 1899 tok over Skareplassen. Frå tida like etter hundreårsskiftet vert dette fortalt: Lars hadde 2

mjølkekryr og nokre sau. Han fekk lov av ein gardbrukar i Ramstaddalen til å slå 2 høymeriser, d.e. eit lite lass, i Bugane, over ei mil frå Søvik. Og då han kom roande tilbake til Søvikfjøra, sa mannen i Nedre Søvik: «Du kan no berre ta merra og køyre høymerisene dine heim til deg.» Sidan møtte Lars mannen som hadde gitt han løyve til å slå, og spurde kva han skulle ha. Nei, det skulle han no ikkje ha noko for, men om han ville kome og bryte jord for han ei par dagar ville det vere fint. Det gjorde han. Så spurde han den andre mannen kva han skulle ha for lånet av hesten. «Nei, va` det se likt. Men ha du vilja vere med meg eit par dagar og slå smågras uti Tegå so ha det no vore svært.» Det vart dyre høystrå. Bygde løe i 1914.

Petter Johan Larsen Søvik f 1895

Br 1938-ca. 1965

Fekk skøyte frå mora 8/8 1938 for 1200 kr. La inn vatn i stove og fjøs i 1948. Reparerte og bygde på stovhuset i 1950. Bygde silo i 1958. Før hadde han bygt både naust (1940) og sel (1942).

Systrene Lisa og Olga Søvik selde plassen til Staten 1977. No har Svein Nivalsaker teke bruket som tilleggsjord. Ingen bur i huset på Skareplassen no. Eigar er Staten ved Møre og Romsdals Fylkeslandbruksstyre.

Bnr 19 SOLHEIM

Skyld 1 øre. Selt av Staten 1978 til

Lars Magne Aure

Bnr 2 «GARDEN»

Lasse

Br 15. -1607

Han la 1 ½ f j i tiend i 1606

Ingebrigts Paulsen

Br 1607-ca. 1634, enkja til 1636

Barn: Ole, nemnd i skatteliste 1650 over «sielfostre drenge som haffuer verritt gamble udskrefne soldater» og la 1 rel i skatt.

Ingebrigts var i 1611 saman med Simon Klokk utreiar av Nils Klokk til Kalmarkrigen, men det vart Peder Andersen Svinnset som gjekk ut for Nils.

Å døme etter matrikkelen av 1626 skulle der vere berre ein brukar på Nedre Søvik og ein på Øvre det året. Men andre kjelder viser at der var meir enn ein brukar på Øvre Søvik då.

Ingebrigts d.y.

Br 1636-ca. 1648

Han la 1 mæle i tiend i 1639.

Jakob Halvorsen Erstad f ca. 1610

Br ca. 1648-1682

Barn: Oluf f ca. 1653

Jakob brukte 1 v i 1648, 3 mællag i 1661, og 3 ½ mællag i 1664. I 1675
det same, i 1680 3 mællag 17 mk.

Krøterskatten hans i 1657 var 5 ½ slettmark av 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 2
sauer og 3 geiter.

Knut Olsen

Br 1682-ca. 1690

I 1683 vart han og grannen Villum stemnde for slagsmål og fekk 1 rd i bot
kvar. (Bst pk 69).

Jon Pedersen f ca. 1653 d 1717

g Marte Andersd. f ca. 1649 d 1726

Br ca. 1690-1711

Born: 1. Siri f ca. 1680, d 1750, g Ole Ellingsen Velle (sjå bd 2 s. 414).

2. Synneve f ca. 1690

3. Peder f ca. 1693 Sjå bd3 s 42.

I 1694 vart han stemnd av Elling Furstrand og Tormod Rønes fordi hunden
hans skulle ha drepe 7 av sauene deira. I 1700 vart han klaga for lm med
Ingeborg Jonsd. Ramstad. Han vedgjekk ikkje å vere far til barnet
hennar, og der var eit par andre karar innblanda. Men eiga hans vart
registrert «formedelst han uagtet sit ægteskab haver havt omgjængelse og
ligget i letferdighed med et quindfolk ved navn . . .»: M.a. 4 kyr à 2 ½ rd.
2 fjorskalvar, «l ringt hors» 2 rd, 4 geiter, 2 kje, 3 sauер med lam, 2 fjors-
verar, 1 rye, 1 gl. «synder gryde», 1 skjæring, 1 bakstehelle, 1 liten gl.
kjel. 4 t korn 4 rd, 1 gl. øks, 1 lita kiste, småkjørel for 1 ort, i alt 27 rd.
Gjeld til broren Nils, som Gunder Pedersen Rønneberg var formyndar for:
7 rd. Lars Rønes kravde 2 ort.

I 1711 var Jon ein av underskrivarane på ei utgreiing om husmenn i
Valde skipreide. Det heiter i skrivet: «Ingen husmænd findes udi dette

skibrede, ej hellere strandsiddere eller deslige, som skat efter skatteforordningen kand betale, men de faa husmænd, som her findes, tilholder udi en lidet hytte eller de ere inderster og ernærer sig med betlerie hos almuen.»

Peder Jonsen Øvre Lande f ca. 1684 d 1757

g 1. Marte Knutsd. Jarnes br B, f ca. 1684 d 1751

g 2, 1755 Kari Larsd. Øvre Viset f 1721 i Stordal.

Br 1711-1743

Born: 1. Madli f ca. 1711, g Ole Jørgensen Riksheimgjerde f ca. 1704

2. Anna f ca. 1715 d 1784, g 1743 em. Knut Guttormsen Vik
(Sjursg.) d 1784, 75 år.

3. Jon f ca. 1718, g p br

4. Ingeborg f 1722 i Stordalen, d 1740

5. Dorte f 1724 d 8 dg

I 2. ekteskap:

6. Lars f 1757, til Vinsnes.

Peder var «en av de beste og (mest) suffisante menn» og vald til å representere Valde skipreide for på vegne av alle å love punktleg betaling av tienda.

Han var legdsmann. Var brukar av 2 pd 18 mk som han bygsla av Christopher Abelset 28/3 1711.

Jon Pedersen Øvre Søvik d 1796, 78 år

g 1. 1744 Ragnhild Larsd. Ringstad f 1712 d 1751

g 2. 1753 ek. Johanne Kolbeinsd. Søvik (br 3), d 1782, 81 år.

Br 1743-1772

Utanfor ekteskap hadde han sonen Knut f 1750 (mor: Anne Knutsd. Lervik).

Barn i 1. ekteskap:

1. Jon f 1751

Born i 2. ekteskap:

2. Peder f 1753, g p br

3. Ragnhild f 1756 d 18 veker

4. Lars f 1758, g 1783 Berte Olsd. Nysæter f 1741 d 1813. Johanne var enkje etter Ole Sjursen Søvik.

I 1750 var lensmann Peder Honningdal og Bendik Paulsen Klokk i Søvik for å skrive opp eignalutane til Jon fordi han hadde hatt lm med Anne Knutsd. Lervik: 1 sølvskei på 2 lodd 1 rd, 1 koparkjel 4 rd 2 ort, 1 tinnfat på 6 mk, 1 tinntallerk, 1 lita tinn smørkanne, 1 rye, $\frac{1}{2}$ i ein slipestein

med jarnås, 7 torskegarn, $\frac{1}{6}$ i ein fjørendfar. 4 kyr, 1 3-års kvige, 4 geiter, 6 sauer, 1 bukk, 1 gris, $\frac{1}{2}$ i ein hest på 6 år 8 rd, $\frac{1}{2}$ i ei kvern, 3 t såkorn, 7 v flakt fisk, tran for 2 rd, 1 t vårsild, 1 famn brenneved, etc. for 65 rd. Kongen fekk 1/10 av Jon sin hovudlott og Jon betalte 24 rd i bot (Fute-rekneskapen).

Bygselsetelen hans var frå Christopher Abelset og dat. 20/4 1743. På slutten av brukstida hans var dette bruket større enn bnr 1, som ved denne tida vart delt.

Peder Jansen Øvre Søvik f 1753 d 1824

g 1773 Marte Olsd. Nysæter f 1750

Br 1772-1809

Born: 1 Marte f 1773, g Knut Iversen Klokk f 1768 sidan Nysæter.

2. Ragnilde f 1776 d 1849, g 1809 em. Elling Torsteinsen Kjersem f 1764 d 1840.
3. Knut f 1781, g p br
4. Johannes f 1785, d i Fredrikstad 17/3 1809
5. Petter Olaus f 1795 d 1866, g 1827 Cecilie Knutsd. Klokk br B f 1801 d 1883. Bustad Nysæter bnr 2.

Bygselsetel 1/10 1772 på 3 $\frac{1}{2}$ mællag frå Charlotte Amalie Abelset. Kår. Skøyte 20/10 1807 frå Nils Mechlenburg for 160 rd. Peder var legdsmann. I 1807 representerte han allmugen saman med Jon Halsteinsen Drotninghaug på tinget på Blindheim i lensmann Astrup sitt hus 30/10.

Knut Pedersen Søvik f 1781 d 1842

g 1810 Berte Knutsd. Klokk (br C) f 1782 d 1866

Br 1809-1831

Fekk skøyte frå faren i 1809. I 1831 var han med ved starten av sunnhets-kommisjonen, og hadde sørsla av Storfjorden som sitt distrikt saman med Peter M. Melset. I kvar krins skulle der setjast av eit jordstykke til gravplass, så ein hadde ekstra gravplassar ved farlege epidemiar. For Søvikdalen skulle ein slik gravplass vere i Øvre Søvik.

Andreas Olsen Nedre Søvik f 1807 d 1882

g Karen Marie Salmundsd. Lukkedal f 1804 d 1891

Br 1831-1862

Born: 1. Knut Johannes f 1833, d 1920. Til Lande. Sjå s 350

2. Ole Elias f 1837, g p br
3. Torstein f 1839
4. Severin f 1842, kf 1857.

I 1845 sådde han 1 ½ t bygg, ½ t blk, 3 ½ t havre og 2 t poteter. Fødde 2 hestar, 10 kyr, 20 sauер, 8 geiter og 1 gris. Fekk kåر frå Ole Elias 30/9 1865.

(*Hans Larsen Gjerde H* (Hemmergjerde) f 1813 d 1889
1844 g ek. Berte Knutsd. Klokk f 1782 d 1866 (ek. etter Knut Pedersen Søvik)

g 2. 1868 Agneta Lassesd. Fauske f 1821. d som legdsl. 94 år. Hans var ikkje brukar, men han var både eigar og kårmann. Han kom til Søvik for å tene i 1844. Den øvste enden av løa på bruket i dag vert enno kalla Hansløa. Hans og kona fekk kår i 1863. I 1880 stemnde han Ole Elias Andreassen for gjeld på vel 1100 kr, men det vart ikkje forlik fordi Ole Elias meinte Hans hadde brukt skogen ulovleg).

Ole Elias Andreassen Søvik f 1837 d 1897

g 1862 Petrine Hansd. Ous f 1840 d 1896

Br 1862-1897

Born: 1. Karen Sofie f 1863, g 1886 Hans Pedersen Jordskar f 1859.

Bustad Jordskar.

2. Anne Birgitte f 1865, d 1887

3. Oline Karoline f 1868, d 1928. Til Amerika.

4. Ole Andreas f 1870, g p br

5. Hanna Tomasine f 1873 d 1968. Kongens fortjenestemedalje for lang og tru teneste hos systera Lovise.

6. Karl Johan f 1875, sjå bnr 5 Løken under bnr 2.

7. Lovise Petrine f 1878, g Bendik Sæter, Stordal.

8. Olave Petrine f 1881 d 1886

Fekk skøyte på bruket med hus frå Hans Larsen i 1863. 1865: 1 hest, 11 kyr, 20 sauер, 8 geiter, 1 gris. Sådde 4 t blk, 4 t havre, 8 t poteter. Matrikkelføreb.arb.: 30 dekar god åker og dyrka eng, 112 dekar mindre god natureng. Her er potetdyrkning oppgitt med sånad 4 t, avling 25 t. 1875: 1 hest, 7 kyr, 1 kalv, 12 sauер, 1 gris. Sådde 4 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Då hadde kårmannen Hans Larsen 3 kyr og 7 sauер og sådde ¼ t havre og 1 t poteter.

Ole Elias hadde presteskyssen saman med Ole Olsen Søvik frå 1879 til 1884, og sammen med Jørgen Larssen Almeskar i 5 år deretter. I 1897 vart Ole Elias vald til formann ved arbeidet med ei omlegging av Søvikdalsvegen.

Den 9/5 1897 gav han dottera Oline skøyte på «Løken» mot kår. 8 dg etter døydde han.

Ole Andreas Olsen Søvik f 1870 d 1963

g 1897 Karen Josefine Torsteinsd. Vidhammer f 1876 d 1959

Br 1897-1940

- Born: 1. Ole Severin f 1898, g 1923 Josefine Olsd. Løset f 1899 på Klokk
(bnr 19 under bnr 9) Ole Severin budde i Borgund.
2. Toralf Kaspar f 1900 d 1922
3. Knut Andreas f 1902 d 1927, g 1922 Klara Josefine Pettersd.
Løvoll f 1899. Ho var dotter til Petter Grebstad og Berte Myrset
(Lien) (sjå Hovden). Bustad Løvoll.
4. Petter Severin f 1905, g p br
5. Anna Petrine f 1907, g 1931 Petter Konrad Vinsnes f 1901.
Budde på Vinsnes.
6. Martinus Olav f 1910, g 1943 Petra Giskemo f 1917. Martinus var
skreddar og felespelar. Bustader Valgermo, Åse, Hamar.

Ole Andreas utvandra til Amerika 21 år gl., og fekk amerikansk borgarskap 3 år seinare. Kom heimatt etter nokre år og fekk skøyte på bruket 17/7 1897 for 3600 kr. Av kåret han gav til faren kan nemnast: 144 kg halvbygg, 144 kg vel rensa havre, «foder rygt og pleie vinter og sommer til ½ ko og 3 smalekreature sålenge en eldre kårkone Agnete Lassesd. lever og bor på gården, en liden ager «Reiten» og et indhegnet markstykke «Løhaugen». Fri adgang til ladens vestre ende der har tilhørt Hans Larsen.»

Ole Andreas vølte vånehuset i 1919. I 1921 søkte han og fekk statstilskot på 246 kr. til nydyrkning av 2,3 dekar mark. Kjøpte i 1932 stubbrytaren «Lilleløven» for 80 kr. Dreiv ei tid frakting av ved og andre varer til Ålesund, først med seglbåt, sidan med motorbåt.

Var postopnar i 30 år. Medlem av heradstyret.

Petter Severin Olsen Søvik f 1905 d 21/12 1968

g 1938 Olga Larsd. Ødegård f 1915 på Dyrkorn

Br 1940-1968

- Born: 1. Karin Olaug f 1939, g 1959 Per Halstein Vemøy f 1936 i Brattvåg.
Sjå gnr 17 bnr 90, bd 2.
2. Ola Bjarne f 1941. g 1963 Eva Fredriksen frå Brattvåg. Han er
mekanikar.
3. Torkjell f 1942, g p br
4. Håkon f 1945. Sjå bnr 12.
5. Per Ottar f 1949, p bnr 16 under bnr 3.

Petter Severin dreiv kornproduksjon til 1948, truska med vasskraft frå elva. Hadde år om anna 5-6 kyr, sauvar og følmerr. Søvikstølen ligg 3 km

frå garden og det er køyreveg dit. Dei slutta med seterdrift kring 1950, men slo stølen heilt til 1960. Søvik og Almeskar hadde seter i lag. Hadde hest til dei i 1965 kjøpte traktor. Dreiv fiske som attåtnæring. Bygde om stovehuset i 1950-åra. Like før jul 1968 drukna Petter Severin i fjorden utanfor Vinsnes.

*Torkjell Pettersen Søvik f 1942
g 1964 Astrid Jensd. Skjortnes f 1944
Br 1969-*

Born:
1. Anita Kristin f 1965
2. Elisabeth Olin f 1967
3. Jens Petter f 1970
4. Helga Mariann f 1970 (tvill.)

Torkjell har vore fiskar og gardbrukar, og etter at han slutta som fiskar har han vore forskalingssnikkar. Som gardbrukar slutta han med mjølkeproduksjon i 1973. Har sidan hatt 20-30 sauer og 5-6 oksar til slakt. Når grannar snakkar om dette bruket seier dei gjerne «heim i garden». Grunnen til dette er at her låg tre bruk tett i lag i gamle dagar. Så gjekk det ei fonn og to av bruken flytte ut.

Bnr 5 LØKEN

Utskilt frå bnr 2 i 1898
*Oline Olsd. Søvik f 1868, d i Amerika 1928.
Br 1898-1901*

Fekk skøyte frå faren på dette stykket av bnr 2 for 1200 kr. I 1901 lét ho broren Karl Johan få overta plassen, og sjølv reiste ho til Amerika.

*Karl Johan Olsen Søvik f 1875 d 1956
g i Stordal 1901 Berte Petrine Rasmusd. Rødsetsæter f 1872 d 1936
Br 1901-1931 (heile), 1931-1945 (halve)*
Born:
1. Ole Andreas f 1901 g p br
2. Ragnvald f 1904, d 1973, g 1939 Ida Karlsd. Vestre f 1909.
Fiskar, fabrikkarbeidar. Fekk skøyte på $\frac{1}{2}$ bruket og $\frac{1}{2}$ av husa i 1935 for 3000 kr. Var ikkje brukar. Sjå gnr 19 bnr 25.
3. Peter Bernhard f 1906. Til Canada 1927. Krigsdeltakar 1944-45.
4. Anne Marie f 1910, g 1934 Karl Berntsen Blindheim, Løvoll (bnr 5).

Bruket var lite dyrka då han tok over. Braut opp og dyrka det meste av det som var dyrkbart. Bygde alle husa på plassen: Løe i 1907, saghus i

1925, naust og stabbur i 1928, og stovehus 1932-34. I desse åra hadde han og elveforbygging over bruket.

I lang tid dreiv han havfiske etter torsk og sild vintrane. Hadde part i motorbåten «Gangerolf» og dreiv frakting i lag med Knut K. Søvik.

Ole Andreas Karlsen Søvik f 1901 d 1948

g 1924 Inga Jørgensd. Almeskar f 1896

Br 1931-1945 (halve)

1945-1948 (heile), enkja til 1957.

Born: 1. Karen Lovise f 1924, g 1947 Bjarne Johansen Løset S f 1920

2. Johanne Kaspara f 1925, g 1962 Kåre C. Brunstad f 1917. Bb II s. 696.

3. Borghild f 1926, g 1959 Alf Emil Almeskar f 1932.

4. Oline f 1928, sjukesyster, samaritt, g Anders Aklestad, bur på Ørsnes.

5. Kåre Hjalmar f 1931, p br

6. Lovise f 1934, g Odd Kleive, gbr på Mjelva.

Kåre Hjalmar Olsen Søvik f 1931

Br 1957-

Dreiv mjølkeproduksjon til 1974. Hadde då 6 kyr, ungdyr og sauер. Sidan gjekk han over til kjøtproduksjon.

Bnr 12 UTSIKTEN

Utskilt frå bnr 2, skyld 1 øre *Håkon Pettersen Søvik* f 1945

Born: 1. Lina Irene f 1969

2. Arnt Håkon f 1971

3. Oddhild Anette f 1976 Bygde bustadhus i 1971. Flytte frå bygda, og bruket vart selt til

Jostein Perry Jenssen Skjortnes f 1954

g 1977 Marianne Sverresd. Ristesund f 1955

Born: 1. Kenneth f 1978

2. Renate Martha f 1980 Kjøpte bnr 12 i 1981. Han er sjømann.

Bnr 17 ÅSHAUGEN

Utskilt frå bnr 2 i 1975, skyld 1 øre.

Bnr 3 SØVIKHAUG (HAUGEN)

Knut

Br ca. 1597-1619

Han vart i fleire år kalla husmann. La $\frac{1}{2}$ fj i korntiend i 1607, men la i mange år inga tiend. I 1615 vart han kalla øydegardsmann. Saman med Anders Velten reidde han ut Lars Tollesen Klokk til Kalmarkrigen i 1611. etter 1619 vart Knut nemnd som husmann eit par år.

Ingebrigts Larssen

Br 1619-1657

Koppskattlista i 1645 syner at han var gift, men born eller tenarar er ikkje nemnde. Bruket var på 2 mællag i 1648.

Knut Anderssen f ca. 1616

g N. N. Jakobsd.

Br 1657-1682

Born: 1. Villum f ca. 1650

2. Anders f ca. 1654 (er førd under drenger i 1666)

I 1657 la han 5 slettmark 6 skill. i krøterskatt av 1 okse, 7 kyr, 6 sauvar og lam, og 8 geiter.

Skylda auka frå 1 $\frac{1}{2}$ mællag i 1666 til 1 $\frac{1}{2}$ mællag 3 $\frac{1}{2}$ mk i 1675. Knut vart som gift mann dømd for lm med Marit, syster til kona hans. Eigedomen hans vart registrert til 14 rd, gjelden litt større. Både Knut og Marit rømde.

Villum Knutsen Søvik f ca. 1650

Br 1682-1715

Born: 1. Marie f ca. 1685, g p br

2. Knut f ca. 1689, tenar på bnr 1 i 1701.

Villum og grinnen Knut Olsen vart i 1683 bøtelagde med 1 mk sølv kvar for slagsmål. I 1706 betalte Villum 16 skill. i tiend for korn og 6 skill. for ost.

Kolbein Olsen Klokk f ca. 1677 d 1740

g Marte Villumsd. Søvik f ca. 1685 d 1759

Br 1715-1740. enkja til 1742

Born: 1. Berte f ca. 1710 d 1774
2. Vilhelm f ca. 1714, d 1735
3. Lars f 1723 d 1772, g 1750 Anne Sjursd. Bustad Lyshol.
. Sjå s 358.
4. Brit f 1725 g Sjur Sjursen Lyshol.
5. Kolbein f 1728, g p br
6. Johanne f 1731, g p br
7. Brit f 1733
8. Brit f 1735

I 1719 fekk han 2 ort i bot fordi han ikkje ville skysse futen. Sk. 1740:
17-2-2 i lausøyre.

Ole Sjursen Lyshol f ca. 1715 d 1752
g 1741 Johanne Kolbeinsd. Søvik f 1731 d 1782
Br 1742-1752, enkja til 1753

Born: 1. Anna f 1742
2. Kolbein f 1744, g 1778 Marte Olsd. Sjøholt f ca. 1748, d 1834.
3. Sjur f 1746
4. Ole f 1752

Sk. 1752: Brutto 56 rd, netto 24 rd. Johanne gifte seg att i 1753 med Jon Pedersen Søvik på bnr 2.

Kolbein Kolbeinsen Søvik f 1728 d 1753
g 1753 Anna Nilsd. (Remvik?), d. 1788 eller seinare.
Br 1753 (ca. $\frac{1}{2}$ år), enkja til 1755

Barn: Marte f 1753, skreddar i Vaksvik.
Sk. etter Kolbein 1753: Brutto 46 rd, netto 6 rd. Anna Nilsd. g 2. i 1755 med

Jens Jonsen Tøsse f ca. 1722 d 1766
(enkja levde enno i 1810, då legdslem)
Br 1755-1766

Born: 1. Johanne f 1756, d ug 1820 som tenar på Svinset.
2. Ingeborg f 1757, g 1799 Peder Hanssen Gaupflogsplass, plm under Abelset.
3. Nils f 1760, bygsla i 1794 1 pd 21 mk i Flåte. (Formyndaren hans var morbroren Anders Nilssen Remvik).
4. Maren f 1763 d 1783

Sk. 1766: Brutto eige 35 rd, gjeld 122 rd.
Auksjon 6/10 1766: 1 grått skjut 5 år 8 rd, 3 geiter, ei ku «Tavle», ei raud ku «Gave», 1 3-års kvige «Lindrei», $\frac{1}{2}$ i et naust, 1 færing. I alt 34 rd.

Elling Nilssen sk. 2/8 1786

g 1767 Gjertrud Knutsd. Ytre Skodje grf. 9/1 1803, 75 år

Br 1767-1786, enkja til 1787

Born: 1. Knut f 1768, soldat i 1787

2. Elling f 1771, g p br

Bygselsetel på 2 mællag 20/11 1767 fra Charlotte Amalie Abelset. Sk.

1786: Brutto 30 rd, netto 15 rd. Enkja g

Nils Nilssen f ca. 1754

g 1786 ek. Gjertrud Knutsd. Øvre Søvik f ca. 1728 d 1803

Br 1787-1801

Barn: Anne.

Bygsla 1 pd 21 mk 9/1 1788 av Christen Abelset. Kår til Anna Nilsd. Nils var kusk i det militære i 1787.

Elling Ellingsen Søvik f 1771

g 1801 Kristine Margrete Pedersd. Tysse

Br 1801-1804

Bygselsetel 26/4 1800 fra enkja til Christen Møller Abelset. Kår til Nils Nilssen og kone.

Ole Rasmus Rasmussen Lødemel f Solem ca. 1768 d 1824

g Karen Abrahamsd. f ca. 1775

Br 1804-1824, enkja til 1827

Born: 1. Gjertrud f 1801 d 1870, g 1840 em. Peter Olaus Pedersen Lade.

Sjå bd 2 s. 558.

2. Synneve f ca. 1802 i Nordfjord, g Peder Sandvik br 2.

3. Ingebrigts Andreas f 1805, g p br

4. Rasmus f 1809 d 14 veker

5. Jens Rasmus f 1810 d 1881, g 1846 Karen Severine Petersd. Vinsnes f 1815. Bustad Solnør dal.

6. Lasse Karolus f 1813 d 1852, g 1850 Marte Lovise Pedersd. Fet f 1822 (dtr. til Peder Paulsen, Pålg.). Budde på Klokk Nordre, bnr 2.

7. Rasmus f 1816, g 1851 Ingeborg Marie Andersd. Emlemsvåg.

Sk. 24/5 1824: 124 spd, netto 81 spd. Då Rasmus bygsla bruket av enkja etter Christen Møller Abelset 2/6 1804 skrev han seg for Lødemel, men var fødd på Solem. Enkja gifte seg att med

Ole Guttormsen Hole f 1791 d 1837 g 1827 ek. Karen Abrahamsd. Søvik f ca. 1775 Br 1827-1831

Som kårmann stemnde han Knut Larssen Almeskar for forliksmennet fordi han hadde teke til å køyre over Ole si eng sónnafor bergryggen ved Øvre Søvik. Knut hadde sett led i gjerdet der det aldri før hadde vore noko led. Den vanlege vegen var nordafor bergryggen. Den vegen Knut hadde teke til å bruke både vinter og sommar var før brukta berre om vinteren. Etter at forliksmennet hadde vore på staden, kom det til forlik: Knut gjekk med på ikkje å køyre der om sommaren, og Ole gjekk med på at Knut kunne køyre der frå 15. okt. til 31. mars. Ledet skulle stå i gjerdet, men vere fastbunde om sommaren.

Sk. 3/7 1838: Brutto eige 78 spd. Med det steborna skulle ha, og annan gjeld, vart det fallitt. Utgifter i alt 101 spd. Auksjon 16/9 1837: 1 sølv tomling merkt O I S H som vog 2 ½ lodd vart kjøpt av Lars Jakobsen Hole. Ei sølvskei på 2 lodd med årstal 1662 og merkt T H S kjøpte lensm. Glomset. 1 ulsblakk hoppe 6 år 9 spd. Kyrne «Morgengave», «Velkommen» og «Nyttårsgave». Sum 87 spd.

Ingebrigts Andreas Olsen Søvik f 1805 d 1888

Br 1831-1865

Bygsla bruket 20/6 1831 av Nils Mechlenburg. Kår til Ole Guttormsen og kone.

- Born:
1. Oline Marie f 1835, g 1874 em. plm. Magnus Karlsen Stige, som budde på Melset (pl. under brn 1).
 2. Ole Peter f 1838, g p br
 3. Karen Marie Gurine f 1841, g 1875 plm. Peter Karolus Petersen Søvik i Skodje, f c.a. 1845.
 4. Inger Kristine f 1843, g 1883 em. Hans Rasmus Rasmussen Korsedal f Furnes i Sunnylven 1835.
 5. Marte Nikoline f 1846. Budde i Ålesund i 1875.
 6. Berte Severine f 1849.

Sådde i 1845 1 t bygg, 1 t blk, 1 ½ t havre, 1 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 16 sauer og 4 geiter.

1860-åra: 15 dekar mindre god åker og dyrka eng, 71 dekar «middelmådig» natureng, sår 1 ½ t blk, haustar 10 t, sår 2 t havre, haustar 12 t, sår 2 t poteter, haustar 14 t.

Ole Ingebrigtsen Søvik f 1838 d 1909

g Tyri Karoline Olsd. Andestad f 1843 d 1916

Br 1865-1908

Born: 1. Severine f 1866, til Amerika.

2. Olave Petrine Karoline f 1867, ug tenar.

3. Ingeborg Marie f 1870 d 1941, g Lars Olaus Larssen Vinsnes.

4. Ole Johan f 1872, g 1893 Agnete Fylling frå Langevåg. Sjå Melset
nbr 9.

5. Hans Karl f 1875, g Helene Vinje frå Stordal. Til Dakota 1899.

6. Ole Peter f 1877, g p br

7. Johan Karolus Edvard f 1881, til USA.

8. Johanne Marie f 1883 d 1891

9. Peter Olaus f 1887 d 1963, g Anne Gurine Vinje.

Jakob Bukkeskinn hadde kjøpt dette bruket i 1859 av fru Mechlenburg.

29/9 1865 selde han bruket til Ole Ingebrigtsen, men alt ein månad seinare
vart handelen gjort om, og Ole tok bruket på bygsel av Jakob.

1865: Sådde 2 t blk, 2 t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 6 kyr, 12 sauер,
4 geiter, 1 gris. Kårkona Siri Larsd. hadde då 1 ku og sådde $\frac{1}{2}$ t havre og
 $\frac{1}{2}$ t poteter. Sjå Ole Arnesen Tvergrov s. 294.

1875: Sådde 1 t blk, 2 $\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 4 kyr, 13
sauer og 1 gris. Då hadde faren Ingebrigtsen 2 kyr og 4 sauere.

Bukkeskinn vart seinare omdøypt til Brattheim, og Brattheims-Jakob
gav i 1888 Søvik-bruket til sonen Rasmus som gåve.

Ole Peter Olsen Søvik f 1877 d 1964

g 1907 Lovise Tomasine Sivertsd. Straumgjerde (1872-1963)

Br 1908-1942

Born: 1. Klara Olivia f 1908, g p br

2. Karen Sofie f 1909, g Peder Stokke f 1908 på Stadlandet. Bustad
Lauvstad i Volda.

3. Olivia f 1915, g 1944 Ole Johan Bjørke f 1906. Bustad Bjørke,
Hjørundfjord.

Kjøpte bruket 8/1 1908 av Brattheims-Rasmus for 1750 kr. same dag som
han tok over etter foreldra. Kår. Det var lite dyrka då han tok over og han
dreiv mykje nydyrkning. Dreiv sjøen ei tid, men var ikkje sjøsterk, og
gjekk over til sjøbuarbeid og ymse slag dagarbeid. Bygde løe i 1914. Kona
dreiv maskinstrikking for sal. Dei fôra 2-3 kyr, hest og nokre sauere.

Johannes Andreassen Bjørke f 1910

g 1937 Klara Olsd. Søvikhaug f 1908

Br 1942-1977

- Born: 1. Arnvid Inge f 1940, g p br
2. Osvald Leon f 1942, g Anny Pedersd. Åkre, bur i Tusvikbygda.
3. Inger Lise f 1944, g 1. Ole Kristian Fiksdal. G 2. Erling Skjortnes. Bur ved Kloksjøen.
4. Sigrunn Kjellfrid f 1949, g Nils Ole Nilsen, danske, pølsemakar i Oslo.

Johannes Bjørke fekk skøyte på bruket 1/4 1943 for 3000 kr. Familien budde på Bjørke til 1942. Han var utlærd målar, og då krigen var slutt vart målararbeid hovudyrket. Då det vart vanskeleg med arbeidshjelp slutta han med seterdrift og lét buskapen beite i eit inngjerdt stykke kulturbete på 30 dekar. Har lagt inn springvatn. Slutta med mjølkekyr og gjekk over til fôring av 5-6 ungdyr til slakt.

Arnvid Inge Johannessen Bjørke f 1940

g 1971 Reidun Eliasd. Korsedal frå Stordal f 1948. Br 1977-

Adoptivbarn: Henning Francisco frå India, f 1973.

Arnvid er målar og gardbrukar. Dyrkar poteter og grønsaker. Fôrar ungdyr til slakt, 5-6. Slaktar 3 om våren og kjøper 3 om hausten.

Bnr 16

Utskilt frå bnr 3 i 1975, skyld 1 øre

Per Ottar Petersen Søvik frå bnr 2, f 1949

g 1970 Hildbjørg Refvik f 1950 i Flora

Born: 1. Leni Kristin f 1970

2. Monica f 1972 Maskinreparatør. Bygde stovehus i 1975.

Husmann under bnr 3

Ole Arnesen Tvergrov f 1797 d 1865

g 1. 1826 Birgitte Knutsd. Kvistad f 1793

g 2. 1853 Siri Oline Larsd. Lande f 1805 d 1893

Br 1838-1865

Barn: Kristian Martinus f 1838 d 1908, g 1872 Severine *Hansine Pettersd.*

Lade. Han flytte dit. Sjå bd 2 s. 559.

Ole Arnesen kom til Søvik i 1838 frå Løvoll (s.d.). Siri hadde i 1875 2 sauer og sådde $\frac{1}{2}$ t havre og $\frac{1}{2}$ t pot.

Bnr 11 DALTUN

Utskilt frå alle br i Søvik og Almeskar 1923, skyld 1 øre
Søvikdalsforsamlingshus

Plassar.

På 1600-talet finn ein rett som det er ein plass som snart vert kalla Skar,
snart Skare, men og Skaar.

Oluf Pedersen
Br ca. 1605-1624
I 1612 er nemnd ein Oluf Ellingsen.)

Nils nemnd i 1628. sonen
Anders Nilssen Skar
Fekk bygselsetel på 1 ½
mællag som far hans «for ham oplod».

Ole nemnd 1632-1635
Torgeir nemnd i 1635
Laurits Skaar
Br 1637-1644 3. års bygsel av 2 mællag i 1640, ½ ort.

Jon Persen
Br 1645. La koppskatt for seg og kona.

Ein nyare plass under Øvre Søvik:

Ole Nilssen Øvre Søvik f Jelle 1732, d 1771
g 1. Marte Ellingsd.
g 2. 1758 Gyri Håversd. Løvoll br 3 f 1728 d 1811, legdslem.
Born: 1. Lars f 1764
2. Håver f 1765, g 1794 Marte Knutsd. Viset f 1760 d 1834. Håver
d 1815 som husmann på Kagholen som han bygsla i 1795 av Lars
Nilssen Aurdal.
3. Knut f 1769 d 1775, 6 år 3 dg.

Ein husmann på 1800-talet.

*Ole Martinus Jonsen Giskehaug eller Ødegård f 1797 d 1835
g 1827 Berte Johanne Monsd. Klokk (bnr 7) (br D) f 1790 d 1837
Born: 1. Mons f 1824, til Melset bnr 10*

2. Karl Johannes f 1827, g 1856 Inger Jakobine Jørgensd. Klokk.
Ole Martinus hadde dottera Ane Karoline f 1827 (mor: Berte Marie
Arnesd. Ringstad). Ole Martinus kom vekk på sjøen ved Giske, vart ikkje
attfunnen.

Øvre Søvik
Bnr 1, 6, 13, 18, Rabben, 7, 8, 9, 10
4, 19
2. 5, 12, 17
3,16,11.

Gnr 68 Almeskar

Namnet er samansett av tre-namnet alm og skar. Attom tunet er eit skar, og der veks alm oppetter Sjøhammaren på nordsida av skaret. På sørssida av skaret er Alskarhaugen med fin utsikt.

Til dagleg vert garden kalla «Alskaren». Det er uventa i finne ei slik form, etter som skar er inkjekjønn. Men Rygh fortel at det på Nordre Sunnmøre finst fleire døme på at stadnamn får hankjønnssending sjølv om siste ledd av namnet er av eit anna kjønn. Eit døme på dette finn ein i Rygh Norske Gårdnavne bd 13 s. 110 under Selflot.

Eldre former: På 1600-talet og litt fram på 1700-talet var den vanlegaste forma Alschar. Men ein finn andre former: 1627 Alffueschaar, 1664 Allschar, 1711 Aldschar (futerekneskap). At m fell bort i samansette almnamn er ikkje uvanleg. På 1700-talet kom m inn att og skrivemåten vart Almskar. Forma Almeskar er av ny dato. Den bundne forma som Rygh brukar, Almskaret, har vore lite brukt i skriftlege kjelder.

Garden ligg ca. 100 m over havet, mellom Øvre Søvik og Løset S og er sørvestnord der tunet ligg. Det meste av den dyrka jorda ligg nedafor tunet og er først noko bratt, men flatnar lengre nede. Det kan synest lite klokt å leggje tunet i øvste enden av bømarka, og det hadde sine ulemper. Det vart tyngre å få inn avlinga, og det vart større avstand til skule og hovudveg. Men husa låg lunt til der, og det vart kortare veg til beite for dyra.

Almeskar har alltid hørt nærmere til Søvik enn til Løset S. Dei hadde sams hamn med Søvik for buskapen, og sams seter var Søvikstølen. Den var det gjerde rundt, og der var 3-4 stykke på kvart bruk. Alle slo på same tid, og Jørgen P. Almeskar fortel at då han var smågut var setreslåtten

noko han og dei andre borna gledde seg til og noko av det gildaste dei visste.

Seterdrifta vart nedlagd i 1950. No vert berre tørrdyr jaga på setra om sommaren.

Også gjeting hadde Almeskar i lag med Søvik.

Søvikdalen var delt i to bedarlag (ved bryllaup, barsøl og gravøl). Og Almeskar høyrdet til «nedafor» der og. Frå Almeskar går ein snarveg ned til Søvikhaugen. Der går dei når dei skal ned til sjøen, ca. 1 ½ km. Skal dei køre vert det dobbelt så langt.

Sidan Øvre Søvik grensa til Almeskar og dei to gardane hadde så nært samband på mange måtar, er det ikkje uventa å finne at dei få tvistar Almeskar hadde med grannar var med dei «nedafor».

I pantebok for 1792 vert det fortalt at der om sommaren har vore «nogen disputer» om grensene til Almeskar, med Øvre Søvik. For å få slutt på tvisten fekk Lars Pedersen Almeskar tre eldre menn til å gjere greie for korleis grensa hadde vore. Dei 3 var Elling Olsen Almeskar (78), Jon Pedersen Aure (77) og Ole Olsen Nedre Søvik (62). Dei var samde i at grensa tok til ved bøgarden til Almeskar og strekte seg til nordenden av Løhammaren og derifrå til øvste nubb i Geithammaren. Derifrå til det kvite blikket i Ringlehammaren, og så igjen til den høgste nubben som kallast «Henscheirenub» i den svarte hammaren. På sørssida av Almeskar tek bytet til ved Langhaug og går til høgste Dypmyrhauget, og derifrå like til Løset Langhaug. (Sjøholt Tingstad 2. okt. 1792.)

I 1879 var der ei sak om hamnegang og gjerde mellom Almeskar, Øvre Søvik, Klokk og Løvoll.

EIGARAR

I fôrsle halvdel av 1600-talet høyrdet Almeskar til borgarmeister Hans Hansen sitt jordegods. Nokre få år i 1650-åra var Peder Lem eigar. 1660-åra åtte Johan Rellingen garden, og eigar i resten av hundreåret var Peder Rasmussen Brandal. Enkja etter han, Magdalene Jørgensd. selde Almeskar i 1707 til Ole Larssen Abelset. Garden vart verande i Abelset-eige til 1779, då brukaren fekk kjøpe bruket og med det vart ein av dei første sjølveigarane i denne grenda. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Almeskar vart på 1600-talet dels kalla øydegard, dels ½ øydegard. Skylda var 1 ½ pd, ny skyld 1-1-18, rev. M 2,36. Eldre gnr 95, 98, 94, 97, 51.

Tienda: 1641 1 ½ fj, 1666 ½ mæle, 1717 5 skjepper havre, 1 skjeppe bygg, 10 mk ost, 1724: 5 skjepper havre, 1 ½ skjeppe bygg, 8 mk ost. 1802 2 fj havre, 12 mk bygg, 5 skill. for ost.

Leidangen: I 1666 1 kalveskinn, i 1667 2 kalveskinn og heldt seg på det lenge med berre eit par unntak: 1 kalveskinn i 1680 og i 1774. I 1717 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1626: 1 mann. Garden ikkje nemnd i matrikkelen då.

1657: 1 mann. Buskap 1 hest 6 kyr.

1667: 1 mann. Sår 2 ½ t havre, avlar 6 ½ t, kan fø 1 hest og 8 kyr.

Brenneved.

1717: 1 mann. Sår 1 t 6 skjepper havre, 1 skjeppe bygg, avlar 5 t havre, 1 t bygg. Kan fø 1 hest og 6 kyr,

1724: 1 mann. Nok brennevedskog. Seter ¼ mil frå garden, som ligg ¼ mil frå sjøen. Tungyunnen til høy, noko uviss til korn. Sår ¼ t bygg, 2 t blk og 6 t havre. Føder 1 hest, 3 kyr, 4 ungdyr, 5 sauher, 5 geiter.

1802: 1 mann. Sår 2 t havre, avlar ca. 4 foll. Førar 5 kyr og 16 småfe. Beite i utmarka og i setermarka. Årviss kornavling. Bjørkeved til brensel. 4 vaksne arbeidsfolk. Bruket verdsett til 60 rd.

1835: 1 mann. Sår 1 t bygg, 1 t blk, 2 t havre, 1 t poteter. Før 1 hest, 5 kyr, 12 sauher, 6 geiter, 1 gris.

1845: 1 mann. (1 husmann med jord.) Sånad ½ t bygg, 2 t blk, 2 t havre, 1 t poteter. Krøter: 1 hest, 7 kyr, 13 sauher, 6 geiter.

1865: 1 mann. (1 plassing.) -20 dekar mindre god åker og dyrka eng, 86 dekar mindre god natureng, lite meir kan dyrkast. Sår 1 ½ t blk, 2 t havre, 2 t poteter. Avlar 10 t blk, 15 t havre og 16 t poteter. Før 1 hest, 7 kyr, 20 småfe. God hamnegang som ligg nokolunde lagleg til. Bjørk og bandstakar til sal. Litt lauv til försurrogat.

1875: 1 mann. (1 plassemann.) Sår 2 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Føder 1 hest, 8 kyr, 3 kalvar, 21 sauher og 16 geiter.

BRUKARAR Bnr 1

Oluf Ellingsen

Br ca. 1620-1635 (heile), 1635-1648 (halve)

Ein Lars Ellingsen er nemnd saman med Oluf i 1627 og kan vere broren, men det ser ikkje ut til at Lars var brukar på Almeskar.

Torgeir

Br 1635-1648 (halve), 1648-1664 (heile)

Namnet hans er skrive på fleire måtar: 1636 Thorgild, 1637 Thorkild, 1638

Thorgier, men oftast *Torgier*. Han var gift og la i 1645 koppskatt for seg og kona med 8 skill. I 1657 la han $\frac{1}{2}$ rd 8 skill. i krøterskatt av 1 hest og 6 kyr. Skatta av $\frac{1}{2}$ pd smør i 1660, men seinare var det fiskeskyld.

Elling Olsen f ca. 1614

Br 1664-ca. 1695

Born: 1. Johans f ca. 1656

2. Mikkel, 1681 lm med Berte Larsd. Dei var trulova og bota vart berre 9 ort.

Jakob Larssen f ca. 1650 sk. 1/10 1710

g ek. Brit Ellingsd.

(1. mannen hennar heitte Torkjell)

Br ca. 1695-1710

Hennar born i 1. ekteskap:

1. Margrete f ca. 1680
2. Brit f ca. 1682 d ug 1769
3. Ole f ca. 1683 g p br
4. Lars f ca. 1687

Barn i 2. ekteskap:

5. Torkjell f ca. 1700, g i Haram 1728 Else Pedersd. Søholm. Jakob var soldat i sin ungdom. Han var bror til Jon Larssen Strandabø og var kanskje derifrå

Sk. etter Jakob og Brit 1710: Brutto 52 rd, netto 23 rd, 1 lite naust, 1 båt, 6 kyr, 3 kviger, 4 kje, 1 lam, 8 geiter, 1 liten hest, 3 t tjøre, 4 t havre, 1 $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 børse, 1 fløyels hue, 1 grøn stakk. Skuldar 1 års tiend til presten 1 ort 8 skill. - Sonen Torkjell får halvparten og 3-4-5 $\frac{3}{8}$ i morsarv.

Ole Jakobsen Almeskar f ca. 1683 d 1761

g 1. Brit Knutsd. Løvoll (bnr 3) f ca. 1687 d 1746

g 2. 1747 Karen Andersd., levde hos sonen Knut i 1762.

Br 1710-1758

Born i 1. ekteskap:

1. Lars f ca. 1710. Var utanlands i 1746.

2. Knut f ca. 1714, g p br
 3. Brit f ca. 1722, g i Skodje 1758 Størker Knutsen Skouset f 1762 eller før. Brit hadde barnet Brit f 1746, med Jakob Olsen Andestad.
 4. Elling f 1724 d 1794, legdslem
 5. Gyri f 1728 d 1752. Mannen hennar døydde i kongens teneste. Ho hadde eit barn med han. Vart dømd «til spindehuset» for å kunne betale 6 rd i bot for lm med Lars Pedersen Nedre Søvik. Sidan gjekk ho i bygda og tigga sitt brød.
 6. Dorte f 1728 (tvill.) d 4 veker
 7. Ole f 1729 d $\frac{1}{2}$ år
- Born i 2. ekteskap:
8. Brit f 1747
 9. Brit f 1748, g 1800 em. Peder Olsen Nedregotten.
Sk.1746: 1 hest, 1 ku, 2 kviger, 1 vèr, 2 sauher, 1 geit, 4 kje, 1 hellebard, 1 kårde, $\frac{1}{2}$ i ein fjørendfar 3-3-” koparkjel, 3 rd. Brutto 50 rd, netto 38 rd. Sk. 1762: Brutto 31 netto17 rd.

Knut Olsen Almeskar f ca. 1714 d 1782

g 1755 Maren Pedersd. Løvoll f 1736, d etter mannen

Br 1758-1779

Knut var i Fjøra då han vart far til Brit f 1744 (mor: Gulov Knutsd. Oksvik).

Born i ekteskap:

1. Peder f 1756 d 1822, g 1787 Brit Olsd. Andestad. (Sjå bd 1 s. 82).
2. Ole f 1757
3. Anna f 1757, d 1758, $\frac{1}{2}$ år
4. Jesper f 1761, bygsla 2 pd 6 mk på Haugås av Astrup i 1801.
5. Anne f 1763, g p br
6. Lars f 1766, d ug 1803.

Knut sat trangt i det. I 1767 måtte han setje i pant buskapen, ein båt o.a. for gjeld til Ole Honningdal.

Sk. 1782: Brutto 14 rd, gjeld 19 rd.

Lars Pedersen Løset S f 1752 på bnr l, d 1831, 82 år
g 1783 Anne Knutsd. Almeskar f 1763 d 1840.

Br 1779-1810

Born: 1. Petrine Olave f 1783 d 1857, g 1838 em. Ole Jenssen Ytrevik f ca 1770 d 1840. Petrine fletførde seg til broren Knut Martinus 1848.

2. Knut Martinus f 1786 d 18 dg

3. Knut Martinus f 1787, g p br
 4. Knut f 1791, til Einekagen Tusvik (br 4).
 5. Maren f 1795 d 8 dg
 6. Maren Helene f 1796
 7. Marte f 1796 (tvill.) d 1882, g 1857 em. Ole Ols. Hjellegerde f Rygg. Sjå bd 1 s. 123 og bd4 s.273 15 n.
 8. Lars f 1799, g 1836 ek. Synnøve Andersd. Krogen f Melset (br D) 1788. Ek. etter Rasmus Knutsen Svinnset br 2.
 9. Gjertrud Gurine f 1803, d 1877, g 1840 em. plm. Bernt Eriksen Erstad f Verpesdal 1807 (Erstad bnr 2). Lars fekk skøyte 9/4
- 1779 frå Johan Herman Hagerup for 44 rd. Sjå s 344.

I 1801 vart Lars samd med brukarane på Øvre Søvik og Klokk om å bruke seter- og beitemark for buskapen i lag medan krøtera var på setra om sommaren, slik det hadde vore før. Det hadde vore litt usemjje om dette, og saka hadde vore meld til forlikskommisjonen. Men den 16. juni 1801 fekk kommisjonen beskjed om at dei var komne til forlik.

Knut Martinus Larssen Almeskar f 1787 d 1867
g 1. 1814 Gjertrud Olsd. Tøsse f 1759 d 1828
g 2. 1829 Marie Ellingsd. Framhus d 1853, 55 år
Br 1810-1852
Barn i 1. ekteskap:
1 Karoline Ragnilde Marie f 1826 d 1907. 1867 g em. Ole Ivers. Blindheim .
Born i 2. ekteskap:

2. Jørgen Elias Severin (1829-1852). Brukte garden eit år.
3. Lars Petter f 1832 g p br
4. Susanne Petrine f 1835, d ug ca. 1904
5. Ole Andreas f 1839 d 1912, g 1862 Pernille Petersd. Melset bnr 1.
Bygsla Myrepl. på Løset S, under bnr 1.

Knut fekk skøyte på bruket 25/10 1810 for 67 rd. Ved innføring av ny skyld fekk Almeskar løpenr. 144.

Jørgen Elias Severin Knutsen Almeskar (1829-1852)
Br i 1852.

Lars Petter Knutsen Almeskar f 1832 d 1908
g 1853 Petrine Severine Martinusd. Melset bnr 1 (1832-1890)
Br 1853- 1883

- Born: 1. Jørgen Martinus Karolus f 1854, g p br
 2. Petter Severin Karolus f 1857 d 1878. Han fall over bord under sildefiske, vart redda, men var sjukleg sidan og døydde 2 år etter.
 3. Marte Regine f 1859 d 1929, g Johan Ols. Løset S. Kjøpte bruk på Nysæter og budde der.
 4. Karen Marie Nikoline f 1870, d ug 1941.

Skøyte på bruket 9/7 1853 for 96 spd. Kår. Selde bruket i 1859 til Lars Petersen Ramstad og sat sidan på bygsel. Oppgåvane over sånad etc. under Opplysningar om garden er frå matrikkelforebuingsarbeidet. Folketeljinga i 1865 har desse tala: Sånad: 2 t blk, 4 t havre, 3 t poteter. Krøter: 1 hest, 6 kyr, 10 sauher, 11 geiter, 1 gris. Kvernhuset stod i kvitla fremst på bruket, og det var berre ved flaum der var vatn nok til maling. Lars Petter kjøpte i 1871 ei tomt ved Løvollelva av Tore Eliassen Grebstad og bygde kvernhus der. Han bygde og sel og naust.

Jørgen Karolus Larssen Almeskar f 1854 d 1936 g 1884 Jørgine Knutsd.

Melset bnr 1 f 1859 d 1945 Br 1883-1923

Born: 1. Karen Lovise f 1885 d 1923, g 1912 Andreas A. Aurdal (Larsg.) f 1885. Sjå Blakstad.

2. Petter Olaus Andreas f 1887, g p br

3. Inga Petra Lisa f 1896, g 1924 Ole Karlsen Søvik. Fekk bygselsetel frå Tore Torsen Valgermo 29/10 1883. Kjøpte bruket av Tore og fekk skøyte 21/6 1912 for 3000 kr. Dreiv sjøen ved sida av garden til 1896. Var medeigar i båt i lag med Jørgen Ols. Løvoll og Johan Ols. Løset. Vinterfiske. Bygde stovehus i 1890 og løe i 1894. Kjøpte slåmaskin i 1910. Slutta med geitehald i 1922, men det vart inga særleg omlegging av drifta: nokre fleire sauher og ei ku meir.

Petter Olaus Jørgensen Almeskar f 1887 d 1946

g 1923 Anne Marie Berntsd. Blindheim, Løvoll (1891-1968)

Br 1923-1946, enkja til 1961

Born: 1. Jørgen Karsten f 1924, p br

2. Bernt Hjalmar f 1925 d 1941

3. Jon Oskar f 1931 d 12/7 1959

Petter Olaus var i Amerika frå 1906 til 1911, mest i Polson-campane i staten Washington. Han fekk skøyte på bruket med hus, naust i Søvik, kvernhus på Løvoll og sel på setra for 2000 kr. Kår. Fram til 1929 dreiv han sjøen ved sida av gardsdrifta.

I 1923, ei uversnatt i februar, ble stabburet ned, og vart året etter bygt

opp att på same tomta. Stovehuset vart utvida og fornja i 1924. Bygde nytt sel i 1929 og nytt naust i 1930. I 1936 bygde han ei løe fremst på bøen for å avlaste løa på tunet og for å få lagerplass til kunstgjødsel og reiskap. Store utmarkslætte høynde til garden, og 3 utslåttlører vart fylte med småhøy og lauv som vart heimkøyrt om vinteren. Først i 1943 slutta dei med småhøysslått. Petter Olaus dreiv mykje med tilverking og sal av famneved. Dette kan tene som døme på kor dei måtte slite for kronene så seint som kring 1930. Det var først å hogge trea og kviste dei, og så få dei fram til stader der ein kunne nå dei med hest og slede og få dei til gards. Så var det å stå i dagevis og sage og kløyve. Veden vart så køyrd den 3 km lange vegen på vinterføre til sjøen, og der lødde dei veden opp i naustet. Om våren kom der så båtar, mest frå Øyane, for å kjøpe ved. Så var det å bere veden om bord i båtane i kaser på ryggen. Vaksnekarane stod for beringa, og kvinnfolk og ungar lødde i målet og fylte kasene. På Almeskar tok dei ut 20-30 famnar for året. Etter alt dette slitet fekk dei 9 kr. pr. famn kring 1930.

Siste året Petter Olaus levde var og siste året dei truska (med vasskraft). Sidan var der inga korndyrking.

Sonen Jon Oskar reiste til sjøs i 1953. Var i utanriksfart som tømmermann. Omkom utanfor kysten av Brazil 12/7 1959.

Jørgen Karsten Pettersen Almeskar f 1924 g 1965 Oddny Alnes frå Godøy f 1921 Br 1961-1965

Jørgen har gått fylkesskule og jordbrukskule. Var med på gardsdrifta før han tok over åleine. Kjøpte mjølkemaskin i 1957, bygde nytt reiskapshus i 1960 og kjøpte traktor i 1961. Starta minkfarm i 1960 i lag med Bjarne Løset og Kåre Søvik. I 1965 flytte han frå Almeskar til Alnes og har budd der sidan. Har lenge vore kontrollassistent i Giske kommune.

Sidan Søviksdalsvegen vart omlagt til nordsida av Lillevatnet, kom vegen mykje nærmare Almeskar. Og ikkje langt frå den nye vegen har Jørgen teke til å byggje nytt hus. Han har planar om å flytte tilbake til Almeskar. Jørgen er interessert i slekt og tradisjon. Han fortel at der på garden enno er eit par gamle våpen, ein kårde og ein hellebard. Dette er truleg dei som vart nemnde i eit skifte i 1746. Sjå Ole Jakobsen Almeskar. Jørgen fortel og at kring 100 m frå hovudtunet skulle der etter tradisjonen bu ei gammal taus (ugift kvinnfolk) som heitte Astri. Restar etter husmurar syner enno, og like nedafor dei var ein åker som enno vert kalla Astri-åkeren. Denne Astri har det til no ikkje lukkast å finne noko meir om. Det vert fortalt at ho hadde ei 2-3 geiter.

Bnr 2 ALSKARPLASSEN

Karl Larssen Kobbenes

Br 1835-1840 (?)

Han var første mannen på plassen, men brukstida hans er uviss. Det einaste sikre er at han var der i 1835. Det vert fortalt om han at han var der i kort tid. at han kvein når han snakka og at han var svær til å rope.

Knut Olsen Fremmer Sæter, Stordal f 1801

g Karen Birgitte Eriksd. Korsedal f 1804

Br 1840-1848 (?)

Sånad 1845: 2 t havre 1 t pot. Fødde 2 kyr, 5 sauер og 4 geiter.

I 1847 stemnde han Knut Larssen Almeskar for krenkjande skuldingar. Dei møttest i forliksretten, og Knut Larssen tok skuldingane tilbake og betalte 12 skill. til klagaren. Ei kjelde har Karl Kobbenes som formann til Erik i 1848. Er det rett, må Knut Olsen og k. ha vore innerstar eller kårfolk da.

Erik Olsen Klokk bnr 1 f 1825 d 1881

g 1849 Bastianne Knutsd. Ramstad bnr 7 f 1819 d 1887

Br 1848-1881. enkja til 1885

Barn: Karolus Bastian f 1851

Erik fekk festesetel på plassen i okt. 1848. Dei flytte husa lengre vest, for

det var utrygt for snøfonn der dei stod. Under lauvhogging oppe i fjellet fall Erik ned frå eit tre og fekk så store skader at han døydde kort tid etter.

1865: Sådde 2 t havre, 1 t poteter. Fødde 2 kyr, 5 sauер, 4 geiter. 1875: Sådde 1 t havre 1 t poteter. Fødde 2 kyr, 1 kalv og 5 sauер.

Karolus Eriksen Almeskar f 1851 d 1933

g 1883 Olave Birgitte Larsd. Vinsnes f 1853 d 1937

Br 1885-1918

Born: 1. Elen Marie f 1882 d 1956, ug syerske

2. Petter f 1885 d 1953, skomakar før han utvandra til Washington.

Heime på besøk i 1909. Sidan bygningsmann i staten Washington.

3. Ole Johan f 1889, til USA i 1907, sagbruksarbeidar.

4. Lars Claus f 1895, g p br

Før ekteskap hadde Karolus tvillingane Edvard Bastian og Jens Peter f 1874. Jens d 1875, $\frac{3}{4}$ år.

I yngre år dreiv Karolus fiske om vintrane og bygningsarbid om somrane ved siden av gardsbruket. Olave var mykje vekk på arbeid på andre gardar om sommaren. Elles dreiv ho spinning og strikking.

I 1912 vart det skylddeling på Almeskar, og denne plassen med utslætte vart fråskild hovudbruket og fekk namnet *Bnr 2 Ytregård*. Men til dagleg var namnet framleis Alskarplassen.

*Lars Olaus Karolussen Almeskar f 1895 d 1956
g 1918 Anne Marie Svensd. Slattem frå Kornstad f 1895
Br 1918-1956*

Born: 1. Konstanse f 1920, g 1959 Egil Nikolaisen Hjelle f 1911 i Vanylven. Bygningsmann og småbrukar.
2. Sverre Konrad f 1921, g 1950 Anna Kirsten Johansd. Løset S f 1929. Bur på Blindheim.
3. Hanna Charlotte f 1923 d 1943
4. Olav Herman f 1926, g Jenny Marie Ingebrigtsen. Bustad Jørpeland. Han er skomakar.
5. Alf Emil f 1932, g 1959 Borghild Andreasd. Søvik f 1926. Bur i Ullavik. Gravemaskinførar.
6. Leif Martin f 1935, g Else Bjørsvik. Langevåg. Han er maskinist i utanriksfart.
7. Marry Oddbjørg f 1939. g Ivar Åsen, lastebileigar. Ho er husmorvikar. Dei bur i Ålesund.

Foreldra til Lars Olaus var bygselfolk. Han kjøpte bruket i 1917 av Tore Toresen Valgermo. Bygde stovehus i 1919, sel i 1933, og løa vart påbygt og fornya i 1936. Lars Olaus var anleggsarbeidar. Når han var heime la han ned mykje arbeid på gardsvegen og på jorddyrkning på plassen. Det vart mykje grøfting, og det meste av plassen vart dyrka. Dei føra år om anna 3 kyr, hest og nokre sauere.

Sverre Konrad Larssen Almeskar f 1921

Br 1973-

Som nemnt bur Sverre på Blindheim, og der er ingen fastbuande på Alskarplassen. Men det er Sverre som har teke over bruket og held husa i stand. Gardsvegen er utbetra, og bruket vert gjødsla og slege. Det vert dyrka litt bær, grønsaker og poteter.

GNR 69 LØSET S

Eldre former av namnet: 1603 Løffsetr, 1681 Løset, Løedsetter, 1690 Løesett, 1783 Løesæter, 1791 Løesetter, 1864 Løsæter. Om namnetydinga, sjå gnr 62.

Løset grensar i søraust til Løvoll og Andestadvatnet, i vest til Furnes, i aust til Almeskar si utmark, og i nord til eiga utmark.

I 1755 gjekk brukaren på Furnes og begge brukarane på Løset til sak mot Andestad-karane fordi dei skulle ha teke eit stykke mark og skog frå dei og flytt setra si til ein stad som før var slåttemark og bulege for Løset og Furnes. Dei kravde å få att sine gamle slætte. Andestad-brukarane vart dømde til å halde krøtera sine vekk frå dei områda det var tvist om, til olsok kvart år, slik at Furnes- og Løsetbrukarane kunne slå der. Men etter olsok skulle dei på Andestad ha lov til å la krøtera sine beite der, og dei slapp å flytte setra. Skogen sør for elva skulle høyre til Andestad, nord for elva til Furnes og Løset.

I 1840 var det utskifting på Løset. Dei to brukarane heitte begge Ole Olsen, og vart kalla den eldre og den yngre. Alt som var av åker og bø var i sør avgrensa av Lillevatnet og av Løvoll-grensa, i vest av grensa mot Furnes, i nord og aust av bøgarden. Den austlegaste teigen (bøteigen) fekk Ole Olsen den yngre, og fekk sitt i to stykke. Ole Olsen den eldre fekk sitt i eitt stykke. Utmarka vart og delt, men berre skogen. Slåtten og marka vart sameige som før.

I 1882 vart brukarane av Løset og Furnes stemnde av brukarar frå Bjørnevik, Furstrand, Oppsal og Sandvik fordi dei året før skulle ha skada vassdemninga ved stølen, til skade for kvernbruken. Det vart forlik i folksretten. Dei nemnde Furstrand-brukarane skulle ha fri rett til å setje i stand vassdemning i same høgda som hadde vore brukt frå gammalt av. Og når demninga var ferdig att, skulle brukarane på Løset og Furnes ikkje ha noko med den å gjere. Dokumentet er underskrive av 13 mann, eigarar og brukarar.

I 1914 var der utskifting på Løset att. Det vart avgjort at ein av brukarane måtte flytte ut. Mykje talte for at bnr 1 burde flytte, for då ville det gå minst jord i skifte og bnr 2 ville og få sitt i eitt stykke. Men eigarane av bnr 1 nekta å flytte for den sum som etter lova kan leggjast på bnr 2 i utflyttingsstønad. Retten fekk då eigarane av bnr 2 til å gå med på utflytting. Husa på bnr 2 skulle flyttast til den vestre delen av innmarka. Åker, skogland og slått skulle skiftast kvar for seg. Kvart tun fekk no ein tunteig og ein bøteig. Til bøteigen høyrd plassane, og skogen og slåttemarka ovanfor desse. Grensene for plassane skulle vere som dei var før.

EIGARAR

Før er nemnt eit gammalt skinnbrev frå 1500-talet som synte at Riksheim og Erstad hadde jordeigedomar i Søvikdalen. Ei tid åtte Skodje kyrkje 1 v i Løset S. I 1626 vart Løset kalla bondegods, og brukaren åtte noko av bruket han sat på. I 1661 åtte brukaren vel halvparten av bruket. Resten åtte borna til Peder Brunstad (1 ¾ mællag) og Ole Søvik (1 mællag). I 1672 hadde brukaren løyst inn Brunstad-parten, medan Søvik-mannen framleis hadde sitt mællag. Men i dei første 1680-åra hadde Søvik-mannen (no Peder) selt parten sin til brukaren Peder Løset. Frå då av var der stort sett berre sjølveigarar på Løset.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr 94, 97, 93, 96, 52. På 1600-talet skatteklasse øydegard. Skylda var i 1626 1 ½ v. Kommisjonen i 1661 la på 18 mk, slik at gammal skyld sidan var 1 v 3 mællag eller 1 v 2 pd 6 mk. Den nye skylda vart i 1838 2 skylddlr. 3 ort 22 skill. for kvart bruk, rev. 1890 til 4,91.

Tienda var i 1607 i fj., i 1667 1 t 3 mæler havre og 1 pd ost, i 1717 1 skjeppe bygg. 1 t 4 skjepper havre og 20 mk ost eller 30 skill.

Leidangen: 1667 1 geiteskinn, 1680 1 geiteskinn 1 kalveskinn, sidan mest 1 geiteskinn. I 1714 2 ort 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 2 mann

1626: 1 mann. Sår 4 t

1657: 1 mann. Buskap: 1 hest, 1 okse, 12 kyr. 8 geiter

1667: 1 mann. 1 hest og 18 kyr. Sår 5 t havre, avlar 17 ½ t. Brenneved.

1714: 2 mann. Sår 4 ½ t havre, ½ t bygg, avlar 15 t havre 2 t bygg. Førar 1 hest 16 kyr. Under garden er ein husmannsplass taksert til 3 ort i årleg husmannsskatt.

1724: 1 mann. Då ingen husmann. Nok brenneved. Seter ¼ mil frå garden, 1 lita kvern. Garden ligg ¼ mil frå sjøen. Tungvunnen til høy, men viss til korn. Sår ½ t bygg, 5 ½ t havre, avlar 2 t bygg 18 t havre, før 1 hest, 11 kyr, 6 ungdyr, 12 sauvar, 14 geiter.

1774: 2 mann. Begge sjølveigarar, brukar kvar 2 pd 15 mk

1791: 2 mann. 2 kvernar.

- 1802: 2 mann. Kvart bruk sår 2 t havre, 1 t blk, 6 foll. Fôrar 1 hest, 7 kyr 20 småfe. 5 vaksne arbeidsfolk. Kvart bruk taksert til 126 rd. Nok brenneved. Sommarbeite både i heimeutmarka og i sætermarka. Årviss kornavling.
- 1835: 2 mann. Sår 4 t bygg, 4 t blk, 2 t havre, 2 t poteter. Før 2 hestar 16 kyr, 48 sauher, 12 geiter, 2 svin.
- 1845: 2 mann. Sår 2 t bygg, 6 t blk, 8 t havre, 4 t poteter. Fôrar 2 hestar, 18 kyr, 35 sauher, 9 geiter, 1 gris.
- 1865: 2 mann. Sår 5 t blk, 8 ½ t havre, 6 t poteter. Krøter: 2 hestar, 21 kyr 44 sauher, 20 geiter, 2 svin.
- 1875: 2 mann. Sår 6 t blk, 9 t havre, 10 t poteter. Fôrar 2 hestar, 19 kyr, 6 kalvar, 53 sauher, 18 geiter og 3 griser.

BRUKARAR

Sebjørn

Br på 1500-talet

Han var med på hyllingsmøtet for Christian IV den 7. mai 1591 på Ørskog. Han var truleg brukar av heile Løset. I dei første 16 åra av 1600-talet var der to bruk på Løset. Vi kallar dei br B og br C. Dei to vart slegne saman, og vi kallar det heile br A, som sidan vart til bnr 1 og bnr 2. Som vi skal sjå var der også etter 1616 snart 1 snart 2 brukarar.

BRUK B

Torleif

Br ca. 1600(?) - 1610

Han la ikkje kontiend, men var i 1610 saman med Anders og brukaren av bruk C om leidangen.

Anders

Br 1607-1614 (dei tre første åra i lag med Torleif). Anders la frå ½ fj til 1 fj i tiend, og var i 1610-1613 eigar av 3 mællag jord. Saman med grannen Peder reidde han ut Svein Lauritsen Løvoll til Kalmarkrigen (1611).

Gregorius

Br 1614-1615

La ½ fj i korntiend. Sjå Furnes.

BRUK C

Halvard

Br ca 1600(?)-1608

Det er ukjent om han var son til Sebjørn eller ikkje. Det same gjeld brukaren på bruk B.

Peder Olsen Erstad f ca. 1580

g N. N. Andersd. Løset R (br 1)

Br 1608-1615

Born: 1. Ole f ca. 1610, g p br

2. N. N. (ei jente)

3. Anders f ca. 1616, til Løvoll (br B)

I 1610 åtte han 2 mællag jord, i 1613 4 mællag. Noko av jordegodset hans var på Løset. Såleis heiter det om han i 1615: «Eier til en del og bruger 1 ½ v fisk.» Som vi ser tok han det året over heile Løset, og vi får

B R U K A

Peder Olsen Erstad f ca. 1580

1615-1635

I 1627-1628 var «full kontribusjon» 3 rd 9 skill. Peder var ein av dei nokså få som greidde det. Ved sida av gardsbruket dreiv han sagbruk. Skar 20 tylfter i 1610, 18 tylfter i 1613 og det same i 1618. Lagrettemann.

I 1634 la han 3. års bygsel av 4 mællag. Sonen tok over bruket etter han.

Ole Pedersen Løset f ca. 1610

Br 1635-1666

Born: 1. Peder f ca. 1642. g p br

2. Ole f ca. 1651 d ug 1725

I 1645 la han koppskatt for seg og kona og ei syster. Krøterskatten hans var i 1657 5 ort 8 skill. av 1 hest, 1 okse, 12 kyr og 8 geiter. Han var eigar av 1 ½ v odelsgods i 1647.

Peder Olsen Løset f ca. 1642 d 1706

g Sigrid Larsd. Eidem f Tjønes ca. 1652 d 1726

Br 1666-1701, enkja til 1721

Born: 1. Ole f c a . 1680, g p br

2. Marit f ca. 1680, d 1748,g 1720 Knut Guttormsen Kjemphol (ca.1698-1751). Marit vart dømd for lm med Peder Peders. Lyshol 1714. Chrf. Ols. sa at dei skulle gifte seg og betalte bota.

3. Brit f ca. 1684 d 1762, g Christoffer Olsen Aurdal f Tennfjord, d 1763, 83 år.
4. Magnhilde, g Peder Ellingsen Bårdsgjerde.
5. Synneve, g 1. (?) Jørgen Jakobsen Reite g 2. (?) Paul Olsen Overvoll (Vallbø).
6. Siri d 1736, g 1722 Størker Guttormsen Kjemphol (ca. 1693-1774), sidan kalla både Aure, Koldevik og Vågen. Siri døydde på Sunde.

Sk. 14/7 1706. 3 sølvskjeier, 2 tinnfat, 1 tinn halvkanne, 2 tinn smørkanner, 1 koparkjel, 1 ambolt, 5 ryer, 5 torskegarn, 12 vaksne kyr, 3 kviger, 10 sauher, 12 geiter, børse og tasak, sengklede for 13 rd, 1 naustbu ved sjøen, 1 kjempefæring, 5 t havre, tjørevet for 3 rd., 6 mællag odelsgods med bygsel = 60 rd. I alt 175 rd. Ingen gjeld.

Ole Pedersen Løset f ca. 1680 d 1743
g 1720 Marte Jakobsd. Melset (br C) f ca. 1688 d 1762

Br 1721-1743, enkja til 1746

Born: 1. Marte f 1720, g p br

2. Guro f 1724 d ug 1744
3. Siri f 1727, g 1752 Lars Rasmussen Ramstad f Vestre 1725. Husmann under bnr 7, Ramstad.
4. Ole f 1730, brukar på bnr 2 frå 1760.
5. Gullik f 1734 d 1750
6. Siri f 1738 d 1739, $\frac{1}{2}$ år.

Når det i 1714 vert nemnt at der er 2 brukarar på Løset, må det vere Ole Olsen f ca. 1651, d ug 1725, som er brukar nokre år i lag med enkja etter Peder Olsen. Ole Olsen vart då kalla gamle Ole. I ekstraskattelista frå 1711 i futerekneskapen er nemnt at enkja har ein reservesoldat som dreng, og at ho skattar av 8 par skor, i alt 24 skill. Ole Pedersen fekk skøyte på partane av bruket han ikkje sjølv hadde ervt, d.e. partane som systrene hans ervde etter faren. Det var mennene deira som gav han skøyte i 1726, slik at han då vart eigar av 7 mællag. Kvart mællag vart taksert til 10 rd. (Pantebok 1724-1743, s. 37b).

Sk. 8/7 1743. 1 koparkjel 12 rd, 1 kvern med reie, $\frac{1}{2}$ i ein kjempefæring, 1 naust, 2 hestar, 5 kyr, 4 sauher, 3 geiter, 1 t bygg, 4 t havre. Ei stove som ved siste skifte vart taksert til 10 rd vart no avsett til åbot på dei andre husa «som er meget forfaldne og brøstfældige». Brutto 138 rd, gjeld 69 rd.

I 1746 var enkja Marte Jakobsd. trulova med Sjur Olsen Utvik, men han døydde det året, sk. 15/6. Litt før i same månaden var der sommarting på Honningdal, og der ville Christopher Abelset ha allmugen til å sanne

at garden Løset i nokre år var dårleg dyrka «formedelst fattelse paa folkehjelp»). Særleg var husa «i en miserabel tilstand». Det var som formyndar for borna Christopher Abelset tok opp denne saka. Ingen av sónene på Løset var komne så langt at dei kunne ta over garden. Eldste dottera var trulova med Peder Larssen Øvre Viset. Han var villig til å ta over garden dersom han fekk kjøpe den halvdelen som enkja sjølv åtte, elles ikkje. Christopher hadde fått med seg to menn til tinget, Kristoffer Aurdal og Peder Jonsen Øvre Søvik. Dei vitna at om Chrf. Abelset skulle få husa reparerte ville det koste 40 rd, og det ville vere eit tap for borna i framtida. Enkja var òg på tinget og sa seg no villig til å selje sin part i garden til

Peder Larssen Øvre Viset f ca. 1709 d 1765

1747 g Marte Olsd. Løset f 1720 d 1787

Br 1747-1765, enkja til 1774

Born: 1. Ole f 1748 d 3 veker

2. Ole f 1749, g p br

3. Lars f 1752, flytte til Almeskar.

4. Peder f 1755 d 1804

5. Gullik f 1760 d 1840, g 1804 Elisabet Pedersd. Indre Ekornes (br 2), f 1776 d 1840. Bustad Tjønes.

6. Jetmund f 1765 d 22 veker.

Peder fekk skøyte på 2 pd 6 mk i bruket 18/10 1746, og bygsla 1 pd 21 mk 16/8 1747 av Chrf. Abelset.

I 1760 vart bruket delt i to like store bruk. Bruket som Peder Larssen held fram på vart bnr 1, og det andre bnr 2 (s.d.)

Sk. 4/7 1765: Brutto 143 rd, netto 121 rd. Sonen tok over bruket.

Bnr 1 JOHANGARDEN

Ole Pedersen Løset (Stor-Ola) f 1749 d 1820

g 1774 Brit Jakobsd. Heggebakk f ca. 1744 d 1830

Br 1774-1812

Born: 1. Peder f 1775 d 1780

2. Laurentse f 1776 d 2 dg

3. Marte f 1779 d 1782

4. Marte Petrine f 1781, levde i 1830.

5. Anne Jakobine f 1785, g Anders Ols. Hareide, plm.

6. Marte Petrine f 1787 (unemnd i 1830).

7. Ole f 1788, g p br

8. Ingeborg *Gurine* f 1792 d 1841, g 1826 Martinus Larssen
Vinsnes eller Langskipsøya.

I 1769 sa han seg å vere rette odelsmann til jordegodset etter farenen, men ville ikkje kjøpe då. Fekk skøyte 3/1 1775 frå lagverja til mora og formyndarane til syskena på 2 pd 15 mk i Løset for 35 rd.

Sk. 1820. Brutto 47 rd, netto 27 rd. Auksjon 14/5 1831 etter Brit Jakobsd.

Ole Olsen Løset (Ihlje-Ole) f 1788 d 1857 g 1812 Petrine Larsd. Tjønes f 1787 d 1861 Br 1812-1844

Born: 1. Petrine *Lovise* f 1813, g 1836 Johannes Sølfestsen Lyshol (1806-1869).

2. Ole Petter Martinus f 1819, g p br

3. Bernt Olaus f 1821, g 1855 Lovise Pettersd. Vinsnes f 1827.
Plasselfolk på Søvik (Nedre).

4. Ole Martinus f 1823, g 1854 Ragnhild Olsd. Løset (br 1) f 1832,
bustad Melset bnr 5.

Ole fekk skøyte frå farenen 1/6 1810. Prestane gir borna i denne familien gode attestar: «Ferm i kundskab», etc. Også Lovise, kona til Bernt Olaus «skriver meget godt».

Ole Petter Martinus Olsen Løset f 1819 d 1906
g 1845 Berte Marie Olsd. Stave bnr 2 f 1824 d 1899

Br 1845-1880

Born: 1. Ole Elias Martinus f 1845 d 1847

2. Ole Elias Severin f 1847, g p br

3. Petter Bastian f 1850 d 1901. g 1882 Olave Olsd. Tandstad
(Simog.) Tømmermann.

4. Karl Johan f 1852 d 1940, g 1885 Berte Larsd. Tjønes (1863-1947).
Budde på Tjønes.

5. Johanne Marie f 1855 d 1944, g 1877 Jens Petter Ols. Blindheim (Haug-Olag.).

6. Berte Oline f 1858 d 1944, g 1881 Lars Karl Ols. Aursnes (1852-1921).

7. Olave Petrine f 1864 d 1950, g 1888 lærar Bernt Ols. Blindheim.
Bustad Løvoll br 5.

Ole Petter skreiv dagbok frå 1835 til 1890. Den er teken vare på, og eit utdrag av den vil syne korleis det var på ein gard på 1880-talet på desse kantar, betre enn dei meir spreidde opplysningane ein har om andre bruk.



Stova i gammal Sykkylvsstil. Var i bruk på

Løset i Søvikdal til 1968, då flytt til Vik (Jens O. Vik) Eldste delen av stova vart bygd på 1700-talet. Yngste delen er frå 1872.

Dagboka syner at han var mest interessert i gardsdrifta, men som dei fleste den tida dreiv han fiske som attåtnæringer. Om sitt yrke som skulehaldar nemner han berre at han tok til med det i 1838 som vikar for ein annan. I åra 1847, 1849 og 1856 mura han gard mellom Almeskar og Løset, først torvgard eit stykke, sidan berre steingard. I 1854, 1858 og 1870 dreiv han ein del grøfting, og i 1863 og 1870 braut han noko jord. I 1870 laga han òg ei klopp over elva. Stundom brukte han leigehjelp. I 1848 hadde han såleis Otte Frantzen Klokk i 31 dagar. Hans L. J. Søvik i 38 dagar. Hans Klokk og Ole Arnesen Søvik i 9 dagar.

I 1844 planta han epletre, kirsebærtre og andre bærtre i hagen som han nyleg hadde sett i stand. Han kjøpte mange epletre i Sandvika. I 1871 avla han $\frac{1}{2}$ t epler. I 1858 sette han i stand maskinhjulet ovafor løa, og i 1860 kjøpte han truskemaskin. Truskinga gjekk oftast for seg i slutten av oktober. Men av og til var det vassmangel, både til trusking og til maling av kornet. I 1844 måtte mange male kornet med handkraft, og i 1860 måtte Ole Petter til Klokk for å male kornet sitt. I 1865 fekk dei ikkje truske- og kvernavatn før enn i desember. I 1870 kjøpte Ole Petter ny kvern for $14 \frac{1}{2}$ spd.

I 1846 hadde han eit stykke med kålrabi, og i 1853 sådde han både

kveite og timoteifrø. Såkorn bytte han ofte til seg frå andre gardar.

Kornavlingane sine nemner han i golvtalet. Eit golv er avstanden mellom to staurar i ei hes. I 1841 fekk han 45 golv bygg. Blandkorn kallar han halvbygg, og avla det året 28 golv av det. Havre 66 golv, poteter 36 t.

I 1843: 27 golv bygg, 38 golv halvbygg, 60 golv havre. Sånad og krøter i 1845: 1 t bygg, 3 t blk, 4 t havre, 2 t poteter, 1 hest, 9 kyr, 18 sauher, 5 geiter, 1 gris. 1865: $\frac{1}{2}$ t bygg, 2 $\frac{1}{2}$ t blk, 4 t havre. 3 t poteter, 1 hest, 8 kyr, 24 småfe. Då hadde han 28 dekar mykje god åker og dyrka eng, 28 dekar god natureng. Lite fjellslætte. Noko meir jord kunne dyrkast, men «besværlig». Mykje god hamnegang. Skog til husbruk, for sal: Famneved (bjørk), never, bork og bandstakar. Lauv som forsurrogat. 1875: Sånad 3 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Krøtera vart det året førde dels på Ole Petter, dels på sonen, som tok over bruket 5 år seinare. Ole Petter: 1 hest. 4 kyr, 2 kalvar, 11 sauher, 3 geiter, 1 gris.

Ole Petter bygde mange hus. I 1846 stabbur. Same året fekk han innsett vindauge i storstova. Løe bygde han i 1848. I 1853 endra han koven til kjøk med skorstein. I 1856 vart husa takserte til 360 spd og trygda i Vestnes Brandkasse for 240 spd. Sjølv tok han over $\frac{1}{2}$ (120 spd). Trygdepremie for husa var 60 skill. Same året sette han i stand naustet i Søvik, som han betalte 16 skill. for i årleg grunnleige. I 1862 reparerte han kvernhuset. I 1864 flytte han selet og vølte det. Same året bygde han troskot. I 1865 flytte han og reparerte stabburet. Bygde nye stovehus i 1872. Eit par år seinare bordkledde han stova og fekk opp stovetrapp. I 1875 bygde han ny høyløe ved fjøsen på setra. I 1877 bygde han smie ved løa på tunet. Og i 1878 sette han opp storbåtnaust i Søvik i lag med grannen på Løset. Tilverking og sal av famneved var ei attåtnæring også på Løset. I 1853 køyrd Ole Petter 31 famnar til Søvik, i 1864 12 famnar, og i 1876 40 lass. Førde veden til Ålesund i trering. I 1874 fekk han 2-4-10 pr. famn, i 1875 12 ort, og i 1880 9 ort.

Sal av bork gav øg noko inntekt. I 1877 tok han til å smie bork i midten av mars og heldt på jamt til sist i mai. I 1882 selde han 106 v bork à 30 skill.

Selde øg litt smør og poteter i Ålesund. I 1862 selde han ein plass, Myreplassen, til Ole Almeskar som tok namnet Løset.

Båtane vart brukte både til frakting og fiske. Kjøpte ein trering i 1836 og ein i 1862. Ny færing i 1846. Av andre kjøp kan nemnast koparkjel som vog 1 v- 16 mk i 1843, ny jarnplog i 1848, ny harv i 1859, storgryte for 4 spd 4 ort i 1862, og same året bakstehelle.

Ei verksemd som gav litt kontantar var snøryddinga. Saman med grannen rydde han i 1856 2. rode i alt 18 gonger for 14 spd. I 1857 rydde dei

med snøplogen same rode for same betaling, men med pløyning berre 9 gonger (lite snø og berr mark frå først i mars).

I 1860-åra var Ole Petter med på arbeidet med den nye matrikkelen, i Hundeidvik, Velledalen og på Furstranda. Han var revisor i Ørskog Sparebank, var med i kommunestyre og kommunale nemnder. Frå 1856 var han med i forlikskommisjonen.

Ole Elias Olsen Løset f 1847 d 1904 på Bergen hospital
g 1, 1873 Hanna Kristensd. Vik (Låna) f 1849, d 1879 (barsel)
g 2. Marie Kristensd. Vik (syster til Hanna) (1860-1946)
Br 1880-1904, enkja til 1906

Born: 1. Hanna Marie f 1883, g 1910 Ole A. Aurdal (Larsg.), bustad Sjøholt.

2. Berte Oline f 1885, g p br
3. Ole Kristian f 1890 d 1893
4. Ole Kristian f 1893 d 1913
5. Ole Kristian Gustav f 1895 d ug 1923, bygningsmann.

Av dagboka til faren går det fram at Ole Elias var 43 dg gammal då han vart døypt. Både den tida og før var det uvanleg at dåpsborn var så gamle. Seinare kunne dei vere fleire månader.

Ole Elias rodde fiske første gong i 1865 på Vigra. Frå då av var han jamt med på vinterfiske.

I mange år før han tok over bruket dreiv han det i lag med faren. Såleis vart han i 1875 førd med denne buskapen: 5 kyr, 1 kalv, 9 sauер, 5 geiter, 1 gris.

I 1881 fekk han gjødseldam. I 1890-åra bygde han nye sel.

Johan Jakobsen Ramstad (bnr 8) f 1881 d 1945.

g 1906 Berte Oline Olsd. Løset f 1885 d 1965

Br 1906-1945

Born: 1. Olga Marie f 1907, g 1935 Elias Pettersen Løvoll f 1902 d 1949.

Bustad Løvoll br 4.

2. Jenny Lovise f 1909, ug hushaldar i Langevåg.
3. Margit f 1912, g 1946 Toralf Gundersen f 1909 i Tromsøsund.
4. Olav Elias f 1914, g 1950 Agnes Elida Kopperstad f 1919 på Nerlandsøy. Bur på Fauske.
5. Anna Tomasine f 1916 d 1925
6. Bjarne Edvard f 1920, g p br
7. Anna Kristin f 1929, g 1950 Sverre Almeskar f 1921.

Johan tok namnet Løset. Han fekk skøyte frå svigermora på bruket og

plassen Myrhaugen for 3000 kr mot kår. Tgl. 4/6 1917. Kjøpte slåmaskin ca. 1910, hesterive seinare. Bygde stor moderne driftsbygning i 1934. Dyrka mykje jord og planta store felt med gran og furu. Dreiv vinterfiske i 21 år, mest frå Vigra. Var medlem av kommunestyret og kommunale nemnder. Dreiv mykje hesteal: mange premiedyre.

Bjarne Edvard Johansen Løset f 1920

g 1947 Karen Lovise Olsd. Søvik bnr 5 f 1924

Br 1945-

Born: 1. Bjørg Oddveig f 1949, g 1976 Harald Øye frå Stordalen. Dei bur i Oslo. Han er i telegrafstellet.

2. Jostein Eldar f 1955

3. Ingunn Anita f 1957, g 1978 Sveinung Blindheim f 1954. Mekanikar.

4. Kari Bente f 1960, g Svein Kåre Eidem frå Kjemphol.

Etter å ha drive mjølkeproduksjon ei tid med 8-9 kyr gjekk Bjarne over til kjøtproduksjon, med berre ungdyr og sauer. Slutta med setring i 1952. Setra ligg i Løsetdalen, mellom Løset og Furstranda. Setra er like ved Løsetvatnet, 300 m over havet. Elva frå Løsetvatnet renn ut på Furstrand, nær skulehuset. Nedre Søvik og Furnes hadde seter på same staden. Der har ikkje vore køyreveg til setra, og det tek ca. 1 time å gå dit. Stølen er inngjerd, og alle som hadde seter der hadde også slattestykke. Bjarne Løset har ikkje drive fiske. Som faren har han vore interessert i hesteal. Har hest som trekk-kraft enno.

MYREPLASS 1

Ole Andreas Knutsen Almeskar f 1839 d 1912

g 1 1862 Pernille Pettersd. Melset br 1 f 1837 d 1901

g 2. 1902 Karoline Karlsd. Horvedrag f 1858

Br 1862-1912

Born: 1. Petter *Severin* Karolus f 1857. Sjå Nedre Søvik bnr 2.

2. Ellen f 1862 d 1877

3. Olava f 1865, til Washington i 1893.

4. Petter Karolus f 1870. Sjå Frøysatunet, Klokk. br 5. Sjå s 224

5. Johanne f 1876 d ug 1900.

Ole Andreas tok namnet Løset. Han fekk plassesetel frå Ole Petter Olsen i jan. 1863. Sådde i 1865 $\frac{3}{4}$ t havre og 1 t poteter. Fødde 1 ku, 4 sauer og 4 geiter. I 1875 var sånaden 1 t havre og 1 t poteter. Fødde då 2 kyr og 9 sauer. I 1885 fekk han festesetel frå Ole Elias Olsen på eit stykke mark.

Etter at Ole Andreas døydde gjekk plassen attende til hovudbruket, som har løe der og har gjerdt inn 27 dekar til beite. Karoline fekk i 1913 heimelsbrev på ei røykstovebygning og ei fjøs- og løebygning på plassen for takst 280 kr.

Bnr 2 PETTERGARDEN (sidan OLE-SEVERINGARDEN)

Ole Olsen Løset f 1730 d 1782

1760 g ek. Anne Larsd. Vik f Blindheim (Larsg.) f 1737

Br 1760-1781

Born: 1. Marte f 1761 d 4 dg

2. Ole f 1762 d 5 veker

3. Peder t 1763 d 1 time

4. Ole Andreas f 1764, g p br

5. Ole f 1767

6. Marte f 1771

7. Guri f 1776 g Steffen Gundersen Ø. Søvik, bnr 1.

Ole var son til Ole Pedersen Løset på bruk A. Fekk skøyte 6/10 1762 på 2 pd 15 mk i Løset fra Ole Klemetsen Melset og Peder Larssen Løset. (SSTb III). Skaut bjørn i 1768 og i 1775 i lag med Ole Pedersen Løset.

Enkja gifte seg att med Amund Amundsen Nedre Søvik (s.d.).

Sk. 7/6 1782: Brutto 365 rd, netto 308 rd.

Ole Andreas Olsen Løset f 1764 d 1827

g 1792 Anne Kristine Johannesh. Aure f 1768

Br 1781-1821

Born: 1. Anne Eline(Helene ?) f 1793, g 1823 em. Steffen Olsen

Bjørnevik.

2. Ole Andreas f 1796, g p br

3. Johanne Cecilie f 1798 g til Hellen.

4. Amund Gunder f 1801, g 1826 Anne Olave Knutsd. Aurdal f
Løvoll 1799 d 1884.

Fekk skøyte frå faren 5/10 1781 for 35 rd. Johanne, syster til kona hans, var gift med Lars Jonsen Furnes.

Ole Andreas Olsen Løset f 1796 d 1851

g 1. 1824 Karen Gurine Pedersd. Melset br 1 f 1802 d 1840

g 2. 1842 ek. Eli Ingebrigtsd. Bjørdal, Sunnylven, f 1810 d 1887

Br 1821-1849

Born i 1. ekteskap:

1. Petter Olaus f 1826, g p br

2. Peder *Kristian* f 1828 d 1895, g 1853 Gurine Marie Jonsd. Vik eller Eidem (1822-1900). Bustad Eikenosa.
3. Elias Martinus f 1830. Til Løvoll br 4.
4. Olave Birgitte f 1832 d 1833, 1 år 6 veker.
5. Ole Andreas f 1834 d 1843
6. Olave Marie f 1837 g EllingSvinset, bustad Kråka (plass)
7. Karoline f 1840 d 1861

Born i 2. ekteskap:

8. Iver *Karolus* f 1843 d 1923, g 1865 Johanne Marie Pedersd Blindheimsnes f 1828, d 1916.
9. Inger Oline f 1845, g Lars Jansen Øye fra Hjørundfjord, f 1840 d 1936. Plm på Borgund-Blindheim.
10. Ole Elias f 1848, g 1882 til Rønes.
11. Johan Olaus f 1851, g 1883 Marte Regine Larsd. Almeskar. Dei flytte til Nysæter bnr 2.

Ole Andreas fekk skøyte frå faren for 100 spd 26/10 1820. Kår til foreldra.

I 1845 sådde han 1 t bygg, 3 t blk, 4 t havre og 2 t poteter. Fôra 1 hest, 9 kyr, 17 sauher og 4 geiter. Den 4. mars 1841 var der registreringsforretning etter Karen Pedersd. og skifte mellom enkjemannen og borna: 1 liten sôlvring, 1 tinntat, 1 koparkjel på 1 t, 1 gryte på $\frac{1}{2}$ t, 1 2-våges trondhjems-vekt, 4 kyr, 9 sauher, 1 svart geit, nokre lam og kje, 1 Kingos salmebok. 4 torskegarn, 1 sildegarn, 1 færing, $\frac{1}{2}$ i ein seksring, 1 kvernhus med kvern ståande på Løvoll 12 spd. Såkorn. Husa og jordvegen vart takserte av Knut Pedersen Øvre Søvik og Ole Olsen Løset.

Husa: 1 gl. røykstove av tømmer med gang, kove og sval 20 spd, 1 gl. lita masstove 6 spd. 1 bu med loft og gang 10 spd, 1 stabbur med loft 10 spd, 1 smalefjøs av tømmer 8 spd, 1 gl. «brøstfældig» kufjøs 5 spd, 1 sel 1-2-12, 1 høy- og kornløe 16 spd, 1 fjøs mura av stein på setra 1 spd, 1 tømmernauast i Søvik 5 spd, 2 løer i 2 slåttegjerde.

Jorda var godt dyrka og vart taksert til 115 spd, husa og bruket til saman 200 spd, brutto eige 345 spd, netto 128 spd. (Ei rekning frå O. Strøm i Ålesund syner at han tok 3 spd 1 ort for 1 t bygg, og betalte 4 ort pr. famn for famneved. Sk. slutta 21/9 1842. Auksjon 28/9 1842, selt for 57 spd.

Petter Olaus Olsen Løset f 1826 d 1874
g 1851 Anne *Birgitte* Severinsd. Grebstad f 1830 d 1919
Br 1849- 1874

- Born:
1. Ole Severin f 1852, g p br
 2. Petter Karl f 1854 d 11 veker
 3. Karl Andreas f 1862 d 1863

Fekk skøyte frå faren 17/10 1849 for 250 spd. Av denne summen fekk faren berre 62 spd, resten gjekk til betaling av gjeld, m.a. 60 spd til Peter Pedersen Lukkedal. Bruket vart selt 17/1 1854 til Bastian Martinussen Velle mot rett for eitt av borna til Petter Olaus til å ta bruket på bygsel. Men først vart Petter Olaus sjølv bygselmann. Bygselsummen var 40 spd og den årlege avgifta 4 skill. Kår til mora.

Folketeljinga i 1865 har desse opplysningane om bruket: Sånad: 2 ½ t blk, 4 t havre, 2 ½ t poteter. Krøter: 1 hest, 10 kyr, 20 sauher, 6 geiter og 1 gris.

Førebuingsarbeidet for den nye matrikkelen har litt andre tal frå om lag same tid: Sånad: ½ t bygg, 2 ½ t blk, 4 t havre og 3 t poteter. Krøter: 1 hest, 8 storfe, 24 småfe. Bruket hadde 28 dekar mykje god åker og dyrka eng og 78 dekar god natureng. Utslåttar «ikke af stor betydning». Noko meir jord kan dyrkast, men «besværlig». Hamnegangen var «meget god i enhver henseende». Skog til husbruk, og til sal bjørkeved, never, bork og bandstakar. Lauv som forsurrrogat. Bruket er «noget letbrugt».

Avlingane var 4 t bygg, 14 t halvbygg eller blk, 18 t havre og 20 t poteter.

På denne tida var der ein del saueskabb i bygda, og i kvar grend vart det valt brukarar til å ha tilsyn med dette for å prøve å få slutt på skabb-plaga. Petter Olaus var tilsynsmann for Søvikdalen.

Ole Severin Pettersen Løset f 1852 d 1936
g 1876 Berte Karoline Olsd. Svinset bnr C f 1855 d 1943
Br 1874-1930

Born: 1. Petter Olaus f 1877, g p br
2. Olivia f 1885 d 1934, g em. Nils Johan Severinsen Drabløs (Ellingg.) (1870-1950).
3. Anne Birgitte f 1890, g 1914 Jens Jørgensen Klokkerhaug f 1887 (sjå bd2s. 22).
4. Oline Kristine f 1893. g 1918 Ole Bastian Iversen Nedre Søvik, s.d.

Fekk skøyte frå Bastian Martinussen Velle for 1000 spd. 21/5 1874. Sel og naust var ikkje med i handelen. I den seinare delen av denne lange brukstida var sonen Petter med på gardsdrifta. Ole Severin bygde nye stovehus i 1897.

I 1875 sådde han 3 t blk, 4 t havre og 5 t poteter. Fôra 1 hest, 8 kyr, 3 kalvar, 24 sauher, 10 geiter og 1 gris.

Petter Olaus Karolus Olsen Løset f 1877 d 1955

1907 g Ivrine Oline Karlsd. Eidem (Trulsg.) f 1887, d 1982

Br 1930-1952

Born: 1. Berte f 1908 d 1920

2. Åsta f 1910

3. Anna f 1913 d 1972, g 1942 Ragnvald Ramstad (bnr 9). Bustad Skodje.

4. Olga Solveig f 1915, g 1949 Kåre Frøset frå Støren, f ca. 1921.

5. Jenny Karoline f 1918, g p br

6. Berte Lovise f 1922, ug. Bur i Oslo.

7. Hjørdis Selma f 1925, g 1948 oberstløytn. Andreas Tennfjord. Bur i Bærum.

8. Petra Inga f 1928, g 1959 Torstein Lyngstad frå Valdres. Bur i Asker.

Petter Olaus fekk skøyte på bruket frå faren for 4000 kr i 1930. Då var alle hus med, m.a. naust i Søvik og kvern med tomt på Løvoll. Kår. Brukte garden først i lag med faren. Var såleis med å rive våningshuset etter utskiftinga i 1914 og byggje det opp att på ny tomt. Dei var òg saman om å byggje løe. Ved utskiftinga fekk dei som nemnt før heimebøen i eitt stykke, og med det betre høve til å dyrke meir jord, noko som og vart gjort. I yngre år var Petter Olaus også fiskar. Var med i heradstyre og formannskap.

Lars Hanssen Sandvik (br 1) f 1914

g 1950 Jenny Karoline Pettersd. Løset (br 2) f 1918

Br 1952-

Lars og kona fekk skøyte på bruket 25/6 1952 for 5000 kr.

Born: 1. Ingebjørg Anna f 1951

2. Gunhild f 1953

Lars Sandvik er bygningsmann og har landbrukskule. Bygde om og utvida våningshuset i 1958. Er jordskiftemann, medlem av heradstyret og soknerådet.

MYREPLASS II

Severin Bastian Berntsen Klokk bnr 1 f 1853 d 1946

g 1880 Johanne Bergitte Knutsd. Klokk br 5 f 1854 d 1914

Dei tok namnet Løset.

Br 1883-1916

Born: 1. Karn Olave f 1876. Til Wisconsin 1897. Gifte seg og budde lengst i Tacoma, Wash.

2. Peter Elias f 1878 d 10 veker
3. Berte Oline f 1883, g Ole Roald. Bustad Vigra.
4. Petrine Karoline f 1885. Til USA i 1912, gift der og budde i Tacoma.
5. Ingeborg Marie f 1887 d ca. 1918, g Peder P. Havnøy, Valderøy. Budde der.
6. Elen Petrine f 1889. Ug arbeidar ved Langevåg Fabr.
7. Anna Sofie f 1891, g Misfjord frå Vestnes. Budde der og i Molde.
8. Johanne Marie f 1893, g Ole B. Blindheim frå Vigra. Budde der
9. Elisa Josefine (*Lisa*) f 1895. Ug fabrikkarb. i Langevåg.

I 1916 gjekk plassen attende til hovudbruket. Severin flytte til dottera Ingeborg på Valderøy og seinare til døtrene på Vigra. Kring 1940 kom han tilbake til Ørskog og budde på gamleheimen til han døydde, 93 år. Han var både plassemann, bygningsmann og skomakar.

Løset S.

Bruk B. bruk C

Bruk A, br 1, Myreplass I

Bruk A, br 2, Myreplass II

Gnr 70 FURNES

Namnet finst fleire stader på Sunnmøre, og under garden Furnes i Volda skriv Rygh om tydinga: «Nes bevokset med fureskog.» I eldre dokument finn ein former som Furkov 1606, Furenæs 1666, Furre Næs 1676, Furreness 1678.

Dette er den av dei tidlegare Ørskog-gardane som ligg nærmast det gamle Sykkylven. Garden ligg vakkert til eit lite stykke opp frå Andestadvatnet. Det har alltid vore berre ein brukar på Furnes og der har heller ikkje vore plassemenn under garden.

EIGARAR

Der har for det meste vore sjølveigarar. I 1696 selde brukaren garden til Jens Larssen Fisker, lensmann i Borgund, men kjøpte han att året etter. I 1741 selde brukaren garden til kommerseråd Hans Holtermann med bygsel og landskyld. Holtermann selde Furnes att i 1749, og då var det

Peder Larssen Lyshol som kjøpte. Han var ein eldre bror av han som selde garden til Holtermann og hadde odelsrett til garden. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr.: 92, 93, 95, 53. Skatteklasse øydegard. Gammal skyld ½ v fiskeleige, ny skyld 2 dlr 2 ort 7 skill. rev. M 4,27. Løpenr. 147.

Tiend: 1637 1 mæle havre, 1646 1 ½ f j, 1667 3 mæler havre ½ pd ost, 1714 1 ½ skjepper bygg, 6 skjepper havre, 12 mk ost. 1724 5 ½ skjepper havre = 55 skill., 1 skjeppe bygg = 19 skill., 9 mk ost = 12 skill.

Leidang: 1642 1 kalveskinn, 1654 2 kalveskinn, og det vart det vanlege seinare. I 1714 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1657 1 hest, 1 okse. 6 kyr

1667 Sår 2 ½ t havre, avlar 7 ½ t, kan fø 1 hest, 8 kyr.

1717 Sår 2 t havre, 2 skjepper bygg, avlar 7 t havre 2 t bygg. Førar 1 hest 7 kyr.

1724 Garden ligg ¼ mil frå sjøen. Seter ¼ mil frå garden, 1 lita bekke kvern. Tungvunnen til høy, noko uviss til korn. Sår ¼ t bygg og 2 t havre, avlar 1 t bygg og 7 t havre.

1802 Sår 2 t havre, 1 t blk, 6 foll. Før 1 hest, 7 kyr, 20 småfe. 4 vaksne arbeidsfolk. Sommarbeite både i heimeutmarka og i setermarka. Kornavlinga nokolunde årvis. Nok brenneved. Bruket verdsett til 72 rd.

1835 Sår 1 t bygg, 1 t blk. 3 t havre, 1 ½ t poteter. Krøter: 1 hest, 8 kyr, 24 sauher, 10 geiter, 1 gris. 3 tenestefolk.

1845 Sår ½ t bygg, 1 ½ t blk, 3 t havre, 1 t poteter. Før 2 hestar, 8 kyr, 16 sauher, 6 geiter, 1 taus, 2 drenger.

1865 Sår 1 t bygg, 2 t blk, 4 t havre, 4 t poteter. Krøter: 1 hest, 9 kyr, 12 sauher, 6 geiter, 1 gris.

1866 27 dekar åker og dyrka eng (mykje god), 67 dekar god natureng, lite utslåttar, noko meir kan dyrkast, men «besværligt». Hamnegangen «meget god», skog til husbruk. Til sal: Bjørkeved, never, bork. og bandstakar. Lauv til forsurrrogat. Lettbrukt. Avling 2 t bygg, 12 t blk, 19 t havre, 20 t poteter.

1875 Sår 4 t blk, 4 t havre, 8 poteter. Førar 1 hest, 9 kyr, 1 kalv, 24 sauher. 10 geiter, 1 gris.

BRUKARAR Bnr 1

Gregorius

Br 1616-1625

Han la frå $\frac{1}{2}$ til $2\frac{1}{2}$ fj. i korntiend. Han er truleg den same som var i Skaret i Søvik i 1615.

Lars

Br 1626-ca. 1656

I 1623 er nemnd ein husmann Lasse. Det er nok same mannen. Han var eigar av 2 mællag jord i 1638, og det var nok den jorda han brukte. I 1645 er han nemnd med kone og ein son. I 1650-åra åtte han 1 v 18 mk, av det må $\frac{1}{2}$ v vere på Furnes. Sonen tok over etter han.

Elling Larssen Furnes f ca. 1613

g N. N, som levde i 1711.

Br ca. 1656-1698

Barn: Lars f ca. 1655

Elling la 1 slettdalar i krøterskatt i 1657, d.e. 64 skill. I 1660 åtte han $\frac{1}{2}$ v jord. det var nok Furnes. Ei tid åtte han 1 v 18 mk som faren, men i 1680 berre $\frac{1}{2}$ v. Av det slapp han å betale odelsskatt, det var jord han brukte. Også sonen var sjølveigar. Det var

Lars Ellingsen Furnes f ca. 1655 d 1721

Br 1698-1703

Barn: Helge f ca. 1677, g p br

Før er nemnt at eit dyr vart drepe ulovleg i 1684. Det var i februar. To soldatar, Lars Ingebrigtsen Sandvik og Jakob Ols. Brøvoll hadde jaga dyret først til Aure og sidan oppover att til Andestadvatnet, og på Løvoll vart dyret drepe. Lars Ellingsen var med på dette, og både han og Peder Løset sa ”at de ikke kunde benegte at de iou var medt och fick deris part uff same dyr». Anders og Hover Løvoll var òg med. Huda tok dei først til Løset og derifrå til fenriken. Saka kom fram på tinget på Valle 17/3 1684.

Lars Anderssen Andestad f ca. 1677 (?) sk. 24/10 1737

g Helge Larsd. Furnes f ca. 1677 d 1763 Br 1703-1737

Born: 1. Peder f ca. 1707 på Lyshol, d 1774, g 1. 1731 Guri Jetmundsd.
Lyshol d 1740, 45 år: g 2. 1741 Marte Paulsd. f ca. 1704 d 1782.
2. Ole f ca. 1712? g p br
3. Berte f ca. 1717, g 1754 Jon Ebbesen Aurdal.
4. Synneve f 1723 g Stener Knutsen.
5. Gyri f ca. 1727 kf 1746
6. Jon f 1728, kf 1747

Ole Larssen Furnes f ca. 1712?

Br 1737-1752

Far hans gav Ole skøyte på Furnes frå seg og eldste sonen Peder som hadde odelsretten, 24/10 1737. Odelsguten, Peder Larssen Lyshol, gjekk godvillig med på dette og skreiv frå seg all odels- og seinare løysingsrett til Furnes. I 1741 selde Ole garden til kommerseråd Hans Holtermann, men da Holtermann selde garden i 1749, vart det Peder Larssen Lyshol som kjøpte Furnes, og det var han som bygsla bort garden til neste brukar.

Anders Anderssen Lukkedal f 1727

1752 g 1. Ingeborg Jonsd. Skodjelien, levde i 1786
1789 g 2. Maren Halsteinsd. Skodjelien f 1751 på Midtli (far hennar var frå Kråka).

Br 1752-1791

Born i 1. ekteskap:

1. Berte f 1755 d 1830, g 1793 em. Jon Ols. Eikenosøygarden (1718-1785).
2. Lars f 1761 d 15 dg

Born i 2. ekteskap:

3. Ingeborg f 1789, d 12 dg
4. Anne Marte f 1794, kf i Vatne 1811.

Anders bygsla 1 pd 12 som var heile Furnes. I 1755 fekk han 2 lodd sølv i bot fordi han braut inn i avhøyret av Hover Løvoll og la orda i munnen hans under beitesaka i 1755 mellom Andestad og Søvikdalsgardane Løset og Furnes. Same året fekk Anders 2 rd i premie frå Søndmøre Practiske Landhusholdningsselskab for «vindskibeligbed» (d.e. strevsamt og godt arbeid på garden). I 1759 kom han og Jon Pedersen Søvik i slagsmål og «skjellsmål» då dei var på heimveg frå borgundfjordfiske.

Lars Jonsen Aurdal f 1757 d 1837

g 1. 1796 Katrine Hansd. Sjøholt f 1765

g 2. 1800 Johanne Johannesh. Aure f 1774 d 1841 Br 1791-1837

Born: 1. Katrine Cecilie f 1801 d 1873, g 1830 Andreas Eliass. Aure
(Eliasg.) (1806-1861).

2. Laurence Anna f 1802, g 1821 Erik Pedersen Heggebakk.

3. Jon Johannes f 1808. Budde først på Furnes, og tre av borna var
fødde der. Flytte sidan til Løvoll br 4.

Lars Jonsen var son til den rike Jon Ebbesen Aurdal og kone Berte Larsd. f
Furnes. Sk. 1803 etter henne.

I 1813 stemnde Lars Jonsen Tore Rasmussen Valbø for gjeld, 120 rd, og
Tore sette husdyr og avling i pant. Eit bruk på Nedre Lande, bnr 7
Bakken, bør nemnast her, ettersom mange sykkylvingar etter kvart fekk
med det å gjøre. Først kjøpte Lars Jonsen Furnes dette bruket i 1780 for 43
rd. I 1822 bygsla han det til Knut Knutsen Klokk, og i 1829 selde Lars det
til sonen Jon Johannes Løvoll, som i 1838 selde det til Peder Pedersen
Løvoll (sidan Grebstad).

Paul Olsen Lyshol (Peg.) f 1808 d 1890

1834 g Kanutte Jørgensd. Vik (Fenriksg.) f 1806 d 1884

Br 1837-1856

Born: 1 Jens Petter f 1835 d 16 dg

2 Lars Martinus f 1836, d 3 veker.

Paul var tenar på prestegarden før han gifte seg, Kaurin var prest då. og
Paul var med å fange nokre tjuvar på prestegarden i 1832. I 1836 flytte han
som tenar til Honningdal. Bygsla bruket på Furnes 1/4 1837. Kår til ek.
Johanne Johannesh. Furnes i 1840. Paul vart vald som oppsynsmann for
Søvikdalen til å finne høvelege gravplassar ved ein eventuell kolera-
epidemi.

I 1885 gav han eit legat på 200 kr. som tillegg til Tandstads legat. Det
skulle gå til «verdige trengende» og heradstyret skulle råde med det. Paul
sjølv skulle ha 8 kr. året så lenge han levde.

Nils Matsen Mo f 1825 i Stordalen d 1913

g Oline Hansd. Kvammen f 1834 i Stordalen, d 1909

Br 1856-1893

Born: 1. Anne Sofie f 1856 i Stordalen, d 12/6 1876, ulukke.

2. Peter Karolus f 1866. Til St. James, Minnesota 16 år gammal.
«Forsvant». Ingen høyrde meir frå han. Han hadde barn: Nikoline
Karoline f 1882 (mor: Berte Oline Jørgensd. Løvoll f 1857).

Nils tok over bruket på byggsel. I huset til Nils var det av og til kommune-styremøte i 1860-åra. Kårfolket, Paul og kona, hadde eige hus.

Karl Sakariassen Hellebostad f 1845 d 1928

1879 g Brit Andersd. Stadheim f 1856 d 1937

Br 1893-1913

- Born:
1. Synnøve f 1880, g 1907 Severin Kjerstad f 1887 på Lepsøy.
 2. Karoline f 1881, g 1903 Hans Gjøsund Vigra.
 3. Anna Lovise f 1882 d same året.
 4. Anna Sofie f 1884. Til USA.
 5. Sakarias f 1885, g p br
 6. Andreas f 1887, g 1917 Helene Gjøsund. Han dreiv mek. verkstad i Brattvåg.
 7. Nikoline f 1889 d 1893
 8. Ragna f 1891, arb. på hotell i Oslo.
 9. Martine f 1893, g 1917 Rasmus Seth f 1893 på Lepsøy. Fiske-båteigar.
 10. Peder Bernhard f 1895. til Providence, New York i 1914. Sjømann. D ug 1917.
 11. Karl f 1897, til Australia 1923, g 1927. Kona, Lilian, er frå Australia.
 12. Anne f 1899. d 6 veker.
 13. Marie f 1900, g Petter Kjerstad frå Lepsøy (1899-1940).

Karl Sakariassen var bror til forfatteren P. Z. Helbostad. Dei er visstnok av Kari Øy si ætt. (Sjå SHLT 1937 s. 7.) Karl dreiv først Åmundbruket på Helbostad. Så kjøpte han fjellgarden Skageflå og var der i 11 år, før han flytte til Furnes. Kjøpte halve bruket av Pe-folket på Lyshol og fekk byggsle andre helvta.

Sakarias Karlsen Skageflå f 1885 d 1952

1915 g Olivia Regine Nikolaisd. Tandstad f 1892 d 1972

Br 1913-1952

- Born:
1. Bergljot Anna f 1916, g 1936 Lars Hanssen Navelsaker f 1907. Fiskar. Bustad Øvre Søvik bnr 6.
 2. Karen Oline f 1917, g 1939 Konrad Mikalsen Rise f 1911 på Hareid. (Sjå bd 1 s 55).
 3. Palma Jenny f 1918, g 1941 gartner Øivind Hågensen f 1911 i Ålesund. Bustad Nørve.
 4. Olea f 1920, g 1943 Hans Magnussen Lillevik frå Fauske, f 1922.

5. Nelly Solveig f 1923, g 1949 Konrad Andreassen Løset (br 2, Løset R.) f 1924. Bur på Blindheim.
6. Karoline f 1924, g 1953 Bjarne Ødegård f 1923 på Dyrkorn.
7. Oskar f 1928, g p br
8. Ingvar f 1932, g 1956 Oddlaug Nord frå Nordfjord, f 1932. Han er møbeltapetserar. (Bd 1 s. 463).

Oskar Sakariassen Furnes f 1928

1953 g Sigrid Larsd. Ødegård f 1925 i Stordalen (på Dyrkorn)

Br 1953-

Born: 1. Solveig Birgitte f 1954, g 1972 Karl Fr. Hjalmarson Blindheim
f 1947. Sjå bd 2 s. 154

2. Åse f 1960

Fekk skøyte på bruket frå mora 9/12 1954 for 8000 kr. mot kår. Det har vorte store endringar i drifta i Oskar si brukstid. Siste året med setring var i 1953. Det var ikkje køyreveg til setra. Dei måtte bere mjølka til gards, og det var en times gange, så det var tungvint. Etter 1953 brukte dei småhøymarka som beite for mjølkekyrne, og tørrdyra sleppte dei i utmarka.

Bygde på stovehuset og reparerte den gamle delen i 1963-64. Bygde om driftsbygninga i 1969 med m.a. utviding av fjøsen. Bygde siloar i 1958 og i 1959. Selde hesten i 1967 og kjøpte traktor, og har kjøpt to andre sidan den tid. Etter ombygginga slo dei på eit par nedlagde gardar og buskapen auka frå 5-6 mjølkekyr til 9-10.

Bygde reiskapshus i 1976. Omfram traktor er der silosvans, tilhengjar, harv, plog, forhaustar, traktorslåmaskin, motorslåmaskin, gjødselskru, gjødseltankvogn, mjølkemaskin, potetopptakar og planeringsskjer.

Frå 1951 til 1970 var Oskar fjøskontrollør. Arbeidet var å vege og ta feittprøve av mjølka, rekne ut årsavdrøtten av kvar ku og kvar buskap, gi rettleiing i føring og stell av dyra. No vert dette gjort med datamaskin.

I den tida han var fjøskontrollør dreiv Oskar og bygningsarbeid om vintrane.

B nr2 FURNESURDA

Fraskilt i 1913. Dette er ein skogteig i vestre enden av bruket ved grensa mot Andestad. Då Lyshol har lite skog, tok Lysholfolket frå denne skogteigen då dei selde bruket i 1913. På denne teigen hadde Furnes rett til slått og beite heilt til 1950-åra. då Bernt Olsen Lyshol løyste ut desse rettane og fekk full eigedomsrett over teigen.

Gnr 71 LØVOLL

Eldre former av namnet: 1603 Løffuold, 1606 Løffuoldt, 1617 Løevold, 1666 Løwold, 1723 Løvold.

Namnet tyder vollen ved løa eller løene (høyløene).

Løvoll ligg ved nordenden av Andestadvatnet, på austre sida, rett overfor Løset S. Mykje av innmarka er flat.

Eit dokument som fortel mykje om Løvoll gjeld utskiftinga i 1830-åra. (Originalen i SB.) På den tida var der som i dag 4 hovud bruk: Reitegar-den lengst sør, så Edvardgarden, Olegarden, og lengst nord «Blindheim», i eldre tid kalla Ellinghaugen.

Før utskiftinga var der sameige ved teigbyte, og ei mengd med små teigar. For å rette på det hadde brukarane først prøvt å kome til ei semje på eit møte i forlikskommisjonen i Nedre Søvik 3. august 1835. men uten resultat. Den 28. okt. same året tok utskiftinga til i huset på bnr 3. Skjønnsmenn var Martinus Pedersen Dravlaus, Amund Olsen Velle og Bernt Knutsen Vik. Grannar frå Søvik, Almeskar og Løset møtte, likeeins alle brukarane på Aurdal. Det aurdalskarane var opptekne av var at utmarksgrensa som vart fastsett ved utskifting i 1832 skulle verte uendra.

Utskiftinga heldt fram i 1836, og førde til at bnr 4 og 5 fekk sitt i eitt stykke kvar, medan bnr 1 og 3 fikk sitt i to stykke kvar.


Dette dokumentet inneheld mange stadnamn både frå innmark og utmark. Av åkernamn kan nemnast: Smieåkeren og Langereiten på bnr 1, Kvennahuåkeren, Ole-åkeren, Gjelåkeren og Løvseåkeren på bnr 3, Seljeåkeren. Espebakken, Vassåkeren, Myråkeren, Rompen, Huggen. Elveåkeren, Ytstesanden og Heimstesanden på bnr 4. Ein åker heitte Forskotåkeren. (NSSTb 1834-1838 frå s. 150b).

Andre stadnamn: Båtskarhammaren, Kraaghammaren, Kraaghammarsnebbben, Geitskarhammaren, Hørnakken, Sønderlidskaret. Blågards-teigane, Sandbergteigane, Smidehaugane, Kriken, Kvammen, Ande-stad-Ole-teigen, Løteigane og Leitemyra.

Ved utskiftinga vart det bestemt at alle brukarane på Løvoll skulle ha like rett til fiske i vatnet. Og alle skulle ha rett til å ha kvernane sine der dei var.

EIGARAR

Marte Ingebrigtsd., f ca. 1520, åtte 11 mællag jordegods i Søvikdalen, m.a. noko på Løvoll. Marte var truleg frå Søre Vartdal (Peg.) og vart gift



Løvollgårdar med Almeskar i bakgrunnen

med Jetmund Lid på Ørskog. Dei hade borna Synneve og Ingebrigts Lid og Berte Lande, og desse selde dei 11 mællaga til brukarar på Erstad og Riksheim, som nok høyrd til same slekta. Men det gjorde og Jon Løvoll, Jon Løset S og Anders Gulliksen Løset, og desse gjorde og krav på dette jordegodset. Men som nemnt under Riksheim og Erstad fekk brukarane der medhald i retten, deira kjøp av dei 11 mællaga vart funne rettsgyldig.

I 1626 vart Løvoll kalla bondegods, og det var ein av dei to brukarane som hadde kjøpt heile garden, som då var på $1\frac{1}{2}$ v $1\frac{1}{2}$ pd fiskeleige. I 1651 hadde brukareigedomen minka til 3 mællag, og skylda på garden var auka til 2 v. Dei 5 andre mællaga var blitt proprietærgods, med Jan Rellingen som eigar. Dermed får vi på denne tida ein sjølveigar med 3 mællag og ein bygselmann med 5 mællag. Denne 3-5 delinga finn ein att lenge, også etter at der vart fleire bruk.

Kring 1670 var Peder Rasmussen Brandal eigar av 5 mællag, og 1683 hadde han auka Løvoll-eigedomen sin til $1\frac{1}{2}$ v. I 1698 igjen 1 v 18 mk som før. Enkja etter Peder Brandal, Magdalene Jørgensd. selde dei 5 mællaga til Ole Larssen Abelset i 1707, og denne parten vart verande i Abelset-eige til Anne Christophersd. Abelset i 1777 selde han til Johan Hagerup. Den gamle sjølveigar-parten vart i 1752 sold til Peder Ellingsen Indre Ekornes. Ein av brukarane selde sin part i 1785 til Nils Wind, som to år seinare selde til Lars Monsen Brunstad. Han igjen selde året etter til

brukaren Hans Ingebrigtsen på bnr 3. Johan Hermann Hagerup hadde sin part berre i to år og selde til ein brukar. Elles kan nemnast at både Ørskog kyrje og Ørskog kommune var eigarar av eitt av bruka i kortare tid. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gardnr.: 92, 95, 91, 94, 54.

Løvoll var i skatteklasse halv gard i 1660-åra med skyld 2 v. Ny skyld 5 skylddr. 4 ort 2 skill., rev. M 9,66. Med den nye skylda fekk Løvoll løpenr. frå 148 til 151.

Tienda var i 1609 3 fj, i 1666 2 t havre, $\frac{1}{2}$ mæle bygg og 1 pd 4 mk ost. I 1717 2 t havre, 3 skjepper bygg og 28 mk ost eller 42 skill.

Leidangen var i 1606 2 kalveskinn, i 1609 3 kalveskinn, i 1666 1 geiteskinn, i 1679 1 geiteskinn og 2 kalveskinn, i 1717 $\frac{1}{2}$ rd, og i 1773 1 geiteskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 3 mann. (truleg på 2 bruk)

1626: 2 mann. Sår 6 t havre, skattar årleg av ei sag.

1645: 2 mann

1657: 2 mann. Buskap: 1 hest, 1 okse, 15 kyr, 5 sauher, 8 geiter.

1667: 2 mann. Sår 7 $\frac{1}{2}$ t havre, avlar 21 t, kan fø 3 hestar, 25 kyr. Brennefang.

1717: 3 mann. Sår 6 t havre, 1 t bygg, avlar 20 t havre, 4 t bygg. Førar 3 hestar, 24 kyr. Brennefang. 2 små kvernar.

1724: 3 mann. Sår 1 t bygg, avlar 4 t, sår 8 t havre, avlar 24 t. Kan fø 3 hestar, 14 kyr, 12 ungdyr, 15 sauher og 17 geiter. Nok brennevedskog. Seter 1 fjerding frå garden. 2 små kvernar. Garden ligg $\frac{1}{2}$ mil frå sjøen. Nokså lettdriven, noko uviss til korn. Utsett for skade ved flaum.

1802: 4 mann. 3 av brukena er på 1 pd 21 mk og kvart av dei sår 2 t havre og 11 blk. 5 foll. Kvart av desse brukena før 1 hest, 7 kyr og 17 småfe, og treng 5 vaksne arbeidsfolk. Kvart bruk verdsett til 90 rd. Nok brenneved. Sommarbeite i heime-utmarka. Kornavlinga er utsett for frost og grønår. Det minste bruket har berre 9 mk jord, og er verdsett til 15 rd.

1835: 4 mann. Sår 3 t bygg, 3 t blk, 6 t havre, 41 poteter. Krøter: 3 hestar, 20 kyr, 45 sauher, 15 geiter.

- 1845: 4 mann. Sår 7 t bl k, 13 t havre, 3 $\frac{1}{2}$ t poteter. Fôrar 4 hestar, 29 kyr, 57 sauer, 17 geiter og 2 griser.
- 1865: 4 mann. Sår 10 $\frac{3}{4}$ t blk, 13 $\frac{3}{4}$ t havre, 9 t poteter. Krøter: 3 hestar, 27 kyr, 42 sauer, 28 geiter.
- 1866: 4 mann. Matr.førebuingsarb. har noko andre tal: Sånad 8 $\frac{1}{4}$ t blk, 13 $\frac{1}{4}$ t havre, 8 t poteter, avling 42 t blk, 50 t havre 42 t poteter. Garden er frostlendt og kornhausten usikker. Bruka er dårlig dyrka. Dei tre største bruka har Lauvskog til forsurrogat og litt bjørkeved til sal. Hamnegangen er «mykje god» på alle måtar. Alle bruka har bra fjellslåttar. Sjå elles under kvart bruk.
- 1875: 4 mann. Sår 11 t blk, 12 $\frac{1}{2}$ t havre, 11 $\frac{1}{2}$ t poteter. Fôrar 3 hestar, 1 føl, 23 kyr, 7 kalvar, 55 sauer, 17 geiter og 2 griser.

BRUKARAR

På 1600-talet var der mest heile tida to bruk, og vi kallar dei Bruk A og Bruk B.

Bruk A

Sivert Tallaksen Løvoll

Br ca. 1594-1638

Born: 1. Lars f ca. 1595

2. Knut f ca. 1604, g p br

Sivert vert kalla både Syver og Sigvard, og som patronym finn ein òg Tollefsen. Han eller kona høyrdre truleg til den yngre Barstad-ætta og til Synnesætta. Sivert åtte jordegods i Barstad, og i 1620 selde han 2 mællag av dette til Samund Jetmundsen Barstad, som nok var ein slekting og som etter tradisjonen flytte tilbake til Barstadvik frå Synnes, der ætta hadde vore frå 1300-talet. (Meir om dette i Vartdalsboka s. 187, 191, etc.).

I 1606 la Sivert 1 $\frac{1}{2}$ fj i tiend, i 1610 1 mæle, og i 1621 1 mæle 1 $\frac{1}{2}$ fj. I 1603 skatta han av 5 mællag jord, i dei første 1620-åra av 83 mællag, og i 1626 av 9 $\frac{1}{2}$ mællag, men då i lag med Peder Løset. Av dei 9 $\frac{1}{2}$ mællaga skatta Sivert av 6 mællag.

Ved sida av gardsbruket dreiv han sagbruk. I 1603 skar han 25 tylfter bord, i 1617 10 tylfter, og i åra 1610, 1611, 1612, 1614, 1620 og 1621 kvart år 20 tylfter, 1 ei skatteliste frå 1628 betalte Sivert «full skatt», som var 3 rd 9 skill., og året etter 3 rd.

I 1630 fekk han bot fordi han saman med Peder Løvoll

kyrkja i Ørskog utan å møte opp til gudstenesta. Same året måtte han bøte fordi han ikkje hadde skyssa slottsherren. I 1634 vart han saman med fleire andre bøtelagd for å ha vore med å ta livet av eit dyr. 1633-34 var eit uår, og dei hadde gjort det «udi dyre åringer formedelst deres store hungers tvang». Dei betalte «af deres yderste formue» til saman 16 rd.

Sivert var lagrettemann, og i 1633 skreiv han under ei klage over sag-skatten.

Knut Sivertsen Løvoll f ca. 1604 d 1680 g Gyri Ellingsd.

Br 1639-1680

Born: 1. Syver f ca. 1647, vanfør, g ca. 1668 Marte Ellingsd. Melset (br Bb).

2. Knut f ca. 1655, g p Olegarden.
3. Ole f ca. 1660 d 1714, g til bnr 2 Brøvoll (g 1. Marit Pedersd. d 1695, g 2. Anne Pedersd.).
4. Jon f ca. 1663, g p br
5. Anne f ca. 1668.

Den eldre broren til Knut Sivertsen, jordaguten Lars, vart i 1611 utreidd til Kalmarkrigen og kom kanskje ikkje att.

I 1645 la Knut koppskatt for seg og kona og hadde tenestjente. I 1657 betalte han 1 rd 8 skill. i krøterskatt av 1 hest, 1 okse, 10 kyr og 4 geiter. I 1660 tok Lars Arnesen Ramstad frå han ei av desse geitene fordi han meinte han hadde så mykje til gode hos Knut. Men han måtte gi frå seg geita att.

Gyri Ellingsd. gifte seg att med

Håver Jonsen

Br 1680-1693

Då Håver gifte seg og tok over bruket hadde han alt butt der nokre år, truleg som gardsdreng. Håver hadde ein son som var sjuk, og på tinget i Valde 22. jan. 1695 fortalde Jon Knutsen Løvoll at stefaren Håver tok med seg sonen til Bergen og ville ha han inn på hospitalet. Han hadde med seg 18 rd, men vart heimattsend då han ikkje hadde meir. (Tingbok).

Bnr 1 EDVARDGARDEN

Jon Knutsen Løvoll f ca. 1663 d 1736 g N. N. Håversd. Br 1693-1716

332

- Born: 1. Peder f ca. 1696, g p br
 2. Guri f ca. 1697 d 1767, lm 1721 med soldat Størker Guttormsen
 Vågen f ca. 1693. Han hadde butt nokre år på Løvoll og vart
 kalla Løvoll i 1719 som soldat i Rotvidts kompani. Guri g 1742
 em. Steffen Olsen Klokk frå Ansok. Bustad Klokk bnr 8.
 3. Jon f ca. 1700 d 1788, g 1737 Berte Halsteinsd. Andestad (ca.
 1707-1793). Sjå bd 1 s. 294.
 4. Anders g 1741 Marte Ellingsd. Sjøholt.

Jon bygsla 2 ½ mællag i Løvoll (i bruk A) av Peder Brandal og fekk byggselsetel i 1700. Han var legdsmann. I 1699 vart han stemnd for å ha teke eit lite hus frå ein øyde plass i Herdal.

- Peder Jonsen Løvoll* f ca. 1696 d 1777
 g 1.1724 Femia Halkjellsd. Skarbø frå Stranda, f ca. 1698
 g 2, 1744 Gjertrud Jonsd. Valgermo, sk. 1765
 Femia døydde i 1742, sk. etter henne 1743
 Br 1716-1758
 Born: 1. Anders f 1724 d 1744, 19 år
 2. Margrete f 1726 d 1742, 15 år
 3. Jan f 1729 d 1798, g 1763 ek. Berte Larsd. Aure f Sjøholt. Budde
 i Jakobg. på Aure. Sjå bd 1 s. 417.
 4. Anne f 1731, d 1791, g 1. 1760 Jens Knutsen Åsen eller Eidem, f
 1734 g 2. 1771 Arne Knutsen Eidem frå Overøye (1741-1781).
 5. Ole f 1733, g p br
 6. Gulov f 1735, g 1757 Salmund Larssen Brunstad (Bøen, 1726-
 1785). Gulov d 1815.
 7. Peder f 1740, d 14 veker.

Peder og broren Jon var tenarar på Andestad kring 1715 og Jon vart brukar der. Peder Jonsen og kona er tekne med under Løvoll i Norddalen i ættebøkene for Stranda og Norddalen. Men dei har nok aldri butt der. I 1733 vart Peder førd som brukar av 1 v 18 mk, d.v.s. heile bruk A, medan Håver, som var nemnd året før, ikkje er komen med. Han er vel berre av ein eller annan grunn ikkje komen med på lista.

Sk. 1743 etter Femia: Brutto vel 55 rd, gjeld 21 rd. 1 koparkjel 6 rd, 1 ambolt, ½ i ei kvern, 3 torskegarn, 6 kyr 21 rd, 1 årsgammal okse, 1 kvige, 3 geiter med kje, 3 sauер med lam, 1 merr, 1 naust 3 rd, gangklede 5 rd 3 ort.

Sk. 1765 etter Gjertrud. Brutto 54 rd, netto 26 rd.

Sk. 1778 etter Peder. Brutto 13 rd, netto 9 rd.

Ole Pedersen Løvoll f 1733 d 1766
1760 g Anne Hansd. Løset f 1735 i Stordalen, d 1819
Br 1758-1766

Born: 1. Peder f 1760
2. Hans f 1763
3. Kari f 1766
4. Ole f 1766 (tvill.)

Ole Pedersen fekk bygselsetel på 1 pd fiskeleige 18/4 1758 frå Christopher Abelset. Om han fekk papir på meir sidan er ukjent, men han brukte sikkert heile bruket. Anne Hansd. gifte seg att 1767 med

Ole Olsen Melset (br A) f 1736 d 1813

Br 1767-1792
Born: 1. Ole f 1769 d 7 veker
2. Anne f 1771, g p br
3. Ingeborg f 1775 d 1780

I 1775 er Ole Olsen den einaste brukaren på Løvoll som betaler frivillig avgift. Han kjøpte bruket i 1779, skøyte 15/1 frå Hagerup.

Knut Larssen Aurdal f 1768 d 1838
1790 g Anne Olsd. Løvoll f 1771, d etter 1840
Br 1792-1822

Born: 1. Anne Olave f 1799 d 1876, g 1826 Amund Olsen Aurdal f Løset S bnr 2 (1801-1884). Bustad Aurdal. 2. Ragnhild f 1799 (tvill.) d ug 1821 Knut Larssen fekk bygselsetel frå verfaren Ole Olsen 1/10 1792, og skøyte på bruket 15/1 1804 for 53 rd. Knut Larssen dreiv bondehandel i lag med Anders Davidsen Blakstadnes. I 1800 skaut Knut ein bjørn. 2/6 1797 kjøpte Knut 2 pd 18 mk i Aurdal i buet etter Johan Leganger og flytta tilbake til Aurdal i 1822.

Nils Sivertsen Nakkegjerde f 1783 d 1845
1808 g Olave Gundersd. Brunstad f ca. 1781 d 1860
Br 1822-1830
Born: 1. Randi Stine f 1808, g 1844 Martinus Magnussen Melset (br C) f 1813.
2. Guri Pauline f 1818 d 1821
Nils vart utskrivne til militærteneste i 1807, vart skada i ei hand og vart heimattsend året etter. Han bygsla bruket av Knut Larssen Aurdal 16/6 1822 mot kår til Anne Larsd. Gjerde. Nils sat i trange kår. Vart ofte

stemnd for forliksretten for gjeld. Som kårmann hadde han i 1840 sett i pant ei svartsida ku og ei kvern for å få korn frå bygdemagasin. Då desse skulle seljast på auksjon fekk han løyst dei inn att med Jørgen Knutsen Løvoll som kausjonist.

Versonen Martinus Magnussen budde på Løvoll, men omkom på sjøen 10/3 1851.

Ole Arnesen Tvergrov f 1797 d 1865

g 1. 1826 Berte Knutsd. Kvistad f 1793

g 2. 1853 Siri Larsd. Lande f 1805 d 1893

Br 1830-1838

Born: 1. Ragnhild f 1825, g 1865 em. Kristen Peders. Hole på Holen under Knutg. Ragnhild d 1896.

2. Laurentse Katrine f 1827

3. Hans Rasmus f 1830, g 1861 ek. Pernille Pedersd. Blomvik f Vigra-Blindheim (1813-1891).

4. Berte f 1833 d 1915 på Hoggaplassen, Straume. Vart kalla Tvergrov-Berte. Sjå Straume bnr 3.

5. Kristian Martinus f 1838 d 1908, g 1872 Severine Petersd. Lade (Olag.). Bustad Lade.

Ole Arnesen bygsla bruket av Knut Larssen Aurdal 18/10 1830. I 1838 flytte Ole Arnesen til Øvre Søvik (lnr 142 Haugen).

Ole Olsen Aurdal f 1810 d 1877

1838 g ek. Berte Gurine Magnusd Melset f 1804 d 1888 (ek. etter Hans Bernt Nilssen Krogen d 1835).

Br 1838-1855

Bygsla bruket av enkja Anne Olsd. Aurdal (Larsg.) Foreldra til Berte Gurine flytte frå Klokk til Melset medan ho var småjente.

Ole Olsen sådde i 1845 2 t blk, 4 havre og 1 t poteter og fødde hest og 9 kyr, 16 sauer, 4 geiter og gris.

Jørgen Andreas Magnussen Melset f 1818 d 1884

1844 g Regine Marta Rasmusd. Svinset bnr 2 f 1823 d 1912

Br 1855-1884

Born: 1. Lars Rasmus f 1844, g 1877 Petrine Severine Olsd. Søvik f 1853. Bustad Kristisæter, kjøpte gard.

2. Marte Petrine Severine f 1847 d 1935, g Hans Bendiksen Myklebust. Gbr i Rabbevåg, Borgund.

3. Martinus Andreas f 1851, kf i Borgund 1867.

4. Magnus *Karolus* f 1854, underoffiserskule i Trondheim 1875.
5. Berte Oline f 1857. Døydde over 106 år gammal, budde då hos ei dotter på Klokkerud, Ski.
6. Karn Lovise f 1860. Utvandra til USA 1882 (Mpls).
7. Johanne Regine f 1863
8. Olave Marte f 1863 (tvill.)

Før Jørgen og familie kom til Løvoll hadde dei ein plass på Kråka. Da Jørgen døydde var 3 av borna i Amerika, 3 på Ørskog og 1 på Vestnes. I Jørgen si brukstid selde Amund Olsen Aurdal bruket til Tore Eliassen Grebstad, bortsett frå kårstovebygninga, sela og kvernhuset, og det var son til den nye eigaren som vart neste brukar her på Løvoll.

1860-åra hadde bruket 12 dekar därleg åker og dyrka eng, og 29 dekar därleg natureng. Avla 12 t blk, 14 t havre, 12 t poteter, og føra 1 hest. 8 kyr og 20 småfe.

1875: 1 hest, 1 føl, 5 kyr, 1 kalv, 8 sauher, 4 geiter, 1 gris. Sånad: 3 t blk, 4 t havre, 3 t pot. Kårmannen: $\frac{1}{2}$ t havre, $\frac{1}{2}$ t pot., 2 kyr, 1 kalv. 6 sauher, 1 geit.

Edvard Joakim Toresen Grebstad f 1860 d 1927
 g 1. 1885 Petrine Tomasd. Aurdal (Fjordg.) (1862-1895)
 g 2. 1897 Johanne Olave Jakobsd. Ramstad (bnr 8) f 1874
 Br 1884-1927

Barn: Anne Sofie f 1887 d 1890

Adoptivbarn: Klara Pettersd. Grebstad f 1899. Edvard var målar. Han fekk skøyte på bruket frå faren før 2400 kr 29/6 1885. Kår til Berte Gurine Magnusd. og Regine Rasmusd. Edvard dreiv mykje nydyrkning på Løvoll. Alt var nokså forfalle då Edvard tok over. Han kjøpte eit gammalt stovhus på Gammelg. på Grebstad, oppsett der etter brannen i 1793, flytte det til Løvoll og bygde det saman med det gamle huset på Løvoll. Dette huset vart rive i 1963. Elles bygde Edvard alle husa på bruket, som fekk namn etter han. Klara var brordotter til Edvard, og ho gifte seg med

Knut Olsen Søvik bnr 2 f 1902 d 1927
 g 1922
 Br 1922-1926 saman med Edvard. (Sjå 286).
 Barn: Erling Toralf f 1923, mekanikar, g 1951 Kirsten Gunnarsd.
 Refsnes f 1927. Dei bur på Amdam.

Ingvald Olsen Kaldhussæter f 1897 i Tafjord
 1928 g Agneta Larsd. Ørjasæter f 1902 i Geiranger
 Br 1928-1931

Barn: Leif f 1932

Ingvald Kaldhussæter kjøpte bruket av Johanne Løvoll, enkja etter Edvard Toresen, i 1929. Alt i 1931 flytte Ingvald med huslyd til Sjøholt, der far hans hadde eit hus som dei tok over, og dei budde der sidan.

Sivert Andreas Olsen Løvoll f 1889 d 1972

g 1. 1918 i USA Alma Normann d 1919

g 2. 1928 Josefine Pettersd. Løvoll (br 4) f 1896

Br 1931 -1957

Born: 1. Alma f 1919, g Gerald Thompson

2. Jenny Oddlaug f 1929, g p br

3. Edvard Johan f 1932 d 1950

Sivert var frå Olegarden, bnr 3. Han var i Amerika frå 1909 til 1919. Han gifte seg der borte i 1918, men då kona døydde året etter, reiste han heimatt. Var ein allsidig handverkar, var både snikkar, bygningsmann og skreddar. Men det var bygningsarbeid han dreiv mest. Då Edvardgarden vart til sals. kjøpte han den. Husa på bruket var mindre godt vedlike-haldne. så der var nok å ta fatt på. Etter utskiftinga i 1934 måtte bnr 1 flytte løa si: Sivert tok da over den og dei reiv løa hans. I 1935 reparerte han løa, bygde ny sauefjøs, og laga større rom for høyet. Ei omlegging i tida 1938-1940 av Løvoll-elva og kanalen som går mellom Løvoll og Løset gav høve til å dyrke meir jord. Då Sivert tok over var der mykje blautmyr og ein og annan sanddrygg, og mykje elvestein over heile garden. Så nydyrkninga var ikkje lett. Men 5 dekar vart no fulldyrka. Køpte hesterive og høy vendrar i 1936, og traktor i 1956.

Seterdrifta vart det slutt med i 1950. Før var kyrne på setra 9-10 veker om sommaren.

Bernhard Pettersen Klokk f 1923

1952 g Jenny Oddlaug Sivertsd. Løvoll f 1929

Br 1957-

Born: 1. Margareth f 1964

2. Sigbjørn f 1968

Bernhard Klokk er bilmekanikar og sjåfør ved Stranda og Sykkylven Billag. Han har òg vore møbeltapserar. Då han tok over garden, var husa gamle og små. Han bygde nytt stovhus i murstein i 1959 og gjorde det meste av arbeidet sjølv. Har og gjort mykje for å ordne sommarbeite for kyrne. Garden vert no for det meste driven som attåtnæring med moderne reiskap. Ei ulempe er det at der sidan 1962 går to høgspente kraftliner over garden.

Bnr 2 KEIPEN

Då Amund Olsen Aurdal selde bnr 1 til Tore Eliassen Grebstad 13/4 1860 heldt han att eit par skogteigar som 5/10 1860 vart utskilde frå bnr 1 og som fekk lnr 148b og bnr 2 og namnet Keipen, skyldsett til 4 skill., rev. 6 øre. I 1883 fekk sonen Karolus Amundsen Aurdal skøyte frå faren på desse små skogteigane, Nedstekeipen og Øvstekeipen på grensa mot Aurdal si utmark.

Den andre parten av bruk A vart til

Bnr 3 OLEGARDEN

Knut Knutsen Løvoll (Br A) f ca. 1655 d 1714

g Guri Ellingsd. f 1656 d 1736

Knut var først brukar på bruk A saman med Håver Jonsen frå 1689 til 1693

Br 1693-1713

Born: 1. Brit f ca. 1687, g Ole Jakobsen Almeskar f ca. 1683

 2. Håver f ca. 1689, g p br

 3. Anne f ca. 1695, g Salmund Larssen Brunstad.

Brukaranane på bnr 1 og bnr 3 frå 1693 til 1713 var brør, og brukena deira var like store, kvart på 2 ½ mællag.

Sk. 19/3 1714: 5 kyr 15 rd, 1 raudsida kvige på 4. året 2 rd, 2 kviger på 3. året 2 rd 3 ort, 2 fjorskalvar 1 rd 3 ort, 1 raudblakk merr 3 rd 3 ort, 6 sauher med ulla 3 rd, 5 geiter 2 rd 3 ort, 4 fjorslam 1 rd, 2 t bygg, 4 ½ t havre. Dessutan 1 t bygg og 2 t havre som sonen fekk til såkorn. Tjøreved for 5 rd. «Sengklæder fandtes ej videre end et gammelt Rye som enken havde at ligge udi.» Brutto 51 rd, netto 16.

Håver Knutsen Løvoll f ca. 1689 d 1765

g 1. Ragnhild Arnesd. f ca. 1688 d 1733

g 2. 1734 Gunhild Olsd. Dalen f ca. 1690 d 1753

g 3. 1754 ek. Karen Tormodsd. Klokk br Cb (= br 6). Sjå 244.

Br 1713-1746 (halve til 1731, sidan heile)

Born: 1. Knut f ca. 1713, g p br

 2. Arne f 1721 d 3 dg

 3. Kari f 1721 (tvill.) d 18 dg

 4. Arne f 1723. Var soldat i 1747 og daglønar utan fast teneste.

5. Synneve f 1726 d 1745
6. Gyri f 1728 g 1758 Ole Nilssen Jelle f 1732 i Stordal.
7. Ingeborg f 1728 d 1743, 8 ½ år. Håver fekk bygselsetel 7/2 1713
frå Christopher Abelset.

Peder Halvorsen Klokk (br Cb) f ca. 1689 d 1766

Br 1713-1731 (halve br)

Peder bygsla jord på Løvoll av Christopher Abelset. Det var nok ½ av dette bruket. Sidan til bnr 6 Ramstad.

Knut Håversen Løvoll f ca. 1713 d 1749

g 1746 Berte Olsd. Nedre Søvik f ca. 1715 d 1771 (g i Stordal).

B 1746-1749

Knut fekk bygselsetel 18/5 1746. Enkja g 2. med

Jakob Klemetsen Melset (br C) f 1721 d 1771

Br 1750-1758

Bygselsetel frå Christopher Abelset 4/2 1751, men brukte garden alt i 1750. Dei flytte i 1758 til Øvre Søvik og bygsla bnr 1 der.

Paul Guttormsen Søvik f Vik ca. 1709 d 1768

g 1741 Marte Jonsd. Ø. Søvik (br 1) f ca. 1712 d 1777

Br 1758-1766

Born: 1. Elling f 1744 d ½ time

2. Guttorm f 1745

3. Knut f 1752, d ug 1789

4. Synneve f 1752 (tvill.), d 1758 6 år 8 dg.

Paul fekk bygselsetel først 24/4 1765 frå Charlotte Amalie Abelset etter at han kom frå Søvik til Løvoll. I Søvik hadde han vore brukar sidan 1741.

Ole Knutsen Stadheim d 1778, 59 år

1765 g Marte Ellingsd. Nedre Ringset f 1733 d 1804

Br 1766-1778, enkja til 1780

Born: 1. Kari f ca. 1753

2. Knut f ca. 1755

3. Ole f 1768 d 5 dg

4. Berte Margrete f 1769, g Knut Knutsen Giskemo.

5. Marte f 1776, d ug 1815

Fekk bygselsetel 1766 frå Charlotte Amalie Abelset. Kår til Marte Jonsd.

Marte Ellingsd. gifte seg att i 1780 med

Peder Anderssen Synnes f ca. 1745 d 1804

Br 1780-1788

Peder Andersen kjøpte bruket alt 13/1 1779 av Johan Hermann Hagerup, men selde det att 30/5 1785 til Nils Wind. Han gav 62 rd då han kjøpte, fekk 48 rd då han selde. Kår frå Hans Ingebrigtsen 29/9 1788. I 1798 stemnde Peder ettermannen sin Hans Ingebrigtsen som han påstod ikkje heldt kåarkontrakten. Han skulle m.a. ha 8 v havre, 8 v bygg og ein liten potetreib. Hans Ingebrigtsen fekk grannane på si side, som meinte at Peder hadde høgt ved på heimebøen i staden for i utmarka. Om kornet vart det sagt at det sjeldan voks rein bygg og at Hans hadde gitt av det. som voks på garden. I forliket vart det fastsett at Peder skulle arbeide på garden 8 dagar i vårvinna, 6 veker i slåtten og 8 dagar om hausten.

Sk. etter begge 2/1 1805: Brutto 31 rd, gjeld 58 rd. På auksjon etter dei 20/4 1805 vart det selt for 39 rd.

Hans Ingebrigtsen Drege (Halvardg.) f 1750 d 1845

g Anne Marta Olsd. Klokk (br Ca) f 1753

Br 1788-1806, og 1809-1812

Born: 1. Olave f ca. 1788 d 1794, 6 ½ år

2. Jakob Olaus 1790 d 1803

Som nemnt kjøpte Nils Wind dette bruket, men han selde det att til Lars Monssen Brunstad, og det var av han Hans kjøpte bruket 26/6 1788 for 70 rd.

I 1806 bygsla Hans bort bruket til Rasmus Larssen frå Nordfjord, som i 1809 flytte til Andestad, og Hans tok over bruket att.

Rasmus Larssen Lødemel f 1770 d 1836

g 1803 Barbro Paulsd. Espe f 1774 d 1851

Br 1806- 1809

Born: 1. Marie f 1803 g 1838 Elias Isaksen Myrset.

2. Jakobia Olave f 1806, g Sivert Bårdsen Grebstad.

3. Lars Petter f 1809, g p br på Andestad.

4. Gjertrud f 1812, g 1845 Ole Eliassen Myrset.

5. Ingeborg Petrine f 1816, d ug 24 år.

Bygsla bruket av Hans Ingebrigtsen 6/6 1806. I 1809 bygsla han 2 mællag i Andestad av Lars Nilssen Aurdal og flytte til Andestad. Sjå åtteboka om Svor-slektene av Knut Svaar-Seljesæter.

Ole Steffensen Hatlelid f 1772 i Nordfjord, d 1828

g Ragnhild Oline Abrahamsd. f 1778

Br 1812-1828

- Born: 1. Anne Marta f 1808, g p br
2. Hans Severin f 1811, g p br
3. Berte f 1815 d 1867, g 1841 Peder Ellingsen Tandstad
(Øvsteøggaren). Sjå bd 2 s. 240.
4. Rasmus Andreas f 1817
5. Inger f 1820, g 1846 Peder Pedersen Lade, g 2. 1862 Lars *Karl*
Syversen Lade. Sjå bd 2 s. 559.
Sk. 1828: Brutto 124 rd. netto 81 rd. Lausøyre vart selt på auksjon 12/9
1829. Oline Abrahamsd. gifte seg att i 1829 med

Jens Knutsen Vik (Sjursg.) f 1791 d 8/2 1835 (bleiv)

Br 1829-1835

Bygsla i lag med Hans Severin Olsen, men i namnet var det sistnemnde
som var bygslar aleine. Jens vart attfunnen etter forliset.

Sk. 1835: Brutto 119 spd, netto 35 spd. Same året var der off. auksjon
etter Jens: 2 sølv ortestykke, 2 koparkjelar, 1 raudblakk hoppe, kua Lukrei
og 2 andre kyr, 2 oksar, fleire kviger, 4 gjeldverar, 9 sauher og lam. $\frac{1}{3}$ i
ein seksring med naust, 1 stabbur med sval og gang av bindingsverk. Ole
Olsen Søvik kjøpte stabburet for 16 spd. I alt selt for 132 spd.

Hans Severin Olsen Løvoll f 1811

g 1839 Berte Gurine Ottesd. Ramstad (bnr 6) f 1820

Br 1829-1836

Hans Severin var berre 18 år og ugift då han fekk bygsle bruket av Hans
Ingebrigtsen 27/6 1829. Kår til Jens Knuts. og kone. Nokre månader
etter at Jens drukna var grannane samla i huset til enkja då det skulle
haldast utskifting over åker og bømark.

Jørgen Andreas Knutsen Løset R f 1806? (dp 19/1 1806) d 1877

g 1836 Anne Marta Olsd. Løvoll f 1808 d 1893

Br 1836-1870

- Born: 1. Anne Marte Birgitte f 1840, g Jørgen Ols. Ramstad (Bøen) (br 1)
2. Hans Karl f 1842, g 1872 Ingeborg Guri Petersd. Aure (1828-
1922), bustad Grebstad. Bd 1 s. 172, 195.
3. Ole Andreas f 1845, g p br
4. Karen Olave f 1847 g Peter Elias Jenss. Ramstad bnr 9. Jørgen
kjøpte bruket av Hans Ingebrigtsen 4/2 1836 for 140 spd. Kår. Fast plass
på kyrkjebenk nr 9. Sådde i 1845 2 t blk, 4 t havre, 1 t poteter, fødde

hest og 8 kyr, 17 sauher, 5 geiter og 1 gris. Bruket hadde i 1860-åra 19 dekar dårleg åker og dyrka eng, 147 dekar dårleg natureng, bra utslåttar, hamnegangen var «meget god i enhver henseende». Litt bjørk til sal. Vanleg avling 12 t halvbygg, 14 t havre og 12 t poteter, men kornhausten var usikker. Frostlendt. Folketeljinga 1865: 1 hest, 8 kyr, 13 sauher, 7 geiter. Sådde 3 t blk, 4 t havre, 2 t poteter.

Ole Andreas Jørgensen Løvoll f 1845 d 1911

g 1869 Jensine Olave Olsd. Øvre Søvik (bnr 1) f 1846 d 1933

Br 1870-1903

Born: 1. Anne Oline f 1868 d 1948, g 1900 Edvard J. Heggebakk (1869-1939)

2. Jørgen Andreas f 1871, g p br

3. Anna Petrine f 1873, g 1914 Sivert Blindheim frå Borgund. plm. (1860-1935).

4. Ole Petter f 1878, g 1904 Tomasine Larsd. Hjelle f 1885. Han var byggmeister i Ålesund.

5. Sivert Andreas f 1881 d 1887

6. Sivert Andreas f 1889, g Josefine Pettersd. Løvoll br 4. Flytte til bnr 1.

Tok over etter faren 1870 mot kår til foreldra og eldste broren Hans Karl som avstod odelen sin. Kår: 2 v bygg, 10 v halvbygg, 12 v havre, 3 t poteter. Før og røkt for 2 kyr, 2 geiter og 6 sauher. Fri bruk av littlestova og tilgjenge til kjøk og stabbur. Fri bruk av Vassåkeren og eit lite markstykke mellom åkeren og vegen. Fri bruk av markstykket Myrane og $\frac{1}{2}$ av skogteigen Brune, og rett til å slå 1 lass høy i Bergeteigen,

I 1875 sådde Ole 3 t blk, 3 t havre og 3 t poteter. Føra 1 hest, 4 kyr, 3 kalvar, 14 sauher og 3 geiter. Det året hadde kårmannen 3 kyr, 5 sauher og 3 geiter. Ole dreiv fiske og var òg bygningsmann.

Jørgen Andreas Olsen Løvoll f 1871 d 1955

g 1898 Berte Pedersd. Myrset f 1871 d 1951

Br 1903-1936, dei 4 siste åra $\frac{1}{2}$ bruket.

Born: 1. Ole Peter f 1902, g p br

2. Martin Olav f 1905, g 1935 Oddlaug Olsd. Sandli f 1908 i Alvdal.

Ved sida av gardsbruket dreiv Jørgen mykje bygningsarbeid, såleis i Ålesund både før og etter brannen. Var og ein vinter i Trondheim som bygningsmann. Sette opp mange hus rundt om på bygdene. Om vintrane dreiv han torskefiske. I 1907 kjøpte han slåmaskin i lag med Edvard Løvoll. Men det var ikkje stort dei hadde av atteleger då. Det var mykje

åkerreiner og ujamn jord og rabbar som måtte jamnast ut. I vass-sjuk jord tok han mykje veiter, og særleg under og etter første verdskrig dreiv han nydyrkning. Kjøpte hesterive (1913), høyvendar og truskemaskin.

I 1919 gjorde han store endringar i fjøsen. Våningshuset stod med halvparten på bnr 1, og i 1928 bygde han nytt av reisverk, 10,5 x 7,5 m på ålesundsmur og med skifertak.

Ole Peter Jørgensen Løvoll f 1902

g 1931 Inga Olivia Iversd. Nedre Søvik f 1900 d 1975

Br 1932- (dei første 4 åra i lag med faren)

Born: 1. Jørgen Ivar f 1932

2. Oddbjørg Petra f 1933 g Hjalmar Gjerde. Bustad Sande.

Ole gjekk på fylkesskulen på Sjøholt. Før han tok over garden dreiv han fiske, såleis 4 vinrar på Lofoten. Har drive mykje tilverking av famneved og vart under krigen pålagd mykje pliktlevering av ved. Har planta ein god del gran. I 1933 bygde dei ny løe. Før den tid stod løa på bnr 1. Då han bygde på eigen grunn, tok bnr 1 over den gamle løa hans. Gardsdrifta vart lettare då han i 1955 kjøpte traktor og silosvans og etter kvart annan reiskap til mekanisert drift.

I 3 bolkar var Ole med i Ørskog heradstyre og i ymse nemnder.

Sonen Jørgen har i lang tid drive bruket i lag med faren.

Bruk B

Jon Larssen

Br 15..-1614

Barn: Paul. (Sjå Anders Pedersen Løset s 344 l 10n og s79).

I dei to første ti-åra av 1600-talet er fleire brukarar nemnde her, og det er uvisst om her var to bruk eller to brukarar i lag på same bruket.

Jon Larssen er nemnd i 1598, og han var ein av dei som gjorde krav på noko av dei 11 mællaga som brukarar på Erstad og Riksheim hadde kjøpt.

I 1611 gjekk Jon ut i krigsteneste i Kalmarkrigen i staden for Jetmund Klokk. Han kom heimatt i 1612.

Dette bruket la mykje i større tiend enn bruk A i 1606, med 1 mæle 1 f.j. havre.

Ved sida av gardsbruket dreiv Jon sagbruk og skar t.d. 30 tylfter bord i 1612 og 40 tylfter i 1613.

Sven Larssen

Br 1603-1611, og 1612-1621

Sven var truleg bror til Jon og brukar ilag med han. Vart utreidd til Kalmarkrigen i 1611 av Peder og Anders Løset. I åra 1612-13 la han ikkje tiend, men siste året han dreiv bruket la han 1 mæle 1 ½ fj. havre.

Arne

Br 1612-1624, enkja til 1626

Born: 1. Guri, lm 1626 med Oluf Anderssen

2. Siri, lm 1636 med Oluf Pedersen Brunstad. Dei var i slekt i 3.
ledd. Han bøtte med 24 rd og ho måtte røme frå Bergen stift.

Arne dreiv bruk B dels åleine, dels i lag med dei førnemnde brørne, Jon og Sven Larsen.

Matrikkelen frå 1626 slår fast at der er 2 mann på Løvoll. På bruk B er det

Ole Olsen d 1635

g Anne

Br 1626-1635, enkja til 1646

Ole la i mange år ½ mæle i tiend, enkja for det meste 3 fj. I 1645 la ho koppskatt for seg og ein son.

Anders Pedersen Løset S f ca. 1616 d ca. 1705

Br 1646-1694

Born: 1. Ole f c a. 1655, til Klokk br B.

2. Ingeborg, d 1700. g Helge Larssen Vik.
3. Peder f ca. 1660, d 1720. Til Sjurg. på Grebstad.
4. Ole f ca. 1662, g p br
5. Jørgen f c a. 1664, til Høgset, g Marte Knutsd.

Anders var sjølveigar og bruket hans var på 3 mællag. La i 1657 ½ rd 5 skill. i krøterskatt av 5 kyr, 5 sauер og 4 geiter. I 1652 vart han stemnd av Paul Jonsen Løvoll på grunn av noko jordegods som Anders «forholder ham rettighederne af». I 1653 vart Anders og grannen Knut stemnde saman med mange frå Ramstaddalen for ulovleg skoghogst. Det var presten Hegelund som stemnde dei.

Dette bruket var i kortare tid pantsatt til Jan Rellingen, men Anders løyste det inn att.

Fødselsåret er etter oppgåve frå 1666. Truleg var han fødd noko seinare.

Ole Anderssen Løvoll f ca. 1662 d 1742

g Agate Knutsd. Klokk br B, f c a. 1672 d 1767

Br 1694-1735

Born: 1. Knut, br i lag med faren. D ung.

2. Guri f ca. 1706, g til bnr 2 Indre Ikornnes.

3. Margrete f ca. 1714, g p br

4. Berte f ca. 1715, g 1739 Ole Knutsen Blakstad bnr 1. Ole var ugift enno i 1701 og hadde den 8-årige brorsonen Ingebrigts Jørgensen Høgset hos seg. La ekstraskatt i 1711 for seg og kona og ein son. I 1721 fekk Ole og sonen Knut skøyte frå slektingar på den delen av bruket Ole ikkje alt hadde fått i arv. Ole betalte for desse jordpartane.

Knut Olsen Løvoll

Som nemnt fekk Knut i lag med faren skøyte i 1721 på partar av bruket som slektingar hadde ervt, og det heiter at Knut «beboer og besidder i fellesskab med faderen» i alt 3 mællag. Men Knut døydde ugift før 1735, då faren Ole lét dottera Margrete og mannen hennar ta over bruket.

Peder Knutsen Valde f ca. 1700 d 1773

1735 g 1. Margrete Olsd. Løvoll ca. 1714 1751, sk. 1752

1753 g 2. Gunnhild Iversd. Melset (br A) f ca. 1719

Br 1735-1758

Born: 1. Maren f 1736, g 1755 Knut Olsen Almeskar f ca. 1714.

2. Brit f 1738

3. Knut f 1741, g 1774 Gjertrud Olsd. Abelvik.

4. Brit d.y. f ca. 1748, legdslem i 1808, 1817.

5. Ole f 1750, d ca. 1810, g 1. 1779 Anne Olsd. Sperre (1755-1803), g 2.

1804 Ragnild Pedersd. Storholm. Bustad Sperre, Borgund.

6. Ole f 1753 d 1754, 12 dg

7. Margrete f 1756

Valde-Peder, som han vart kalla, fekk skøyte på bruket frå svigerfaren 24/10 1735. Peder selde bruket med hus til Peder Ellingsen Indre Ekornes 12/10 1752 for 30 rd og tok med det same bruket att på bygsel.

Sk. 28/7 1752 etter Margrete: Brutto 82 rd, netto 22 rd.

I 1758 flytte Peder med familie til Remvik i Borgund, og gardssoga for Borgund, bd 2 s. 202 fortel meir om han. Der er kona kalla Mari Iversd., men det er nok den same som Gunhild, yngste dotter til Iver Halvorsen Melset, som var med på første konfirmantkullet i Sykkylven (1737) og truleg var fødd i 1719. 1761: «Peder er en fattig husmand, bebyrdet med en rasende datter, som river klæderne af sig, fik 2 rd for at kjøbe hende klæder for.» Då Peder døydde lét han etter seg ei stove han hadde bygt, takst 14 rd, 1 ku, 1 kvige og sau. Buet var fallitt.

Jon Ingebrigtsen Sløgstad f Slettvoll 1713 d 1783
g 1. 1733 Synneve Ingebrigtsd. Sløgstad (1703-1735)
g 2. 1737 Siri Ellingsd. Furset (1711-1757)
g 3. 1758 Gunilde Jakobsd. Grebstad f ca. 1706 d 1789
Born: 1. Synneve f 1738 på Stranda. I 1801: «Gammel husvild pige hos
Peder Knuds. Fauske, nyder ophold af bøgden.» Døydde på
Furstrand i 1804.
2. Ole f 1743, unemnd 1783
3. Knut f 1747, vart brukar i Sandvik (br 2).

På grunn av knapt kjeldetilfang er det uråd å setje opp ei sikker brukstid for Jon Ingebrigtsen. Det vi veit sikkert er at han budde på Løvoll i 1743, 1747 og 1750. Det sistnemnde året er han førd som brukar av heile bruk B, medan eigaren, Peder Knudsen var brukar både før etter Jon Ingebrigtsen. Kan hende brukte dei ei tid kvar sin halvpart av bruk B.

Jetmund Larssen Ramstad (bnr 1) f 1719 d før 1767
g 1745 Hilde Pedersd. Valset d før 1772
Br 1758-1762
Born: 1. Pernille f 1747 på Øye i Hjørundfjord, g 1775 Morten Olsen
Reitebø i Borgund.
2. Tore f 1750 d 1772
Jetmund var frå bnr 1 på Ramstad og bygsla 1 pd 6 mk i Øye i Hjørundfjord 1/6 1745 av Jon Jonsen Roald. Var brukar på Øye til dei flytte til Løvoll (br B).
Bygsla 1 ½ mællag i Løvoll 9/10 1758 av Peder Ellingsen Ekornes. Dette er berre halve bruket, kan hende tok han over resten kort tid etter. Men av ein eller annan grunn vart han oppsagt som bygselmann, 1 1762 stemnde han eigaren fordi han ikkje hadde sagt han opp tidsnok og ikkje hadde betalt tilbake utlagd bygsel. - Det er ukjent kvart dei flytte.

Ole Jetmundsen Midtgård (Sjursg. f ca. 1740 d 1786
g 1. 1763 Guri Pedersd. Indre Ekornes bnr 2 f 1732 d 1766
g 2. Anne Jonsd. d 1793
Br 1763-1772
Born: 1. Jetmund f 1764, g p br
2. Sylvei f 1767, unemnd i 1786
3. Marte f 1770. Ho fekk barn Gunder med Knut Jonsen Valgermo.
Gunder døydde i 1822, 19 år.
4. Pernille f 1774 d 8 dg
Bygsla heile bruk B 1/6 1763 av Peder Ellingsen Indre Ekornes bnr 2.

Bnr 5 ELLINGHAUGEN («BLINDHEIM»)

Ole Jetmundsen Løvoll f Midtgård br 3 B ca. 1740

heldt fram på den halvparten av bruk B som sidan vart kalla bnr 5.

g 1. 1763 Guri Pedersd. Ekornes f 1732 d 1766

g 2. Anne Jonsd.

Br 1772-1786

Brukets hans var frå 1772 på 1 pd 3 mk. Det gjekk visst ikkje særleg godt med han økonomisk. I 1775 skulda han 4 rd 24 skill. for «unnsetnings-korn».

Sk. 1786: Brutto 23 rd, netto 13 rd.

Då Ole Jetmundsen døydde gjekk bruket hans inn i den andre delen av bruk B, seinare kalla bnr 4. Men i 1796 kjøpte sonen Jetmund 9 mk av bruket.

Jetmund Olsen Løvoll f 1764 d 1815

g 1794 Anne Marte Olsd. Nedre Søvik f 1766 d 1840

Br 1786-1815, enkja til 1818

Born: 1. Anne Oline Gurine f 1794, g p br

 2. Petter Karolus f 1798, g p br

 3. Nikolai Bernt f 1806 d ug 1825

I 1795 sa Jetmund at han hadde odelsrett til 9 mk i bruket som var selt medan han var umyndig og la fram løysepengane. Andre arvingar protesterte. Men 4/6 1796 fekk han kjøpe 9 mk i bruket av Lisbet Olsd. Ekornes for 11 rd 4 ort. I 1802 la han 1 fj havre i tiend, 2 mk bygg, men inga oste tiend. Sk. 1816 etter Jetmund: Brutto 72 spd, netto 50 spd. Enkja fekk halvparten av jordegodset og dei to sönene delte resten. I sk. etter Nikolai i 1826 var netto 4 skill. Den 4. febr. 1811 redda Jetmund to ørskogkarar i havsnaud, Karsten Halvorsen Sjøholt og tenaren hans Knut Hanssen Nedrevoll.

Petter Karolus Jetmundsen Løvoll f 1798 d 1825, bleiv

g 1818 Gyri Jonsd. Strømme (Jog) f 1799

Br 1818-1825. enkja til 1826

Barn: Rasmus Johannes f 1823 d 17 dg

Sk. 1825: 19 spd. gjeld 57 spd.

Gyri Jonsd. g 2. 1834 em. Asmund Knuts. Tysse f ca. 1769.

Elling Pedersen Lade f 1796 d 1870

g 1. 1826 Anne Oline Jetmundsd. Løvoll f 1794 d 1838

g 2. 1840 Siri Halvorsd. Øvrebust f 1792 d 1889

Br 1826-1854

- Born: 1. Petter Johannes f 1826 (Anne sitt barn m. Elias Monss. Klokk br D f 1805 til Grebstad bnr 21).
2. Peter Severin f 1831, g p br
3. Peter Andreas f 1834 d 1892, g 1872 Jensine Bastiane Petersd.
Riksheim f 1846 (Lillegjerde) Bustad: bnr 9, Gylet, Riksheim.

Der var eit par auksjonar hausten 1825 og våren 1826. Petter Jetmunds. åtte 2½

mk i bruket med tilsvarende del i husa på garden. Elling Pedersen Lade baud 10 spd og fekk tilslaget 8/4 1826. Som verson til Jetmund fekk Elling løyse inn resten av bruket i tillegg til det han kjøpte på auksjonen, altså i alt 9 mk.

Ved utskiftinga i 1835 vart det konstatert at Elling avla og fødde noko meir enn dei andre brukarane etter skylda. Derfor gjekk dei andre brukarane med på at han fekk ei godtgjersle i englandet. Ved utskiftinga fekk Elling si innmark i eitt stykke. Så vart det avmerkt ei skogstrekning i Løeteigane, som skulle høyre til bnr 4 når det galdt slåtten, medan Elling skulle ha hogsten.

1845 sådde Elling 2 t blk, 4 t havre, 1 t poteter, og fødde 1 hest, 9 kyr, 18 sauvar og 4 geiter.

I 1848 vart Elling meld for dyremishandling ved å la ei hoppe leve med brøte kryssbein i 3 veker. Men Elling vart heilt frikjend og statskassa måtte betale sakskostnadene.

Peter Severin Ellingsen Løvoll f 1831 d 1885

g 1860 Gurine Matsd. Mo f 1835 d 1914

Br 1854-1885, enkja til 1890

Born: 1. Anne Maria f 1862, til Calif. 1891.

2. Anne f 1865
3. Ellen Sofie f 1867. Bustad Kristiania.
4. Peter Tomas Martinus f 1871. Bustad Trondheim.
5. Edvard Martinus f 1873, g 1902 Karen Marie Kristiansd. Furset f 1876. Bustad Trondheim.
6. Johanne Petrine f 1875, til USA.
7. Anne Helene f 1878 d 1890, 11 år
8. Karl Andreas f 1880 d 1960. Budde i Trondheim. I 1860-åra hadde Peter 8 dekar därleg åker og dyrka eng, 52 dekar därleg natureng, bra fjellsåttar, hamnegangen «meget god i enhver henseende». Avla 6 t blk, 8 t havre og 8 poteter. 1865: 3 kyr, 5 sauvar, 5 geiter. Sår 1 ¾ t blk, 1 ¾ t havre, 2 t pot. 1875: 3 kyr, 7 sauvar, 4 geiter. Sår 2 t blk, 2 t havre, 2 t poteter.

Skylda på bruket var 22 skill, rev. 0,69. På slutten fekk både Peter og kona (enkja) hjelp frå fattigstellet. Eigar av bruket då var Knut-folket på Aure.

Bernt Olsen Blindheim f 1860 d 1935

g 1888 Olave Petrine Olsd. Løset S (bnr 1) f 1864 d 1950 br 1890-1934

Born: 1. Olav f 1889 d 1952, snikkar, bustad Everett, USA, g 1912

Grace Lindstrøm.

2. Anna Marie f 1891 d 1968, g 1923 Petter Jørgensen Almeskar (1887-1946).
3. Berte Oline f 1894 d 1973, g 1915 Olav Larssen Ramstad (bnr 1) f 1896.
4. Karl Martin f 1898, g p br
5. Kristian f 1901 d 1943, til USA 1923. Omkom ved drukning under sardinfiske ved California.
6. Peter Karl f 1904, g 1939 Petra Pettersd. Dale f 1913. Drosjesjåfør. Sjå bd 1 s. 436 og Smp 18/11 1939.
7. Ole Bernhard f 1906 d 1942 i USA.

Bernt tok eksamen ved lærarskulen i Tromsø og var lærar i Dalane frå 1881 til 1922, då han måtte slutte av helseomsyn. Kjøpte bruket på Løvoll, som da vart kalla «Haugen», i 1890. Bygde av nytt alle husa på garden. Dyrka 17 dekar jord. Var mykje med i styre og stell i bygda. Var m.a. formann for Brannkassa si avdeling i Søvikdal i 1896 då dei vart tilslutta Sykkylven Brannforsikringsselskap.

Karl Martin Berntsen Blindheim f 1898 d 1973

g 1934 Anne Marie Karlsd. Søvik (bnr 5) f 1910

Br 1934-1973

Born: 1. Bernt Olav f 1934, snikkar og fabrikkarbeidar og driv bruket i lag med mora. Bruket står i hennar namn.
2. Kjell Bernhard f 1939, g 1967 Oddhild O. Brunstad. Bustad bnr 8 Tjønes. Sjå bd 2 s. 222.

Karl bygde ny løe i 1938 og vølte på dei andre husa. Dyrka ein del jord og planta gran og furu. Var med i mange nemnder og råd både i Ørskog og i Sykkylven: Heradstyre og formannsskap, sokneråd, forliksråd, trygdenemnd, etc.

Anne Marie Karlsd. Blindheim f Søvik 1910

Br 1973-Sjå ovanfor.

Bnr 4 REITANE

Peder Olsen Fet f 1740 d 1803

g 1765 Inger Larsd. Hjortdal f 1734 d 1815

Br 1772-1802, i tida 1778-1796 også bnr 5.

Peder budde ei tid på Lindset før han kom til Løvoll. Mor hans var syster til eigaren av Løvoll-bruket. Kona til Peder var fra Larsg. Hjortdal og var syster til Lars Olsen Sandvik.

Sk. 16/10 1815 etter Peder og kona: Brutto 606 spd, netto 504 spd.
Sk.prot. XXV s. 714.

Peder Olaus Pedersen Indre Ekornes (bnr 2) f 1780 d 1832

g 1802 Synneve Larsd. Lade (Andersg.) f 1778 d 1853

Br 1802-1832

Born: 1. Nikolai Andreas f 1802, d dg

2. Peter Elias f 1805 d 7 dg

3. Petrine f 1806, g 1. 1843 Peder Severin Ols. Lied f 1809 d 1845
(spedalsk), g 2. 1847 Magnus Magnuss. Lied f Melset (br C) f
1815 d 1863. Plm. på Lid.

4. Ide Laurentse f 1809 d 4 veker

5. Olave Lovise f 1811 d 1866, g 1835 Paul Pedersen Fet. Bustad Øvre
Søvik (bnr 1).

6. Laurentse Petrine f 1813, g p br

7. Peter Elias f 1816, brukar, sjå nedanfor.

8. Lars Iver f 1819 d 1837. Jordlotten hans vart delt mellom mor og
sysken m.fl.

9. Anne Inger f 1823, g 1855 Knut Johannes Andreassen Søvik (lnr
141) f 1833. Budde på Nedre Lande. Knut døydde på Jordskar i
1920.

Peder var sjølveigar. Han fekk innløysingskvittering 1/10 1802 fra Jakob
Pedersen Erstad, Ole Pedersen Ekornes og Jørgen Pedersen ib. Kårbrev
same dato til Peder Olsen og kone. Sk. 3/8 1832: Brutto 275 spd, netto 235
spd. Bruket vart taksert til 140 spd og delt mellom enkja og borna.

Peter Elias Pedersen Løvoll f 1816 d 1893 i Volda Br 1832-1836

Han var berre 16 år då han vart brukar i lag med mora og han var ugift så
lenge han budde på Løvoll.

G 1847 Eline Karoline Joakimsd. Løkke eller Voldsdal f 1828 (mor hen-
nar var fra Kagholen, Grebstad). Sjå bd 1 s. 185. Karoline vart tilsett
som

jordmor i Volda i 1853. Dei busette seg på Mork og bruket kallast Jordmorgarden. Karoline døydde i 1892 i Volda. Sjå og Ørskogboka II,s. 307.

Jon Johannes Larssen Furnes f 1808 d 1864
g 1836 Laurentse Petrine Pedersd. Løvoll f 1813 d 1865
Br 1836-1859

Born: 1. Lovise Petrine f 1838 d 1914, g p br
2. Johanne Karoline Olave f 1843
3. Ole Bastian f 1851, g 1875 Gurine Torbjørnsd. Giskemo f ca.
1852. Han d 1921 som kårm. på Lande!

Det går fram av utskiftinga i 1830-åra at Jon var brukar alt i 1836. Ved utskiftinga fekk han sitt i eitt stykke. Fekk skøyte frå vermora Synneve Larsd. 20/7 1838 for 140 spd. Han hadde gjort makesikte med Peter Elias Pedersen Løvoll, som tok over bnr 7 Nedre Lande i staden, og betalte 80 spd for det.

I 1845 sådde Jon 1 t blk, 1 t havre og $\frac{1}{2}$ t poteter. Buskap: 1 hest, 3 kyr, 6 sauер og 4 geiter.

I 1852 selde Jon bruket til Ørskog kyrkje for 194 spd. Og Jon vart først bygslar og sidan kårmann på bruket.

Elias Martinus Olsen Løset S (bnr 2) f 1830 d 1890, 61 år

g 1859 Lovise Petrine Jonsd. Løvoll f 1838 d 1914

Br 1859-1890. enkja til 1893

Born: 1. Ole Johan f 1860. d 1891, g 1885 Olave Berntsd. Nedre Søvik.
Gift på Kjereplass under bnr 4 Løvoll.
2. Karen Lovise f 1862 g p br
3. Petter Andreas f 1864, g 1887 Hansianne Karolusd. Rønes f 1865. Dei flytte i 1891 til Tomrefjorden.
4. Lovise Eline f 1866 d 1877
5. Lars Petter f 1869, til USA i 1886.
6. Peter Carolus f 1871, g 1901 Johanne Trandal. Budde i Ålesund.
7. Karl Andreas f 1874 d 1953, g 1917 Petra Elisabet Erikssd.
Ytrevik f 1881 d 1974. Alle 5 horna deira døydde av tub.
8. Sivert Andreas f 1876 d 1 år
9. Sivert Andreas Ludvig f 1879, g 1904 Marta Larsd. Skår frå Hjørundfjord f 1879. Bustad Vigra. Han var skomakar på Roald.
10. Elias Ludvig f 1882, til USA i 1914.

Ny skyld 1 dlr. 4 ort, rev. M 2,95. Matr.førebuingsarb. har desse oppl. om bruket i 1860-åra: 19 dekar därleg åker og dyrka eng, 147 dekar därleg

natureng. Bra fjellståttar. Meir jord kan dyrkast. Sår 7 ½ t blk, 4 t havre, 2 1 poteter. Avlar 12 t blk, 14 t havre, 12 t poteter. Førar 1 hest. 7 kyr, 16 småfe. Hamnegangen er «meget god i enhver henseende». Brenneved, og litt bjørk til sal. Lauv til førsurrogat. Frostlendt. Usikker kornhaust. 1865: 1 hest, 8 kyr, 12 sauvar, 8 geiter: år 3 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. 1875: 1 hest, 6 kyr, 3 kalvar, 15 sauvar, 5 geiter, 1 gris. Sår 3 t blk, 3 t havre, 3 t poteter.

Petter Andreas Jenssen Hovden f 1867 d 1950
g 1893 Karen Lovise Eliasd. Løvoll f 1862 d 1940
Br 1893-1932

Born: 1. Elisa *Olivie* f 1893 d 1894
2. Elisa Birgitte f 1894, g 1929 Ole L. Hovden. Hundeidvik.
(Sjå bd 3 s 499)
3. Josefine f 1896, g 1928 Sivert O. Løvoll (bnr 1) f 1889.
4. Lars Oluf f 1898 d 1920 («spanska»),
5. Lovise f 1898 (tvill.)
6. Elias Oluf f 1899, d 1 time
7. Inga Petra f 1900
8. Elias f 1902, g p br
9. Peter Karl f 1906, g 1943 Margit Pettersd. Vik (Bøen) f 1907. Sjå
bd 2 s. 82.

Tok over som bygslar i 1893. Kjøpte bruket av Ørskog kyrkje i 1915 for 2400 kr. Petter dyrka mykje jord og dreiv bruket godt. Bygde nye stovehus i 1928.

Elias Pettersen Løvoll f 1902 d 1949
g 1935 Olga Marie Johansd. Løset S (br 1) f 1907
Br 1932-1946

Frå 1946 har der ikkje budd brukar på garden, som har vore driven og slegen av andre i krinsen.

I 1948 fekk broren Peter Karl fråskilt eit stykke av bruket han frå før hadde retten til. Har ikkje bygt på stykket. Olga arbeidde ei tid ved Ekornes Fabrikker. Ho bur på Aure. Er framleis eigar av bruket.

Bnr 6 NYHEIM

Utskilt 1948, skyld 0,95
Peter Karl Pettersen Løvoll f 1906
Sjå ovanfor. Stykket er no overteke av sonen

Per Karsten Petersen Løvoll f 1944.



Skulehuset i Søvikdal fra 1884. Lærar og elevar ved skulen i 1910.

Bnr 7 ORELUND

Utskilt 1970 frå bnr 6. *Svein Sæther.*

KJEREPLASSEN, under bnr 4

Ole Johan Eliasen Løvoll f 1860 d 1891

1885 g Olave Petrine Berntsd. Nedre Søvik f 1856 d 1940

Br 1885-1891. enkja til 1918

Born: 1. Ole Bastian f 1884 d 1981, g 1909 Henninge Petersd. Håhjem
(1876-1925). Dottera Petra g Mindor Riksheim, Sjøholt.

2. Ole Elias f 1885 d 1886

3. Petrine Karoline f 1887. Ho vart adoptert av Rasmus Svinnset og
kone Johanne på Sjøholtstrand. Petrine døydde ugift ca. 70 år.

4. Elias Laurits Johan f 1890. Til USA i 1914. Budde i Everett, Wash.
og sidan i California.

Kjereplassen vart utskilt frå bnr 4 i faren Elias si brukstid. Ole Johan betalte 100 kr i bygsel til Ørskog kyrkje i 1886. Bruket vart i 1913 selt til Petter Jenssen så landskylda fall bort. Før var ho 3 spd = 12 kr, frå 1892 15 kr. Etter at Ole Johan døydde, dreiv enkja Olave plassen og budde der til 1918. Då flytte ho til sonen i Grindvik og budde der til ho døydde. Og plassen gjekk i 1918 tilbake til hovudbruket.

Husmenn under Løvoll

Nils Anderssen Løvoll, d 1742, 90 år Barn: Siri f 1721

Peder

nemnd 1740-1746

Går og tiggars.

Knut Jonsen Nemnd 1765-1772

Lars Sjursen Løvoll d 1740, 70 år.

Halkjell Ellingsen Svinset (br 1) f 1804 1840 g Oline Olsd. Klokk f 1816
(Sjå s 81)

Løvoll

Bruk A, bnr 1, 2, 3

Bruk B, bnr 5, 4, 6, 7, Kjereplass.

Gnr 72 VINSNES

Eldre former: 1606 Welte, 1635 Veltenes, 1666 Wendtsnes, 1700 Ventsnes, 1723 Wensnes.

Som ein forstår er det her to ulike namn, Vinsnes og Veltene. Det siste vert mest brukt i daglegtalen, men berre Vinsnes har vore brukt som familienavn i nyare tid.

Vinsnes har òg vore skrive Windsnes. Tydinga er uviss, men Rygh har sikkert rett i at det ikkje kjem av «vind». Veitene er nok som Rygh skriv, frå gn. velta = velteplace, tømmervelte. Men namnet vert ikkje uttalt med æ i første stavning (som Rygh skriv), men med e. Begge namna finn ein i kjelder frå 1603.

Vinsnes ligg mellom Røneset og Nedre Søvik, noko lenger frå Rønes, og høyrer ikkje til Furstranda, men til Søvikdalen. Berre til Nedre Søvik har der vore nokolunde brukbar køyreveg, til Rønes har aldri vore veg. Såvidt ein veit har der ikkje vore ulukker ved ras. Når garden likevel er fråflytt, er det avsides lægje og därleg vegsamband som er viktigaste grunnane.

Stranda mellom Nedre Søvik og Røneset går i nordvestleg retning. Vinsnes har altså fjorden i aust, fjellet over til Furstranda i vest, og grensar elles til Rønes si utmark i nordvest og til Nedre Søvik si utmark i sør aust.

EIGARAR

I 1626 er Vinsnes kalla bondegods. Eigaren kring 1650 var Jan Rellingen, stundom kalla Johan Rellingen. Han vart førd som eigar enno av landkommisjonen i 1661, men nokre år seinare vart Peder Brandal eigar, og enkja hans selde garden i 1707 til Ole Larssen Abelset. Etter han ervde Christopher Ols. Abelset garden, som var i Abelset-eige til 1777 då Nils Hagerup kjøpte han. Frå 1790-åra til 1805 var Christopher Hagerup eigar. Han selde Vinsnes på auksjon til brukaren Lars Pedersen Vinsnes i 1805.

MATRIKKELGARDEN

Siste gnr som Ørskog-gard var 55. Eldre gnr: 96, 99, 95, 98. Vinsnes høyrde til skatteklasse øydegard. Det meste av den tida der var to brukarar var skylda 2 ½ pd. I 1667 vart ho sett ned til ½ v. Den nye skylda vart 1 skylddalar 1 ort 4 skill. revidert til M 2,13.

Tienda først på 1600-talet var frå 0 til ½ fj. 1 1666 ½ t havre og ½ pd ost, i 1717 det same ført med ½ t havre 12 mk ost eller 18 skill.

Leidangen var for det meste 2 kalveskinn, i 1714 12 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1609: 2 mann

1626: 2 mann. Sår 1 t havre.

1651: 1 mann

1657: 1 mann. Krøterskatt av 6 kyr og 8 geiter.

1666: 2 mann. Sår 1 ½ t havre, avlar 5 t, kan fø 8 naut.

1717: 1 mann. Sår 1 t 6 skjepper havre, avlar 5 t. Kan fø 7 naut. Brenneved.

- 1724: 1 mann. Sår 2 t havre, avlar 7 t. Høyavlinga er «uviss at beskrive». Før 4 kyr, 3 ungdyr, 6 sauher, 7 geiter. Brenneved «til fornødenhet». 1 lita kvern. Seter $\frac{1}{2}$ fjerding frå garden. «Tungvunden til hø, men vis til korn».
- 1802: 1 mann. Sår 2 t havre, 4 foll, førar 5 kyr, 15 småfe. Beite i heimegjerdet og på setra. Årviss kornavling. 4 vaksne arbeidsfolk. Noko bjørkeskog til brensel. Bruket taksert til 60 rd.
- 1835: 1 mann. Sånad 1 t bygg, 2 t havre, 1 t poteter. Krøter: 5 kyr, 14 sauher, 1 gris.
- 1845: 1 mann. Sår 1 t bygg, 2 t havre, 2 t poteter. Buskap: 9 kyr, 16 sauher.
- 1865: 1 mann. Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, $\frac{1}{2}$ t blk, 2 t havre, 1 $\frac{1}{2}$ t poteter. Før 6 kyr, 12 sauher, 8 geiter.
- 1875: 1 mann. Sår $\frac{1}{2}$ t rug, $\frac{1}{2}$ t bygg, $\frac{1}{2}$ t blk, 2 t havre, 2 t poteter. Før 5 kyr, 2 kalvar, 14 sauher, 13 geiter.

BRUKARAR

Den første vi veit om på garden er

Enkja

Br ca. 1603-ca. 1607

Ho er førd med 0 i korntiend, men la 1 kalveskinn i leidang. Kan hende dreiv ho berre halve bruket. Fleire namn er nemnde frå desse åra, helst husmenn, men ein kan ha brukt halve garden utan at noko sikkert kan seiast om det. Frå 1607 var der to brukarar nokre år.

Anders og Arne Br 1607-1614

Dei la 2 kalveskinn i leidang i 1607, men 0 i korntiend. I 1610 $\frac{1}{2}$ fj i korntiend. I ei liste over øydegardsmenn er det berre Arne Vellte som er nemnd, men i 1611 var det Anders som la 1 fj i tiend, Arne ingen. Anders var òg utreiar av «knekten» Lars Tollesen Klokk saman med Knut Søvik. I nokre år var der så 2 små bruk på Vinsnes. Vi kallar dei bruk A og bruk B.

Bruk A

Halvor

br 1614-1617

Han la ikkje korntiend, og bruket låg truleg øyde eit års tid.

Hans thydsk

Br 1618-ca. 1623

Tilnamnet er skrive med liten forbokstav og ei kjelde frå 1623 har forma

«tiudsch». Kva som ligg bak tilnamnet er ukjent. Han la $\frac{1}{2}$ fj i korntiend i 1621. Etter han kom

Einar Pedersen

Br ca. 1624-1627

Bruk B

Johans

Br 1615-1627

Han vart kalla husmann i 1623, men la eit år meir i korntiend enn grannen.

Med dette er vi ferdige med bruk A og bruk B. Rett nok var der òg seinare til tider to brukarar, men alle seinare brukarar hadde heile garden i ein del av brukstida si.

Bnr 1

Erik Nilssen

Br 1627-1645 (heile), 1645-1656 (halve)

Han er kalla både Erik Veltne og Erik Vinsnes. «Udarmet» står det om han i 1637. Av koppskattlista 1645 ser vi at både Erik og ettermannen hans på halve garden var gifte.

Nils Larssen

Br 1645-1656 (halve), 1658-1661 (heile), så halve til 1668.

Born: 1. Jon f ca. 1655

2. Hans f ca. 1658

I 1657 la han 1 slettdalar i krøterskatt av 5 kyr og 8 geiter. I 1661 er han nemnd på ei liste over «Fôrarmede som ikke udi ringeste måde formår nogen schat til Kgl. Maj. at udgiffue, såvel oc de som nogenledes den halfue part aff deres taxerede contribution kann betale. Item de som i dette år haffuer lid sehade aff ildsvåde».

Kanskje har det vore brann på Vinsnes, for som nemnt vart skylda sett ned til $\frac{1}{2}$ v i 1667.

Alt i 1661 var der to brukarar att. Den som no delte garden med Nils var

Tore Eriksen f ca. 1625

Br 1661-1668 (halve), 1668-ca. 1690 (heile)

Born: 1. Erik f ca. 1671 d 1732, g ek. Maritte Jakobsd. Ytre Hatlen (ca. 1642-1740)

2. Ole

3. Knut

Tore var kanskje son til den tidlegare brukaren Erik. I 1662 brukte Tore 1 ½ mællag, Nils 1 ½ mællag 6 mk.

Knut Ingebrigtsen f ca. 1658

Br ca. 1690-1716

Born: 1. Ole f ca. 1691

2. Rasmus f ca. 1694

I manntalet 1701 er Ole Knutsen kalla «stifson». I 1711 betalte Knut ekstraskatt for seg og kona og hadde i teneste ei jente med 2 ½ rd i årsløn.

Torstein Knutsen f ca. 1684 d 1740 g Kari Rasmusd. f ca. 1684 d 1740 Br 1716-1739

Torstein vart i 1712 bøtelagd for lm med Anne Pedersd. Søvik (hennar stefar var Anders Torsteinsen Nedre Søvik). Han hadde ikkje noko å betale bot med så han vart dømd til «vand og brød udi 4 uger». Torstein var vanfør i føtene. Han fekk ny bygsselsetel i 1720 frå Christopher Abelsen på 2 mællag. I 1716 fekk han bot på 3-2-4 for for tidleg samlege med Kari, «endog de etter almuens forklaring er meget fattige».

Sjur Nilssen Veiberg f ca. 1701 d 1749

g Marte Endresd. (Relling?)

Br 1739-1749

Born: 1. Anne f ca. 1735

2. Jørgen f ca. 1737

3. Gunnhild f 1740

4. Gunnhild f 1741 d 1746, 5 ½ år

5. Guri f 1744 d 1746, d 2 ¾ år

6. Nils f 1745 d 1746, 15 veker

7. Endre f 1747, g 1769 Ingeborg Gutormsd. Vindsnes frå Nordalen. Sk. etter Sjur 28/7 1749: Brutto 72 rd, netto 32 rd.

Lars Kolbeinsen Øvre Søvik (br 3) f 1723 1750 g Anne Sjursd.

Nedregotten d 1800, 73 år

Br 1750-1758

Born: 1. Sebjørn f 1750

2. Marte f 1752, g Hessen
3. Anne f 1753, g Nils Hof
4. Kolbein f 1754, først til Lyshol, så til Emlem.
5. Sjur f 1756, til Haram
6. Iver f 1759, til Skytterholmen
7. Brit f 1761, g 1793 Ole Larssen Blindheim.

I 1768 fekk Lars vitne på at han med kone og born hadde krepert om dei ikkje fekk hjelp av andre. Han hadde fått sitje på si jord, men hadde ikkje kunna betale skatt. I 1772 gjekk dei kring i bygda og tigga.

Ole Gundersen Stokke d 1792, 62 ½ år

g Marte Sjursd. Seljeflot, d 1794, 73 år
(begge var frå Oaldsbygda)

Br 1758-1791

Born: 1. Synneve f 1757, g p br

2. Gunder f 1760, d 7 veker
3. Gunder f 1761 d 1796, g 1793 Lene Jansd. Straume-1768-1814).
Han flytte til Straume.
4. Gunilde f 1765 g 1796 Erik Størkersen Ramstad br 4, bustad Amdamsvik.
5. Guri f 1767, d 6 dg
6. Sjur f 1769, d 3 veker
7. Ole f 1772, unemnd i 1794.

Bygsla 1 pd 12 mk av Chrf. Abelset 8/3 1758. I 1787 brukte han 1 pd 3 mk.

Sk. etter Ole 1793: Brutto 89 rd, netto 78 rd. Sk. etter Marte 1794:

Brutto 16 rd, netto 9 rd. Ole var legdsmann for 98. legd.

Lars Pedersen Søvik br 2 f 1757 d 1827

1794 g Synneve Olsd. Vinsnes f 1757 d 1813

Br 1791-1818

Born: 1. Petter Olaus f 1795, g p br

2. Martinus Karolus f 1799, g 1. 1826 Ingeborg Gurine Olsd. Løset S (br 1) f 1792, g 2. 1842 Lovise Olsd. Tjønes (far: skulehaldar Ole Larssen Tjønes).

Lars fekk ikkje bygselsetel før 11/6 1794 av Chrf. Hagerup, men av futens kassabok ser vi at Lars var brukar på Vinsnes frå 1791. Han gav dette kåret til Marte Sivertsd.: 3 t korn, fôr til 1 ku, 3 sauер og 2 geiter. Da yngste sonen gifte seg skreiv han seg for Langskipsoy.

Lars kjøpte bruket på auksjon i 1805 for 60 rd.

Sk. etter Synneve 26/6 1813: 129 rbd, netto 110 rbd. Bruket vart verdsatt til 180 rbd, sonen fekk 1 pd 8 mk og enkjemannen 4 mk.

Husa på garden i 1804: 1 røykstove av tømmer med ei oppmura grue og ein tørkaromn. Små blyvindauge. Kammers og gang. 1 stabbur av stavverk med ein gang og sval på begge sider. 1 høy- og kornløe av stavverk. 1 fjøs av steinmur og sperreverks tak. 1 saudefjøs av tømmer. 1 høy- og skogløe. 1 sommarfjøs i utmarka med risgrind rundt. Husa takserte til 60 rd.

Petter Olaus Larssen Vinsnes f 1795 d 1845

1814 g Berte Knutsd. Svindset (br 2) f 1786 d 1849

Br 1818-1840

Berte hadde før ekteskap: Lars Karl f 1812 (far: Rasmus Larssen Klokk f 1774 (br Ca, sjå s 232).

Born: 1. Karen Severine f 1815 d 1886, g Jens Olsen Solnørdal.

2. Lars Petter f 1817, g p br

3. Ole Martinus f 1820, skulehaldar. Bustad Løset R br 3.

4. Martinus f 1823 d 1850, ug soldat

5. Lovise Katrine f 1827, g 1855 Bernt Olaus Olsen Løset S (bnr 1) til Røbben, Nedre Søvik.

6. Lars Peter f 1830. unemnd 1845

7. Anne Birgitte f 1834 d 1908, g til Lid. Ho hadde finfine skule-karakterar. Fekk i 1860 barn: Johanne Marie (far: Hans Eriksen Ramstad) (br 2). Sk. 24/3 1845 etter Petter: Brutto 78 spd, netto 4 spd.

Lars Petter Pettersen Vinsnes f 1817 d 1911

g 1. 1839 Ingeborg Larsd. Brøvoll f 1807 d 1850

g 2. 1850 Johanne Marie Paulsd. Løset R br 3 (1828-1866)

Br 1840-1873

Born i 1. ekteskap:

1. Lars Petter f 1842, g p br

2. Ludvik Bastian f 1845, g Oline Johansd. Klokk f 1843. Han flytte til Klokk (bnr 5). Gbr, postopnar.

Born i 2. ekteskap:

3. Inger Petrine f 1851, g Sivert Lerstad. Bustad Borgund. Han var småbr. og bygningsarb.

4. Olave Birgitte f 1853, d 1937, g Karolus Almeskar. (Almeskar bnr 2)

5. Petter Martinus f 1855, g 1882 Lovise Ebbesd. Bårdsgjerde f 1854.

Han flytte dit.

6. Marte Petrine f 1858 d 1929, g 1898 Karl Rye, f 1838, skomakar på Sjøholt.
7. Ingeborg Marie f 1861 d 1863, 2 ½ år
8. Lars *Martinus* f 1863 d 1915, g 1891, til Portland, Oreg. 2 mnd etter bryllupet med Karen *Petrine* Kristensd. Vestre f 1871.
9. Karen Marie f 1866 d 1957, g 1897 Karl Nybø frå Fausadal f 1873 d 1953. Skreiv seg for Fremmerfause ved giftarmålet. Fekk skøyte frå farens 19/10 1840 for 100 spd.

1865: Sådde ½ t bygg, ½ t blk, 2 t havre, 1 ½ t pot. Buskap: 6 kyr, 12 sauher, 8 geiter.

Sk. etter Ingeborg 6/8 1850: Brutto 381 spd, netto 307 spd. Bruket vart då verdsett til 208 spd. Matrikkel-førebuingsarbeidet i 1860-åra: Garden har 18 dekar god åker og dyrka eng, 50 dekar «middelmådig» natureng. Har fjellslåtar, «men noget besværlige». Avlar 4 t bygg, 4 t blk, 8 t havre og 10 t poteter. Nok av god hamnegang, men «af en farefuld beskaffenhet». Litt bjørk til sal. Lauv til førsurrogat. «Let adgang til søen, men forøvrig ubekvemt.» Tungbrukt.

Lars Petter Larssen Vinsnes f 1842 d 1937

1871 g Anne Regine Pettersd. Tjønes f 1844 d 1909

Br 1873-ca. 1894

Born: 1. Lars One Marie f 1874 d 1957, g 1911 Peter Karolus Olsen Sandvik f 1874.

3. Olave Birgitte f 1876 d 1908

1875: Sådde ½ t rug, ½ t bygg, ½ t blk, 2 t havre og 2 t poteter. Buskap: 5 kyr, 2 kalvar, 14 sauher og 13 geiter. I hans tid var dei så noggne med å få med så mykje gras som råd var, at det dei ikkje nådde i med ljåen tok dei med hendene inne i «rystene».

Lars Petter var «verdens snillaste mann», skriv Anna, g.m. soneson hans.

Lars Olaus Larsen Vinsnes f 1871 d 1949

1893 g Ingeborg Marie Olsd. Ø. Søvik brn 3 f 1870 d 1941

Br ca. 1894-1938

Born: 1. Anna Karoline f 1894, g 1927 Oluf Pedersen Rønes f 1887.

2. Olivia Marie f 1895, g 1918 Karl Pettersen Rønneberg frå Eidsdal. Bur på Sjøholt.

3. Lisa Josefine f 1898 d 1933, ug hushjelp

4. Peter Konrad f 1901, g p br

5. Klara Oluffa f 1903, g 1932 Ole Berge f 1893 på Stranda. Mor hans var Regine Olsd. f Løset R br 3. Familien budde på Nedre Berge.

6. Olav Lidvard f 1909, g 1836 Elida Nogva f 1909 på Flemsøy.

Fekk skøyte frå faren i 1910 for 1600 kr. Den vesle stovebygninga (med tomt) som seljaren budde i, var ikkje med i salet. Kår.

Peter Konrad Larssen Vinsnes f 1901 d 1967

1931 g Anna Petrine Olsd. Søvik br 2 f 1907

Br 1938-1958

Adoptivbarn: Per Arne f 1945, g Ingrid Korsedal f 1945.

Peter fekk skøyte på bruket frå faren for 2500 kr i 1942. Flytte 1958 frå garden som sidan har lege ubrukt. Tungvint transport til og frå garden var viktigaste årsak til fråflyttinga. Huslyden budde ei tid nede ved sjøen på Klokk. I 1964 brann husa på Vinsnes ned etter lynnedsdag. Vanleg buskap i Peter si brukstid var 4 kyr og 20 geiter. Per og kona bygde seg hus i Stordalen og flytte dit i 1967. Og i 1974 flytte Anna til Stordalen.

1 brev til forfattaren fortel Anna m.a. dette: Dei hadde trutt at lendet var for bratt til å ha hest på garden. Men ein hestehandlar fekk overtalt Peter til å kjøpe ein hest, og ein dag kom hesten med «mjjelkebåten» til Nedre Søvik der Peter var ekspeditør ved kaia. Hesten var så mager som ei geit så dei måtte berre setje han på stallen og pleie han på beste måte. Og han vart både stor og sterk og tok mangt eit tungt tak sidan.

Setra var oppe på fjellet. Der slo dei stølsstykket. Så var det Elvaslættet, frå bruha og langt opp i fjellsida. Øvst oppe var ei lang hylle med feitt fjellgras. Der samla dei graset i ei svær mue. Så sette dei seg side om side og sparka mua ned ein lang bakke til løypestrengen, som førde graset ned til garden der det vart hesja.

Peter dreiv mykje fiske, både sildefiske til havs og bor- gundfjord fiske etter torsk. Og med kone og adoptivson som mannskap dreiv han mykje heimefiske. Ein gong dei hadde gjort ein fin kveitefangst måtte dei gå rett frå fiskefeltet for å hente lærarinna frå Furstranda, for Peter var skyssbåtførar. Då lærarinna såg lasten, sa ho: «Nei, he' døkke slakta gris?» Då såg Peter på kona si og riste på hovudet, for «griss» er tabu-ord på sjøen.

Peter var plaga av astma, særleg i slåtten. På sjøen var han betre. Han døydde av astma på sjukehuset i Molde.

Vinsnes

Bruk

Bruk B,bnr 1

A

FURSTRANDA

Innleiingsavsnittet til Furstranda skreiv P. Th. Gjære for meg 12. mars 1904, i form av eit brev frå formannsskapet til Amtstinget:

Furstranden er en liden afsidesliggende Grænd paa søndre Side af Storfjorden grænsende paa den ene Kant til Søkelven og paa den anden til Søvik i Ørskog, frå hvilke Steder den er adskilt ved ufremkommelige Fjeldpartier, saa Samfærdselen kun kan foregaar tilsøs. Afstanden indover til Søvik er antagelig en 4-5 km og udover til nærmeste Gaard i Søkelven ca. 5-6 km. Grænden bestaar af 6 Gaarde, af hvilke dog den ene er lagt øde. Den danner egen Skolekreds, men uagtet Afstanden frå den inderste til den ysterste Gaard (Rønes-Sandvik) ikke er fuldt $\frac{1}{2}$ Mil, er det forbundet med nok saa meget Besvær for Opsidderne at holde sine Børn i Skole, i det disse paa Grund af det ufremkommelige Terræn næsten udelukkende maa befordres i Baad til og frå Skolen. Regelen er derfor at Børnene indlogeres paa Skolestedet for hele Turen. Jeg anser det imidlertid uforståndent nærmere at udbrede mig over, hvor ilde Furstrandens Opsiddere er stillet med Hensyn til Kommunikationer: naar jeg kun nævner, at de - foruden at have 7-11 km haard Søvei til Kirke, Postaabneri, Dampsiks-anløb og Tingsted - ikke engang kan komme Gaard og Gaard imellem i sin egen lille Bygd uden i Baad, vil enhver let kunne tænke sig Tilstanden.

Spørgsmålet om Vei paa Furstranden er derfor heller ikke nyt, men har gjentagende været fremholdt for Herredstyret, og uagtet dette gjerne har villet i møde komme Kravet, har man altid veget tilbage for de uforholds-mæssig store Omkostninger. Endelig er man nu kommet saa vidt, at Linien er undersøgt og beregnet, og viser det sig, at, uagtet man har valgt den billigste Anlægsmaade med tildels betydelige Stigninger og en Veibredde paa kun 2 m, er Anlægget kalkuleret til kr. 8000. . . . I Herredstyremøde den 19. f.M. blev bevilget kr. 800, til Arbeidets Paabegyndelse under Forudsætning af at der af Amtskassen bevilges et Bidrag af kr. 400 til Bro over Furstrandelven og Gjennembrud af de vanskeligste Fjeldpartier paa begge Sider af Elven.

Der søges altsaa om 400 kr. i Bidrag, og haaber paa positivt Svar, saa

meget mer som Herredet ikke i Menneskealdre har oppebaaret det mindste til Anlæg eller Omlæg af Veie hverken af Stat eller Amt.

Den eine garden som i dette brevet er nemnd som «lagt øde» er Kyrkjesteinen. I dag er det mest ikkje folk att på Furstranda, nettopp fordi dei ikkje fekk vegsamband med bygda elles. Furstrandarane fekk vel heller ikkje frå heradstyret den hjelp dei sårt kunne trenge. Såleis fekk dei avslag på ein søknad om å sleppe vearbeid andre stader i bygda mot å arbeide på veg på Furstranda. Først då Furstranda vart ein del av Sykkylven fekk dei elektrisk lys (1955-1956). Men heller ikkje då vart det gjort noko med vegspørsmålet og Furstranda tok til å verte avfolka.

Skulehus vart bygt på Furstranda i 1925, i utmarka til garden Furstrand. Her var Ingeborg Brandal lærarinne i 38 år, frå 1922 til 1960, med pendling mellom Furstranda og Søvikdal. Ho hadde 12 veker samla skule på Furstranda og 26 veker to-delt skule i Søvikdal. På Furstranda var det 14 dagars turar, i Søvikdalen turar på ca. 1 månad. I 1941 hadde skulebarnatalet på Furstranda minka til 2, og det vart slutt på skule der i tida 1941-1954, og dei få furstrandborna vart då førde til Søvikdal.

Alle som kjenner til Storfjorden og vertilhøva der forstår at dette var ein særskilt skuleveg både for lærarinna og borna.

Alle Furstrand-gardane er dei nordlegaste i Sykkylven bortsett frå Kyrkjesteinen, som ligg på ei nordleg breidd som går mellom Svinneset og Kråka i Ramstaddalen.

Gnr 73 RØNES

Rygh trur namnet kjem av gn. rjodr, ei glenne i skogen. Ingen naturtilhøve på staden gjer ei slik tolking urimeleg.

Namnet har vore skrive på mange måtar. Her er eit utval: 1603 Rørnes, 1617 Riønnes, 1625 Ryenes, 1626 Rødnes, 1662 Rønis, 1664 Røennes, 1714 Riønes, 1723 Røenes, 1746 Ryenes (militære rullar).

Rønes er nørdeste garden i bygda. Ligg ved Storfjorden, eit kort stykke sør for neset der fjorden svingar i nesten rett vinkel mot aust, når ein ser bort frå vika inn mot Søvik. Garden ligg ved fjorden og har elles utmark på alle sider. Einaste vegsamband var ein därleg veg til Sandvik.

Seter hadde Rønes på Jogardstølen, i lag med Furstrand.

EIGARAR

I 1626 var Rønes bondegods og i 1640 var det Ole Olsen Erstad som var eigar. I 1661 heiter eigaren Ole Gjerde, men det er same mannen som då

har flytt til Riksheimgjerde. Frå 1670-åra var Rønes lenge Ahelset-eige. Det var først Lars Olsen Abelset, så Ole Larssen Abelset og så sonen Mats Olsen Abelset, som døydde i 1719. Då gjekk Rønes til broren Christopher Olsen Abelset. Ved skiftet etter enkja etter han vart Christen Møller Abelset eigar. Han gav tenestjenta si. Berte Pedersd. Tøsse, Rønes i brudegåve. Likevel er enkja etter C. M. Abelset førd som eigar i 1802. Men i 1831 får brukaren bygselsetel frå Nils Mechlenborg og Berte Pedersd. Tøsse med verje.

MATRIKKELGARDEN

På 1600-talet vart garden kalla både øydegard og halv øydegard. Skylda var i 1626 2 ½ pd fisk, i 1645 ½ v 9 mk og i 1661 ½ v. Etter at husa brann ned vart skylda sett ned til det halve, men nokre år etter var skylda igjen ½ v 9 mk. Ny skyld 1836 4 ort 22 skill., rev. 1890 til M 1,62.

Tidlegare gnr (frå eldre til yngre) 97, 100, 96, 99, 56.

Tienda var i 1606 ½ fj, i 1666 1 mæle havre 6 mk ost. I 1714 3 skjepper havre 8 mk ost eller 12 skill.

Leidangen var i 1607 1 kalveskinn, seinare snart 1 snart 2 kalveskinn. I 1717 6 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 1 mann

1626: 1 mann. Sår 1 t havre. Fiskeri til havs.

1657: 1 mann. Buskap: 1 okse, 4 kyr. 6 geiter.

1666: 2 mann. Sår 1 t havre, avlar 3 t, kan fø 6 naut.

1717: 1 mann. Sår 1 t havre, avlar 4 t. Før 5 naut.

1724: 1 mann. Nok brenneved. Seter 1 ½ fjerding frå garden. Inga kvern.

Noko steinet og tungbrukt, og noko uviss kornavling. Sår 1 t havre, avlar 3 t. Før 3 kyr, 1 ungdyr, 4 sauier, 2 geiter.

1802: 1 mann. Årviss kornavling. Noko bjørkeskog til brensel. Sommarbeite i heimeutmarka og i setremarka. Sår 1 ½ t havre, ¼ t blk, avlar 5 foll. Førar 5 kyr, 16 småfe. 3 vaksne arbeidsfolk.
Bruket taksert til 40 rd,

1835: 1 mann. Sår 1 t bygg, 1 t blk, 1 t havre, ½ t poteter. Førar 6 kyr, 12 sauier, 8 geiter

1845: 1 mann. Sår 1 t bygg, 1 ½ t havre, ½ t poteter. Førar 4 kyr og 12 sauier.

Seinare oppgåver er å finne under Brukarar.

BRUKARAR

Lars Rønes f ca. 1570 d 1616

g N. N. Grimsd. Sollid

Br 15. .-1616, enkja til 1619

Lars var saman med Jon Furstrand og ei enkje på Vestre om å reie ut Lars Samundsen Sandvik til Kalmarkrigen. Lars og Laurits vart den tida brukte om kvarandre. Lars la korntiend nokre år, andre år ikkje, og det meste var 1 fj havre. I leidang 1 kalveskinn.

Grim Larssen Rønes

Br 1619-1636

Grim-namnet hadde han frå morfaren, Grimb Arnesen Sollid, d ca. 1634.

Denne Grimb hadde ei dotter som vart gift med ein Torstein, og deira son Grim Torsteinsen kom til Ramstad. I 1628 var Grim Larssen «arm husmand».

Ole

Br 1636-ca. 1649

I 1645 la Ole koppskatt for seg og kona med 16 skill.

Jakob Eriksen d etter 1666

Br 1650-1664

Før han vart gardbrukar var han prestedreng. I 1658 la han i rd 4 skill. i krøterskatt. I brukstida hans brann husa ned og skylda vart sett ned til 18 mk. I 1666 er Jakob å finne i ein rubrikk for husmenn og strandsitjarar. Han var nok rett og slett kårmann.

I to kortare periodar, 1664-1682 og 1706-1736 er der to brukarar på Rønes. Ein matrikkel i denne tida (1714) slår fast at der var berre ein brukar. Det skulle tyde på at der var berre eitt bruk, med to personar som brukte det i lag. Andre kjelder viser at bruket var delt. Vi kallar dei to partane bruk A og bruk B.

Bruk A

Tormod Paulsen f ca. 1636

Br 1664-1682 (l mællag $\frac{1}{2}$ f j), 1682-1706 (heile Rønes)

Born: 1. Ole f ca. 1662

2. Peder ca. 1664

I 1695 stemnde Tormod saman med Elling Furstrand ein brukar på Øvre Søvik, Jon Pedersen, fordi hunden hans skulle ha drepe 7 sauver for dei.

I 1701 er Tormod førd med alder 72 år. Sonen Ole er nemnd både i 1666

og i 1701, men alderen i dei to manntala stemmer på ingen måte overeins. Ein må derfor ta den eine eller den andre oppgåva for skrivefeil, eller ein må gå ut frå at Tormod hadde to søner med namnet Ole, og at den som er nemnd i 1666 kanskje har døydd i ung alder. I manntalet for 1701 vert det opplyst at Ole hadde vore tenar hos lensmannen (på Abelset).

Iver Samundsen Nesveien f ca. 1659 d 1713

g Kari Nilsd. f ca. 1659 d 1735

Br 1706-1724

Barn: Samund f ca. 1690, g p br

Iver var son til Samund Størkersen Nesveien, ein halvbror til Størker Syversen (Sjursen) Ramstad br 5. Iver la ekstraskatt for seg og kona i 1711, 12 skill. i skoskatt.

Samund Iversen Rønes f ca. 1690 d 1775

g 1. 1723 Marte Ingebrigtsd. f ca. 1678 d 1742

g 2. 1744 Marte Larsd. Melset (far: Lars Nilssen, bruk D)

Br 1724-1736, 1736-1756 (heile Rønes), enkja til 1760

Born i 1. ekteskap:

1. Gjertrud f 1725, g 1748 Knut Larssen Øvre Viset.

2. Berte f 1728 g Hans Jonsen Furstrand f 1714.

Born i 2. ekteskap:

3. Ole f 1744, flytte til Egge.

4. Marte f 1747, g 1793 em. Knut Olsen Braute (sk. 26/1 1798).

5. Lars f 1751, g på Jylland. Bygselsetel frå Chrf. Abelset 10/12 1727.

I sk. etter 1. kona er m.a. 1 Møllers huspostill, 1 liten bibel, Cathechismus Sangvis, Den bedendes Kjede. Brutto 62 rd, netto 57 rd. Av dette sk. ser vi at der då var kvern på Rønes. Merk elles: $\frac{1}{2}$ i ei kastenot, 1 kjempefæring.

Bruk B

Lars f ca. 1620

Br 1654-1668 (l mællag $\frac{1}{2}$ fj)

Ole

Br 1668-1682

Betalte årleg $1\frac{1}{2}$ ort i leiglendingsskatt. Hadde sonen Nils f ca. 1708, som vart utskrivne til militærtjeneste i 1730 og vart korporal i 1733. I 1682 tok mannen på bruk A, Tormod, over denne parten òg.

Lars Larssen Br 1706-1715

Denne brukaren kan knapt vere identisk med ein enkjemann Lars Larssen Rønes som døydde i 1726, 99 år, dersom alle tal er rette. I så fall ville han vere bortimot 80 år då han tok over bruket. Her kan ein tenkje seg at den oppgitte alderen er heilt gal og gjeld denne brukaren. Eller at det er ein mann på legda som har budd ei tid på Rønes. Dei var snare til å bytte namn før i tida.

Anders Torsteinsen Sollid

Br 1715-1736

I 1736 flytte han til Oppsal, og Samund Iversen på bruk A tok over denne

gardparten òg. Sjå bnr 1, Øvre Oppsal s 393 l 3n.

Bnr 1

Den neste som brukar heile Rønes er

Anders Johannessen f 1728 d 1809

g 1. Synneve Ingebrigtsd. Åkernes f 1761, 32 år

g 2. Brit Pedersd. Ødegård frå Geiranger, d 1795, 77 år

g 3. 1797 Kari Olsd. Brøvoll f ca. 1718 d 1808

Br ca. 1760-1790

Born: 1. Knut f ca. 1753 d 1765

2. Eli f ca. 1755, g 1792 Peder Styrkersen Hovlid.

3. Ingeborg f 1760, g 1787 Knut Hågensen Lundanes. Synneve

hadde to brør på Klokk, Gunder og Lars. Sk. etter henne 1762: Brutto 73 rd, netto 32 rd.

I 1767 sette han husdyr, sjøreiskap og anna i pant ved eit lån på 32 rd frå Ole Honningdal. I 1775 vart han i futerekneskapen førd som fattig, før som «formuende», det vil seie, i stand til å betale skatt. Og ved utpanting hos han i 1776 står det at han var «yderlig arm».

Aslak Pedersen Ytre Flåen f 1758 d 1834

g 1. 1793 Marte Jonsd. Storem f 1760 d 1810

g 2. 1811 Berte Nilsd. Sletvoll f 1770 på Stranda Sjå bd 3, s 605

Br 1790-1831

Born: 1. Anne Marie f 1794, d 12 veker

2. Oline Petrine f 1798. Born: Syver Martinus f 1827 (far: Erik Stensen Slinningen), og Bastiane Marie f 1830 (far: Nils Bottelsen Abelset). Marie vart g 1857 Hans Ingebrigtsen Aurdal,

Kjempholgjerdet, frå Emdal f 1822. Marie var «fole sinte». Bd I
s. 324.

Aslak Pedersen fekk bygselselel 29/1 1793 frå C. M. Abelset. Skaut bjørn i 1799. Aslak og Nils Rønes berga eit båtlag frå Nordfjord som kollsigde 12/11 1801.

I 1800 stemnde han Jon Hansen Furstrand for forlikskommisjonen fordi han hadde tileigna seg heile den skogstrekninga som kallast Jogardsdalen, som før hadde vore sameige for Rønes og Furstrand. Dessutan hadde Jon teke all nevra som fanst i skogen i Jogardsdalen. Forliksmeklaren Elling Valbø og «dannemand» Ole Pedersen Sorteløk granska skogen og byta og fann at Aslak hadde god grunn til å klage. Mellom dei gamle grensemerka kan nemnast «Brændsle Ende». Derifrå gjekk bytelina til hagardsvegen like til «Stølens gjerdesgård» og derifrå til «Birke Axelen». Ved forliket vart det avgjort at sameiga i denne skogen skulle halde fram. Skogen i Jogardsdalen var delt i 4 teigar, 2 til Rønes og 2 til Furstrand. Det som trongst til vedlikehald av gjerde, skulle kunne takast der det låg nærmest til, utan omsyn til kven som åtte skogteigen. I manntalet i 1801 er nemnd Maren Jonsd., stedotter, 16 år. Ho er elles kalla Karen Jonsd. og vart kalla slegfreddotter i 1810, då ho vart g Jon Jansen Skorge, Tresfjord.

Sk. 1810 etter 1. kona: Brutto 135 rd, netto 63 rd. Karen Jonsd. og Oline Aslaksd. fekk kvar 15-4-9 ¼.

Sk. 1834: Brutto 37 spd, gjeld 218 spd.

Berte Nilsd. g 2. 1835 em. Knut Halkjellsen Lukkedal f Fausa. Forlik i forlikskomm. i 1840 mellom Knut og Lasse om kår.

Lasse Lassesen Grov f ca. 1802 i Innvik, d 1863 g Anne Rasmusd. Flo
frå Stryn f ca. 1805 d 1885 Br 1831-1857

Born: 1. Lasse f 1828, g p br

2. Elisabet f 1831, g p br
3. Bernt Johan f 1834
4. Nils Rasmus f 1837, g til Lindsetvik, d 1919.
5. Knut Andreas f 1840 d 1903, g 1870 Marte *Jensine* Jensd. Ytre
Fauske (1847-1939). Sjå bd 1 s. 44 og 124.
6. Lars *Bastian* f 1842, g 1873 Jørgine Rasmusd. Hjellegerde
(1852 1924). Sjå bd 1 s 124.
7. Peter Martinus f 1847 d 1932, g 1876 Ragna Iversd. Nedrevoll f
ca. 1852.

Fekk bygselsetel frå Nils Meklenburg og Berte Pedersd. Tøsse med verje
20/6 1831. Kår av Rønes til Aslak Pedersen og Berte Nilsd.

Lasse Lassesen Rønes d.y. f 1828 d 1878, omkom på havet.

1859 g Petrine Sofie Olsd. Ramstad (br 1) f 1825

Br 1857-1869

Barn: Lars Andreas f 1862

Lasse sådde i 1865 1 t bygg, 2 t havre, 3 t poteter. Fôra 3 kyr, 10 sauher,
12 geiter.

Bruket hadde 9 dekar god åker og dyrka eng, 20 dekar heller därleg natureng. Utslætta og fjellslætta er «besværlige». Garden har ikkje meir jord å dyrke. Hamnegangen er god, men ligg farleg til. Skog til brensel og litt bjørk til sal. Lauvskog til försurrogat. Ligg ved sjøen, men elles er lægjet «ubekvemt». Garden har eit «nýlig optaget lakseverpe».

I 1869 fekk Lasse skøyte på eit bruk på Nedre Sollid. Han bygsla bort deler av dette bruket i 1872.

Sk. etter Lasse 1882: Enkja fekk utlagt halve garden for 3100 kr, sonen fekk den andre helvta for det same. Bruket på Rønes tok systera og hennar mann over.

Ebbe Karolus Larssen Krogen f Nysæter (br 1) f 1826 d 6/4 1884

g Elisabet Lassesd. Rønes f 1831 d 1893

Br 1869-1884, enkja til 1886

Born: 1. Inger Anne f 1854, før foreldra gifte seg, g Hans Larssen
Grebstad (Buvik-Hans) f 1854. Bd I s 204.

2. Lovise Petrine f 1857, g p br

3. Hansianne Karoline f 1865, g 1887 Petter Andreas Eliassen
Løvoll (bnr 4). Bustad Tomra i Romsdalen.

4. Lars Petter f 1867 d 6/4 1884. Omkom på fjorden.

I 1875 sådde Karolus ½ t bygg, 3 t havre og 2 t poteter. Krøter: 1 okse, 3 kyr, 1 kalv, 6 sauher, 16 geiter. Enkja etter Lasse Lassesen d.e., Anne Rasmusd., hadde 1 ku.

Ebbe Karolus omkom på fjorden saman med sonen Lars Petter.

Ole Elias Olsen Løset S (bnr 2) f 1848 d 6/4 1884, omkom på fjorden.

1882 g Lovise Petrine Karolusd. Rønes f 1857 d 1944

Br 1882-1884

Barn: Ole Kristian f 1883 (sjå neste brukar).

Ole Elias var i lag med svigerfaren Karolus, hans son Lars Petter og Ole Martinussen Furstrand på båtferd til kyrkje 6/4 1884 då dei kollsiglde og alle omkom. Då dei skulle til kyrkje den dagen var gamlemannen på Furstrand komen inn i båten, men sa så: «Ej trurkje ej vil vere me' døkke

i dag,» og han gjekk oppatt i garden. Ungekona og gamlekona skulle ut og berge dei; dei fann berre ei trøye. Lovise gifte seg att i 1886 med

Peder Anderssen Åkernes(Oppsal ?) f 1856 i Sunnylven, d 1944

Br 1886-1920

Born: Son til Lovise og Ole Elias

1. Ole Kristian f 1883 d 1963, g Elisa Johanneshd. Ekornås, Langevåg.
Ole var fiskar og målar i Ålesund.

Borna til Peder og Lovise:

2. Oluf Anton f 1887, g p br
3. Anna Ingebjørg f 1890. Amtsskule, husmorsskule, kafévertinne i Ålesund, d ug 1934.
4. Elias Toralf f 1894 d 1957, g 1918 Ragna Larsd. Grebstad f 1899. Bustad Aure. Sjå bd 1 s. 450, 456.
5. Lars Karl f 1896, d 1920, amtsskule, landbrukskole.
6. Karen Jensine f 1898, g 1927 Sigurd Anderssen frå Nøtterøy, f 1899. Kaptein i handelsflåten.
7. Petra Lovise f 1900. Ug. Bustad Oslo.

Peder fekk skøyte frå Elisabet Lassesd. Rønes 11/7 1887. Kår. Då Peder kom til Rønes var lite dyrka og der var mykje stein. Der det var ein rydda jordlapp var det åker med havre eller bygg, eller ein potetreit. Peder tok fatt på å bryte jord, leigde folk attåt seg, og fekk det meste av bruket opparbeidt. Av husdyr vart det mest ku og geit, nokre sauер og somme år hest. Han bygde òg nye hus, stovehus i 1890 og løe i 1894. Det var gode hus med innlagt vatn i kjøk, kjellar og fjøs. Seinare bygde han sel. Til alt dette trongst det kontantar. Så dreiv han havfiske om vinteren, lenge i open båt, og om sommaren heimefiske, m.a. etter laks. Tente òg litt på båtskyss med motorbåt. Han var med på å byggje veg mellom gardane på Furstranda, ca. 5 km. Det vart gjort med dugnad, «duna» som dei sa. Rønes-Pe var med i heradstyret i Ørskog i fleire bolkar. Trass i hardt slit på sjø og land i eit langt liv heldt han seg helsesterk og åndsfrisk til dei siste åra.

Oluf Anton Pedersen Rønes f 1887 d 10/1 1965

Br 1920-1953

1922 g Anna Larsd. Vinsnes f 1894 d 1/11 1965

Born: 1. Peder Ludvik f 1926, g p br

2. Lovise Kasbara f 1928, g 1956 Sverre Sivertsen Langlo f 1930 på Stranda. Bustad Stranda.

Oluf var i Amerika frå 1906 til 1919. Eit kortare besøk heime i 1914. Kom heimatt for å ta over garden etter foreldra. Fekk skøyte på garden 7/6 1920. Bruket ligg godt til for geitehald, og det vart etter kvart hovudnæringa. Ysting heldt dei på med til 1942. Sidan sende dei all mjølk til Sunnmøre Meieri, - Oluf var ein sterk kar. Han dreiv jorddyrkning, men innimellan også arbeid utanfor garden, t.d. bygging av telefonline frå Søvik til Furstranda i 1922, og i 1925 var han med å byggje skulen på Furstranda. I 1928 bygde han nytt stabbur på Rønes, med tidhøveleg arbeidsrom i kjellaren, med plass til kappsag og vedhoggar, med stasjonær motor som drivkraft. I dei vanskelege 1930-åra dreiv han òg med tilverking og sal av bjørkeved. Husa forbetra han på ymse vis. Hadde fleire motorbåtar etter kvarandre, og dei brukte han m.a. til skyssbåtar. I to periodar var han med i heradstyret i Ørskog.

Peder Olufsen Rønes f 1926

1952 g Margot Kasbara Kristiansd. Måsøval f 1926 på Sør-Frøya

Br 1953-1967

Born: 1. Marianne f 1952, g Magne Håhjem f 1951 i Skodje,

2. Karin Anita f 1955, arb. ved Ekornes Fabrikker.

3. Odd Arne f 1957, g Lindis Lade f 1958. Blekkslagar.

Peder flytte frå Rønes til Aure i 1967 og driv blekkslagarverkstad.

I Peder si brukstid vart gardsdrifta meir mekanisert. Kjøpte rnotorslåmaskin. Bygde silo. La ribbegolv i fjøsen og laga nye foringskrubber i geitefjøsen med drikkekar til kvart dyr. Gjekk etter kvart over til mest berre geitehald som var det mest lønsame. I 1958 fekk dei elektrisk kraft på garden. Moderniserte stovehusa. Dreiv fiske som attåtnæring, kjøpte ny motorbåt i 1960. Sjå bd 1 s. 466 og bd 2 s. 101-102.

Husmenn i eldre tid.

Ole, nemnd 1635. Er utarma.

Erik, nemnd 1637.

Halvor Iversen f Melset ca 1715 (sjå husmann under Furstrand)

Rønes Bruk A Bruk B, bnr 1.

Gnr 74 FURSTRAND

Første delen av namnet er vel tre-namnet fure (furu). Døme på eldre former av namnet: 1603 og 1616 Kurestrand, 1606 Furuskov, 1617 og 1623 Furrestrand, 1762 Fyrrestrand, 1792 Fyrstrand eller Jogaard.

Forma fra 1762 er den som Hans Strøm brukte i Søndmørs Beskrivelse. Dei kan nemnast at gn. òg har y i samansetjingar med «fura», t.d. «fyri-skogr». Forma Jogård har lenge vore vanleg i daglegtalen, men som familienavn har Furstrand vore einerådande, og då utan unntak i ubunden form.

Brukarane på Furstrand søkte i 1853 heradstyret om å verte fritekne for bygdevegsarbeid andre stader i bygda mot å opparbeide veg mellom gardane på Furstranda. Kommunestyret fann søknaden rimeleg, men såg seg ikkje kompetente til å avgjere saka.

Næraste gard nordaustover er Rønes (ca. 1 km) og på andre sida Bjørnevika (ca. 2 km). Som alt nemnt har det vore skralt med vegsambandet. Med slede kunne ein køyre heilt til Sandvik, men ikkje med hjulvogn.

Folk i dag kjenner Furstrand som ein gard med to bruk. Men lengste tida var der berre eitt bruk, med kortare periodar med to brukarar. Tuna ligg ca. 70 m frå sjøen. Dei ligg nærmere midten av Furstranda enn dei andre gardane der, så det var naturleg at skulen vart sett opp i utmarka nær Furstrandgarden, like ved elva, i 1925. Setra ligg rett opp for garden, ei tre kvarters gange frå garden. Setra ligg ved eit vatn, og på andre sida av vatnet har gardane Søvik, Løset S og Furnes setrane sine.

EIGARAR

I første halvdel av 1600-talet var Furstrand bondegods. Jan Rellingen var eigar med bygselrett i 1626. Den neste eigaren var borgundpresten Christopher Pedersen Hiermann, i 1670-1680-åra. I 1684 selde han bruket til Nils Jenssen Hareid, og syster hans ervde det etter han i 1691. Ho var gift med borgarmeister Hans Hanssen i Bergen, og Furstrand vart proprietærgods. Same året kjøpte Ole Larssen Abelset bruket, som gjekk i arv frå den eine til den andre i Abelset-ætta på heile 1700-talet. I 1796 var der samfrendeskifte mellom enkja etter Henning Abelset (prest i Haram) og borna, og Charlotte Amalie Abelset fekk Furstrand, då verdsett til 25 rd, mot å gi frå seg Oppsal til broren Hans Thiis Abelset. Eit av dei første åra på 1800-talet vart Furstrand sold til O. Honningdal, som pantsette garden i 1809. Peder Tonning kjøpte Furstrand på auksjon i 1811 for 131 rbd. I 1819 vart Halvor Pedersen Abelset eigar, og i 1844 gav han skøyte

på Furstrand til svigersonen Ole Knutsen Magerholm for 200 spd, som så gav sonen Ole Severin Olsen Magerholm skøyte i 1851 for 50 spd. I 1864 vart brukaren på Furstrand sjølveigar, då han fekk skøyte på bruket for 200 spd. Det var Martinus Sakkariassen. Men berre to år seinare selde han $\frac{1}{2}$ av garden til Ole Rasmussen Håhjemsvik for same pris. Og det var dette året, 1866, bruket vart delt. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Gnr frå eldre til yngre som Ørskog-gard: 98, 101, 97, 100, 57. Skatteklasse øydegard. Skylda var i 1626 2 pd fisk, i tida frå kring 1640 til 1667 $\frac{1}{2}$ v 9 mk. Då vart skylda sett ned til 27 mk. Ny matrikkelskyld 4 ort 22 skill., revidert til M 1,62.

Tienda var i 1666 1 mæle havre og 4 mk ost, i 1717 4 skjepper havre og 8 mk ost.

Leidangen var i 1610 1 kalveskinn, i 1654 3 kalveskinn, sidan for det meste 2 kalveskinn. I 1717 10 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: 1 mann

1626: 1 mann. Sår 1 t havre.

1645: 2 mann

1651: 1 mann

1657: 1 mann. Krøterskatt $\frac{1}{2}$ rd 8 skill. av 6 kyr 4 geiter.

1666: 2 mann. Sår 1 t havre, avlar 3 t, kan fø 8 naut.

1717: 1 mann. Sår 1 t havre, avlar 5 t, fôrar 5 kyr.

1724: 1 mann. Nok brennevedskog. Seter $\frac{1}{4}$ mil frå garden, 1 bekkekvern.

Tungunnen og noko uviss til korn. Sår $1\frac{1}{3}$ havre, avlar 4 t.

Buskap: 4 kyr, 2 ungdyr, 6 sauher, 7 geiter. Mykje Stein.

1770: 1 mann. 1 bekkekvern

1791: 1 mann. 1 lakseverpe

1802: 1 mann. Sår 2 t havre, $\frac{1}{2}$ t blk. 4 foll. Fôrar 6 storfe, 1 hest, 16 småfe. 4 vaksne arbeidsfolk. Bruket verdsett til 55 rd. Bjørkeskog til brensel. Sommarbeite i utmarka. Årviss kornavling.

1835: 1 mann. Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 1 t blk, 1 t havre, $\frac{1}{2}$ t poteter. Krøter: 6 storfe, 12 sauher, 8 geiter, 1 svin.

1845: 1 mann. Sår $\frac{1}{2}$ t bygg, 2 t havre, 1 t poteter. Krøter: 6 storfe, 16 sauher, 1 svin.

- 1865: 1 mann. Sår $1\frac{1}{2}$ t blk, 2 t havre, 4 t poteter. Buskap: 4 kyr, 4 sauer, 16 geiter.
- 1866: 2 mann. 10 dekar «middelmådig» åker og dyrka eng, 24 dekar «middelmådig» natureng, «besværlige» utslåttar, lite meir kan dyrkast. Sånad og buskap for begge bruk til saman: $\frac{1}{4}$ t bygg, $2\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Avling 2 t bygg, 14 t havre 12 t poteter. 4 kyr 16 småfe. God hamnegang, men «af en farefuld beskaffenhet». Litt bjørk til sal. Lauv som försur-rogat. «Lett adkomst til søen, men ellers ubekvemt.»
- 1875: 2 mann. 6 kyr, 2 kalvar, 11 sauer, 23 geiter. Sår $\frac{1}{4}$ t bygg, $\frac{3}{4}$ t blk, 3 t havre og $3\frac{1}{2}$ t poteter.

BRUKARAR

Bruk A

Jon Eriksen

Br ca. 1600-1648

Eitt enkelt år er ein annan brukar nemnd i denne perioden ved sida av Jon. Det er ein Ole med kone i koppskattlista frå 1645.

I 1603 vart Jon kalla øydegarde Mann og la $\frac{1}{2}$ fj i tiend og 1 kalveskinn i leidang. I 1611 reidde han ut Laurits Samundsen Sandvik til Kalmarkrigen. I 1630 vart dottera Marit stemnd for lm med Jakob Fet. Stor fiske-tiend i 1636-1637 tyder på at Jon dreiv mykje fiske. Same året la han 3 kalveskinn i leidang. I 1645 koppskatt for seg og kona.

Ole Salmundsen Lade f ca. 1616

g N. N. Jonsd. Eidem

Br 1645?, 1648-ca. 1674? (delvis i lag med ettermannen på bruket).

Barn: Jon f ca. 1645 d ca. 1705, g Marte Olsd. (1655-1715).

Koppskatt for seg og kona i 1645 med 16 skill. I tida 1646-1647 er Ole ikkje nemnd som brukar. Jon Eriksen er nemnd i desse åra med skyld $\frac{1}{2}$ v 9 mk, og det er heile Furstrand. La $\frac{1}{2}$ rd 8 skill. i krøterskatt 1657 av 6 kyr og 4 geiter. Den Ingebrigt som er nemnd saman med Ole i 1664 høyrer truleg heime i Sandvik. Sidan både denne Ole og ettermannen nesten alltid vert nemnde berre med fornamn, er det uråd å vite sikkert kva tid dei var brukarar i lag og kva tid dei var åleine om bruket. I 1674 brann husa ned på Furstrand. Kan hende var det da Ole Salmundsen slutta som brukar.

Ole Ingebrigtsen

Br 1666-1682, delvis i lag med føremannen. Da husa brann ned, vart skylda sett ned frå $\frac{1}{2}$ v til 27 mk. I 1666 brukte han berre 1 mællag.

Elling Tormodsen f ca. 1657 d 1725

Br 1682-1701

Aldersoppgåva i manntalet i 1701 (36 år) må vere feil. Fødselsåret 1657 er etter aldersoppgåva ved død. Elling var soldat ei tid. Han flytte i 1701 til Bjørnevik.

Iver Larssen f 1666 d 1743

g Marte Olsd. d 1752, 100 år

Br 1701-1737

Born: 1. Elling f ca. 1699, unemnd 1744.

2. Siri, g Ole Larssen Melset (br Ba). Sjå s 169.

3. Ole f ca. 1701, g Berte Gulliksd. Melset (br Ba).

Skatta 1 ort 6 skill. i 1711 av 10 par skor. Fekk bygselsetel på $1\frac{1}{2}$ mællag i Furstrand i 1720 frå Christopher Abelset. I manntalet for 1701 står det at han har ein gammal verfar, 76 år.

I 1735 var han forlovar for ettermannen sin på garden. «Død i armod.»

Sk. 12/5 1744: Brutto 22 rd, netto 3 rd.

Hans Jonsen Langlo f 1714 d 1781

g 1. 1736 Kari (Jokumsd. Ramstad)? f ca. 1700 d 1740

g 2. 1740 Brite Aamundsd. Helsem f 1705 d 1751

g 3. 1752 Berte Samundsd. Rønes f 1728 d 1795

Br 1737-1781

Før ekteskap hadde Kari dottera Anne Olsd.

Born i 1. ekteskap:

1. Brite f 1736 d 1740, $3\frac{1}{2}$ år

2. Jon f 1739 d 1740, $\frac{1}{2}$ år

Born i 3. ekteskap:

3. Jon f 1753, g p br

4. Samund f 1754, d 3 veker

5. Brite f 1755 d 1756, 18 veker

6. Marte f 1757

7. Brite f 1760, legdslem i 1817. Hadde born: Andrea f 1792 d 8 dg, og Olina f 1800 d 1 år (far til Andrea: Tormo T. Strømsem, til Olina: Arne Ols. Nedregotten).

8. Hans f 1763, los, g Ellen Nilsd. Bustad Drevik i Borgund.

9. Samund f ca. 1769 d 1783, $14\frac{1}{2}$ år.

Fekk 10/7 1737 bygselsetel på berre 3 mk, men hadde teke over heile bruket i 1742. Truleg var det Iver som brukte resten i lag med han dei første åra.

Sk. 20/4 1752 etter 2. kona: Brutto 57 rd, netto 33 rd. I 1767 lånte Hans 32 rd av Ole Honningdal og sette i pant buskap, båtar, sjøreiskap etc. I 1775 står det om han: Tidligere formuande, nu fattig, d.v.s. før i stand til å betale skatt, ikkje no lenger. 1777: Ved utpanting «forefundet gandske fattig». 1781: «Bortdød fattig almisselem.» Sk. 6/10 1781: Brutto eige 24 rd, gjeld 38 rd.

Jon Hansen Furstrand f 1753 d 1819

g 1. Brite Steffensd. Hole f ca. 1725 i Sunnylven, d 1804

g 2. 1810 Magnhild Olsd. Grebstad (Sjurg.) (1764-1821)

Br 1781-1801

Barn i 1. ekteskap: Hans f 1780, g p br

Jon fekk bygselsetel frå Charlotte Amalie Abelset mot kår til foreldra.

I 1800 vart Jon stemnd for forliksretten av Aslak Pedersen Rønes (s.d.). På den tida åtte Birgitte Brandal Abelset garden Rønes, medan jomfru Charlotte Amalie Abelset åtte Furstrand. Desse gjekk med på forliket mellom Jon og Aslak.

På denne tida var det alt vanleg å betale småtiend (ostetiend) i pengar, og det vart ordna med ei «meiningsmåling» om også korntienda skulle betalast i pengar. Jon var mellom dei som ville det. 4 mark i pengar skulle då svare til 1 mæle korn.

I 1804 vart Jon igjen stemnd for forlikskommisjonen, denne gongen av Knut Jenssen Vinje. Knut hadde kjøpt 5 bukkar av Jon og betalt dei, men Jon hadde selt dei ein gong til til ein annan. No måtte Jon ut med 1 rd 3 ort + sakskostnader.

I 1813 er det Aslak Pedersen Rønes som er i tottane på Jon att. For ærerørige skuldingar som Jon har kome med mot kona til Aslak. Jon går straks med på alt det Aslak krev som «oppreisning».

Hans Jonsen Furstrand f 1780 d 1839

1802 g Pernille Halkjellsd. Oppsal f ca. 1770 d 1831, 66 år

1831 g 2. Larine Pedersd. Strømsholm f 1787 d 1849

Br 1801-1827

Born i 1. ekteskap:

1. Nils Kristian f 1802. g p br

2. Halkjell Bernt Bertil f 1808 (han var «ein skrue»).

3. Johan Bernt f 1818, g 1842 Karen Birgitte Karlsd. Fr. Fausa f 1817.

Johan var «fæl til å snakke bakvendt».

I 1802 vart bruket taksert til 55 rd. Presten Kjelstrup stemnde Hans saman med Steffen Olsen Bjørnevik fordi dei hadde gjort «en hæslig allarm» ved kyrkja etter preika på grunn av eit rykte om at den nybygde vaktstova hadde koste 100 rd (det rette var 9 rd). Presten sa om Hans at han tilgav han «i Betraktning av hans overordentlige Dumhed». Hans var med i krigen mot svenskane 1807-1811.

Nils Kristian Hanssen Furstrand f 1802 d 1866

g 1. 1825 Marte Helene Magnusd. Melset (br C) f 1802 d 1848. Sjå s 178.

g 2. 1851 Anne Andriane Magnusd. Klokk f Fausa 1786 (enkje etter Ole Andreassen Klokk br 1). Sjå s 206-207.

Br 1827-1850 Born med 1. kona:

1. Oline Petrine f 1823, g p br

2. Bastiane f 1826 d 14 dg

3. Hans Bastian f 1827 d 14 dg

4. Karoline Bastiane f 1828 d 3 veker

5. Karen Marie f 1831

6. Karen *Severine* f 1834 d 1917. Barn: Lars Martinus f 1865 (far: Lars Larss. Sjøholt). G 1871 em. Knut Pedersen Håhjem f 1819 i Midtli, d 1906.

7. Martinus f 1838 d 18 dg

8. Hans Rasmus f 1839 d 1840, 1 år

9. Hans Rasmus f 1841, barn: Lovise Karoline Petrine f 1869 (mor: Johanne Larsd. Klokkerhaug). Sjå Tjønes (Skuleolag.) og Blakstad. Nesja-Inger var 2. kona hans.

Nils fekk bygselsetel på 1 pd 3 mk i Furstrand frå Halvor Pedersen Abel-set 16/10 1827.

Sk. 28/1 1848 etter Marte: Brutto 118 spd, netto 40 spd.

Martinus Sakariassen Røyr f 1821 på Stranda, d 1884

1850 g Oline Petrine Nilsd. Furstrand f 1823 d 1899

Br 1850-1876

Born: 1. Ole Martinus f 1853

2. Ole Severin f 1855, g 1882 Anne *Oline* Nilsd. Nakkegjerde (1855-ca. 1928). Ole Severin omkom på fjorden i lag med fleire andre ved kollsigling på kyrkjeveg 6/4 1884 (sjå Ole Elias Olsen Løset på Rønes). Lét etter seg sonen Martinus Olaus f 1883. Brukte ikkje garden. Vert kalla innerst.

3. Iver Nikolai f 1857 d 1864

Martinus heldt på å bli med på den ulukkelege kyrkjeferda 6/4 1884, men gjekk ut av båten før dei reiste, som om han ante uråd. Døydde seinare same året.

1865: 4 kyr, 4 sauер, 16 geiter. Sår 1 ½ t blk, 2 t havre, 2 t poteter.

I 1875 sådde han 1 ½ t blk, 2 t havre og 2 t poteter og fødde 3 kyr, 1 kalv, 7 sauер og 8 geiter.

Sk. 1899 etter Oline: «Intet tilbake når Udfarten er betalt.» d.e. utlegg ved gravferda.

I hans brukstid, i 1866, vart bruket delt. Den delen Martinus sat på, hadde lnr 154 og fekk bnr 1.

Bnr 1

Lars Larssen Møllsæter f 1844 i Geiranger d 1935

g 1872 Marie Rasmusd. Skageflå f 1849 d 1925

Br 1876-1921

Born: 1. Oleanna f 1873 i Geiranger, g Iver Nerås frå Tomrefjorden.

2. Anne *Marta* f 1875 i Geiranger, g 1922 em. Tomas Jenss. Jordskar f Svinnset 1862. Huseigar på Vestre. Sjå Svinnset bnr 3.

3. Rasmus f 1878 d 1899

4. Lars f 1881 d 1905

5. Oline *Marta* f 1884 d 1902

6. Lovise Marie f 1887, d 1969, ug strikkerske.

7. Anne Petrine f 1890, g p br

Då garden vart delt i to bruk, fekk kvart bruk skyld 0.81. Lars hadde ein bror i Ålesund som dreiv forretning. Lars «skreiv på» for broren og miste garden i Geiranger.

Johan Alfred Olsen Fiksdal

1921 g Anne Petrine Larsd. Furstrand f 1890

Br 1921-

Born: 1. Lidvar f 1921, statslos i Koparvik, g 1950 Jorunn Slettedal f 1923 i Moi.

2. Oskar Einar f 1923, sjøkaptein, g 1951 Gerda Myre f 1929 i Sandefjord.

3. Målfrid f 1925, g 1951 Stig Askgård f 1929 i Ribe i Danmark.

4. Haldis f 1927, g 1950 Kjell Sletmo f 1927 i Sandar.

5. Anny f 1929, d 8 dg

6. Asbjørg f 1931, g 1957 Arne Wiegell f 1927 i København. Borna eig bruket, men ingen bur der. Jogardssetra har vore brukt som feriestad.

Bnr 3 SKOGGLYT

Utskilt frå bnr 1 i 1929, skyld 1 øre

Furstrand Skulekrins

Bnr 2

Knut Rasmussen Oppsal f 1835

g Ellen Katrine Martinusd. Røyr (Massipl.) f 1835

Br1870-1892

Born: 1. Birgitte f 1859, kf 1874

2. Karen Marie f 1866, på Tøsse ved kf

3. Olivie f 1874 d 1875 13 mnd

4. Olivie Cecilie f 1877

I 1875 fødde dei 3 kyr, 1 kalv, 4 sauер og 15 geiter. Sådde $\frac{3}{4}$ t blk. 1 t havre, 1 $\frac{1}{2}$ t poteter.

1 1882 stemnde Furstrand-brukarane brukarane frå Søvik, Løset S og Furnes fordi dei hadde skada vassdemninga ved Jogardstølen, og det gjekk ut over kvernane. Forlik: Furstrandkarane skal uhindra ha lov til å setje demninga i stand i same høgd som før, på eigen kostnad, og sidan skal ingen frå dei andre bruка ha noko med demninga å gjere.

Karl Pettersen Håhjemsvik f 1862 d 1936

g 1898 Beate Hansd. Ous f 1868 d 1962 på Stranda

Br 1892-1936, enkja til 1938

Born: 1. Olivia Helga f 1899 d 1947, g 1922 Waldemar Lerfall frå Stamsund f 1893 i Hol i Lofoten. Bustad Ålesund.

2. Anna Birgitte f 1900 d 1928. Skreddar.

3. Hans f 1903, g p br

4. Birgitta Oluffa (*Gitta*) f 1906, g 1933 Ole Sivertsen Nes frå Hjørundfjord, d 1956.

5. Klara Bergljot f 1913, slumsyster.

Kjøpte bruket av Ole Håhjemsvik frå Sandvik bnr 1 og fekk skøyte på bruket for 1710 kr. i 1902. Ole Håhjemsvik var son til Olave Larsd. Sandvik og Rasmus H. Vestre.

Karl var postførar. Henta posten på Sjøholt, skyssa han over fjorden og bar han m.a. Til Sandvik. Årsløna var 60 kr. Då Karl døydde fekk Beate sitje i uskift bu. Foreldra til Karl var Petter Jordskar og Ane Knutsd. Magerholm, som lenge var tenestjente hjå Ole Andreas Håhjemsvik, og der vokt Karl opp. Det var altså av fosterfarens han fekk kjøpe bruket.

Karl fødde ei 2-3 kyr, 25 geiter og nokre sauер. Heimefiske var attåtnæringer.

Hans Karlsson Furstrand f 1903

1939 g Nikoline Olsd. Solnørdal f 1906

Br 1938-1959

Born: 1. Bertha Johanne f 1940, barnepleiar på Vestnes.

2. Karl Olav f 1943, mekanikar i Brattvåg.

3. Arne f 1945, kontormann.

4. Oddvar f 1947

Fekk skøyte frå mor si i 1938 for 1800 kr. mot kår. Hans vart postførar, som faren, og dreiv og fiske ei tid. At han var ein framifrå sjømann viste ein skysstur med lærarinna i 1957 frå Søvik til Furstrand. I eit overhendig uver fekk Hans og snekka hans retteleg prøve seg. Då dei endeleg kom til Furstrand visste Hans nok om uver på sjøen til å forstå at dei ikkje måtte prøve å kome i land der. Dei snudde og kom seg trygt i land i Rønes. Sjå Sykkylvsbladet, des. 1960. I 1958 kjøpte Hans bruket «Lund» under garden Ørskog for 40 000 kr. og to plassar, den eine «Brodal» utskild frå Ørskog prestegard.

I 1960 flytte han frå Furstrand til Ørskog. Der har han m.a. vore kyrkjegardsgravar. (Sjå Ørskog II s. 249-250).

Willy Waldemarsen Lerfall f 1933 i Ålesund 1957 g Einy Edmundsd.

Larsen f 1936 i Ålesund Br 1959-

Born: 1. Beate f 1957

2. Geir f 1959 Kjøpte bruket av Hans Furstrand.

Husmenn på Furstrand.

Knut Furrschouff, nemnd i Blh pk 31 1621-1622

Han hadde sonen Rasmus f ca. 1620, som hadde sonen Knut, soldat i 1684. Det året vart han stemnd for lm med Brite Simensd. (Bjørnevik?), men «han nyder fri efter ordningen» (som soldat slapp han straff ved første lm). Dei sa dei ville gifte seg.

Halvor Iversen Rønes f Melset (br Bb) ca. 1715 g 1744 Ragnhild Eriksd.

Aure. Sjå s. 173.

Barn: Erik dp 12/7 1744

Halvor var bror til Elling Iversen Melset og Knut I. Hole. Budde ei tid på Rønes.

Ingebrig Hågensen

g Helge Johannesd. (også kalla Jokumsd.)

Born: 1. Kari f 1746, d 3 dg 2. Kari dp 10/12 1747 Kom hit frå Sandvik bnr 2.

Anders Andersen f ca. 1770

g Anne Halkjellsd. Furstrand f Oppsal ca. 1775.

Husmann på Furstrand 1803-1807. Sjå Kyrkjesteinen.

Amund Knutsen

g Marthe Olsd. f 1747 i Nakkegjerde.

Sk. etter begge 6/2 1843. Arving etter han er Borgund Fattigkasse, etter henne m.a. brorsonen Nils Sivertsen Løvoll br 1 frå Nakkegjerde.

Furstrand

Bruk A, bnr 1, 3, 2, husmenn.

Gnr 75 BJØRNEVIK

Særleg i eldre daglegtale var uttalen av namnet i tilstadsnemning Bjønnjavikja, i påstadsnemning Bjønnjavikjinnje. Første ledd er dyrenamnet bjørn, som i talemålet her er bjønnj (samanlikn kvern - kvennj). Eldre former: 1603 Biørneug, 1617 Biørneug, 1666 Biørnewig, 1700 Biørneug, 1723 Biørnevig, 1783 Biørneviig.

Garden ligg ved Storfjorden mellom Furstrand og Oppsal. Tunet ligg på ei hylle eit stykke opp frå sjøen og lendet elles er heller bratt.

Seter hadde Bjørnevik for seg sjølv.

EIGARAR

Bjørnevik var krongods Til 1630-åra då borgarmeister Hans Hanssen i Bergen kjøpte garden. Mot slutten av 1650-åra vart Peder Nielsen Lemb i Bergen eigar. Han døydde i midten av 1660-åra, men familien vart

eigarar til over hundreårsskiftet. Frå 1724 til 1748 var kommerseråd og byskrivar Hans Christian Gartner eigar, og selde til Christopher Abelset for 66 rd. Frå då av var Bjørnevik i Abelset-eige til Knut Olsen Bjørnevik kjøpte garden av enkja etter Christen Møller Abelset for 68 rd. Knut, som tente i Tusvik, selde Bjørnevik til Jens Vinje, og brukarane der åtte Bjørnevik til 1857, då Tommesen selde garden til Johannes Hallkjellsen Langeland. I 1863 kjøpte Martinus Amundsen Kjelstad bruket, og han vart og brukar i Bjørnevik.

MATRIKKELGARDEN

Tidlegare gnr, frå eldre til yngre: 100, 103, 99, 102, 58. Skatteklasse øydegard. Skylda var i 1606 1 pd fisk, i 1664 2 v fisk, ny skyld 4 ort 22 skill., rev. M 1,62.

I 1830-åra fekk garden løpenr. 155.

Tienda var i 1607 ½ fj og elles før 1650 ikkje over 1 fj. I 1667 1 ½ mæler havre og 10 mk ost, i 1717 3 skjepper havre og 6 mk ost eller 9 skill., i 1802 1 pd havre, 12 mk bygg, og 6 skill, i småtiend.

Leidangen var i 1607 1 kalveskinn, i 1667 2 kalveskinn, i 1717 12 skill. og i 1773 2 kalveskinn.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1606: 1 mann

1626: 1 mann. Sår 2 ½ mæler. Fiskeri til havs.

1657: 1 mann. 4 kyr, 4 sauер, 4 geiter.

1667: 1 mann. Sår 1 ½ t havre, avlar 4 t, kan fø 6 naut.

1714: 2 mann. Sår 1 ½ t havre, avlar 4 t, kan fø 4 naut.

1724: 1 mann. Nok brennevédskog. Seter ½ fjerding frå garden, tungvunnen til høy, noko uviss til korn. Sår 1 ½ t havre, avlar 4 ½ t, før 4 kyr, 2 ungdyr, 11 sauher (ei anna liste har litt andre tal).

1802: 1 mann. Sår 1 t havre, ¾ t blk, avlar 5 foll. Før 5 storfe, 16 småfe.

Nok brennevéd. Sommarbeite i utmarka. Sjeldan mode korn. 4 vaksne arbeidsfolk. Bruket verdsett til 60 rd.

1835: 1 mann. 1 husmann. Gardbrukaren sår 1 t bygg, 1 t blk. 1 t havre og 1 t poteter. Før 7 kyr, 14 sauher, 10 geiter, 1 gris.

1845: 1 mann. 1 husmann. Gardbrukaren sår 1 t bygg, 1-2 t havre, ½ -1 t poteter. Førar 5-6 kyr, 16-18 sauher.

1865: 1 mann. 2 plassemenn. Plassane medrekna: Fôrar 6 kyr, 6 sauher, 26 geiter. Sår 4 ½ t blk, 4 t poteter.

1866: 1 mann. 13 dekar «middelmådig» åker og dyrka eng, 25 dekar natureng av liknande kvalitet, «besværlige» fjellsråttar. Lite meir å dyrke. Sår ¼ t bygg, 2 ½ t havre, 2 t poteter. avlar 2 t bygg, 14 t havre, 12 t poteter. Før 5 storfe, 20 småfe. God hamnegang, men farefull. Litt bjørkeved til sal. Lauv som førsurrogat.

1875: 1 mann. Sår 1 ¾ t blk. 1 t havre. 2 t poteter. Før 6 kyr, 3 kalvar, 16 sauher, 16 geiter.

BRUKARAR Bnr 1

Ole Olsen

Br ca. 16007-1626

Han la fleire gonger 3. års byggsel av 2 mællag jord, men i 1622 av berre 1 ½ mællag. På den tida var der ein husmann Sven, som då truleg brukte ½ mællag nokre år. Ole er nemnd i ei liste så seint som 1634 (Bhl pk 66). Sonen tok over etter han.

Jørgen Olsen Bjørnevik

Br 1626-1632

Han la 7 rd i 1. byggsel i 1626. I Jørgen si brukstid er faren Ole nemnd i fleire lister, særleg tiendlister, t.d. 1627-1628 (Bhl pk 47) og 1631-1632 (Bhl pk 57). Neste brukar er sonen

Simen Jørgensen Bjørnevik

Br 1632-ca. 1655

1. byggsel av 1 v fisk som «hans fader for ham oplod» 1632 (Bhl pk 61). I 1645 la Simen koppskatt for seg og kona med 16 skill. Han hadde ikkje råd til å betale «kontribusjon» i 1645-46, men la 10 skill. i fornautspengar i 1647. Der er lite å halde seg til når det gjeld årstalet då han slutta som brukar. Neste mann heitte også Simen, og begge vart for det meste nemnde berre med fornamn.

Simen Hanssen f ca. 1610

Br ca. 1655-ca. 1685

La krøterskatt av 4 kyr, 4 sauher og 4 geiter i 1657 med 2 ½ slettmark 4 skill.

I 1666 brukte han 1 mællag jord. Og då er ettermannen hans alt nemnd

som brukar av det andre mællaget. Men i resten av den oppgitte brukstida for Simen Hanssen er berre han nemnd.

Serkve Ingebrigtsen f ca. 1636 sk. 1712

g Eugenie Nilsd.

Br ca. 1666, ca. 1685-1701

Born: 1. ? Jakob, kom til Skotte.

2. ? Jetmund, kom til Giskemo.

3. Ingeborg f ca. 1674 d ug 1774

4. Marte

5. Ole f ca. 1676, bygsla litt jord på Sjøholt 1720.

6. Tore f ca. 1680, g p br

7. Erik f ca. 1685, var i det militære i 1712, i flåten.

8. Ingebrigtsen f ca. 1687 utskrivne til militærteneste i 1703, og var i

1712 i kapt. Erich de Rochlings kompani. Sjå s. 405. For alt ein veit kan Serkve ha hatt litt jord å bruke heilt frå slutten av 1650-åra. Og etter 1701 er han nemnd i lag med ettermannen heilt til 1712. Det året var det sk. etter han 9/11. I sk. er nemnt 2 kyr 6 rd, 2 geiter, 1 haine kje. Brutto 7-4-10. 3 rd til åbot på garden. Gjelden var i alt på 12-2-4, så der var ingen ting å arve.

Eugenie Nilsd. gifte seg att med ein Knut og hadde dottera Synneve med han. Synnøve g Anders Jetmundsen Sjøholt og d 1712.

Elling Tormodsen Furstrand f ca. 1657 d 1725

Br 1701-1716

Han flytte frå Furstrand til Bjørnevikk i 1701 og var brukar i lag med føremannen så lenge han (Serkve) levde, i lag med Tore 1712-1716.

Elling hadde vore soldat. Hadde i 1711 ei tenestjente med 1 ½ rd i årsløn.

Han døydde i største armod.

Tore Serkvesen Bjørnevikk f ca. 1680 d 1763

g 1. ca. 1710 Ingeborg Olsd. f 1666 d 1724

g 2. 1725 Eli Iversd. d 1738

g 3. 1738 Brit Gammelsd. Kjølås d 1740 (barsel) 34 år

g 4. 1740 Randi Engebregtsd. Skotte

Br 1712-1762

Born: 1. Engebret f 1742, g p br

2. Tore f 1744, g 1797 Maren Jonsd. Valgermo. Då han gifte seg budde han på Håhjem. Tore d 1829.

3. Jon f 1746 d ug 1772.

Tore bygsla halve Bjørnevik, 1 mællag, av H. Møller i 1712. I den oppførde brukstida hans var der også to andre brukarar, først Siver Simensen, så bror til Tore.

Det vert fortalt at Tore var ein stor, svær kar. Ein gong han skulle til byen i robåt hadde han fått med seg raspaball som niste. Før han la frå land åt han opp heile nista og kasta dallen på land.

Sokneprest Rude i Ørskog fann denne gravskrifta på kyrkjegarden:

«Store Tore Bjørnevik ligger her i sin kiste, største troll som på jorden gik som Gud og hvermann visste.»

Han som fortalte dette, la til: «Det må ha vore enj bøkkje.» Men han var no ikkje verre enn at han fekk seg tak i 4 koner. Sk. 1763: Brutto 20 rd, gjeld 39 rd.

Ingebrigts Toresen Bjørnevik f 1742
g 1766 Sidsel Salmundsd. Kjølås f 1730 d 1809

Barn: Tore f 1767

Bygsselsetel fekk han først 17. mai 1764 fra Christopher Abelset. Både Ingebrigts og mora Randi flytte frå Bjørnevik i 1766 «formedelst armod». Ein stad under omtalen av neste brukar vert det fortalt at «forrige bruker var Ingebrigts». Bruket må altså ha lege øyde i 5 år.

Ole Knutsen Vesterås f 1745 d 1817
g Ane Steffensd. Hole, Sunnylven, d 1809, 73 år
(syster til Berte S. Furstrand)

Br 1771-1805

Born: 1. Marte f 1773 d 1847, g 1. 1800 Ole Jakobsen Ørsnes (1777-1830).
g 2. 1833 Jakob Hoversen Grebstad.
g 3. Lars Knutsen Jarnes f Vik
(sjå bd 1 s. 22, 148, 285 og bd 3 s 363).
2. Knut f 1776, g Margrete Pedersd. Budde på Gruen i Borgund. Var eigar av Bjørnevik nokre år då han tente i Tusvik.
3. Steffen f 1780, g p br
4. Marte Steffine f 1782 d 1795

Ole Knutsen var i 1773 skuldig 2 rd 8 skill. for «undsetningeskorn» han hadde fått. I 1775 hadde han greidd å betale halvparten. Vart året etter kalla «ganske fattig». Tiend i 1792: 1 fj havre 2 mk ost, 4 skill. i fisketiend.

Steffen Olsen Bjørnevik f 1780 d 1855

1805 g 1. Marte Olsd. Stølen f ca. 1776 i Stordal, d 1822

1823 g 2. Anne *Helene* Olsd. Løset S br 2 f 1793 d 1866

Br 1805-1846

Born i 1. ekteskap:

1. Ole Severin f 1805, til Myrset (Peg.)

2. Gunder Martinus f 1808 d 1821, 13 ½ år

Barn i 2. ekteskap:

3. Oline Marie f 1824, g p br

Steffen fekk bygsle bruket av Jens Vinje i 1805. I 1806 selde han ein jordpart i Stølen som kona hadde arva. Vart i 1810 stemnd for forlikskommisjonen av presten Kjelstrup fordi han etter gudstenesta hadde spreitt falsk rykte om at den nye vaktstova hadde kosta 100 rd (det rette var 9). Steffen tilstod, men det var andre som hadde narra han. Han fekk tilgjeving, men måtte betale kostnadene ved foriksretten. - I 1813 var han ute i militærteneste, men vart send heim på grunn av ein skade i brystet. Sk. etter Marte 1822: Brutto 157 spd, netto 115 spd.

Aksel Olsen Folven f 1809 i Oppstryn, d 1896

1884 g Oline Marie Steffensd. Bjørnevik (1824-1916)

Br 1846-1863

Born: 1. Olave f 1844 d 1863

2. Severine Olave f 1846 d ug 1883

3. Ole Elias f 1848

4. Marte Eline f 1851 d 1942, g Martinus Knutsen frå Dyrkorn. Ho skreiv seg for Ella Olsen. Martinus reiste til Amerika før dottera Olivia var fødd, mora då Olivia var 3 år. Olivia f 1888.

5. Karen Olave f 1851 (tvill.), d 1927 g 1879 *Hans Petter* Bastiansen Ullavik f Klokkerhaug (1853-1927)

6. Ole Severin f 1854, bustad Vestre. Omkom på havet 1/3 1878, ug

7. Knut Johannes f 1858 d 1945 g Tøri Fredriksd. Lindsetgjerde frå Skjåk. Leiglending på Skarbø.

8. Anne Oline f 1862, kf 1877

9. Olave f 1866. Til Minnesota i 1893.

Aksel fekk bygselsetel frå kapt. Lied i Tusvik mot kår til Steffen og kone. I 1863 måtte Aksel gå frå garden. Han fekk seg eit lite stykke på bruket og bygde der (Nedrevik). Han greidde seg ikkje økonomisk. Alt i 1856 vart han stemnd av prokurator Sanne på vegne av kapt. Lied som klaga

over at Aksel hadde vanstelt bruket og late husa forfalle, og at han også stod til rest med landskyld.

No kom den slekta til Bjørnevik som skulle setje det sær preg på garden som han har hatt sidan.

Martinus Amundsen Kjellstad f 1820 i Sunnylven, d 1898

g Marte Sølfestsd. Langeland f 1815 i Sunnylven, d 1899

Br 1863-ca. 1890

Born: 1. Amund f 1849, g p br

2. Sølfest f 1853, g 1894 Karoline Lassesd. Oppsal (Bytehaugen) f 1853. Bustad Ramstad (Hansg).

3. Henrik f 1855, til Amerika.

Martinus var fødd i Ringdal og ætta frå Kari Øy. I 1865 fødde han 4 kyr og 20 geiter, og sådde 3 t blk og 2 t poteter. I 1875, 5 kyr. 2 kalvar, 10 sauher, 12 geiter. Sådde 1 ½ t blk, 1 t havre og 1 ½ t poteter. Sonen tok over bruket.

Amund Martinussen Kjellstadli f 1849 i Sunnylven, d 1946

1876 g Anne Svendsd. Ullavik f Svarstad i Innvik 1853, d 1910

Br ca. 1890-1914

Born: 1. Martinus f 1875, d ug 1895

2. Svenn f 1877, g p br

3. Knut Andreas f 1880. Var i Amerika. Dreiv sidan mekanisk verkstad i Brattvåg.

4. Mattias f 1883, til USA. Vegoppsynsmann i Wash.

5. Eline Karoline f 1885 d ug 1943. I Bjørnevik all sin dag.

6. Ole Andreas f 1888, farmar i Wash.

7. Henrik Sigurd f 1891, mek.verkstad i Brattvåg.

8. Hans Elias f 1893, gbr og vegvaktar i Samfjord i Vatne.

9. Bjørn *Martinus* f 1896, skodespelar, eige teater i Oslo.

Amund var smed og børsemakar. Var ein av dei som starta eit samtalelag i 1880 til drøfting av samfunnsspørsmål. Var abonnent på «Jordbrugeren». Medlem av heradstyre og formannskap. Svigerfar hans. Svend Abrahamsen døydde i Bjørnevik i 1903, 79 år.

Svenn Amundsen Bjørnevik f 1877 d 1962

1913 g Tomasine Olsd. Åsen f 1883 i Sunnylven, d 1917

Br 1914-1947

Barn: Amund f 1915, g p br

Svenn var smed, mekanikar og treskjærar. Han gjekk i smedlære på

Kongsberg og i Stockholm. Fekk skøyte på bruket frå faren og to av brørne i 1920 for 5000 kr. Kår til faren. Han bygde ny stove bygning i 1927, 10,8 x 7,5 på 2,3 m gråsteinsmur, 1 ½ etasje. På Bjørneviksetra var der i 1940 sel med to rom, og fjøs med mjølkerom. Tomasine var syster til Edvard Oppsal. På gravsteinen hennar står fødselsåret 1893. Svenn hadde ei tid motorbåtskyss som attåtnæring.

Amund Svennson Bjørnevik f 1915

1945 g Laura Kaspara Olsd. Vidhammer f Kurset 1916

Br 1947-1967

Born: 1. Tordis Elina f 1945, tilsett ved Sykk. Sparebank, g Bjørn Stang
frå Rjukan, f 1946.

2. Lillian Irene f 1947, g Odd Navelaker, Søvikdal.

3. Sigmund Ole f 1949, g Toril Gjerset. Bur Fauske.

4. Inger f 1953, g Knut Skotheim. Bur Grebstadlia.

5. Anne Margrethe f 1956, arb. fiskevegnfabr. Ørsnes.

Amund har drive litt som mekanikar også som fiskar. Flytte frå Bjørnevik, som vert brukt som sommarbustad. I 1974 selde Amund garden til borna, men kjøpte han att i 1976.

I Bjørnevik har dei teke vare på mange interessante gamle ting, slik at der på garden enno er ting som var gamle alt då første Kjellstad-mannen hadde dei med til Bjørnevik. Såleis er der ein godt forseggjord ølolle frå 1772. Inskripsjonen har språklege manglar, men lyder i allfall slik:

«Godafthen her vært

jeg beder om hus

Tap i store Bøllen

så får vi et Rus.»

Eit alnemål av tre er frå 1785. Så er der ei mengd reiskap som Kjellstad-karane laga sjølve til bruk i smedyrket. Der er noko dei kalla gjengebakke, som dei har i ulike storleikar, og eit slags skrustikke som dei kalla pålekløve. Der er ei slik frå 1851 og ein passar frå same året. Svenn hadde med seg frå Sunnylven ei ljossaks som er i Bjørnevik enno.

Så har dei ei kiste av heil eik, frå Holland, kjøpt i Ålesund av Svenn. Kista er dekt med seglduk. Ei anna kiste, frå 1840, fekk Sølfest tak i. Den har på innsida av loket påkleba eit bilet av Christian Jakobsen Drakenberg som vart 146 år gammal, med eit dikt om han.

Bjørnevik-karane var kjende smedar og hadde stor produktvariasjon, frå glefser til gravkors, og dei bora opp remingtonriller til haglevær. Gerhard Grønningsæter, utskiftingsmannen, gir Kjellstadslekta ein sterkt rosande omtale i ein artikkel i Møre Tidend nr 67, 1. årgang 1917.

Plassar under Bjørnevik

UREN

Halkjell Bernt Hanssen Furstrand f 1807 d 1871

1832 g Ingeborg *Marie Jensd.* Viset f 1811 d 1903

Born: 1. Jens Petter f 1834, levde i 1871.

2. Lovise Bergitte f 1836. Var ugift i 1865.

Bernt fekk bygsle eit stykke mark som då vart kalla «Ytsteberg» 10/10 1834 av Lars Tommesen i Tusvik. Etter Bernt vart plassen til dagleg kalla Bernplassen. I 1865 fødde dei 1 ku, 4 sauер og 4 geiter, og sådde 1 t blk og 1 t poteter.

NEDREVIK

Aksel Olsen Folven f 1809 (sjå hovudbruken).

Som alt nemnt greidde dei seg ikkje økonomisk på hovudbruken og tok eit stykke av bruket. Dette stykket vart kalla Akselvikja sidan.

I 1865 fødde dei 1 ku, 2 sauер og 2 geiter og sådde $\frac{1}{3}$ t blk og $\frac{1}{3}$ t poteter.
I 1875 fødde dei 1 ku og 6 sauер og sådde $\frac{1}{4}$ t blk og $\frac{1}{2}$ t poteter.

Husmenn i eldre tid.

Sven, nemnd 1623—24 og brukte då truleg $\frac{1}{2}$ mællag jord.

Siver, nemnd 1635-37, hadde litt jord og betalte korntiend.

Gnr 76 OPPSAL

Namnet tyder, som Rygh skriv, «garden som ligg høgt». Folk frå staden har merkt seg likskapen med ein ridesal: Det halla til begge sider frå tunet, men i namnetydinga har ikkje dette noko for seg.

Eldre former: 1643 Opsall, 1664 Opsallen, 1712 Upsal, og i folketellinga frå 1900 vart garden kalla Purhaugen. Dette siste er det vanlege i daglegtalen enno.

Garden ligg nordaust for Sandvik, og dei to gardane ligg bø i bø, med ein steingard i bytet.

EIGARAR

På 1600-talet er Oppsal først krongods. Garden er ikkje nemnd i matrikkelen frå 1626, men andre kjelder viser at garden vart rydda nokre år før. Borgarmeister Hans Hansen i Bergen vart eigar kring 1650, og i 1650-åra kjøpte Peder Lem i Bergen fleire Furstrand-gardar, mellom dei Oppsal. Peder Lem døydde i 1660-åra, men arvingane heldt på garden til over århundreskiftet. Byskrivar Hans Chr. Gartner i Bergen åtte Oppsal frå 1710 til 1748, då Christopher Abelset kjøpte garden (saman med Bjørnevik og Sandvik). Ved sk. etter enkja i midten av 1770-åra fekk sonen Henning Abelset, prest i Haram, Oppsal-garden, og enkja Margrete Nagel etter han. Ved samfrendeskifte mellom Margrete og borna i 1787 gjekk Oppsal til Hans Thiis Nagel Abelset, som kort etter selde til Henning Abelset. Han gav garden til tenestejenta si, Siri Larsd. Stige, og Joachim Krey disponerte garden for henne. Oppsal vart selt til H. H. Mechlenburg, og ved sk. i 1820 var det dottera Antonette Laurentse som fekk garden. Ho selde til borgarmeister Metlie, som selde til Ole Pedersen Aure i 1846.

MATRIKKELGARDEN

Gnr frå eldre til yngre: 99, 102, 98, 101, 59. Skattekasse øydegard. I 1642 var skylda i pd smør, og sidan vart Oppsal oftast førd med smørskyld, men òg stundom med fiskeskyld. 1672 $\frac{1}{2}$ pd srnør, 1674 1 pd fisk, likeeins i 1721.

I 1636 var tienda 1 fj., i 1639 $\frac{1}{2}$ fj., i 1666 1 mæle korn og 8 mk ost. I 1675 16 mk havre.

Leidangen var for det meste 1 kalveskinn, såleis i 1641. I 1714 9 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1636: 1 mann

1657: 1 mann. Krøterskatt av 4 kyr og 6 geiter.

1667: 1 mann. Sår 1 t, avlar 3 t havre, kan fø 6 naut. Kan skatte av $\frac{1}{2}$ pd smør. Brennefang.

1717: 1 mann. Sår 1 t, avlar 3 t havre, før 5 naut. Brennefang.

1724: 1 mann. Nok brensel. Har inga seter. Tungvunnen til høy, noko uviss til korn. Sår 1 t, avlar 3 t havre, førar 3 kyr, 1 ungdyr, 4 sauer og 3 geiter.

- 1802: 1 mann. Skog til brensel, nok sommarbeite, kornavlinga vert sjeldan fullmoden. 3 arbeidsfolk. Bruket verdsett til 45 rd.
- 1835: 1 mann. 1 husmann med uskyldsett jord. Gbr sår 2 t blk. $1\frac{1}{2}$ t havre, $\frac{1}{2}$ t poteter. Fôrar 6 kyr og 16 sauier.
- 1845: 2 mann. Sår $1\frac{1}{2}$ t bygg, $1\frac{1}{2}$ t havre, $1\frac{1}{2}$ t poteter. Fôrar 7 kyr og 24 sauier.
- 1865: 2 mann. Sår $2\frac{1}{2}$ t blk, 2 t havre, 5 t poteter. Fôrar 5 kyr og 30 geiter.
- 1866: 2 mann. (Matr.føreb.arb.): Øvre Oppsal: 11 dekar åker og dyrka eng av «middelmådig» kvalitet, 26 dekar natureng av liknande kvalitet, «besværlige fjellslåtter», lite meir dyrkbar jord, sår $\frac{1}{4}$ t bygg, $2\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Avling 2 t bygg, 14 t havre, 11 t poteter. Krøter: 3 kyr, 18 småfe. God hamnegang, men farleg. Litt bjørk til sal. Lauv som førsurrogat.
- Nedre Oppsal: 5 dekar god åker og dyrka eng, 7 dekar «middelmådig» natureng, ikkje meir å dyrke, sår 1 t havre, 1 t poteter, avlar 6 t havre og 6 t poteter. Krøter: 1 ku, 6 småfe. Brenneved.
- 1875: 2 mann. Sår $2\frac{1}{4}$ t blk, 2 t havre, $4\frac{3}{4}$ t poteter. Fôrar 7 kyr, 2 kalvar, 10 sauier, 20 geiter.

BRUKARAR

Her veit vi kven som var første brukaren og kva tid garden vart rydda. Det ser ut til at den jorda som vart rydda, til då hadde høyrt til Sandvik, eller Stor-Sandvik som garden vart kalla stundom på denne tida.

Bnr 1 ØVRE OPPSAL

Knut Rasmussen

Br 1613-1633

Då Knut la 3. års bygsel av 1 mællag i 1616 med $\frac{1}{2}$ ort heiter det at garden var «nyligen opryddet». I 1621 vart Knut kalla Knut Ødegård, i 1622 Knut Sandvig Ødegård, og for første gong i 1624 vart han kalla Oppsal. I 1626-matrikkelen er Oppsal ikkje med, heller ikkje under Sandvik.

Elling Jonsen Strand

Br 1633-1640

Han bygsla bruket som på denne tida hadde $\frac{1}{2}$ pd smørskyld, for 4 rd.

Etter namnet å døme ligg det nærmest å tru at han var frå Vatne. I 1638 er han nemnd mellom «ødegårdsmend og andre fattige».

Ole Larssen Sandvik f ca. 1619

Br 1640 ca. 1685

Barn: Lars, som i 1655 var ein av dei unge mennene som høvde til å gjere militærteneste i flåten.

Ole brukte 1 mællag 1 fj og la $\frac{1}{2}$ ort i 3 års bygsel i 1643. I 1645 la han 16 skill. i koppskatt for seg og kona. Krøterskatten i 1657 var $2\frac{1}{2}$ slettmark av 4 kyr og 6 geiter.

Han forsømde skyssplikta si i 1665 og måtte bøte med 1 mk sølv ($=\frac{1}{2}$ rd) og fekk to år seinare 1 rd i bot for stemnefall. - Leiglendingskatten hans syner at der var store endringar frå år til år. I 1662 $1\frac{1}{2}$ ort 6 skill. 2 alb. I 1663 $1\frac{1}{2}$ rd, i 1664 $\frac{1}{2}$ rd, i 1665-67 $1\frac{1}{2}$ rd, og i 1677-84 2 ort!

Torkjell Knutsen ca. 1648 d 1733, aldersoppgåve 91 år

g Sylvi Tormodsd. f ca. 1667 d 1733, 66 år

Br ca. 1685-1715

I 1711 la han ekstraskatt for seg og kona, 12 skill. av 4 par skor. Namnet hans vart skrive Toerchield i 1701, Torgils i 1711, Torgier i 1713 og Torger i 1714.

Mons Pedersen Døving f ca. 1685 d 1734 g Karen Sjursd. t ca. 1675

Br 1716-1734, enkja til 1736

Born: 1. Sjur f ca. 1719

2. Peder f ca. 1721 d 1744

3. Ole f 1723

Fekk bygselsetel i 1716. I 1725 var han «Fôrarmet». På møtet på Stranda i 1734 der det skulle kontrollerast kva for gardar som hadde fiskeskyld, var ombudsmannen Hans Møller for svak til å møte, men enkja møtte og sa at det lenge hadde vore betalt landskyld i fisk, men før var det smørskyld.

Sk. 24/4 1734: 5 raude eller raudsida kyr, 1 årsgammal okse, 5 geiter, 2 fjorskje, 5 sau med lam. Brutto: 22 rd, gjeld 20-3-15.

Enkja gifte seg att i 1737 med

Anders Torsteinsen Rønes frå Sollid

Br 1736-1746

Hans barn frå 1. ekteskap: Guri f ca. 1692, g p br

Anders hadde vore brukar av halve Rønes frå 1715, og fekk bygselsetel på Oppsal 12/3 1736 frå Anders Møller. Vart stemnd for gjeld eit par gonger, såleis i 1741 av Christopher Abelset for jorddrottlege rettar.

Klemet Halkjellsen f ca. 1698 d 1750
1746 g Guri Andersd. Oppsal f ca. 1692
Br 1746-1750, enkja til 1751
Guri gifte seg att med

Iver Olsen Jordskar d 1767, 48 år
1752 g ek. Guri Andersd. Oppsal f ca. 1692 d 1771
Br 1751-1767
Ingen born.
Sk. 1767: Brutto eige 44 rd, gjeld 53 rd.

Knut Ingebrigtsen Klokk (br Cb - br 6) f 1746
1768 g ek. Siri Olsd. sk. 1781
Br I768-ca. 1781
Barn: Ole *Martinus* f 1774. Han hadde vore postkar på Sjøholt i $6\frac{1}{2}$ år då han var vitne i ei sak i 1803 om ei klage over sein postgang mellom Hellesylt og Molde.

Knut bygsla Oppsal 1768 av Charlotte Amalie Abelset. I 1769 vart han stemnd av sersjant Pihl og Elias Aure for ulovleg skoghogst på Kyrkjesteinen.

Knut og kona må ha flytt frå bygda før kona døydde. I 1788 var Knut på Myklebust i Haram.

Halkjell Pedersen Matvik f ca. 1730 d 1798
g Kristi Andersd. f ca. 1735 d 1800
Br ca. 1781-1797
Born: 1. Pernille f ca. 1770, g 1802 Hans Jons. Furstrand.
2. Martinus f ca. 1772, g p br
3. Anne f ca 1775, g 1796 Anders Aleksandersen Sjøholtstrand. Sjå Kyrkjesteinen
4. Anders f 1781, g 1808 Karen Knutsd. Valgermo.

Sersjant Lars Pihl og Johannes Aure stemnde Halkjell i 1787 for ulovleg skoghogst i skogen deira i Kyrkjesteinen. (SSTb nr 26 s 58). Hallkjell vedgjekk utan vidare at han hadde hogt der, men sa at han berre hadde gjort som føremannen hans på Oppsal hadde gjort, og meinte der fanst eit skriftleg prov på at Oppsal hadde ein skogteig i Kyrkjesteinen. Saka vart utsett til seinare på året. No sa Halkjell at jorddrotten hans hadde

lova å hjelpe han i denne saka. Men jorddrotten møtte ikkje i retten. Dom , eller rettare, forlik, i 1788: Halkjell sa at jorddrotten no hadde svikta han, etter å ha sagt at han ville skaffe prov for at Halkjell ikkje hadde gjort noko gale. Så Halkjell bad om tilgjeving og ville ha forlik. Det fekk han, mot å betale sakskostnader.

Sk. 20/6 1788: 28 rd, netto 14 rd. Sk. 30/9 1800: Brutto 33 rd, netto 11 rd.

Martinus Halkjellsen Oppsal f ca. 1772 d 1841

1796 g 1. Synneve Olsd. (Nedre Søvik?) d 1798, 28 år

1799 g 2. Kari Olsd. Nedre Søvik d 1819, 63 år

1819 g 3. Berte Olsd. Gjæve f 1767 (dotter til Ole Pauls. Gjævenes)

Br 1797-1803

Born i 1. ekteskap:

1. Magnus f 1796 d 14 dg

2. Synneve f 1797 d 8 dg

Barn i 2. ekteskap:

3. Kristian Syver f 1800

Flytte til plass på Nedre Oppsal i 1803 (s.d.).

Knut Knutsen Abelsen

g 1. Tyri Iversd. Oppsal f 1774, sk. 27/4 1810

g 2. 1814 Siri Syversd. Brunstad (Jakobg.) (1770-1854)

Br 1803-1846

Born i 1. ekteskap:

1. Ole Kristian f 1801 d 1884, g 1820 Johanne Ellingsd. Vaksvik f ca.

1793. Bustad Vaksvik.

2. Emmer f 1803 d 4 dg

3. Knut Rasmus f 1805 d 1 mnd

4. Berte Marie f 1806

5. Berte Katrine f 1807, d 9 veker

6. Berte Karoline f 1808, d 3 veker

7. Anne Ivrine f 1810 d 4 dg

Born i 2. ekteskap:

8. Tyri Lauretse f 1814

9. Berte Marie f 1816 g p br

Knut fekk bygselsetel frå Siri Larsd. Stige ved verje J. N. Krey 26/3 1803.

Ny plassesetel 26/3 1809 frå dei same.

Sk. 27/4 1810: Brutto 144 rbd, netto 112 rbd.

I aug. same året fekk Knut skøyte på ei «stolpebod» for 9 rbd frå Iver Knutsen og Anne Eriksd. Oppsal,

I 1843 vart plassen på Nedre Oppsal bortbygsla for seg med skyld 1 ort 6 skill, og hovudbruket fekk då att den tidlegare skylda på 4 ort 22 skill.

Lasse Olsen Følven f 1815 i Oppstryn, d 1892

g Berte Marie Knutsd. Oppsal f 1816 d 1889

Br 1846-1856

Born: 1. Knut Olaus f 1847, g 1872 Oline Petrine Paulsd. Ø. Søvik br 1.

Hadde barn med henne før ekteskap: Peter Olaus Ludvig f 1869

2. Karoline Marte f 1853, til Ramstad, bnr 4 (Sølfest Bjørnevik).

Lasse greidde seg ikkje på garden og flytte til Bytehaugen, også kalla Lasseplass. Husa brann ned på Øvre Oppsal og dei greidde ikkje å få opp nye, selde garden, tok frå eit stykke av den og bygde hus der.

Anders Kristian Pedersen Åkernes f 1825 d 1917

g Ivrine Benjaminsd. Ytre Ekroll f 1828 d 1905

Br 1856-1900

Born: 1. Peder f 1856 på Åkernes, p br, flytte til Rønes

2. Benjamin f 1858, utvandra til Amerika

3. Martinus f 1860

4. Inger Sofie f 1866, 1888 g Ole Karolussen Rødal, bustad Kaldhussæter.

5. Ellen Marie f 1869, d 1 mnd

6. Andreas Laurits f 1872 g 1895 Johanne Knutsd. Opskar, f 1870.

Han d 1946, ho 1963.

Ein av brørne til Benjamin utvandra til Amerika. Det var Andreas som var 2 turar der. Ivrine var fødd i Sunn-ylven, og foreldra hennar flytte frå Nedre Oppsal til Skodje. Ein bror av Anders Pedersen kom til Ramstad (bnr 8).

Anders fekk bygselsetel frå Ole Pedersen Aure. Kår til Lasse Olsen og kone, 28/6 1856. Anders Pedersen var krøterhandlar.

Peder Andersen Oppsal f 1856

Br 1900-1907

Fekk skøyte på bruket for 1600 kr. 7/7 1900 frå Emte Pedersd. Aure. Kår til foreldra. I 1907 flytte han til Rønes.

Edvard Benjaminsen Myklebust f 1879 i Syvde g Petrine Olsd. Aasen f

1879 Br 1907-1918

- Born:
1. Klara Sofie f 1903 i Ålesund, d 1930, syerske
 2. Oskar f 1906, utvandra til Amerika
 3. Knut Adolf f 1908, g 1937 Ragna Tennfjord f 1911, bustad Lande.
 4. Olav Kjartan f 1910, til Amerika og New Zealand.
 5. Emma f 1914, ug, bur Ørskog. Syerske.
 6. Signe Olava f 1916, g 1945 skreddar Martin Frøysa f 1903. Bustad Nedre Lande.
 7. Trygve Edvard f 1919, møbelsnikkar, g i USA 1947 Kari Marie Joakimsd. Skottet 1919.
 8. Agnes Valborg f 1922, g 1945 Elias Knutsen Vestre f 1906. Bustad Vestre.

Edvard Myklebust tok namnet Oppsal. I 1918 flytte han med familie til Sjøholt, og fra den tid har bruket lege øyde. Brukarane på grannegardane brukte det ei tid i lag, sidan fekk dei kvar sine teigar. Somme hadde dyr der, andre slo der. Ysteri vart drive der i over 20 år, og det vart brukt ei tid som skule: Ysteri i kjøkenet, skule i røykstova.

I 1920 gav Edvard Oppsal skøyte på bruket til Peder Anderssen Rønes, Peder O. og Hans L. Sandvik og Svenn Bjørnevik, 3000 kr. for bruket med hus.

Iver Knutsen Klokk (br B) d 1810, 65 år
 g 1. 1767 Charlotte Amalie Olsd. Melset (br C) f 1746 d 1791
 g 2. 1792 Anne Eriksd. Udvig d 1810, 71 år
 Iver Knutsen var først gardbrukar på Klokk, alle borna var fødde der og er tekne med under Klokk (br B).

Det er noko uvisst kvar Iver budde på Oppsal, og det er nokså sikkert at han ikkje var gardbrukar der. Når vi likevel tek han med, er det fordi han åtte fleire hus der. Han var smed av yrke. Budde kanskje hjå dottera Tyri.

Sk. 1791 etter 1. kona: 55 rd, gjeld 4 rd.

Sk. 6/6 1810 etter Iver og 2. kona: 1 stor smiesleggje, 4 smiehamrar, 1 smiebelg, 1 smie av tømmer med torvtak, reiskapar av ymse slag, 1 bal-beerkniv (!), 1 færing, 1 seienot, 1 eggjaline, 1 stavenauast med bordkledning og torvtak, 1 stolpebur av tømmer med sval i begge ender og med gang på øvste sida, med torvtak, 1 dansk bibel, Poul Andersens huspostill, Den kristelige lærdoms hovedpunkter, Den åndelige kjede, salmebok. Mykje fint damety som sjølv «kondisjonerte kjøpte». 166 rd, netto 60 rd.

NEDRE OPPSAL

Martinus Halkjellsen Oppsal f ca. 1772 d 1841

Br 1803-1841

Han var først brukar på hovudbruket på Øvre Oppsal, men greidde seg ikkje der, lét Knut Knutsen få ta over, og flytte sjølv til ein plass på Nedre Oppsal. Sonen Kristian f 1800, g 1833 Petrine Oline Ingebrigtsd. Fiskerstrand f ca. 1792. (Sjå Knut Knutsen, s. 395).

Rasmus Olaus Magnussen Melset (br C Olmang.) f 1809 d 1883

1834 g Berte Iversd. Hauge f 1797 i Sunnylven d 1883

Br 1843-1883

Barn: Knut f 1835, g Ellen Martinusd. Røyr f 1835

Plassen på Nedre Oppsal vart særskilt bortbygsla og skyldsett 2/10 1843, og Rasmus fekk bygselsetel same dag frå kjøpmann Wasmuth som verje for Antonette Mechlenborg. Rasmus fødde i 1865 2 kyr og sådde 1 t blk, 2 t poteter. Han vart i 1853 vald som oppsynsmann på Furstranda for sunnhetskommisjonen. 1875: 2 kyr, 4 sauher. Sår $\frac{3}{4}$ t blk, 1 t poteter.

Hans Andreas Halkjellsen Langeland f 1824 d 1903

g 1. Petrine Andersd. Åsen f 1836 i Sunnylven, d 1884

g 2. 1888 Berte Petrine Kristensd. Blakstad (1845-1930)

Br 1884-1903, enkja til 1907

Hans Andreas hadde ei dotter før ekteskap:

Oline Anna f 1850 på Gjerde i Valldal (mor: Ingeborg Jørgensd. Gjerde). Oline Anna g 1875 steinarb. Martinus Jakobs. Muri (1846-1908). Dei budde i Ålesund til brannen. Då flytte dei til Tafjord, der Oline Anna fekk tomt av halvbror sin, Ola, og dei bygde seg hus der.

Born i 1. ekteskap:

1. Hans f 1857, g Olave Mo frå Stordal.
2. Ole f 1859, g Johanne Mo, Stordal.
3. Nils f 1864, felespelar. Gift med indianarjente i USA.
4. Peter Andreas (1867-1929), sjå bnr 16 Straume, bd 2.
5. Anne f 1869
6. Ella f 1871 d 1925 i Seattle, g Kroger, tyskar.

Alle borna utvandra til Amerika. Familien budde ei tid på Slettebakken i Sunnylven, deretter på Skothalsen i Stordalen, der fleire av borna vart fødde. Derifrå flytte dei til Bjørnevik og budde hos Martinus før dei kom til Oppsal. Hans Andreas kalla seg heile tida Langeland og var frå Sunnylven. Far til 1. kona, som opphavleg kom frå Tryggestad, var siste brukar

på Isflå, nord for Oaldsbygda. Hans Andreas var halvbror til Marte Sølfestsd. som kom til Bjørnevik.

Berte Petrine gifte seg att i 1907 med

Jørgen Martinussen Melset f 1841 d 1914

Br 1907-1914

Han var frå plassen Ryingen på Melset. Han og kona sette opp ei ektepakt om at dei begge skulle ha særeige, han plassen og ho husa. Jørgen vart til dagleg kalla Rye-Jørn.

Hans Toresen Lied frå Liabygda f 1881 d 1964

g Martine Petersd. Djupdal f 1872 i Stordalen d 1958

Br 1922-1942

Born: 1. Tora f 1906 i Amerika d 1937, g 1928 Ricard Slinning.

2. Petra f 1908 i Amerika, g Alf Svensen f 1904 i Oslo. Svensen d 1962. Bustad Sykkylven.

Hans Lied var særleg interessert i gartnararbeid og fann opp ei spesiell saks som han klipte fruktter med.

Då Hans kom tilbake frå Amerika kjøpte han plassen på Oppsal. Døtrene fekk skøyte på plassen med etterhald om bruksrett for Hans og kona.

Johan P. Aure (Knutg.) f 1914

g Bodil P. Aure f 1918

Br 1942-1947

Dei fekk skøyte på plassen i 1942 og slo der og dyrka poteter under krigen.

Hjalmar Dale f 1900

Fekk skøyte på plassen i 1947 for 2000 kr.

Birger B. Aure f 1908

Skøyte i 1949, kjøpte det for å bruke det som sommarbustad. Husa brann ned, og dei sette oppatt ny hytte der. Sjølve plassen gav Birger til yngste son til Selmer Aure.

BYTEHAUGEN (sidan også kalla LASSEHAUGEN)

Benjamin Pedersen Hellebostad f ca. 1794 d 1849 g Inger Halkjellsd. Lille Ringdal f ca. 1800 Br ca. 1827-ca. 1839

Desse var første brukarane her. Dei flytte sidan til Skodje. Dei var brukarar av Bretanusgarden på Ytre Ekroll. Dei hadde 5 born, m.a. Iverine som vart gift til Oppsal Øvre.

Lasse Olsen Følven f 1815 d 1892

Sjå Øvre Oppsal, der han var brukar til 1856. Etter han vart plassen kalla Lassehaugen.

Gnr 77 SANDVIK

Eldre former av namnet: Storsandwig 1603, Sanduig 1606, Sandwig 1666, Sandvig 1723. Av gn. sandr - sand, og vikr, vik, lita bukt.

Som alt nemnt tyder mykje på at Oppsal opphavleg har hørt til Sandvik. Så finn vi at nokre av dei eldste Sandvik-brukarane vi kjenner til er kalla Furstrand. Korleis det skal forklaraast er ikkje godt å vite. Det kan leie tanken inn på at namnet Furstrand først vart brukt om Sandvik, og at Sandvik var eldste garden på Furstranda.

Der er lite både av sand og vik. Tuna ligg på ei hylle eit stykke opp frå sjøen og lendet er nokså bratt. Bnr1 ligg næraast Ørsnes og litt lægre enn bnr 2.

På tinget på Sjøhol 26. og 27. sept. 1791 vart det lagt fram ein kontrakt mellom Sandvik og Kyrkjesteinen om grensene mellom dei to gardane, dat. 30/5 1791. I 1831 var der utskifting av enga i Sandvik som til då hadde lege i sameige ved teigbyte. Skjønnsmennene var Hans Rasmus Hanssen Straumgjerde, Bendiks Rasmussen Skarbø, Nils Olsen Fet og Ole Rasmussen Sollid. Sistnemnde var nett då oppteken som forlikskommisær, og Steffen Olsen Bjørnevik vart leken i eid og gjekk inn i staden til Ole kunne kome. Retten vart halden i huset til Kristian Larssen Sandvik.

EIGARAR

I 1610 var Sandvik krongods. I 1647 var Hans Hanssen, borgarmeister i Bergen, eigar. Nokre år seinare var garden eignedomen til enkja etter Ludvig Munthe, som i 1651 selde til Hans Hanssen att. Han selde nokre år etter til Peder Nilsen Lem, og Lem og arvingane hans åtte garden til dei ca. 1710 selde til byskrivar Gartner i Bergen. Han hadde garden til 1748 då han selde til Christopher Abelset. Etter han var enkja og dottera hans eigarar til Mons Tusvik kjøpte bruk nr 1 i 1783 og Knut Jonsen på bnr 2 kjøpte det same året. Året etter selde Knut Jonsen sitt bruk til Nils Wind, og kring 1789 kjøpte Peder Larssen Velle bnr 1. I 1797 hadde



Dei to tuna i Sandvik på Furuslranda. Fråflytte, men vedlikehaldne og nyttta til sommarhus.

Kolbein Jonsen på bnr 2 kjøpt bruket att, medan Jakob Erstad hadde kjøpt bnr 1. Han selde dette i 1808 til Peder Pedersen Riksheim som i 1810 gav skrøyte på bnr 1 til Peder Larssen Velle. Ved makeskifte i 1811 vart C. Wallin eigar av dette Sandvik-bruket mot å gi frå seg jord på Velle.

MATRIKKELGARDEN

Eldre gnr, frå eldre til yngre: 101, 104, 100, 103, 60. Sandvik var i skatteklassa øydegard. Den gamle skylda var 1 v fisk, ny skyld 2 skylddalar 4 ort 8 skill., rev. M 4,80.

Tienda var i 1666 3 mæler havre 18 mk «ost, i 1714 6 skjepper havre 14 mk ost. Framlegg til tiend i 1724: 7 skjepper havre = 70 skill, 12 mk ost = 16 skill.

Leidang: 1606 2 kalveskinn, det same i 100 år. 1706: 16 skill., 1714 1
ort 8 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1607: 2 mann
1626: 1 mann. Sår 2½ t havre.
1645: 2 mann
1651: 1 mann
1657: 1 mann. Buskap 6 kyr, 4 geiter, 4 sauер og lam.
1667: 2 mann. Sår 3 t havre, avlar 7½ t, kan fø 1 hest, 12 kyr. Brenneved.
1717: 2 mann. Sår 3½ t havre, avlar 8 t, kan fø 1 hest, 9 kyr.
1724: 2 mann. Sår 2½ t havre, avlar 8 t, fôrar 1 hest, 7 kyr, 5 ungdyr, 11
sauer, 15 geiter. Noko uviss kornavling. Nok brenneved.
Seter ½ fjerding frå garden.
1802: 2 mann. På kvart bruk sår dei 2 t havre og ½ t blk, 5 foll, og fôrar
4 storfe, 1 hest og 14 småfe. Kornet vert sjeldan mode. 3
vaksne arbeidsfolk. Kvart bruk verdsett til 60 rd.
1835: 2 mann. Fôrar 2 hestar, 12 kyr, 29 sauher, 16 geiter. Sår 3 t blk, 4 t
havre, 2 t poteter.
1845: 2 mann. 2 hestar, 14 kyr, 38 sauher, 9 geiter. Sår 3 t blk, 7 t havre,
4 t poteter.
1865: 2 mann. 2 hestar, 10 kyr, 14 sauher, 35 geiter, 1 gris. Sår 5 t blk, 5
t havre, 4 t poteter.
1875: 2 mann, 1 hest, 1 føl, 9 kyr, 4 kalvar, 21 sauher, 39 geiter, 1 gris. Sår
4½ t blk, 6½ t havre, 4 t poteter.

BRUKARAR

Dei første åra på 1600-talet er der to bruk på i ½ kvart. Vi kan kalle dei
bruk A og bruk B, og heile Sandvik bruk C.

Bruk A

Anders Henriksen Storsandvik
Br 15..(?) - 1607

Oluf Storsandvik
Br 1607-1608

Elling Larssen Storsandvik
Br 1608-1611

Jon
Br 1611-1612

Bruk B
Lars Samundsen Storsandvik
Br ca. 1603-1612

Bruk C
Br 1612-1640 (heile Sandvik)
Lars vart utreidd til Kalmarkrigen av Jon Furstrand og Lars Rønes. Var heimattkommen i 1612. I den tida han brukte heile Sandvik, 4 mællag, la han 2½ tj i tiend, litt meir eller litt mindre. Dei siste par åra hjelpte sonen Ole til med gardsdrifta. Anne, lm 1630 Lars Torkjells. Furstrand, truleg dottera i Sandvik.

Ole Larssen Storsandvik f ca.. 1619
Br 1638-1640 i lag med faren. I 1640 flytte han til Oppsal.

Knut Knutsen
Br 1640-1643 (halve garden)
Knut er nemnd berre to gonger, i 1640: Bygsla 2 mællag «som Lars for akters skyld oplod», og i koppskattlista 1645 med koppskatt for seg og kona. Elles er det Lars som vert nemnd i denne tida.

Lars Ellingssen
Br 1640-1643 (halve garden)
Br 1643-ca. 1660 (heile)
I 1645 la han koppskatt for seg og kona, og i 1646 la han 3. års bygsel av 4 mællag i Sandvik. Krøterskatt 1657 av 6 kyr, 4 sauier, 4 geiter- 3 ort.
Born: 1. Siri, g 1652 Peder Jakobsen Hesthaug, Norddalen.
2. Ingebrigt f ca. 1636, g p br
3. Knut, til Sandvik bnr 2? (Sjå s. 408).

Ingebrigt Larssen Sandvik f ca. 1636
Br ca 1660-1664 (heile), 1664-1666 (halve)
1666-1682 (heile)

Born: 1. Lars f ca. 1662, g p br l

2. Ole f ca. 1663

I 1655 skulle der utskrivast 400 båtsfolk til flåten og det vart sett opp
lister over «unge karle» som kunne høve til det. Ingebrigt var ein av dei,

I 1660-åra vart Ingebrigt stemnd for stemnefall saman med Oluf Oppsal. Kvar 1 mk sølv i bot. Ingebrigt fekk og 1 rd i bot for å forsømme skyssplikta si.

Brn 1 LARSGARDEN (HANSGARDEN)

Ingebrigt Larssen Sandvik f ca. 1636

Br 1682-ca. 1690

Som nemnt ovanfor var Ingebrigt lenge brukar av heile Sandvik. I 1682
vart garden delt for godt, og Ingebrigt heldt fram på det bruket som
seinare vart bnr l. Namna på bnr 1 har vore lite brukte.

Lars Ingebrigtsen Sandvik f ca. 1662

g Anne Gulliksd. Andestad (dtr. til Gullik Anderssen A.)

Br ca. 1690-1700

Born: 1. Anne f ca. 1685, g Tor Paulsen Åkre (ca. 1659-1749).

2. Ole f ca. 1688, til Melset (br B).

3. Elling f ca. 1693, g p br

4. Ingebrigt f ca. 1697

Som ung soldat var Lars med på ei dyrejakt som kom for retten. Dei jaga
og drap eit dyr ulovleg. Seks mann frå bygda og to utanbygds karar var
med på dette. Der var «formildende omstendigheter» og «formedelst deres
fattigdoms skyld» slapp dei med til saman 7 rd i bot.

Paul Tormodsen f ca. 1672

g ek. Anne Gulliksd. Sandvik f Andestad

Br 1701-1715

Han brukte 2½ mællag jord. Skatta av 6 par skor i 1711.

Elling Larssen Sandvik f ca. 1693 d 1722

Br 1715-1717

Born: 1. Lars f ca. 1715, d 1724, 9 år 7 veker

2. Ingebrigt f 1720, dp 1/1 1721. Hadde sonen Lars f 1745 (mor:

Inger Olsd. Aurdal). I 1717 vart Elling utskriven til militærteneste.

Var «Fôrarmet» i 1720.

Siver Simensen d 1747, 75 år

g Brit Olsd.

Br 1716-1728, 1728-1732 (halve br 1) og 1741-1747

Born: 1. Berte f 1717, g 1740 Anders Gammelsen Trandal. Sjå s 409.

2. Anne f 1721 d 1781, g 1. 1747 em. Ole Ols. Høgset f Velle (ca.

1709-1749) g 2. 1750 Lars Peders. Hjortdal. Bd 1 s. 355.

3. Marte f 1722

4. Johanne f 1724

5. Erik f 1726

6. Guro f 1726 d 1729, 2½ år

Siver bygsla 22½ mk av Hans Møller 11/11 1716.

Ingebrigt Serkvesen Bjørnevik f ca. 1687 d 1747.

1721 g Cecilie Jakobsd. Åsen f ca. 1660 d 1747

Br 1728-1742

I 1712 var han veteran i Rochlings kompani saman med nykomarane Jon Ols. Ramstad og Jon Arnesen Klokk. Bygsla 1 mællag 4½ mk av Hans

Møller 6/7 1728. Frå 1732 brukte han heile bruket nokre år (til 1737).

På den andre halvparten av bnr 1 var

Simen Larssen d 1728, 40 år

g Guro Olsd.

Br 1720-1728

Born: 1. Nils f ca. 1719

2. Marit f 1722 d 1736, 13½ år

3. Johanne f 1724

4. Erik f 1726 d 1732, 6 år 8 veker.

Simen bygsla 1 mællag 4½ mk av Hans Møller 18/11 1720. Då hadde han vore med på gardsdrifta nokre år.

Sk. 1728: Brutto ca. 14 rd, gjeld 22 rd. «Sengklæder fandtes ikke videre end en rye som børnene ligger udi.»

Jon Knutsen Øvre Søvik (bnr 1) f 1723 d 1765

1747 g Tyri Olsd. Solnørdal

Br 1747-1765

Jon var legdsmann for 98. legd. Han fekk bygsselsetel på 2 mællag i Sandvik 16/3 1752

av Christopher Abelset. Sk. 1765: Brutto vel 20 rd, gjelden større.

Ole Larsen Hjortdal f 1740 d 1788

1761 g Kari Pedersd. Brunstad f 1728 d 1795

Br 1766-1788

- Born: 1. Lars f 1761 på Hjortdal, d 1763 1½ år
2. Ragnhild f 1764 på Hjortdal, d 1779, 15½ år
3. Lars f 1770, g p br
4. Petrine f 1775, d 1776, 12 veker

Ole bygsla 2 mællag 6/10 1766 av mad. Abelset. Syster til Ole var g Peder Ols.
Løvoll (bnr4).

Sk. 1788: 1 føringsbåt med naust, $\frac{1}{6}$ i ein åttring med naust, 11 torskegarn,
1 sildegarn, $\frac{1}{2}$ i ei not. Krøter: 1 okse, 5 kyr, 1 kalv, 10 sauher, 7 geiter.
Brutto 92 rd, netto 56 rd. Enkja dreiv bruket til 1793.

Lars Olsen Sandvik f 1770 d 1829

1793 g Inger Monsd. Jemtegård f 1767 i Norddal, d 1849

Br 1793-1824

- Born: 1. Olave f 1794 d 1870, 1828 g em. Jens Knutsen Reite (1798-
1877). Før ekteskap hadde ho sonen Ole Andreas f 1824 (far:
Rasmus Hanssen Vestre). Ole Andreas kom til Håhjemsvik. Sjå
Furstrand,
2. Kristian f 1796, g p br
3. Mons f 1796 (tvill.), d 1851, g 1836 Gjertrud Pedersd. Mager-
holm. Bustad Håhjemsvik.
4. Elias f 1798, g 1833 ek. Kanutte Jonsd. Skarbø frå Vaksdal f ca.
1783.
5. Ole Severin f 1800 d 1811
6. Peder f 1801, g Berte *Marta* Johannnesd. Brunstad (Gunnag.) f
1808. Bustad Høghaug, Solavåg.
7. Erik f 1804 d ug 1837. Tenar hos O. Strøm i Ålesund.
8. Ragnhild f 1807, d ug 1828
9. Ellen f 1809, d ug 1836

Sk. etter Lars 1830: Brutto 68 spd, netto 38 spd.

Kristian Larssen Sandvik f 1796 d 1873

1834 g Massi Margrete Nilsd. Lid f 1804 i Ørskog, d 1887

Br 1824-1873

- Born: 1. Ellen Petrine f 1835, g 1863 Johan Petersen Høghaug f 1837.
Gbr Solavåg.
2. Lars f 1838, g p br
3. Nils Johan f 1840, g 1876 ek. Olave *Petrine* Petersd. Blakstad
(bnr 2) f Straumsheim.



Lars K. Sandvik og kona Marte Sevrine f Fauske, bnr. 1. Biletet er teke ca. 1912.

4. Kristiane Petrine f 1843 d 1932, g 1873 Ole Peter Peders. Sandvik, bnr 2.
5. Peter Elias f 1845, g 1. Berte Brusdal, g 2. 1876 Oline frå Ellingsøy.
6. Kristoffer Olaus f 1849 d 1934, g 1881 Oline Petersd. Blakstad f 1862. Bustad Blakstad.

I 1845 sådde han $1\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre og 2 t poteter. Fødde 7 kyr og hest, 18 sauер og 4 geiter. I 1865: Sådde $2\frac{1}{2}$ t blk, $2\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Fødde 1 hest, 5 kyr, 8 sauер og 19 geiter. Oppgåvene frå matrikkelarb. i 1860-åra var heilt like for dei to Sandvik-bruka.

*Lars Kristiansen Sandvik f 1838 d 1923
1874 g Marte Severine Hansd. Fauske f 1846 d 1933
Br 1874-1920*

- Born:
1. Kristian f 1874, d ug 1898
 2. Hans Martinus f 1877, g p br
 3. Lars Elias f 1879. Til Dakota i 1899. I 1905 g Lovise Rasmusd. Lindsetvik f 1873. Bustad Håhjemsvik.
 4. Petter Martinus f 1881, til Amerika 1903. Kona Helen var frå Sogn. Bustad Dakota og Seattle.

5. Bastian f 1883 d 1951, til Nord Dakota 1904 g Nellie Bjørnstad f ca. 1896 i Sogn. Dei budde lengst i Seattle.

5. Laura Marie f 1885, d 1980 ug

I 1875 sådde han 2½ t blk, 2½ t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 10 sauher, 15 geiter.

Hans Martinus Larssen Sandvik f 1877 d 1961

1911 g Anne Petersd. Håhjem f 1881, levde 100 år gl.

Br 1920-1955

Born: 1. Sofie f 1913, g 1937 Anton Jenssen Stave, br 3 Hellen.

2. Lars f 1914, g 1950 Jenny Løset S.(bnr2) f 1918.

3. Petter Martin f 1917, g 1950 Astrid Annaniasd. Fauske f 1925 i Hatlemark. Bur i Søvik, Borgund.

4. Magna Elisa f 1919

5. Kåre f 1923, 1947 g Kjellaug Annaniasd. Fauske f 1923. Bur på Sætre bnr 15.

6. Harald Peter f 1926, g p br

Hans bygde nytt våningshus i 1914. Ved sida av gardsbruket dreiv han havfiske etter torsk i 20 vintrar.

Harald Hanssen Sandvik f 1926

1951 g Karen Andreas Johansd. Gjerset f 1924 på Grytestrand

Br 1955-1967

Born: 1. Sigurd Andreas f 1953 g 1976 Beate Lerfall f 1957 i Ålesund.

2. Øystein f 1955 g 1979 Anne-Brit Nerland f 1957

3. Åshild Oline f 1957 g 1977 Hans-Olav Simonsen f 1955 i Senja.

Har drive heimefiske med motorbåt som attåtnærings. Harald og familien flytte til Ørsnes i 1967. Salmakar. På grunn av vanskar med skule og skuleskyss, måtte alle med skuleborn flytte fra Furstranda i 1967.

Bnr 2 PEGARDEN

Knut Larssen d 1700, kanskje bror til Ingebrigts på bnr 1

Br 1682-1700. enkja til 1702

Born: 1. Knut f ca. 1671, g p br

2. Ellef f ca. 1674. Var soldat i 1701.

Knut Knutsen Sandvik f ca. 1671 d 1721.

Br 1702-1720

La ekstraskatt i 1711 av 6 par skor for seg og kona og eit barn.

Ole Hågensen

g Inger Pedersd.

Br 1720-1736

Born: 1. Ragnhild f 1723 d 1738

2. Ingeborg f 1726

3. Marte f 1727

4. Brit f 1731

5. Peder f 1735 d 3 veker

6. Ragnhild f 1735 (tvill.)

Bygsla 1½ mællag av Hans Møller i 1720 og var første året brukar i lag med Knut Knutsen.

Ingebrig Hågensen

g Helge Johannesh.

Br 1737-ca. 1740

Born: 1. Hågen f 1737, d ½ år

2. Hagen f 1738

Denne huslyden flytte til husmannsplass på Furstrand.

Anders Gammelsen Trandal f ca. 1703 d 1791

1740 g 1. Berte Sjursd. Sandvik frå bnr 1, f 1717 d 1743

1743 g 2. Marte Jørgensd. Stavset f ca. 1712 d 1768.(Sjå s 382)

Br 1741-1756

Barn i 1. ekteskap:

1. Gammel f 1741, g 1761 Eli Larsd. Grebstad (1743-1821). Gammel
omkom ved ulukke 1782. Sjå Grebstad.

Barn i 2. ekteskap:

2. Berte f 1744

Som vi har sett var der i 1742 to brukarar på bnr 1, kvar med 1 mællag 4½
mk. Anders brukte 1 mællag 9 mk, så i alt vart det 1 v fiskeleige i Sandvik.

Sk. 16/5 1743 etter Berte Sivertsd.: ½ i ei merr, 4 kyr, 4 geiter, 4 sauher,
6 våger bygg, 4 stakkar (1 raud, 1 blå, 2 svartranda), 4 snørliv, 1 raud og
1 svart trøye. Koparkjel, bakstehelle, ryer etc. Brutto 36 rd, netto 22 rd.

Jon Ingebrigtsen Øvre Slyngstad f Sletvoll 1703 d 1783

1733 g 1. Synneve Ingebrigtsd. Slyngstad f 1703 d 1735

1737 g 2. Siri Ellingsd. Furset f 1711 d 1757

1758 g 3. Gunhild Jakobsd. Grebstad f ca. 1706 d 1789

Br 1756-1783

Born: 1. Synneve f 1738 på Stranda. I 1801 var ho «en gammel husvild pige, nyder ophold af bøgden». Døydde på Furstrand i 1804.

2. Ole f 1743, unemnd i 1783

3. Knut f 1747, g p br

Flytte frå Stranda ca. 1740 og var brukar på Løvoll i Søvikdalen før han kom til Sandvik.

Sk. 1757 etter Siri: Brutto 54 rd, netto 29 rd.

Sk. 29/5 1783: Brutto 7 rd 1 ort, gjeld, det same.

Knut Jonsen Sandvik f 1747 d 1802

g 1785 Mette Magnusd. Kniven frå Geiranger d 1792, 40 år

Br 1783-1792

Barn: Johannes f 1787 d 1852, g 1825 Anne Marte Martinusd. Ekroll (1801-1840), g 2. 1841 Brit Karlsd. Leira (1804-1860). Budde i Hatlevik, Borgund.

Knut kjøpte bruket av Hagerup 4/10 1782 for 44 rd. Men selde det att i 1784 til Nils Wind for 40 rd. Sk. 25/4 1792: Brutto 112 rd, netto 102 rd.

Sk. 12/4 1802: Brutto 31 rd, netto 18 rd.

Kolbein Jonsen Myklebust f ca. 1757 på Stranda, d 1823, 66½ år.

1791 g Synneve Pedersd. Sløgstad f 1758 d 1830

Br 1792-1823

Born: 1. Anne f 1787 på Stranda, d 1790

2. Anne f 1791, g 1. Peder Anderss. Melset (bnr 6) g 2. 1838 Peter .

Elias Gregoriussen Tjønes. Sjå s 188

3. Jon f 1795, g p br, sidan til Narvik (Svartebekk).

4. Eline f 1897, g 1822 Johannes Olsen Brusdal.

5. Peder f 1800, g p br

Kolbein kjøpte bruket av Nils Wind 9/1 1792. Sk. 1827: Brutto 310 spd. netto 194 spd. Av jordvegen fekk Jon $22 \frac{33}{40}$ mk Peder $11 \frac{37}{40}$ mk og Anders Melset $2 \frac{1}{4}$ mk.

Jon Kolbeinsen Sandvik f 1795

1823 g Oline Andrine Einarsd. Sorte f 1802 d 1831

Br 1827-1837

Born: 1. Inger *Tomasine* f 1824

2. Knut Severin f 1826

3. Karl Andreas f 1828

4. Ole Elias Martinus f 1831, d 12 dg

Frå 1826 og utover var der fleire tvangsauksjonar hos Jon, såleis i 1828, då det skulle seljast m.a. ei loftstovebygning med gang og sval og ei

råsegljakt. Jens R. Olsen Straumgjerde kjøpte huset. Råsegljakta var taksert til vel 15 spd, men no vart det fortalt at jakta forliste og vart sundslegen året før, og kona kunne ikkje gjere nærare greie for dette. Jon var ikkje heime.

I 1831, på ein annan off. auksjon hos Jon, skulle kua «Dyrein» seljast, men det vart sagt at kua var bytt med ei anna, og den han fekk att hadde han slakta hausten 1830. Ei anna ku, «Rosendal» kjøpte broren Peder, likeeins kviga «Livros».

På auksjon etter kona Oline var det ført opp 3 sauer og 1 geit, men dei var «creperet». Ein svart «indskiftet»(!) stakk vart sold for 1 ort 15 skill. (det var nok ein einskjefte-stakk).

Det var som Oline åtte i garden var taksert til 91 spd, og den gardparten fekk Jon kjøpe for 75 spd med broren Peder og Amund Einarsen Sorte som kausjonistar. I 1841 fekk Jon festesetel på eit stykke børmark under Svartebekk frå Jan Pedersen Brandal, og flytte dit.

Peder Kolbeinsen Sandvik f 1800 d 1879
g 1837 Synneve Olsd. Søvikhaug f Solem ca.1802 d 1892
Br 1837-1865

Born: 1. Karl Olaus f 1838, g p br
2. Ole Petter f 1841, g p br
3. Severine f 1844, levde ug i 1888.

Peder kjøpte $21 \frac{33}{40}$ mk i bruket 5/5 1837 på auksjon. I 1845 sådde han $1\frac{1}{2}$ t blk, $3\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 7 kyr, 20 sauer og 5 geiter.

Karl Olaus Pedersen Sandvik f 1838 d 1895
g 1859 Sofie Olsd. Søvik Nedre f 1838 d 1910, legdslem
Br 1865-1884

Born: 1. Olave Jensine f 1858, til Amerika.
2. Marte Sofie f 1864, til New York 1884.
3. Johanne Elisabet f 1867, til Amerika.

Karl fekk skøyte på bruket frå faren for 250 spd 30/9 1865. «Lillestuen med tilbygning» var ikkje med i salet. I Karl si brukstid var der utskifting av utmarka i Sandvik (1870). Karl hadde vanskeleg for å greie seg økonominisk. Sådde i 1865 $2\frac{1}{2}$ t blk, $2\frac{1}{2}$ t havre, 2 t poteter. Fôra 1 hest, 5 kyr, 6 sauer, 16 geiter og 1 gris. I 1875 sådde han 2 t blk, 4 t havre, 2 t poteter. Fødde då hest og 4 kyr, 2 kalvar, 10 sauer, 20 geiter og 1 gris. I 1876 sette han huset i pant. og i 1884 måtte han gå frå garden. Han fekk seg ei hustomt på bruket og fekk seg opp ei lita stove der. Fekk slå så han hadde fôr til ei ku. Dreiv elles fiske på Storeggja, og mykje jakt.

Ole Petter Pedersen Sandvik f 1841 d 1939, nesten 99 år
1873 Kristianne Kristiansd. Sandvik (br I) f 1843 d 1932
Br 1884-1900

- Born:
1. Peder Karolus f 1874, g p br
 2. Elise Marie Sofie f 1876, d ug 1960. Hadde huspostar og arb. på hotell.
 3. Kristian f 1879 d 1963, g Elise Ørstavik f 1878 d 1940. Han var mekanikar hos Liaaen i Ålesund.
 4. Jensine f 1883 d 1949, g Ole P. Salen frå Langevåg (1880-1926). Budde på Kolvikbakken.
 5. Ole Kristian f 1885 d ca. 1937, g 1919 Carrie i USA. Laksefiskar, sagbruksarbeidar.
 6. Ludvik f 1888, g 1920 Lina Kjersem frå Ålesund (1889-1957).

Det vert fortalt at Ole Petter som smågut var på vitjing til faster si i Brusdalen. Der var barskog, noko han ikkje var van med. Han sanka «furekjuker», la dei i hua si, sette hua på og slik gjekk han til bords. Dei bad han ta av seg hua, han så gjorde, og dermed drys «furekjukene» utover.

Ole Petter fekk skøyte frå broren for 2200 kr. 3/5 1884. Var jakteskipper på Nord-Norge-turar. Rusta seg ut med niste for heile turen. Og medan han var vekk styrde kona garden. Når dei nemnde grannegarden i Sandvika sa dei på bnr 1 «Framigarden» og dei på bnr 2 «Heimigarden». Neste brukar Framigarden var

Peder Karolus Olsen Sandvik f 1874 d 1970
1911 g Johanne Marie Larsd. Vinsnes f 1874 d 1957
Br 1900-1944

- Born:
1. Astrid f 1913, g 1950 Sivert Tomassen Gjævenes, bnr 1
 2. Kjellaug f 1914, ug husmor i Sandvik.
 3. Oddlaug f 1916, g 1948 Håkon Kvernberg f 1909 i Kristiansund.
 4. Olav f 1919, tok over bruket.

Skøyte på bruket fekk Peder frå faren først 6/1 1918, for 2600 kr mot kår. Jorda på bruket var full av stein, men Peder dyrka likevel ca. 30 dekar og køyrd vekk tusenvis av steinlass. Bygde 400 m gardsveg og sin part av bygdevegen Rønes-Sandvik. Bygde nytt stabbur i 1901. På setra hadde snøskred teke sela, og i 1902 bygde Peder nye sel på ein tryggare stad. I 1904 laga han vasshjul med hus til trusking. Nye stovehus fekk han opp i 1908, og løe- og fjøsbygning i 1913. To år seinare bygde han reiskapshus

og vedhus under sarne tak. I tida 1894-1923 dreiv han laksefiske ved Vartdal, seinare ved Sandvik til 1935. Dreiv havfiske etter torsk og sild i tida 1891-1903 og 1909-1916. Torskefiske i Borgundfjorden 1917-1928. I 1891 var han og faren og grinnen Andreas Oppsal på tur til byen med ein vedlast da dei kollsigde på Flisfjorden. Dei kom seg på kvelvet og vart redda.

Peder fekk òg tid til å vere med i styre og stell i bygda: 9 år i heradstyret, 10 år i likningsnemnda, 8 år i forstandarskapet for Ørskog Sparebank.

Olav Pedersen Sandvik f 1919 Br 1944-1971

fekk skøyte frå faren 30/8 1945 for 3000 kr. Kår. Olav har landbrukskule. Har vore både gardbrukar og fiskar. Har drive mest med geitehald, og mange av geitene hans har fått 1. premie på utstilling. På fylkessjået for geit i Eidsdal fekk han pokal for beste geita på utstillinga, 1959 og 1963. Elles ein heil del 2, premiar, såleis for 2 bukkar og 14 geiter på sjå på Stranda.

Sidan 1971 har han ikkje drive gardsbruket i Sandvik, men husa er i god stand. I 1974 selde han bruket til slektingar, og huset vert brukt som feriebustad. Olav bur i Sykkylven. Han har ein god motorbåt som han brukar både til frakting og til heimefiske,

Husmenn i Sandvik i eldre tid.

Jon, nemnd 1613-1614

Sven, nemnd 1620-1621

Simen, nemnd 1638. Etter tradisjonen skulle der vere ein plassemann på Kyrkjesteinen i gammal tid med namnet Simen. Kan hende høyrde Kyrkjesteinen opphavleg til Sandvik.

Jon, nemnd 1771. Døydde då i «yderste armod».

Anna Ellefsd. Sandvig, grf 7/2 1722, husmannskone 80 år.

Sandvik

Bruk A

Bruk B, bnr 1, 2, husmenn.

Gnr 78 KYRKJESTEINEN

Dialektuttalen av kyrkje er kjirkje, og Rygh skriv at uttalen er kjirkje-steinen.

Ei segn om Heilag-Olav si reise gjennom Sunnmøre fortel om steinen og namnet. Då kongeskipet var kome forbi Ørsneset kom eit par robåtar dei i møte. Kongen bad folka sine stanse, han ville snakke med dei i båtane. «Kvar skal de i dag?» spurde kongen. «Til kyrkje,» var svaret. «Kvar er så kyrkja dykkar?» «Det er den høge steinen der borte på stranda, var svaret. Kongen likte ikkje at folk i hans rike skulle tilbe steinar. Han bad mennene sine setje han i land, for han ville sjå den store steinen og vere vitne til andakta til bøndene ved steinen. - Då kongen kom opp, stødde han seg med ryggen til steinen og stod slik ei stund i djupe tankar. Då kongen var reist frå staden, såg ein tydeleg merke på steinen, som synte at Olav måtte vere ein heilag mann. For steinen hadde gitt etter for kongens kropp, som om steinen var av mjuk deig, og desse merkene er enno synlege. Og steinen kallast kyrkjesteinen den dag i dag. (Etter P. Fylling).

Om steinen skriv Hans Strøm at han «ligner nogenledes et kirketårn, skjønt den efter mine tanker egentlig bliver en af de såkaldte bautasteene». Steinen står ikkje på sjølve bruket, men eit stykke frå bruket, mellom dette og Ørsnes. Steinen er ikkje tilverka eller reist av menneskehend. Den stokk ein gong ut or fjellet og vart ståande like fram for fjellveggen og er tydeleg av same steinslag som berget attom. Derfor er den ikkje lett å oppdage av framande som fer forbi eit stykke frå land. endå han vel er ca. 5 m høg.

Eldre former av gardnamnet: 1617 Kierkestien, 1623 Kierkesti, 1666 Kirchesteen, 1739 Kirkestien, 1791 Kierchesteen. (Futerekneskapen for 1771 har Kierchestøel!). Det som i dag er synleg av Kyrkjestein-bruket er eit lite skoglaust stykke som ein ser har vore dyrka. Sjølve tunet låg på ei lita flate under ei bratt skogli, med noko bratt lende også nedanfor.

EIGARAR

I første halvdel av 1600-talet var Kyrkjesteinen krongods. Kring midten av 1600-talet var garden i eiga til borgarmeister Hans Hanssen i Bergen, som selde han til lektor Peder Lem. Arvingane hans hadde garden til tidleg på 1700-talet då dei selde han til byskrivar Hans Chr. Gartner i Bergen. Bergensarar åtte såleis Kyrkjesteinen til 1733, då sersjant Ole Iversen Overvoll kjøpte han av Gartner. Overvoll budde då på Aure, og

selde same året halvparten av Kyrkjesteinen til Hans Tomassen Aure. I 1737 fekk sersjant Elias Hanssen Tippen på Aure kjøpe den andre halvparten. På denne tida låg Kyrkjesteinen øyde, men var av interesse for fleire, dels på grunn av skogen, dels som slåttemark. I 1739 stemnde brukarane på Grebstad og Eidem dei to Aure-brukarane, fordi dei meinte dei hadde førsteretten til å løyse inn Kyrkjesteinen. Det enda med at 8 brukarar på Eidem, 8 på Grebstad og 1 på Høgres fekk skøyte på halve Kyrkjesteinen, nemleg den delen som ligg mellom elva og grensa mot Ørsnes. Med eit så stort eigartal kom Kyrkjesteinen til å gå att i skiftebrev og andre dokument i tida framover.

Av andre partseigarar kan nemnast Jens Winje i Tusvik, og sorenskrivar Kildal som i 1808 fekk $4\frac{1}{2}$ mk i Kyrkjesteinen i skiftekostnader. Meir under Brukarar.

MATRIKKELGARDEN

Garden vart kalla øydegard og halv øydegard. Tidlegare gnr, frå eldre til yngre: 102, 105, 101, 104, 61.

Den gamle skylda var for det meste 1 pd fisk, men var i ein kort periode oppe i $1\frac{1}{2}$ v. To gonger er elles garden nemnd med smørskyld.

Ny skyld 2 ort 11 skill, rev. M 0,85.

Tienda var i 1666 1 mæle havre 6 mk ost, i 1717 $\frac{1}{2}$ skjeppe havre 4 mk ost eller 6 skill.

Leidangen: I 1607 kalveskinn, og var aldri meir enn det i skinn, i 1717 skill.

OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1607:1 mann, som det og var seinare.

1657: Krøter: 2 kyr, 5 sauер og lam, 4 geiter.

1667: Sår 1 t havre, avlar 3 t, fôrar 5 kyr.

1714: Sår 5 skjepper havre, avlar 2 t, fôrar 3 kyr.

1724: Garden ligg ved sjøen. Tungvunnen og uviss til korn. Sår $\frac{2}{3}$ t havre, avlar 2 t. Fôrar 2 kyr, 1 ungdyr. 3 sauher, 3 geiter.

1733: Øyde.

1803: Verdsett til 40 rd. «Benyttes af ejerne af Overaa m.fl. til Sæterhauge og for deraf at forsyne sig med brendefang af dette ubeboelige brugs tilliggende birkeskov».

1818: «Ligger aldeles øde og under fæfod».

1819: «Afbenyttes til høeslet af en del almuesmænd».

BRUKARAR

Anders

Br 1607-1611

Han la 1 kalveskinn i leidang, som var det vanlege for husmenn, og vart førd med 0 i korntiend.

Ole

Br 1611-1615

No vart Kyrkjesteinen førd med smørskyld, 1 pd, sidan var fiskeskyld det vanlege her. Leidang og tiend som føremannen.

Anders

Br 1615-1637 og 1638-1642

I 1623 var bruket hans på 2 mællag, i 1626 på 1½ mællag. Men både Anders og Kyrkjesteinen er unemnde i matrikkelen for 1626. I 1627 vart han kalla øydegardsmann, i 1628 var han «udarmet». 1634: «Har aldeles intet tien-dekorn givet.»

Elling Halsteinsen f ca. 1575

Br 1637-1638

Han la 1. bygsel for ½ pd smør med 2½ rd i 1637. I 1666 er han nemnd under husmenn og strandsitjarar og er 90 år.

Elling Nilssen

Br 1642-1665

Han skatta av 1 pd fiskeleige i 1651. I 1657 la han 1 ort 5 skill. i krøterskatt av 2 kyr, 4 geiter og 5 sauер. Eigar på denne tida var Peder Lem i Bergen, og den som styrte med jordeigedomane hans på Sunnmøre var Jon Jørgensen Valderhaug. Han stemnde Elling første gong i 1652 «formedelst han ikkje har frelst hans jord i 3. bøxel og siddet overhørig tvende gange» (d.v.s. at han to gonger har forsømt skyssplikta si mot ombudsmannen). Elling vart stemnd sidan og, med trugsmål om at han måtte gå frå bruket, men kvar gong vart det semje mot at Elling betalte 5 rd.

Torstein Olsen

g ek. Sigri Gulliksd. Andestad

Br 1665-1711

Born: 1 Halstein f 1665 d 1715, g Berte Olsd. Hamlen f ca. 1658 d

1722. Gbr på Humlen.

2. Lars, g til Ramstad bnr 8.

3. Gullik f ca. 1684
4. Ole f ca. 1685, g p br
5. Marte

Sk. etter Torstein 3/11 1712: 2 kyr, 2 sau, 1 lam, 4 geiter, 1 kje.
Brutto 10 rd, gjeld 12 rd.

Ole Torsteinsen Kyrkjesteinen f ca. 1685

Br 1711-1732

Born: 1. Siri f ca. 1708 d 1758, g 1747 em. Isak Pedersen Magerholm.
Bustad Våtmyr, Magerholm. Ho var nr. 2 av dei 3 konene hans.

2. Halstein f 1722

Bygsla bruket av enkja etter Peder Lem i Bergen, Cathrine. Ny bygssel-setel frå Hans Møller i 1720. I 1726 la han 32 skill. i avgift av lakseverpet.

Moster til Ole var Anne Gulliksd. Sandvik f Andestad.

Etter Ole vart Kyrkjesteinen liggjande øyde i lang tid. I 1796 vart ein enkjemann Ole Ellingsen Valgermo g Ingelev Nilsd. Kirkesten som døydde 28/11 1831, 77½år. Ho skulle då vere fødd ca. 1753, men då budde ingen på Kyrkjesteinen, så det er ukjent kvar ho hadde namnet sitt frå.

I 1796 kom der folk til Kyrkjesteinen att. Det var

Anders Aleksandersen Sjøholtstrand f ca. 1770
g 1. 1796 Anne Halkjelsd. Oppsal f ca. 1775 d ca. 1831
g 2. Inger Katrine Persd. Løset frå Stordalen, f 1784

Br 1796-1803

Born: 1. Martinus f 1796 d 1880. Flytte til Stordal i 1819, sidan til Nordfjordeid og derifrå til Volda der han har etterslekt.
2. Hans f 1798. Var artillerist i det militære og budde lenge i Bergen i 15. rode nr 76. Då sonen Hans Jakob vart dp i Korskirken i 1829 var Nils Håversen Grebstad ein av fadrane. Hans flytte til Nordfjord. Kona heitte Karen Jørgensd.
3. Halkjell Martinus f 1801, kf på Vatne 1818, flytte til Nordfjord.
4. Anders f 1803 d 1885, g 1826 Gyri Olsd. Øye f ca. 1789, g 2. 1879 ek. Sofie Nilsd. Abelset f 1831.
5. Kristian f 1806

Bestefar til Anders var kjelesmed Alexander Pedersen, og faren var Alexander Alexandersen f 1723. Då Anders flytte frå Kyrkjesteinen våren 1803, var det reine nauda, og Anders visste inga anna råd til livberging enn å stele. Det vart 2 månader på tukthus, medan kona gjekk rundt og tigga. Etter dette budde dei nokre år på Furstrand, seinare på Langskipsoy og på Tøsse.

Tradisjonen fortel om Kyrkjestein-Anders at då han budde på Kyrkjesteinen var Aure-karane som åtte garden, i tottane på han fordi han sette hunden sin på smalen deira når den kom inn på bøen. Det enda med at dei jaga Anders derifrå. Han flytte inn til Furstrand til ein stad dei kalla Jogardsvikja, ei bukt tett ut for garden. Murane etter husa hans viser enno. Etter ei tid flytte han derifrå og bort i Kleivane.

Anders hadde ein svart og ein kvit ver. Så ein dag kom den svarte veren vekk, og Anders gjekk og følgde smalen for å sjå etter veren. Det var bjørnen som hadde teke han. Men bjørnen kom att den dagen òg, og Anders fortalte om hendinga slik: «Svarteveren kom att og då han såg kviteveren vart han så glad at «anj to' nå innji fångjet».

Peder Sandvik fortalte at sist nokon slo i Kyrkjesteinen var kring 1900. Det var fint ver frå morgonen og utover, og dei hadde slege frå seg og fått graset inni båten då det kom ein vestafloing så sterk at dei måtte bere graset i land att og setje fram båten.

Om ishuset og ruinane etter det, sjå bd1s. 9 og 11.

I den nye matrikkelen i 1838 fekk Kyrkjesteinen løpenr. 160. I 1848 vart det fraskilt ein teig som vart skyldsett til 5 skill. og fekk lnr 160b, hovudbruket 160a. Seinare vart skylda på 160b sett opp til 7 skill. og skylda for hovudbruket vart då seinare sett ned frå M 0,85 til 0,78. I 1922 vart det frå hovudbruket ved skylddeling 16/10 fraskilt desse parsellane: 1. VIK til Peter E. Lyshol skyld 4 øre, 2. LID til Severin K. Grebstad, skyld 4 øre. 3. SIMONSPRANGTEIG til H. A. og Emma A. Aure, skyld 14 øre, 4. NORD LID, til Lars J. A. Aure, skyld 15 øre, 5. ELVHEIM, til Sivert J. Aure, skyld 4 øre, 6. BJERKHEIM, til Nils P. Aurdal, skyld 4 øre, 7. ODD, til Severin J. og Hans O. Grebstad med $\frac{2}{3}$ til Severin og $\frac{1}{3}$ til Hans, skyld i alt 7 øre, 8. NES, til Ole B. O. Hjellegerde, skyld 5 øre, 9. BYTNINGSGROVTEIGEN, til Bastian Aure, skyld 7 øre.

Bruksnr. for desse vart bnr 3 VIK, bnr 4 LID, etc. i rekkjefølgje som ovanfor, til bnr 11 BYTNINGSGROVTEIGEN. For mange av desse står det i grunnboka at heimel ikkje er i orden.

Den siste eigaren som er nemnd for skogteigen som vart fråskild i 1848 og fekk bnr 2 er Marie L. Flydal, enkje etter Peter L. Flydal. I 1933 fekk ho uskiftebevilling. Bnr1 fekk etter 1922 skyld 14 øre.

BUMERKE frå gnr. 58 - Gnr. 78:

RAMSTAD

- 58A Halstein Ingebrigtsen 1592
- 58B Erik Knutsen 1744
- 58C Erik Jetmundsen 1717
- 58D Knut Pedersen 1752
- 58E Nils Larssen 1739
- 58F Hans Størkersen 1816
- 58G Jon Larssen 1720
- 58H Knut Eriksen Langlo 1661

SVINNSET

- 59A Paul Ellingsen 1729
- 59B Elling Paulsen 1742
- 59C Elling Paulsen 1688
- 59D Ole Eriksen Vemøen 1752
- 59E Erik Eriksen

KRÅKA

- 60A Peder Knudsen 1721 60B Knut Pedersen

NYSÆTER

- 61A Knut Knutsen 1717

LØSET R

- 62A Peder Ellingsen 1725
- 62B Ellev Knutsen Vaksvik 1765
- 62C Lars Pedersen 1721
- 62D Paul Olsen Velle 1757

MELSET

- 64A Gullik Bendiksen 1717
- 64B Ole Larssen Sandvik
- 64C Ole Klementsen 1743
- 64D Ole Olsen 1676
- 64E Ole Larssen 1740
- 64F Peder Anderssen 1817
- 64G Peder Anderssen 1817
- 64H Peder Anderssen 1817

KLOKK

- 65A Ole Nilssen 1674
- 65B Ole Anderssen Løvoll 1721
- 65C Knut Olsen 1746
- 65D Iver Knutsen 1776
- 65E Sjur Jakobsen Melset 1746
- 65F Bendik Paulsen 1763
- 65G Bendik Paulsen 1747
- 65H Gunder Ingebrigtsen Åkernes

NEDRE SØVIK

- 66A Ole Pedersen 1721
- 66B Ole Pedersen 1741
- 66C Ole Olsen 1813

ØVRE SØVIK

- 67A Jon Monsen 1703
- 67B Åge Andersen 1674
- 67C Peder Olsen
- 67D Ole Pedersen 1792
- 67E Jon Pedersen
- 67F Peder Jonsen 1778
- 67G Jens Jonsen Tøsse 1765

ALMESKAR

- 68A Lars Pedersen Løset S 1792

LØSET S

- 69A Peder Olsen Erstad 1629
- 69B Peder Olsen 1694
- 69C Peder Larssen Øvre Viset 1762
- 69D Peder Larssen ØvreViset 1764
- 69E Ole Pedersen (Stor-Ola) 1778
- 69F Ole Olsen 1764

FURNES

- 70A Lars Anderssen Andestad 1721
- 70B Lars Anderssen Andestad 1737
- 70C Anders Anderssen Lukkedal 1776

420

LØVOLL

71A Sivert Tallaksen

71B Peder Jonsen 1750

71C Peder Anderssen Synnes 1785

BJØRNEVIK

75A Ole Knutsen Vesterås 1781

SANDVIK

77A Knut Jonsen 1784

Fleire bumerke er med i: «Bumerke frå Sunnmøre» v/L. Strømme

Bumerke

Her er merka sett inn som bilde.

KJELDER

(Arkivkjelder, litteratur, etc.)

Aktstykker til norske stændermøders historie.
Amtmennenes 5-års beretninger.
Aslak Bolts jordebok.
Auksjonsprotokollar.
Bergenhus lensrekneskap.
Bergens borgerbog 1550-1751.
Bergen Stiftamtsstue-rekneskap.
Bispearkvæt SB (diverse protokollar).
Branntrygdelag-protokollar.
Brev frå bygdefolk.
Bugge: Aalesunds Historie.
Bygdebøker.
Dagbøkene til nokre frå bygda.
Dahl: Grunntrekk i historieforskningens metodelære.
Diplomatarium Norvegicum.
Ekstrarettspeskollar.
Emigrantprotokollar.
Erslev: Historisk teknik.
Folketeljingar.
Formannsskapsprotokollar.
Forlikskommisjonsprotokollar.
Futens kassabøker.
Futerekneskap.
Fylling: Folkesagn og historiske optegnelser.
Heimen.
Holmsen: Gård og gods i Norge i eldre tid.
Holmsen: Gård, skatt og matrikkel.
Hundeidvik meieris protokollar.
Instituttet for sammenlignende kulturforskning (innsamla opplysningar om gardane i Sykkylven).
Jordebøker.

Kiil: Arkivkunnskap.
Kongelige Resolusjoner (RA).
Kyrkjebøker.
Lydbandopptak av samtalar med bygdefolk.
Manntal.
Militære rullar (SB).
Møre-aviser.
Norske Relations- og Resolutionsprotokollar (RA).
Norske rigsregistranter og jordebøker.
Norsk historisk kjeldeskriftinstitutt (1500-tals dokument).
Norsk historisk leksikon.
Olsen: Åttegard og helligdom.
Pantebøker og panteregister.
Rygh: Norske Gaardnavne.
Skifteprotokollar.
Skuleprotokollar for Sykkylven og Ørskog.
Strøm: Søndmørs Beskrivelse.
Strømmes samlinger (SB).
Sunnmøre historiske lags tidsskrift.
Sykkylven kommunale kraftverk 50 år (1918-1968).
Tingbøker.
Uavhentede tinglyste originaldokumenter frå Sorenskriveren (ST).
Utrykte diplom (RA).
Utskiftingsprotokollar.
Vart folks historie I-IX.
Ørskog kyrkje (protokollar om jordegods etc.).
Aasen: Norsk ordbok.
Åstadsarkivet i ST.

Dessutan må nemnast notat frå samtalar med bygdefolk, og opplysningar på spørjeskjema, som somme svarte på, andre ikkje.